



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 1

(2004–2005)

---

## FOR BUDSJETTERMINEN 2005

Utgiftskapittel: 500–587, 2412, 2427

Inntektskapittel: 3500–3587, 5312, 5316, 5327, 5615–5616

---

### Særskilde vedlegg:

H-22/04 Bevilgninger til samiske formål i statsbudsjettet 2005

H-23/04 Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2004–2005) (Grønt hefte)



# Innhald

## Del I

Innleiande del .....	11
<b>1 Innleiing og samandrag .....</b>	<b>13</b>
1.1 Regjeringa sitt hovudmål .....	13
1.2 Visjon og mål for Kommunal- og regionaldepartementet .....	13
1.3 Særlege utfordringar i 2005 .....	14
1.4 Hovudtrekka i budsjettforslaget ...	14
1.4.1 Programkategori 13.10 Administrasjon o.a. ....	14
1.4.2 Programkategori 13.20 Innvandring	14
1.4.3 Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar .....	15
1.4.4 Programkategori 13.40 Samiske formål .....	15
1.4.5 Programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk .....	16
1.4.6 Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar ....	16
1.4.7 Programkategori 13.80 Bustader og bumiljø og programkategori 13.90 Bygningssaker .....	17
1.5 Oversikt over budsjettforslaget ....	17
1.5.1 Samla utgifter under Kommunal- og regionaldepartementet .....	18
1.5.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane .....	19
1.5.3 Utgifter og inntekter fordelte på dei ulike budsjettkapitla .....	19
1.5.4 Utgifter og inntekter fordelte på postgrupper .....	23
1.6 Fornying, organisasjons- og strukturendringar .....	24
1.6.1 Modernisering i kommunesektoren	24
1.6.2 Modernisering i bustad- og byggjesektoren .....	24
1.6.3 Organisasjonsendringar .....	24
1.6.4 Årsverk i departementet og institusjonar knytte til departementet	25
1.7 Kjønnspektivet i budsjettet ....	25
1.8 Miljøprofilen i budsjettforslaget ....	26
1.9 Om oppgåvene og rolla til fylkesmennene .....	26
1.10 Enkelte orienteringssaker .....	28
1.10.1 Oppfølging av stortingsmelding om barrierar for funksjonshemma .....	28
1.10.2 Overførbare løyvingar .....	29
1.10.3 Garantiansvar under Kommunal- og regionaldepartementet .....	30

## 2

<b>Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2005 .....</b>	<b>31</b>
2.1 Innleiing .....	31
2.2 Inntekter for kommunesektoren i 2004 .....	31
2.3 Samla inntekter for kommunesektoren i 2005 .....	32
2.4 Frie inntekter for kommunesektoren .....	33
2.5 Samla inntekter og dei enkelte inntektsartane .....	34
2.6 Innlemming av øyremerkte tilskot i inntektssystemet .....	35
2.7 Andre saker .....	36
2.7.1 Kommunal selskapsskatt og endringar i inntektsutjamninga ....	36
2.7.2 Momskompensasjonsordninga for kommunar og fylkeskommunar ....	36
2.7.3 Barnehagar .....	37
2.7.4 Opptappingsplanen for psykisk helse .....	37
2.7.5 Ny finansieringsordning for krisesenter .....	38
2.7.6 Oppfølging av reforma i grunnopplæringa .....	38
2.7.7 Rentenivå og pensjonskostnader – verknad på kommuneøkonomien ..	38

## Del II

Nærmare om budsjettforslaget for 2005 .....	41
<i>Programkategori 13.10 Administrasjon o.a. ....</i>	<i>43</i>
Kap. 500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500) .....	44
Kap. 3500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 500) .....	51
Kap. 502 Valutgifter .....	52
Kap. 2427 Kommunalbanken AS .....	52
Kap. 5316 Kommunalbanken AS .....	53
Kap. 5616 Aksjeutbytte i Kommunalbanken AS	53
<i>Programkategori 13.20 Innvandring .....</i>	<i>55</i>
Kap. 520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)	71
Kap. 3520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)	73
Kap. 521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 3521) .....	74
Kap. 3521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 521) .....	85
Kap. 522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522) .....	85

Kap. 3522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522) .....	86	Kap. 573 Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta .....	182
Kap. 523 Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 3523) ....	86	Kap. 574 Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familie- vern og rusomsorg .....	183
Kap. 3523 Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 523) .....	87	<i>Programkategori 13.80 Bustad og bumiljø</i> .....	184
Kap. 524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524) ..	87	Kap. 2412 Den norske stats husbank (jf. kap. 5312 og 5615) .....	191
Kap. 3524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 524) ....	89	Kap. 5312 Den norske stats husbank (jf. kap. 2412) .....	198
<i>Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar</i>	90	Kap. 5615 Renter frå Den norske stats husbank (jf. kap. 2412) .....	199
Kap. 526 Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3526)	96	Kap. 580 Bustønad .....	199
Kap. 3526 Nasjonale minoritetar (jf. kap. 526)	98	Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak .....	203
<i>Programkategori 13.40 Samiske formål</i> .....	99	Kap. 582 Skoleanlegg .....	215
Kap. 540 Sametinget (jf. kap. 3540) .....	106	Kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585) .....	216
Kap. 3540 Sametinget (jf. kap. 540) .....	111	Kap. 3585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585) .....	216
Kap. 541 Tilskot til samiske formål .....	111	Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar .....	217
Kap. 542 Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 3542) .....	112	<i>Programkategori 13.90 Bygningssaker</i> .....	219
Kap. 3542 Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 542) .....	113	Kap. 587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587) .....	220
<i>Programmakategoriija 13.40 Sámi ulbmilat</i> ...	114	Kap. 3587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587) .....	223
Kap. 540 Sámediggi (gč. kap. 3540) .....	122	<b>Forslag til vedtak om løyving for budsjetterminen 2005, kapitla 500–587, 2412, 2427, 3500–3587, 5312, 5316, 5327 og 5615–5616</b> .....	226
Kap. 541 Doarja sámi ulbmiliidda .....	127	<b>Vedlegg 1</b>	
Kap. 542 Álgóálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáš (gč. kap. 3542) .....	128	Omtale av tiltak innanfor den breie distriktpolitikken .....	234
Kap. 3542 Álgóálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáš (gč. kap. 542) .....	128	1 Innleiing .....	234
<i>Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk</i> .....	129	2 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark .....	234
Kap. 550 Lokal næringsutvikling .....	144	3 Økonomisk politikk .....	235
Kap. 551 Regional utvikling og nyskaping ....	144	4 Næringspolitikk .....	237
Kap. 552 Nasjonalt samarbeid for regional utvikling .....	160	5 Infrastruktur .....	239
Kap. 2425 Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane .....	167	6 Helse, oppvekst og omsorg .....	239
Kap. 5327 Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane o.a. ....	168	7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern .....	240
<i>Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkes- kommunar</i> .....	169	<b>Vedlegg 2</b>	
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571) .....	178	Utvikling i busetnad, sysselsetjing og næringsstruktur 1994–2004 .....	242
Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571) .....	179		
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572) .....	179		
Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572) .....	180		

### Vedlegg 3

Rapportar frå fylkeskommunane for 2003 om bruken av midlar frå kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling .....	258
--	-----

### Vedlegg 4

Miljøprofilen i budsjettforslaget .....	265
---	-----

### Vedlegg 5

Orientering om likestilling i verksemdene ....	272
--	-----

## Tabelloversikt

Tabell 1.1	Utgifter fordelte på dei ulike kapitla under departementet .....	20	Tabell 3.8	Satsar for integreringstilskot .....	77
Tabell 1.2	Inntekter fordelte på dei ulike kapitla under departementet .....	22	Tabell 3.9	Norsk med samfunnskunnskap for innvandrara 2000–2003 .....	78
Tabell 1.3	Utgifter fordelte på postgrupper .	23	Tabell 3.10	Talet på deltakarar per 1.10.2003 fordelt på kvinner og menn .....	78
Tabell 1.4	Inntekter fordelte på postgrupper	23	Tabell 3.11	Tilbakevende i perioden frå 1998 til 1. halvår 2004 .....	81
Tabell 1.5	Årsverk per 1.3.2004 .....	25	Tabell 3.12	Løyvingar til nasjonale minoritetar	91
Tabell 1.6	Oversikt over løyvingar som blir foreslått gjorde overførbare .....	29	Tabell 3.13	Organisasjonar som fekk grunnstøtte (organisasjonsstøtte) for 2002 og 2003 .....	97
Tabell 1.7	Oversikt over garantiansvar per 31. desember 2003 .....	30	Tabell 3.14	Tildelt prosjektstøtte i 2004 .....	97
Tabell 2.1	Hovudkomponentane i inntektsveksten i 2005, rekna ut frå overslag over inntektsnivået for 2004 i revidert nasjonalbudsjett 2004. Reell endring i mill. 2005-kr.	32	Tabell 3.15	Tildeling frå Samisk utviklingsfond etter næring .....	108
Tabell 2.2	Frie inntekter til kommunane og fylkeskommunane i 2004 og 2005. Mill. kr og endring i prosent. Nominelle prisar .....	33	Tabell 3.16	Tilskot frå Samisk utviklingsfond fordelt etter kjønn .....	108
Tabell 2.3	Kommunale og fylkeskommunale skattøyrar for alminneleg inntekt for personlege skattytarar. Maksimalsatsar for 2004 og forslag til maksimalsatsar for 2005 .....	34	Tabell 3.17	Tildeling til kulturformål .....	109
Tabell 2.4	Overslag over inntekter for kommunesektoren i 2005. Mill. 2005-kr og endring i prosent frå 2004. ....	34	Tabell 3.18	Fordeling av midlar frå samisk kulturfond .....	109
Tabell 3.1	Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500, post 21 i 2003 og 2004	48	Tabell 3.19	Fordeling av språkmidlar frå Sametinget i perioden 2002–2004	110
Tabell 3.2	Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500 post 50 i 2003 og 2004	49	Tabell 3.20	Juolludeamit Sámi ovddidanfoanddas ealáhusaid mielde .....	123
Tabell 3.3	Sentrale føresetnader for budsjettet for 2005 .....	57	Tabell 3.21	Sámi Ovddidanfoandda juolludemiid sohkabeali juohku .	123
Tabell 3.4	Resultat av asylvedtak gjorde i UDI i 2003 .....	62	Tabell 3.22	Juolludeamit kulturulbmiliidda ..	124
Tabell 3.5	Tal på busette .....	76	Tabell 3.23	Sámi kulturfoandda ruđaid juogadeapmi .....	125
Tabell 3.6	Oppholdstid i mottak etter vedtak	76	Tabell 3.24	Guovttegielatvuodadoarjagiid juohkin Sámedikkis áigodagas 2002–2004 .....	125
Tabell 3.7	Talet på overføringsflyktingar som har kome til landet .....	77	Tabell 3.25	Endring i folketalet i ulike landsdelar .....	131
			Tabell 3.26	Endring i folketalet i kommunane etter sentralitet .....	132
			Tabell 3.27	Folketalet i bu- og arbeidsmarknadsregionar, grupperte etter storleik .....	133
			Tabell 3.28	Satsar for arbeidsgivaravgifta i sonene 3 og 4 i overgangsperioden .....	142

Tabell 3.29	Overslag over provenyverknaden av kompensierende tiltak ved omlegging av differensiert arbeidsgivaravgift i 2005 .....	143	Tabell 3.50	Nokre resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat i samband med lån .....	196
Tabell 3.30	Fylkeskommunane si fordeling av midlar mellom forvaltningsaktørar .....	148	Tabell 3.51	Avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003 og 1. termin 2004 .....	201
Tabell 3.31	Fordeling av fylkeskommunane sin del av midlar frå kap. 551, post 60 på ulike formål (i prosent av midlar forvalta av fylkeskommunane) .....	149	Tabell 3.52	Del av bustønadmottakarane som har totale buutgifter høgre enn godkjende buutgifter .....	201
Tabell 3.32	Fordeling av distriktsutviklings-tilskot, etablerarstipend og risikolån på fylke .....	150	Tabell 3.53	Overslag over bustønadmottakarar i prosent av befolkningsgruppa for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga .....	201
Tabell 3.33	Førebels fordeling av rammer i 2004 .....	153	Tabell 3.54	Hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2002–2004 .....	202
Tabell 3.34	Oversikt over korleis kostnadsauken og dei næringsretta utviklingsmidlane fordeler seg på dei ulike fylka .....	156	Tabell 3.55	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for Handlingsprogram for Oslo indre aust .....	205
Tabell 3.35	Samla løyvingar til «Fritt fram» i 2004 .....	157	Tabell 3.56	Resultatmål og resultat for tilskot til bustadkvalitet .....	206
Tabell 3.36	Samla løyvingar til «Fritt fram» i 2005 .....	158	Tabell 3.57	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat i samband med tilstandsvurdering .....	207
Tabell 3.37	Samla oversikt over satsingsområde og program til verkemiddelaktørane .....	163	Tabell 3.58	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for personretta tilskot til etablering, kap. 581, post 75 ...	208
Tabell 3.38	Oversikt over fondsbeholdningar per 31.12.2002 og 31.12.2003 .....	168	Tabell 3.59	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for bustadretta tilskot, kap. 581, post 75 .....	209
Tabell 3.39	Kostnadsnøkkel for kommunane	173	Tabell 3.60	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for kap. 581, post 78 ..	212
Tabell 3.40	Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane .....	174	Tabell 3.61	Resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 581, post 79 ...	214
Tabell 3.41	Nord-Noreg-tilskot til kommunar og fylkeskommunar .....	175	Tabell 3.62	Utviklinga i talet på tilsegner gitt til bygningstekniske tiltak i eksisterande husvære 1999–2004 .....	214
Tabell 3.42	Gradering av regionaltilskot etter prioriteringsområde for distriktpolitiske verkemiddel ....	175	Tabell 3.63	Radonkonsentrasjon i husvære med tilsegn om tilskot før utbetring .....	214
Tabell 3.43	Skjønnstilskot .....	176	Tabell 3.64	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for oppstartings-tilskotet .....	217
Tabell 3.44	Tilskot gjennom inntekts-systemet for 2004 og 2005. ....	180	Tabell 3.65	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for den sentrale godkjenninga av føretak under Statens bygningstekniske etat ....	221
Tabell 3.45	Utlån frå Husbanken med pant i husvære i prosent av den totale utlånsmassen med pant i husvære i 1992, 2000 og 2003 .....	185	Tabell 3.66	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for informasjonsarbeidet under Statens bygningstekniske etat .....	222
Tabell 3.46	Hovud- og resultatmål fram til 2007 i den nasjonale strategien «På vei til egen bolig» .....	186			
Tabell 3.47	Oversikt over regjeringa sine bustadtiltak i Tiltaksplan mot fattigdom t.o.m. 2004 .....	187			
Tabell 3.48	Talet på igangsette husvære per år i perioden 1998–2003 .....	188			
Tabell 3.49	Verksemda i Husbanken i perioden 2000–2003 og i 1. halvår 2004 .....	192			

Tabell 3.67	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for ByggSøk under Statens bygnings-tekniske etat .....	222
-------------	--	-----

## Vedlegg 1

Tabell 1.1	Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark .....	235
Tabell 1.2	Differensiert arbeidsgivaravgift og kompensierende tiltak ved omlegginga i 2005 .....	236
Tabell 1.3	Fritak for meirverdiavgift på straum i Nord-Noreg, Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet .....	237
Tabell 1.4	Næringspolitikk .....	237
Tabell 1.5	Infrastruktur .....	239
Tabell 1.6	Helse, oppvekst og omsorg .....	240
Tabell 1.7	Levekår, offentlege tenester og miljøvern .....	241

## Vedlegg 2

Tabell 2.1	Folketal etter fylke .....	242
Tabell 2.2	Folketal etter NIBR16 .....	243
Tabell 2.3	Sysselsetjing etter landsdel .....	243
Tabell 2.4	Sysselsetjing etter sentralitet .....	244
Tabell 2.5	Sysselsetjing etter fylke .....	244
Tabell 2.6	Sysselsetjing etter NIBR16 .....	245
Tabell 2.7	Sysselsetjing etter næring .....	246
Tabell 2.8	Ulike næringar sin del av sysselsetjinga i prosent etter landsdel, tal per 4. kvartal 2002 .	246
Tabell 2.9	Sysselsetjing etter landsdel og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002	247
Tabell 2.10	Sysselsetjing etter sentralitet og næring, tal per 4. kvartal 2004 ...	247
Tabell 2.11	Ulike næringar sin del av sysselsetjinga i prosent etter sentralitet, tal per 4. kvartal 2002 .....	248
Tabell 2.12	Sysselsetjing etter sentralitet og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002	248

Tabell 2.13	Sysselsetjing etter NIBR16 og næring, tal per 4. kvartal 2004 ....	249
Tabell 2.14	Ulike næringar sin del av sysselsetjinga i prosent etter NIBR16, tal per 4. kvartal 2002 .....	250
Tabell 2.15	Sysselsetjing etter NIBR16 og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002	251
Tabell 2.16	Sysselsetjing etter fylke og næring, tal per 4. kvartal 2004 ...	252
Tabell 2.17	Ulike næringar sin del av sysselsetjinga i prosent etter NIBR16, tal per 4. kvartal 2002 .....	253
Tabell 2.18	Sysselsetjing etter fylke og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002 .....	254
Tabell 2.19	Arbeidsløyse etter landsdel .....	255
Tabell 2.20	Arbeidsløyse etter sentralitet .....	255
Tabell 2.21	Arbeidsløyse etter NIBR16 .....	256
Tabell 2.22	Arbeidsløyse etter fylke .....	257

## Vedlegg 4

Tabell 4.1	Oversikt over den samla miljøvernpolitiske satsinga i budsjettet på områda bustader, bumiljø og bygningssaker .....	266
Tabell 4.2	Indikatorar – Husbanken .....	267
Tabell 4.3	Indikatorar – Husbanken .....	268
Tabell 4.4	Indikatorar – Husbanken .....	268

## Vedlegg 5

Tabell 5.1	Tilsette fordelt på kjønn .....	272
Tabell 5.2	Tilsette fordelt på nivå og kjønn .	273
Tabell 5.3	Lønn .....	273
Tabell 5.4	Tilsette fordelt på nivå og kjønn .	273
Tabell 5.5	Tilsette fordelt på nivå og kjønn .	274
Tabell 5.6	Kompetanseutvikling .....	274
Tabell 5.7	Utvikling av kjønnsfordelinga i Statens bygningstekniske etat (1997–2003) .....	275

## Figuroversikt

Figur 1.1	Samla utgifter inklusive låne-transaksjonar under Kommunal- og regionaldepartementet .....	18
-----------	--	----

Figur 1.2	Utgifter på dei ulike programkategoriane under programområde 131 .....	19
Figur 3.1	Saker UNE har behandla sidan 2001	88

Figur 3.2	Utvikling i folketallet i perioden 1994–2004 – etter bu- og arbeidsmarknadsregionar .....	134	Figur 3.6	Prosentdel av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot (investeringstilskot og bedriftsutviklingstilskot) nytta til innovasjon (nyskaping, omstilling og etableringar) i åra 2000–2003 .....	152
Figur 3.3	Vekst i sysselsetjinga i perioden 1993–2003 i høve til folketallet per 1.1.2004 – etter bu- og arbeidsmarknadsregionar .....	136	Figur 3.7	Utvikling av byggjekostnader per kvm for einebustader i perioden 1988–2002, eksklusive tomtepris og utan standardheving for bustaden .....	186
Figur 3.4	Oversikt over bruken av distriktsutviklingstilskot og risikolån fordelt på verkemiddelssonene A, B og C og på soneoverskridande prosjekt i åra 2000–2003 .....	151	Figur 3.8	Flytande og fast rente i Husbanken samanlikna med renter i privatbankar .....	194
Figur 3.5	Prosent av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot nytta til kompetanseheving i åra 2000–2003 .....	151	Figur 3.9	Hovudtal for lån gitt i perioden 2000 – 1. halvår 2004 .....	195
			Figur 3.10	Bruk av investeringsramma til skoleanlegg i perioden 2002–2004 i høve til heile ramma .....	215

## Oversikt over bokser

Boks 3.1	Mål for programkategori 13.20 Innvandring .....	58	Boks 3.5	Mål for programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk .....	130
Boks 3.2	Mål for programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar .....	92	Boks 3.6	Mål for regjeringa sin politikk overfor kommunesektoren .....	170
Boks 3.3	Mål for programkategori 13.40 Samiske formål .....	100	Boks 3.7	Mål for programkategori 13.80 Bustad og bumiljø og 13.90 Bygningssaker .....	190
Boks 3.4	Ulbmilstruktuvra .....	115			





DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 1

(2004–2005)

---

## FOR BUDSJETTERMINEN 2005

Utgiftskapittel: 500–587, 2412, 2427

Inntektskapittel: 3500–3587, 5312, 5316, 5327, 5615–5616

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 17. september 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*



*Del I*  
*Innleiande del*



# 1 Innleiing og samandrag

## 1.1 Regjeringa sitt hovudmål

Regjeringa sine hovudmål for den økonomiske politikken er arbeid til alle, auka verdiskaping, vidareutvikling av det norske velferdssamfunnet, rettferdig fordeling og berekraftig utvikling. Eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv er ein føresetnad for å nå desse måla.

## 1.2 Visjon og mål for Kommunal- og regionaldepartementet

### Visjon

Vi skal leggje til rette for ein betre kvardag for folk flest, uavhengig av bustad og uavhengig av etnisk, kulturell og sosial bakgrunn.

Kommunal- og regionaldepartementet skal medverke til dette ved å

- vidareutvikle eit effektivt offentleg tenestetilbod, bygd på eit aktivt lokaldemokrati
- medverke til å styrkje lokal og regional vekstkraft
- sikre ein velfungerande bustadmarknad
- gi flyktningar vern
- syte for ei regulert innvandring
- gi innvandrane høve til å delta aktivt i samfunnet
- sikre ei positiv utvikling for samane og dei nasjonale minoritetane

### Mål

Budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet omfattar ei rad ulike område som påverkar levkåra til den enkelte. Over budsjettet blir det gitt løyvingar til desse områda:

- innvandring
- nasjonale minoritetar
- samiske formål
- regional- og distriktpolitikk
- rammeoverføringar til kommunar og fylkeskommunar
- bustader og bumiljø
- bygningssaker

Felles for saksområda som er samla under Kommunal- og regionaldepartementet, er at dei alle i hovudsak rettar seg mot forhold innanlands, og at dei direkte påverkar levkåra til den enkelte. Urfolks- og minoritetspolitikken og innvandrings- og flyktningpolitikken har i tillegg ei utanrikspolitisk side. Departementet har eit særskilt ansvar for å sikre ei samla vurdering av all statleg politikk med økonomiske og/eller administrative konsekvensar for kommunane og fylkeskommunane. Departementet har òg eit særskilt ansvar for å sikre ei samla vurdering av all statleg politikk som tek sikte på å fremme ei balansert regional utvikling når det gjeld busetnad, næringsliv og levkår.

Vi vil leggje til rette for at alle skal kunne bu godt og trygt. Det er også viktig å målrette politikken slik at vi kan hjelpe dei som elles ville ha falle utanfor. Vi vil medverke til ein velfungerande bustadmarknad, til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde eit husvære, og til at bustadhus og andre bygningar har god kvalitet, der det er teke omsyn til miljøet og til tilgjenge.

Vi vil syte for ei regulert innvandring som skal medverke til ei stabil økonomisk og sosial utvikling i Noreg. Flyktningar skal primært sikrast vern i nærområdet, men vi skal ta imot vår del av dei som ikkje kan sikrast eit slikt vern, og gi dei ei trygg framtid her i landet.

Ein aktiv integreringspolitikk, mellom anna med introduksjonsprogram, obligatorisk norskopplæring og tiltak mot diskriminering og rasisme, skal gi alle høve til å delta i samfunnet på like vilkår.

Vi vil leggje til rette for styrkt lokaldemokrati og maktspreiing fordi det gir betre tenester til innbyggjarane. Vi skal gi kommunane gode rammevilkår, slik at kommunale tenester kan utførast betre og meir effektivt. Dette skal vi oppnå ved å gi kommunane større handlefridom, ved å flytte oppgåver, ansvar og avgjerdsrett frå statleg til kommunalt nivå, nærmare innbyggjarane, og ved å støtte lokalt utviklingsarbeid.

Vi vil medverke til å sikre busetnaden og verdiskapinga i alle delar av landet.

Vi vil sikre at nasjonale minoritetar skal kunne uttrykkje, halde ved like og vidareutvikle sin egen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur.

Gjennom samepolitikken vil vi verne om, vidareutvikle og synleggjere samiske livsformer, samisk språk, reindrift, samisk kultur og samiske verdier. Særlege utfordringar i 2005

### 1.3 Særlege utfordringar i 2005

Regjeringa vil i 2005 framleis leggje vekt på å få kontroll med tilstrøyminga av asylsøkjjarar og sikre ei effektiv, differensiert og individuell behandling av asylsøknadene. Betre service og kortare behandlingstid i alle utlendingssaker er ei utfordring for forvaltninga. For å kunne få til raskare busetjing må det bli betre balanse mellom behovet og tilgangen på plassar i kommunane. Ei vellykka gjennomføring av introduksjonslova vil vere viktig, både for busetjinga, for å leggje til rette for deltaking i utdanning og arbeidsliv og for at flest mogleg skal vere sjølvhjelpete. Måla for integrering og inkludering av innvandrarakar i samfunnet skal bli tydelegare.

Vidare vil regjeringa framleis ha fokus på regionar med særleg behov for omstilling som følgje av nedlegging av arbeidsplassar og fråflytting. Endringa i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift påverkar rammevilkåra for mange verksemdar. Regjeringa legg derfor vekt på å etablere gode og treffsikre alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift gjennom den kompenserande næringsstøtteordninga og transportstøtta.

Regjeringa vil i 2005 føre vidare arbeidet med å vidareutvikle organisasjonsbygging og andre tiltak i forhold til dei nasjonale minoritetane, slik at dei blir sikra effektiv deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i forhold til offentlege styresmakter. På det samepolitiske området er det viktig å utvikle vidare samarbeidsformene i forhold til Sametinget. Samtidig vil regjeringa bygge opp under mangfaldet i det samiske samfunnet og medverke til at ulike interesser blir støtta og får direkte høve til medverknad. Samisk språk er utsett, og for at språket skal kunne brukast i det moderne samfunnet, vil regjeringa leggje til rette for auka bruk av samisk i fleire samanhengar – også i det offentlege rommet. Regjeringa vil vidare prioritere arbeidet med å leggje forholda til rette for samiske næringar, og vil følgje opp spørsmålet om individuelle og kollektive erstatningar til nasjonale minoritetar og samane.

Regjeringa vil også i 2005 ha fokus på vanskelegstilte på bustadmarknaden, slik at dei kan halde på eller skaffe seg eit høveleg husvære. Gjennomføringa av strategien for å førebyggje og hindre at menneske blir bustadlause, er høgt prioritert. Vidare vil regjeringa auke satsinga på å få fleire

universelt utforma og miljøvennlege bustadhus og andre bygningar.

Regjeringa vil vidareutvikle arbeidet med modernisering av kommunesektoren. Dette omfattar både endringar i statlege rammevilkår for å gi sektoren større handlingsrom og støtte til lokalt omstillingsarbeid for å gi innbyggjarane eit betre tenestetilbod. Viktige oppgåver i 2005 er mellom anna arbeidet med inntektssystemet, statleg tilsyn med kommunesektoren og vurderingar av kommunestrukturen. Regjeringa vil også presentere sine førebels vurderingar av fylkeskommunen. Avviklinga av stortingsvalet i 2005 vil krevje store administrative ressursar.

### 1.4 Hovudtrekka i budsjettforslaget

#### 1.4.1 Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.

Kategorien omfattar utgiftene til drift av departementet, valutgifter og aksjekapital i Kommunalbanken. Det blir føreslått ei løyving på 258,1 mill. kr for 2005. Dette er ein auke på 41,2 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2004. Auken kjem i hovudsak av at det er val til Stortinget og Sametinget i 2005. Det blir også føreslått å løyve 17,2 mill. kr i aksjekapital til Kommunalbanken.

#### 1.4.2 Programkategori 13.20 Innvandring

For å styrkje innvandrarakane sine føresetnader for å kunne delta aktivt i samfunnet har regjeringa lagt fram eit lovforslag om å gjere opplæring i norsk og samfunnskunnskap obligatorisk, jf. Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv. Dersom Stortinget vedtek lova hausten 2004, vil den nye ordninga gjelde frå 1. september 2005. Frå det same tidspunktet vil det bli gjort endringar i tilskotsordninga, og eit nytt administrativt registreringssystem vil bli teke i bruk. Løyvinga er også auka med tanke på at norskopplæringa vil bli intensivert etter at introduksjonsordninga blir obligatorisk.

Regjeringa har føreslått ein auke i integreringstilskotet som blir utbetalt til kommunane i samband med busetjing av flyktningar. Frå 1.9.2004 er introduksjonsordninga obligatorisk. Sidan iverksetjing av introduksjonsprogrammet kan innebere meir arbeid på kort sikt i somme kommunar, har regjeringa prioritert å auke tilskotet dei to første åra etter busetjing. Sidan introduksjonsordninga gjeld vaksne, og for å gjere det lettare å få busett dei som i dag blir verande lengst tid i mottak, føreslår regjeringa òg at integreringstilskotet blir for-

delt på ein annan måte. Det vil bli gitt meir for vaksne enn for barn under 18 år.

Regjeringa føreslår at det ikkje lenger skal utbetalast integreringstilskot for personar som har kome til Noreg gjennom familiesamanføring med ein person som har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag. Grunnen er at hovudpersonen no skal forsyte nykomne familiemedlemmer. For at ikkje kommunane skal få utgifter til introduksjonsprogram for ei gruppe som dei ikkje lenger vil få integreringstilskot for, vil regjeringa leggje fram ein odelstingsproposisjon om at denne gruppa ikkje lenger skal omfattast av den obligatoriske introduksjonsordninga.

Schengen/EU har vedteke å etablere eit felles dataregister (VIS – Visa Information System) over alle visumsøklarar, og at biometriske data for søkerane skal lagrast i etiketten. Schengen/EU vil levere databasen og tilknytningssystemet, men kvart enkelt medlemsland har ansvar for å tilpasse sine datasystem til det felles dataregisteret. Første fase av VIS, med bilete av visumsøklarane, skal vere operativ i slutten av 2006. Regjeringa har sett av midlar til etablering av eit nasjonalt system i samband med VIS-systemet. Det skal vere i drift frå sommaren 2005. Det vil bli utgifter til vidare utvikling og drift av systemet etter 2005. I tillegg kjem kostnader i samband med tilknytning til den europeiske databasen.

Regjeringa har sett av 15 mill. kr til etablering av mottak som skal kunne følgje opp personar med særskilde behov på ein betre måte. Mottaka skal ha tilstrekkeleg med faglege ressursar, vere døgnbemanna og ha ei tenleg lokalisering i forhold til det psykiske helsevernet og andre relevante hjelpeinstansar.

Regjeringa legg vekt på tiltak som kan redusere tilstrøyminga av asylsøklarar som ikkje treng vern her i landet. Prognosen for 2004 tilseier at det kjem i underkant av 10 000 asylsøklarar til Noreg. Det er lagt til grunn at det vil kome om lag 10 000 søklarar i 2005.

Det blir føreslått ei løyving på 5 897,9 mill. kr i 2005, mot 5 831,2 mill. kr i 2004. Auken kjem i hovudsak av at løyvinga til norskopplæring, som er budsjettetert til 1 275 mill. kr, er blitt større.

#### **1.4.3 Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar**

Den overgripande målsetjinga, som gjeld både nasjonale minoritetar og samar, er å utvikle og gjennomføre ein politikk som er i samsvar med internasjonale forpliktingar som Noreg har teke på seg, og i samsvar med dei forpliktingane som følger

av norsk rett og gjeldande politiske vedtak. I 2005 vil regjeringa prioritere arbeidet med å setje i verk dei vedtaka som er gjorde vedrørande individuelle og kollektive erstatningar.

Når det gjeld dei nasjonale minoritetane, vil Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 vidareføre satsinga på organisasjonsbygging. Det vil bli lagt vekt på dialogen mellom offentlege styresmakter og organisasjonane til dei nasjonale minoritetane når det gjeld utforming og prioritering av tiltak, og når det gjeld å utforme ein heilskapleg politikk for nasjonale minoritetar. Viktige aktørar i dette arbeidet er Samordningsutvalet for nasjonale minoritetar og Kontaktforumet mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene. Kommunal- og regionaldepartementet har det overordna ansvaret for at tiltaka blir gjennomførte. Kommunal- og regionaldepartementet vil i 2005 medverke til kunnskapsutvikling om nasjonale minoritetar ved mellom anna å vidareføre prosjektet «Forprosjekt om romanikultur, språk og opprinnelse» i regi av Noregs forskingsråd. Noreg skal i 2005 for andre gong rapportere om oppfølginga av Europarådet sin rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Kommunal- og regionaldepartementet vil samordne dette arbeidet.

Det blir føreslått ei løyving på 4,85 mill. kr i 2005, mot 2,9 mill. kr i 2004. Auken kjem i hovudsak av avkastninga av Romanifolkets fond, som er budsjettetert til 1,85 mill. kr.

#### **1.4.4 Programkategori 13.40 Samiske formål**

På det samepolitiske området vil vidareutvikling av samarbeidsformer i forhold til Sametinget vere ei av dei viktigaste sakene for Kommunal- og regionaldepartementet. Departementet vil også vidareføre satsinga på bruk av samisk språk og på informasjon om samiske forhold. Gjennom eit prosjekt med samiske «vegvisarar» vil regjeringa gi samisk ungdom i oppgåve å informere ikkje-samisk ungdom om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Regjeringa arbeider med å leggje til rette for samisk i IT-samanheng.

Mange samar opplever framleis negative holdningar og intoleranse knytt til eigen identitet. Regjeringa vil derfor finansiere ei undersøking om sjølvopplevd rasisme og diskriminering blant den samiske befolkninga i Noreg.

For å styrkje det internasjonale samarbeidet om reindrift, føreslår regjeringa å etablere eit internasjonalt fag- og formidlingssenter for reindriftsfolk i arktiske område.

Det blir føreslått ei løyving på 149,98 mill. kr i 2005, mot 143,7 mill. kr i 2004.

#### 1.4.5 Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk

Når det gjeld dei regional- og distriktpolitiske verkemidla, vil regjeringa i 2005 særleg leggje vekt på utviklings- og omstillingsarbeid og på tiltak som stimulerer til innovasjon og entreprenørskap.

Endringa i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift påverkar rammevilkåra for mange verksemder. Regjeringa legg vekt på å etablere gode og treffsikre alternativ til den differensierte arbeidsgivaravgifta.

Regjeringa presenterte sin nye regional- og distriktpolitikk i orienteringa frå kommunal- og regionalministeren til Stortinget 30. april 2002. Regjeringa vil styrkje regionalpolitikken for å sikre busetnad, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over heile landet. Gjennom politikken skal forholda leggjast til rette slik at den enkelte har reell fridom til å busetje seg der ho eller han ønskjer. Målet for busetjinga i dei neste tjue åra er ei meir balansert utvikling, der alle landsdelar har ein vekst i folketalet.

Regjeringa vil arbeide etter desse hovudstrategiane i regional- og distriktpolitikken:

- Etablere rammevilkår som er så gode at verksemder, kapital og arbeidskraft blir verande i Noreg, og at vi er attraktive for utanlandske investeringar. Regjeringa har som mål at dei generelle rammevilkåra skal vere konkurransedyktige og stabile, slik at forholda ligg til rette for høg verdiskaping.
- Satse sterkare på regionar og senter som har vekstpotensial. Vi vil styrkje vekstkrafta der ho alt finst, og samtidig sikre grunnlaget for gode levekår i alle delar av landet.
- Prioritere verkemiddel som kan medverke til å styrkje evna til innovasjon og nyetablering i alle delar av landet, med vekt på å nå potensielle nyskapparar og entreprenørar. Det skal særleg leggjast til rette for at det potensialet som finst blant ungdom og kvinner, blir betre utnytta.
- Delegere og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til regionalt og lokalt nivå.

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å forvalte ein del næringsretta regional- og distriktpolitiske verkemiddel. Særskilde tiltak kan rettast inn mot område med spesielle utfordringar knytte til fråflytting og svakt næringsgrunnlag. Den regional- og distriktpolitiske innsatsen må tilpassast situasjonen i kvar enkelt region. Den daglege forvaltninga av verkemidla er i hovudsak delegert til fylkeskommunane, Innovasjon Noreg,

Selskapet for industrivekst (SIVA) og Noregs forskingsråd.

Regjeringa føreslår ei løyving på 2 316,6 mill. kr innanfor programkategorien for 2005. Dette er ein auke på 673,8 mill. kr, dvs. 41 pst., i forhold til saldert budsjett 2004.

Kompensasjonen for auka arbeidsgivaravgift for 2005 er utrekna til 1 095 mill. kr over departementet sitt budsjett. Delar av dette beløpet blir gitt som tilsegnfullmakt. Løyvinga for 2005 over postane for næringsretta utviklingstiltak og transportstøtte utgjer kompensasjon dels for 2004 og dels for 2005.

Hovuddelen av løyvinga over programkategorien, 1 843,8 mill. kr, dvs. 80 pst., blir føreslått forvalta på regionalt nivå i tråd med regjeringa sitt mål om desentralisering av verkemidla.

#### 1.4.6 Programkategori 13.70 Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar

Regjeringa legg opp til ein reell vekst i dei samla inntektene for kommunesektoren i 2005 på nærare 2¾ mrd. kr, eller vel 1¼ pst. Veksten i dei samla inntektene blir dermed noko høgare enn varsla i kommuneproposisjonen for 2005. Veksten er rekna ut frå det nivået på inntektene for kommunesektoren i 2004 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Av den samla inntektsveksten kjem 1 mrd. kr som frie inntekter. Regjeringa aukar tilskota til barnehagar med om lag 1,2 mrd. kr og til handlingsplanen for psykisk helse med 400 mill. kr.

Løyvingane til ressurskrevjande brukarar aukar med om lag 350 mill. kr. Utgiftene til denne brukargruppa måtte kommunane tidlegare dekkje av dei frie inntektene. No blir utgiftene refunderte av staten.

Timetalet for 1.–4. klasse i grunnskolen aukar med 4 timar frå skoleåret 2005–2006. Kommunane blir kompenserte for auken i timetalet med om lag 135 mill. kr over dei frie inntektene. Dette kjem i tillegg til realveksten i dei frie inntektene.

Rammetilskot til kommunesektoren blir løyvt over programkategori 13.70. Storleiken på rammetilskotet må sjåast i samanheng med det samla kommuneoppdraget og fordelinga av frie inntekter på skatteinntekter og rammetilskot. For 2005 blir det føreslått å løyve 46,7 mrd. kr i rammetilskot til kommunesektoren, fordelt med 35 mrd. kr til kommunane og 11,7 mrd. kr til fylkeskommunane.

For nærmare omtale av det økonomiske oppdraget for kommunesektoren i 2005 viser vi til kapittel 2.



#### **1.4.7 Programkategori 13.80 Bustader og bumiljø og programkategori 13.90 Bygningssaker**

Hovudutfordringa blir også i 2005 å hjelpe personar som vil falle utanfor den ordinære bustadmarknaden utan støtte frå det offentlege.

Regjeringa presenterte bustadpolitikken sin i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Regjeringa ønskjer at bustadsubsidiene skal nå dei som har behov for hjelp, og ønskjer å legge om subsidiebruken. Bustønad (konsumstøtte) skal såleis styrkjast vidare, og samstundes skal bustadtilskot til utleigehusvære (investeringsstøtte) trapast ned gradvis til fordel for bustønad. Etter regjeringa sitt syn må også bustadtilskotsmidlane rettast inn mot dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Når det gjeld desse midlane, prioriterer derfor regjeringa tiltak for å gi dei bustadlause ein stad å bu, busetjing av flyktningar og hjelp til funksjonshemma og andre som ikkje greier å etablere seg på bustadmarknaden på eiga hand.

Regjeringa ønskjer å utvikle og heve kompetansen om bustadkvalitet, særleg når det gjeld miljøvennlege og universelt utforma bustadhus og andre bygningar. Gjennomføringa av strategien for å førebyggje og hindre at menneske blir bustadlause, blir også prioritert.

Grunnlån (oppføringslån og utbetningslån) frå Husbanken skal samlast i eitt lån som skal målrettast mot personar som etablerer seg i eige husvære, mot ordinære husvære der det blir teke omsyn til miljø og tilgjenge, og mot bustadbygging i delar av landet der det er vanskeleg å få lån.

Regjeringa ønskjer å føre vidare arbeidet som tek sikte på å bremse auken i byggjekostnadene og auke produktiviteten i byggjenæringa. Ei arbeids-

gruppe som blei sett ned i fjor, tilrådde ein del tiltak og innsatsområde i innstillinga si. Etter tilråding frå arbeidsgruppa blir det etablert eit program i samarbeid mellom private aktørar og styresmaktene.

Inklusive lånetransaksjonar blir det føreslått ei løyving på 19,2 mrd. kr i 2005 på programkategori 13.80 Bustader og bumiljø. Dette er ein nedgang på om lag 1,2 mrd. kr, dvs. 5,8 pst., i forhold til saldert budsjett 2004. Nedgangen kjem i hovudsak av ein reduksjon knytt til oppstartingstilskotet som følgje av at handlingsplanen for eldreomsorga er avslutta, og at låneramma til Husbanken er føreslått sett til 13,5 mrd. kr. Det blir vidare føreslått ei løyving på 38,05 mill. kr på programkategori 13.90 Bygningssaker. Dette er ein auke på 2,8 pst. i forhold til saldert budsjett 2004.


#### **1.5 Oversikt over budsjettforslaget**

Teknisk endring frå 2004 til 2005:

Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø har fått programkategorinummer 13.80. Programkategori 14.20 Bygningssaker har fått programkategorinummer 13.90. Dette inneber at alt som høyrde inn under programområde 14, no er innlemma i programområde 13. Område 14 går såleis ut. Budsjettforslaget frå Kommunal- og regionaldepartementet er dermed samla under programområde 13 Kommunal- og regionaldepartementet.

Ansvar for arbeidsrettsområdet blei overteke av arbeids- og sosialministeren frå 18.6.2004. For rapportering og budsjettforslag på kap. 503 Arbeidsretten, riksmeklingsmannen o.a. viser vi til St.prp. nr. 1 (2004–2005) frå Arbeids- og sosialdepartementet, kap. 603 Arbeidsretten, riksmeklingsmannen o.a.

### 1.5.1 Samla utgifter under Kommunal- og regionaldepartementet




Figur 1.1 Samla utgifter inklusive lånetransaksjonar under Kommunal- og regionaldepartementet

Figur 1.1 viser dei samla utgiftene, inklusive lånetransaksjonar, under Kommunal- og regionaldepartementet i budsjettforslaget for 2005 samanlikna med saldert budsjett 2004.

På figuren er løyvinga til det økonomiske oppgjeret som følgje av endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg i saldert budsjett 2004 skild ut som ei særskilt gruppe. Det same er overføringane (rammetilskota) til kommunalforvaltninga gjennom inntektssystemet. Rammetilskota auker med 2 mrd. kr frå 44,7 mrd. kr i saldert budsjett 2004 til 46,7 mrd. kr i forslaget for 2005. Aukene må sjåast i samanheng med veksten i frie inntekter og at selskapsskatten blir løyvd over ein eigen post på rammetilskotet til kommunane.

Aukene i skattedelen av dei samla inntektene fører isolert sett til ein reduksjon i rammetilskota. Utgiftene utanom rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar og utanom det økonomiske oppgjeret som følgje av endringar i ansvaret mellom staten og fylkeskommunen går ned frå 28,2 mrd. kr i saldert budsjett 2004 til 27,8 mrd. kr i forslaget for 2005. Dette kjem av ein nedgang innanfor området bustader og bumiljø. Nedgangen kjem i hovudsak av at oppstartingsstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheimplassar er redusert som følgje av at handlingsplanen for eldreomsorga er avslutta og at løyvinga til lån til Husbanken er sett ned som følgje av at låneramma til Husbanken er føreslått sett til 13,5 mrd. kr.

## 1.5.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane



Figur 1.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane under programområde 13<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Ekskl. lånetransaksjonar og overføringar til kommuneforvaltninga gjennom inntektssystemet

13.10 = Administrasjon o.a.  
 13.20 = Innvandring  
 13.21 = Nasjonale minoritetar  
 13.40 = Samiske formål

13.50 = Regional- og distriktspolitikk  
 13.80 = Bustader og bumiljø  
 13.90 = Bygningssaker

Figuren viser utgiftene på dei ulike kategoriane utanom lånetransaksjonar. Auken på innvandringsområdet kjem i hovudsak av at løyvinga til norskopplæring for vaksne innvandrarak er blitt større. Utgiftene på det regional- og distriktspolitiske området aukar som følge av løyvingar til kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift til næringsretta utviklingstiltak og transportstøtte. På bustad- og bumiljøområdet kjem nedgangen i hovudsak av ein reduksjon knytt til oppstartingsstøtte til omsorgsbustader og sjukeheimplassar som følge av at handlingsplanen for eldreomsorga er avslutta.

### 1.5.3 Utgifter og inntekter fordelte på dei ulike budsjettkapitla

Tabell 1.1 viser utgiftene og tabell 1.2 viser inntektene på dei ulike kapital på Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Tabellane samanliknar budsjettforslaget for 2005 med saldert budsjett for 2004 og rekneskapstala for 2003. I tillegg viser tabellane prosentvis endring frå saldert budsjett 2004 til forslaget for 2005.

Tabell 1.1 Utgifter fordelt på dei ulike kapitla under departementet

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
<b>Administrasjon o.a.</b>					
500	Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)	199 744	199 800	209 200	4,7
502	Valutgifter	23 857	5 000	31 700	534,0
503	Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a. (jf. kap. 3503)	10 356	12 150		-100,0
2427	Kommunalbanken AS			17 200	
	<i>Sum kategori 13.10</i>	<i>233 957</i>	<i>216 950</i>	<i>258 100</i>	<i>16,0</i>
<b>Innvandring</b>					
520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)	2 268 618	1 654 333	1 596 470	-3,5
521	Busetjing av flyktningar og tiltak for inn- vandrarar (jf. kap. 3521)	2 808 157	4 063 903	4 190 850	3,1
522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)	6 300	6 600	7 150	8,3
523	Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (jf. kap. 3523)	3 732	4 600	4 600	0,0
524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)	98 241	101 800	98 850	-2,9
	<i>Sum kategori 13.20</i>	<i>5 185 048</i>	<i>5 831 236</i>	<i>5 897 920</i>	<i>1,1</i>
<b>Nasjonale minoritetar</b>					
526	Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3526)	2 805	2 900	4 850	67,2
	<i>Sum kategori 13.21</i>	<i>2 805</i>	<i>2 900</i>	<i>4 850</i>	<i>67,2</i>
<b>Samiske formål</b>					
540	Sametinget (jf. kap. 3540)	134 872	138 050	143 400	3,9
541	Tilskot til samiske formål	3 800	3 700	4 530	22,4
542	Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 3542)	3 461	1 950	2 050	5,1
	<i>Sum kategori 13.40</i>	<i>142 133</i>	<i>143 700</i>	<i>149 980</i>	<i>4,4</i>
<b>Regional- og distriktpolitikk</b>					
550	Lokal næringsutvikling	9 759			
551	Regional utvikling og nyskaping	1 067 500	1 356 800	2 039 300	50,3
552	Nasjonalt samarbeid for regional utvik- ling	267 206	286 000	277 300	-3,0
	<i>Sum kategori 13.50</i>	<i>1 344 465</i>	<i>1 642 800</i>	<i>2 316 600</i>	<i>41,0</i>

Tabell 1.1 Utgifter fordelt på dei ulike kapitla under departementet

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
<b>Overføringer gjennom inntekts- systemet til kommunar og fylkes- kommunar</b>					
571	Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)	39 212 380	32 928 000	34 979 969	6,2
572	Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)	14 220 800	11 751 800	11 674 357	-0,7
574	Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg		378 146		-100,0
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>53 433 180</i>	<i>45 057 946</i>	<i>46 654 326</i>	<i>3,5</i>
<b>Bustader og bumiljø</b>					
580	Bustønad	2 350 410	2 109 000	2 093 600	-0,7
581	Bustad- og bumiljøtiltak	742 426	823 600	722 500	-12,3
582	Skoleanlegg	264 554	240 500	248 000	3,1
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)	4 707	4 700	4 900	4,3
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjuke- heimplassar	2 693 435	3 397 400	2 722 800	-19,9
2412	Den norske stats husbank (jf. kap. 5312 og 5615)	11 141 286	13 809 000	13 409 000	-2,9
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>17 196 818</i>	<i>20 384 200</i>	<i>19 200 800</i>	<i>-5,8</i>
<b>Bygningssaker</b>					
587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)	36 268	37 000	38 050	2,8
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>36 268</i>	<i>37 000</i>	<i>38 050</i>	<i>2,8</i>
	Sum programområde 13	77 574 674	73 316 732	74 520 626	1,6
	Sum utgifter	77 574 674	73 316 732	74 520 626	1,6

Tabell 1.2 Inntekter fordelt på dei ulike kapitla under departementet

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
<b>Administrasjon o.a.</b>					
3500	Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 500)	6 638			
3503	Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a. (jf. kap. 503)	103			
5316	Kommunalbanken AS	18 861	13 800	10 500	-23,9
5616	Aksjeutbytte i Kommunalbanken AS	30 800	32 400	17 200	-46,9
	<i>Sum kategori 13.10</i>	<i>56 402</i>	<i>46 200</i>	<i>27 700</i>	<i>-40,0</i>
<b>Innvandring</b>					
3520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)	1 060 453	654 090	546 663	-16,4
3521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 521)	107 490	63 600	79 577	25,1
3522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522)	87			
3523	Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 523)	27			
3524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 524)	2 837			
	<i>Sum kategori 13.20</i>	<i>1 170 894</i>	<i>717 690</i>	<i>626 240</i>	<i>-12,7</i>
<b>Nasjonale minoritetar</b>					
3526	Nasjonale minoritetar (jf. kap. 526)			1 850	
	<i>Sum kategori 13.21</i>			<i>1 850</i>	
<b>Samiske formål</b>					
3540	Sametinget (jf. kap. 540)	5 072	4 650	4 650	0,0
3542	Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 542)	1 200			
	<i>Sum kategori 13.40</i>	<i>6 272</i>	<i>4 650</i>	<i>4 650</i>	<i>0,0</i>
<b>Regional- og distriktspolitikk</b>					
5327	Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskom- munane o.a.	117 608	90 000	90 000	0,0
	<i>Sum kategori 13.50</i>	<i>117 608</i>	<i>90 000</i>	<i>90 000</i>	<i>0,0</i>
<b>Overføringar gjennom inntekts- systemet til kommunar og fylkes- kommunar</b>					
3571	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)	65 536	28 000	4 000	-85,7
3572	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572)	7 100			
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>72 636</i>	<i>28 000</i>	<i>4 000</i>	<i>-85,7</i>

Tabell 1.2 Inntekter fordelt på dei ulike kapitla under departementet

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
<b>Bustader og bumiljø</b>					
3585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)	281	200	240	20,0
5312	Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)	12 700 347	8 904 350	9 453 700	6,2
5615	Renter frå Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)	6 146 963	5 042 000	4 437 000	-12,0
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>18 847 591</i>	<i>13 946 550</i>	<i>13 890 940</i>	<i>-0,4</i>
<b>Bygningssaker</b>					
3587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)	14 610	13 200	13 600	3,0
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>14 610</i>	<i>13 200</i>	<i>13 600</i>	<i>3,0</i>
	Sum programområde 13	20 286 013	14 846 290	14 658 980	-1,3
	Sum inntekter	20 286 013	14 846 290	14 658 980	-1,3

**1.5.4 Utgifter og inntekter fordelt på postgrupper**

Tabell 1.3 Utgifter fordelt på postgrupper

					(i 1 000 kr)
Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
01-29	Driftsutgifter	2 914 583	2 293 833	2 285 664	-0,4
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	10 667	10 500	10 500	0,0
50-59	Overføringar til andre statsrekne- skap	152 872	156 050	162 900	4,4
60-69	Overføringar til kommunesektoren	60 235 902	54 051 349	55 598 832	2,9
70-89	Andre overføringar	3 421 717	3 301 000	3 347 530	1,4
90-99	Utlån, avdrag o.a.	10 838 933	13 504 000	13 115 200	-2,9
	Sum under departementet	77 574 674	73 316 732	74 520 626	1,6

Tabell 1.4 Inntekter fordelt på postgrupper

					(i 1 000 kr)
Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	1 245 643	762 440	668 780	-12,3
50-89	Skatter, avgifter og andre overførin- gar	6 319 304	5 182 850	4 561 200	-12,0
90-99	Tilbakebetalingar, avdrag o.a.	12 721 066	8 901 000	9 429 000	5,9
	Sum under departementet	20 286 013	14 846 290	14 658 980	-1,3

## 1.6 Fornyng, organisasjons- og strukturendringar

### 1.6.1 Modernisering i kommunesektoren

Det arbeidet Kommunal- og regionaldepartementet driv for å modernisere kommunesektoren går langs to hovudlinjer. For det første ønskjer departementet å styrkje kommunane ved å gi dei betre rammevilkår og større handlefridom. Kommunal handlefridom legg til rette for ei kostnadseffektiv utnytting av ressursane, samstundes som det legg til rette for eit tenestetilbod som er tilpassa det samla behovet blant innbyggjarane. For det andre støttar departementet opp om kommunalt moderniserings- og utviklingsarbeid. Kommunane må sjølve drive eit aktivt moderniserings- og utviklingsarbeid for å kunne gi innbyggjarane gode tenester og samstundes vere ein sentral aktør i samfunnsutviklinga på lokalt nivå.

Kommunane opplever at summen av statlege pålegg og krav til tenestene avgrensar fridommen til å organisere oppgåveløysinga i tråd med lokale tilhøve. Arbeidet med å auke handlefridommen til kommunane dreier seg derfor i hovudsak om å redusere den statlege detaljstyringa og rapporteringsbyrda. Gode rammevilkår og handlefridom har også med kommunestrukturen å gjere. Departementet og Kommunenes Sentralforbund samarbeider om prosjektet «Framtidens kommunestruktur – kommuner med ansvar for egen utvikling». Målsetjinga med prosjektet er å styrkje lokaldemokratiet og få meir robuste kommunar. Sterkare og meir robuste kommunar er ein viktig føresetnad både for å kunne halde ved lag eit likeverdig tenestetilbod i alle delar av landet, og for å sikre eit godt fungerande lokaldemokrati i åra som kjem. Meir robuste kommunar vil òg gjere det lettare å desentralisere fleire oppgåver og gi meir makt og ansvar til kommunane.

Kommunane må sjølve ta ansvar for å prioritere utviklingsarbeid som gjer dei til effektive tenesteproduentar og gode samfunnsutviklarar. Kommunal- og regionaldepartementet støttar opp om lokalt utviklingsarbeid gjennom ein del prosjekt. Eitt av dei er eit omstillingsprogram i åtte kommunar, «Stifinneren – modernisering for velferd». Desse åtte kommunane skal gjennomføre eit heilskapleg moderniseringsarbeid ved å ta i bruk eit breitt spekter av verkemiddel. Departementet vil i programperioden gi kommunane fagleg støtte, og ønskjer også gjennom prosjektet å vinne erfaring med utfordringar knytte til kommunale moderniseringsprosessar. I samarbeid med Kommunenes Sentralforbund har departementet sidan 2002 drive prosjektet «Kommunenettverk for effektivisering

(effektiviseringsnettverka). Her arbeider nettverk av 5–8 kommunar/bydelar saman om å analysere og samanlikne nøkkeltal i KOSTRA, og om å gjennomføre undersøkingar som skal vise om brukarane er nøgde på utvalde tenesteområde. Meininga er at ein skal bruke nyvunnen kunnskap til å gjennomføre forbetringar. Ved utgangen av 2004 vil om lag 300 kommunar/bydelar ha delteke i effektiviseringsnettverka. Departementet har også i 2003 og 2004 støtta prosjektet «Resultatledelse gjennom bruk av balansert målstyring», der kommunane Bærum, Drammen og Tønsberg har delteke. Erfaringane frå prosjektet skal resultere i ein praktisk rettleiar som skal publiserast hausten 2004. Kommunal- og regionaldepartementet og Kommunenes Sentralforbund støtta i 2002–2003 opp om eit nettverk av 10 norske kommunar som arbeidde med å innføre brukarval på områda praktisk hjelp i heimen eller skolen. Som eit resultat av dette er det laga ein rettleiar og ein brosjyre om brukarval i kommunal tenesteproduksjon. Kommunane i nettverket har også utarbeidd ymse dokument og notat om brukarval som er tilgjengelege på Konkurransesportalen til departementet.

### 1.6.2 Modernisering i bustad- og byggjesektoren

Husbanken vidarefører prosjektet «Open Husbank», mellom anna med ei vidareutvikling av bustønadssystemet med internettgrensesnitt. Prosjektet skal gjere banken lettare tilgjengeleg for brukarane. ByggSøk er eit prosjekt som gjer det mogleg med elektronisk plan- og byggjesaksbehandling. Søknadssystemet for byggjesaker blei sett i drift i 2003, og ein prototyp av plandelen er sett i prøvedrift sommaren 2004. Bygningslovutvalet skal stå for ein større gjennomgang av bygningslovgivinga med sikte på å forenkle reglane. Utvalet skal slutføre arbeidet sommaren 2005.

### 1.6.3 Organisasjonsendringar

#### 1.6.3.1 Arbeidsrettsfeltet

Ansvar for arbeidsrettsfeltet blei overført frå kommunal- og regionalministeren til arbeids- og sosialministeren 18.6.2004. Tariffrettsseksjonen i Kommunal- og regionaldepartementet, med tre tilsette, er blitt flytta til Arbeids- og sosialdepartementet. Ansvar for Arbeidsretten, Rikslønnsnemnda, Riksmeklingsmannen og Tariffnemnda er òg blitt overført til Arbeids- og sosialdepartementet.

For nærmare omtale av organisasjonsendringa viser vi til St.prp. nr. 1 (2004–2005) frå Arbeids- og



sosialdepartementet. For forslag til løyving sjå kap. 603 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.

### 1.6.3.2 Innvandringsfeltet

#### Oppfølging av St.meld. nr. 21 om styringa av utlendingsforvaltninga

Departementet skal få betre høve til styring når det gjeld behandlinga av utlendingssaker, i første rekkje når det gjeld behandlinga i Utlendingsdirektoratet. På det viset vil statsråden og regjeringa få eit klarare politisk ansvar for korleis utlendingslova blir praktisert, jf. St.meld. nr. 21 (2003–2004) og Innst. S. nr. 219 (2003–2004) Styringsforhold på utlendingsfeltet. Departementet sin innsats på dette området vil bli styrkt for å kunne følge betre med i korleis praksis er i Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda. I tillegg skal det etablerast ei felles, fagleg uavhengig eining for landkunnskap for Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda. Siktemålet er å styrkje og effektivisere arbeidet med å hente inn, vurdere og tolke informasjon om aktuelle land.

#### Oppfølging av Rambøll-rapporten

Eit konsulentfirma har vurdert organiseringa av forvaltningsapparatet på innvandrings- og integreringsfeltet. Evalueringa inneheld fleire forslag til omorganisering med sikte på ein styrkt, meir målretta og betre samordna innsats for å inkludere innvandrara i samfunnet. Regjeringa vil i 1. halvår 2005 leggje fram forslag for Stortinget om omorganisering av forvaltninga på feltet. Sentrale instansar skal først få sjansen til å uttale seg om forslaga i evalueringsrapporten.

#### Felles handhevingsorgan for å hindre diskriminering på grunnlag av kjønn og etnisitet

Regjeringa vil i samband med forslaget til lov mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. fremme forslag om å opprette eit felles handhevingsorgan som skal motverke diskriminering på grunnlag av kjønn og etnisitet. Verksemda til Senter mot etnisk diskriminering (SMED) skal vidareførast på permanent basis av det nye organet.

## 1.6.4 Årsverk i departementet og institusjonar knytte til departementet

Tabell 1.5 Årsverk per 1.3.2004<sup>1</sup>

Kap.	Nemning	Kvinner	Menn	Totalt
500	Kommunal- og regionaldepartementet	169,3	106,4	275,7
520	Utlendingsdirektoratet, inkl. regionale kontor	465,5	210,6	676,1
522	Senter mot etnisk diskriminering	5,0	1,6	6,6
524	Utlendingsnemnda	107,9	49,5	157,4
540	Sametinget	76,1	31,7	107,8
542	Kompetansesenter for rettane til urfolk	2,0	1,0	3,0
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus	4,8	0,0	4,8
587	Statens bygningstekniske etat	20,7	20,0	40,7
2412	Den norske stats husbank	214,9	139,9	354,8
	Sum årsverk	1 066,2	560,7	1 626,9

<sup>1</sup> Eksklusive leiarstillingar utanfor den statlege tariffavtalen og tilsette etter avtale av 1.10.1998

## 1.7 Kjønnsperspektivet i budsjettet

Den likestillingspolitikken regjeringa fører, handlar om å integrere kjønnsperspektivet på alle samfunnsområde. Den reviderte likestillingslova inneber òg at ein lyt gjere greie for tilstanden og for tiltak på likestillingsområdet. Det gjeld både på myndeområda til verksemdene og for verksem-

dene som arbeidsgivarar. Ei orientering om tilstanden når det gjeld likestilling i verksemdene og departementet, er samla i vedlegg 5.

I budsjettforslaget har departementet freista å synleggjere verknaden for dei to kjønn. Strategien er å synleggjere kvinner og menn, jenter og gutar som aktørar og brukarar, som målgrupper for tiltak og som mottakarar av tenester, overføringar og

støtteordningar. I budsjettforslaget er det i denne samanhengen i særleg grad innvandringsområdet og det samepolitiske området ein fokuserer på, sjølv om kjønnspektivet er relevant også innanfor andre politikkområde under Kommunal- og regionaldepartementet. For ei nærmare orientering om situasjonen og om ulike tiltak viser vi til omtale under programkategoriane 13.20 Innvandring, 13.40 Samiske formål, 13.50 Regional- og distriktpolitikk og 13.80 Bustader og bumiljø. For ei meir samla og utdjupande framstilling viser vi til vedlegget til St.prp. nr. 1 (2004–2005) frå Barne- og familiedepartementet om integrering av kjønns- og likestillingsperspektivet i budsjettet.

### 1.8 Miljøprofilen i budsjettforslaget

Det er i hovudsak for sektoren bustader, bumiljø og bygningssaker det er aktuelt å rapportere om miljøprofilen. Departementet arbeider i 2004 med ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggjesektoren.

Miljøkonsekvensane av verksemda i bustad- og byggjesektoren er store, og på fleire område aukande. Måla for miljøvernpolitikken stiller derfor sektoren overfor store utfordringar. I St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken blir det peikt på at satsingsområda som blei identifiserte i den første miljøhandlingsplanen, framleis er aktuelle.

Satsingsområda er:

1. Ein må betre arealeffektiviteten og ta større omsyn til det biologiske mangfaldet.
2. Energibruken i bygningsmassen må reduserast.
3. Bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemda må kartleggjast betre og reduserast.
4. Avfallsmengdene i samband med byggjeverksemd må reduserast. Gjenbruk og ombruk av byggjemateriale må aukast.
5. Det bør satsast på god kvalitet og god byggjeskikk.
6. Det bør leggjast til rette for og gjennomførast miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar.

Betre arealeffektivitet er viktig, både for å redusere energibruken, ressursbruken og avfallsmengdene og for å sikre det biologiske mangfaldet. Nye utbyggingsområde bør etablerast med god arealutnytting, helst innanfor byggjesona langs kollektivaksar. Nybygg må bli meir arealeffektive, og den eksisterande bygningsmassen må utnyttast betre.

Bustad- og byggjesektoren står for 40 pst. av energibruken. Elektrisitet er den viktigaste energikjelda og står for om lag 79 pst. av den samla ener-

gibruken i husstandane. Det er eit stort potensial for å redusere bruken av elektrisitet og redusere utsleppet av klimagassar. Bustad- og byggjesektoren står også for 40 pst. av materialbruken i samfunnet. Mange materiale og produkt som blir nytta i byggjeverksemda, inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Om lag 40 pst. av alt avfall til deponi er byggavfall.

Husbanken og Statens bygningstekniske etat er underliggjande etatar under Kommunal- og regionaldepartementet som administrerer verkemiddel som kan påverke miljøtilstanden i sektoren på ein positiv måte.

På det samepolitiske området står Sametinget sentralt i miljøarbeidet. Miljøpolitikk og samiske interesser og rettar er knytte til samiske utmarksnæringar som reindrift, laksefiske, kyst- og fjordfiske osv. I tillegg er det samiske perspektivet viktig når det gjeld å ta vare på kulturlandskap og kulturminne.

Miljøprofilen i budsjettforslaget er ytterlegare utdjupa i vedlegg 4.

### 1.9 Om oppgåvene og rolla til fylkesmennene

#### Rollefordeling og oppgåver

Fylkesmannen utfører oppgåver på mange av dei fagområda som ligg til departementet. Ved å føre tilsyn og behandle klager skal Fylkesmannen medverke til å sikre at det i kommunale vedtak blir teke omsyn til rettstryggleiken til kvar enkelt innbyggjar. Fylkesmannen har ansvar for tverrsektoriell samordning av statlege styringssignal retta mot kommunesektoren. Denne samordninga er viktig for å ta vare på og vidareutvikle eit levedyktig lokalt folkestyre innanfor ramma av nasjonale mål. Fylkesmannen har ei viktig rolle som rettleiar og kontrollør overfor kommunane, særleg knytt til den kommunale økonomien og ulike juridiske spørsmål. Departementet har delegert utøving av statleg mynde overfor kommunane etter kommunelova til Fylkesmannen.

Fylkesmannen skal i 2005 framleis arbeide med særskild oppfølging av kommunar i «Register for betinget godkjenning og kontroll» (ROBEK). Kommunar skal ikkje få skjønnskot grunna dårleg økonomi utan at det er knytt til ein forpliktande plan for omstilling og kostnadsreduksjon.

Fylkesmannsembeta vil i 2005 framleis ha ei sentral rolle når det gjeld å støtte opp under moderniseringsarbeidet i kommunane. Løyvingane over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett til egne stillingar i fylkesmannsembeta blir vidareført i 2005. Stillingane skal framleis

vere knytte til arbeidet med omstilling og modernisering i kommunane. Embeta skal leggje forholda til rette for at kommunane skal kunne setje i gang omstillingsprosessar, og skal gjere kommunane kjende med det som finst av informasjon om omstillingsløysingar. Dette er ein del av regjeringa si satsing på omstilling og effektivisering i kommunane. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og modernisering må sjåast i samanheng med anna arbeid knytt til rettleiing, samordning og skjønnsdeling.

Fylkesmannen skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne gi rettleiing når det gjeld kommunerekneskapen og det arbeidet som skjer i regi av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk. Fylkesmannsembeta har ansvar for å fordele det ordinære skjønnsstilskotet til kommunane, og det inneber at fylkesmennene kan medverke økonomisk til omstilling og modernisering i kommunane. Fylkesmannen kan også gi økonomisk støtte til prosjekt som gjeld interkommunalt samarbeid og kommunesamanslåing. Det vil vere nødvendig med eit nært og omfattande samarbeid med Kommunenes Sentralforbund, slik det mellom anna er lagt opp til i «Kommunenettverk for effektivisering og fornying», der mellom anna bruk av KOSTRA-data står sentralt. I dialogen med kvar enkelt kommune vil Fylkesmannen kunne peike på behov for omstilling og organisatorisk endring, og eventuelle endringar vil kunne drøftast dersom både kommunen og Fylkesmannen har eit ønske om det. Det er likevel kommunen som har ansvaret for å bestemme innhaldet i og forma på den kommunale organiseringa.

Det er ein føresetnad at fylkesmannsembetet i kontakten med kommunane opptrer samordna, slik at embetet står fram som ei samla eining. I tillegg inneber samordningsansvaret at Fylkesmannen medverkar til at tilbagemeldingar frå kommunane om statleg politikk blir formidla vidare til sentrale styresmakter.

Fylkesmannen gjer visse førsteinstansvedtak og vedtak i klagesaker med heimel i plan- og bygningslova. Andre rettsgrunnlag er bustadlovgevinga og lov om oreigning med meir. Saker knytte til desse lovene er viktige for utbyggingsinteresser, og særleg gjeld det saksbehandlingstida i regulerings- og byggjesaker. Dette er saker som får direkte verknad for rettsstillinga til enkeltborgarar. Frå 1. juli 2003 gjeld det fristar for behandlinga av byggjesaker. For Fylkesmannen gjeld det ein seks vekers frist for behandling av klager der vedtaket er gitt utsetjande verknad. Fylkesmannen er med det same heimelsgrunnlaget oppteken av å informere kommunane, private aktørar og andre brukarar om nytt regelverk eller endringar i det gamle.

På denne måten er Fylkesmannen med på å sikre god kommunal saksbehandling og at det blir teke omsyn til behov hos den enkelte i samband med eit vedtak. Fylkesmannen skal også passe på at rettstryggleiken ikkje blir sett i fare, og at alle blir behandla likt. Alle vedtak skal dessutan vere i samsvar med god forvaltningsskikk. I tillegg er det viktig for Fylkesmannen å sjå til at kommunane rettar seg etter krav som gjeld estetikk, helse, miljø og tryggleik. Fylkesmannen skal også sikre at det blir teke omsyn til tilgjenge ved behandlinga av byggesaker.

Fylkesmannen skal fremme dialog og samarbeid mellom kommunane, særleg i byregionane, om lokalisering av og tilrettelegging for bustadbygging. I regionar med vekst er god balanse mellom tilbodet av arbeidsplassar og tilbodet av husvære eit viktig omsyn.

Fylkesmannen tek imot og behandlar meldingar om norsk statsborgarskap. Talet på meldingar til fylkesmennene er lågt i forhold til talet på søknader om norsk statsborgarskap behandla av Utlendingsdirektoratet. I proposisjonen om ny statsborgarlov vil det bli føreslått at fylkesmennene ikkje lenger skal behandle meldingar om norsk statsborgarskap. Det blir òg fremma forslag om å innføre ein seremoni for alle nye statsborgarar, og at fylkesmennene skal vere ansvarlege for å gjennomføre ein slik seremoni éin til to gonger i året. Det er rekna med at ny lov vil bli sett i kraft tidlegast i 2006.

Fylkesmannen har ansvar for å forvalte tilskot til norskopplæring for vaksne innvandrarar. Forvaltningsansvaret for norskopplæring for vaksne innvandrarar blei overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 2004. Stortinget vedtok 12. juni 2003 lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere. Lova blei gjord gjeldande frå 1. september 2003 som ei frivillig ordning for kommunane, og blei obligatorisk for kommunane frå 1. september 2004. Vedtak gjorde med heimel i denne lova er enkeltvedtak etter forvaltningslova, med dei presiseringane som følgjer av lova. Fylkesmannen er klageinstans og skal kunne prøve alle sider ved eit vedtak som blir påklaga. Overprøving av det frie skjønnet kan berre skje når dette skjønnet er openbert urimeleg. I Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv. er det gjort framlegg om å lovfeste opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Fylkesmannen vil bli klageinstans for dei vedtaka om norskopplæring som etter lova er enkeltvedtak.

Fylkesmannen skal spele ei viktig rolle i arbeidet for regional utvikling. Fylkesmannen skal sam-

ordne bidraga frå statlege styresmakter i den regionale partnerskapen. Viktige område for samordninga er utvikling av næringsverksemd og tenestetilbod av ulike slag, i tillegg til miljø- og naturforvaltning. Det er ei sentral politisk målsetjing å få ulike bidragsytarar til å utforme felles strategiar for regional utvikling saman med andre aktørar i den regionale partnerskapen. Fylkesmannen skal syte for at statlege organ deltek aktivt i arbeidet med fylkesplanen og fireårige handlingsprogram.

### Arbeid fylkesmennene har gjort for Kommunal- og regionaldepartementet i 2003

Fylkesmannsembeta rapporterer årleg om saksbehandling utført på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet på utvalde område. Departementet presenterer her nokre resultat frå rapporteringa for 2003.

Frå og med 2001 blei det knytt visse vilkår til den kontrollen Fylkesmannen fører med kommunebudsjetta. Dette førte til ein markant reduksjon i talet på budsjett som fylkesmennene kontrollerer. I 2003 oppheva fylkesmennene 19 budsjett. I 2002 blei 10 budsjett oppheva, i 2001 13, mot 27 i 2000.

Det er også knytt visse vilkår til fylkesmennene si behandling av kommunale låneopptak. I 2003 behandla fylkesmennene 307 søknader frå kommunane om låneopptak. 9 av søknadene blei ikkje godkjende.

I 2003 behandla fylkesmennene 246 kommunale garantisaker. I 235 av tilfella godkjende fylkesmennene garantivedtak gjorde i kommunane.

Etter kommunelova § 59 nr. 1 kan tre eller fleire kommunestyremedlemmer krevje at Fylkesmannen kontrollerer om vedtak gjorde av folkevalde organ eller administrasjonen er lovlege. Fylkesmannen kan også sjølv ta initiativ til å kontrollere om eit vedtak er lovleg, jf. kommunelova § 59.5. I 2003 fekk vi ein oppgang i talet på saker, frå 84 saker i 2002 til 97 saker i 2003. Av dei 97 sakene som fylkesmannsembeta behandla, blei 27 vedtak kjende ulovlege. Valet til kommune- og fylkesting i 2003 kan vere ei forklaring på auken i talet på saker frå 2002 til 2003. Konstituering etter val fører normalt til noko fleire kontrollar av om vedtak er lovlege.

I 2003 tok fylkesmennene imot ca. 3500 klagesaker knytte til byggjesaksdelen i plan- og bygningslova. Det er vesentleg fleire enn i 2002. Det blei gjort ca. 3500 vedtak, litt fleire enn i 2002. Prosentdelen av klager som blei tekne til følgje, var den same som i 2002. Det vil seie at om lag kvar fjerde klage blei teken til følgje. Det er ikkje mange

klagesaker knytte til oreigningslova og bustadlovene.

Det er framleis ein generell regel at saksbehandlingstida hos fylkesmennene når det gjeld saker etter plan- og bygningslova, oreigningslova og bustadlovene, ikkje skal overskride tre månader. Frå 1. juli 2003 er det sett ein frist på seks veker ved behandling av klagesaker med utsettjande verknad.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i dei ulike fylkesmannsembeta varierer mykje, frå 8 til 28 veker. For alle embeta rekna under eitt er den gjennomsnittlege saksbehandlingstida 16 veker, og dette er vesentleg betre enn året før. Talet på saker varierer også mykje, frå 34 saker i eitt embete til 494 saker i eit anna. Rapporteringa viser at det ikkje er nokon samanheng mellom talet på saker og den tida det tek å behandle ei sak.

Dei ulike embeta har også brukt mykje tid på å svare på førespurnader og gi informasjon om byggesaksreglane o.a.

## 1.10 Enkelte orienteringssaker

### 1.10.1 Oppfølging av stortingsmelding om barrierar for funksjonshemma

Ved behandlinga av St.meld. nr. 40 (2002–2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer bad Stortinget regjeringa om å utarbeide «en handlingsplan for å øke funksjonshemmedes tilgjengelegheit til transport, bygg, informasjon og andre viktige samfunnsområder».

Miljøverndepartementet har fått hovudansvaret for å følgje opp handlingsplanen. Regjeringa føreslår at det blir sett av omlag 20 mill. kr til å følgje opp planen, som ein egen post på budsjettet for Miljøverndepartementet. Delansvarlege departementet får tildelt midlar på bakgrunn av vidare behandling.

Stortinget gav i juni 2004 si tilslutning til St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Som det går fram av meldinga, er det å få bygd fleire universelt utforma husvære ein sentral strategi for å nå regjeringa sin visjon om at alle skal kunne bu godt og trygt. Å styrkje kompetansen hos alle aktørar, og ikkje minst hos brukarane, blir halde fram som eit viktig verkemiddel. Husbanken si rolle som kompetansesenter og formidlar av bustadrelatert kunnskap overfor kommunar, utbyggjarar og publikum skal derfor styrkjast. I tillegg skal dei økonomiske verkemidla Husbanken rår over, rettast inn mot formålet, samtidig som det arbeidet Husbanken og Statens bygningsteknisk etat gjer på området, skal koordinerast.

Vidare skal Bygningslovutvalet vurdere om lova i tilstrekkeleg grad sikrar tilgjenge for funksjonshemma i nybygg, og om lova skal gå lenger i å stille krav til eksisterande byggverk enn ho gjer i dag. Utvalet skal gi sine tilrådingar i 2005.

Vi viser til nærmare omtale under programkategoriane 13.80 Bustader og bumiljø og 13.81 Bygningssaker.

### 1.10.2 Overførbare løyvingar

Etter § 7 i løyvingsreglementet kan stikkordet «kan overførast» føyast til ved løyvingar til byggje- og anleggsverksemd og materiell (postane 30–49) og ved andre løyvingar der ein finn bruk av stikkordet påkravd for å oppnå eit best mogleg resultat av den aktuelle løyvinga.

I budsjettframlegget for Kommunal- og regionaldepartementet for 2005 blir det føreslått å knyte stikkordet «kan overførast» til desse postane:

Tabell 1.6 Oversikt over løyvingar som blir foreslått gjorde overførbare

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2004	Forslag 2005
500	21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag	3 128	10 500
500	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald	1 338	5 500
521	60	Integreringstilskot	63 140	2 768 300
521	71	Kunnskapsutvikling	18 247	39 900
521	72	Tilbakevending for flyktningar	31 885	8 850
521	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	19 577	12 950
551	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift		755 000
552	21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	3 887	8 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	29 216	269 300
581	22	Program for reduserte byggjekostnader		16 000
581	71	Tilskot til bustadkvalitet	158 944	15 000
581	75	Tilskot til etablering, utbedring og utleigehusvære	145 401	591 000
581	78	Kompetansetilskot	35 371	56 700
582	60	Rentekompensasjon		248 000
586	60	Oppstartingstilskot	1 345 628	1 313 800
2412	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald	43	5 000

**1.10.3 Garantiansvar under Kommunal- og regionaldepartementet**

Tabell 1.7 Oversikt over garantiansvar per 31. desember 2003

	(i 1 000 kr)		
	Samla garantiansvar 31.12.2002	Endring i 2003	Samla garantiansvar 31.12.2003
Kommunalbanken AS – innlån	17 544 656	- 5 675 216	11 869 440
Kommunalbanken AS – skolebygg	1 455	- 1 110	345
Husbanken – garantiar på tidlegare SIFBO-lån	459	- 288	171
Distriktsretta garantiar	3 950	-3 950	0
Sum garantiar	17 550 520	-5 680 564	11 869 956

**1.10.3.1 Garantiar under Kommunalbanken AS**

Etter omdanninga av Noregs Kommunalbank til aksjeselskap tek banken opp nye lån utan statsgaranti, medan statsgarantien blir halden ved lag for lån tekne opp før 1.11.1999. Garantiansvaret vil bli gradvis redusert etter kvart som Kommunalbanken betaler inn eldre lån. Ved utgangen av 2003 var garantiansvaret på om lag 11,9 mrd. kr.

Staten heftar også for det garantiansvaret Kommunalbanken AS har for kommunane sine lån i andre finansinstitusjonar til finansiering av skolebygg. Ved omdanninga av Noregs Kommunalbank til aksjeselskap blei denne ordninga avvikla, men halden ved lag for eksisterande garantiar. Ved utgangen av 2003 var dette garantiansvaret på 345 000 kr.

**1.10.3.2 Garantiar knytte til tidlegare SIFBO-lån**

Husbanken overtok i 1992 forvaltninga av utleigehusvære, innvilga lån og garantiar frå det tidlegare Selskapet for innvandrers- og flyktningeboliger (SIFBO). Det samla garantiansvaret var på 78 mill. kr da Husbanken overtok. Utleigehusværa er selde, og innvilga lån og garantiar skal forvaltast fram til dei er innfridde. Garantiansvaret blei redusert med kr 288 000 i 2003, og var ved inngangen til 2004 på kr 171 000.

**1.10.3.3 Distriktsretta garantiar**

Systemet med tapsfond for distriktsretta garantiar blei innført i 1991. Fram til og med 1996 disponerte Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane rammer for å yte distriktsretta garantiar. Ordninga opphøyrde i 1997. Ved utgangen av 2003 var det ikkje noko gjenståande garantiansvar.

## 2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2005

### 2.1 Innleiing

Gjennom Sem-erklæringa har regjeringa forplikta seg til å styrkje kommuneøkonomien og syte for at inntektsrammene for kommunesektoren får ein realvekst i denne stortingsperioden. Regjeringa følgjer opp dette i statsbudsjettet for 2005.

Regjeringa legg opp til ein reell vekst i dei samla inntektene i 2005 på nærmare  $2\frac{3}{4}$  mrd. kr, eller vel  $1\frac{1}{4}$  pst. Veksten i dei samla inntektene blir dermed noko høgre enn signalisert i kommuneproposisjonen for 2005. Veksten er rekna ut frå det nivået på inntektene for kommunesektoren i 2004 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Av veksten i dei samla inntektene er 1 mrd. kr frie inntekter. Regjeringa aukar tilskota til barnehagar med vel 1,2 mrd. kr og til handlingsplanen for psykisk helse med 400 mill. kr.

Løyvingane til ressurskrevjande brukarar aukar med om lag 350 mill. kr. Dette er utgifter som kommunane tidlegare måtte dekkje av dei frie inntektene.

Hovudelementa i inntektsveksten er vist i tabell 2.1.

Rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2004 blir veksten i dei samla inntektene på snautt  $3\frac{1}{2}$  mrd. kr og veksten i frie inntekter på om lag 2 mrd. kr. Det er da teke omsyn til at inntektsoverslaget for 2004 er nedjustert etter framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2004.

Det er føreslått om lag 700 mill. kr til reforma i grunnopplæringa. Av dette går 500 mill. kr til kompetanseutvikling. Vidare aukar timetalet for 1.–4. klasse i grunnskolen med 4 veketimar frå skoleåret 2005–2006. Kommunane blir kompenserte for auken i timetalet med ein auke i dei frie inntektene på om lag 135 mill. kr. Dette kjem i tillegg til realveksten i dei frie inntektene.

Kommunesektoren legg beslag på ein stor del av dei samla ressursane i samfunnet. Etterspørselen etter kommunale tenester vil truleg halde fram å auke i åra framover, mellom anna som følgje av demografiske endringar og auka forventningar til tilbodet hos mottakarane av tenestene. Avgrensa økonomiske rammer og auka forventningar frå innbyggjarane si side stiller nye krav til kommunane og fylkeskommunane. Dei må mellom anna

organisere drifta på ein kostnadseffektiv måte og tilpasse aktivitetsnivået til dei gjeldande økonomiske rammene.

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å samordne den statlege styringa av verksemda i kommunane og fylkeskommunane. Kommunar og fylkeskommunar har ansvar for viktige område, som barnehagar, grunnskole, pleie- og omsorgstenester, helse- og sosialtenester, tekniske tenester (knytte til veg, vatn, avløp og renovasjon), samferdsel og vidaregåande opplæring. Kommunar og fylkeskommunar har også eit viktig ansvar innanfor kultur- og miljøsektoren. Verksemda blir finansiert gjennom skatteinntekter, rammetilskot frå budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, brukarbetaling/gebyrinntekter og øyremerkte tilskot frå budsjetta for fagdepartementa. Nærmare omtale av statlege mål knytte til dei enkelte ansvarsområda i kommunesektoren er gitt i budsjettproposisjonane frå fagdepartementa.

### 2.2 Inntekter for kommunesektoren i 2004

I revidert nasjonalbudsjett 2004 og kommuneproposisjonen for 2005 (St.prp. nr. 64 (2003–2004)) blei realveksten i dei samla inntektene for kommunesektoren frå 2003 til 2004 rekna ut til drygt  $7\frac{1}{4}$  mrd. kr, eller om lag  $3\frac{3}{4}$  pst. Veksten i dei frie inntektene frå 2003 til 2004 blei rekna ut til i underkant av 5 mrd. kr, eller snautt  $3\frac{1}{2}$  pst.

Stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2004 førte til auka løyvingar til kommunesektoren på vel 50 mill. kr i forhold til forslaget frå regjeringa.

Etter at kommuneproposisjonen for 2005 og revidert nasjonalbudsjett 2004 blei lagde fram, har det kome ny informasjon om skatteinngangen som tilseier lågare skatteinntekter for kommunesektoren i 2004 enn det ein rekna med i revidert nasjonalbudsjett. I nasjonalbudsjettet 2005 er det lagt til grunn at skatteinntektene blir om lag 1 mrd. kr lågare enn overslaget i revidert nasjonalbudsjett, fordelt med om lag 800 mill. kr på kommunane og 200 mill. kr på fylkeskommunane. Det blir ikkje føreslått kompensasjon for skattesvikten.

Prisveksten på kommunal tenesteyting er nedjustert med 0,3 prosenteningar, frå 3 pst. til 2,7 pst. Dette inneber om lag 0,6 mrd. kr i lågare kostnader for kommunesektoren.

Ny rekneskapsinformasjon om løyvingar til ressurskrevjande brukarar på budsjettet for Sosialdepartementet viser eit auka behov for løyvingar på i underkant av 300 mill. kr i 2004. Utgifter til desse brukarane måtte kommunane tidlegare dekkje av dei frie inntektene, medan dei no blir refunderte av staten.

Etter dette ventar ein no om lag same nivå på dei samla inntektene i 2004 som ein rekna med i revidert nasjonalbudsjett 2004. Dei samla inntektene til kommunesektoren ventar ein kjem til å auke reelt med om lag 7¼ mrd. kr frå 2003 til 2004, noko som svarer til om lag 3¾ pst. Dei frie inntektene reknar ein no med kjem til å auke reelt med vel 4¼ mrd. kr, eller om lag 3 pst.

Departementet meiner at føresetnadene bør vere gode for at den finansielle situasjonen i kommunesektoren blir styrkt i 2004. Inntektsveksten i 2004 blir historisk sett svært sterk, sjølv om skatteinntektene blir lågare enn budsjettet. Kommunesektoren dreg også fordel av at rentenivået i gjennomsnitt ser ut til å bli lågare i 2004 enn det var i 2003 (sjå òg pkt. 2.7.7).

### 2.3 Samla inntekter for kommunesektoren i 2005

I kommuneproposisjonen for 2005 blei det lagt opp til ein reell vekst i dei samla inntektene for kommunesektoren på mellom 2 og 2½ mrd. kr frå 2004 til 2005, eller om lag 1 pst. Regjeringa legg no opp til ein reell vekst i dei samla inntektene i 2005 på nærare 2¾ mrd. kr, eller vel 1¼ pst. Av dette er 1 mrd. kr frie inntekter. Veksten er rekna ut frå det nivået på inntektene for kommunesektoren i 2004 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Ein må sjå det økonomiske opplegget for 2005 blant anna i samanheng med at kommunesektoren får ein monaleg inntektsvekst i 2004. Inntektsveksten for 2005 er om lag på linje med det som er føreslått i statsbudsjettet for tidlegare år. Eit stramt budsjettopplegg vil medverke til å dempe pris- og lønnsveksten og medverke til eit fortsatt lågt rentenivå. Dette vil kommunesektoren tene på.

I tabell 2.1 er realveksten i inntektene for kommunesektoren dekomponert.

Tabell 2.1 Hovudkomponentane i inntektsveksten i 2005, rekna ut frå overslag over inntektsnivået for 2004 i revidert nasjonalbudsjett 2004. Reell endring i mill. 2005-kr.

Frie inntekter	1 032
Øyremerkte overføringer	1 492
Av dette:	
– barnehagar	1 234
– psykisk helse	400
– ressurskrevjande brukarar	350
– investeringar i eldreomsorga	- 660
– anna, netto	168
Gebyrinntekter o.a.	155
Andre inntekter	4
<b>Totalt</b>	<b>2 683</b>

Frie inntekter er nærmare omtalte i pkt. 2.4.

Budsjettforslaget inneber ein reell vekst i dei øyremerkte overføringane til kommunesektoren på om lag 1½ mrd. kr. Den største delen av veksten kjem på området barnehagar, med vel 1,2 mrd. kr. Beløpet omfattar midlar til 9 000 nye plassar i 2005 og til likeverdig behandling av private og offentlege barnehagar. Det er også lagt inn midlar til å dekkje heilårseffekten av nye plassar i 2004 og til redusert foreldrebetaling frå 1. mai 2004 (trinn 1). For nærmare omtale av barnehagar, sjå pkt. 2.7.3 og budsjettproposisjonen frå Barne- og familiedepartementet.

Oppfølging av handlingsplanen for psykisk helse inneber auka løyvingar til kommunane på 400 mill. kr. For nærmare omtale av handlingsplanen, sjå pkt. 2.7.4 og budsjettproposisjonen frå Helsedepartementet.

Tilskot til ressurskrevjande brukarar aukar reelt med om lag 350 mill. kr. Dette er ei vidareføring av auka behov for løyvingar på 2004-budsjettet.

Tilskot til investeringar i eldreomsorga blir redusert med netto om lag 660 mill. kr. Årsaka er at storparten av oppstartingsstilskota til sjukeheimplassar og omsorgsbustader innanfor handlingsplanen for eldreomsorg er utbetalte.

Gebyrinntektene aukar reelt med 155 mill. kr. Det er da teke omsyn til at utbygging av fleire barnehageplassar i 2005 isolert sett vil gi auka gebyrinntekter til kommunane.

Rekna ut frå overslag for rekneskapsen for 2004 blir veksten i dei samla inntektene i 2005 på snau



3½ mrd. kr. Som nemnt i punkt 2.2, er skatteoverslaget for 2004 nedjustert med 1 mrd. kr samanlikna med overslaget som blei gitt i revidert nasjonalbudsjett 2004. Skattesvikten blir ikkje vidareført til 2005. I motsett retning trekkjer auka løyvingsbehov til ressurskrevjande brukarar på i underkant av 300 mill. kr i 2004.

#### Auke i momsen og større arbeidsgivaransvar i sjukelønnsordninga

Regjeringa føreslår i budsjettet for 2005 å auke den generelle momssatsen med 1 prosentpoeng. Dette gir isolert sett høgre utgifter, men kommunesektoren blir kompensert for dette gjennom momskompensasjonsordninga.

I budsjettet for 2005 føreslår regjeringa at arbeidsgivarperioden i sjukelønnsordninga blir redusert til to veker. Samtidig blir det innført ein eigendel på 10 pst. for arbeidsgivarar i trygdeperioden. Endringa trår i kraft frå 1. april 2005. Dette medfører auka kostnader for kommunesektoren på om lag 179 mill. kr, som det ikkje blir gitt kompensasjon for.

## 2.4 Frie inntekter for kommunesektoren

Frie inntekter for kommunesektoren består av rammetilskot og skatteinntekter, og utgjer om lag

69 pst. av dei samla inntektene til kommunesektoren. Desse inntektene kan kommunesektoren disponere fritt innanfor dei rammene gjeldande lover og reglar gir.

I kommuneproposisjonen for 2005 blei det varsla ein reell vekst i dei frie inntektene for kommunesektoren på mellom ¾ og 1½ mrd. kr frå 2004 til 2005, rekna ut frå overslag over inntektene i 2004 i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Regjeringa legg no opp til ein reell vekst i frie inntekter frå 2004 til 2005 på 1 mrd. kr, eller snaut ¾ pst., når ein reknar veksten ut frå overslaget for 2004 i revidert nasjonalbudsjett 2004. Når ein reknar veksten i frie inntekter ut frå overslag for rekneskapen for 2004, blir veksten på om lag 2 mrd. kr. Det er da teke omsyn til at overslaget over skatteinntekter til kommunesektoren for 2004 er redusert med om lag 1 mrd. kr etter framlegging av revidert nasjonalbudsjett 2004.

Veksten i frie inntekter på 1 mrd. kr blir fordelt med 500 mill. kr på kommunane og 500 mill. kr på fylkeskommunane. Dette gir ein monaleg sterkare relativ vekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane enn til kommunane, og grunnen er auken i elevtalet i vidaregåande opplæring. Dette er i tråd med det som blei varsla i kommuneproposisjonen.

Tabell 2.2 viser dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane i 2004 (overslag for rekneskap) og i 2005 etter forslaga frå regjeringa.

Tabell 2.2 Frie inntekter til kommunane og fylkeskommunane<sup>1</sup> i 2004 og 2005. Mill. kr og endring i prosent. Nominelle prisar.<sup>2</sup>

	Kommunane			Fylkeskommunane			Kommunesektoren i alt		
	2004 <sup>3</sup>	2005	Pst. endr.	2004 <sup>3</sup>	2005	Pst. endr.	2004 <sup>3</sup>	2005	Pst. endr.
Skattar i alt	86 187	89 180	3,5	15 948	17 600	10,4	102 135	106 780	4,5
– av dette skatt på inntekt og formue	82 317	85 150	3,4	15 948	17 600	10,4	98 265	102 750	4,6
Rammetilskot (ekskl. selskapskatt)	32 808	29 487	-10,1	11 727	11 674	-0,4	44 535	41 161	-7,6
Selskapskatt <sup>4</sup>		5 486						5 486	
Sum frie inntekter	118 995	124 153	4,3	27 675	29 274	5,8	146 670	153 427	4,6

<sup>1</sup> Oslo er delt i éin kommunedel og éin fylkeskommunedel.

<sup>2</sup> Prisveksten i kommunesektoren i 2005 reknar ein med blir på 3,2 pst.

<sup>3</sup> Overslag for rekneskap korrigert for endringar i oppgåver, jf. tabell 3.44 under programkategori 13.70

<sup>4</sup> Selskapskatt inngår i rammetilskotet i 2005

Samtidig med budsjettet legg departementet fram ei stortingsmelding om tilbakeføring av ein del av selskapskatten til kommunane. Som ei mel-

lombels løysing vil selskapskatten i 2005 og 2006 bli tilført som rammeoverføring over kap. 571, post 69.

Som ledd i omlegginga av inntektssystemet har Stortinget lagt til grunn at den delen skattane utgjer av dei samla inntektene til kommunesektoren, skal auke til 50 pst. innan 2006. I 2004 er skattedelen utrekna til 48 pst. Departementet legg opp til å auke denne prosentdelen til 50 pst. allereie i 2005.

Forslag til skattøyrar for personlege skattytarar går fram av tabell 2.3. Skattøyren er uendra for kommunane og aukar med 0,4 prosenteningar for fylkeskommunane.

Tabell 2.3 Kommunale og fylkeskommunale skattøyrar for alminneleg inntekt for personlege skattytarar. Maksimalsatsar for 2004 og forslag til maksimalsatsar for 2005 (pst.)

	Kommunar	Fylkeskommunar
Satsar 2004	13,2	2,6
Forslag til satsar 2005	13,2	3,0

Som ledd i skattereforma blir det føreslått lettar i skattlegginga av personar, og dette inneber reduserte skatteinntekter for kommunane og fylkeskommunane. Dette trekkjer isolert sett i retning av auka skattøyrar dersom ein skal halde eit gitt nivå på skatteinntektene. Ein auke i skattedelen til 50 pst. trekkjer også i retning av auka skattøyrar. Innføring av selskapsskatt for kommunane trekker isolert sett i retning av lågare skattøyrar. Selskapsskatten, som utgjer 5,5 mrd. kr i 2005, inneber isolert sett ein tilsvarende reduksjon i personskatten til kommunane.

## 2.5 Samla inntekter og dei enkelte inntektsartane

Tabell 2.4 viser utviklinga i dei samla inntektene og dei enkelte inntektsartane for kommunesektoren frå 2004 til 2005 i nominelle prisar.

Tabell 2.4 Overslag over inntekter for kommunesektoren i 2005. Mill. 2005-kr og endring i prosent frå 2004.

	2005	Endr. i pst. frå 2004 <sup>1</sup>
Skatteinntekter	106 780	4,5
Av dette:		
– skatt på inntekt og formue	102 750	4,6
– andre skattar	4 030	4,1
Rammetilskot ekskl. selskapsskatt	41 161	-7,6
Selskapsskatt <sup>2</sup>	5 486	
Frie inntekter	153 427	4,6
Øyremerkte tilskot <sup>3</sup>	22 998	8,8
Gebyr	32 686	3,7
Momskompensasjon	11 506	–
Andre inntekter <sup>4</sup>	3 895	3,3
Samla inntekter	224 512	5,8

<sup>1</sup> Ved utrekning av den prosentvise endringa er det teke utgangspunkt i overslag for rekneskapen for 2004, korrigert for endringar i oppgåver.

<sup>2</sup> Selskapsskatt inngår i rammeoverføringane i 2005.

<sup>3</sup> Eksklusive tilskot til arbeidsmarknadstiltak, flyktningar o.a.

<sup>4</sup> Omfattar diverse overføringar frå private og visse refusjonar og tilbakebetalingar.

Dei samla inntektene aukar med 5,8 pst. frå 2004 til 2005. Når ein held momskompensasjonsordninga utanom, er veksten 4,9 pst. Med ein estimert lønns- og prisvekst i kommunesektoren på

3,2 pst. i 2005, svarer dette til ein realvekst på vel 1½ pst. eller snautt 3½ mrd. kr. Veksten er her rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2004.

Ein reknar med at skatteinntektene aukar med 4,5 pst., medan rammetilskotet blir redusert med 7,6 pst. I tillegg kjem selskapsskatt på om lag 5,5 mrd. kr som inngår i rammeoverføringane i 2005 og 2006. Dei frie inntektene (summen av skatteinntekter og rammetilskot) aukar med 4,6 pst., jf. tabell 2.2. Dette svarer til ein realvekst i dei frie inntektene på om lag 1,4 pst. Veksten i skatteinntekter samanlikna med rammetilskotet har mellom anna samanheng med at skattedelen aukar frå 48 til 50 pst.

Øyremerkte tilskot aukar med 8,8 pst. Dette svarer til ein realvekst på 5,5 pst. Dei viktigaste øyremerkte satsingane gjeld barnehagar og oppfølging av handlingsplanen for psykisk helse.

Gebyrinntekter aukar med 3,7 pst. Dette svarer til ein realvekst på om lag ½ pst.

## 2.6 Innlemming av øyremerkte tilskot i inntektssystemet

Regjeringa har som overordna mål å sikre kommunesektoren større handlefridom når det gjeld å gjere eigne prioriteringar og leggje til rette for organisatoriske løysingar lokalt som er tilpassa brukarane. Reduksjon av øyremerkte tilskot er eit viktig ledd i dette. Regjeringa har sett som prinsipp at rammefinansiering skal vere hovudfinansieringsmodellen for kommunesektoren. Gjennom rammefinansiering kan ein leggje til rette for auka prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet.

Ved innlemming av øyremerkte tilskot blir midlane overførte til rammetilskotet, og dei oppgåvene som tidlegare er blitt finansierte gjennom øyremerking, blir vidareførte. Innlemming av øyremerkte tilskot utgjer ikkje ein del av veksten i dei frie inntektene, men medverkar til å auke den prosentdelen dei frie inntektene utgjer av dei samla inntektene.

I kommuneproposisjonen for 2004 la regjeringa fram ein plan for perioden 2004–2007 om innlemming av øyremerkte tilskot i inntektssystemet. I tråd med denne planen blei det i kommuneproposisjonen for 2005 foreslått at desse tilskota skulle innlemmast i dei frie inntektene frå 2005:

- kap. 621.61 Tilskot til vertskommunar (delvis innlemming)
- kap. 726.61 Rehabilitering, helsetiltak for rusmiddelmissbrukarar

I tillegg blei kap. 223.70 Tilskot til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov foreslått innlemma.

Ved behandlinga av kommuneproposisjonen gav Stortinget si tilslutning til delvis innlemming

av vertskommunetilskotet i 2005. Dei andre innlemmingsforslaga blei forkasta av Stortinget.

Det meste av dei statlege midlane til tiltak for psykisk utviklingshemma blir no overførte gjennom inntektssystemet til kommunane, der talet på psykisk utviklingshemma er eit eige kriterium i kostnadsnøkkelen. Siktemålet med vertskommunetilskotet er å skjerme 33 vertskommunar for tidlegare HVPU-institusjonar mot visse omfordelingsverknader i inntektssystemet. Tilskotet blei gjennomgått i samband med behandlinga av St.prp. nr. 1 (2001–2002) frå Sosial- og helsedepartementet, da Stortinget mellom anna vedtok å innføre årlege teljingar av kor mange psykisk utviklingshemma det er som blir omfatta av ordninga frå 2004. Når talet på klientar som blir omfatta av ordninga blir redusert, blir vertskommunetilskotet redusert tilsvarende. Tidlegare har teljingane vore gjennomførte kvart fjerde år.

Ved behandlinga av kommuneproposisjonen for 2005 gav Stortinget si tilslutning til forslaget frå regjeringa om delvis innlemming av vertskommunetilskotet, tilsvarende kriteriet for talet på psykisk utviklingshemma i inntektssystemet, jf. Innst. S. nr. 255 (2003–2004). I 2005 blir om lag 520 mill. 2004-kr innlemma i inntektssystemet frå kap. 761, post 61 Tilskot til vertskommunane. Av dette er om lag 436 mill. kr knytt til delvis innlemming av tilskotet i inntektssystemet, medan om lag 84 mill. kr er knytt til at talet på brukarar er redusert. Midlane blir prisjusterte til 2005-verdi når dei blir lagde inn i inntektssystemet.

Innlemminga inneber at kriteriet i inntektssystemet som gjeld psykisk utviklingshemma, vil bli vektta opp. Dermed vil alle psykisk utviklingshemma, dvs. både dei som blir omfatta av vertskommunetilskotet og andre, utløyse den same utbetalinga. Justeringa av kriterievekta gjer at innlemminga av tilskotet ikkje har fordelingsverknader mellom kommunane. For ein nærmare omtale av innlemminga viser vi til omtale i kommuneproposisjonen for 2005, kap. 5.3, og omtale i denne proposisjonen under programkategori 13.70.

I 2005 er det 1032 psykisk utviklingshemma som blir omfatta av vertskommunetilskotet. Reduksjonen i tilskotet på om lag 84 mill. kr kjem av at ein del personar har falle frå i perioden f.o.m. 2000 t.o.m. 2003, totalt 126 personar. Den reduserte løyvinga blir også innlemma i inntektssystemet til kommunane.

Ved behandlinga av kommuneproposisjonen bad Stortinget regjeringa følgje opp avtalen mellom Sosialdepartementet og vertskommunane inngått i 2001. Ei overgangsordning over fem år for tilskotet knytt til redusert antall brukarar, inneber at vertskommunane kan behalde inntekter for bruka-

rar i opptil ni år etter at brukaren har falle frå, frå 2000 t.o.m. 2008, som er siste året tilskotet som blir innlemma i 2005 utløyser tilskot gjennom overgangsordninga. Da vertskommunetilskotet blei redusert i 2001 som følgje av ny teljing, blei midlane lagde inn i overgangsordninga. Departementet legg opp til å følgje tidlegare praksis, og legg tilskotet knytt til redusert antall brukarar inn i overgangsordninga i 2005.

## 2.7 Andre saker

### 2.7.1 Kommunal selskapsskatt og endringar i inntektsutjamninga

Regjeringa fremma i kommuneproposisjonen for 2005 (St.prp. nr. 64 (2003–2004)) forslag om å tilføre kommunane ein del av selskapsskatten. Forslaget inneheldt to element: 1) tilbakeføring av ein del av selskapsskatten og 2) omlegging av inntektsutjamninga. Stortingsfleirtalet slutta seg i hovudsak til forslaget frå regjeringa, men ønskte samtidig å få utgreidd fleire forslag til modellar for tilbakeføring av ein del av selskapsskatten.

Samtidig med budsjettforslaget legg Kommunal- og regionaldepartementet fram ei stortingsmelding om tilbakeføring av ein del av selskapsskatten til kommunane og omlegging av inntektsutjamninga. I meldinga blir det skissert fleire alternative modellar. Departementet tilrår i meldinga at den modellen som blei føreslått i kommuneproposisjonen, blir innført frå og med 2005. Hovudelementa i forslaget frå regjeringa er

- å tilbakeføre om lag 5,5 mrd. kr i selskapsskatt til kommunane i 2005. Fordi ei tilbakeføring av ein del av selskapsskatten ikkje skal kome i tillegg til andre inntekter, blir kommunane sine inntekter frå personskatten isolert sett redusert med eit tilsvarende beløp.
- å leggje om dagens system for inntektsutjamning til ei symmetrisk ordning frå 2005. Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet får frå og med 2005 trekt 55 prosent av differansen mellom eiga skatteinntekt og landsgjennomsnittet, medan kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet får kompensert 55 prosent av differansen mellom eiga skatteinntekt og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 prosent av landsgjennomsnittet får ein tilleggskompensasjon på 35 prosent av differansen mellom eiga skatteinntekt og 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Frå skatteåret 2005 vil selskapsskatten bli tilført eit felleskommunalt skattefond. Kommunane vil for

første gong få tilført selskapsskatt frå skattefondet i 2007, basert på skatteåret 2005. I St.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte-, avgifts- og tollvedtak er det føreslått ein skattesats på 4,25 pst. i 2005 for etter-skotspliktige skattytarar til det felleskommunale skattefondet.

Som ei mellombels løysing vil selskapsskatten i 2005 og 2006 bli tilført over kap. 571, post 69, jf. omtale under kap. 571. Selskapsskatten som blir tilført kommunane i 2005, er basert på skatteåret 2002.

Som følgje av omlegginga av inntektsutjamninga vil skattesterke kommunar oppleve ein vesentlig auke av trekket i inntektsutjamninga. For at desse kommunane ved slutten av rekneskapsåret ikkje skal ha gjeld på innbyggjartilskotet, legg departementet opp til å halde tilbake utbetalinga av selskapsskatten for ein del kommunar til slutten av rekneskapsåret, jf. omtale under kap. 571, post 69.

### 2.7.2 Momskompensasjonsordninga for kommunar og fylkeskommunar

Frå 1. januar 2004 erstatta den generelle momskompensasjonsordninga for kommunar og fylkeskommunar den avgrensa ordninga, jf. lov av 17. februar 1995, som hadde vore i drift sidan 1. mai 1995. Formålet med kompensasjonsordninga er å nøytralisere konkurransevridingar som kan oppstå som følgje av meirverdiavgiftssystemet, ved at kommunane sine kjøp av tenester frå private blir likestilte med kommunal eigenproduksjon av tenester.

Det er fastsett som prinsipp at momskompensasjonsordningane skal finansierast av kommunesektoren sjølv, gjennom trekk i rammetilskotet. Momskrava for aktivitet i 1995 blei trekte i rammeoverføringane i 1997. Momskrav for aktivitet i 2003 har tilsvarende sitt motsvar i lågare rammeoverføringer i 2005.

Den utvida, generelle momskompensasjonsordninga blei gjord gjeldande frå 2004. Trekket i rammeoverføringane i 2004 blei auka slik at det svarer til full årseffekt av den nye ordninga. Verknadene av den avgrensa ordninga gjekk til frådrag i trekket. Kompensasjonskrav for 2003 må derfor finansierast særskilt ved eit eingongstrekk på statsbudsjettet for 2005. Rammeoverføringane skal igjen justerast opp i 2006. Trekket i 2005 blir halde utanom ved utrekning av veksten i dei frie inntektene frå 2004 til 2005.

Departementet føreslår at kommunane og fylkeskommunane blir trekte i rammetilskotet for 2005 tilsvarende det beløpet som dei krev kompensert for året 2003. Dette utgjer snautt 1,8 mrd. kr. Departementet har tidlegare varsla at kompensa-

sjonskrav for 2003 først skal takast til inntekt i 2005 (når kompensasjonen blir motteken). I 2005 vil kvar enkelt kommune og fylkeskommune dermed økonomisk sett kome ut i null, når det gjeld krav for 2003 og finansiering av slike.

Kommunar og fylkeskommunar hadde etter lov av 17. februar 1995 frist til 1. juni i kalenderåret etter at innkjøpa blei gjennomførte, med å sende inn krav om kompensasjon for meirverdiavgift i samband med innkjøpa. Kompensasjonskrav for 2003 skulle dermed ha vore innsende til skattestyresmaktene innan 1. juni 2004. Krav om kompensasjon innsende seinare enn 1. juni 2004 kan likevel ikkje reknast som bortfalne, jf. foreldelseslova § 2-3. Krav som skattestyresmaktene tek imot innan dei fristane som foreldelseslova set, vil bli utbetalt. Det må derfor takast atterhald om at trekket i rammetilskota for 2005 kan bli korrigert dersom det skjer vesentlege endringar i krava frå enkeltkommunar eller fylkeskommunar. Departementet vil eventuelt kome tilbake til dette i revidert nasjonalbudsjett 2005.

Når det gjeld den generelle momskompensasjonsordninga, vil departementet som tidlegare varsla kome tilbake i revidert nasjonalbudsjett 2005 med ei vurdering av det totale uttrekket av rammetilskotet, når dei samla momskompensasjonskrava frå kommunesektoren for 2004 er kjende. Når kompensasjonskrava for den einskilde kommune/fylkeskommune fordelt på drift og investeringar er kjende, vil trekket knytt til drift for den einskilde kommune/fylkeskommune også bli vurdert.

### 2.7.3 Barnehagar

Barnehageplass til alle som ønskjer det er regjeringa sitt viktigaste mål i barnehagepolitikken. For å støtte opp under dette er det dei siste åra innført ei rekkje økonomiske og juridiske verkemiddel som eige investeringstilskot, lovfesting av utbyggingsplikt og plikt til samordna opptaksprosess i kommunane.

Frå 1. mai 2004 trådde forskrift om maksimalpris i barnehagar i kraft. Høgare utbygging og lågare pris har ført til ei vesentleg endring i etterspørselen etter heiltids barnehageplassar. Effekten er større enn venta. Kommunane har rapportert at det totalt står om lag 23 250 barn på venteliste for barnehageplass per 1. august 2004. Regjeringa meiner at det ikkje er realistisk å vente ei utbygging av plassar siste halvår 2004 og i 2005 som dekkjer dette behovet. Sjølv med ei vidareføring av dagens sterke statlege verkemiddel knytt til etablering av nye plassar, meiner regjeringa at det vil

vere mest realistisk å gjennomføre den resterande utbygginga over to år.

For å styrke arbeidet med å legge til rette for full barnehagedekking, er det i budsjettforslaget for 2005 prioritert tiltak som sikrar stabile driftsvilkår for private barnehagar, samtidig som dei gunstige økonomiske ordningane for etablering av nye barnehageplassar blir vidareført. Av omsyn til alle dei som ikkje har fått det barnehagetilbodet dei ønskjer til fastsett foreldrebetaling, meiner regjeringa det ikkje er forsvarleg å innføre trinn 2 av maksimalprisen frå 1. august 2005.

Private barnehagar er ein viktig del av barnehagetilbodet i mange kommunar. Gode og sikre driftsvilkår er ein viktig føresetnad for at private skal kunne oppretthalde eksisterande drift og samtidig leggje til rette for vidare utbygging. Gode økonomiske rammer for dei private barnehagane er derfor eit viktig verkemiddel for å nå målet om barnehageplass til alle som ønskjer det. I budsjettforslaget for 2005 styrkjer regjeringa satsinga på barnehagar med i overkant av 490 mill. kr. Av dette er om lag 230 mill. kr foreslått som ei styrking av det offentlege tilskotet til private barnehagar frå 1. august 2005. Midlane skal vere målretta mot dei private barnehagane som til no har teken imot minst i kommunale tilskot. Barne- og familiedepartementet vil sende på høyring forslag til endring av forskrift om likeverdig behandling. Forslaget vil innebere at den einskilde kommune i tillegg til å syte for kostnadsdekking, skal ha plikt til å finansiere private barnehagar slik at samla offentleg tilskot utgjer minst 85 pst. av det tilsvarende barnehagar ått av kommunen i gjennomsnitt tek i mot.

I budsjettforslaget er det vidare lagt inn 260 mill. kr til etablering av nye plassar til 9000 barn – 2800 for barn over 3 år og 6200 for barn under 3 år. Det er lagt inn tilstrekkeleg med midlar til fullfinansiering av desse plassane. Det statlege øyremerkte driftstilskotet over kap. 856, post 60 er prisjustert. Investeringstilskotet over kap. 856, post 61 er nominelt uendra.

Samla sett er det ein reell auke i løyvingane til barnehagar med vel 1,2 mrd. kr i 2005. I tillegg til midlane til 9000 nye plassar i 2005 (260 mill. kr) og til styrking av det offentlege tilskotet til private barnehagar (230 mill. kr), kjem midlar til å dekkje heilårseffekten av nye plassar i 2004 og til redusert foreldrebetaling frå 1. mai 2004 (trinn 1).

### 2.7.4 Opptappingsplanen for psykisk helse

Den økonomiske driftsramma til kommunane over Opptappingsplanen for psykisk helse 1998–2008 aukar med i alt 400 mill. kr, dvs. meir enn ei dobling i forhold til 2004. Dei fire største byane vil få ei

særleg ramme på 50 mill. kr med sikte på å dekkje opp for storbyproblematikken. Dei resterande midlane (350 mill. kr) vil bli fordelte mellom kommunane etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.

### 2.7.5 Ny finansieringsordning for krisesenter

I samband med Stortinget si behandling av kommuneproposisjonen for 2005 blei det vedteke ei ny finansieringsordning for krisesenter frå og med 2005. Den nye finansieringsordninga inneber at kommunane skal stå for 20 pst. og staten for 80 pst. av finansieringa av krisesentra. Det vil framleis vere slik at det er det kommunale tilskotet som utløyser og fastset nivået på det statlege tilskotet. Private gåver/bidrag bør ikkje vere ein nødvendig føresetnad for drifta av krisesentra, og ikkje-kommunale bidrag utløyser derfor ikkje lenger statleg tilskot. Ved at ikkje-kommunale bidrag blir haldne utanfor tilskotsordninga, blir finansieringa sikrare både for krisesentra og for staten. Som følgje av den nye finansieringsordninga for krisesentra, blir rammetilskotet til kommunane redusert med 29,7 mill. kr i 2005. Uttrekket vil bli fordelt mellom kommunane etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.

### 2.7.6 Oppfølging av reforma i grunnsopplæringa

Regjeringa har som mål å skape ein skole som legg større vekt på fagleg kompetanse, opnar for større mangfald og gir elevane eit meir likeverdig tilbod. Som ledd i denne satsinga vil regjeringa i 2005 løyve om lag 700 mill. kr til den reforma som blei presentert i St.meld. nr. 30 (2003–2004) Kultur for læring. Om lag 500 mill. kr av løyvinga blir prioritert til kompetanseutvikling. Dette er den første delen av det store kompetanseløftet som er nødvendig for å gjennomføre reforma, og gjer rom for både ein strategi for kompetanseutvikling og vidareføring av høgt prioriterte tiltak som demonstrasjonsskolar og dei nasjonale strategiplanane. Strategien for kompetanseutvikling skal gjelda for perioden 2005–2008, og dei viktigaste aktørane i arbeidet har slutta seg til strategien – Kommunenes Sentralforbund, lærarane og skoleleiarane sine organisasjonar og universitets- og høgskolesektoren. Strategien følgjer opp Stortinget sin prioritering når det gjeld kompetanseutvikling, og den vil vere eit grunnlag for utarbeiding av lokale planar. Regjeringa foreslår vidare å nytte om lag 145 mill. kr til å utvide timetalet i grunnskolen med ytterlegare fire veke timar frå hausten 2005. Av dette beløpet gjeld 135 mill. kr kommunane. Utvikling av nye læreplanar er eit anna prioritert tiltak i reforma i

grunnsopplæringa. Det blir foreslått ei løyving på om lag 40 mill. kr til utvikling av nye læreplanar i 2005. Reforma i grunnsopplæringa skal settast i verk frå hausten 2006 for 1.–9. trinn i grunnskolen og for vidaregåande trinn 1 i vidaregåande opplæring. Dersom det i einiske kommunar er særleg tungtvegande årsaker til å utsetje innføringa av nye læreplanar til hausten 2007, vil Utdannings- og forskingsdepartementet vurdere dette etter søknad. Vidare vil det etter søknad frå grunnskoleeigar vere mogleg å ta i bruk nye læreplanar frå hausten 2005. Frå hausten 2007 vil reforma bli sett i verk for 10. trinn i grunnskolen og for vidaregåande trinn 2 i vidaregåande opplæring. Hausten 2008 vil ho bli satt i verk for vidaregåande trinn 3.

### 2.7.7 Rentenivå og pensjonskostnader – verknad på kommuneøkonomien

Økonomien i kommunesektoren blir påverka av renteutviklinga. Kommunesektoren har ei netto renteberande gjeld på 70–80 mrd. kr. Frå desember 2002 er styringsrenta fastsett av Noregs Bank blitt redusert med 5,25 prosentpoeng.

På kort sikt vil nedgangen i styringsrenta fastsett av Noregs Bank først og fremst få følgjer for den delen av låneporteføljen som har flytande rente. Ein nokså stor del av gjelda i kommunesektoren har derimot langsiktig rentebinding, og gjelda blir dermed berre gradvis påverka av ein nedgang i styringsrenta. Samtidig vil ein rentereduksjon raskt redusere renteinntektene frå bankinnskott. Kor raskt kommunesektoren kan realisere gevinsten av rentefallet, er derfor usikkert. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser ein nedgang i netto renteutgifter for kommunesektoren på 900 mill. kr frå 2002 til 2003.

Delar av gjelda i kommunesektoren er knytt til opptak av lån til etablering av sjukeheimplassar, omsorgsbustader og opprusting av skolebygningar. Dei statlege tilskota til rentekompensasjon knytte til desse låneopptaka vil bli reduserte som følgje av rentenedgangen. Kommunane har derfor ingen gevinst av rentenedgangen knytt til desse låna.

Generelt blir verknaden av rentenivået på dei kommunale budsjetta halden utanom i forslaget frå regjeringa til inntektsrammer for kommunesektoren. Endringar i rentenivået kjem derfor som gevinst eller tap for kommunane utover den føreslåtte inntektsramma.

Kommuneøkonomien blir også indirekte påverka gjennom den effekten renta har på finansavkastninga i livselskapa og Kommunal Landspensjonskasse (KLP), som i neste omgang kan få verknader for premieinnbetalingane frå kommunane og

fylkeskommunane. Ein nedgang i det gjennomsnittlege rentenivået vil isolert sett redusere avkastninga på den delen av livselskapa sin portefølje som blir påverka av endringar i den flytende renta. Ein nedgang i det gjennomsnittlege rentenivået vil på den andre sida kunne ha ein positiv effekt på avkastninga av andre aktiva, som eigedom og aksjar. Livselskapa og KLP vil venteleg vurdere samansetjinga av porteføljen når renta endrar seg. Departementet vil understreke at verknaden av ein generell rentereduksjon på avkastninga av pensjonskapitalen er halden utanom i dei vurderin-

gane departementet har gjort av kva renta har å seie for kommuneøkonomien, jf. ovanfor.

Kommunesektoren fekk ein monaleg auke i pensjonsutgiftene i 2001 (om lag 3 mrd. kr) samanlikna med dei føregåande åra. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2002 blei kommunesektoren delvis kompensert for dette gjennom auka løyvingar på 750 mill. kr til generell styrking av kommuneøkonomien. Pensjonskostnadene for kommunesektoren ligg i 2003 på omtrent same nivå som i 2001. Førebels signal frå Kommunal Landspensjonskasse indikerer ikkje vesentlege endringar i pensjonskostnadene for 2004 og seinare år.





*Del II*  
*Nærmere om budsjettforslaget for 2005*



## Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.

Utgifter under programkategori 13.10 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
500	Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)	199 744	199 800	209 200	4,7
502	Valutgifter	23 857	5 000	31 700	534,0
2427	Kommunalbanken AS			17 200	
	Sum kategori 13.10	223 601	204 800	258 100	26,0

Inntekter under programkategori 13.10 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3500	Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 500)	6 638			
5316	Kommunalbanken AS	18 861	13 800	10 500	-23,9
5616	Aksjeutbytte i Kommunalbanken AS	30 800	32 400	17 200	-46,9
	Sum kategori 13.10	56 299	46 200	27 700	-40,0

I høve til 2004 er disse tekniske endringane gjorde:

Ansvar for arbeidsrettsfeltet blei overført frå kommunal- og regionalministeren til arbeids- og sosialministeren 18.6.2004. Frå 2005 er derfor løy-

vinga under kap. 503 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a. , post 1 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter flytta til Arbeids- og sosialdepartementet kap. 603 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.

**Kap. 500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	168 084	165 700	173 700
21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, <i>kan overførast</i>	6 841	10 600	10 500
22	KOSTRA – rapporteringssystem for kommunar og fylkeskommuner, <i>kan overførast</i>	1 336		
45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 483	5 500	5 500
50	Forskningsprogram via Noregs forskingsråd	18 000	18 000	19 500
	Sum kap. 500	199 744	199 800	209 200

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 500, post 1 sett ned med 2,2 mill. kr til 163,5 mill. kr. Løyvinga på post 21 blei auka med 3,5 mill. kr til 14,1 mill. kr. Løyvinga på post 50 blei sett ned med 3,5 mill. kr til 14,5 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Post 1 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til lønn til tilsette og til drift av departementet.

**Resultatrapport for 2003–2004**

1. mars 2004 var 288 stillingar lønte over kap. 500, post 1 på budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet. For rapportering om likestilling viser vi til vedlegg 5.

I perioden 2003–2004 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd desse meldingane og proposisjonane som er lagde fram for Stortinget:

- St.meld. nr. 40 (2003–2004) Oppfølging av anmodningsvedtak nr. 519 (2002–2003) – klager ved stortingsvalg
- St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken
- St.meld. nr. 21 (2003–2004) Styringsforhold på utlendingsfeltet
- St.meld. nr. 10 (2003–2004) Om Sametingets virksomhet i 2002
- St.meld. nr. 8 (2003–2004) Rikt mangfold i nord. Om tiltakssonen i Finnmark og Nord-Troms
- St.meld. nr. 6 (2003–2004) Kostnadsnøkkel for sosiale tjenester i inntektssystemet for kommunene
- St.prp. nr. 64 (2003–2004) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2005 (kommuneproposisjonen)
- Ot.prp. nr. 77 (2003–2004) Om lov om endringer i arbeidsmiljøloven, ligningsloven, utlendingsloven og allmenngjøringsloven
- Ot.prp. nr. 51 (2003–2004) Om lov om endringer i utlendingsloven m.m. (senking av nedre straf-

feramme for utvisning og fritt rettsråd i asylsaker)

- Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv.
- Ot.prp. nr. 44 (2003–2004) Om lov om endringer i utlendingsloven (EØS-utvidelsen)
- Ot.prp. nr. 39 (2003–2004) Om lov om endring i lov 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank (husbankloven)
- Ot.prp. nr. 30 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven og utlendingsloven
- Ot.prp. nr. 26 (2003–2004) Om lov om endringer i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven)

Spørsmålet om kommunal selskapsskatt og endringer i inntektsutjamninga vil bli lagt fram som eiga sak for Stortinget i oktober 2004.

**Andre prosjekt og større arbeid i 2003–2004**

Departementet har finansiert og delteke med sekretariat i arbeidet med desse offentlege utgreiingane:

- NOU 2003:24 Mer effektiv bygningslovgivning. Utvalet blei sett ned våren 2002 og arbeider med ein total revisjon av bygningsdelen av plan- og bygningslova. I mandatet for utvalet er forenkling og effektivisering særleg framheva, i tillegg til ei opprydding i strukturen i lova. Utvalet kom med si første delutgreiing i oktober 2003. Ho inneheldt mellom anna forslag til lovregulering av utbyggingsavtalar.
- NOU 2004:2 Effekter og effektivitet. Utvalet hadde som mandat å klargjere verknadene av

statleg innsats og statlege reguleringar som har mykje å seie for regional utvikling og for dei distriktpolitiske måla om å halde oppe hovudtrekka i busetnadsmønsteret og sikre likeverdige levekår i heile landet.

- NOU 2004:15 Regional statsstøtte og EØS-reglane. Utvalet har kartlagt handlingsrommet for regional- og distriktpolitiske verkemiddel innanfor ramma av EØS-avtalen og ESA sine retningslinjer for offentleg støtte. For å dra nytte av internasjonale erfaringar har utvalet også sett på kva verkemiddel som blir nytta i andre delar av EØS-området.

Andre prosjekt og større arbeid som kan nemnast særskilt:

- Departementet har også i 2004 arbeidd med bruken av Internett som ein viktig informasjons- og formidlingskanal. Det er i 2004 satsa på informasjon via elektroniske nyhendebrev på dei politikkområda som høyrer inn under departementet. Vidare har prosjektet «Stifinneren – modernisering for velferd», der åtte kommunar deltek saman med departementet, knytt seg til Arbeids- og administrasjonsdepartementet sin nettportal [www.kunnskapsnettverk.no](http://www.kunnskapsnettverk.no). Dette er ein portal som støttar opp om horisontale læringsnettverk i offentleg sektor. På nettsidene vil resultat frå prosjektet og erfaringar frå omstillingsarbeidet i kommunane bli formidla.
- Nye lov- og forskriftsreglar om kommunal revisjon blei sette i verk 1. juli 2004. Regelendringane inneber mellom anna at kommunar og fylkeskommunar kan konkurranseutsetje revisjonen.
- Departementet har delteke i det arbeidet Europarådet gjer med å utarbeide særskilde retningslinjer for elektronisk val i Noreg.
- Departementet har sett ned ei breitt samansett arbeidsgruppe for å greie ut ulike problemstillingar knytte til elektronisk val i Noreg.
- Det har vore lagt ned ein stor arbeidsinnsats i samband med omlegginga av den differensierte arbeidsgivaravgifta, inkludert omlegging av næringsretta utviklingstiltak og etablering av ei ny transportstøtteordning som kompensasjon for auka avgift.
- Regjeringa la hausten 2003 fram planen «Fra idé til verdi – Regjeringens plan for en helhetlig innovasjonspolitik». Det er arbeidd med oppfølging av planen, særleg Kommunal- og regionaldepartementet sine egne prosjekt «Innovasjonsløft Nord» og «Hovedstadens og regionalsentraenes betydning for regional og nasjonal innovasjon».

- Distriktskommisjonen skal leggje fram ein NOU i oktober 2004. Kommisjonen gjennomgår heilskapen i den norske regional- og distriktpolitikken og arbeider med konkrete forslag til endringar i forhold til dagens politikk. Kommisjonen byggjer mellom anna på arbeidet til Effektutvalet.
- Regjeringa sette i juni 2003 ned eit utval som skulle gjennomgå det statlege tilsynet med kommunar og fylkeskommunar. Utvalet vil levere si utgreiing til kommunal- og regionalministeren i slutten av september 2004.
- Asylsaksbehandlinga er blitt effektivisert, mellom anna gjennom nye prosedyrar for behandling av søknader innan 48 timar. Det er også lagt fram forslag om endringar i advokatorordninga for asylsøkjjarar, jf. Ot.prp. nr. 51 (2003–2004).
- Det blei gjort ein større innsats i samarbeid med fleire departement i samband med utvidinga av EØS frå 1. mai 2004. Det gjaldt utgreiing av konsekvensar for velferdsordningar, arbeid med regelverk, informasjon og tiltak for å sikre ei mest mogleg effektiv behandling av søknader frå arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda.
- Arbeidet med innføring av den nye introduksjonsordninga og ordninga med obligatorisk norskopplæring har halde fram i 2003–2004.
- I 2003 og 2004 har departementet arbeidd aktivt med å utvikle nytt lovverk på fleire område. Mest arbeid har det vore med ny statsborgarlov og ny diskrimineringslov. Begge forslaga skal sendast til Stortinget hausten 2004.
- Det har vore ein omfattande prosess i samband med ei ny stortingsmelding om mangfald gjennom inkludering og deltaking. Mange interessentar er blitt trekte inn i arbeidet.
- Det har vore arbeidd med kompetansebasen for samisk og IT ([www.samit.no](http://www.samit.no)) og med å leggje til rette for bruk av samisk språk i forvaltninga.
- Departementet har arbeidd med forslag til lovregulering av utbyggingsavtalar. Forslaga vil bli lagde fram for Stortinget hausten 2004.
- Det har vore arbeidd med å revidere Miljøhandlingsplanen for bustad- og bygningssektoren.

#### *Om internasjonalt arbeid i departementet i 2003–2004*

På det regionalpolitiske området har det har vore eit omfattande internasjonalt samarbeid i perioden 2003–2004 i Norden, overfor Nordvest-Russland, overfor Baltikum og i Europa. Departementet har delteke i Barentsprogrammet, i Austersjøprogrammet og i ni av EU sine Interreg-program. Departementet deltok gjennom ESPON (European Spatial

Planning Observation Network) i eit regionalpolitisk utgreiings- og forskingsprogram. Departementet har saman med Utanriksdepartementet ansvar for å følgje opp samarbeidet med regionale og lokale styresmakter som ein del av regjeringa si europapolitiske plattform. Departementet har òg medverka i forhandlingane om EØS-finansieringsordningane og i arbeidet med å utforme retningslinjene for desse ordningane.

EU-kommisjonen har lagt fram eit forslag til revisjon av EU sin regionalpolitikk for perioden 2007–2013, som òg omfattar framtidig Interreg-samarbeid. Forslaget vil ha verknader også for norske regionalpolitiske interesser, og departementet følgjer saka nøye.

Ambassaderåden for regionale og kommunale saker ved EU-delegasjonen i Brussel held norske styresmakter orienterte om utviklinga i EU og EØS, og hjelper styresmaktene med å få gjennomslag for norske interesser.

Som fagdepartementet for busetjings spørsmål følgde departementet opp Miljøverndepartementet sitt arbeid i Kommisjon for berekraftig utvikling (CSD) og deltok i delegasjonen på kommisjonen sitt møte i New York i april. Departementet leidde den norske delegasjonen til det andre fagforumet «World Urban Forum II», som blei arrangert av FN sitt busetjingsprogram (UN-Habitat). Departementet samarbeidde også med Utanriksdepartementet om oppfølging av «Cities Alliance».

På det innvandringspolitiske området har departementet eit omfattande samarbeid med Schengen-/EU-landa. Noreg har hausten 2004 hatt leiarskapen i fellesorganet på politisk nivå for Schengen-samarbeidet. Erfaringane med Dublin/Eurodac-samarbeidet er gode. Vidare har Noreg i 2003–2004 leidd Intergovernmental Consultations (IGC) og Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå (NSHF). Begge fora drøftar særleg asyl- og flyktningpolitikk. I tillegg deltek departementet i ei rad multilaterale organ som steller med migrasjons- og integreringsspørsmål, mellom andre Europarådet, UNHCR, OECD og det internasjonale forskings-samarbeidet Metropolis. Deltaking i slike forum og kjennskap til situasjonen i andre land er viktig for utviklinga av norsk politikk på feltet, og for å kunne påverke internasjonale prosessar.

I 2004 blei det oppretta ei stilling som ambassaderåd for migrasjonsspørsmål ved Noreg sin faste delegasjon til EU i Brussel. Migrasjonsråden orienterer jamleg norske styresmakter om utviklinga i EU-, Schengen- og EØS-samarbeidet og støttar arbeidet for å få gjennomslag for norske synspunkt og interesser i saker som blir drøfta i desse organa.

Departementet følgjer aktivt med på utviklinga internasjonalt som har relevans for kommunesek-

toren, og deltek mellom anna i Europarådet og OECD og på det årlege møtet for nordiske kommunalministrarar. I 2004 var Noreg vertskap for det nordiske kommunalministermøtet.

#### Resultatmål for 2005

Kommunal- og regionaldepartementet har det overordna ansvaret for utforminga og gjennomføringa av den nasjonale politikken og for samordning av denne politikken når det gjeld innvandring, nasjonale minoritetar, samiske formål, regional- og distriktpolitikk, den statlege styringa av verksemda i kommunane og fylkeskommunane, bustad- og bumiljøtiltak og forvaltning av byggjetiltak.

Departementet har ansvar for verksemdsstyring av Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda, Senter mot etnisk diskriminering, Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene, Kompetansesenter for rettane til urfolk, Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet. Sametinget er òg knytt til departementet.

Kommunal- og regionaldepartementet vil i 2005 mellom anna arbeide med desse prosjekta og større oppgåvene:

- Departementet deltek i eit samarbeidsprosjekt med Kommunenes Sentralforbund, der siktemålet er at kommunane i 2005 skal kome med forslag til ein ny og robust kommunestruktur.
- Departementet vil gjennomgå dei juridiske rammevilkåra for interkommunalt samarbeid og mellom anna vurdere i kva grad utøving av mynde kan skje i regi av interkommunale ordningar.
- Departementet vil i 2005 utarbeide eit høyringsnotat med forslag til endringar i visse delar av kommunelova, mellom anna gjeld det kommunedelsorganisering og lovregulering av den såkalla komitémodellen.
- Departementet vil følgje opp utgreiinga frå Tilsynsutvalet og syte for å leggje saksfeltet fram for Stortinget på ein høveleg måte.
- Det skal gjennomførast forsøk med einskapsfylke og kommunal oppgåvedifferensiering.
- Konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren skal utviklast.
- Det skal arbeidast vidare med ulike prosjekt knytte til modernisering i kommunane, mellom anna «Stifinneren – modernisering for velferd» og forskingsprosjektet «Effektivitet og effektivitetsutvikling i kommunesektoren».
- Som oppfølging av St.meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet vil det bli

- sett i gang forskningsbasert evaluering av fylkeskommunen.
- Inntektsystemutvalet, som skal gå igjennom finansieringssystemet for kommunesektoren, skal levere si innstilling innan 1. juli 2005. Innstillinga blir send på høyring, og departementet tek sikte på å leggje fram si vurdering og eventuelle forslag til endringar i finansieringssystemet for kommunesektoren i kommuneproposisjonen for 2007.
  - Eigedomsforvaltningsutvalet skal levere si innstilling innan 15. oktober 2004. Innstillinga blir send på høyring, og departementet tek sikte på å leggje fram si vurdering og eventuelle forslag til endringar i rammevilkåra for kommunal eigedomsforvaltning i kommuneproposisjonen for 2006.
  - Det skal leggjast fram ei ny stortingsmelding om regionalpolitikk våren 2005.
  - Den differensierte arbeidsgivaravgifta er avvikla, og departementet vil i denne samanhengen arbeide vidare med næringsretta utviklingstiltak og transportstøtteordninga som skal gi kompensasjon for auka avgift.
  - Det vil bli arbeidd med oppfølging av ein heilskapleg innovasjonspolitik, særleg med oppfølging av dei to prosjekta «Innovasjonsløft Nord» og «Hovedstadens og regionsentraenes betydning for regional og nasjonal innovasjon», som departementet har ansvaret for.
  - EU-kommisjonen reviderer statsstøtteregulverket. Det er venta eit første utkast frå Kommisjonen hausten 2004.
  - Stortinget vedtok 10. februar 2004 i vedtak nr. 223 å oppmode regjeringa om å leggje fram ei eiga hovudstadsmelding. Regjeringa har våren 2004 starta opp arbeidet med meldinga, og tek sikte på å leggje ho fram for Stortinget innan sommaren 2006.
  - Integreringsarbeidet vil bli styrkt gjennom ei omorganisering av forvaltninga på statleg nivå. Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit forslag for Stortinget våren 2005, slik at endringane kan få verknad frå 2006.
  - Endringane i politikken for mangfald gjennom inkludering og deltaking, som er lagde fram i ei ny stortingsmelding, skal setjast i gang.
  - Departementet skal følgje opp innstillinga frå Utlendingslovutvalet. Innstillinga blir send på høyring, og arbeidet med å lage utkast til ny lov vil ta til i 2005.
  - Når forslaga til ny statsborgarlov og ny diskrimineringslov er behandla i Stortinget, vil departementet følgje opp med sikte på å setje lovene i verk.
  - Endringar av styringsforholdet mellom departementet og etatane vil gi departementet betre høve til å påverke praktiseringa av utlendingslova. Endringar som føreset lovendring, vil bli gjennomførte når Stortinget har behandla lovforslaget frå regjeringa, som blir lagt fram hausten 2004.
  - Det vil bli lagt til rette for innføring av biometriske data i visumetikettar. Dette er ein del av oppfølginga av Schengen-samarbeidet.
  - Den nye introduksjonsordninga og ei styrking av norskopplæringa skal gjennomførast for å sikre at flyktningar kan delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet.
  - Handlingsplanar og tiltak som skal sikre like rettar for innvandrarar, vil bli følgde opp.
  - Finnmarkslova vil bli følgd opp administrativt.
  - Det skal etablerast samarbeidsformer og prosedyrar for konsultasjonar med Sametinget.
  - Bygningslovutvalet held fram arbeidet sitt i 2005 og vil kome med si siste delinnstilling i juni 2005. Delinnstillinga vil innehalde forslag til endringar i bygningsdelen av lova.
  - Departementet vil setje i verk ein nasjonal strategi som skal førebyggje og hindre at menneske blir bustadlause.

#### *Om det internasjonale arbeidet i departementet i 2004–2005*

Internasjonalt vil departementet delta i ei rad samarbeidsprogram innanfor dei politikkområda som ligg til departementet. EU-kommisjonen skal i 2005 vedta nytt regelverk for regionalpolitisk statsstøtte for perioden 2007–2013. Dette regelverket vil gi rammer for bruk av fleire av dei viktigaste regionalpolitiske verkemidla. Arbeidet for å sikre at det blir teke omsyn til norske interesser i det nye regelverket, vil bli gitt høg prioritet. Vidare skal EU i 2005 gjere vedtak om regionalpolitikken (strukturfonda) for perioden 2007–2013, og dette omfattar også framtidig Interreg-samarbeid. Det vil vere viktig for departementet å delta i debatten om den nye regionalpolitikken og fremme norske synspunkt i denne samanhengen.

Både det nordiske samarbeidet, næringsområde-samarbeidet og Interreg-samarbeidet vil krevje ein stor innsats i 2005. Samarbeidet med dei nye EØS-landa vil få ein ny dimensjon ved at det økonomiske bidraget til finansiering av utvidinga også omfattar regionalpolitikk og grenseregionalt samarbeid.

Kontaktgruppa for regjeringa si europapolitiske plattform vil framleis måtte givast høg prioritet. Denne gruppa har mellom anna ansvaret for det politiske forumet som er etablert mellom Utan-

riksdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og regionale og lokale politiske styresmakter.

Kommunal- og regionaldepartementet vil leie den norske delegasjonen under styremøtet i UN-Habitat våren 2005. Departementet vil vidare følge opp busetjingsspørsmål i Kommisjonen for berekraftig utvikling, som skal vedta politiske retningslinjer på busetjingsområdet våren 2005. Departementet vil samarbeide med Utanriksdepartementet om arbeidet med «Cities Alliance». Departementet vil også i samarbeid med Utanriksdepartementet arbeide for å spreie meir informasjon om internasjonale busetjingsspørsmål i Noreg og stimulere det norske miljøet til å auke kompetansen på området.

Departementet vil følge opp det omfattande internasjonale samarbeidet på migrasjonsområdet, særleg i Norden og i forhold til EU (inkludert Schengen-samarbeidet), Europarådet og ulike FN-organ, i første rekkje Høgkommissæren for flyktingar (UNHCR).

#### Budsjettforslag for 2005

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til lønn og drift av departementet. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3500, post 1, jf. forslag til romartalsvedtak II.

I 2005 vil det bli sett av ressursar til oppfølging av St.meld. nr. 21 (2003–2004) Om styringsforhold på utlendingsfeltet. Bakgrunnen for meldinga var behovet for betre politisk styring med praktiseringa av utlendingslova. Det blei i meldinga føreslått at departementet skulle kunne gi Utlendings-

direktoratet generelle instruksar om lovtolking og skjønnsutøving. Departementet skulle vidare kunne bestemme at eit positivt enkeltvedtak gjort i Utlendingsdirektoratet skulle vurderast på nytt av Utlendingsnemnda. På bakgrunn av dette er det sett av midlar til å styrkje kompetansen og kapasiteten i departementet til å tinge og analysere informasjon frå Utlendingsdirektoratet, samanlikne norsk praksis med praksisen i andre land og utarbeide instruksar.

2,2 mill. kr er overført til Utanriksdepartementet til ei stilling som spesialutsending i migrasjonsspørsmål, og 1,8 mill. kr er overført til Arbeids- og sosialdepartementet i samband med at dei har overteke ansvaret for arbeidsrettsfeltet. Tariffrettsseksjonen i Kommunal- og regionaldepartementet er som følgje av dette flytta til Arbeids- og sosialdepartementet.

Det blir føreslått ei løyving på 173,7 mill. kr for 2005.

#### Post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, kan overført

Posten omfattar forskings- og utgreiingsverksemd på alle dei felte departementet har ansvar for. Hovudsiktemålet med FoU-arbeid utført for Kommunal- og regionaldepartementet er å få fram kunnskap på dei felte der departementet har eit sektoransvar. FoU-verksemda skal medverke til å skaffe fram kunnskap som kan gi eit best mogleg grunnlag for avgjerder på dei områda der departementet står ansvarleg for politikken. For 2003 og 2004 er løyvinga nytta på desse områda:

Tabell 3.1 Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500, post 21 i 2003 og 2004

	(i 1 000 kr)	
	Rekneskap 2003	Budsjett 2004
Prosjekt fordelt på forskingsområde:		
1. Bustadspørsmål	570	4 390
2. Regionale spørsmål	400	1 100
3. Kommunalforsking	2 550	5 646
4. Samiske spørsmål	1 100	2 350
5. Innvandrarspørsmål	1 970	2 814
6. Diverse	240	440
Sum post 21 Forsking og utgreiing	6 830	16 740 <sup>1</sup>

1 Løyvinga for 2004 var på 10,6 mill. kr. Overførte midlar frå 2003 er tekne med i fordelinga. Budsjettet blei i revidert nasjonalbudsjett styrkt med 3,5 mill. kr gjennom tilsvarende innsparing på kap. 500.50.



Midlane blir fordelte ut frå ei heilskapleg samordning av forskings- og utgreiingsverksemda. Midlane blir nytta til å imøtekome behovet for kunnskap i departementet når det gjeld statistikk/data, analysar, forskingsprosjekt og forskingsformidling. For 2005 vil det mellom anna bli sett av midlar over posten for å starte opp arbeidet med å utarbeide ein ny husleigeindeks for utleigehusvær, i tråd med forslaget i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Den nye husleigeindeksen skal gi betre informasjon om husleigenivået for alle typer av husvær og i ulike deler av landet. Kostnaden knytt til ein husleigeindeks er førebels utrekna til 2,6 mill. kr i 2005. Indeksen vil bli utvikla av Statistisk sentralbyrå.

Midlane blir også nytta til å dekkje utgifter til prosjekt og utviklingsarbeid i departementet. Forsking blir i tillegg finansiert over nokre av fagkapitla.

#### Budsjett for 2005

Det blir føreslått ei løyving på 10,5 mill. kr for 2005.

#### **Post 22 KOSTRA – rapporteringssystem for kommunar og fylkeskommunar, kan overførast**

Posten har dekt utgiftene til KOSTRA-prosjektet, som no er avslutta. Alle kommunar og fylkeskom-

munar rapporterer no om økonomi og tenesteproduksjon etter KOSTRA-modellen. I 2003 blei det på denne posten løyvt om lag 1,1 mill. kr, mellom anna til departementet sin funksjon som koordinator på området kommunal statistikk. Desse midlane er frå 2004 lagde inn under kap. 500, post 1.

#### **Post 45 Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast**

Løyvinga på posten blir nytta til større investeringar i utstyr og vedlikehald i departementet, mellom anna på utstyrs- og systemsida på IT-området. Det blir føreslått ei løyving på posten på 5,5 mill. kr for 2005.

#### **Post 50 Forskingsprogram via Noregs forskingsråd**

Saldert budsjett 2004 er på 18 mill. kr. Løyvinga på posten blei, jf. St.prp. nr. 63 (2003–2004), sett ned med 3,5 mill. kr til 14,5 mill. kr, mot ein tilsvarande auke på kap. 500, post 21.

Støtte frå departementet til forskning i regi av Noregs forskingsråd skal i hovudsak medverke til å realisere overordna mål innanfor departementet sine ansvarsfelt. Departementet sitt sektoransvar inneber mellom anna å leggje langsiktige strategiar for kunnskapsoppbygging på dei felte som høyrer inn under departementet.

Tabell 3.2 Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500 post 50 i 2003 og 2004

	(i 1 000 kr)	
Forskningsprogram	Rekneskap 2003	Budsjett 2004
Demokrati, styring og regionalitet		1 000
Evaluering av plan- og bygningslova	3 000	3 000
Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar (IMER)	4 000	4 000
Kommunelova	2 500	
Byutviklingsprogrammet	4 000	4 000
Regional utvikling	1 900	
Program for samisk forskning	1 500	1 500
Bustad og levekår	1 100	
Førebels ikkje fordelt		1 000
Sum post 50	18 000	14 500

«Demokrati, styring og regionalitet» er eit nytt forskningsprogram som vil bli konkretisert i samarbeid med Noregs forskingsråd. I 2004 er det løyvt 1 mill. kr til oppstarting av programmet.

Dei forskningsprogramma Kommunal- og regionaldepartementet er med på å finansiere under denne posten, er «Program for samisk forskning», «Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar» (IMER), «Byutvikling – drivkrefter og planleg-

gingsutfordringar», «Evaluering av plan- og bygningslova» og «Bustad og levekår». For 2004 blei det over denne posten løyvt 12,5 mill. kr til dei nemnde programma.

«Program for samisk forskning» er etablert for perioden 2001–2005. Målet med programmet er å rekruttere og stimulere til forskning som kan gi ny kunnskap og nye perspektiv, og å stimulere til tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom ulike institusjonar innanfor samisk forskning. Programmet skal ta hand om og få fram fagfelt, forskingsfelt og miljø som til dels har veikare forskingstradisjonar enn dei tradisjonelle og etablerte. Samtidig skal programmet medverke til å byggje opp eit kunnskapsgrunnlag som kan vere til nytte for samiske og norske avgjerdstakarar. Programmet finansierte i 2003 i alt 19 prosjekt, mellom anna eit stort prosjekt innanfor det lulesamiske kulturområdet, eit prosjekt om rettsproblematikk, eit prosjekt om kunnskapspolitiske problemstillingar i reindrifta, eit prosjekt om likestilling i Sametinget og to prosjekt innanfor religionsvitskap. Programprofilen markerer ei medviten satsing på rekruttering av kvinner. Programstyret er spesielt oppteke av å utvikle samisk som vitskapsspråk og stimulere til forskning, formidling og publisering på samisk.

Forskings-satsinga «Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar» (IMER) (2002–2004) omfattar 11 prosjekt som forskar på flyktningkvinner, transnasjonale familiar, det fleirkulturelle samfunnet og internasjonal migrasjon. Det er lagt vekt på eit kjønnsperspektiv. Målet er å vedlikehalde forskar-kompetansen og byggje opp ny kunnskap om den internasjonale migrasjonen og kva følgjer han får for Noreg på dei omtalte områda. I 2003 blei bokverket Norsk innvandringshistorie lansert på eit seminar på Norsk Folkemuseum i august, med H.M. Kongen til stades. Resultata frå den samla IMER-satsinga i perioden 2002–2004 blir rapportert i 2005.

«Byutvikling – drivkrefter og planleggingsutfordringar» (2001–2004) skal auke den forskingsbaserte kunnskapen om urbane område. Det blir særleg gjort ved at ein fokuserer på samanhangen mellom teknologiske endringar, demografiske faktorar, næringsutvikling og sosiale og kulturelle endringsprosessar. Ein tek sikte på å identifisere dei viktigaste drivkreftene bak urbaniseringsprosessar og utviklinga i byane. Programmet tek utgangspunkt i dei norske storbyregionane – Oslo-regionen, Bergensregionen Stavanger/Sandnes-regionen og Trondheimsregionen – i tillegg til landsdelssentra Tromsø og Kristiansand. Programmet blir avslutta i 2004, og Noregs forskingsråd har utarbeidd eit program for oppsummering og

formidling gjennom bøker og ein avslutningskonferanse i 2005.

Forskningsprogrammet «Evaluering av plan- og bygningslova» blei sett i gang i 2000. Evalueringa omfattar verknaden av byggjesaksreforma som blei sett i verk frå 1.7.1997. Målet er å vurdere om byggjesaksreforma har hatt den tiltenkte verknaden, eller andre spesielle verknader. 2004 er siste året med full aktivitet. Det er i alt sett i gang ti prosjekt, og to blei avslutta i 2003. Tema for prosjekta er korleis regelverket er blitt implementert, kva konsekvensar det har hatt for kommunar, byggjebansjen og tiltakshavarar/brukarar, om det har hatt verknader for kvaliteten i byggjeverksemda, og kva endringar og nye roller regelverket har ført til for bransjen og for kommunane. Det blir også gjennomført ein kost-nytte-analyse av regelendringane. Det blir arrangert fleire seminar i 2004, og ein sluttkonferanse blir arrangert i byrjinga av 2005.

Regional utvikling (REGUT) var eit handlingsretta og tverrfagleg program som hadde som mål å få fram ny kunnskap om regionale utviklings- og omstillingsprosessar. Programmet blei gjennomført i perioden 1998–2003 og hadde eit budsjett på om lag 30 mill. kr. Programmet blei finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Finansdepartementet og Samferdselsdepartementet. Programmet hadde fokus på desse tema:

- rammevilkår for næringsutvikling og konsekvensar for regional utvikling
- flytting, kommunikasjon og servicetilbod – funksjonelle regionar
- offentleg politikk for regional utvikling – konsekvensar, samanlikning, samordning
- plan- og styringssystemet og regional utvikling

Arbeidet i 2003 var konsentrert om slutføringstiltak og planlegging av ein sluttkonferanse, som blei arrangert våren 2004. Det er produsert fire overordna rapportar utgitt i bokform frå programmet: Regioner i utakt, Mennesker, steder og regionale endringer, Det regionalpolitiske regimeskifte – tilfellet Norge og Innovasjonspolitikken sceneografi.

Forskningsprogrammet «Bustad og levekår» (1997–2003) er den første samla satsinga på samfunnsvitskapleg bustadforskning under Forskningsrådet. Programmet blei avslutta i 2003. Artiklar baserte på prosjekt under programmet er publiserte i boka Rammen rundt våre liv – forskning om bolig og levekår. Programmet har medverka til auka kunnskap om bustadsektoren generelt og til høgre kompetanse blant aktørane i sektoren.

Forskningsprogrammet «Kommunelova» (1997–2002) blei avslutta hausten 2002 gjennom konferansen «Kommuneforskningsdagene 2002 – Med kommunene for framtida». Programmet har totalt finansiert 26 prosjekt i perioden 1997–2003. Kommunal- og regionaldepartementet løyvde i 2003 midlar til førebuing av vidare forskning om kommunesektoren. Tre forskningsprosjekt blei da sette i verk. Hovudperspektivet for programmet var utviklingstrekk i kommunesektoren etter at den nye kommunelova blei sett i verk i 1993. Nokre av prosjekta hadde også fokus på utviklingstrekk i styringsforholda mellom stat og kommune. Boka Fri-stilt og velstyrt? oppsummerer prosjekta under programmet.

### Budsjett for 2005

Det blir føreslått ei løyving på 19,5 mill. kr i 2005 til program i regi av Noregs forskingsråd.

Programmet for samisk forskning vil bli vidareført. Det vil også bli løyvt midlar til eit forskningsprosjekt kalla «Romanikultur, språk og opprin-nelse». Forsking på romanikulturen blei sett i gang i 2004. På bakgrunn av eit forprosjekt om romanikulturen, inkludert språket og opphavet, skal Forskningsrådet gjennomføre hovudprosjektet innanfor ei samla ramme på 4 mill. kr i perioden 2004–2007.

Satsinga blir lagd til Forskningsrådet sitt program for kulturstudiar.

Dei løyvde midlane vil også bli brukte til eit nytt forskningsprogram om demokrati, styring og regionalitet. Organisering og endeleg utforming av det nye programmet vil bli bestemt i samarbeid med Noregs forskingsråd. Departementet legg vekt på jamleg rapportering av resultata, samt at programmet involvere personar som utviklar og set i verk politikken på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Den endelege utforminga vil avgjere om bustadforskinga kan vidareførast som ein del av det nye programmet, eller om bustadforsking skal vidareførast som ein del av Velferdsprogrammet eller på andre måtar.

Kommunal- og regionaldepartementet vil i samarbeid med Noregs forskingsråd vidareføre satsinga på «Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar» (IMER) i perioden 2005–2010. Satsinga skal ha fokus på ny forskning om kjernespmål på innvandringsområdet. I tillegg skal formidling, kunnskapsstatus og dialog om innvandringsforskninga ha stor vekt.

Departementet vil òg vurdere å løyve midlar til igangsetjing av eit nytt brukarstyrt program kalla «Verdiskapande innovasjon i offentleg sektor». Målet med programmet er å medverke til å utvikle ein smartare og meir effektiv offentleg sektor, med betre kvalitet i tenestetilbodet og i forvaltninga.

## Kap. 3500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 500)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Tilfeldige inntekter	346		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 393		
17	Refusjon lærlingar	39		
18	Refusjon av sjukepengar	3 860		
	Sum kap. 3500	6 638		

Det blir ikkje budsjetttert med inntekter på desse postane.

**Kap. 502 Valutgifter**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	23 857	5 000	31 700
	Sum kap. 502	23 857	5 000	31 700

I 2005 er det stortingsval og sametingsval. Den foreslåtte løyvinga er derfor mykje høgre enn den tilsvarande løyvinga i budsjettet for 2004.

**Post 1 Driftsutgifter**

Posten omfattar dei direkte utgiftene staten har ved val til Stortinget og Sametinget. Det er foreslått ei løyving på 31,7 mill. kr på denne posten i 2005. Staten dekkjer mellom anna desse utgiftene:

- drift av Riksvalstyret
- utgiftene Sametinget har i samband med same-tingsvalet
- oppteljing i samband med sametingsvalet
- drift av Partiregisteret i Brønnøysund
- drift av arbeidsgruppe for utgreiing om elektro-nisk val
- godtgjering til klagenemnda for registrering av politiske parti
- førehandsrøysting utanriks
- produksjon av valmateriell, mellom anna konvo-luttar og røystesetlar
- sentrale informasjons- og opplæringstiltak
- tilskot til informasjonsverksemd
- tilskot til eventuell forsøksverksemd og evalue-ring av forsøk
- utvikling og drift av departementet sitt system for å samle inn, lage prognosar for og formidle valresultat (Valnatt 2005)
- kjøp av tenester frå eit fylkesmannsembete

Stortingsvalet i 2005 blir avvikla etter ei ny vallov. Det er derfor større behov for informasjon, både til veljarar og til valmedarbeidarar, enn ved tidlegare

val. Det er òg behov for å auke informasjonen til spesielle veljargrupper. Utlendingsdirektoratet vil som ved tidlegare val vere ein viktig samarbeids-partnar og vil få refundert sine utgifter til dette arbeidet. Lettles-avisa Klar Tale bør som tidlegare få støtte til å produsere og leggje til rette valinfor-masjon for veljargrupper med lesevanskar og pro-blem med synet. Det vil også i eit avgrensa omfang vere aktuelt å gi støtte til andre organisasjonar o.l.

**Rapport for 2003**

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2003 blei halde etter reglane i den nye vallova. Ei viktig end-ring var at kommunane fekk tilbake ansvaret for førehandsrøystinga etter at Posten hadde hatt denne oppgåva sidan 1997. Institutt for samfunns-forskning vil gjennomføre ei forskingsbasert evalu-ering av valresultatet. Rokkansenteret evaluerer den nye ordninga med personval. Personvalevalue-ninga vil bli oppsummert i ein lovproposisjon til Stortinget.

**Kommunalbanken AS**

Kommunalbanken AS blei stifta 1. november 1999 som ei vidareføring av verksemda til statsbanken Noregs Kommunalbank. Selskapet skal gi lån til kommunar, fylkeskommunar, interkommunale sel-skap og andre selskap som utfører kommunale oppgåver. Låna skal givast mot kommunal eller statleg garanti, eller skal sikrast på annan måte. Selskapet er ått med 80 pst. av staten og 20 pst. av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

**Kap. 2427 Kommunalbanken AS**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
90	Aksjekapital			17 200
	Sum kap. 2427			17 200

### Post 90 Aksjekapital

Kommunalbanken har hatt ein sterk vekst i utlåna i dei seinare åra. Ein ventar også i tida framover stor etterspørsel etter lån frå kommunesektoren.

Med vidare høg utlånsvekst kan Kommunalbanken i nær framtid kome i den situasjonen at banken ikkje oppfyller krava frå Kredittilsynet om kapitaldekning. Kommunalbanken vil med uendra rammevilkår ha ei kjernekapitaldekning på i underkant av 6 pst. ved utgangen av 2004. Dette vil avgrense utlånsveksten i 2005. Nye utlån vil for ein stor del måtte baserast på innbetalte avdrag. Kommunalbanken vil da berre kunne konkurrere om enkelte lån, og det vil vere vanskeleg å konkurrere om dei største låna.

Det er sterk konkurranse på marknaden for utlån til kommunesektoren. Kommunekreditt og Kommunalbanken er dei to største aktørane på denne marknaden. Departementet meiner at det er

viktig at konkurransen blir halden ved lag, slik at kommunane blir sikra låge prisar på kreditt. Manglande konkurranse kan føre til høgre prisar på kreditt og dermed høgre utgifter for kommunesektoren.

På bakgrunn av dette føreslår departementet ein auke i Kommunalbanken sin eigenkapital, slik at det framleis kan vere reell konkurranse på marknaden. Kommunalbanken har oppfylt krava til avkastning på eigenkapitalen kvart år sidan omdanninga til aksjeselskap i 1999. Banken har ikkje hatt tap på utlån. Den andre eigaren av banken, KLP, har uttrykt vilje til å vere med på å auke kapitalen i Kommunalbanken.

Departementet legg til grunn uendra samansetjing av eigarstrukturen i Kommunalbanken. Departementet føreslår ein auke på denne posten med 17,2 mill. kr. Ein legg da til grunn at KLP gir eit bidrag til auka eigenkapital på 4,3 mill. kr, tilsvarende ein eigardel på 20 pst.

### Kap. 5316 Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
70	Garantiprovisjon	18 861	13 800	10 500
	Sum kap. 5316	18 861	13 800	10 500

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 5316, post 70 sett ned med 0,239 mill. kr til 13,561 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

### Post 70 Garantiprovisjon

Kommunalbanken har sidan 1996 betalt garantiprovisjon til staten av banken sine innlån, knytt til at staten garanterte for dei låna banken tok opp. Ved omdanninga til aksjeselskap 1.11.1999 blei statsgarantien avvikla for nye innlån, men blei halden ved like for lån tekne opp før 1.11.1999.

Departementet gjer framlegg om ein sats på garantiprovisjonen på 0,1 pst., jf. utkast til romartalsvedtak. Garantiprovisjonen er rekna ut på grunnlag av statsgaranterte innlån i 2004. Ein reknar med at provisjonsinntekta blir på 10,5 mill. kr i 2005.

### Kap. 5616 Aksjeutbytte i Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
81	Aksjeutbytte	30 800	32 400	17 200
	Sum kap. 5616	30 800	32 400	17 200

**Post 81 Aksjeutbytte**

I statsbudsjettet for 2004 blei det varsla at departementet frå og med rekneskapsåret 2004 ville ta utgangspunkt i den såkalla kapitalverdimodellen ved utrekning av avkastning og utbytte frå Kommunalbanken. Det er gjort greie for denne modellen i St.prp. nr. 1 (2001–2002) Gul bok (pkt. 7.7.1) Generelle verkemiddel for eigarstyring. Avkastningskravet er definert som den forventa avkastninga eigaren kunne ha oppnådd ved ei alternativ plassering med tilsvarende risiko. Kravet blir stilt i

forhold til den avkastninga selskapet har etter skatt på eigenkapitalen.

Aksjeutbytte blir sett til ein gitt prosentdel av den verdijusterte eigenkapitalen, maksimalt 75 pst. av årsresultatet etter skatt. Procentsatsen bør utgjere om lag halvparten av det normerte avkastningskravet.

Aksjeutbyttet som Kommunalbanken AS skal betale til staten i 2005, blir fastsett på dette grunnlaget. Utbytte blir betalt etterskotsvis, det vil seie på basis av rekneskapen til banken for 2004. Det blir budsjettert med eit aksjeutbytte på 17,2 mill. kr i 2005.

## Programkategori 13.20 Innvandring

Utgifter under programkategori 13.20 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)	2 268 618	1 654 333	1 596 470	-3,5
521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere (jf. kap. 3521)	2 808 157	4 063 903	4 190 850	3,1
522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)	6 300	6 600	7 150	8,3
523	Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene (jf. kap. 3523)	3 732	4 600	4 600	0,0
524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)	98 241	101 800	98 850	-2,9
Sum kategori 13.20		5 185 048	5 831 236	5 897 920	1,1

Inntekter under programkategori 13.20 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)	1 060 453	654 090	546 663	-16,4
3521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere (jf. kap. 521)	107 490	63 600	79 577	25,1
3522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522)	87			
3523	Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene (jf. kap. 523)	27			
3524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 524)	2 837			
Sum kategori 13.20		1 170 894	717 690	626 240	-12,7

### Mål og utfordringer

Politikken på området innvandring, flyktningar og integrering har disse hovudmåla:

- regulert innvandring
- vern for flyktningar
- like høve til deltaking

I tillegg kjem målet om at forvaltninga på området skal vere effektiv og brukarorientert.

Regjeringa legg vekt på desse saksfeltene i 2005:

- styrking av integreringsarbeidet gjennom omorganisering av forvaltninga på statleg nivå
- gjennomføring av tiltak i tråd med prinsippa i den nye stortingsmeldinga om mangfald gjennom inkludering og deltaking
- klargjering av det politiske ansvaret for praktiseringa av utlendingslova gjennom endringar i styringsforholda som gjer at departementet får betre høve til å påverke praksis

- utvikling av betre lov- og regelverk på sentrale område gjennom arbeidet med ny utlendingslov, ny statsborgarlov og ny diskrimineringslov
- gjennomføring av den nye introduksjonsordninga og styrking av norskopplæringa for å sikre at flyktningar kan delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet
- oppfølging av planar og tiltak som skal sikre like rettar for kvinner
- deltaking i internasjonalt samarbeid, i første rekkje når det gjeld utvikling av felles tiltak i høve til visum, grensekontroll og asyl- og flyktningpolitikk i Europa

Reguleringa av innvandringa skal vere i samsvar med internasjonale forpliktingar og behovet for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Det skal òg leggjast til rette for kultur- og kunnskapsutveksling. Utvidinga av EØS i 2004 har positive verkningar for norsk økonomi og samfunnsliv. Samtidig kan det oppstå nye utfordringar for velferdsordningar og i arbeidslivet. Regjeringa vil derfor følge utviklinga nøye.

Tiltak mot organisert menneskesmugling og ulovleg innreise er ein nødvendig del av innvandringskontrollen. Asylsøkjjarar som ikkje har behov for vern i Noreg, skal sendast ut så fort det er gjort vedtak om det. Reglane for familiesamanføring vil bli stramma inn for å sikre at dei som på denne måten får opphald i Noreg, i større grad kan livnære seg utan å vere heilt avhengige av offentleg stønad.

I tråd med folkeretten gir Noreg vern for flyktningar og andre som av flyktningliknande grunnar står i fare for å misse livet eller bli utsette for umenneskeleg behandling. Det omfattar også personar som er forfølgde på grunn av kjønn eller seksuell legning. Oftast vil vi kunne hjelpe fleire flyktningar dersom dei kan få vern nær konfliktområda, men i somme tilfelle er det behov for vern i Noreg. Det gjeld både overføringsflyktningar, som blir valde ut i samarbeid med FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR), og flyktningar som kjem som asylsøkjjarar. Tidlegare kom det mange asylsøkjjarar som ikkje trong vern. Regjeringa har stramma inn politikken med sikte på å redusere denne tilstrøyminga. Dette har gitt resultat. Talet på asylsøkjjarar er redusert, og ein noko større del av dei som kjem, får flyktningstatus.

Ein aktiv integreringspolitikk skal sikre at innvandrarak av begge kjønn får dei same høva til å delta i samfunns- og arbeidslivet som andre delar av befolkninga. I denne samanhengen er det viktig å auke takten i busetjinga i kommunane, samtidig som den nye introduksjonsordninga, som også omfattar opplæring i norsk og samfunnskunnskap,

blir sett i verk. Norsk-kunnskapar er ein føresetnad for å kunne delta i samfunnet. Regjeringa går inn for at gjennomført opplæring i norsk blir eit vilkår for busetjingsløyve og for norsk statsborgarskap.

Offentlege tenester må ta omsyn til brukarane sin bakgrunn når det gjeld språk, kultur og religion. Dialogverksemd og arbeid mot rasisme og diskriminering skal halde fram og styrkjast. Det må utviklast ein tydeleg politikk for eit mangfaldig Noreg som er fleirkulturelt og fleirreligiøst. Vi skal byggje opp under fellesskap og samhald og samtidig gi rom for stor variasjon når det gjeld levevis. Regjeringa legg fram sitt syn på dette i ei stortingsmelding om mangfald gjennom inkludering og deltaking.

Foreldre og samfunnet møter særskilde utfordringar når det gjeld oppveksten til barn og unge med minoritetsbakgrunn. Dei erfaringane og synspunkta ungdommen har, må kome betre fram. Regjeringa har derfor sett i gang ein prosess for å få ungdom med minoritetsbakgrunn til å leggje fram sine eigne opplevingar og synspunkt når det gjeld det å vekse opp i Noreg.

For å kunne nå måla for innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikken må utlendingsforvaltninga vere effektiv og brukarorientert. Regelverket må vere oppdatert og enkelt å praktisere. Ei effektiv forvaltning som behandlar saker raskt og korrekt, sikrar rettstryggleiken, gir søkjjarar og publikum god service og skaper forståing for politikken. For å nå dei overordna måla må organiseringa og ansvarsdelinga mellom ulike delar av forvaltninga vere formålstenleg og kunne endrast når det er nødvendig. Departementet skal få betre høve til styring når det gjeld behandlinga av utlendingssaker, i første rekkje i Utlendingsdirektoratet. På det viset vil statsråden og regjeringa få eit klarare politisk ansvar for korleis utlendingslova blir praktisert.

Regjeringa vil dessutan ha ein meir samordna og målretta innsats for integrering og inkludering av innvandrarak i samfunnet. Det vil bli sett i verk organisatoriske endringar av forvaltningsapparatet, mellom anna på bakgrunn av ei evaluering av organiseringa på innvandrings- og integreringsfeltet.

### **Prioriteringar og føresetnader i budsjettet**

For å styrkje innvandrarak sine føresetnader for å kunne delta aktivt i samfunnet, har regjeringa lagt fram eit lovforslag om å gjere opplæring i norsk og samfunnskunnskap obligatorisk, jf. Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv. Dersom Stortinget vedtek lova hausten 2004, vil den nye ordninga gjelde frå 1. september



2005. Frå det same tidspunktet vil det bli gjort endringar i tilskotsordninga, og eit nytt administrativt registreringssystem vil bli teke i bruk. Løyvinga er også auka med tanke på at norskopplæringa vil bli intensivert etter at introduksjonsordninga blir gjord obligatorisk.

Regjeringa har føreslått ein auke i integreringstilskotet som blir utbetalt til kommunane i samband med busetjing av flyktningar. Frå 1.9.2004 er introduksjonsordninga obligatorisk. Sidan iverksetjing av introduksjonsprogrammet kan innebere meir arbeid på kort sikt i somme kommunar har regjeringa prioritert å auke tilskotet dei to første åra etter busetjing. Sidan introduksjonsordninga gjeld vaksne, og for å gjere det lettare å få busett dei som i dag blir verande lengst tid i mottak, føreslår regjeringa òg at integreringstilskotet blir fordelt på ein annan måte. Det vil bli gitt meir for vaksne enn for barn under 18 år.

Regjeringa føreslår at det ikkje lenger skal utbetalast integreringstilskot for personar som har fått familiesamanføring med ein person som har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag. Grunnen er at hovudpersonen no må forsyte familie-medlemmen. For at ikkje kommunane skal få utgifter til introduksjonsprogram for ei gruppe dei ikkje lenger vil få integreringstilskot for, vil regjeringa leggje fram ein Odelstingsproposisjon om at denne gruppa ikkje lenger skal vere omfatta av den obligatoriske introduksjonsordninga.

Schengen/EU har vedteke å etablere eit felles dataregister (VIS – Visa Information System) over alle visumsøkjjarar, og at biometriske data for søkjjarane skal lagrast i visumetiketten. Schengen/EU vil levere databasen og eit tilknytningssystem, men kvart einskilt medlemsland har ansvar for å tilpasse sine datasystem til dette tilknytningssystemet. Første fase av VIS, der det blir lagra bilete, skal vere operativ i slutten av 2006. Regjeringa har sett av midlar til etablering av eit nasjonalt system i samband med etableringa av VIS-systemet. Det nasjonale systemet skal vere i drift frå sommaren 2005. Det kjem til å bli utgifter til vidare utvikling og drift av systemet etter 2005. I tillegg kjem kostnader i samband med tilknytninga til den europeiske databasen.

Regjeringa har sett av midlar til etablering av mottak som skal kunne følgje opp personar med særskilte behov på ein betre måte. Mottaka skal ha tilstrekkeleg med faglege ressursar, vere døgnbemanna og ha ei tenleg lokalisering i forhold til det psykiske helsevernet og andre relevante hjelpeinstansar.

Regjeringa legg vekt på tiltak som kan redusere tilstrøyminga av asylsøkjjarar som ikkje treng vern her i landet. Prognosen for 2004 tilseier at det

kjem i underkant av 10 000 asylsøkjjarar til Noreg. Det er lagt til grunn at det vil kome om lag 10 000 søkjjarar i 2005.

Tabell 3.3 Sentrale føresetnader for budsjettet for 2005

	Tal på personar
Asylsøkjjarar	10 000
Uttak av overføringsflyktningar	1 000
Familiesamanføring med flyktningar (tilfelle som utløyser integreringstilskot)	800
Personar i mottak, gjennomsnitt	10 200
Busette som utløyser integreringstilskot (inkl. familiesamanføring og overføringsflyktningar)	4 900
Tilbakevendende	100
Deltakarar i norskopplæring	30 300

Tala i tabellen er – med unntak av talet på overføringsflyktningar – prognosar, ikkje måltal. Prognosar som gjeld asylsøkjjarar og innvandring, er usikre. Dei er avhengige av ei rad faktorar, mellom anna kor mange personar som reiser frå mottaket på eiga hand. Talet på asylsøkjjarar verkar inn på dei andre føresetnadene, både på Kommunal- og regionaldepartementet sitt ansvarsområde og på ansvarsområda til andre departement.

### Ansvarsdeling og arbeidsoppgåver

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvar for innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikken, utlendingslova, statsborgarlova og introduksjonslova. Departementet skal syte for at vedteken politikk på området blir sett i verk gjennom dei utøvande organa, og at det gjeldande lovverket blir følgt.

Departementet skal i tillegg følgje opp det omfattande internasjonale samarbeidet på migrasjonsområdet, særleg i Norden og i forhold til EU (inkludert Schengen-samarbeidet), Europarådet og ulike FN-organ, i første rekkje Høgkommissæren for flyktningar (UNHCR).

Departementet skal vidare medverke til at politikken som gjeld innvandring, inkludering og mangfald, som fleire departement har sin del av ansvaret for, er godt samordna og heng i hop. Viktige tiltak høyrer inn under ansvarsområda til andre departement, til dømes tiltak som gjeld helse, utdanning, barnehagar, arbeid og kriminalitet.

Utlendingsdirektoratet (UDI) skal setje i verk flyktning-, innvandrings- og integreringspolitikken på Kommunal- og regionaldepartementet sitt ansvarsområde. Direktoratet gir også faglege råd i samband med utviklinga av tiltak og regelverk.

Utlendingsnemnda (UNE) er eit frittstående forvaltningsorgan som behandlar klager som gjeld vedtak i UDI etter utlendingslova. Også politiet, utanriksstasjonane og fylkesmennene har oppgåver som gjeld utlendings- og statsborgarspørsmål.

Senter mot etnisk diskriminering (SMED) er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Senteret har som hovudoppgåve å yte rettshjelp i saker om diskriminering på grunnlag av tru, hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav, og skal dokumentere og overvake slik diskriminering.

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (KIM) er eit rådgivande organ som kan drøfte alle prinsipielle sider ved norsk flyktning-, innvandrings- og integreringspolitikk. I tillegg er det eit forum for kontakt og dialog mellom innvandrarar og styresmaktene.

## Mål for programkategori 13.20 Innvandring

### Boks 3.1 Mål for programkategori 13.20 Innvandring

Overordna resultatmål	Arbeidsmål
1. Regulert innvandring	1.1. Effektiv behandling av søknader og målretta tiltak mot misbruk av reglane 1.2. Aktiv tilrettelegging for at personar utan behov for vern skal kunne returnere på ein verdig måte 1.3. Leggje forholda til rette slik at behovet for utanlandsk arbeidskraft blir dekt
2. Vern for flyktningar	2.1. Differensiert behandling av asylsøknader innanfor ramma av internasjonale konvensjonar 2.2. Differensiert og forsvarleg tilbod til asylsøklarar i mottak 2.3. Varige løysingar for flyktningar i heimlandet, i nærområdet eller i Noreg
3. Like høve til deltaking	3.1. Rask og god busetjing av alle flyktningar som får opphald i Noreg 3.2. Rask overgang til arbeidslivet og auka samfunnsdeltaking gjennom introduksjonsprogram og ordninga med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap 3.3. Aktiv innsats mot diskriminering og rasisme i alle delar av samfunnslivet, og offentlege tenester som tek omsyn til brukarane sin bakgrunn når det gjeld språk, kultur og religion 3.4. Styrking av samarbeidet og dialogen mellom styresmaktene, innvandrarar og etterkomarane deira
4. Effektiv og brukarorientert forvaltning	4.1. Oppdatert regelverk som er i samsvar med internasjonale forpliktingar og tek omsyn til nasjonale og internasjonale utfordringar 4.2. Mål- og resultatstyring på grunnlag av evalueringar og forskingsbasert kunnskap 4.3. Open og velfungerande utlendingsforvaltning som publikum har tillit til 4.4. Heilskapleg og målretta kommunikasjon og informasjon på innvandringsfeltet

## 1. Regulert innvandring

### 1.1. Effektiv behandling av søknader og målretta tiltak mot misbruk av reglane

#### *Tilstandsvurdering*

I 2003 kom det inn om lag 70 000 nye utlendingssaker til UDI, medan 65 000 saker blei behandla av direktoratet. Det var ein reduksjon frå 2002, da om lag 74 500 saker kom inn og 76 000 blei behandla. 1. halvår 2004 kom det inn om lag 30 000 nye saker, og nesten 38 000 saker blei behandla. Det har vore ein reduksjon både når det gjeld nye asylsaker og når det gjeld andre utlendingssaker i perioden. I tillegg har politiet og utanriksstasjonane behandla mange saker, i hovudsak visumsøknader, fornyingar av arbeids- og opphaldsløyve og løyve etter reglane for EØS-borgarar.

Samla sett blei saksbehandlingstidene i UDI lengre i 2003. Årsaka er mellom anna innføringa av Datasystem for utlendings- og flyktningsaker (DUF), jf. delmål 4.3. Målsetjinga om å redusere saksbehandlingstida i UDI i 2004 er fram til no ikkje nådd for alle sakstypar.

Saksbehandlinga i UDI og UNE er spesialisert etter sakstype. Målsetjinga for 2004 er at UDI skal redusere talet på ubehandla opphaldssaker ved utgangen av året. Ein større del av UDI sine ressursar er derfor retta inn mot opphaldssaker. Dette er blitt mogleg mellom anna fordi talet på asylsøknader er blitt redusert. Utviklinga så langt er positiv. I januar 2004 låg det i overkant av 21 000 slike ubehandla saker i UDI, medan talet var redusert til om lag 15 000 i slutten av juni i år.

Mange som søker om opphald i Noreg, fyller ikkje vilkåra. Det gjeld særleg søknader om asyl. Regjeringa ser det som eit problem for asylinstituttet at asylsøklarar som ikkje har behov for vern, kjem til Noreg og søker asyl her. Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å effektivisere asylsaksbehandlinga og unngå misbruk av asylinstituttet. Saksbehandlinga i asylsaker er differensiert, mellom anna med sikte på å behandle asylsøknader som styresmaktene meiner er ugrunna, så raskt som råd er. Talet på asylsøklarar med openbert grunnlause søknader har gått ned og ligg no på eit svært lågt nivå, jf. nærmare omtale under delmål 2.1.

Tilbodet om DNA-testing i saker som gjeld familiesamanføring, blei innført i 2003 som ei permanent ordning. DNA-testing har vist seg å vere ei god hjelp når det gjeld å fastsetje biologiske familierelasjonar der dette ikkje lèt seg gjere på annan måte.

Som eit ledd i innsatsen mot kriminalitet og for å verne innvandrarar som har vore utsette for vald og trakassering i Noreg, særleg innanfor familien,

er det gjennomført ei lovending som inneber at det blir enklare å utvise kriminelle utlendingar, jf. Ot.prp. nr. 51 (2003–2004).

Gjennom deltaking i Schengen-samarbeidet og anna internasjonalt samarbeid får Noreg informasjon om utviklingstrekk og praksis i andre land. Slik kan vi sikre at norske interesser blir tekne vare på. Samarbeidet inneber at vi får betre kunnskap om tiltak i andre land, og gjer det mogleg å samordne innsatsen, mellom anna mot menneskesmugling og ulovleg innvandring. Det gir òg eit betre grunnlag for å lage prognosar for migrasjon. Noreg har utvikla samarbeidet med Schengen/EU-landa vidare ved at vi i 2003 blei knytte til fingeravtrykksystemet i EU – EURODAC. Gjennom dette er kontrollen med ulovleg innvandring blitt meir effektiv.

Tiltaka i regjeringa sin handlingsplan mot handel med kvinner blei følgde opp i 2004. Kommunal- og regionaldepartementet tok initiativ til eit forskingsprosjekt som resulterte i ein rapport som ser nærare på omfanget av utanlandsprostitusjon i Noreg og på samanhengen mellom prostitusjon og organisert kriminalitet. Rapporten er å finne på heimesidene til Fafo, sjå [www.fafo.no](http://www.fafo.no), rapport 426. Vidare er utlendingsstyresmaktene instruerte om å la bortvisingssakene til kvinner som det er mistanke om har vore utsette for menneskehandel, ligge i ein refleksjonsperiode på minst 45 dagar. På den måten blir det mogleg for desse kvinnene å melde overgriparane til politiet og førebu seg på ei eventuell heimreise. Om ein vel å etterforske bakmennene og straffefølgje dei, kan det vere aktuelt å gi ofra mellombels opphaldsløyve.

Det er, med unntak for asylsaker, innført gebyr for alle som søker om arbeids- eller opphaldsløyve i medhald av utlendingslova, og for alle som søker om norsk statsborgarskap.

#### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å effektivisere saksbehandlinga, både når det gjeld asylsøknader og når det gjeld arbeids- og opphaldsløyve. Det blir lagt vekt på å redusere talet på ubehandla saker og på å redusere saksbehandlingstida.

Regjeringa har lagt fram forslag om at det skal etablerast ei felles, fagleg uavhengig eining for landkunnskap for UDI og UNE, jf. St.meld. nr. 21 (2003–2004). Det vil venteleg styrkje og effektivisere arbeidet med å hente inn, vurdere og tolke informasjon om aktuelle land.

Regjeringa vil styrkje samarbeidet med opphavs- og transittland, både med sikte på å motverke ulovleg innvandring og for å sikre at desse landa tek imot eigne borgarar. Eit breitt internasjonalt

samarbeid om asyl- og migrasjonsspørsmål, med fokus på utveksling av informasjon og erfaringar og ei betre samordning av tiltak, vil bli ført vidare. Regjeringa vil òg ha fokus på problem knytte til menneskesmugling og menneskehandel som særleg rammar kvinner og barn.

Schengen-landa skal etablere ein sentral database for visumsøklarar (VIS) som alle medlemslanda kan leggje inn og søkje informasjon i, og som òg skal innehalde biometriske data. Som Schengen-medlem er Noreg forplikta til å utvikle eit nasjonalt system som kan tilpassast VIS, og å ta datasystemet i bruk. UDI har ansvaret for utvikling av det nasjonale systemet (NORVIS). Utviklinga må skje i nært samarbeid med Justisdepartementet og Utanriksdepartementet, som også vil vere brukarar av systemet. Det er sett av midlar til dette arbeidet, jf. kap. 520, post 1.

### *1.2 Aktiv tilrettelegging for at personar utan behov for vern returnerer på ein verdig måte*

#### *Tilstandsvurdering*

Asylsøklarar som får endeleg avslag på søknaden, skal sjølve forlate landet. Mange reiser likevel ikkje frivillig ut av landet. Totalt fekk 8564 søklarar avslag på asylsøknaden sin i 2003. Per 1.7.2004 budde det i overkant av 1600 personar i asylmottak som ikkje hadde reist innan utreisefristen.

Politiet har ansvar for å transportere ut utlendingar utan lovleg opphald som ikkje reiser frivillig. I 2003 blei om lag 7000 sende ut, dei fleste asylsøklarar med avslag. 1. halvår 2004 var det tilsvarende talet nær 4000. I 2003 reiste om lag 1500 asylsøklarar frivillig ut av landet med hjelp frå International Organization for Migration, IOM. I første halvår 2004 reiste 660 personar på dette viset. Ansvaret for tiltak som medverkar til auka frivillig retur, ligg under Kommunal- og regionaldepartementet.

For å sikre ein raskare og meir effektiv retur til heimlandet av personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, har Kommunal- og regionaldepartementet i dei siste åra arbeidd for å få i stand bilaterale avtalar om tilbaketaking av eigne borgarar. Dette er i samsvar med det arbeidet EU i dag gjer for å få i stand slike avtalar. Avtalar mellom Noreg og Romania og mellom Noreg og Sverige blei sette i kraft i 2003. I første halvdel av 2004 har det vore forhandlingar om slike avtalar med Slovakia, Kroatia og Serbia og Montenegro. Det vil bli forhandla med fleire andre land i siste halvdel av 2004. Det er ofte ein langvarig prosess å forhandle fram tilbaketakingsavtalar. Fleire land treng mellom anna godkjenning frå parlamentet før dei kan starte forhandlingar. Kor raskt det er mogleg å få til ein

avtale, er dessutan avhengig av viljen til dei landa ein ønskjer ein avtale med. Det kan derfor i visse høve gå fleire år frå Noreg tek det første initiativet og til ein avtale endeleg kan underteiknast.

#### *Strategiar og tiltak*

Asylsøklarar skal på eit tidleg tidspunkt få informasjon om den reelle sjansen dei har til å få bli verande i Noreg på bakgrunn av ein asylsøknad, og om kva som er konsekvensen dersom søknaden endar med eit avslag. Ein frivillig organisasjon er ansvarleg for å formidle denne informasjonen.

Det er ønskjeleg at fleire asylsøklarar som får avslag på søknaden, reiser på eige initiativ og utan politiskorte. Dette er ein meir verdig måte å vende tilbake på enn å reise under tvang. I tillegg er det ei rimelegare løysing. Samarbeidet med IOM om frivillig retur er evaluert, og det er lagt opp til at det vil bli ført vidare i 2005. Arbeidet i asylmottaka med å motivere til frivillig retur vil også halde fram.

Regjeringa vil føre vidare samarbeidet med andre land og vurdere ulike tiltak overfor dei landa som nektar å ta imot eigne borgarar som blir sende heim med tvang.

### *1.3 Leggje forholda til rette slik at behovet for utanlandsk arbeidskraft blir dekt*

#### *Tilstandsvurdering*

I 2003 kom det om lag 1100 spesialistar og 18 000 sesongarbeidarar til Noreg, størstedelen frå land som Polen og dei baltiske landa. Det blei gitt om lag 3200 EØS-løyve til arbeidstakarar. Til saman blei det gitt meir enn 25 600 løyve på grunnlag av eit arbeidsforhold dette året. Det var ein liten auke samanlikna med 2002. I første halvår 2004 blei det gitt nær 18 000 slike løyve, inkludert meir enn 11 000 opphaldsløyve etter overgangsreglane for arbeidstakarar frå dei nye EU-landa.

Regelen om framgangsmåten ved søknader om arbeidsløyve blei endra med verknad frå 15.2.2003. Ein arbeidsgivar med forretningsstad i Noreg kan no søkje om arbeidsløyve på vegner av ein arbeidstakar. Regelendringa kom til etter at næringslivet sette fram ønskje om at arbeidsgivarar burde få betre høve til å hjelpe utanlandske arbeidssøklarar som dei ønskjer å tilsetje, og såleis bli meir konkurransedyktige i kampen om attraktiv arbeidskraft i forhold til arbeidsgivarar i andre land.

Med verknad frå 19.4.2004 blei lengda av løyve til sesongarbeid utvida frå tre til seks månader. Innspel frå næringslivet, særleg frå landbruk og fiskeri, viste at arbeidsgivarar har behov for denne typen arbeidskraft i lengre tid enn tre månader.

Opninga for å gi løyve i seks månader gjer ordninga meir fleksibel.

Det er sett i verk overgangsordningar for arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda, noko som inneber fleire avgrensingar enn dei som gjeld for andre EU- og EØS-borgarar, jf. behandlinga i Stortinget av Ot.prp. nr. 44 (2003–2004). Det er likevel blitt mykje enklare for arbeidstakarar frå desse landa å kome inn på arbeidsmarknaden her i landet. Det gjeld ikkje lenger krav knytte til typen arbeid, fagkompetanse, ein bestemt arbeidsstad eller liknande. Per 1.9.2004 hadde talet på løyve til arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda passert 18 000. Det var ein auke på om lag 36 pst. frå same periode i 2003 når det gjaldt det samla talet på løyve til arbeidstakarar frå desse landa.

Mange sesongarbeidarar i landbruket har tradisjonelt kome frå dei nye medlemslanda, i første rekkje frå Polen og dei baltiske landa. Våren 2004 blei det sett i verk fleire tiltak i samarbeid mellom UDI, politiet og andre instansar for å sikre ei rask behandling av søknader om EØS-opphaldsløyve frå slike arbeidstakarar, særleg med sikte på dei som skulle arbeide i landbruket, jf. oppmodingsvedtak nr. 291 (2003–2004) frå Stortinget.

Det er vedteke endringar i utlendingslova, allmenngjeringslova, arbeidsmiljølova og likningslova for å hindre sosial dumping i samband med utvidinga av EØS-avtalen, jf. Ot.prp. nr. 77 (2003–2004).

### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa legg til grunn at det vil vere behov for å rekruttere arbeidskraft frå utlandet i åra framover. Det vil likevel vere tenleg å vurdere verknadene av EØS-utvidinga før ein tek stilling til om det er nødvendig med ytterlegare regelendringar.

Erfaringane med utvidinga, inkludert eventuelle verknader for velferdsordningane, vil bli evaluerte i tida framover, jf. oppmodingsvedtak nr. 349 (2003–2004). Det er ikkje mogleg å seie noko om verknadene i denne budsjettproposisjonen.

Det er sett i gang arbeid med å lage ei samordna vurdering av rutinane for registrering, melding, informasjonsflyt osv. hos utlendingsstyremaktene og fleire instansar som forvaltar ulike velferdsordningar. Det er også sett i gang eit nordisk prosjekt under Nordisk ministerråd som skal analysere utviklinga i arbeidsinnvandringa til Norden frå dei nye medlemslanda.

Stortinget vil bli informert når det ligg føre resultat frå evalueringsarbeidet, første gong gjennom revidert nasjonalbudsjett for 2005.

## 2. Vern for flyktningar

### *2.1 Differensiert behandling av asylsøknader innanfor ramma av internasjonale konvensjonar*

#### *Tilstandsvurdering*

I 2003 søkte 15 613 personar om asyl i Noreg, ein nedgang på nær 1900 frå året før. Nedgangen har halde fram og har vore enda sterkare så langt i 2004. Første halvår 2004 kom det berre i underkant av 4000 asylsøklarar. Det kan tyde på at det vil kome i underkant av 10 000 i 2004. Dei største gruppene av asylsøklarar i 2003 og i første halvår 2004 har kome hit frå Afghanistan, Serbia og Montenegro, Russland og Somalia.

Nedgangen i tilstrøyminga av asylsøklarar til Noreg samsvarer med trenden i 29 andre industrialiserte land i Europa, Nord-Amerika og Oceania, og også i Japan. Det har vore ein nedgang i talet på asylsøklarar i desse landa gjennom fleire år. Etter ein topp i 3. kvartal 2001, er talet redusert med 40 pst. fram til 1. kvartal 2004, viser statistikk frå UNHCR. Reduksjonen kom seinare i Noreg enn i mange av dei andre landa, men i byrjinga av 2004 var Noreg mellom dei landa der talet på søklarar fall mest.

Den markante nedgangen i Noreg kan dessutan sjåast i samanheng med tiltak frå regjeringa si side for å redusere talet på søklarar utan behov for vern. For å redusere talet på slike søklarar innførte UDI 1. januar 2004 forenkla og raskare saksbehandling for søklarar frå land der innbyggjarane normalt ikkje blir utsette for forfølgning, slik dette blir definert i flyktningkonvensjonen. Ordninga blir ofte kalla 48-timarsprosedyren. Prinsippa i forvaltningslova om forsvarleg saksbehandling gjeld her som i andre asylsaker. Dersom søknaden ikkje er klart ugrunna, men meir komplisert enn ein først trudde, blir det gjennomført nødvendige undersøkingar, og søknadene blir tekne ut av 48-timarsprosedyren. Talet på asylsøklarar frå land der norske styresmakter meiner at dei aller fleste har ugrunna søknader, er redusert i 2003 og 2004. 6–7 pst. av søklarane har kome frå land som i utgangspunktet blir rekna som trygge, mot om lag 30 pst. i 2002.

Informasjonstiltak i land som det kom mange asylsøklarar utan behov for vern frå, til dømes Ukraina, ser òg ut til å ha hatt ein viss effekt.

UDI gjorde i 2003 vedtak i om lag 16 400 asylsaker. Av desse blei om lag 12 000 søknader realitetsbehandla i UDI. Om lag 3300 søknader blei behandla etter Dublin-regelverket. Det vil seie at dei blir realitetsbehandla i eit anna europeisk land. Om lag 1000 søknader blei trekte eller lagde bort fordi søkjaren forsvann. I tillegg fekk 1149 overføringsflyktningar, som blei tekne ut på kvoten, inn-

reiseløyve i 2003. Overføringsflyktningane får normalt asyl, jf. kap. 521, post 60. I fleire år har om lag 30 pst. av asylsøkjjarane fått løyve til å bli verande i

Noreg etter ei realitetsbehandling av søknaden her. Grunngevinga har vore at dei treng vern, eller dei har fått bli verande av humanitære grunnar.

Tabell 3.4 Resultat av asylvedtak gjorde i UDI i 2003

	Tal på vedtak	Prosent av realitetsvedtak	Prosent av alle vedtak
Løyve	3 557	29,3	21,9
Av desse			
– asyl	585	4,8	3,7
– andre grunnar for vern (utlf. § 21.1)	2 216	18,3	13,6
– sterke menneskelege omsyn (utlf. § 21.2)	756	6,2	4,6
Avslag o.a.	12 850	70,7	78,1
Sum vedtak	16 407	100,0	100,0

I 2003 behandla UNE 9669 asylsaker (klager og oppmodingar om omgjerung). 2,5 pst. av vedtaka blei omgjorde. Dette er litt mindre enn i 2002, da omgjeringsprosenten var 4,2 pst. For asylsaker der iverksetjing av vedtaket blei utsett, var omgjeringsprosenten 7,8 pst.

Visse typar av asylsaker skal prioriterast. Det gjeld saker

- der søkjaren er meld til politiet, sikta eller dømd for eit straffbart forhold i Noreg
- der søkjaren tidlegare har fått avslag på ein asylsøknad i Noreg
- der søkjaren er einsleg mindreårig

Einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar er personar som er under 18 år, og som ikkje har foreldre eller andre med foreldreansvar i Noreg. Einslege mindreårige asylsøkjjarar skal prioriterast i alle ledd. I 2003 kom det 916 asylsøkjjarar som sa at dei var einslege mindreårige. I 2004 hadde det per 1. juli kome 208 einslege mindreårige asylsøkjjarar til Noreg.

Om lag 500 av asylsøkjjarane som kom i 2003, blei aldersvurderte ved røntgenundersøking av handskjelettet og ved klinisk undersøking og røntgenundersøking av tenner. Av desse blei 80 pst. vurderte til å vere over 18 år. Søknadene deira blir da behandla som ordinære søknader. Det er grunn til å tru at aldersundersøking er ei av årsakene til nedgangen i talet på mindreårige asylsøkjjarar.

Noreg blei i 2003 knytt til fingeravtrykksystemet i EU, EURODAC, som er ein felles database for oppbevaring av fingeravtrykk av asylsøkjjarar. Gjennom denne databasen er bruken av Dublin-regelverket blitt meir effektivt, ved at asylsøkjjarar som har søkt om asyl i andre land før dei kom til

Noreg, blir sende tilbake til dette landet i staden for at asylsøknaden blir behandla i Noreg. Noreg er blant dei landa som hadde flest treff i basen i 2003. Dette er ikkje overraskande med tanke på den geografiske plasseringa vår i utkanten av Europa. Dublin-samarbeidet føreset at ein søker asyl i det første trygge landet ein kjem til, og at dette landet registrerer og behandlar asylsøknaden og legg fingeravtrykk inn i EURODAC.

Regjeringa har teke initiativ til ei ny advokatordning i asylsaker. Eit hovudelement i den nye ordninga, som skal gjelde frå 1.1.2005, er at asylsøkjjarar først får dekt advokathjelp dersom dei skal klage på eit avslag, jf. Ot.prp. nr. 51 (2003–2004).

#### Strategiar og tiltak

Regjeringa vil føre vidare arbeidet som tek sikte på at tilstrøyminga av personar som ikkje treng vern, skal vere så låg som råd, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid.

Den første byggjesteinen i ein felles asylpolitikk i EU kom på plass 1.5.2004. EU-landa blei mellom anna samde om minstestandardar for asylprosedyrar og vilkåra for å kvalifisere til asyl eller opphald fordi ein treng vern mot forfølgning. Noreg deltek ikkje i samarbeidet på asylfeltet, men på grunn av tilknyttinga til Dublin-regelverket får asylpraksisen i EU-landa også verknad for Noreg. Regjeringa vil ved å ta del i utviklinga av Dublin-regelverket arbeide for at Noreg får delta i diskusjonar i EU om prosedyrar for å søkje asyl og vilkåra for å få asyl.

Saker der asylsøkjaren er registrert med kriminelle forhold i Noreg eller i eit anna land, skal prioriterast i alle ledd. Dersom det ikkje er behov for

vern, skal personen sendast ut av landet så raskt som råd. Sjølv om berre ein liten del av asylsøkjara-rane står bak kriminelle handlingar, er det nødvendig med rask saksbehandling.

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å effektivisere saksbehandlinga i asylsaker enda meir, og har derfor bede Utlendingsdirektoratet om å greie ut ei ordning for tidleg fordeling av asylsøknader i forhold til val av behandlingsprosedyre. Det er lagt til grunn at nye prosedyrar kan setjast i verk i første halvdel av 2005.

## 2.2 Differensiert og forsvarleg tilbod til asylsøklarar i mottak

### *Tilstandsvurdering*

I dag blir det gitt tilbod om plass i asylmottak til alle asylsøklarar og til personar som har fått opphaldsløyve og ventar på busetjing i ein kommune. Personar som har fått endeleg avslag, misser tilbodet frå den fastsette utreisefristen. Einslege mindreårige, barnefamiljar, personar som søker om retur til heimlandet med assistanse frå IOM, og som samarbeider om å skaffe til veges reisedokument, og personar med særskilde behov får bu i mottak også etter endeleg avslag fram til dei kan reise ut av landet. Erfaringane så langt viser at ein del grupper ikkje vil reise frå mottaket. UDI har derfor i fleire tilfelle gått til domstolen for å få desse personane ut av mottaka.

Det finst i hovudsak to typar av mottak: transittmottak og ordinære mottak. Per 1.7.2004 var det 142 mottak med totalt ca. 14 300 bebuarar. 51 pst. av bebuarane var menn, 21 pst. kvinner og 25 pst. barn, medan einslege mindreårige (0–17 år) utgjorde om lag 3 pst. Det var åtte transittmottak. Mottakssystemet blir òg omtalt under kap. 520, post 21. Som følgje av at det no kjem færre nye asylsøklarar, blir det gjennomført ein reduksjon i talet på mottak og plassar for einslege mindreårige. Medan det tidlegare i mange kommunar har vore motstand mot å opprette mottak, kan nedbyggingsperiodar ofte vere vel så vanskelege. Det gjeld særleg i kommunar med ein svak arbeidsmarknad.

Mottaka gir jamt over høg prioritet til kvinner og barn. 95 pst. av mottaka har kvinnegrupper, og 87 pst. har eigne fellesrom for kvinner. Kvinner er i stor grad sikra medverknad gjennom deltaking i bebuarråd. 95 pst. av mottaka har innført særskilde tiltak for å hindre at kvinner blir utsette for uønskt merksemd frå menn, og 91 pst. av mottaka har rutinar for å handtere valdsbruk og overgrep retta mot kvinner.

Mange mottak har støytt på store utfordringar knytte til bebuarar med psykiske problem og/eller med trugande eller valdeleg åtferd. I fleire tilfelle har ikkje desse bebuarane fått eit godt nok tilbod innanfor det psykiske helsevernet, medan politiet ikkje har hatt heimel for å fengsle dei. Andre har vist valdeleg åtferd utan at det kan knytast til psykiske problem. For å halde ved lag tryggleiken på mottaka der desse personane bur, har det vore nødvendig å setje i verk ekstraordinære tiltak i form av vakthald, tilrettelagde husvære o.a. Regjeringa arbeider òg med ei rad andre tiltak retta inn både mot mottaka og mot helsetenestene.

### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa ser at det er eit behov for at nokre av mottaka kan handtere personar med særskilde behov, t.d. som følgje av psykiske lidingar, åtferdsvanskar eller liknande, og vil leggje til rette for at det blir oppretta mottak som har tilstrekkeleg med faglege ressursar, er døgnbemanna og har ei høveleg lokalisering i forhold til det psykiske helsevernet og andre relevante hjelpeinstansar, slik at ein kan følgje opp bebuarar med særskilde behov. Kontraktane for denne typen mottak bør vere meir langsiktige enn for andre mottak. Regjeringa vil òg arbeide med ei rad førebyggjande og oppføljande tiltak, mellom anna eit prøveprosjekt for å kunne sjekke den psykiske helsa til asylsøklarar på eit tidleg stadium. Regjeringa vil òg kartleggje kva for tiltak som sikrar eit godt psykososialt miljø i mottaka, og det vil bli arbeidd vidare med å heve kompetansen til dei tilsette ved mottaka. Vidare blir det arbeidd med å betre samarbeidet mellom ulike sektorar. Mellom anna skal det utarbeidast rapporteringsrutinar mellom mottak, politi og helsevesen. Det skal vidare leggjast vekt på at alle mottaka skal setje i verk tiltak som sikrar kvinner trygge forhold.

Regjeringa vil følgje med på utviklinga av eit differensiert mottakssystem, og det blir no gjennomført ein ekstern analyse for å sjå om oppgåvefordelinga i mottakssystemet i dag er den mest kostnadseffektive. Analysen skal mellom anna vurdere organiseringa av mottaka og oppgåver, storleik og plassering ut frå eit ønske om ein mest mogleg effektiv ressursbruk. Regjeringa vil også vurdere fleire tiltak med sikte på å få redusert opphaldstida i mottak. Det blir arbeidd med å få heimel i utlendingslova slik at ein lettare enn tilfellet er i dag kan vise personar med endeleg avslag bort frå mottaka. I tillegg blir det arbeidd med ei evaluering av den nye ordninga for bortfall av tilbod om plass i mottak.

### 2.3 Varige løysingar for flyktingar i heimlandet, i nærområdet eller i Noreg

#### *Tilstandsvurdering*

Korleis Noreg skal stille seg til personar som på eiga hand kjem frå andre land og ber om vern her, står i sentrum for den flyktningspolitiske debatten. Dette er likevel berre ein del av den samla norske innsatsen for flyktingane i verda.

Dei fleste flyktingane får vern i eit land nær sitt eige. I mange høve må vertslandet få hjelp frå det internasjonale samfunnet. Noreg er eit viktig givarland for det internasjonale flyktingarbeidet. Dette blir nærmare omtalt i budsjettproposisjonen frå Utanriksdepartementet, jf. kap. 163 Nødhjelp og kap. 170, post 74 FNs Høgkommissær for flyktingar. I 2003 tok Høgkommissæren imot til saman 930 millionar USD frå 35 regjeringar og ymse private givarar. Av desse midlane blei om lag 47 millionar USD gitt av Noreg, det femte største statlege bidraget. Sett i høve til folketalet er Noreg den største givaren.

FNs høgkommissær for flyktingar tek på vegner av det internasjonale samfunnet ansvar for at flyktingane i verda skal få vern, og at problema deira skal få ei varig løysing. Høgkommissæren grupperer forsøka på å finne varige løysingar i tre: tilbakevending til heimlandet, integrering i det første asyllandet og busetjing i eit anna land, nemnt i prioritert rekkjefølgje. Noreg støttar opp om dette arbeidet.

Sjølv om få flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag har valt å vende tilbake til heimlandet, er det grunn til å tru at fleire flyktingar kan vende tilbake og kjenne seg trygge der. Dei usikre levekåra i heimlandet kan derimot vere ei hindring.

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for eit program for tilbakevending som inneheld både individuell støtte og prosjektmidlar, jf. omtale i kap. 521, post 72 Tilbakevending for flyktingar. I dei siste åra er det få flyktingar og personar med opphald på humanitært grunnlag som har vendt tilbake til heimlandet med støtte frå programmet.

Mange flyktingar finn ikkje vern og eit verdig liv i landet der dei først har søkt tilflukt. Dersom dei heller ikkje kan vende heim og vere trygge der, kan Høgkommissæren for flyktingar be andre land om å ta imot dei. Det er under 20 land som samarbeider om slik overføring av flyktingar, og Noreg er eit av dei landa som har vore med lengst, og mellom dei som har teke og framleis tek imot flest overføringsflyktingar, om vi ser bort frå dei store innvandringslanda USA, Canada og Australia. Talet på flyktingar som i samarbeid med Høg-

kommissæren kan overførast til eit nytt land, er avgrensa av dei årlege kvotane som blir stilte til rådvelde. Av 10 millionar flyktingar i verda kan nokre titusen få eit slikt tilbod.

Eit overslag frå Høgkommissæren viser at om lag 37 000 flyktingar har behov for å bli overførte til eit nytt land i 2005. UNHCR reknar likevel med at ein berre har kapasitet til å leggje fram individuelle saker for 28 000 flyktingar. Dersom mottakarlanda godtek at UNHCR også legg fram saker gruppevis, vil dette talet kunne aukast.

#### *Strategiar og tiltak*

Fleire land som det kjem mange flyktingar frå, kan få ei utvikling som tilseier auka tilbakevending. Det gjeld til dømes Irak, Afghanistan og Somalia. På sikt kan det vere mogleg å gjennomføre ei større tilbakevending til desse områda. På bakgrunn av dette vil departementet prioritere prosjekt, også i utlandet, som fremmar tilbakevending.

Overføringar av flyktingar er ei dyr form for flyktingarbeid. Både Høgkommissæren og landa som tek imot overføringsflyktingar, ønskjer eit tett samarbeid for å sikre at overføringane i større grad kan få positive ringverknader for andre flyktingar. Det er planar om å utvikle eit fleirnasjonalt rammeverk for uttak av overføringsflyktingar. Dette inneber at fleire land går saman for å løyse fastlåste situasjonar for flyktingar som i lang tid har budd i leirar. Noreg deltek i dette samarbeidet. Regjeringa føreslår at Noreg i 2005 tek ut 1000 overføringsflyktingar på kvoten, jf. kap. 521, post 60 og post 75.

Arbeidet med å gi informasjon om Noreg til overføringsflyktingane før dei kjem hit til landet, vil halde fram. Informasjonsprogrammet vil i tida framover gi eit tilpassa tilbod til barn. I tillegg vil norske kommunar som tek imot overføringsflyktingar, få informasjon om bakgrunnen deira.

### 3. Like høve til deltaking

#### *3.1 Rask og god busetjing av alle flyktingar som får opphald i Noreg*

##### *Tilstandsvurdering*

Målet er at alle flyktingar skal vere busette innan seks månader etter at dei har fått opphald i Noreg, einslege mindreårige innan tre månader etter vedtak om opphald. Per 1.7.2004 var det busett 2191 flyktingar. Berre 22 pst. av dei som oppgav å vere einslege mindreårige, blei busette innan tre månader etter vedtak om opphald. Personar som er busette frå mottak, har i gjennomsnitt venta i sju månader på plass i ein kommune etter vedtak om opphald. 56 pst. av dei busette hadde venta i meir



enn seks månader etter vedtak om opphald. Av dei busette einslege mindreårige under 18 år var det 39 pst. som blei busette innan tre månader.

I første halvår 2004 blei 133 som var registrerte som einslege mindreårige, busette i ulike kommunar. 68 einslege mindreårige oppheld seg i mottak for mindreårige og ventar på busetjing. Generelt er det no færre problem når det gjeld busetjing av mindreårige asylsøkjjarar enn tidlegare, både fordi færre kjem til landet, og fordi fleire kommunar buset einslege mindreårige.

I 2004 er det forventat at kommunane vil busette noko i underkant av 5000 personar. Personar som har kome til landet i samband med familiesamanføring, kjem i tillegg. Behovet for plassar i kommunane i 2005 ser ut frå gjeldande prognose ut til å bli om lag 5000. Behovet vil vere avhengig av kor mange som blir busette i 2004. Talet inkluderer både personar som blir busette frå mottak, og overføringsflyktningar. I tillegg er det rekna med at det kjem om lag 800 personar som følgje av familiesamanføring.

Behovet for plassar i kommunane er større enn tilgangen, særleg i austlandsområdet. Det er dessutan vanskeleg å finne plassar til ein del av dei som ventar, ettersom mange kommunar set særskilde vilkår når det gjeld kven dei vil ta imot. I tida framover kan det bli behov for fleire plassar i kommunane. Fleire hundre barn har bede om ei ny vurdering av søknadene sine, jf. Dok. nr. 8:50 (2003–2004) og Innst. S. nr. 210 (2003–2004). I tillegg gjer regjeringa framlegg om å auke kvoten for overføringsflyktningar, jf. delmål 2.3.

Kommunal- og regionaldepartementet evaluerte våren 2004 den nye busetjingsordninga som blei innført med verknad frå busetjingsåret 2002, jf. omtale i revidert nasjonalbudsjett for 2004.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe har utarbeidd forslag til betre oppfølging av einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Rask og godt førebudd busetjing i kommunane er framleis eit prioritert mål. For å styrkje dette arbeidet har departementet gitt støtte til sju kommunar for å utvikle spesialkompetanse med tanke på utgreiing, busetjing og oppfølging av einslege mindreårige.

### *Strategiar og tiltak*

Viktige omsyn i den nye busetjingsordninga er at flyktningar skal kunne bu nær familie og venner, at det lokalt må vere mogleg å byggje opp grupper av menneske frå same land, og at det finst høve for utdanning, kvalifisering og arbeid. Gjennom informasjon og tilrettelegging skal mottaka spele ei meir aktiv rolle i busetjinga. Prioriterte grupper i

busetjingsarbeidet vil vere einslege mindreårige og personar som har venta lenge.

Regjeringa ser ingen grunn til å gjennomføre større endringar i busetjingsordninga no, men vil følgje opp dei tiltaka som blei føreslått i revidert nasjonalbudsjett for 2004, jf. St.prp. nr. 63 (2003–2004). Ordninga har fungert i relativt kort tid, og det er grunn til å tru at dei tiltaka som blir gjennomførte, vil auke det kommunale engasjementet og dermed gi eit betre resultat. Regjeringa vil på den andre sida måtte vurdere ulike tiltak dersom personar med arbeids- eller opphaldsløyve blir buande urimeleg lenge i asylmottak fordi ikkje nokon kommune vil ta imot dei.

For å gjere det lettare å få busett dei som i dag blir verande lengst tid i mottak, føreslår regjeringa òg at integreringstilskotet blir fordelt på ein annan måte. Det vil bli gitt meir for busetjing av vaksne enn for busetjing av barn under 18 år.

UDI vil i 2005 leggje til rette for fleirårige vedtak i busetjingskommunar. Det vil vere til hjelp med tanke på meir langsiktig planlegging både i UDI og i kommunane. Vedtaka bør gjerast fleksible, slik at busetjinga kan tilpassast behovet, men også slik at det blir mogleg å halde ved like den flyktningfaglege kompetansen i kommunane.

Kommunesektoren har peikt på behovet for tiltak for å skaffe bustader, slik at busetjinga i sentrale område kan aukast. Regjeringa vil betre rettleiinga til kommunane, slik at dei kan nytte bustadmassen i kommunen betre. I samarbeid med regionkontora til Husbanken har Kommunenes Sentralforbund (KS) i 2004 gjennomført fleire seminar med bustad- og flyktningansvarlege i mange kommunar, og KS meiner at denne innsatsen har ført til ein auke i busetjinga. Dette arbeidet bør halde fram. Bustadpolitiske verkemiddel er elles omtalte i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken.

KS og kommunane har peikt på at det er nyttig med interkommunalt samarbeid ved busetjing og integrering av flyktningar, og KS ønskjer å arbeide for interkommunalt samarbeid om busetjingsvedtak. Arbeidet med å leggje til rette for interkommunalt samarbeid om busetjing og integrering av flyktningar bør halde fram.

Regjeringa har sendt på høyring eit forslag om at eldre innvandrarak som har budd kort tid i Noreg og som difor har litan eller ingen alderspensjon frå folketrygda, skal få rett til ein ny statleg stønad. Sjå [www.odin.dep.no/sos/](http://www.odin.dep.no/sos/), under aktuelt og høringssaker.

Ei slik ordning inneber at om lag 2000 innvandrarak ikkje lenger vil trenge sosialhjelp. Utreknningar viser at utbetaling av sosialhjelp til eldre innvandrarak utan pensjonsrettar utgjær ei utgift for

kommunane på over 100 mill. kr i året. Ei ordning med ny statleg stønad til eldre innvandrarakar vil truleg gjere det enklare å busette flyktningar i kommunane.

Regjeringa vil utvikle eit meir heilskapleg tilbod til einslege mindreårige både i mottaks- og busetjingsfasen. Betre oppfølging av einslege mindreårige som er busette hos slektningar, skal prioriterast. Vidare skal det satsast på å motivere til frivillig innsats i lokalsamfunna for denne gruppa.

### *3.2 Rask overgang til arbeidslivet og auka samfunnsdeltaking gjennom introduksjonsprogram og ordninga med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap*

#### *Tilstandsvurdering*

Nye innvandrarakar har ofte behov for kvalifisering for å kome inn på arbeidsmarknaden. Det krev at utdannings- og arbeidsmarknadsstyresmaktene legg til rette for differensierte og individtilpassa kvalifiseringstilbod for både kvinner og menn, slik den nye introduksjonsordninga legg opp til.

Lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrarakar (introduksjonslova) blei vedteken av Stortinget 12. juni 2003, jf. Ot.prp. nr. 28 (2002–2003). Lova gjeld frå 1. september 2004 som ei obligatorisk ordning for alle kommunar.

UDI er ansvarleg for å følgje opp kommunar som innfører introduksjonsordninga. UDI la i mai 2004 fram ein statusrapport om kommunalt arbeid med introduksjonsordninga. Denne undersøkinga viser at 62 pst. av kommunane vil ha teke i bruk programmet før 1. september 2004 (sjå: [www.udi.no/publikasjoner](http://www.udi.no/publikasjoner)).

Den største utfordringa for kommunane er å arbeide med å tilby eit tilpassa heilårleg program på full tid. 70 pst. av kommunane har tilbod om praksisplassar der formålet er å lære norsk. Berre 10 pst. av kommunane kjøper tenester frå private verksemdar. Gjennom statusrapporten blir erfaringar og kunnskap frå kommunale prosjekt overført til andre busetjingskommunar.

Regjeringa har i Ot.prp. nr. 30 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven og utlendingsloven lagt fram forslag om at rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram berre gjeld for personar som er busette etter avtale mellom utlendingsstyresmaktene og kommunen. Stortinget vedtok lovforslaget 16. juni 2004, og lovendringa tek til å gjelde frå 1. september 2004.

Staten gir eit øyremerkt tilskot som skal medverke til at kommunane tilbyr norskopplæring.

Målet med opplæringa er at innvandrarakar skal få gode nok kunnskapar i norsk til å kunne ta vidare utdanning og til å kunne delta i yrkesliv og samfunnsnivå, jf. omtalen under kap. 521, post 61.

Forsking viser at norskopplæringa er prega av mykje fråvere, fråfall og avbrotne kurs, noko som verkar inn på læringsutbyttet. Mange fell frå før dei når eit tilfredsstillande språkleg nivå. Manglande progresjon gjer norskopplæringa dyr og lite resultatorientert, jf. sluttrapporten frå prosjektet «Norskopplæring for voksne innvandrarakar 1998–2001» (VOX 2002).

#### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa har i Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv. mellom anna lagt fram forslag om rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Høyringsinstansane var negative til at norskopplæringa skulle finansierast gjennom inntektssystemet til kommunane. Regjeringa vil framleis la dette tilskotet vere eit særskilt tilskot, og vil kome tilbake til saka i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2005. Tilskotet til norskopplæring er omtalt under kap. 521, post 61.

I samarbeid med Nasjonalt Introduksjonsutval, der representantar for ulike instansar som har ansvar for å gjennomføre introduksjonsordninga, møter, vil UDI framleis gi informasjon, råd og rettleiing om ordninga med sikte på å heve kompetansen i kommunane. Regjeringa har sett ut eit oppdrag der ein ønskjer å få evaluert samarbeidet mellom kommunane og Aetat. Evalueringa av introduksjonsordninga vil ta til i 2005. Det vil bli utvikla eit opplegg for systematisk registrering av deltaking i introduksjonsordninga.

Som ein del av regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom vil det bli prøvd ut eit kvalifiseringsprogram for langtidsledige innvandrarakar etter same modell som introduksjonsordninga, jf. omtale under kap. 521, post 62. Kvinnene sin situasjon vil få særleg merksemd. I tillegg til auka sysselsetjing er det venta at tiltaket kan få positive ringverknader, mellom anna betre helsetilstand, redusert kriminalitet og betre oppvekstvilkår for barn og unge.

Fleire innvandrarakar har kunnskapar og erfaring frå heimlandet med å etablere og drive eiga verksemd. I Noreg kan dei møte hindringar som gjer det vanskeleg å etablere seg her. Regjeringa vil derfor setje i gang forsøk med etablerarverksemd for innvandrarakar, jf. kap. 521, post 71.

*3.3 Aktiv innsats mot diskriminering og rasisme i alle delar av samfunnslivet; offentlege tenester som tek omsyn til brukarane sin bakgrunn når det gjeld språk, kultur og religion*

#### *Tilstandsvurdering*

Både forskning og rapportar frå UDI og Senter mot etnisk diskriminering viser at mange med innvandrarakgrunn møter barrierar som mellom anna har diskriminering som årsak. Dei siste rapportane frå UDI og Senter mot etnisk diskriminering kan lastast ned frå [www.udi.no](http://www.udi.no) og frå [www.smed.no](http://www.smed.no). Problemet er særleg stort på arbeidsmarknaden og på bustadmarknaden.

Våren 2004 blei det gitt ut ein statusrapport om gjennomføringa av tiltaka i handlingsplanen mot rasisme og etnisk diskriminering 2002–2006. Rapporten viser at oppfølginga av planen er godt i gang. Statusrapporten kan lastast ned frå [www.odin.dep.no/krd](http://www.odin.dep.no/krd) under publikasjonar.

I juni 2003 leverte Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI), som er ein ekspertkommisjon under Europarådet, sin tredje rapport om Noreg. Rapporten finnast på [www.coe.int](http://www.coe.int) under Human Rights Publications.

Rapporten analyserer situasjonen i Noreg og kjem med forslag og tilrådingar om korleis problem knytte til rasisme og diskriminering kan taklast. I rapporten gir kommisjonen både positive tilbakemeldingar og tilrådingar om tiltak. ECRI fokuserer særleg på korleis ein kan styrkje vernet mot rasistiske ytringar, og korleis ein kan sikre likt tilgjenge og likebehandling i arbeidslivet og på bustadmarknaden.

I 2004 blei det utarbeidd retningslinjer for bruk av tolk i statlege mottak. Vidare er eit nasjonalt tolkeregister under etablering. Registeret skal føre til meir effektiv bruk av dei tolkane som er aktive, og gi brukarane betre oversikt over kompetansen til tolkane. Tolkeautorisasjonsordninga er omtalt under kap. 521, post 74.

#### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa vil i 2004 leggje fram forslag om ny lov mot diskriminering på grunnlag av etnisitet og religion m.v. Regjeringa vil arbeide vidare med å følgje opp Handlingsplan mot rasisme og diskriminering (2002–2006).

Den nye stortingsmeldinga om mangfald gjennom inkludering og deltaking, som blir lagd fram i 2004, fokuserar mellom anna på brukartilpassing av offentlege tenester for innvandrarakgrunn.

Arbeidet med å heve kompetansen hos tolkar skal vidareførast. Nettbasert tolkeutdanning skal bli eit permanent tilbod. Vidare held arbeidet med

å kvalitetssikre rekrutteringa av tolkar til offentleg sektor fram. Om lag 250 nye tolkar får utdanning i 2005, og Universitetet i Oslo vil auke talet på statsautoriserte tolkar gjennom autorisasjonsprøva. Tospråkleg testing av andre tolkar som tek oppdrag i forvaltninga, vil bli gjennomført av UDI fram til det er etablert ei anna ordning.

I 2005 skal det lagast ei utgreiing om bruk av tolk i helsesektoren. Opplæringstiltak for brukarar av tolketenester vil bli utvikla vidare.

*3.4 Styrking av samarbeidet og dialogen mellom styresmaktene, innvandrarakgrunn og etterkomarane deira*

#### *Tilstandsvurdering*

Innvandrarakgrunn er stort sett mindre representerte i politikk og organisasjonsliv enn talet på innvandrarakgrunn skulle tilseie. Eit viktig unntak er samansetjinga av bystyret i Oslo kommune. Det er derfor ei utfordring å gi etniske minoritetar høve til å påverke samfunnsutviklinga og sin eigen livssituasjon gjennom slike kanalar. Regjeringa ønskjer å ta i bruk innvandrarakgrunn sine ressursar, organisasjonar og erfaringar i større grad. For å styrkje dialogen mellom ulike miljø blei det i 2004 arrangert seminar om og med somaliarakgrunn i Noreg, og med representantar for ulike religiøse minoritetar.

Det har også vore ei satsing på tiltak som kan førebyggje tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting, både ved at eksisterande prosjekt er blitt førte vidare, og gjennom oppstarting av nye. Tiltaka mot kjønnslemlesting er knytte opp mot det nasjonale prosjektet «Omsorg og kunnskap mot kvinnelig omskjæring» i regi av Barne- og familiedepartementet. Prosjektet skal saman med handlingsplanen avsluttast i 2004, og arbeidet skal evaluerast. Arbeidet mot tvangsekteskap omfattar mellom anna tiltak knytte til behovet for bustader for unge som må bryte med familiane og leve i skjul. Husbanken har i 2004 samarbeidd med ein del kommunar om disponering av bustader til ungdom som blir tvinga inn i ekteskap mot sin vilje.

#### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa vil leggje til rette for samarbeid og dialog mellom lokale og nasjonale styresmakter og ulike organisasjonar og miljø. Å få ein god dialog mellom kvinner og ungdom med minoritetsbakgrunn og styresmaktene er òg ei utfordring. Ei evaluering for å sikre at tilskota til dei landsdekkjande organisasjonane på feltet fører til at målet med tilskota blir nådd, er sett i gang. Evalueringa blir òg følgd opp i 2005.

Regjeringa har sett i gang ein prosess der unge med innvandrarakgrunn frå heile landet skal

kunne kome til orde med sitt syn på korleis det er å vekse opp i Noreg i dag. Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) skal drive denne prosessen, som mellom anna inneheld ulike aktivitetar som vil gjere det mogleg for minoritetsungdom å gi uttrykk for korleis dei har det.

Det vil bli stilt krav om at nykomne innvandra- rar og flyktningar skal underteikne ei erklæring om at dei har fått informasjon om lovene som forbyr tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Stortingsmeldinga om mangfald gjennom inkludering og deltaking, tek utgangspunkt i at befolkninga i Noreg er meir samansett enn tidlegare med omsyn til religion, livsstil, verdiorientering og kulturelle skikkar og tradisjonar. Meldinga drøftar prinsipp for korleis samfunnet skal møte det nye mangfaldet. I eit samfunn prega av mangfald må det takast ulike omsyn. Å utvikle fellesskap, deltaking og fredeleg sameksistens må vegast opp mot omsynet til at folk er ulike og har rett til å leve på ulike vis. Samtidig må alle innbyggjarar ha same høve til å kunne delta i samfunnet. Dette inneber mellom anna at offentlege tenester og institusjonar bør i størst mogleg grad vere tilpassa befolkninga. Skolen og foreldra har eit særskilt ansvar for å leggje forholda til rette slik at barn og unge med innvandrarforeldre får dei same rettane og dei same høva til å delta i samfunnslivet som andre. Arbeidet med å endre politikken i tråd med desse prinsippa vil ta til i 2005, når Stortinget har behandla meldinga.

#### 4. Effektiv og brukarorientert forvaltning

*4.1 Oppdatert regelverk på utlendingsområdet som er i samsvar med internasjonale forplikningar og tek omsyn til nasjonale og internasjonale utfordringar*

##### *Tilstandsvurdering*

Regjeringa skal leggje fram forslag til ny statsborgarlov hausten 2004. I proposisjonen vil det bli gjort framlegg om ei rad endringar samanlikna med gjeldande lov. Det blir mellom anna føreslått å vidareføre prinsippet om eitt statsborgarskap. Dette prinsippet skal etter forslaget effektiviserast gjennom strengare reglar for å bli løyst frå anna statsborgarskap. Det blir òg sett fram forslag om å innføre ein seremoni for nye norske borgarar. Ordninga med seremoni skal vere frivillig og gjennomførast av fylkesmennene éin til to gonger per år. Før den nye lova kan setjast i kraft, må det utarbeidast føresegner til lova. Ein reknar derfor ikkje med at lova vil kunne setjast i kraft før i 2006.

Utlendingslovutvalet skal etter planen leggje fram sitt forslag i oktober 2004. Utvalet si utgreiing blir send på offentleg høyring så snart råd er.

Som deltakar i Schengen-samarbeidet deltek Noreg i mykje av utforminga av regelverket og politikken i EU på justis- og innanriksfeltet. Det gjeld mellom anna på områda grensekontroll, visumsamarbeid, retur og tiltak mot ulovleg innvandring. Dei rettsaktene som blir vedtekne på desse felta, skal gjennomførast i norsk lov. EU-landa har også etablert ein felles asyl- og innvandringspolitikk. Noreg er ikkje bunden av denne politikken, men han kan likevel få direkte konsekvensar for Noreg, jf. arbeidsmål 1.1.

Endringar i innvandringsregelverket som var nødvendige i samband med EØS-utvidinga, blei lagde fram i Ot.prp. nr. 44 (2003–2004) og sette i verk frå 1. mai, jf. arbeidsmål 1.3.

##### *Strategiar og tiltak*

Styringsforholdet mellom departementet, UDI og UNE vil bli endra, mellom anna slik at departementet kan gi generelle instruksar til UDI om behandlinga av utlendingssaker og be UNE om å vurdere positive vedtak gjorde av UDI. Forslag til nødvendige lovendringar vil bli omhandla i ein lovproposisjon som kjem hausten 2004. Desse tiltaka og visse organisatoriske endringar på bakgrunn av evalueringa av UNE i 2003 skal etter planen setjast ut i livet i 2005, jf. arbeidsmål 1.1 og omtale i kap. 524 Utlendingsnemnda.

EU arbeider med å utvikle dataverktøy for visumsamarbeid og grensekontroll (VIS og SIS II) og bruk av biometriske data som tiltak mot ulovleg innvandring og terrorisme, jf. arbeidsmål 1.1. Reglane om dette skal takast inn i norsk lov, og departementet vil vurdere behovet for vidare nasjonal lovregulering i samband med denne utviklinga.

Erfaringar med og verknader av overgangsreglane for arbeidstakarar frå åtte av dei nye EØS-medlemslanda vil bli evaluerte i 2005, jf. arbeidsmål 1.3.

På bakgrunn av behandlinga av forslag i Ot.prp. nr. 51 (2003–2004) Om lov om endringer i utlendingsloven mv., jf. Innst. O. nr. 93 (2003–2004), ber Stortinget regjeringa utgreie og endre regelverket slik at det er eit vilkår for familiesamanføring i Noreg at kvinner er sikra lik rett til skilsmisse i ekteskapskontrakten, jf. oppmodingsvedtak nr. 517 (2003–2004). Regjeringa vil vurdere korleis regelverket kan endrast, og kva for andre tiltak som er aktuelle for å sikre kvinner og menn lik faktisk rett til skilsmisse i samband med familiesamanføring. Tiltak vil bli sette i verk så snart dei er utarbeidde. Stortinget vil bli orientert om saka i revidert nasjonalbudsjett for 2005.

#### 4.2 Mål- og resultatstyring på grunnlag av evalueringar og forskingsbasert kunnskap

##### *Tilstandsvurdering*

I dei siste åra har Kommunal- og regionaldepartementet nytta uavhengige evalueringar for å få eit betre grunnlag for å drive god mål- og resultatstyring på utlendingsfeltet. Slike evalueringar er viktige reiskapar for organisasjonsutviklinga på feltet. Utviklingsarbeid, til dømes i samband med innføring av introduksjonsordninga, i utvikling av tolketenester og i arbeidet overfor einslege mindreårige asylsøklarar, gir dessutan viktige innspel til utforming av politikken og regelverket.

I tida frå UDI blei etablert i 1988 og fram til i dag har det skjedd store endringar på innvandrings- og integreringsfeltet, og det er i dag heilt andre utfordringar knytte til arbeidet med integrering enn det var for 15 år sidan. Talet på innvandrarar har også auka. Regjeringa ønskjer å styrkje det langsiktige arbeidet med integrering. Eit konsulentfirma har vurdert organiseringa av forvaltningsapparatet på innvandrings- og integreringsfeltet. Evalueringa inneheld fleire forslag til omorganisering med sikte på ein styrkt, meir målretta og betre samordna innsats for å inkludere innvandrarar i samfunnet.

Hovuddelen av Datasystem for utlendings- og flyktningssaker (DUF), som er ein felles reiskap for heile utlendingsforvaltninga, blei sett i produksjon i 2003, medan siste del kom på plass i 2004, jf. omtale under kap. 520, post 1.

##### *Strategiar og tiltak*

Aktiv bruk av forskning, utgreiing og forsøk som departementet finansierer, jf. kap. 521, post 71 Kunnskapsutvikling og kap. 500, post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, er viktig for å betre kunnskapsgrunnlaget når politikken skal utformast. Samarbeidet med Statistisk Sentralbyrå (SSB) om statistikk som gjeld innvandring og innvandrarar, går vidare. Gjennomføring av ei ny undersøking om levekåra for innvandrarbefolkninga kjem til å stå sentralt. Også i 2005 vil departementet leggje vekt på evaluering av endringar av regelverket og på forholdet mellom innvandringsregulering, utlendingskontroll og integreringspolitikk. Dette er eit felt som det manglar kunnskap på. Verknadene av innføringa av underhaldskrav i samband med familiesamanføringar og lova om introduksjonsordning for nykomne innvandrarar skal evaluerast. Utviklingsarbeidet for å betre tolketenestene, styrkinga av minoritetsperspektivet i offentlege tenester og innsatsen overfor einslege mindreårige asylsøklarar blir ført vidare.

Stortinget har oppmoda regjeringa om å leggje fram ei særskild sak om utvikling og samordning av innvandringsforskning i Noreg, jf. oppmødingsvedtak nr. 158 (2003–2004). Planlagd forskingsinnsats når det gjeld integrering og inkludering av innvandrarar i samfunnet, blir omtalt i den nye stortingsmeldinga om mangfald gjennom inkludering og deltaking. Vi viser òg til omtale under kap. 521, post 71 Kunnskapsutvikling i St.prp. nr. 1 (2003–2004).

Regjeringa vil i 1. halvår 2005 leggje fram forslag for Stortinget om omorganisering av forvaltninga på innvandrings- og integreringsfeltet. Sentrale instansar skal først få sjansen til å uttale seg om forslaga i den nemnde konsulentrapporten.

#### 4.3 Open og velfungerande utlendingsforvaltning som publikum har tillit til

##### *Tilstandsvurdering*

I dei seinare åra er det sett i verk ei rad tiltak i forvaltninga for å betre servicen overfor brukarane. Arbeidet vil halde fram i 2005.

I 2003 og 2004 gjennomførte UDI omfattande brukarundersøkingar som blir nytta som rettesnorer i det vidare arbeidet. Rapportane viser at trass i innsatsen i dei siste åra, står det att mykje arbeid for å betre servicen. Brukarane meiner mellom anna at saksbehandlingstida i utlendingssaker er for lang. Dei har liten tillit til at søknadene blir rettvis behandla, og dei meiner at forvaltninga er for lite tilgjengeleg.

I 2004 er det sett i verk fleire tiltak for å møte desse utfordringane, mellom anna er det oppretta ei gruppe for brukarservice i UDI, og interne rutinar er endra i tråd med direktoratet si servicefråsegn. Det er dessutan laga sider på Internett på norsk og engelsk om brukarservice, med oppmøding til brukarane om å gi tilbakemelding om korleis dei opplever servicen.

Fem landsomfattande undersøkingar som Opinion har utført for UNE, viser at publikum si tiltru til utlendingsforvaltninga har auka monaleg. I dag er det 16 pst. fleire som seier at dei har svært stor eller nokså stor tiltru til forvaltninga, enn det var for to år sidan. For første gong sidan undersøkingane starta er det fleire som har tiltru til utlendingsforvaltninga enn manglande tiltru.

##### *Strategiar og tiltak*

UDI skal følgje opp brukarundersøkingane som blei gjennomførte i 2003 og 2004. Opinion vil halde fram med landsomfattande undersøkingar om publikum si tiltru til utlendingsforvaltninga.

Det skal takast i bruk eit nytt og utvida informasjonsprogram for asylsøkjjarar den 1. januar 2005 i samband med at advokathjelp fell bort i første instans.

Det skal setjast i verk nye informasjonstiltak for grupper av familiesamanførte som ikkje blir omfatta av introduksjonsordninga eller andre informasjonsprogram.

Internettssidene til UDI, som er retta mot søkjarar, skal utviklast vidare. Utfordringa ligg særleg i å gi informasjon på fleire språk og gjere det teknisk mogleg for søkjarar å sjekke status i sakene sine.

#### 4.4 Heilskapleg og målretta kommunikasjon og informasjon på innvandringsfeltet

##### Tilstandsanalyse

Utlendingsfeltet har mange brukarar og målgrupper – alt frå personar som søker om opphaldsløyve og arbeidsgivarar som ønskjer utanlandsk arbeidskraft, til kommunar som har som oppgåve å busetje og integrere nyleg komne innvandrarar. Behovet for informasjon er stort. Det er derfor viktig at utlendingsforvaltninga har ein heilskapleg og målretta kommunikasjon med brukarane sine.

I 2004 blei det utarbeidd ein ny kommunikasjonsstrategi som legg vekt på at informasjonsarbeidet skal rette seg mot dei behova målgruppene har, og gjere samanhengane i integreringspolitikken tydelege. I større grad enn i dag vil departementet bruke informasjon som verkemiddel for å realisere politiske målsetjingar. Av satsingsområda for 2004 kan vi nemne: EØS-utvidinga og arbeidsinnvandring, norskopplæring, busetjing av flyktingar, den nye introduksjonsordninga, stortingsmeldinga om det fleirkulturelle Noreg, den nye lova mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion o.a. og ny statsborgarlov.

##### Strategiar og tiltak

Kommunal- og regionaldepartementet vil i 2004 oppdatere både kommunikasjonsstrategien sin og dei konkrete informasjonsprogramma.

UDI har ansvaret for mykje av informasjonsarbeidet, alt frå informasjon til utlendingar som søker om innreiseløyve eller opphaldsløyve, til informasjon til kommunar som driv med norskopplæring og integrering. UDI skal utvikle informasjonsarbeidet sitt og ha handlingsplanar på visse område. Direktoratet skal mellom anna

- syte for at vertskommunar for mottak er informerte om kva for rutinar og ordningar som gjeld for drift av mottak

- lage ein plan for informasjon til flyktingar i mottak og til personar som får opphald, om rettar og plikter i Noreg
- syte for at den politiske og administrative leiinga i kommunane har tilgang til kunnskap om den integreringspolitikken regjeringa fører
- informere media og andre om skiljet mellom flyktingpolitikk og annan innvandringspolitikk

I tillegg til å gi informasjon til dei som klagar saker inn for UNE, er det ei viktig oppgåve for UNE å informere massemedia, politikarar og andre interesserte om problem, fakta og praksis i utlendingsaker. På internettssidene til UNE ([www.une.no](http://www.une.no)) blei det i 2003 og 2004 lagt ut mykje informasjon til nytte for interesserte. I tillegg til at det er publisert ei rad artiklar med faktainformasjon som kan nyttast i den innvandringspolitiske debatten, er det blitt lagt ut servicestrategi, praksisrapportar, statistikkar, interne retningslinjer og eigne lenkjesamlingar som gir landinformasjon om til saman 25 land. Dette arbeidet vil halde fram i 2005.

#### Likestilling mellom kvinner og menn

Handlingsplan mot handel med kvinner og barn (2003–2005) blir koordinert av Justisdepartementet, og tiltaka blir følgde opp i samarbeid med fleire departement.

Arbeidet mot tvangsekteskap blir koordinert av Barne- og familiedepartementet, og mange departement er inne i samarbeidet. Innsatsen skal vere rullerande etter at handlingsplanen blei avslutta i 2001. Nye tiltak blir vurderte kontinuerleg. Arbeidet med regelverket og praktiseringa av det vil halde fram.

Tiltaka i handlingsplanen mot kjønnslemlesting blir følgde opp gjennom eit treårig prosjekt. Mange departement samarbeider praktisk og økonomisk om denne satsinga, som blir avslutta i 2004. Barne- og familiedepartementet har koordinert arbeidet.

Kommunal- og regionaldepartementet legg særleg vekt på desse tiltaka med sikte på å styrkje likestillinga mellom kvinner og menn på innvandringsfeltet: Introduksjonsordninga for nye innvandrarar, som gjeld i alle kommunar frå 1.9.2004, er lagd opp slik at kvinner skal kunne delta på like fot med menn.

- Regjeringa har lagt fram forslag til ei ny ordning som inneber rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, jf. Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) Om lov om endringer i introduksjonsloven mv.
- Utlendingslovutvalet vil leggje vekt på kjønnsdimensjonen i forslaget til ny utlendingslov. Spesielt vil utvalet sjå nærmare på kjønnsbasert for-

- følging og på handel med kvinner og barn. Departementet vil følge opp desse spørsmåla gjennom det vidare arbeidet med ny utlendingslov.
- Regjeringa vil vurdere korleis regelverket kan endrast, og kva for andre tiltak som er aktuelle, for å sikre kvinner og menn lik faktisk rett til skilsmisse i samband med familiesamanføring.
  - Bebuarar i asylmottaka skal ha eit differensiert tilbod. Dette skal mellom anna sikre at det blir teke omsyn til dei ulike behova som kvinner og menn kan ha.

## Kap. 520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	436 614	441 833	423 700
21	Spesielle driftsutgifter, statlege mottak	1 785 897	1 167 500	1 138 770
22	Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing	46 107	45 000	34 000
	Sum kap. 520	2 268 618	1 654 333	1 596 470

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 520, post 1 auka med 3,555 mill. kr til 444,808 mill. kr. Løyvinga på post 21 blei auka med 201,5 mill. kr til 1 369 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

### Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI), jf. omtale innleiingsvis.

#### Rapport for 2003 og 2004

Til saman 15 600 personar søkte om asyl i 2003, ein nedgang på 1900 personar, eller 11 pst., frå året før. I 2003 behandla UDI om lag 65 000 saker i førsteinstansen etter utlendings- og statsborgarlova, mot om lag 76 000 saker i 2002. Første halvår 2004 har UDI i førsteinstansen behandla om lag 38 000 saker.

Arbeidet med omstilling og utvikling i UDI heldt fram i 2003 og i 2004. Det har vore lagt stor vekt på utvikling av informasjons- og styringsverktøy som kan gi leiinga i UDI og departementet best mogleg oversikt over ressursbruk, tal på behandla saker og servicegrad, og statistikk knytt til dei saksfelte direktoratet er sett til å forvalte. Auka kvalitet på statistikken kan gjere at det på enkelte område blir problematisk å jamføre med tidlegare år.

UDI tok i 2003 eit viktig teknologisk steg ved å ta i bruk det nye datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). Hovudvinsten ved det nye systemet er høgare kvalitet i saksbehandlinga og høvet til å få betre statistikk og styringsdata. Innføringa av DUF førte til store forseinkingar i behandlinga av saker, særleg når det gjaldt opphaldssaker.

Det gjorde at køen av saker til behandling bygd seg kraftig opp gjennom første halvår 2003. Dei største innkøyringsproblema i samband med DUF er no løyste, men for å betre effektiviteten ytterlegare held arbeidet med å justere systemet fram. Det er også utfordringar knytte til målet om å sikre god kvalitet på registreringane i systemet.

UDI har i perioden frå 1998 til og med mai 2003 utgiftsført totalt 66,7 mill. kr til DUF, jf. omtale i St.prp. nr.1 (2003–2004). Dette inkluderer utgifter til bruk av egne tilsette. Utgifter knytte til DUF utover det som er løyvt særskilt, er tekne innanfor løyvingane på driftsposten til UDI. DUF vil, som alle større IT-system, måtte utviklast. Utlendingsforvaltninga er dessutan eit område i stadig endring, og systemet må tilpassast i tråd med endringane. I perioden frå mai 2003 til utgangen av juli 2004 var utgiftene til ferdigstilling og vidareutvikling av DUF på 27 mill. kr. Beløpet omfattar både kjøp av konsulenthjelp og UDI sin eigen ressursinnsats i samband med prosjektet. Frå juli 2004 er DUF-prosjektet avvikla, og oppgåva med å tilpasse systemet er blitt ei ordinær oppgåve for UDI.

UDI utviklar eit Internett-basert registreringsystem med utgangspunkt i DUF for registrering av deltakarar i introduksjonsordninga og i norskundervisninga. Systemet skal vere ferdig til bruk i kommunane 1. september 2005.

UDI har mange utfordringar når det gjeld utvikling av datasystem i tida som kjem. Det gjeld mellom anna utvikling av elektroniske tenester for

brukarar av utlendingsforvaltninga, auka effektivitet i bruken av eksisterande verktøy og utviklingsarbeid som ledd i at Noreg skal knytast til den europeiske visumdatabasen.

Hausten 2003 blei det gjennomført ei rad ekstraordinære tiltak med sikte på å få kontroll over dei mange ubehandla opphaldssakene. Denne innsatsen blir ført vidare gjennom meir permanente tiltak i 2004, slik at UDI skal kunne ta hand om alle søknader som kjem inn.

Målet om å kunne behandle 16 000 asylsaker blei oppfylt i 2003. Ved utgangen av året var det likevel i overkant av 9000 asylsaker som låg til behandling i UDI. Dersom talet på asylsøkjjarar ikkje blir høgere enn prognosen på 10 000, vil restansane bli monaleg reduserte i 2004.

Når det gjeld integreringsspørsmål, har UDI hatt særleg merksemd retta mot arbeidet med å førebu den nye introduksjonsordninga for nye flyktningar. Dette arbeidet har gått etter planen. Kommunane var godt førebudde da den nye lova tok til å gjelde i september i år.

Talet på bebuarar i mottak er framleis høgt. UDI kjøper mottakstenester, men har ansvaret for å styre tenestene og for å lære opp og gi råd til driftsoperatørar og tilsette ved mottaka.

UDI har i 2003 også ytt hjelp til departementet i samband med utvikling av regelverk og praksis.

#### *Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til drift av UDI på 423,7 mill. kr i 2005, av dette 16,8 mill. kr til etablering av eit nasjonalt system i samband med etablering av VIS (Visa Information System) og 3,1 mill. kr til språktesting av tolkar og drift av folkeregister.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak**

Løyvinga på posten skal dekkje staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar. For ein nærmare omtale av kva løyvinga på posten går til, sjå omtale av posten i St.prp. nr. 1 (2002–2003) s. 66.

Behovet for løyvingar er avhengig av kor mange personar det er som bur i mottak, og det er igjen avhengig av kor mange personar det er som søker asyl, saksbehandlingstida i asylsaker, talet på løyve/avslag, busetjingstakten, effektiveringa av avslag, kor mange personar som reiser frå mottak på eiga hand, og opphøyr av tilbod om mottaksplass til personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden. Prognosane er usikre, og det kan bli behov for å endre løyvinga på posten i budsjettperioden.

### *Målsetjing*

Målsetjinga med posten er å gi eit mellombels tilbod om ein plass å bu til personar som søker asyl i Noreg. Tilbodet gjeld frå ein person er registrert som asylsøkjjar og fram til vedkomande er busett i ein kommune, eller til utreisefristen for personar som har fått avslag på asylsøknaden. Einslege mindreårige, barnefamiliar og personar som søker om å få reise heim frivillig gjennom returprogrammet i regi av IOM, i tillegg til ein del andre grupper, får bu i mottak også etter endeleg avslag på asylsøknaden.

### *Rapport for 2003 og 2004*

Statlege mottak er lokaliserte over heile landet og blir drivne etter avtale med private driftsoperatørar, kommunar eller organisasjonar. Ser ein på utgiftene knytte til dei driftsavtalane UDI har med driftsoperatørar av statlege mottak, var gjennomsnittleg pris per bebuar per døgn i 1. halvår 2004 om lag 168 kr for ordinære plassar og plassar for einslege mindreårige samla sett, og om lag 342 kr for transittplassar. I desse utgiftene ligg det, i tillegg til kontraktfesta utgifter til driftsoperatørane, kompensasjon til vertskommunane for statlege mottak og utgifter til særskilde tiltak, som vakthald og tilrettelegging av husvære for personar med særskilde behov. Den største utgifta som ikkje ligg inne i prisen, er ytingar til asylsøkjjarar og flyktningar i den tida dei oppheld seg i mottak.

For å dekkje behovet for fleksibel mottakskapasitet har dei avtalane UDI gjer med driftsoperatørar, i all hovudsak ei oppseiingstid på tre månader. Det er eit mål at minst 90 pst. av dei ordinære, faste mottaksplassane og minst 80 pst. av transittplassane skal vere i bruk til kvar tid. Gjennomsnittleg kapasitetsutnytting var per 1.7.2004 på 86,5 pst. Gjennomsnittleg kapasitetsutnytting for dei faste transittplassane var per 1.7.2004 på 71,8 pst. Etter nærmare avtale med departementet kan målet fråvikast i periodar med rask opp- og nedbygging. Talet på mottaksplassar vil bli redusert i andre halvår 2004. Nedbygginga vil bli gjennomført gradvis. Det inneber at målet om 90 pst. belegg i ordinære mottak kan bli vanskeleg å nå i 2005.

Transittmottaka har i dei siste par åra fått eit utvida funksjonsområde. Mottaka blir i dag ikkje berre nytta for asylsøkjjarar som nyleg er komne til landet, men òg for dei som skal uttransporterast, og for dei som truleg blir verande i landet i kort tid.

UDI har pålagt mottaka å konkurransenutsetje innkjøp av startpakkane for bebuarar i mottak (kjøkkenreiskaps-, klede- og sengekledepakkar). I framtida vil UDI sentralt stå for innkjøp.



*Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til drift av mottak på 1 138,8 mill. kr i 2005, av dette 15 mill. kr til etablering av mottak som skal ha tilstrekkeleg med faglege ressursar, vere døgnbemanna og ha ei høveleg lokalisering i forhold til det psykiske helsevernet og andre relevante hjelpeinstansar, slik at ein betre kan følgje opp bebuarar med særskilde behov. Forslaget til løyving er basert på eit overslag over gjennomsnittleg belegg i mottaka på i overkant av 10 200 personar, jf. også romartalsvedtaket om fullmakt når det gjeld mellombels innkvartering av asylsøkjjarar og flyktningar.

**Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing**

Løyvinga på posten dekkjer utgiftene UDI har til tolking og omsetjing i samband med behandlinga av asylsaker.

UDI har ansvaret for å intervjuje asylsøkjjarar og nyttar derfor tolk i stort omfang. I tillegg til asylintervjuet har asylsøkjjarar med visse unntak høve til å gi ei skriftleg forklaring, ei eigenerklæring om kvifor dei søker asyl, før intervjuet. Denne ordninga inneber utgifter til omsetjing. Løyvinga på posten skal også dekkje utgifter ved omsetjing av originaldokument som saksbehandlaren i UDI meiner må omsetjast til norsk. Det gjeld originaldokument som søkjaren, politiet eller andre relevante instansar legg ved i saka.

*Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 34 mill. kr på posten for 2005.

**Kap. 3520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Tilfeldige inntekter	4		
02	Gebyr nødvisum	27	90	93
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	1 040 833	654 000	546 570
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	58		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	8 942		
18	Refusjon av sjukepengar	8 031		
90	Tilbakebetaling	2 558		
	Sum kap. 3520	1 060 453	654 090	546 663

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 3520, post 4 auka med 112,64 mill. kr til 766,64 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Post 2 Gebyr for nødvisum**

På bakgrunn av tidlegare erfaringstal føreslår regjeringa at det blir budsjettert med kr 93 000 i gebyrinntekter for utskriving av nødvisum.

**Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter**

Ein del av dei innanlandske utgiftene i samband med mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan i

samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa føreslår at 546,57 mill. kr av utgiftene på kap. 520, post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak blir innrapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp kan først som inntekt på kap. 3520, post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter.

**Kap. 521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak (jf. kap. 3521)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	2 684 153	2 920 903	2 768 300
61	Norskopplæring for vaksne innvandrarak		1 001 500	1 275 000
62	Kommunale tiltak for innvandrarak	41 346	43 000	53 500
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 486	2 700	3 000
71	Kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i>	26 968	48 250	39 900
72	Tilbakevending for flyktningar, <i>kan overførast</i>	8 415	9 300	8 850
73	Tilskot til innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig verksemd	22 420	25 000	27 700
74	Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.	1 546	1 600	1 650
75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i>	20 823	11 650	12 950
	Sum kap. 521	2 808 157	4 063 903	4 190 850

Tekniske endringar frå 2003 til 2004: Post 61 er oppretta i samband med at ansvaret for forvaltninga av norskopplæringa for vaksne innvandrarak er overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet. Tilskotet blei tidlegare løyvt over kap. 254, post 60 under Utdannings- og forskingsdepartementet.

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 521, post 71 sett ned med 5 mill. kr til 43,25 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Post 60 Integreringstilskot, kan overførast***Bakgrunn*

Ein viktig intensjon med tilskotet er at ressursane skal nyttast på best mogleg måte for å leggje til rette for ein god introduksjon i det norske samfunnet og for innpass på arbeidsmarknaden. Det gjer ein ved å samle det økonomiske og administrative ansvaret på kommunalt nivå. Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei fire neste åra. Sidan utgiftene varierer frå kommune til kommune, vil somme kommunar få meir i tilskot enn dei har av utgifter i samband med busetjing og integrering av flyktningar i perioden, medan andre kommunar vil få mindre.

Introduksjonsordninga blei gjord obligatorisk frå 1.9.2004. Ordninga skal i hovudsak finansierast innanfor ramma av integreringstilskotet og tilskotet til norskopplæring for vaksne innvandrarak. Norskopplæring er eit av hovudelementa i introduksjonsprogrammet. Departementet legg til grunn at kommunane vil intensivere opplæringa som følgje av at introduksjonsprogrammet blir innført. Utgifter til norskopplæringa blir dekte over løyvinga på post 61 Norskopplæring for vaksne

innvandrarak. Vidare vil løyvinga over post 62 Kommunale tiltak for innvandrarak i all hovudsak bli gitt til utviklingsarbeid som støttar opp om introduksjonsprogram og norskundervisning i kommunane.

*Mål*

Integreringstilskotet skal medverke til rask og god busetjing ved at flyktningane skal kunne flytte ut frå mottak og busetje seg i ein kommune innan seks månader etter at det er gitt ordinært opphalds- og/eller arbeidsløyve, og ved at overføringsflyktningar blir busette innan seks månader etter at det er gitt innreiseløyve. Tilskotet skal føre til at kommunane gjennomfører eit planmessig og godt busetjings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal kunne delta på arbeidsmarknaden og greie seg sjølv. Tilskotet skal også medverke til rask busetjing av eldre og funksjonshemma flyktningar.

*Tildelingskriterium*

Alle kommunar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Sidan kommunane kan velje ikkje berre kor mange dei vil busetje, men også kven, vel ein

del kommunar å busetje familiar framfor einslege menn og personar som treng ressurskrevjande tiltak. Sidan introduksjonsordninga gjeld vaksne, og for å gjere det lettare å få busett dei som i dag blir verande lengst tid i mottak, føreslår regjeringa at det frå 2005 blir gitt eit større tilskot det første året for busetjing av vaksne enn for busetjing av barn. For 2005 føreslår regjeringa at tilskotet for femårsperioden blir auka frå kr 393 000 til kr 432 000 for vaksne og til kr 412 000 for barn. Med om lag 2/3 vaksne og 1/3 barn i 2005, vil forslaget gi ein gjennomsnittleg tilskotssats på om lag 425 000 kr over integreringstilskotsperioden. Dette er i samsvar med kartlegginga gjennomført av Berekningsutvalet. Sidan iverksetjing av introduksjonsprogrammet kan innebere meir arbeid på kort sikt i somme kommunar, har regjeringa prioritert å auke tilskotet dei første åra etter busetjing

Regjeringa føreslår at det ikkje lenger skal utbetalast integreringstilskot for personar som har fått familiesamanføring med ein person som har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag. Grunnen er at det no er hovudpersonen som har ansvaret for å forsyte den nykomne familiemedlemmen.

Ved busetjing av flyktingar som har fylt 60 år ved busetjinga, får kommunen eit ekstra eingongstilskot på 120 000 kr. Også ved busetjing av flyktingar med kjende funksjonshemmingar kan det på grunnlag av dokumenterte behov givast eit ekstra eingongstilskot. Regjeringa føreslår at dette eingongstilskotet blir auka frå 120 000 kr til 140 000 kr. Ved busetjing av flyktingar med kjende funksjonshemmingar kan kommunen også søkje om ekstra tilskot, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003), s. 68–69.

#### *Skoletilskotet*

For å dekkje den kommunale eigendelen i samband med særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for barn som er omfatta av integreringstilskotet, blir det også gitt tilskot til språkopplæring. For 2005 føreslår departementet at tilskotet blir auka frå kr 8550 til kr 8750 per barn per år.

#### *Oppfølging og kontroll*

Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Gjennom den kart-

legginga Berekningsutvalet gjer av dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktingar, blir det kontrollert at det samla sett er eit rimeleg samsvar mellom forbruk og nivå på tilskotet for kommunesektoren, jf. kap. 521, post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging. Introduksjonsordninga er ein rett for den enkelte. Gjennomføringa av ordninga og av norskundervisning i kommunen skal registrerast i det nye registreringssystemet (NORA) som UDI har under utvikling.

På grunnlag av rapportar frå kommunane og statistikk over ventetid for busetjing, og på bakgrunn av kontakt med kommunane, vurderer UDI om kommunane arbeider planmessig med busetjings- og integreringsarbeidet.

#### *Rapport for 2003 og 2004*

Som i tidlegare år er det for få plassar i kommunane i forhold til behovet, og målet i den nye busetjingsordninga om auka busetjing i folketette område er i liten grad blitt innfridd. Når det gjeld busetjing av overføringsflyktingar, er resultatane betre. Trass i dette ser den nye busetjingsordninga ut til å fungere betre enn den førre. Integreringstilskotet har vist seg å vere ei ordning som er lett å administrere, og som gir kommunane eit godt grunnlag for planlegging og finansiering av tiltak i busetjings- og integreringsarbeidet. Kommunenes Sentralforbund og enkeltkommunar har gitt uttrykk for at ordninga med integreringstilskot fungerer godt, men at dei samla overføringane frå staten til integreringsarbeidet burde vore større.

Tilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har i dei første fem åra i samband med dette arbeidet, og blir utbetalt uavhengig av dei behova kvar enkelt flykting måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging i kommunen.

Dialog, informasjon og samarbeid med kommunane er sentrale verkemiddel som UDI nyttar for at flyktingane skal bli busette så raskt som råd. Målet om busetjing innan seks månader etter positivt vedtak står ved lag også for 2005, trass i at UDI har avgrensa med verkemiddel å setje inn for å nå målet, jf. delmål 3.1.

Tabell 3.5 Tal på busette

Busetjingsår	2000	2001	2002	2003	Per 1.7.2004
Tidlegare asylsøkjjarar	3 627	3 395	3 067	3 250	1 434
Overføringsflyktningar <sup>1</sup>	788	1 747	1 184	1 650	369
Familiesamanførte <sup>2</sup>	1 516	1 417	3 526	1 500	255
Einslege mindreårige asylsøkjjarar	406	340	364	350	112
<b>Busette totalt</b>	<b>6 337</b>	<b>6 899</b>	<b>8 141</b>	<b>6 750</b>	<b>2 170</b>

<sup>1</sup> Tabellen viser kor mange personar som har kome til landet.

<sup>2</sup> Som kommunane får integreringstilskot for. Søknad må vere innlevert i integreringstilskotsperioden til den ein søker om familiesamanføring med.

Kjelde: Mottaks- og busetjingsstatistikk frå UDI

Det blei busett flyktningar i 283 kommunar i 2003.

Tabell 3.6 Opphaldstid i mottak etter vedtak

Busette i kommunane etter vedtak	(tal i prosent)				
	2000	2001	2002	2003	Per 1.7.2004
Innan 6 månader	48	37	60	54	44
Mellom 6 og 12 månader	40	38	14	32	45
Meir enn 12 månader	12	25	25	14	11

Kjelde: Mottaks- og busetjingsstatistikk frå UDI

Målet for busetjing av einslege mindreårige er at dei skal vere busette innan tre månader etter at det er gitt opphaldsløyve. Berre 22 pst. av dei som oppgav å vere einslege mindreårige blei i 1. halvår 2004 busette innan den oppsette tidsfristen. I tillegg er to personar direktebusette utan opphaldsløyve. Ei årsak til den lange ventetida er at det tek tid å finne gode løysingar når det gjeld husvære og omsorg for einslege mindreårige. Kommunane har behov for rettleiing og overføring av kompetanse i arbeidet med einslege mindreårige. Utgifter til kommunale tiltak i samband med husvære til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar (heimla i barnevernlova § 4-4) utover den eigendelen kommunane må betale, blir refunderte. Ordninga gjer at ein eventuell økonomisk risiko for kommunane blir redusert. Situasjonen må også sjåast i samband med særskilde tilskot frå Barne- og familiedepartementet til arbeid med einslege mindreårige i kommunane, jf. kap. 854, post 64 Tilskudd for enslige mindreårige flyktning-

ger og asylsøkere kor tilskotet er foreslått auka til 102 940 kr pr. år i 2005.

#### Overføringsflyktningar

Gjenbusetjing inneber å finne ei varig løysing for flyktningar som ikkje kan repatrierast eller bli verande i landet der dei oppheld seg. Uttak av overføringsflyktningar skjer normalt i samarbeid mellom UDI og FN sin høgkommisær for flyktningar (UNHCR) og i samsvar med dei kriteria departementet har fastsett. Innanfor ein periode på tre år blir det fastsett kor mange overføringsflyktningar Noreg samla skal ta imot for gjenbusetjing. Regjeringa foreslår at kvoten for overføringsflyktningar blir auka med 250 i 2005. Ein ytterlegare auke vil bli vurdert i 2006. Den auka kvoten i 2005 vil bli teken ut i 2. halvår 2005. Sidan det tek relativt lang tid frå uttak og til personane kjem til Noreg, er det lagt til grunn at desse personane vil kome til Noreg i 2006. Ordninga med ein fleksibel kvote for overføringsflyktningar innanfor ein periode på tre år

inneber at ubrukne plassar kan overførast til det etterfølgjande året innanfor perioden. I 2004 vil Noreg ta ut om lag 720 flyktningar for gjenbusetjing.

Noreg vil vidareføre det nære samarbeidet med UNHCR om bruken av kvoteplassane. Ved uttak skal det, som tidlegare, takast utgangspunkt i flyktningbakgrunnen til den enkelte, behovet for å bli busett i eit nytt land og utsiktene til å kunne delta og greie seg sjølv i det norske samfunnet. Det blir lagt opp til tett dialog med UNHCR om kven Noreg bør prioritere for gjenbusetjing. Utsette kvinner er mellom dei som vil bli tekne ut, og det skal takast særlege omsyn i saker som inkluderer barn.

Tabell 3.7 Talet på overføringsflyktningar som har kome til landet

År	Personar
1998	1 124
1999	1 480
2000	1 481
2001	1 269
2002	1 216
2003	1 633
1. halvår 2004	360

Informasjonsarbeid overfor overføringsflyktningar og kommunar har i 2004 vore finansiert gjennom alternativ bruk av løyvingane for 27 kvoteplassar, tilsvarende om lag 2,5 mill. kr. Resten av løyvinga som kunne nyttast til andre formål, tilsvarende 33 kvoteplassar, er i 2004 blitt nytta til inntak av overføringsflyktningar. I tråd med auken i kvoten for 2005 føreslår departementet at midlar tilsvarende opptil 65 kvoteplassar i 2005 skal kunne brukast for å gjere arbeidet med gjenbusetjing meir effektivt, både i og utanfor Noreg.

### Budsjettforslag for 2005

Tabell 3.8 Satsar for integreringstilskot

Busetjingsår	Satsar 2002	Satsar 2003	Satsar 2004	Satsar 2005
År 1 (2005)	87 000	87 000	96 000	120 000 (vaksne) 100 000 (barn)
År 2 (2004)	77 000	77 000	85 000	91 000
År 3 (2003)	77 000	77 000	77 000	80 000
År 4 (2002)	68 000	68 000	68 000	71 000
År 1 (2001)	67 000	67 000	67 000	70 000
				432 000 (vaksne)
Sum	376 000	376 000	393 000	412 000 (barn)

For 2005 føreslår regjeringa ei løyving på 2 768,3 mill. kr, basert på at 4900 personar innanfor personkrinsen omfatta av integreringstilskotet vil bli busette i 2005. Dette beløpet inkluderer om lag 70 mill. kr til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for barn som er omfatta av integreringstilskotet.

### Post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at kommunane tilbyr vaksne innvandrarar norskopplæring som gir dei gode nok kunnskapar til å kunne ta vidare utdanning og delta i yrkes- og samfunnslivet.

## Rapport for 2002 og 2003

Tabell 3.9 Norsk med samfunnskunnskap for innvandrere 2000–2003

Opplæring	2002	2003
Undervisningstimar	1 525 433	1 453 474
Deltakarar på teljingsdatoen <sup>1</sup>	30 433	29 320
– av desse deltakarar i asylmottak	7 826	1 843

<sup>1</sup> Teljingsdatoen er endra frå 1.12. til 1.10. frå 2002.

Kjelder: FRES/UFD (1999–2001), GSI/SSB (2002 og 2003)

Tabell 3.10 Talet på deltakarar per 1.10.2003 fordelt på kvinner og menn

	Tal på deltakarar	Pst.
Kvinner	17 299	59
Menn	12 021	41
Sum	29 320	100

Kjelder: GSI/SSB

Frå 1. januar 2003 blei det ikkje lenger gitt statstilskot til norskopplæring for asylsøklarar. Talet på deltakarar og talet på undervisningstimar har likevel ikkje gått nemnande ned, og mykje tyder på at grunnen til det er at dei plassane som blei ledige, blei nytta til dei som stod på ventelister. Talet på deltakarar som bur i asylmottak, har gått ned fordi det berre blir gitt norskopplæring til dei som har opphaldsløyve og som bur i asylmottak medan dei ventar på å bli busette i ein kommune.

Per 1. oktober 2003 var det om lag 5000 fleire kvinner enn menn som deltok i opplæringa. I 2002 var det om lag 1300 fleire kvinner enn menn som deltok. Forklaringa på endringa ser ut til å vere at det tidlegare har vore fleire menn enn kvinner blant asylsøklarane som har fått norskopplæring. Det er også ein større del av innvandrarkvinnene som tek Språkprøva, og dei får noko betre resultat enn menn. I 2003 var 63 pst. av dei som gjekk opp til Språkprøva, kvinner (kjelde: Norsk språktest). Dette viser at kvinner er motiverte for å lære norsk.

Dei statlege løyvingane til norskopplæring for vaksne innvandrere har auka frå 891 mill. kroner i 2003 (etter revidert nasjonalbudsjett) til om lag 1 mrd. kroner i 2004. Dette trass i at det frå 1. januar 2004 ikkje lenger blir gitt statstilskot til norskopp-

læring for personar med arbeidsløyve på grunnlag av eit arbeidstilbod og familien deira når løyvet er gitt etter 1.1.2003, eller for nordiske borgarar og personar med EØS-/EFTA-løyve. Ifølgje rapportering frå kommunane til fylkesmannen per 1.3.2004, var det da om lag 30 400 deltakarar i norskopplæringa, medan det vil vere om lag 29 800 deltakarar i opplæringa hausten 2004.

*Budsjettforslag for 2005*

For 2005 foreslår regjeringa ei løyving på 1 275 mill. kr, ein auke på om lag 273,5 mill. kr frå 2004. I forslaget til løyving er det teke omsyn til at norskopplæringa kjem til å bli intensivert etter innføringa av det obligatoriske introduksjonsprogrammet. Målgruppa for tilskotsordninga er ikkje endra i høve til 2004, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet. Som nevnt under arbeidsmål 3.2, vil regjeringa kome tilbake til ei omlegging av tilskotet i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2005. Det er personar over 16 år som er omfatta av tilskotsordninga. Asylsøklarar i alderen 16–18 år kan også få norskopplæring med statstilskot. Det same gjeld personar med opphaldsløyve som bur i asylmottak medan dei ventar på å bli busette i ein kommune. Høvet for norske borgarar til å få norskopplæring med statstilskot vil gjelde i ein overgangsperiode på fem år frå det tidspunktet ordninga med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap blir sett i verk.

Tilskotsordninga vil bli lagd om frå det tidspunktet den nye ordninga med rett og plikt til norskopplæring blir sett i verk. Vi vil få ein overgangsperiode på fem år der den gamle ordninga blir avvikla og den nye innført. For dei som tilhøyrer målgruppa og har fått opphaldsløyve før den nye ordninga blir sett i verk, og som ikkje tidlegare har fått norskopplæring i samsvar med gjeldande reglar, vil kommunane få tilskot etter den gjeldande ordninga.

**Post 62 Kommunale tiltak for innvandrere***Mål*

Målet med tilskotsordninga er å styrkje integreringsarbeidet i kommunane. Ordninga skal også medverke til å sikre at innvandrere av ulike kjønn blir stilte likt. Midlane skal brukast til å stimulere til utprøving av tiltak og til utvikling av metodar som støttar opp om kommunale introduksjonsprogram for nyleg komne flyktingar og innvandrere.

Alle kommunar kan søkje om midlar.

Dei 12 kommunane i landet med flest utanlandsfødde personar (med unntak av personar

fødde i EØS-området, USA, Canada, Australia og New Zealand) fast busette i kommunen, medrekna barn av slike personar, kan også søkje om midlar som

- stimulerer til tiltak som medverkar til at innvandrargrupper i større grad deltek i samfunnslivet, gjennom nettverksbygging, dialog og samhandling
- støttar opp om den nye introduksjonsordninga og norskundervisning
- går til utprøving av kvalifiseringsprogram for sosialhjelpsavhengige innvandrarar med lang butid i Noreg

Tilskotet blir fordelt etter søknad til UDI.

#### *Rapport for 2004*

Det blei i 2004 utbetalt 12,7 mill. kr til dei 12 kommunane med flest busette innvandrarar. Desse kommunane var Oslo, Bergen, Stavanger, Drammen, Trondheim, Bærum, Kristiansand, Skedsmo, Fredrikstad, Sandnes, Skien og Lørenskog. Tilskota er fordelte i forhold til storleiken på innvandrarbefolkninga. Kommunane får ei øvre tilskotsramme og søkjer om prosjektmidlar innanfor denne ramma. Dette er ei ny ordning frå 2003, og ho gir kommunane betre høve til å planleggje innanfor ei ramme. Storleiken på tilskota varierte frå 240 000 kr til 7,7 mill. kr mellom dei ulike kommunane. I 2004 er midlane i hovudsak fordelte på ulike tiltak som gjeld hovudmålgruppene barn, unge og kvinner med innvandrarbakgrunn, og på kvalifiseringstiltak i samband med introduksjonsprogram for nye innvandrarar.

I 2004 blei det utbetalt 30 mill. kr i prosjektstøtte under post 62 Kommunale tiltak for innvandrarar, del 2 – introduksjonsprogram. Midlane gjekk til 153 prosjekt i 121 kommunar. 25 prosent av prosjekta er ei vidareføring av prosjekt frå i fjor. Støttebeløpet varierte frå 200 000 til 300 000 kroner for de fleste av prosjekta. Vel 15 prosent av prosjekta gjeld kompetanseheving. Heile 41 prosent dreier seg om etablering av samarbeid, både internt i kommunen, interkommunalt, regionalt og mellom kommunar og Aetat. Prosjekta gjeld elles utvikling av metodar og tiltak overfor utsette grupper og metodar for å auke talet på praksisplassar og betre oppfølginga av innvandrarar på arbeidsplassane.

#### *Forsøk med bruk av kvalifiseringsprogram overfor innvandrarar som etter fleire år i Noreg ikkje har fast tilknytning til arbeidsmarknaden og er avhengige av sosialhjelp*

Som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom føreslår regjeringa å setje av 10 mill. kr til forsøk med bruk av kvalifiseringsprogram overfor innvandrarar som etter fleire år i Noreg ikkje har fast tilknytning til arbeidsmarknaden og er avhengige av sosialhjelp. Formålet med forsøksprosjekta er å prøve ut kvalifiseringsprogram for innvandrarar med lang butid i Noreg og er avhengige av sosialhjelp, etter same modell som introduksjonsordninga for innvandrarar.

Prosjekta skal leggje vekt på kvalifisering og formidling til ordinært arbeid. Prosjekta skal prøve ut og vidareutvikle dei metodane og prinsippa som gjeld for introduksjonsordninga, for ei ny målgruppe, som kan ha andre behov og problemstillingar enn målgruppa for introduksjonsordninga. Norskundervisning kan vere ein del av programmet når det er nødvendig, men behov for norskopplæring skal ikkje vere eit kriterium for deltaking. Tiltaket skal kunne omfatte alle innvandrarar som har lang butid og tek imot sosialhjelp, uavhengig av opphaldsgrunnlag.

Prosjekt med fokus på kvinner vil bli prioriterte. I tillegg vil ein prioritere prosjekt der det er etablert eit forpliktande samarbeid med Aetat og trygdeetaten, det private næringslivet, offentleg verksemd eller innvandramiljø i kvalifiserings- og formidlingsarbeidet.

Dei 12 kommunane i landet med flest utanlandsfødde personar (med unntak av personar fødde i EØS-land, USA, Canada, Australia eller New Zealand) kan søkje om midlar.

#### *Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 53,5 mill. kr på posten for 2005. 30 mill. kr av løyvinga vil bli gitt til tiltak som støttar opp om kommunale introduksjonsprogram i dei kommunane som no tek introduksjonsordninga i bruk. 23,5 mill. kr blir sett av til dei 12 kommunane i landet med flest busette innvandrarar, av dette 10 mill. kr til forsøk med bruk av kvalifiseringsprogram overfor innvandrarar som etter fleire år i Noreg ikkje har fast tilknytning til arbeidsmarknaden og er avhengige av sosialhjelp.

## Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Løyvinga skal dekkje to formål. Den eine delen av løyvinga skal dekkje utgifter i samband med busetjingsordninga. Den andre delen av løyvinga skal gå til kartlegging av dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har til busetjing og integrering i forhold til storleiken på integreringstilskotet, jf. kap. 521, post 60 Integreringstilskot. Regjeringa føreslår ei løyving på 3 mill. kr for 2005, av desse 1,55 mill. kr til den kartlegginga Berekningsutvalet gjer av kommunale utgifter til busetjing og integrering av flyktningar, og 1,45 mill. kr til det samla arbeidet Kommunenes Sentralforbund gjer på flyktningsfeltet.

## Post 71 Kunnskapsutvikling, kan overførast

Både Kommunal- og regionaldepartementet og UDI forvaltar midlar på denne posten. Kommunal- og regionaldepartementet har ei samordningsrolle, og mykje av kunnskapsutviklinga skjer i samarbeid med ansvarlege sektorstyresmakter. Nokre av prosjekta er fleirårige. Prosjekt som UDI administrerer, er i hovudsak evalueringar eller utviklingsprosjekt.

### Mål

Formålet med løyvinga på posten er

- å sikre eit godt kunnskapsunderlag for asyl-, innvandrings-, flyktnings- og integreringspolitikken. Kunnskapsgrunnlaget skal omfatte situasjonen både for kvinner og for menn
- å medverke til ei nasjonal utvikling av kunnskap om internasjonal migrasjon og etniske relasjonar, og om gode måtar å utvikle eit fleirkulturelt samfunn på
- å medverke til informasjon om og til spreiding av forskingsresultat

### Rapport for 2003 og 2004

Organiseringa og arbeidsfordelinga i forvaltningsapparatet på integreringsfeltet er evaluert. Dei handlingsplanane regjeringa tidlegare har lagt fram, er følgde opp gjennom prosjekt for å hindre tvangsekteskap, for å skaffe fram kunnskap om kvinneleg kjønnslemlesting og for å yte omsorg overfor kvinner som er blitt utsette for kjønnslemlesting. Det er laga ein rapport om handel med kvinner frå Aust-Europa til sexmarknaden i Oslo, jf. arbeidsmål 1.1.

Frå 2004 deltek Noreg i EUs handlingsprogram for å motverke diskriminering. Programmet støttar

forskning og tiltak med sikte på å utveksle gode modellar på europeisk nivå.

Styrking av minoritetsperspektivet i offentlege tenester er eit fleirårig utviklingsprosjekt samordna av Hordaland fylkeskommune. Hordalandsmodellen er prøvd ut ved at det er gjennomført 17 basiskurs med 400 deltakarar frå det offentlege, med oppfølging etter ei viss tid. Opplæringa skal gi deltakarane tverrkulturell forståing og gi dei høve til å reflektere omkring eigen praksis. Handboka Med kurs for tverrkulturell kompetanse er utarbeidd med tanke på at ho skal kunne brukast i fylkeskommunar og kommunar.

3 mill. kr frå regjeringa si fattigdomssatsing blei nytta til ei ordning med støttepersonale for busette einslege mindreårige og til prosjekt i tre kommunar for å styrkje den frivillige innsatsen overfor busett ungdom med innvandrarbakgrunn.

Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Telemark fekk støtte frå Utlendingsdirektoratet til utdanningstilbod for tolke- og tolkelærarstudentar. Arbeidet med å etablere eit nasjonalt tolkeregister er sett i gang, jf. kap. 521, post 74.

Utprøving i kommunane i samband med innføring av introduksjonsordninga får midlar over kap. 521, post 62. Evalueringar har gitt betre kunnskap om kvar flaskehalsane i arbeidet ligg. UDI har utvikla eit opplæringsprogram. 92 prosent av dei kommunane som tek imot flyktingar, har delteke.

Røynsler med kartlegging av språkkunnskapar hos fireåringar er oppsummerte og spreidde.

Human Rights Service har levert rapporten «Norske barn i utlandet: Ute av syne, ute av sinn». Rapporten dreier seg om barn som blir sende ut av landet for å gå på skole i heimlandet til foreldra. Rapporten fokuserer særleg på Pakistan (sjå [www.rights.no](http://www.rights.no)).

Samarbeidsprosjektet «SNU unge lovbrytarar i tide – eit felles ansvar for stat, kommune og lokalsamfunn» (koordinert av Justisdepartementet) er vidareført.

### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 39,9 mill. kr på posten for 2005. Løyvinga skal gå til å vidareføre prosjekt som er i gang, til evalueringar og til nye prosjekt om asyl- og flyktningspørsmål, familiesamanføring og arbeidsinnvandring, integrering og diskriminering. I nye prosjekt skal kjønnsperspektivet kome fram. Ein del av løyvinga vil gå til vidareføring av undervisningsopplegg for tolkar. I budsjettframlegget er det som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom også i 2005 sett av 3 mill. kr til tiltak for å styrkje den frivillige innsatsen



overfor busette einslege mindreårige og ungdom med innvandrarakgrunn i kommunane. Det er også lagt inn 2 mill. kr til forsøk med etablerarverksemd for innvandrarak.

### Post 72 Tilbakevending for flyktningar, kan overførast

Målet med løyvinga er å motivere flyktningar til å vende tilbake til heimlandet når forholda der gjer det mogleg, og å leggje forholda til rette for at det kan skje. Posten dekkjer både individuell støtte og støtte til prosjekt som fremmar tilbakevending.

#### Program for individuell støtte ved tilbakevending

Personar som har fått asyl eller opphald på humanitært grunnlag, eller som er familiesamanførte med slike personar, kan etter søknad få dekt reiseutgiftene og få kr 15 000 til hjelp for å starte på nytt i heimlandet.

#### Mål

Målet med den individuelle støtta er å gi flyktningar hjelp til varig tilbakevending og til å etablere seg på nytt i heimlandet.

#### Kriteria for tildeling

UDI behandlar søknadene. Alle som har fått asyl eller opphaldsløyve på humanitært grunnlag, og familiemedlemmer som er samanførte med dei, kan få støtte. Tilbakevendingsstøtta får ingen følgjer for retten til vidare opphald i Noreg. Løyve til opphald og arbeid vil vere gyldig til løyvet går ut etter dei ordinære reglane. Eit busetjingsløyve er gyldig i to år etter utreise. Dersom søkjaren gjeninnvandrarak til Noreg, skal støtta betalast tilbake etter nærmare fastsette reglar.

#### Rapport

I dei siste åra har mange færre enn tidlegare vendt tilbake under programmet. Det er først og fremst personar med tidsavgrensa vern som har nytta ordninga med tilbakevendingsstøtte, det vil seie personar frå Bosnia og Kosovo. Om lag ein tredel av dei tilbakevendende er kvinner.

Sidan 1990 har ca. 9800 personar vendt tilbake med tilbakevendingsstøtte. Om lag 3100 av desse har nytta høvet til å kome tilbake til Noreg. Ved gjeninnvandring skal tilbakevendingsstøtta i utgangspunktet betalast tilbake. Rundt 26 pst. av dei utsendte krava er betalte per juli 2004. At tilba-

kebetalingsprosenten ikkje er høgre, kjem mellom anna av at regelverket opnar for betalingsutsetjing for dei som lever av økonomisk sosialhjelp eller får ytingar etter pengereglementet for asylsøkjarak. Dei fleste med eiga inntekt har så låg inntekt at betalinga må skje i avdrag. Departementet vil snarleg undersøkje om måloppnåinga for ordninga er god nok i forhold til ressursbruken, eller om det er nødvendig med ei større omlegging.

Tabell 3.11 Tilbakevendende i perioden frå 1998 til 1. halvår 2004

År	Talet på tilbakevendende
1998	351
1999	3846
2000	1638
2001	1001
2002	87
2003	55
1. halvår 2004	63

Kjelder: Årsmeldingar frå UDI og TBV-statistikk

Som følge av den nye situasjonen i Irak vedtok Stortinget i revidert nasjonalbudsjett for 2003 å gi 25,5 mill. kr over post 72 for å setje i verk tiltak for å stimulere til frivillig tilbakevending til Irak og for å gi auka tilbakevendingsstøtte. 31,9 mill. kr i ubrukte midlar på posten er overført til 2004.

#### Tilbakevendingsprosjekt

##### Mål

Prosjekta skal motivere flyktningar til å vende tilbake til heimlandet og førebu dei på å vende tilbake. Prosjekta skal også vere med på å kvalifisere flyktningar med tanke på yrkesaktivitet i heimlandet.

#### Kriteria for tildeling

Støtte kan givast til kommunar, offentlege etatar, mottak, frivillige organisasjonar og enkeltpersonar. Prosjekta skal ta omsyn til at kvinner og menn kan ha ulike behov. Kriteria for støtte til prosjekt er endra med verknad frå 2005. Prosjekta skal vere innanfor ein eller fleire av desse kategoriane:

- informasjon om tilhøva i heimlandet
- opplæring og kvalifiseringstiltak med tanke på yrkesaktivitet i heimlandet
- forsoning og demokratibygging

For 2005 skal prosjekt retta mot Afghanistan, Irak og Somalia prioriterast.

#### Rapport

Prosjektaktiviteten i 2004 har vore på om lag same nivå som i 2003. I 2004 har fleire prosjekt fokusert på tilbakevending til Afghanistan og Somalia. Eit viktig prosjekt er Information and Counselling on Repatriation (INCOR) i regi av Flyktningsrådet, som sidan 1995 har gitt tilbod om informasjon og rådgiving i samband med tilbakevending. INCOR utvida i 2003 prosjektet til også å omfatte einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar.

Generelt har prosjektstøtteordninga ført til at ein har fått meir erfaring med tilbakevendings-spørsmål i ulike flyktningsmiljø, kommunar, bedrifter og organisasjonar. Ordninga har ført til at fleire flyktningar har fått informasjon og rådgiving om tilhøva i heimlandet og om tilbakevending. Derimot har det i dei siste åra vore få som har vendt tilbake til heimlandet.

Som ei oppfølging av SINTEF/IFIM si evaluering av midlane på posten (sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2003–2004) s. 78 har departementet, i tillegg til endringane i kriteria for tildeling av støtte til tilbakevendingsprosjekt, sett i gang eit arbeid for å vurdere den individuelle økonomiske støtta.

#### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 8,85 mill. kr på posten for 2005.

#### Post 73 Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Tilskotsordninga på post 73 er delt i 1) tilskot til drift av landsdekkjande organisasjonar på innvandrarfeltet som arbeider med saker av nasjonal karakter og har ei landsomfattande verksemd, 2) tilskot til drift av lokale innvandrorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn, 3) tilskot til innsats for særleg utsette innvandrargrupper og 4) særskilt tilskot til stiftelsen Human Rights Service i 2005.

#### Landsdekkjande organisasjonar

##### Mål

Målet med ordninga er å støtte landsdekkjande organisasjonar som medverkar til å gi alle, utan omsyn til kjønn, dei same sjansane og dei same rettane og pliktene når det gjeld å delta i samfunnet og ta i bruk egne ressursar. Støtte kan givast til drift av landsdekkjande organisasjonar som

- er opptekne av å sikre rettane til asylsøkjjarar, flyktningar og innvandrarakar i samfunnet
- byggjer opp kunnskap om dei behova asylsøkjjarar, flyktningar og personar med innvandrarakar bakgrunn har, med sikte på å sikre rettane deira i samfunnet
- medverkar til å gi alle dei same sjansane og arbeider mot etnisk diskriminering og rasisme
- fremmar og legg forholda til rette for kontakt, dialog og samarbeid mellom personar med innvandrarakar bakgrunn, befolkninga elles og/eller styresmaktene

I tillegg skal drifta av Human Rights Service sikrast i 2005.

#### Rapport for 2004

Desse åtte organisasjonane fekk tildelt totalt 9,65 mill. kr i 2004: Antirasistisk Senter (ARS), Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO), Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), MiRA Ressurssenter for innvandrere- og flyktningskvinner, Norsk Organisasjon for Asylsøkere (NOAS), Organisasjonen mot Offentlig Diskriminering (OMOD), Selvhjelp for innvandrere og flyktningar (SEIF) og SOS Rasisme. Organisasjonane medverkar mellom anna til eit større mangfald i den offentlege debatten og sikrar at ulike innvandrarmiljø blir høyrde. Human Rights Service har tidlegare motteke prosjektstøtte over post 71 Kunnskapsutvikling.

UDI arrangerte i september 2004 ein landskonferanse for innvandrorganisasjonar i Noreg i samarbeid med Sør- og Nord-Trøndelag fylkeskommunar og Sør-Trøndelag innvandrerråd. Tema for konferansen var bruk av nettverk og nettverksbygging. Lokale innvandrorganisasjonar som tek imot driftsstøtte, landsdekkjande organisasjonar, innvandrarråda, Kontaktutvalet mellom innvandrarakar og styresmaktene, andre frivillige organisasjonar som arbeider på feltet, og aktuelle saksbehandlarar i fylkeskommunane var inviterte til konferansen.

#### Frivillig verksemd i lokalsamfunn som

medverkar til mangfald, dialog og samhandling

Ordninga er todelt og gjeld støtte til a) drift av lokale innvandrorganisasjonar og b) frivillig fleirkulturell verksemd i form av aktivitetar i regi av ulike lokale aktørar, mellom anna innvandrorganisasjonar. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane som forvaltarar av ordninga ut frå talet på utanlandsfødde personar som er fast busette i fylket og er fødde utanfor EØS-området, USA, Canada, Australia og New Zealand. Også barn av

slike personar blir rekna med. Tal frå Statistisk sentralbyrå per 1. januar det føregåande året ligg til grunn for utrekninga av tilskotet. 10 pst. av tilskotsramma går til fylkeskommunen som administrasjonstilskot.

#### Mål

Målet med driftstilskot til lokale innvandrorganisasjonar er å medverke til

- å styrkje organiseringa av innvandrarak lokalt
- at innvandrarak får tilgang til fleire sosiale nettverk
- at innvandrarak skal kunne fremme felles interesser overfor lokale styresmakter
- å formidle informasjon om det norske samfunnet og om kva rettar og plikter minoritetar har

Målet med tilskotet til frivillig fleirkulturell verksemd er

- å medverke til kontakt, samhandling og nettverksbygging mellom personar med innvandrarakbakgrunn og befolkninga elles
- å fremme toleranse mellom ulike grupper av befolkninga og motverke rasisme og diskriminering
- å rekruttere fleire personar med innvandrarakbakgrunn til frivillige organisasjonar og frivillig verksemd på tvers av befolkningsgrupper

Ordninga prioriterer også tiltak som kan førebygge tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting og styrkje arbeidet blant barn og unge med innvandrarakbakgrunn.

#### Rapport for 2004

For 2004 blei det fordelt 13 mill. kr til fylkeskommunane, som forvaltar ordninga. Av dette gjekk 1,3 mill. kr til fylkeskommunane som administrasjonstilskot. 68 pst av midlane er fordelte til integreringsfremmande, holdningsskapande og antirasistiske tiltak, medan dei resterande 32 pst. gjekk til drift av organisasjonane.

48 pst. av aktørane som fekk tilskot gjennom ordninga, var lokale innvandrorganisasjonar, medan 30 pst. var andre frivillige organisasjonar. I tillegg har offentlege verksemdar, som skolar, fritidsklubbar og liknande, fått tilskot. Om lag 23 pst. av tiltaka har vore retta mot barn og unge, om lag 19 pst. mot fleirkulturelle grupper og ca. ein firedel mot befolkninga generelt, medan innvandrarkvinner har utgjort vel 14 pst. av målgruppene. Andre målgrupper har vore menn med innvandrarakbakgrunn og eldre innvandrarak.

Av 1088 tiltak dreidde om lag 15 pst. seg om informasjon retta både mot minoritetar og mot majoritetsbefolkninga. Ein tredel av tiltaka gjaldt bevaring av nasjonal og kulturell eigenart, medan om lag ein tidel dreidde seg om idrett og fysisk aktivitet og ein tidel hadde med ulike former for leksehjelp, kurs og opplæring å gjere. Vel 5 pst. av tiltaka var retta mot rasisme og diskriminering, medan om lag 20 pst. av tiltaka dreidde seg om nettverksbygging og ulike former for kulturtiltak. Den lokale innsatsen for å førebyggje tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting aukar år for år. I 2004 har det vore gjennomført 24 tiltak mot tvangsekteskap fordelt på seks fylke, og i alt 15 tiltak mot kvinneleg kjønnslemlesting i ni fylke.

#### Innsats for særleg utsette innvandrargrupper

Som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom har regjeringa sett i verk ei ny ordning retta mot grupper med særleg låg deltaking i samfunnet. Siktemålet er å kjempe mot fattigdomssymptoma gjennom sjølvorganisering. Ordninga vil bli målretta mot dei gruppene der behova er størst.

Den gruppa det blir satsa på først, er somaliarar. Dette kjem som ei oppfølging av ei kartlegging våren 2004 av erfaringar med somaliarar i eksil frå fem kommunar og åtte bydelar i Oslo, gjennomført av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Viktige erfaringar er at kunnskapen om somaliarar er liten, og at både tilsette og brukarar opplever mangel på tillit og forståing når tenester skal leggjast til rette. Midlar blir lyste ut med det formålet å styrkje kompetansen når det gjeld somaliarar hos dei som arbeider med denne gruppa. Siktemålet er at tilboda skal bli meir tilpassa og målretta. Prosjektet blir retta mot tilsette i skolesektoren, barnevernet og helsevesenet og mot introduksjonsarbeid.

#### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 27,7 mill. kr på posten for 2004. Av dette er 10 mill. kr sett av til landsdekkjande organisasjonar på innvandrarakfeltet, 0,3 mill. kr blir sett av til kontakt mellom innvandrarakorganisasjonar og styresmaktene, 13,4 mill. kr til lokale innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig fleirkulturell verksemd i lokalsamfunn og 2 mill. kr til innsats for særleg utsette innvandrarakgrupper. I tillegg skal Human Rights Service støttast med 2 mill. kr for 2005, jf. oppmødingsvedtak nr. 582 (2003–2004), vedteke i samband med behandlinga av St.prp. nr. 64 (2003–2004). I 2006 vil denne organisasjonen måtte søkje

om støtte på vanleg måte og bli vurdert på lik linje med andre landsdekkjande organisasjonar.

### **Post 74 Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.**

#### *Tolkeautorisasjonsordninga*

Målet med løyvinga er å finansiere den statlege autorisasjonsordninga for tolkar. Tilgang på og bruk av godt kvalifiserte tolkar er avgjerande for å sikre at fagfolk og representantar for norske styresmakter og institusjonar skal kunne gi tilnærma det same tilbodet til innvandrarar som til befolkninga elles. I somme tilfelle kan det særskilt vere bruk for kvinneleg tolk.

Universitetet i Oslo er ansvarleg for å arrangere dei tolkeprøvene som danner grunnlaget for autorisasjon, og får årlege løyvingar til dette formålet. Per juni 2004 hadde i alt 86 tolkar fått bevilling som statsautoriserte tolkar i språka albansk, arabisk, bosnisk/kroatisk/serbisk, engelsk, finsk, fransk, kinesisk, persisk, polsk, russisk, somali, spansk, tyrkisk, urdu og vietnamesisk. Blant desse var det ca. 60 pst. kvinner. Autorisasjonsprøva er krevjande, og det er 80–85 pst. som stryker.

Utdanningstilbodet har vore mangelfullt, men det er no sett i gang kompetansegivande, nettbasert utdanningstilbod ved fire utdanningsinstitusjonar. Desse tilboda vil gi kandidatane eit betre grunnlag for å greie autorisasjonsprøva. I 2004 får i alt 324 studentar tolkeutdanning, og utdanningstilbodet spenner over i alt 23 språk. I tillegg får 22 studentar opplæring som tolkelærarar.

#### *Oppfølging av Nordisk språkkonvensjon*

Målet med løyvinga er å følgje opp dei forpliktingane Noreg har når det gjeld den nordiske språkkonvensjonen. Norsk-finsk info- og språksenter er eit kompetansesenter for tolke- og omsetjingstenester mellom norsk og finsk, og er lagt til Finn-

mark fylkeskommune. Tolketenestene er primært regionale, medan omsetjingstenestene er landsdekkjande. Senteret driv også informasjonsverksemd.

#### *Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 1,65 mill. kr på posten for 2005, av dette 1,55 mill. kr til tolkeautorisasjonsordninga og 0,1 mill. kr til delvis dekking av dei utgiftene Finnmark fylkeskommune har i samband med drift av språksenteret.

### **Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast**

Løyvinga dekkjer transport for overføringsflyktningar, familiesamanførte og flyktningar som vender tilbake til heimlandet. IOM arrangerer reisene etter førespurnad frå UDI. IOM tingar billetter og hjelper til med å skaffe nødvendige reisedokument. Dei hjelper også personar i eventuelle transittland og vurderer om det er nødvendig med eskorte for sjuke personar og små barn som reiser åleine. I første halvår 2004 er reiseutgiftene blitt dekte for 567 personar.

Løyvinga dekkjer utgifter i samband med ein avtale med Norsk Folkehjelp om mottak av overføringsflyktningar. Reiseutgifter for personar som blir familiesamanførte med herbuande med opphald på humanitært grunnlag, er sidan mai 2003 ikkje lenger blitt dekte av staten.

Den ODA-godkjende delen, dvs. den delen som er godkjend som utviklingshjelp, inngår i refusjonsbeløpet under kap. 195 Tiltak for flyktningar i Noreg, slik det også er lagt opp til for enkelte andre utgifter knytte til flyktningar i Noreg. Desse midlane blir førte som inntekt på kap. 3521, post 3 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på kap. 521, post 75 på 12,95 mill. kr for 2005.

**Kap. 3521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar (jf. kap. 521)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Tilbakevending for flyktningar	36 800	9 300	8 841
02	Norskopplæring for vaksne innvandrarar		11 016	17 850
03	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	39 696	11 205	12 691
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	30 994	32 079	40 195
	Sum kap. 3521	107 490	63 600	79 577

Tekniske endringar frå 2003 til 2004: Post 2 er oppretta i samband med at ansvaret for forvaltninga av norskopplæringa for vaksne innvandrarar er overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet. Inntektene blei tidlegare førte på kap. 3254, post 4 under Utdannings- og forskingsdepartementet.

**Post 1 Tilbakevending for flyktningar**

Dei innanlandske utgiftene i samband med tilrettelegging slik at dei som har fått vern i Noreg, skal kunne vende tilbake til heimlandet, kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 8,84 mill. kr av utgiftene i 2005 på kap. 521, post 72 Tilbakevending for flyktningar blir innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 1.

**Post 2 Norskopplæring for vaksne innvandrarar**

Visse innanlandske utgifter i samband med mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Refusjon blir gitt for norskopplæring for personar som bur i mottak og har fått opphaldsløyve i Noreg, og som har vore i landet i mindre enn eitt år. Regjeringa gjer framlegg om at 17,85 mill. kr av utgiftene i 2005 på kap. 521, post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarar blir

innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 2.

**Post 3 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet**

Utgifter til transport av flyktningar til og frå Noreg kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 12,69 mill. kr av utgiftene i 2005 på kap. 521, post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet blir innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 3.

**Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter**

Ein del av dei innanlandske utgiftene i samband med busetjing av overføringsflyktningar kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 40,2 mill. kr av utgiftene i 2005 på kap. 521, post 60 Integreringstilskot blir innrapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp kan da først som inntekt på kap. 3520, post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter.

**Kap. 522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	6 300	6 600	7 150
	Sum kap. 522	6 300	6 600	7 150

**Post 1 Driftsutgifter**

Posten omfattar utgifter til drift av Senter mot etnisk diskriminering (SMED). SMED blei oppretta i 1998 for ein prøveperiode som skulle vare fram til 31.12.2002. Det er vedteke (jf. Budsjettinnst. S. nr. 5 (2001–2002)) at senteret skal vidareføre verksemda i den noverande forma fram til regjeringa legg fram forslag til lov mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. I samband med forslaget til lov mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. vil det bli fremma eit forslag om å opprette eit felles handhevingsorgan for diskriminering på grunnlag av kjønn og etnisitet. Verksemda til SMED skal vidareførast på permanent basis av det nye organet.

SMED blir leidd av eit styre med åtte medlemmer, med to vararepresentantar. Formålet med

opprettinga av SMED var å sikre at personar som blir utsette for diskriminering på grunnlag av tru/religion, hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav, eller som blir utsette for rasistiske utsegner, får eit vern. SMED har to hovudoppgåver:

- Senteret skal vederlagsfritt yte rettshjelp til personar som blir utsette for etnisk diskriminering.
- Senteret skal dokumentere og overvake situasjonen med omsyn til arten og omfanget av rasisme og diskriminering.

*Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 7,15 mill. kr til drift av Senter mot etnisk diskriminering i 2005, av dette 0,35 mill. kr til oppretting av eit felles handhevingsorgan, jf. òg romartalsvedtak II Meirinntektsfullmakter.

**Kap. 3522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Ymse inntekter	57		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	21		
18	Refusjon av sjukepengar	9		
	Sum kap. 3522	87		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

**Kap. 523 Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (jf. kap. 3523)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	3 732	4 600	4 600
	Sum kap. 523	3 732	4 600	4 600

**Post 1 Driftsutgifter**

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (KIM) blei oppretta i 1984. Utvalet er sett saman av 17 personar med bakgrunn frå innvandrorganisasjonane og 18 personar med bak-

grunn frå offentlege styresmakter og politiske parti. I tillegg har utvalet ein leiar.

Regjeringa peikte ut eit nytt kontaktutval for tre år, med start 1.1.2003. Det blei samtidig gjennomført ei ny organisering av utvalet. Omorganiseringa skjedde i tråd med konklusjonane i evalueringa av KIM, som blei gjennomført i 2001. Den

nye organiseringa inneber at utvalet er delt i to forum: eit innvandrarforum og eit kontaktutval. Innvandrarforumet består av representantar med innvandrarbakgrunn som er føreslått av organisasjonar over heile landet. Kontaktutvalet har representantar for statlege og kommunale styresmakter og dei politiske partia, i tillegg til alle medlemmene i innvandrarforumet.

Det blei ved oppnemninga av utvalet lagt vekt på at ein skulle ha ein stor prosentdel kvinner, og at ein samtidig skulle styrkje representasjonen av ungdom. Tre av medlemmene er under 25 år. I utvalet som heilskap (inkludert alle varamedlemmene) er det 46 pst. kvinner og 54 pst. menn.

#### Mål

KIM skal vere eit rådgivande organ overfor styresmaktene og ein arena for dialog mellom personar

med bakgrunn i innvandrarorganisasjonar, offentleg forvaltning, kommunar og politiske parti. Det skal også vere ein kompetent høyringsinstans på område som har med flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål å gjere. KIM skal sjølv ta initiativ til å setje fokus på saker som innvandrarbe-folkninga i Noreg er oppteken av, og det er ønskeleg at KIM deltek aktivt i samfunnsdebatten om dei spørsmåla utvalet arbeider med.

#### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 4,6 mill. kr til drift av Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene i 2004.

### Kap. 3523 Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (jf. kap. 523)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Tilfeldige inntekter	2		
18	Refusjon av sjukepengar	25		
	Sum kap. 3523	27		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

### Kap. 524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	93 777	92 100	88 900
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling	4 464	9 700	9 950
	Sum kap. 524	98 241	101 800	98 850

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 524, post 21 sett ned med 3,5 mill. kr til 6,2 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

UNE behandlar alle klager etter utlendingslova på vedtak som UDI gjer som førsteinstans, og klager på vedtak i UDI om innmelding av utviste personar i Schengen informasjonssystem (SIS). UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når

nemnda gjer vedtak i klagesaker. Måten UNE behandlar sakene på, er meir komplisert og krev fleire ressursar enn saksbehandlinga i eit vanleg forvaltningsorgan. UNE behandla i 2003 om lag

13 700 sakar, som gjer ei gjennomsnittleg utgift på om lag 6 860 kr per sak.

Verksemda til UNE blei evaluert i 2001 og 2002, og sluttrapporten blei offentleggjort i april 2003. Evalueringsrapporten gir i hovudsak ein positiv omtale av UNE, men inneheld òg nokre forslag til forbetringar. Dei forslaga som krev endringar i lover og forskrifter, er omtalte i St.meld. nr. 21 (2003–2004) Styringsforhold på utlendingsfeltet. Av forslag som ikkje er omtalte i meldinga, kan vi nemne:

- innføring av nye retningslinjer for personleg fram møte i asylsaker
- avklaring av korleis landrådgivarane skal opp tre, og om dei skal delta i nemndmøte
- klargjering av om legar og psykologar skal delta i nemndmøte
- reduksjon i talet på nemndmedlemmer for å auke talet på behandla saker
- omorganisering av sekretariatet i UNE for å oppnå større effektivitet
- innføring av produksjonsmål for leiarar og saksbehandlarar
- vurdering av korleis administrasjonsavdelinga i UNE er organisert

Dei fleste forslaga i evalueringsrapporten er følgde opp. Det står framleis att å avklare kva som skal gjerast for å gi søkjarar og advokatar betre innsyn i dokumenta i sakene. Fleire omsyn må her vegast

opp mot kvarandre. Regjeringa vil seinare orientere Stortinget om kva for tiltak som vil bli sette i verk for å gi betre innsyn.


### Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av UNE, men ikkje utgiftene til sjølve saksbehandl inga i nemndmøte.

Hovudmålet for UNE er rask og korrekt saksbehandling. Asylsøknader frå kriminelle, einslege mindreårige og personar med særskilt behov for hjelp skal prioriterast. Eit viktig mål er at UNE skal behandle 15 500 saker i 2004. Dette målet ser det ut til at UNE vil nå. Målet har òg vore at UNE ikkje skal ha klagesaker som er eldre enn 6 månader, men dette målet har vist seg vanskeleg å nå. Det kjem i hovudsak av at det var stor tilstrøyming av asylsøklarar i 2. halvår 2003, samtidig som del av på grunnlause søknader har gått ned.

Per 1.7.2004 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i klagesaker der klagaren kan opphalde seg her i landet medan saka blir behandla, 7–8 månader. Berre 43,5 pst. av sakene blei behandla innan 6 månader.

Produksjonen i UNE har auka gradvis sidan nemnda blei oppretta i 2001, men gjekk ned i første halvår 2003 på grunn av innføringa av DUF. Etter det har talet på behandla saker auka att.



Figur 3.1 Saker UNE har behandla sidan 2001



Talet på nye saker har også auka, og per 1.7.2004 var det 7539 ubehandla saker. Dette er 2172 fleire enn på same tid i 2003. Av desse ubehandla sakene var det 4942 klager i asylsaker og 1648 klager i andre saker, medan oppmodingar om omgjerung utgjorde 949 saker. I første halvår 2004 blei 13 pst. av asylsakene der iverksetjing var utsett, behandla i nemndmøte, 10,5 pst. med personleg frammøte og 2,5 pst. utan personleg frammøte.

Eit av forslaga frå evalueringa av UNE var å lage ei felles uavhengig eining for UDI og UNE. Målet var å sikre at UDI og UNE byggjer på den same landkunnskapen i saksbehandlinga. Stortinget slutta seg til forslaget under behandlinga av St.meld. nr. 21 (2003–2004). Som følgje av omorganiseringa vil det bli overført fem årsverk frå UNE til UDI. På bakgrunn av dette er det i budsjettet for 2005 føreslått å overføre 3 mill. kr frå UNE til driftsbudsjettet for UDI (kap. 520, post 1).

#### *Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 88,9 mill. kr for 2005. I forslaget er det teke omsyn til ei innsparing på 3 mill. kr som følgje av at regjeringa vil fremma forslag om å redusere UNE sin kompetanse til å omgjere dei endelege vedtaka sine.

#### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling**

Løyvinga skal dekkje utgifter til behandling av saker i nemndmøte og er særleg avhengig av tilstrøyminga av asylsøkjjarar og av kor stor del av sakene som blir behandla i nemndmøte. Posten omfattar mellom anna godtgjerung til nemndmedlemmer og tolkar og reise og opphald for nemndmedlemmer, søkjjarar, tolkar og advokatar.

#### *Budsjettforslag for 2005*

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 9,95 mill. kr for 2005.

### **Kap. 3524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 524)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	236		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 450		
18	Refusjon av sjukepengar	1 151		
	Sum kap. 3524	2 837		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

## Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar

Utgifter under programkategori 13.21 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
526	Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3526)	2 805	2 900	4 850	67,2
	Sum kategori 13.21	2 805	2 900	4 850	67,2

Endringa frå 2004 til 2005 kjem i hovudsak av at det i 2005 blir føreslått å opprette ein ny post under kapitlet med ei løyving på 1,85 mill. kr i avkastning av Romanifolkets fond. Vi viser til omtale under kap. 526, post 70 Avkastning av Romanifolkets fond.

Inntekter under programkategori 13.21 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3526	Nasjonale minoritetar (jf. kap. 526)			1 850	
	Sum kategori 13.21			1 850	

Endringa frå 2004 til 2005 kjem av at det i 2005 blir føreslått å opprette ein ny post under kapitlet med ei løyving på 1,85 mill. kr i avkastning av Romanifolkets fond. Vi viser til omtale under kap. 526, post 70 Avkastning av Romanifolkets fond.

Nasjonale minoritetar er etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til landet dei bur i. Regjeringa stiller seg bak målsetjinga om at Noreg ikkje bør nøye seg med å leggje seg opp mot minstekrava i dei internasjonale menneskerettskonvensjonane. Regjeringa legg vekt på å følgje opp dei målsetjingane som er nedfelte i Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og i Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. Noreg ratifiserte Europarådet sin rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar 17. mars 1999, og har dermed forplikta seg til å leggje forholda til rette for at personar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar, skal kunne delta i samfunnslivet på lik linje med andre og ha høve til å uttrykkje, halde ved like og utvikle sin eigen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur. Jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar blir rekna å oppfylle kriteria for å vere nasjonale minoritetar i Noreg.<sup>1</sup> Med ratifiseringa av Den Europeiske pakta for vern av regions- eller minoritetsspråk har Noreg også teke på seg ei plikt til å setje i verk sær-

skilde tiltak for å verne om og styrkje minoritets-språka kvensk/finsk, romani og romanes. Hovudprinsippa for politikken overfor nasjonale minoritetar blei trekte opp i St.meld. nr. 15 (2000–2001) Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar. Prinsippa i meldinga fikk brei tilslutning i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 145 (2000–2001). Noreg rapporterte hausten 2001 for første gong til Europarådet om korleis rammekonvensjonen blir følgd opp. Europarådet vedtok 8. april 2003 ein resolusjon om norsk politikk overfor nasjonale minoritetar, basert på ein fyldig rapport frå den rådgivande komiteen i Europarådet (jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004)).

Regjeringa byggjer minoritetspolitikken sin på ikkje-diskrimineringsprinsippet og prinsippet om likebehandling. Dette inneber at staten er forplikta til å arbeide for å sikre at minoritetane blir likestilte

<sup>1</sup> Sametinget ønskjer ikkje at samane skal vere omfatta av rammekonvensjonen, men vil i staden støtte seg til ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk.

med majoritetsbefolkninga, både formelt og reelt. Minoritetsgrupper kan stå i ei sårbar stilling i eit demokrati der det er lagt vekt på fleirtalsstyre. For å fremme reell likestilling kan det derfor vere nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å styrkje stillinga til ei eller fleire minoritetsgrupper.

### Ansvarsfordeling og samordning av politikken overfor nasjonale minoritetar

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å samordne politikken overfor nasjonale minoritetar i Noreg. Prinsippet om sektoransvar for departementa gjeld framleis på alle fagområde, som kultur, utdanning og helse.

Tabell 3.12 Løyvingar til nasjonale minoritetar

(i 1000 kr)

Dep	Tiltak	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
KRD	Tilskot til nasjonale minoritetar	2 805	2 900	4 850
KRD	Forskningsmidlar	300	1 000	1
KKD	Den kvenske avisa Rujian Kaiku	350	600	371 <sup>2</sup>
KKD	Glomdalsmuseet, byggjeprojekt	1 605	10 000	30 700
KKD	Kventunet, Porsanger, byggjeprojekt	692	2 300	4 700
KKD	Kventunet, driftsmidlar	835	864	1 582
KKD	Vadsø museum – Ruija kvenmuseum	1 490	1 602	1 636
UFD	Tilskot til opplæring i finsk i grunnskolen og den vidaregåande skolen	8 275	8 259	10 164
Sum		16 352	27 525	53 903

<sup>1</sup> Avgjerast seinare.

<sup>2</sup> Kommunal- og regionaldepartementet løyvde i 2004 i tillegg kr 150 000 til avisa over kap. 526, post 70. Løyvinga vil bli ført vidare i 2005.

*Kultur- og kyrkjedepartementet* føreslår ei løyving på 4,7 mill. kr til bygging av administrasjonsbygningen ved Kventunet i Porsanger og ei løyving på 30,7 mill. kr til den nye romaniavdelinga ved Glomdalsmuseet i Elverum. Ein legg til grunn at begge prosjekta blir ferdigstilte i 2005. Det er derfor også lagt inn auka midler til driften av dei to institusjonane. Det er føreslått eit tilskot på 1,6 mill. kr til Vadsø museum – Ruija kvenmuseum. Det blir også løyvt midlar til ein kvensk namnekonsulent (50 pst. stilling). Til den kvenske avisa Rujian Kaiku blir det føreslått ei løyving på kr 371 000.

*Utdannings- og forskingsdepartementet* har ei eiga tilskotsordning for finskundervisning i grunn-

opplæringa. Formålet med ordninga er å stimulere skoleeigarar til å gi elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk. Det er føreslått ei løyving på om lag 10,2 mill. kr til formålet i 2005.

*Barne- og familiedepartementet* gir tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritets- språklege barn i førskolealder, medrekna barn frå nasjonale minoritetar. Tilskotsordninga tok til å gjelde frå 1. august 2004 og erstattar tilskotet til tospråkleg assistanse i barnehagar. For nærmare omtale av tilskotsordninga sjå budsjettproposisjonen frå Barne- og familiedepartementet.

**Mål for programkategori 13.21 Nasjonale minoriteter****Boks 3.2 Mål for programkategori 13.21 Nasjonale minoriteter**

## Overordna resultatmål

Nasjonale minoriteter skal kunne delta i samfunnslivet på lik linje med andre og ha høve til å uttrykkje, halde ved like og utvikle sin eigen kulturelle identitet

## Arbeidsmål

1. Vidareutvikle ein heilskapleg politikk
2. Vidareføre den aktive dialogen mellom dei nasjonale minoritetane
3. Motverke diskriminering av nasjonale minoriteter
4. Ta vare på, vidareutvikle, dokumentere og formidle språk og kultur
5. Medverke til å utvide kunnskapsgrunnlaget for den politikken som blir ført overfor nasjonale minoriteter

Regjeringa vil vidareføre den politikken som går ut på å sikre eit kulturelt mangfald i Noreg. Det må arbeidast for å skape eit samfunn der alle har like høve og dei same rettane og pliktene til å delta i samfunnet og til å bruke sine egne ressursar. Det kan ikkje akseptast at menneskerettane til personar og grupper blir krenkte på grunn av kultur eller tradisjon. Rasisme og diskriminering må aktivt motarbeidast, samtidig som personar som tilhøyrer minoriteter, skal ha rett til å utforme sin eigen identitet.

**1 Vidareutvikle ein heilskapleg politikk***Tilstandsvurdering*

Ansvaret for å samordne politikken overfor nasjonale minoriteter er lagt til Kommunal- og regionaldepartementet. Prinsippet om sektoransvar gjeld framleis på alle fagområde, som kultur, utdanning og helse. Det vil seie at ansvaret for å følgje opp dei internasjonale forpliktingane Noreg har overfor desse gruppene, er fordelt mellom ulike departement med underliggjande etatar. Kommunal- og regionaldepartementet har derfor ei viktig rolle når det gjeld samordning og informasjon.

Når politikken blir utforma, har styresmaktene i dei siste åra gradvis begynt å ta omsyn til dei spesielle behova dei nasjonale minoritetane har, til det som særpregar dei enkelte gruppene, og til skilnader innanfor dei enkelte gruppene. Regjeringa vil vidareføre det tverrdepartementale samordningsutvalet for nasjonale minoriteter, som blir leidd av Kommunal- og regionaldepartementet. Aktiv bruk av utvalet i samband med temamøte og i konsulta-

sjonar med Europarådet har synt seg å fungere godt, og denne modellen vil bli vidareutvikla.

Regjeringa meiner at det framleis er behov for å vidareutvikle politikk og tiltak for å følgje opp Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoriteter, særleg når det gjeld diskriminering, statusen til kvensk språk og levekåra for rom.

Dette er i samsvar med merknadene frå Europarådet og i resolusjonen til Ministerrådet. Europarådet sin rådgivande komité for rammekonvensjonen og norske styresmakter diskuterte det vidare arbeidet under eit oppfølgingsmøte i mai 2004 med tanke på Noregs andre rapport i forhold til konvensjonen. Denne andre rapporten skal leggjast fram i 2005.

Dialogen med regionale og lokale styresmakter har synt seg viktig for å få ei heilskapleg utvikling av politikken overfor nasjonale minoriteter. Eit døme på dette er dialogmøte med Oslo kommune om situasjonen for rom.

Deltaking i internasjonale forum er eit viktig grunnlag for arbeidet med å utvikle politikken, særskilt på nordisk, men også på europeisk nivå. Etter initiativ frå Kommunal- og regionaldepartementet blei det første nordiske møtet på embetsmannsnivå om utveksling av erfaringar med nasjonale minoriteter halde i januar 2004. Det blei vedteke å halde fram med årlege møte i dei nordiske landa.

Under Noregs formannskap i Europarådet i perioden mai til oktober 2004 blei det på initiativ frå Kommunal- og regionaldepartementet skipa eit seminar for og med romungdom om temaet «alternativ til migrasjon». Både Europarådet og representantar for rom såg det som positivt at romung-

dommen si eiga røyst blei høyrd på denne måten. Seminaret blei finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet og Utanriksdepartementet.

### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa har som siktemål å følgje opp eksisterande norsk lovgiving på området og dei internasjonale forpliktingane Noreg har. Fagdepartementa skal i sitt arbeid overfor nasjonale minoritetar følgje opp St.meld. nr. 15 (2000–2001) Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar og vurdere merknadane frå Europarådet. Dette arbeidet blir koordinert av Kommunal- og regionaldepartementet. Viktige aktørar i arbeidet er Samordningsutvalet for nasjonale minoritetar og Kontaktforum mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene. Målsetjinga er å involvere desse organa meir aktivt både i den faste oppfølginga av merknadane frå Europarådet og i arbeidet med den neste rapporten frå Noreg til Europarådet sommaren 2005. Erfaringar frå utviklinga av politikken overfor nasjonale minoritetar i dei andre nordiske landa, og frå temamøte i regi av Europarådet og OSSE om rom, er også viktige bidrag i dette arbeidet.

Utvida bruk av spesialtema på møte i Samordningsutvalet og i Kontaktforumet, og meir omfattande bruk av møte med regionale og lokale styresmakter i samarbeid med dei andre fagdepartementa, vil bli vidareført. Kommunal- og regionaldepartementet vidarefører det nordiske samarbeidet på embetsmannsnivå. Sverige skal arrangere det neste møtet i januar 2005. Deltakinga på internasjonale møte av spesiell interesse i Europarådet og OSSE vil bli vidareført.

## 2 Vidareføre den aktive dialogen mellom dei nasjonale minoritetane og styresmaktene

### *Tilstandsvurdering*

Kommunal- og regionaldepartementet skal fungere som eit kontaktpunkt inn i forvaltninga for dei nasjonale minoritetane, og kan såleis opplyse minoritetane om kva departement det er som har fagansvaret. Med tanke på sektorprinsippet er det viktig at minoritetsgruppene også har direkte kontakt med dei ulike fagdepartementa.

Dei nasjonale minoritetane har oppnådd å bli meir synlege i den offentlege debatten, og den kulturelle mobiliseringa i eigne rekkjer har auka. Støtte til organisasjonane har vore eit viktig verkemiddel i utviklinga av identitet og kultur. Det har også medverka til at fleire av organisasjonane er blitt styrkte i si rolle som samhandlingspartnarar i

kontakten med styresmaktene, men hos fleire grupper er det framleis rom for ytterlegare utvikling. Dette er eit vilkår for å kunne følgje opp § 15 i rammekonvensjonen om effektiv deltaking frå dei nasjonale minoritetane si side i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i offentlege saksfelt som særleg vedkjem dei.

Kommunal- og regionaldepartementet ser det som positivt at det er etablert ein konstruktiv dialog mellom fleire av dei nasjonale minoritetane og styresmaktene. Samtidig ser Kommunal- og regionaldepartementet behovet for å vidareutvikle dialogen om politikken, og vil følgje opp dette.

Dialogen er òg blitt styrkt gjennom Kontaktforumet mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene. Dei bilaterale møta mellom styresmaktene og organisasjonane er viktige bidrag til dialog og vil bli vidareførte. Deltaking frå styresmaktene si side på årsmøta til organisasjonane fungerer også som eit bindeledd, men føreset ein tilstrekkeleg tillit til styresmaktene. Tillitsskapande verksemd har vore prioritert og vil bli vidareført.

Det nordiske samarbeidet om nasjonale minoritetar på embetsmannsnivå, som har utveksling av erfaringar som formål, har òg vore til hjelp i utviklinga av dialogen med nasjonale minoritetar.

Det kan til tider vere uklart kven som er å rekne som representativ for dei ulike gruppene. Særleg blant romanifolket er det eit mangfald av organisasjonar. Det har derfor gått føre seg ein diskusjon om representativitet i forhold til styresmaktene. Kontakten mellom dei sentrale styresmaktene og dei ulike gruppene og organisasjonane må byggje på demokratiprinsippet, jf. St.meld. nr. 15 (2000–2001) Nasjonale minoritetar i Noreg og St.meld. nr. 27 (1996–97) Om statens forhold til frivillige organisasjonar. For å få ei tydelegare ramme for dialogen mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene har Kommunal- og regionaldepartementet utvikla kriterium for kva organisasjonar og enkeltpersonar sentrale styresmakter skal samhandle med i ulike samanhengar. Når det gjeld Kommunal- og regionaldepartementet, vil departementet i den formaliserte kontakten med nasjonale minoritetar primært samarbeide med organisasjonar som kan dokumentere/sannsynleggjere medlemstal og at styret er valt ut frå demokratiske prinsipp. Samtidig vil departementet ha bilaterale møte med alle som ønskjer det, utan omsyn til organisasjonsform.

Ikkje alle grupper er like godt organiserte, og omsynet til ulike synspunkt i dei ulike gruppene, og også innanfor dei enkelte gruppene, er framleis viktig i vidareutviklinga av dialogen.

Minoritetane har etterspurta betre informasjon både til gruppene sjølve og overfor det norske

samfunnet. For å lette tilgangen på informasjonen har Kommunal- og regionaldepartementet endra nyhendebrevet om nasjonale minoritetar frå papirutgåve til elektronisk utgåve.

### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa vil vidareføre tiltak som medverkar til dialog mellom offentlege styresmakter og dei nasjonale minoritetane når det gjeld utforming og prioritering av tiltak. Kommunal- og regionaldepartementet vil vidareføre tiltak for å sikre representativitet og samtidig ha som målsetjing å lytte til dei mange stemmene som finst innanfor gruppene. Stimulering til ytterlegare organisering i visse grupper vil bli vidareført. Tilskot til nasjonale minoritetar er med på å leggje forholda til rette for denne dialogen, jf. rapportering i samband med tilskotsordninga for nasjonale minoritetar, kap. 526, post 70. I 2005 vil tilskotsordninga bli gjennomgått internt. Kommunal- og regionaldepartementet vil på bakgrunn av denne gjennomgangen ta sikte på ei ekstern evaluering av tilskotsordninga i 2006.

Arbeidet i kontaktforumet vil bli vidareført. Det same gjeld dei bilaterale møta med dei ulike gruppene og organisasjonane. Informasjonsarbeidet overfor gruppene vil bli prioritert, ettersom dette er etterspurt frå minoritetane sjølve. Informasjonsarbeidet overfor det norske samfunnet er også prioritert. I dette arbeidet vil elektronisk informasjon vere sentral.

Det nordiske samarbeidet vil bli vidareført.

## 3 Motverke etnisk diskriminering og rasisme

### *Tilstandsvurdering*

Det er framleis slik at diskriminering blir opplevd som eit problem for personar som tilhøyrrer dei nasjonale minoritetane. Rapportar frå organisasjonane til dei nasjonale minoritetane og Senter mot etnisk diskriminering, og merknadene frå Europarådet når det gjeld korleis Noreg følgjer opp rammekonvensjonen, peiker på at det går føre seg diskriminering av nasjonale minoritetar. Det gjeld både i kontakt med det offentlege og på det private området, til dømes på bustadmarknaden og på serverings- og overnattingsstader. Det blir i denne samanhengen peikt spesielt på levestandarden for rom, og det blir etterlyst tiltak både på sentralt og på lokalt nivå. Kommunal- og regionaldepartementet har derfor starta ein dialog med personar frå romgruppa, andre ressurspersonar og Oslo kommune. Departementet har i samarbeid med desse i 2004 starta eit prosjekt retta mot rombarn og skolegang i Oslo. Det er likeins starta opp eit prosjekt

om skolesituasjonen til rom med prosjektmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Regjeringa meiner at det må kompensera for tidlegare diskriminering og overgrep både på individuelt og kollektivt nivå, særleg når det gjeld romanifolket. Regjeringa meiner at individuelle erstatningar til romanifolket for tidlegare overgrep har vore for dårlege, og at tilgangen til erstatningsordningane har vore for vanskeleg. Regjeringa ser heller ikkje den kollektive kompensasjonen som er blitt gitt, som tilstrekkeleg. Regjeringa føreslo derfor i revidert nasjonalbudsjett å opprette eit fond på 75 mill. kr der avkastninga skal nyttast som ei kollektiv erstatning til romanifolket for tidlegare overgrep. Stortinget slutta seg til dette 18.6.2004. Regjeringa la vidare 2. juli 2004 fram St.meld. nr. 44 (2003–2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener. I meldinga blir det føreslått ein enklare tilgang til Stortinget si ordning med rettferdsvederlag (billighetserstatning). Tiltaka med fond og ei enklare erstatningsordning er i tråd med oppmodinga frå Europarådet og ønsket frå organisasjonane til romanifolket. Fondet er føreslått administrert av ein stiftelse og vil vere operativt frå januar 2005.

De fleste av dei nasjonale minoritetane har kontakt på tvers av landegrensene og har grupper i land utanfor Noreg. Situasjonen internasjonalt vil derfor påverke nasjonale minoritetar i Noreg. Dette gjeld særleg rom. Diskriminering og rasisme er ei av årsakene til at rom i andre delar av Europa vel å migrere. Samtidig er migrasjon i positiv forstand, dvs. reising, ein del av den tradisjonelle kulturen til rom. Under den norske formannskapet i Europarådet ønskte derfor styresmaktene å få meir informasjon om dette gjennom eit internasjonalt seminar for og med romungdom i Budapest i oktober 2004, jf. delmål 1.

### *Strategiar og tiltak*

Tiltak mot diskriminering og rasisme retta mot samar, nasjonale minoritetar og innvandringsgrupper blir av styresmaktene sedde i samanheng. Det er viktig å dokumentere diskriminering og rasisme og fjerne hindringar som gjer det vanskeleg for nasjonale minoritetar å delta på alle område i samfunnet.

Verksemda ved Senter mot etnisk diskriminering omfattar alle minoritetsgruppene, og senteret legg vekt på kontakten med nasjonale minoritetar. For ytterlegare informasjon om senteret, sjå omtale under programkategori 13.20 Innvandring.

Tilskotsordninga under Kommunal- og regionaldepartementet kan mellom anna brukast til å

dokumentere diskriminering, til holdningskappende arbeid og til å formidle kunnskap om situasjonen til minoritetane, både forholda innanfor ein minoritet og forholdet til storsamfunnet generelt.

Med utgangspunkt i handlingsplanen mot rasisme vil Kommunal- og regionaldepartementet kome i dialog med minoritetsgruppene, Senter mot etnisk diskriminering og andre aktørar og vidareutvikle tiltak mot diskriminering. Erfaringane frå andre nordiske land skal brukast i strategien, spesielt vil det bli gjort når det gjeld situasjonen til rom.

Kommunal- og regionaldepartementet vil følgje opp og legge til rette for forvaltninga av avkastninga av Romanifolkets fond. Departementet vil arbeide for ei oppslutning om fondet og stiftelsen blant romanifolket. Retningslinjene for fondet vil bli utarbeidde i samarbeid med romanifolket, og ein tek sikte på å opprette ein ny stiftelse som skal forvalte avkastninga av fondet, jf. post 71 Avkastning av romanifolkets fond.

Regjeringa arbeider vidare med å få erstatningsordningane på plass.

Regjeringa vil leggje vekt på å arbeide mot rasisme og diskriminering, som ei oppfølging av rammekonvensjonen. Samordningsutvalet og Kontaktforum for nasjonale minoritetar og styresmaktene vil bli brukte aktivt i dette arbeidet. Informasjon frå prosjektet om skolesituasjonen til rom i Oslo og frå prosjektet «Romanifolket – fra barn til voksen» vil bli nytta i det vidare arbeidet.

#### 4 Ta vare på, vidareutvikle, dokumentere og formidle språk og kultur

##### *Tilstandsvurdering*

Noreg sin politikk overfor minoritetsgruppene på dette området blir overvakt av Europarådet både i forhold til Rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar og i forhold til Europarådet si minoritetsspråkpakt.

Regjeringa har arbeidd for at støtta til kulturtiltak for den kvenske minoriteten skal stå i eit meir rimeleg forhold til behova og den storleiken ein legg til grunn når det gjeld denne nasjonale minoriteten. Støtta til den kvenske avisa Rujian Kaiku blei derfor auka i 2004 med kr 150 000 over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet. Løyvinga for 2004 frå Kultur- og kyrkjedepartementet blei auka med kr 250 000 i RNB 2004. Regjeringa ser at deltakinga av representantar for nasjonale minoritetar i avgjerdsprosessen kan gjerast meir systematisk, og arbeider med å leggje til rette for dette. Regjeringa følgjer såleis opp merknadene frå Europarådet om desse forholda.

Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har sett behovet for ei betre samordning av kulturpolitikken overfor nasjonale minoritetar. På bakgrunn av dette tok Kommunal- og regionaldepartementet i 2004 initiativ til å opprette ei samarbeidsgruppe for nasjonale minoritetar og kultur. I denne gruppa deltek i tillegg til Kultur- og kyrkjedepartementet også underliggjande etatar som forvaltar kulturpolitikken (Norsk kulturråd, ABM-utvikling, Riksantikvaren). Dette tiltaket er i tråd med merknader frå Europarådet i ein rapport av 3. september 2003 om Noreg si oppfølging av Europarådets minoritetsspråkpakt. I rapporten blei det peikt på at det ikkje er utvikla tilstrekkelege tiltak for kvensk/finsk, romani og romanes. Situasjonen for kvensk blir vurdert som spesielt vanskeleg på grunn av den uavklarte statusen til språket. Kultur- og kyrkjedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har fått utarbeidd rapporten «Kvensk – språk eller dialekt». Rapporten har vore på høyring i 2004.

Når det gjeld situasjonen for romani, blir eit forskingsprosjekt i regi av Noregs forskingsråd med midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet, «Romani – språk og opprinnelse», ført vidare, jf. delmål 5. Når det gjeld romanes, er dette eitt av dei tema ein har planar om å ta opp i det nordiske samarbeidet. Det er per i dag ikkje utvikla nokon politikk overfor romanes. Europarådet har peikt på manglande dialog med språkbrukarane innanfor desse språksamfunna.

##### *Strategiar og tiltak*

Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet vil vidareføre styrkinga av kulturpolitikken overfor nasjonale minoritetar og vidareføre «Samarbeidsgruppa nasjonale minoritetar – kultur».

På grunnlag av høyringane i samband med rapporten om kvensk språk vil Kultur- og kyrkjedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet lage ei tilråding.

#### 5. Medverke til å utvide kunnskapsgrunnlaget for den politikken som blir ført overfor nasjonale minoritetar

##### *Tilstandsvurdering*

Det ligg per i dag føre lite offentleg utgreiing og forskingsmateriale om dei nasjonale minoritetane. Hovudårsaka er at det generelt sett var lita merksemd omkring desse gruppene før dei fekk status som nasjonale minoritetar frå 1999. Det er behov for å auke kunnskapen som må liggje til grunn for

politikkutviklinga. Kommunal- og regionaldepartementet løyvde derfor i 2004 kr 800 000 til prosjektet «Romanikultur, språk og opprinnelse» i regi av Noregs forskingsråd. Kommunal- og regionaldepartementet løyvde i tillegg i 2004 kr 200 000 til utgreiing av spørsmål vedrørande skolesituasjonen til rom i Oslo. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med Oslo kommune. Dei to prosjekta er ei oppfølging av Europarådet sine merknader til rammekonvensjonen og til språkcharteret. Samtidig er det ei oppfølging av St.meld. nr. 15 (2000–2001), der det blir peikt på behovet for meir systematisk forskning på fleire område, som stillinga til minoritetsspråk og situasjonen for barn og unge.

#### Strategiar og tiltak

Kommunal- og regionaldepartementet ser samarbeidet med dei nasjonale minoritetane og med fag-

departementa som viktig i utviklinga av kunnskapsgrunnlaget. Desse tiltaka vil bli prioriterte i 2005:

- vidareføre temamøte om kunnskapsutvikling i Kontaktforumet og i Samordningsutvalet, mellom anna som oppfølging av merknadene frå Europarådet til den første rapporten frå Noreg om oppfølging av rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar og som førebuing til den andre rapporten, som skal leverast i 2005
- vidareføre Noregs forskingsråd sitt prosjektet «Forprosjekt om romanikultur, språk og opprinnelse»
- følgje opp forskingsprosjektet om statusen til kvensk språk
- nordisk samarbeid
- internasjonal deltaking, særskilt i Europarådet og i OSSE

## Kap. 526 Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3526)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
70	Tilskot til nasjonale minoritetar	2 805	2 900	3 000
71	Avkastning av Romanifolkets fond			1 850
	Sum kap. 526	2 805	2 900	4 850

### Post 70 Tilskot til nasjonale minoritetar

Formålet med tilskotsordninga er å støtte frivillige organisasjonar og andre organisasjonar som har basis i ein nasjonal minoritet. Det blir gitt både grunnstøtte (organisasjonsstøtte) og prosjektstøtte over denne tilskotsposten. I 2004 blir 1,8 mill. kr brukt til organisasjonsstøtte og 1,1 mill. kr til prosjektstøtte.

For å nå det overordna målet om å sikre rettane til dei nasjonale minoritetane vil regjeringa prioritere arbeidet med å leggje til rette for oppbygging og utvikling av organisasjonane til dei nasjonale

minoritetane. På den måten vil gruppene bli betre i stand til sjølv å definere eigne behov og fremme eigne krav. Dette vil på lang sikt vere den beste strategien for å utvikle ein politikk overfor dei nasjonale minoritetane som oppfyller internasjonale forpliktingar og er i tråd med nasjonale mål. Prioritering av grunnstøtte er også ei oppfølging av Sem-erklæringa.

Kommunal- og regionaldepartementet utarbeider kvart år eit rundskriv der målsetjingar og kriterium blir utdjupa. Departementet gjennomfører oppfølging og kontroll i samsvar med krava stilte i Økonomireglementet.



## Rapport for 2003–2004

## Grunnstøtte

Tabell 3.13 Organisasjonar som fekk grunnstøtte (organisasjonsstøtte) for 2002 og 2003

	(beløp i kr)	
	2003	2004
Norske kveners forbund/Ruijan Kveeniliitto	745 000	900 000
Romanifolkets landsforening (RLF)	440 000	450 000
Landsorganisasjonen for romanifolket (LOR)	150 000	217 000
Stiftelsen Roma	50 000	100 000
Stiftelsen Romanifolket taterne	150 000	100 000
Skogfinske interesser i Norge	50 000	30 000
Sum	1 585 000	1 797 000

## Prosjektstøtte

Tabell 3.14 Tildelt prosjektstøtte i 2004

		(beløp i kr)
Arrangør	Arrangement	
Internasjonal Romani Union	Sigøynarfestival	160 000
Dronning Mauds Minne – Lærerskole for førskoleutd.	Forprosjekt om romanibarn i barnehage og grunnskole – «Romani – fra barn til voksen»	100 000
Arina nordisk tidsskrift (kvensk)	Evaluering av tidsskriftet Arina	40 000
Norske Kveners Forbund	Interregionalt arbeid mellom kvener og tornedalinger	115 000
Norsk Skogfinsk Museum	Konferansar for å dokumentere diskriminering av skogfinske interesser	30 000
Det Primitive Teater	«Spillet om innvandrerne» (skogfinsk)	25 000
Det Mosaiske Trossamfunn	«Rasisme – en reise i tid» (ungdomsprosjekt)	65 000
Romanifolkets landsforening	Utarbeidelse av informasjonsmateriell – jubileumsskrift	130 000
Landsforeningen for romanifolket	«Gjenforening av slekter»	50 000
Landsorganisasjonen for romanifolket	Norsk/svensk kultursamarbeid	38 000

## Budsjettforslag for 2005

Kommunal- og regionaldepartementet foreslår at det for 2005 blir sett av 3,0 mill. kr til post 70 Tilskot til nasjonale minoritetar.

**Post 71 Avkastning av Romanifolkets fond**

Under behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2004 vedtok Stortinget 18. juni 2004 å løyve 75 mill. kr til eit «Romanifolkets fond». Avkastninga av dette fondet vil bli nytta til tiltak og aktivitetar som gir kunnskap om historia til romanifolket/taterane, eller som er med på å ta vare på og utvikle kulturen

og språket deira. Avkastninga skal også nyttast til å drive eit sekretariat/rådgivingscenter som kan tilby juridisk og anna hjelp til taterar som treng det, og til eventuelt anna arbeid eller andre prosjekt i regi av romanifolket sjølv. Departementet vil følgje opp og leggje til rette for forvaltninga av avkastninga frå Romanifolkets fond. Departementet vil arbeide for å få oppslutning om fondet og stiftelsen blant romanifolket. Retningslinjer for fondet vil bli utarbeidde i samarbeid med romanifolket, og ein tek sikte på å opprette ein ny stiftelse som skal forvalte avkastninga av fondet. Vi viser til nærmare omtale i St.prp. nr. 63 (2003–2004), kap. 526, post

90. Regjeringa vil i samarbeid med den nye stiftelsen utarbeide vedtekter for fondet.

Det blir føreslått ei løyving på 1,85 mill. kr i 2005, som utgjør avkastninga av fondet for 2004.

Da midlar til fondet blei løyvde i revidert nasjonalbudsjett 2004, blir det rekna med avkastning for eit halvt år første gongen avkastninga blir brukt til løyvingar.

### Kap. 3526 Nasjonale minoritetar (jf. kap. 526)

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
71	Avkastning av Romanifolkets fond			1 850
	Sum kap. 3526			1 850

Vi viser til omtale under kap. 526.71 Avkastning av Romanifolkets fond. Avkastninga må godskrivast som ei inntekt for departementet.

## Programkategori 13.40 Samiske formål

Utgifter under programkategori 13.40 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
540	Sametinget (jf. kap. 3540)	134 872	138 050	143 400	3,9
541	Tilskot til samiske formål	3 800	3 700	4 530	22,4
542	Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 3542)	3 461	1 950	2 050	5,1
Sum kategori 13.40		142 133	143 700	149 980	4,4

Inntekter under programkategori 13.40 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3540	Sametinget (jf. kap. 540)	5 072	4 650	4 650	0,0
3542	Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 542)	1 200			
Sum kategori 13.40		6 272	4 650	4 650	0,0

### Ansvarsfordeling og samordning i norsk samepolitikk

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for samordninga av den statlege samepolitikken i Noreg. Likevel har kvart departement, i samsvar med prinsippet om sektoransvar, ei plikt til å følgje opp samepolitikken innanfor sine sektorar.

Ei heilskapleg framstilling av samepolitikken til regjeringa og av løyvingar til samiske formål frå departementa blir gitt i publikasjonen «Bevilgninger til samiske formål 2005». Kommunal- og regionaldepartementet har det konstitusjonelle ansvaret når det gjeld bruk av budsjettmidlar løyvde over kap. 540 Sametinget. Når det gjeld løyvingar til Sametinget frå budsjetta for dei andre departementa, er det vedkomande fagstatsråd som har det konstitusjonelle ansvaret.

### Sametinget

Som folkevalt organ har Sametinget stor fridom. Det er ikkje eit underliggjande organ i forhold til regjeringa, og regjeringa er derfor ikkje ansvarleg for den politiske verksemda i Sametinget eller for dei politiske vedtaka Sametinget gjer. Sametinget er forplikta til å følgje vanlege reglar når det gjeld forvaltninga, til dømes forvaltningslova og økonomireglementet som gjeld i staten, jf. omtale under kap. 540. Rapportering til dei ulike departementa om bruken av budsjettmidlar skjer i årsmeldinga frå Sametinget.

Sametinget er mellom anna tillagt mynde gjennom samelova, reindriftslova og opplæringslova. Stortinget og regjeringa har likevel det overordna ansvaret for utviklinga av samepolitikken.

**Overordna mål i samepolitikken****Boks 3.3 Mål for programkategori 13.40 Samiske formål**

Overordna resultatmål	Arbeidsmål
Leggje forholda til rette for at den samiske folkegrupper skal kunne sikre og utvikle sitt eige språk, sin eigen kultur og sitt eige samfunnsliv	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samordne samepolitikken og vidareutvikle samarbeidsformer og konsultasjonar</li> <li>2. Stimulere til aktiv bruk av samisk språk i fleire samanhengar</li> <li>3. Auke kunnskapen om samiske forhold og synleggjere samisk kultur gjennom auka forskning og formidling</li> <li>4. Styrkje samiske næringar</li> <li>5. Styrkje nordisk og internasjonalt samarbeid om og mellom urfolk</li> </ol>

**1 Samordne samepolitikken og vidareutvikle samarbeidsformer og konsultasjonar***Tilstandsvurdering*

Samordningsutvalet for samiske spørsmål utgjer eit viktig nettverk i arbeidet med samepolitiske spørsmål på administrativt nivå. Kommunal- og regionaldepartementet har leiaransvaret og er sekretariat for utvalet. Samordningsutvalet blir kalla saman jamleg i samband med budsjettarbeid og utarbeiding av stortingsmeldingar, og elles etter behov alt etter kva saker som står på dagsordenen. Arbeidet i Samordningsutvalet blir supplert med bilateral kontakt mellom departementa i konkrete saker.

Det er viktig å understreke at når det ligg føre politiske avgjerder i samepolitiske saker, så har dei respektive fagdepartementa ut frå sektorprinsippet ansvaret for å følgje opp sakene. Det er innarbeidd rutinar som går ut på at Kommunal- og regionaldepartementet som koordineringsdepartement deltek på møte som blir haldne mellom Sametinget og fagdepartementa. Ved sida av det jamlege politiske arbeidet er det etablert faste møte på politisk nivå om budsjettet til Sametinget mellom Sametinget, Kommunal- og regionaldepartementet og andre aktuelle departement. Desse møta blir haldne før den første årlege budsjettkonferansen til regjeringa. Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å initiere og samordne dei nødvendige prosessane i budsjettsamanheng. Departementet utarbeider eit årleg rundskriv om behandlinga og samordninga av samiske saker i statsbudsjettet. I tillegg utarbeider departementet ein publikasjon

med oversikt over dei samla løyvingane til samiske formål over budsjetta til dei ulike departementa.

Arbeidet med samiske og samiskrelaterte spørsmål skjer i dag innanfor ramma av målsetjinga til regjeringa om ein heilskapleg samepolitikk, der samane sjølve gjennom Sametinget og andre aktuelle organisasjonar er medspelarar og premissleverandørar. For å sikre at samiske interessantar får reell innverknad og høve til å vere med og ta avgjerder, legg regjeringa vekt på å involvere Sametinget og andre aktuelle organisasjonar på eit tidleg stadium i prosessen i samband med lovarbeid og liknande.

Regjeringa har gått inn for å konsultere samane i saker som kan få direkte verknad for dei. Retten til å bli konsultert i slike saker er nedfelt i ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (1989) artikkel 6. Det er i dag etablert møte og drøftingar både på politisk og på administrativt nivå mellom styresmaktene og Sametinget i ulike saker som har verknad for samane.

*Strategiar og tiltak*

Regjeringa er oppteken av at samarbeidsformene mellom regjeringa og Sametinget blir utvikla vidare, og at den folkerettslege plikta til å konsultere samane som urfolk blir følgd opp på ein tilfredsstillande måte. Regjeringa ser det som viktig at regjeringa og Sametinget saman kan bli samde om gode og tenlege prosedyrar for samarbeid i saker som har verknad for samiske interesser. Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet har derfor starta samtalar der formålet er å

bli samde om retningslinjer for korleis konsultasjonar mellom statlege styresmakter og Sametinget skal gå føre seg i saker som har direkte verknad for samane.

Regjeringa har avgjort at det skal førast samtaler med Sametinget med sikte på å bli einige om ein mal for konsultasjonar i saker som er viktige for det samiske folk. I førte omgang arbeider Kommunal- og regionaldepartementet og Sametinget administrativt saman om å finne eit skriftleg grunnlagsmateriale som seinare skal danne grunnlaget for dei politiske samtalene.

Regjeringa og Sametinget er også samde om å sjå nærmare på prosedyrane i samband med utarbeidinga av budsjettet for Sametinget. Prosedyrar i samband med budsjettarbeid reiser ei rad særskilde spørsmål og problemstillingar, og vil derfor bli behandla i ein eigen prosess.

I samband med revisjon av reindriftslova og utarbeiding av ny minerallov vil regjeringa konsultere både Sametinget og Norske Reindriftssamers Landsforbund.

Departementet tek sikte på å utarbeide ein rettleiar for behandling av samiske saker etter at det er utarbeidd retningslinjer for konsultasjonar med Sametinget. Med utgangspunkt i det ansvaret Kommunal- og regionaldepartementet har for samordninga av samiske saker, vil rettleiaren vere eit hjelpemiddel for medarbeidarar på ulike nivå i forvaltninga i arbeidet med å identifisere og behandle saker som har med samiske forhold å gjere. Rettleiaren vil også omhandle konsultasjonar med Sametinget.

For å medverke til å betre samordningsarbeidet og skape eit medvit om samiske spørsmål har Kommunal- og regionaldepartementet i dei siste åra lagt vekt på å tilby seminar og faglege møte for medlemmene i Samordningsutvalet. Departementa utøver i dag samordningsfunksjonen på svært ulike måtar. Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer i samarbeid med Samordningsutvalet å gjennomgå samordningsfunksjonen til utvalet.

## 2 Stimulere til aktiv bruk av samisk språk i fleire samanhengar

### *Tilstandsvurdering*

Frå 1992 er samisk og norsk likeverdige språk, jf. samelova kap. 3. Innanfor forvaltningsområdet for samisk språk (kommunane Kåfjord, Kautokeino, Karasjok, Nesseby, Porsanger og Tana) er samisk og norsk likestilte språk. Tysfjord kommune i Nordland har søkt om å bli innlemma i det samiske forvaltningsområdet. Søknaden er til behandling i Kultur- og kyrkjedepartementet.

Sametinget forvaltar tilskot til samisk tolketeneste og tospråkleg forvaltning for å dekkje dei utgiftene kommunane og fylkeskommunane har i samband med dette. Frå 2002 har regjeringa auka dette tilskotet med til saman 22,2 mill. kr. Sametinget forvaltar i 2004 om lag 42 mill. kr til språktiltak, mellom anna til mange samiske språksenter, jf. omtale under kap. 540, post 50.

Regjeringa er særleg oppteken av at samisk språk skal vere synleg, og at språket skal nyttast i offentleg samanheng. Frå 2004 har Finnmark fylke tospråkleg (norsk og samisk) fylkesnamn. Kommunal- og regionaldepartementet opna samisk-språklege internettsider på ODIN 6. februar 2003, på samefolkets dag. I mai 2004 gjekk regjeringa eit steg vidare og opna dei overordna ODIN-sidene på samisk. Samisk er no eit språkval på lik linje med nynorsk på ODIN. Sjå [www.dep.no/odin/samisk](http://www.dep.no/odin/samisk).

Kultur- og kyrkjedepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet gav hausten 2004 6 mill. kr til utvikling av eit samisk korrekturprogram for elektronisk tekstbehandling. Denne teknologien – grammatikk- og stavekontroll, orddelingsprogram og synonymordbok – er eit svært viktig hjelpemiddel for å ta vare på og utvikle samisk språk, og resultatet av dette prosjektet skal kome alle samiskspråklege databrukarar til gode. Sametinget skal drive dette fleirårige arbeidet, og yter også 5,3 mill. kr til prosjektet.

Noreg har saman med Sverige og Finland støtta eit felles opplegg for datastandardisering av samisk språk. Ei arbeidsgruppe som er etablert under Nordisk embetsmannsorgan for samiske spørsmål, skal samordne desse problemstillingane på nordisk nivå. Det er også oppretta ein nordisk samisk språkpris – Gollegiella. Prisen, som er på 100 000 norske kroner, blir delt ut for første gong i 2004.

### *Strategiar og tiltak*

Fagdepartementa har ansvaret for å ta vare på samisk språk innanfor sine sektorar, i samarbeid med Sametinget. Kultur- og kyrkjedepartementet har eit generelt og overordna forvaltningsansvar for samiske språk gjennom forvaltninga av språkreglane i samelova. Kultur- og kyrkjedepartementet har også ansvaret for stadnamnlova og vil arbeide for å synleggjere samisk kultur og historie og samiske stadnamn.

Språkspørsmål er eit av dei viktigaste saksområda for regjeringa i samepolitikken. Regjeringa vil at samisk framleis skal vere eit levande språk, som blir brukt også i offentleg samanheng. Regjeringa forventar at offentlege verksemder legg til rette for

skriftleg kommunikasjon på samisk. Fordi informasjonsteknologien er så sentral i vår tid, prioriterer regjeringa arbeidet med å leggje til rette for samisk i IT-samanheng. Regjeringa har som mål at alle offentlege register skal kunne registrere samiske namn, stadnamn og adresser korrekt, og at utvekslinga av slike data mellom registra skal fungere. Regjeringa bestemte derfor i juni 2003 at statlege etatar skal vurdere egne behov for støtte for samisk språk i datasystema sine, og leggje til rette for samisk språk etter kvart som programvarer/plattformer blir oppgraderte. Det er dei samiske særteikna som mange av datasystema i dag ikkje taklar. For å gjere det enklare for offentlege verksemdar å ta i bruk samisk, har Kommunal- og regionaldepartementet etablert Kompetansebasen for samisk og IT (samIT) – [www.samit.no](http://www.samit.no). Alle offentlege verksemdar kan få hjelp frå samIT til å leggje til rette for samisk språk.

Gjennom Kompetansebasen for samisk og IT – samIT – følgjer Kommunal- og regionaldepartementet opp dei måla regjeringa har sett seg når det gjeld bruk av samisk språk. Mellom anna vil samIT lage ei oversikt over dei offentlege verksemdene som har eit godt samiskspråkleg tilbod til dei samiske brukarane sine.

Regjeringa har også bestemt at alle departement skal lage ein plan for omsetjing av egne lover og forskrifter innan 1. mars 2005 i tråd med same-lova. For å gjere forvaltninga meir medviten om behovet for omsetjing, og for å gjere reglane om bruk av samisk språk betre kjende, vil departementa omtale pliktene som følgjer av språkføresegnene i samelova i tildelingsbrev til dei aktuelle statlege verksemdene. Statlege verksemdar er også blitt oppmoda om å omsetje relevante forskrifter og kunngjeringsar til samisk i tråd med same-lova, og til å gjere den samiskspråklege informasjonen tilgjengeleg.

Før utgangen av 2004 skal alle departementa og Statsministerens kontor ha samiskspråkleg informasjon på dei samiske sidene på ODIN. I hovudsak vil tekst bli publisert på nordsamisk, men regjeringa vil også bruke lulesamisk og sørsamisk.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil evaluere innføringa av språkreglane i samelova i samarbeid med Sametinget. Også bruken av samisk språk i statlege etatar skal vurderast i samband med evalueringa, som vil vere ferdig sommaren 2005. Eventuelle nye tiltak for å auke bruken av samisk vil bli vurderte på bakgrunn av resultata av evalueringa.

### 3 Auke kunnskapen om samiske forhold og synleggjere samisk kultur gjennom auka forskning og formidling

#### *Tilstandsvurdering*

Sjølv om fornorskingspolitikken i forhold til samane no er eit tilbaketrukket stadium og målsetjinga er at norsk og samisk kultur skal vere likeverdige, er det ein del negative holdningar til samisk kultur som heng att frå fortida. Mange samar opplever framleis negative holdningar og intoleranse knytt til eigen identitet.

I ei undersøking gjennomført av Agenda på oppdrag frå Sametinget, Statskonsult og Kommunal- og regionaldepartementet blir det mellom anna konkludert med at det å registrere seg i manntalet er nært knytt til utviklinga av ein samisk identitet og samisk tilhørslse. Undersøkinga dokumenterer at verknadene av fornorskingspolitikken framleis hindrar samar i å ta i bruk dei politiske rettane dei har, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004).

Regjeringa bestemte 5. desember 2003 at samefolkets dag frå 6. februar 2004 skal vere offisiell flaggdag. Offisiell flagging på samefolkets dag synleggjer og skaper merksemd om samar og samiske forhold, ikkje minst i storsamfunnet.

Kommunal- og regionaldepartementet har sidan 2001 løyvt midlar til Noregs forskingsråd sitt program for samisk forskning (2001–2005), jf. nærmare omtale av målsetjinga for programmet under kap. 500, post 50 Forskingsprogram via Noregs forskingsråd. Når programperioden er omme, vil Forskingsrådet vurdere målsetjinga for programmet og innsatsen i dialog med samepolitiske og samiskfaglege miljø, og deretter vidareføre programmet i den noverande forma eller eventuelt justere programplanen.

Som ei følgje av sektorprinsippet har fleire departement og underliggjande etatar i gang FoU-arbeid om samiske forhold. Kommunal- og regionaldepartementet har løyvt midlar til Universitetet i Tromsø til ein levekårsstudie i Noreg. Studien er ein del av ei større levekårsundersøking blant urfolk i 11 arktiske regionar. Departementet har også gitt midlar til Nordlandsforskning for å få evaluert prosessar i samband med tildelinga av to oppdrettskonsesjonar for laks og aure lokaliserte til Musken i Tysfjord. Formålet med oppdrettskonsesjonane er å styrkje det lulesamiske samfunnet. Sametinget har fått tildelt midlar for å føre vidare prosjektet Samisk statistikk. Målsetjinga med prosjektet er å skaffe fram oppdatert og ny kunnskap om samiske forhold ved å leggje til rette for ei tenleg organisering av kvantitative data. For mellom anna å identifisere nærmare negative holdningar overfor samar og samiske forhold har departemen-

tet sett i gang ei undersøking om sjølvopplevd rasisme og diskriminering.

Forskningsprosjekta er finansierte over kap. 500, post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag og post 50 Forskningsprogram under Noregs forskingsråd i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet.

### *Strategiar og tiltak*

Regjeringa meiner at informasjon og kunnskap om samar og samisk kultur vil motverke negative holdningar til samane og samiske kulturuttrykk. Regjeringa ønskjer derfor å auke kunnskapen om samiske forhold, både i forvaltninga, i befolkninga generelt, og ikkje minst i utdanningssystemet.

Regjeringa legg til grunn at samiske barn og ungdommar blir sikra eit trygt identitetsgrunnlag, slik at den samiske kulturen og det samiske samfunnet kan utvikle seg vidare. Satsing på barn og ungdom vil vere eit prioritert område for regjeringa. Gjennom eit prosjekt med samiske «vegvisarar» vil regjeringa supplere andre informasjonstiltak ved å gi samisk ungdom i oppgåve å informere ikkje-samisk ungdom om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Vegvisarane skal mellom anna besøkje vidaregåande skolar over heile landet. Tre samiske vegvisarar blei utnemnde under Riddu Riddu-festivalen 2004. Ungdommane vil fungere som samiske vegvisarar i eitt år. Dei er administrativt knytte til Samisk høgskole i Kautokeino, som er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet vil bli vidareført i 2005, og ein tek sikte på å gjennomføre ei evaluering av ordninga etter tre år.

Kommunal- og regionaldepartementet og Sametinget samarbeider om ein holdnings- og informasjonskampanje om samar og samiske forhold. Denne kampanjen vil bli avslutta i 2005. Kampanjen tek først og fremst sikte på å oppnå ei betre rekruttering til samemanntalet og å få fleire kvinner inn i Sametinget.

Regjeringa ønskjer å kartleggje eksisterande kunnskap og forskning om årsaker til negative holdningar til samar og det samiske, og om korleis slike holdningar kan motverkast. I den grad det er behov for det, ønskjer regjeringa å setje i gang vidare FoU-verksemnd på området, jf. handlingsplanen mot rasisme og diskriminering som blei lagd fram i juli 2002. Kommunal- og regionaldepartementet finansierer i 2004 ei undersøking om sjølvopplevd rasisme og diskriminering blant den samiske befolkninga i Noreg. Ein tek sikte på at undersøkinga skal halde fram i 2005.

Regjeringa etablerte Kompetansesenteret for rettane til urfolk i Kautokeino hausten 2002. Sente-

ret blei offisielt opna 1. september 2003. Sentrale oppgåver for senteret er dokumentasjon, kunnskapsformidling og informasjon om rettane til samar og andre urfolk, jf. kap. 542, post 1. Regjeringa vil støtte opp om arbeidet i senteret.

Regjeringa vil også medverke til og støtte opp om arbeid som kan synleggjere samisk kultur og urfolkskulturar internasjonalt.

Regjeringa vil halde fram med å gi ut eit eige elektronisk informasjonsbrev om samepolitikken.

Samisk forskning skal få fram kunnskap og kompetanse som kan styrkje, ta vare på og utvikle det samiske samfunnet. Det er nødvendig at det heile tida skjer kvalitativt god og kritisk forskning med relevans for samiske samfunnsforhold, og at forskinga får fram eit kunnskapsgrunnlag for utvikling og utforming av den samepolitikken styresmaktene fører.

Samisk forskning må bringe fram tradisjonell samisk forståing og terminologi om natur og økologi i samiske område, og kunnskap om bruksformer, sedvanar og andre kulturelle forhold. Slik kunnskap kan vere avgjerande føresetnader for å kunne ta vare på og utvikle språket, kulturen og næringstilpassingane. Samisk tradisjonskunnskap er ein viktig kompetanse og eit supplement til tradisjonell akademisk forskning, og er grunnleggjande kunnskap med tanke på framtidig utvikling og innovasjon. I forskinga om samiske forhold bør det i større grad nyttast samisk språk, særleg der forskinga dreier seg om tradisjonelle kunnskapar, og når ein skal formidle resultata av forskinga til interesserte. Forskinga bør også rettast inn mot ulike tema som gjeld forholdet mellom storsamfunnet og det samiske samfunnet, medverke til utvikling og bruk av det samiske språket, også i IT-samanheng, ta vare på kjønnsperspektivet og få fram kunnskap om situasjonen til samiske kvinner i samfunnet.

Det er viktig å leggje til rette for etablering av ein samisk forskingsinfrastruktur og ei tenleg organisering av primær- og grunnlagsdata om samiske forhold, slik at data kan gjerast tilgjengelege for generell samfunnsplanlegging og forskingsformål.

Den årlege løyvinga frå departementet til Noregs forskingsråd sitt program for samisk forskning på 1,5 mill. kr blir føreslått auka til 2,5 mill. kr frå 2005. I prinsippet er Forskningsrådet også pliktig til å vurdere om samiske problemstillingar er relevante å forske på innanfor andre forskingsprogram.

I det nordiske samarbeidet om samiske saker vil det skje drøftingar med sikte på eit nærmare nordisk samarbeid om samisk forskning.

#### 4 Styrkje samiske næringer

##### *Tilstandsvurdering*

Tradisjonelle samiske næringer, som reindrift, fiske, duodji osv., held ved like og dannar grunnlaget for samisk kultur. Ein nødvendig føresetnad for utvikling av samisk kultur og språk er nettopp at det finst næringer som er berekraftige og tilpassingsdyktige. Eit av trekka ved tradisjonell samisk næringsverksemd er ulike slags kombinasjonar av næringer.

Som urfolk har samane eit rettsleg vern mot alvorlege inngrep som kan hindre dei i å halde fram med det tradisjonelle næringslivet. Dette kjem av tolkinga som FN's menneskerettskomité har gjort av konvensjonen om sivile og politiske rettar artikkel 27.

##### *Strategiar og tiltak*

Det er viktig for regjeringa at tilhøva blir lagde til rette slik at samisk næringsliv skal kunne utviklast. Regjeringa vil sikre samisk næringsliv gjennom den generelle næringspolitikken. Det dreier seg mellom anna om å betre kapitaltilgangen og forenkle regelverk. Generelle verkemiddel, som skatte- og avgiftslette, verkar stimulerande også på samisk næringsliv. Samisk næringsliv er mellom anna prega av liten tilgang på kapital. Rentenedsetjingane har derfor vore viktige for næringslivet i samiske område. I St.meld. nr. 8 (2003–2004) om tiltaksona i Finnmark og Nord-Troms gjer regjeringa greie for innsatsen retta mot mellom anna næringslivet i området.

Regjeringa har også gått igjennom skatte- og avgiftsregimet for reindrifta med sikte på å auke verdiskapinga. Det er innført skattelette som er retta mot alle reindriftsutøvarar med inntekt frå reindrifta.

Regjeringa vil leggje til rette for ei utvikling i samiske område der bruk av tradisjonell kompetanse og moderne teknologi dannar ein del av grunnlaget for økonomisk fornying og vidare busetnad. Ei målretta satsing på kulturbasert næringsutvikling, og eit tettare samspel mellom næringslivet, FoU-miljø og kulturlivet, må knytast nært opp til ein politikk for ei berekraftig utvikling.

Regjeringa vil også ta omsyn til samisk næringsliv, samisk sedvane og tradisjon og samiske interesser i arbeidet med lover og forskrifter. I miljøvernarbeid og arbeid med verneregime vil regjeringa ta omsyn til samiske natur-, kulturminne- og kulturmiljøverdiar og sedvanar, jf. St.meld. nr. 33 (2001–2002). Eit døme på dette er forslaget frå regjeringa til endring i planlova (jf. Ot.prp. nr. 47 (2003–2004)) og føresegna om

utgreiing av konsekvensar. Forslaget inneber at planar som har konsekvensar for samisk natur- og kulturgrunnlag, må konsekvensutgreiast.

#### 5 Styrkje nordisk og internasjonalt samarbeid om og mellom urfolk

##### *Tilstandsvurdering*

Regjeringa har ført vidare det samarbeidet som i 2000 blei etablert mellom ministrar som er ansvarlege for samiske saker, og sametingspresidentane i Finland, Sverige og Noreg, der ein regelmessig orienterer om og drøftar samiske spørsmål av felles interesse. Samarbeidet har uformell, men nær tilknytning til Nordisk Ministerråd. Førebuing og oppfølging av saker er det Nordisk embetsmannsorgan for samiske spørsmål som tek seg av. Dette organet har også representasjon frå sametinga. Ansvar for å kalle inn til og leie møta går på omgang mellom dei tre landa. Sametinga i Finland, Sverige og Noreg har oppretta eit felles samarbeidsorgan, Samisk parlamentarisk råd. Rådet har sju representantar frå kvart av dei tre Sametinga i Noreg, Sverige og Finland. Sametinga tek sikte på at rådet skal spele ei aktiv rolle i det internasjonale arbeidet.

Reindrifta som utøvast i dei arktiske områda er i mange urfolkssamfunn sjølv tradisjons- og kulturberaren, og den næringa som er den mest sentrale for å vidareføre deira tradisjon, kultur og leve-sett. Gjennom generasjonar har ulike urfolksgrupper erverva verdifull kunnskap om det å drive ein næring i eit varierende miljø med store klimatiske variasjonar og uforutsigbarheit. Reindrifta står overfor ein rekkje utfordringar av ulik karakter i dei forskjellige arktiske landa, samtidig som mange utfordringar er felles i dei sirkumpolare områda.

Noreg deltek aktivt i forhandlingane om ei FN-fråsegn om rettane til urfolk. Sametinget er representert i den norske forhandlingsdelegasjonen.

##### *Strategiar og tiltak*

Målsetjinga med det nordiske samarbeidet er å styrkje og utvikle samisk språk, kultur, næringer og samfunnsliv. Det blir vidare arbeidd med spørsmål som til dømes nordisk samordning av samiske læreplanar og læremiddel, i første omgang i faga samisk og duodji, ei nordisk fellesløysing til støtte for samiske teikn i datasystem, satsing på informasjon om samar og samiske forhold og samisk forskning. Ministrane og presidentane har oppretta ein nordisk samisk språkpris – Gollegiella – som ei påskjøning for og ei synleggjering av innsats og arbeid for samisk språk i dei nordiske landa og i



Russland. Språkprisen vil bli utdelt annakvart år, første gongen i november 2004.

Med utgangspunkt i rapporten «Behov og grunnlag for en nordisk samekonvensjon» utnemnde ministrane og sametingspresidentane i november 2001 ei ekspertgruppe som skulle utarbeide utkast til ein nordisk samekonvensjon. I ekspertgruppa er det med to medlemmer frå kvart av landa, den eine av dei utpeikt av dei respektive sametinga. Ekspertgruppa vil avslutte arbeidet i slutten av 2005.

For å vidareføre reindrifta, og næringa si kultur og tradisjonar, er det avgjerande at næringa gis gode vilkår som grunnlag for ei langsiktig bærekraftig og livskraftig næring. Ein oppgåve vil vere å formidle kunnskap som er viktig for utøving av reindriftsnæringa i dag. Det er viktig at reindriftsutøvarane får tilgang til forskning og informasjon som kan styrkje reindrifta som næring i framtida.

Ein oppretthalding av næringa er avgjerande for framtida til mange urfolksgrupper. I alle arktiske land er det også behov for å spreie informasjon for å auke øvrige samfunnsinteressers kunnskap og forståing omkring reindriftas karakter, og reindriftas behov for å bli tatt omsyn til i m.a. nasjonale, regionale og lokale planprossar.

Regjeringa freistar å medverke til at forhandlingane om FN-fråsegna om rettane til urfolk kan bli slutførte innan utgangen av Det internasjonale urfolkstiåret (2004). Målsetjinga er at fråsegna skal medverke til å styrkje rettane til urfolk rundt om i verda. Regjeringa vil også støtte opp om det arbeidet som blir gjort av det permanente forumet for urfolk i FN.

Regjeringa vil i samsvar med St.meld. nr. 33 (2001–2002) og St.meld. nr. 34 (2001–2002) framheve områda forskning, språk, næringssamarbeid og IT-løysingar som viktige nordiske og internasjonale samarbeidsområde.

### **Budsjettforslag frå andre departement**

*Utdannings- og forskingsdepartementet* har ansvaret for mange ulike ordningar som er viktige for samiske samfunn. Nokre av desse ordningane er øyremerkte til samiske formål. Mellom dei løyvingane som går særskilt til samiske formål, er løyvingane til Samisk høgskole og samisk vidaregåande skole, midlar til dekning av kommunane sine utgifter knytte til tospråklege elevar i grunnskolen og midlar til særskilde utviklingstiltak i det samiske utdanningsområdet. Det blir satsa mykje på IT og fjernundervisningstilbod. Regjeringa har som ein del av Kvalitetsreforma gjennomgått høgre samisk utdanning og forskinga ved Samisk høgskole og andre institusjonar. Regjeringa føreslår ei rad tiltak

for å styrkje samisk utdanning og forskning, jf. St.meld. nr. 34 (2001–2002) og Innst. S. nr. 12 (2002–2003). Nordisk ministerråd har vedteke at alle nordiske institutt skal overdragast til vertsnasjonane, og at vertsnasjonane skal få eit auka ansvar for finansieringa av institutta. I perioden 2005–2007 trappar Nordisk ministerråd ned finansieringa av Nordisk Samisk Institutt. Føresetnaden er at det skal skje ein parallell auke i den norske finansieringa av instituttet over budsjettet til Utdannings- og forskingsdepartementet. Ein tek sikte på at den faglege verksemda ved Nordisk Samisk Institutt skal organiserast som ei eining ved Samisk høgskole frå 2005. Samisk forskning får støtte over kap. 285, post 52. Støtta blir i første rekkje gitt gjennom «Program for samisk forskning» (2001–2005). Forskinga under programmet, som omfattar både humanistisk og samfunnsvitenskapleg forskning, skal medverke til kompetansebygging og rekruttering og stimulere til tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom ulike institusjonar. Spesiell merksemd er retta mot utvikling av samisk som vitskapspråk. Det er ei auka satsing på formidling i den siste delen av programperioden.

*Helsedepartementet* vidarefører tiltak knytte til handlingsplanen «Mangfold og likeverd». Det er sett av 11 mill. kr i 2005, mot 10,7 mill. kr i 2004. Handlingsplanen gjeld for perioden 2002–2005. Eventuell vidareføring av planen skal avklarast i 2005. Departementet vidarefører planen om opptrapping av det psykiske helsevernet ved å etablere nasjonale kompetansebasar for tenester til samar i Karasjok og Lakselv. Departementet prioriterer etablering av ei familieavdeling og akutt plassar for ungdom. Departementet tek sikte på å setje av 18 mill. kr til dette formålet i 2005, mot 13 mill. kr i 2004.

*Barne- og familiedepartementet* auka løyvinga til Sametinget til tilskot til samiske barnehagar og informasjons- og utviklingsarbeid frå 8,4 mill. kr i 2003 til 10,7 mill. kr i 2004. Løyvinga ligg på om lag same nivå i 2005, og er prisjustert.

*Miljøverndepartementet* vidarefører ordninga med tilskot til samisk kulturminnearbeid, kap. 1429, post 50 Tilskot til samisk kulturminnevernarbeid. Tilskotsordninga skal sikre at det blir teke overordna kulturminnefaglege omsyn i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane skal i hovudsak nyttast til vedlikehalds- og restaureringsarbeid. Løyvinga blei auka med 1 mill. kr til 2 mill. kr frå 2003. Det er føreslått at det blir sett av 2 mill. kr også i 2005. Midlane blir stilte til disposisjon for Sametinget gjennom tildelingsbrev frå Miljøverndepartementet. Den treårige prøveordninga der Sametinget får mynde etter kulturminnelova,

blei evaluert i 2003 av NIBR. Forvaltningsordninga er forlengd ut 2004.

Reindriftsavtalen, som ligg under *Landbruksdepartementet* sitt ansvarsområde, inneber økonomiske tiltak i reindriftsnæringa på i alt 95 mill. kr, eksklusive midlar til tiltak mot radioaktivitet. Løyvinga svarer til løyvinga knytt til reindriftsavtalen 2003–2004. Frå reindriftsavtalen og Landbruksdepartementet blir det overført totalt 4 mill. kr til Samisk utviklingsfond. Over budsjettet til reindriftsforvaltninga er det føreslått sett av om lag 37,1 mill. kr til driftsutgifter i forvaltninga. Vidare er det føreslått ei løyving på om lag 3,2 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda og 659 000 kr til drift av fjellstovene. Det er føreslått å setje av 11,5 mill. kr til omstillingstiltak i Indre Finnmark. Dette er ein auke på om lag 3,3 mill. kr. Bakgrunnen for denne auken er at ein vil følgje opp vedtaket i reindriftsstyret om eit høgste tal på rein i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Midlane skal nyttast til å utbetale bonus til dei som med basis i ein driftsavtale frivillig reduserer talet på rein eller avviklar reindrifta, og til eit slaktetilskot på 5 kr per kg slakt til dei slakteria som slaktar rein frå dei tiltaksdistrikta som har inngått ein avtale med staten om ein reduksjon av talet på rein. I tillegg blir løyvinga nytta til å dekkje utgiftene til forlengd omstillingslønn.

Over budsjettet til *Kultur- og kyrkjedepartementet* er løyvinga til samiske kulturtiltak samla på éin post, og midlane blir overførte til Sametinget. Budsjettforslaget er på om lag 32,1 mill. kr. Forvaltninga av Samisk arkiv er føreslått overført frå Sametinget til Riksarkivaren etter ønskje frå Sametinget. I samband med dette er det foreslått ei overføring av 0,7 mill. kr til det statlige arkivverket. Departementet vil bidra med til saman 1,5 mill. kr til eit prosjekt for utvikling av samisk korrekturprogram i regi av Sametinget. I 2005 er det sett av 0,5 mill. kr til dette formålet. Til nytt austsamisk museum i Neiden (samisk tusenårsstad) er det føreslått løyvt 12 mill. kr. Prosjektet har ei kostnadsramme på 30 mill. kr, og museet skal etter plan

nen stå ferdig i 2006. Løyvinga som går til Den norske kyrkja, skal også brukast til samisk kyrkjeliv. Driftsløyvinga som blir tildelt Kyrkjerådet, skal mellom anna finansiere verksemda til Samisk kyrkjeråd. Gjennom løyvinga til prestetenesta i kyrkja skal også det samiske folket sikrast kyrkjelege tenester. Av løyvinga til trusopplæring i regi av Den norske kyrkja skal det utviklast opplæringstilbod for den samiske befolkninga. Det blir ytt tilskot til Det norske Bibelselskap for omsetjing av Det gamle testamentet til nordsamisk. Støtta til samiske aviser er for 2005 på omlag 13 mill. kr.

*Utanriksdepartementet* gir over kap. 116, post 70 Tilskudd til internasjonale organisasjoner mellom anna støtte til «Urfolks deltaking i Arktisk råd mv.». Løyvinga kan brukast til å dekkje deltaking for Samerådet og utanlandske urfolksorganisasjonar i samband med møta i Arktisk råd. Løyvinga har i perioden 2001–2004 vore på kr 400 000 per år. Det blir føreslått å halde dette nivået ved lag også for 2005. Over kap. 163, post 71 Humanitær bistand og menneskerettigheter tildelte departementet i 2003 og 2004 1,2 mill. kr til Kompetansesenteret for rettane til urfolk. Løyvinga blir føreslått halden ved lag på om lag same nivå i 2005.

*Justisdepartementet* vil i 2005 setje av midlar til Rettshjelpskontoret for Indre Finnmark over kap. 470, post 72. Tilskotet for 2004 er på ca. 1,3 mill. kr. Ein tek sikte på å tildele eit tilsvarande beløp (prisjustert) i 2005. Departementet vil på same måten som i dei føregåande åra setje av særskilde midlar til politidistrikt som har kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk. Midlane skal dekkje utgifter til det generelle meirarbeidet som bruken av to språk medfører for politiet, og utgifter til tiltak for å byggje opp kompetanse. Forskningsprosjektet «Samiske sedvaner og rettsoppfatningar» blei starta i 1997. Prosjektet er delt i to fasar. Resultatet av fase I, som er geografisk avgrensa til Finnmark fylke, er publisert som NOU 2001:34. Same rettsutvalet leier fase II av forskningsprosjektet «Samiske sedvaner og rettsoppfatningar» i områda sør for Finnmark.

## Kap. 540 Sametinget (jf. kap. 3540)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
50	Sametinget	129 800	133 400	138 750
54	Avkastning av Samefolkets fond	5 072	4 650	4 650
	Sum kap. 540	134 872	138 050	143 400

## Rapportering frå Sametinget til regjeringa og Stortinget

Samelova § 1-3 slår fast at Sametinget si årsmelding skal sendast til kongen. Regjeringa legg fram ei årleg stortingsmelding om verksemda i Sametinget for Stortinget. Her blir det også gjort greie for samepolitikken. Denne meldinga er eit godt grunnlag for dialogen mellom Stortinget, Sametinget og regjeringa. Sametinget vedtok årsmeldinga si for 2003 i mai 2004. Stortingsmeldinga om verksemda i Sametinget i 2003 blir lagd fram i november 2004.

Som følgje av at Riksrevisjonen i 2001 gjekk igjennom forvaltninga av tilskotsordningane i Sametinget, blei det av Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet i 2003 utarbeidd nye retningslinjer for korleis Sametinget skal forvalte tilskotsmidlar løyvde av Stortinget, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004). Sametinget vedtok dei nye retningslinjene i november 2003. Retningslinjene, som er i tråd med tilskotsreglane i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», tok til å gjelde frå 1.1.2004.

## Post 50 Sametinget

Rapport for 2003–2004

### *Driftsutgifter*

Sidan etableringa i 1989 har talet på årsverk i Sametinget auka frå 13 årsverk til 112 årsverk per 1. mars 2004. Dette kjem som ei naturleg følgje av at Sametinget i dei siste åra har fått overført forvaltningsansvar for ei rad oppgåver og tilskotsordningar frå departementa, samtidig som tinget sjølv også har teke initiativ til å følgje opp saker som det oppfattar vedrører den samiske folkegruppa.

Sametinget forvalta om lag 230 mill. kr i 2004. Samla utgjorde utgiftene til drift av politisk og administrativt verksemd i Sametinget om lag 50 mill. kr i 2003.

### *Likestilling*

Kvinner er underrepresenterte i Sametinget. I inneverande periode (2001–2005) er det berre sju kvinner representerte på Sametinget av i alt 39 folkevalde representantar. Dette er eit problem sett i forhold til at eit folkevalt organ bør reflektere samansetjinga av heile befolkninga. I Sametinget sin administrasjon er derimot kvinner i overvekt. Av i alt 112 tilsette er det 78 kvinner og 34 menn. I den administrative leiinga (avdelingsdirektør/direktør) er det fem kvinner og tre menn.

Sametinget har vedteke å gå inn for ei ordning med fire utjamningsmandat, slik at det totalt blir 43 representantar i Sametinget. Utjamningsmandata

skal reserverast det underrepresenterte kjønn, fram til det er minst 40 pst. av kvart kjønn representert i Sametinget. Stortinget har bede regjeringa vurdere om ei ordning med utjamningsmandat kan innførast. Regjeringa vil føreslå å endre samelova § 2-4 med sikte på å innføre fire utjamningsmandat til Sametinget. Lovendringa vil ha verknad frå 2005. Regjeringa har i si vurdering ikkje funne det tilrådeleg ved lov å fastsetje reglar som endrar konsekvensen av røystegivinga ved sametingsvalet. Ingen andre val til folkevalde organ har slike føresegner fastsette ved lov. Regjeringa meiner at dei partia, organisasjonane og val-listene som stiller til val, framleis skal ha hovudansvaret for å sikre ein balansert kjønnsmessig representasjon på sine lister. For å fremme likestilling ytterlegare har regjeringa fremma forslag om at Sametinget sjølv blir gitt heimel til å fastsetje føresegner om kjønnsbalanse i dei listene som skal godkjennast ved sametingsvalet. I utkastet til forskrift for sametingsval frå Kommunal- og regionaldepartementet blir det føreslått at Sametinget skal kunne stille krav om minst 40 pst. kjønnsfordeling på lister som stiller til val. Sametinget har ikkje eit slikt høve i dag. Det vil likevel vere opp til Sametinget om det vil gjere bruk av høvet til å fastsetje ei føresegn om kjønnsbalanse og bruke ei etterleving av føresegna som vilkår for å godkjenne vallister.

Med støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet har Sametinget sett i gang ein kampanje med sikte på å få fleire kvinner til å delta i samband med nominasjonar og val til Sametinget.

Likestilling og oppfølging av kvinnepolitiske spørsmål står sentralt innanfor alle dei politikkområda Sametinget steller med, og er nedfelt i plandokumentata til Sametinget. Sametinget har prioritert kompetanseoppbygging når det gjeld likestilling i det samiske samfunnet. Det er også lagt vekt på kontakt og samarbeid med dei samiske kvinneorganisasjonane og på å etablere kontakt med Likestillingssenteret.

### *Næringsformål*

Sametinget peiker på at rammene for utviklinga av næringslivet i samiske område i stor grad blir fastsette av sentrale styresmakter. Sametinget meiner derfor at det er viktig at Sametinget blir involvert på eit tidleg tidspunkt i dei sakene som har med politikktutvikling, lovgiving og forvaltning av ressursane i samiske område å gjere. For Sametinget er det avgjerande at det blir utvikla forvaltningsmodellar som gjer at lokalbefolkninga kan dra nytte av dei komparative fordelane det inneber å bu i nærleiken av ressursane.

*Samisk utviklingsfond*

For å nå politiske mål om eit allsidig og fleksibelt næringsliv er dei økonomiske verkemidla i Samisk utviklingsfond viktige. Retningslinjene for Samisk utviklingsfond blei endra i 2003 for mellom anna å

fremme deltaking av kvinner og likestilling i næringslivet. Samanlikna med 2002 blei ein større del av dei økonomiske verkemidla i 2003 tildelte kvinner og kvinnerelaterte arbeidsplassar. Den prosentvise auken var størst i reiselivsbransjen.

Tabell 3.15 Tildeling frå Samisk utviklingsfond etter næring

	(i 1 000 kr)			
Samisk utviklingsfond	2002	Pst.	2003	Pst.
Fiskeri	3 304	14,2	3 018	11,9
Jordbruk	1 949	8,4	1 825	7,2
Duodji – utviklingstiltak, investeringar	1 699	7,3	849	3,4
Duodji-programmet	–	–	1 880	7,4
Næringskombinasjonar	6 904	29,7	8 752	34,6
Industri/bygg og anlegg	1 731	7,4	1 332	5,3
Varehandel	822	3,5	264	1,0
Turisme	1 433	6,2	2 153	8,5
Eigedom/forretningsdrift	1 231	5,3	940	3,7
Offentleg, privat, sosial tenesteyting (inkludert kultur)	4 181	18,0	4 276	16,9
Sum	23 253	100	25 289	100

Tabell 3.16 Tilskot frå Samisk utviklingsfond fordelt etter kjønn

	(i 1 000 kr)			
Samisk utviklingsfond	2002	Pst.	2003	Pst.
Kvinner	2 234	31	2 732	46
Menn	5 082	69	3 195	54
Sum	7 316	100	5 927	100

Sametinget har eit særskilt ansvar for utviklinga av duodji (samisk kunsthandverk og husflid). På oppdrag frå Sametinget er det blitt gjennomført ei utgreiing for å undersøkje om det er mogleg å etablere ein næringsavtale for duodji og eit forprosjekt for å avklare behov for og organisering og finansiering av rettleiarstillingar og verkstader. Som følge av gjennomføringa av duodji-programmet har Sametinget registrert ein markert auke i støtta til duodjinæringa.

Målet med tilskot til næringskombinasjonar er mellom anna å sikre inntektsgrunnlaget for dei som driv med næringskombinasjonar. Sametinget har vedteke å avvikle driftsstøtta til næringskombinasjonar med verknad frå 2005 og vil i staden auke satsinga på utviklingstiltak. Litt over 2/3 av tilskotet gjekk i 2003 til menn, og det var kombinasjonar

der duodji og reindrift inngjekk, som fekk mest støtte.

Sametinget vurderer satsing på fiskeria som heilt avgjerande for at ein skal kunne ta vare på og utvikle samisk kultur, språk og næringsverksemd i dei samiske kyst- og fjordområda. I 2003 løyvde Sametinget om lag 3 mill. kr til tiltak i fiskerinæringa.

*Kulturformål*

Kulturtiltak er viktige for utvikling av samisk språk, identitet og tilhøyrslse. For Sametinget er det såleis viktig å samordne den samiske kulturinnsatsen og leggje til rette for likeverdige tilbod og aktivitetar ut frå dei behova gruppene i dei ulike regionane har.

Tabell 3.17 Tildeling til kulturformål

Formål	(i 1 000 kr)		
	2001	2002	2003
Samisk kulturfond	9 475	9 000	8 837
Samisk forlag	1 490	1 520	1 573
Samisk kulturhus	3 998	4 478	4 833
Samiske kulturorganisasjonar	1 072	1 093	1 196
Samiske festivalar	700	1 128	1 360
Samisk idrett	500	500	550
Samisk teater (Beaivváš Sámi Teáhter)	–	10 700	11 075
Kunstnarstipend	–	1 300	1 300
Sum	17 235	29 719	30 724

*Samisk kulturfond*

Samisk kulturfond har som formål å fremme tiltak som støttar samisk kultur, og å stimulere til

samiske kulturaktivitetar til glede og nytte for den samiske befolkninga. I 2004 er det sett av om lag 8 mill. kr til fondet.

Tabell 3.18 Fordeling av midlar frå samisk kulturfond

Formål	(i 1 000 kr)		
	2001	2002	2003
Litteratur	2 100	2 000	1 738
Musikk	1 000	1 000	872
Biletkunst/duodji	1 000	875	758
Teaterformål	400	400	347
Skape gode oppvekstvilkår for samiske barn	2 475	2 475	2 176
Andre tiltak <sup>1</sup>	2 500	2 250	2 946
Sum	9 475	9 000	8 837

<sup>1</sup> Ulike prosjekt, diverse kulturarrangement, festivalar osv., inkl. investeringsstøtte til Ája på 1 mill. kr i 2003

Ei av dei målsetjingane for Sametinget er å skape gode oppvekstvilkår for samiske barn og unge og utvikle den samiske identiteten deira. I verkemiddelbruken har Sametinget prioritert denne målsetjinga gjennom tildeling av tilskot til ulike tiltak for, av og med barn og unge. I 2003 stilte Sametinget om lag 2,5 mill. kr av midlane i Samisk kulturfond til disposisjon for slike tilskot.

**Samisk språk**

Hausten 2004 blei det over budsjetta til Kultur- og kyrkjedepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet løyvt 6 mill. kroner til utvikling av eit samisk korrekturprogram for elektronisk tekstbe-

handling. Sametinget har ansvaret for utviklinga av korrekturprogrammet, og yter også 5,3 mill. kroner til prosjektet, jf. delmål 3.

Regjeringa løyvde i 2004 ytterlegare 7 mill. kr til arbeid med tospråklegheit i kommunar og fylkeskommunar. Sametinget har som hovudmål å ta vare på, utvikle og vitalisere samisk språk, og ser det som viktig å styrkje arbeidet med samisk språk i alle språkregionar.

Sametinget fordeler tospråklegheitstilskot til kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet for samisk språk. Tilskotet skal sikre, styrkje og fremme bruken av samisk språk i offentleg forvaltning. Kommunane har ansvar for at midlane blir brukte i samsvar med dei måla Sametinget har sett for tilskotsordninga. I 2003 fordelte Sametin-

get om lag 28 mill. kr i tospråklegheitstilskot. Den samla ramma for 2004 er på om lag 33,9 mill. kr.

Samiske språksenter vil vere eitt av fleire tiltak for å gjennomføre målsetjinga til Sametinget på dette området. Språksentra er spesielt viktige i dei områda der samisk språk står svakt. I 2004 har

Sametinget sett av om lag 3,2 mill. kr til dei sju språksentra i Porsanger, Kåfjord, Tysfjord, Evenes, Nesseby, Tana og Ullsfjord. Grunntilskotet, som er på kr 450 000 årleg, skal sikre den nødvendige drifta. Språksentra må sjølve syte for å finansiere resten av verksemda.

Tabell 3.19 Fordeling av språkmidlar frå Sametinget i perioden 2002–2004

Nemning	(i 1 000 kr)			
	2002	2003	Revidert 2004	+/-
Tospråklegheitstilskot	25 050	28 050	33 850	5 800
Språkprosjekt innanfor forvaltningsområdet	0	1 600	2 000	400
Samisk korrekturprogram for elektronisk tekstbehandling	0	0	600	600
Språkprosjekt utanfor forvaltningsområdet	2 450	2 450	2 450	0
Språksenter	2 000	2 400	3 150	750
Sum	29 500	34 500	42 050	7 550

#### *Samiske hovudorganisasjonar og politiske grupperingar i Sametinget*

Samiske hovudorganisasjonar arbeider aktivt i forhold til heile breidda av det samiske samfunnslivet, og gjennom lokallaga sine er dei aktivt med på å fremme samisk identitet, språk og kultur. I 2003 fordelte Sametinget 2,5 mill. kr i støtte til samiske organisasjonar.

Sametinget fordeler tilskot til politiske grupperingar i Sametinget etter eigne retningslinjer. I 2003 fordelte Sametinget 1,8 mill. kr til dei politiske gruppene i Sametinget.

#### Budsjettforslag for 2005

Kommunal- og regionaldepartementet foreslår ei løyving på om lag 143,4 mill. kr for 2005, ein auke på 3,9 pst. 1,5 mill. kr av løyvinga skal dekkje dei utgiftene dei ulike partia/organisasjonane/listene som stiller til sametingsval, har i samband med eige informasjonsarbeid, i tillegg til dei utgiftene Sametinget har til informasjonsarbeid knytt til sametingsvalet i 2005. Innanfor skjønnsramma til kommunane, jf. kap. 571, post 64 Skjønnsstilskot, er det i tillegg sett av 7 mill. kr til styrking av tospråklegheitsarbeid i samiske kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet for samisk språk.

Sametinget får årlege løyvingar frå Barne- og familiedepartementet, Helsedepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Miljøverndeparte-

mentet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruksdepartementet og Utanriksdepartementet. Forslag til løyvingar frå desse departementa er i 2005 på om lag 234 mill. kr, ein auke på 3 pst.

Med atterhald for budsjettvedtaket i Stortinget, fordeler Sametinget løyvingane frå dei ulike departementa i plenumsrådet sitt i november. Sametinget fordeler løyvingane etter eigne prioriteringar, men i tråd med dei føringane som er lagde frå Stortinget si side i budsjettvedtaket.

#### **Post 54 Avkastning av Samefolkets fond**

Under behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2000 vedtok Stortinget 16. juni 2000 å løyve 75 mill. kr til eit «Samefolkets fond». Om siktemålet med fondet uttalte fleirtalet i finanskomiteen at avkastninga av fondet skulle gå til ulike tiltak som ville styrkje samisk språk og kultur. I vedtaket frå Stortinget blir opprettinga av fondet omtalt som ei kollektiv erstatning for dei skadane og den uretten for forskingspolitikken påførte det samiske folket. Avkastninga av fondet er ikkje ein del av rammeløyvinga til Sametinget.

Under plenum i mai 2002 behandla Sametinget utkast til vedtekter for fondet. Sametinget vedtok å ta imot Samefolkets fond som eit første ledd i forsoninga mellom staten og samane. Sametinget vil likevel ikkje bruke avkastninga av fondet før staten i samarbeid med Sametinget set i gang eit arbeid

for å utvikle nye samarbeidsformer og tiltak overfor samane, og før regjeringa set i gang eit arbeid for å løyse sakene for dei som har måtta lide på grunn av mangelfull utdanning i samband med den andre verdskrigen. Regjeringa la i juli 2004 fram St.meld. nr. 44 (2003–2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener, jf. omtale under programkategori 13.21, delmål 3. I meldinga føreslår regjeringa at samar og kvener som ikkje meistrar norsk, og som miste minst 1,5 års skolegang som ei direkte følgje av

den andre verdskrigen, bør omfattast av ei tilpassa ordning med rettferdsvederlag. Vidare føreslår regjeringa at personar som har søkt om erstatning før, ikkje treng å søkje på nytt. I staden bør tidlegare søknader kunne stadfestast gjennom foreninga USKAV og Foreningen for tapt skolegang. Nye søkjarar som meiner at dei oppfyller vilkåra, kan sende søknadene direkte til utvalet for rettferdsvederlag (Billighetserstatningsutvalget). Regjeringa overlèt til dette utvalet å fastsetje det konkrete beløpet i vederlaga.

### Kap. 3540 Sametinget (jf. kap. 540)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
51	Avkastning av Samefolkets fond	5 072	4 650	4 650
	Sum kap. 3540	5 072	4 650	4 650

### Kap. 541 Tilskot til samiske formål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
70	Tilskot til samiske formål	1 300	1 100	1 100
72	Samisk språk, informasjon o.a.	2 500	2 600	2 680
73	Reindriftas internasjonale fag- og formidlingssenter			750
	Sum kap. 541	3 800	3 700	4 530

#### Post 70 Tilskot til samiske formål

Regjeringa føreslår at det for 2005 blir løyvt 1,1 mill. kr til disposisjon for departementet over denne posten. Formålet er å ta vare på, utvikle og fremme samisk identitet, kultur og samfunnsliv. Tilskotsordninga har tidlegare vore kunngjort årleg. Departementet finn ikkje at dette er tenleg med tanke på storleiken på posten. Departementet initierer tiltak og gjennomfører oppfølging og kontroll av tiltaka i samsvar med krava stilte i Økonomireglementet.

#### Post 72 Samisk språk, informasjon o.a.

Regjeringa føreslår at det blir sett av 2,68 mill. kr til satsinga på samisk språk, informasjon på samisk og informasjon om samiske forhold i 2005. Sikte-

målet er å leggje til rette for auka bruk av samisk i det offentlege rommet, å auke mengda av offentleg informasjon gitt til samar på samisk, og å auke mengda av informasjon om samiske forhold overfor den norske befolkninga generelt. Eit sentralt mål er å gjere det mogleg å bruke samisk teiknsett i IT-samanheng, til dømes i offentlege register. Regjeringa har som mål at alle offentlege register skal kunne bruke samiske teikn, og at datautvekslinga mellom registra skal fungere. Kompetansebasen for samisk språk og IT blir finansiert over denne posten, jf. delmål 2. Regjeringa etablerte i 2003 eit samisk språkval på ODIN. Arbeidet med å vidareutvikle og forbetre dei samiskspråklege sidene vil halde fram kontinuerleg. Når det gjeld holdningar til samar og samiske forhold, sette Kommunal- og regionaldepartementet i 2003 av

1 mill. kr til eit samarbeidsprosjekt med Sametinget der eit av hovudmåla er å motverke negative holdningar til samar og samiske spørsmål. Eitt av siktemåla med prosjektet er også å få fleire til å registrere seg i samemanntalet. Kvinner og ungdom er dei fremste målgruppene for prosjektet, som blir avslutta i 2005. Prosjektet har ført til ei betre rekruttering til samemanntalet.

Kommunal- og regionaldepartementet sette våren 2004 i gang eit samarbeidsprosjekt med Samisk høgskole kalla «Samiske vegvisarar». Prosjektet har ei referansegruppe med representantar frå Samisk høgskole, Nordisk Samisk Institutt, Kompetansesenteret for rettane til urfolk, Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet. Tre samiske vegvisarar blei utnemnd under Riddu Riddu-festivalen 2004. Ungdommane skal først og fremst besøkje vidaregåande skolar i område der samane er i mindretal. Vidare skal dei besøkje område der det tradisjonelt ikkje bur samar, til dømes det sentrale austlandsområdet. Prosjektet

blir finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet. Prosjektet vil bli vidareført i 2005.

Regjeringa vil føre vidare satsinga på samisk språk og informasjon i 2004. Regjeringa legg i denne samanhengen vekt på eit godt samarbeid med Sametinget.

### Post 73 Reindriftas internasjonale fag- og formidlingscenter

For å styrkje det internasjonale samarbeidet om reindrift tek regjeringa sikte på å etablere eit internasjonalt fag- og formidlingscenter i Kautokeino i første halvår 2005. Senteret skal medverke til å formidle og utveksle informasjon og få i stand fagleg samarbeid mellom reindriffsfolk i arktiske område. Arbeidet skal vere retta mot næringsutøvarar, offentlege styresmakter, forskingsmiljø og andre fagmiljø, og internasjonale organisasjonar og samarbeidsorgan. Det blir føreslått ei løyving på kr 750 000 på posten. Det vil òg bli løyvt midlar til senteret over budsjetta til andre departement.

## Kap. 542 Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 3542)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	3 461	1 950	2 050
	Sum kap. 542	3 461	1 950	2 050

Kompetansesenteret for rettane til urfolk har som siktemål å auke kunnskapen om og forståinga for rettane til urfolk, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004). Styret for senteret er oppnemnt av Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet i fellesskap, etter forslag frå mellom anna Sámi Instituhtta og Sámi Allaskuvla. Utanriksdepartementet medverkar til finansieringa med 1,2 mill. kr i 2005, det same beløpet som i 2004. Senteret har tre tilsette.

I 2003 har Kompetansesenteret hatt fokus på å etablere eiga verksemd og nettsider ([www.galdu.no](http://www.galdu.no)), etablere samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar, til dømes Samisk høgskole, Sámi NissomForum og Senter mot etnisk diskriminering, og på å utarbeide ein infor-

masjonsstrategi. Senteret har i 2003 arrangert fleire seminar om Finnmarkslova og kurs i urfolkskunnskap ved Samisk høgskole. Senteret har også produsert to utgreingar: «Samiske landrettigheter, norsk lovgivning og forvaltning» og «Samene og de nasjonale parlamenter – kanaler for politisk innflytelse». Verksemda ved senteret er tospråkleg (samisk og norsk), og det blir i tillegg produsert mykje på engelsk. Senteret har eit særleg ansvar når det gjeld å skaffe fram og spreie informasjon om rettane til urfolkskvinner. På det årlege seminaret til senteret blei det i 2004 fokusert på rettane til urfolkskvinner.

Det blir føreslått ei løyving på 2,05 mill. kr på posten i 2005.



**Kap. 3542 Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 542)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Kompetansesenter for rettane til urfolk, diverse inntekter	1 200		
	Sum kap. 3542	1 200		

Rekneskap 2003 gjeld løyving frå Utenriksdepartementet, jf. omtale under kap. 542.

## Prográmmakategoriija 13.40 Sámi ulbmilat

Prográmmakategoriija 13.40 goluid juohkáseapmi kapihttaliid mielde

(1 000 ru)

Kap.	Namahus	Rehketdo- allu 2003	Salderej. bušeahhta 2004	Evttohus 2005	Pst. nuppástus 04/05
540	Sámediggi (gč. kap. 3540)	134 872	138 050	143 400	3,9
541	Doarjja sámi ulbmiliidda	3 800	3 700	4 530	22,4
542	Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelb- bolašvuodaguovddáš (gč. kap. 3542)	3 461	1 950	2 050	5,1
	Oktiibuot kategoriija 13.40	142 133	143 700	149 980	4,4

Prográmmakategoriija 13.40 boađuid juohkáseapmi kapihttaliid mielde

(1 000 ru)

Kap.	Namahus	Rehketdo- allu 2003	Salderej. bušeahhta 2004	Evttohus 2005	Pst. nuppástus 04/05
3540	Sámediggi (gč. kap. 540)	5 072	4 650	4 650	0,0
3542	Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelb- bolašvuodaguovddáš (gč. kap. 542)	1 200			
	Oktiibuot kategoriijas 13.40	6 272	4 650	4 650	0,0

### Norgga sámepolitihka ovddasvástádusjuohkin ja oktiordnen

Lea Giella- ja guovlodepartemeantta ovddasvástádus oktiordnet Norgga stáhta sámepolitihka. Juohke departemeanttas lea, departemeanttaid suor-geovddasvástádusprinsihpa vuodul, dattege geatnegasvuohta sámepolitihka čuovvolit iežas surggiid siskkobealde.

Ráddehusa sámepolitihkka ja juolludusat departemeanttain sámi ulbmiliidda čilgejuvvojit ollásit prentosis «Juolludeamit sámi ulbmiliida 2005:s». Giella- ja guovlodepartemeanttas lea vuodđolágalaš ovddasvástádus daid bušeahhtarudaid geavaheamis mat juolluduvvojit kapihttalis 540 Sámediggi. Juolludusaid hárrái Sámediggái eará departemeanttain, lea juohke departemeantta fágastáhtarádis vuodđolágalaš ovddasvástádus.

### Sámediggi

Sámedikkis lea stuorra friddjavuohta álbmotválljen orgánan. Dat ii leat ráddehusa vuollásaš orgána, ja danne ii leat ráddehusas ovddasvástádus das mo Sámediggi doaibmá politihkalaččat ja makkár politihkalaš mearrádusaid dat dahká. Sámedikkis lea geatnegasvuohta čuovvut dábálaš njuolggadusaid mat gusket hálddahussii, ovdamearkan hálddašanlága ja stáhta ekonomiijanjuolggadusaid, gč. čilgejumi kap. 540. Bušeahhtarudaid geavaheami čilgen iešguđet departemeanttaide čuožžu Sámedikki jahkediedáhusas.

Sámediggái lea fápmuduvvon válldi sámelága, boazodoallolága ja oahpahušlága vuodul. Stuorradikkis ja ráddehusas lea dattege bajimus ovddasvástádus ovddidit sámepolitihka.

## Sámepolitihka bajimuš ulbmil

### Boksa 3.4 Ulbmilstruktuvra

#### Bajimuš boadusulbmil

Láhčit dilálašvuodaid nu ahte sámi álbmotjoavku sáhtta sihkkarastit ja ovddidit iežas giela, kultuvrra ja servodateallima

#### Bargoulbmilat

1. Oktiiordnet sámepolitihka ja ovddidit ovttasbargovugiid ja ráddádallamiid
2. Arvvosmahttit olbmuid eambo geavahit sámegiela eanet oktavuodain
3. Juohkit dieđuid sámi dilálašvuodaid birra ja čalmmustit sámi kultuvrra eanet dutkamiin ja gaskkustemiin
4. Nannet sámi ealáhusaid
5. Nannet davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš ovttasbarggu álgoálbmogiid birra ja gaskal álgoálbmogiid

### 1. Oktiiordnet sámepolitihka ja ovddidit ovttasbargovugiid ja ráddádallamiid

#### *Dili árvvoštallan*

Sámi gažaldagaid oktiiordnenlávdegoddi lea dehálaš fierpmádat go bargá sámi gažaldagaiguin hálddahasdásis. Gielda- ja guovlodepartemeanttas lea ovddasvástádus dan jodihit ja leat dan čállingoddiin. Oktiiordnenlávdegoddi gohččojuvvo čeahkkái jámma bušehttabarggu ja stuorradiggedieđáhusaid ráhkadeami oktavuodas, ja muđui dan duohken makkár áššiguin leat bargamin. Oktiiordnenlávdegotti barggu lassin sáhtta leat guovtti riikka departemeantaid gaskasaš oktavuoha konkreta áššiin.

Lea dehálaš deattastit ahte go leat dahkkojuvon politihkalaš mearrádusat sámepolitihkalaš áššiin, de lea suorgeprinsihpa vuodul iešgudet áššáiguoski fágadepartemeantaid ovddasvástádus čuovvolit áššiid. Lea dagalduvvan dakkár dáhpi ahte Gielda- ja guovlodepartemeanta oktiiordnen-departemeantan oassálastá Sámedikki ja fágadepartemeantaid gaskasaš čeahkkimiin. Dábálaš politihkalaš barggu lassin lea mearriduvvon ahte Sámediggi, Gielda- ja guovlodepartemeanta ja eará áššáiguoski departemeanttat galget doallat fásta čeahkkimiid politihkalaš dásis Sámedikki bušehta birra ovdal ráddehusa vuosttaš jahkásaš bušehtta-konferánssa. Lea Gielda- ja guovlodepartemeantta ovddasvástádus álggahit ja oktiiordnet dárbbaslaš proseassaid bušehta oktavuodas. Departemeanta ráhkada jahkásaš johtočállosa daid sámi áššiid meannudeami ja oktiiordnema birra mat leat

stáhtabušehtas. Dan lassin ráhkada departemeanta prentosa mas oaidná buot juolludemiid sámi ulbmiliidda iešgudet departemeanttain.

Odne bargojuvvo sámi ja sámiide guoski gažaldagaiguin ráddehusa ulmilla rájáid siskkobelalde čadahit ollislaš sámepolitihka, mas sámít ieža Sámedikki ja eará guovdilis organisašuvnnaid bokte leat oassálastit ja premissaaddit. Vai sámi beroštumit duodai besset váikkuhit ja ožžot liibba leat mielde mearrádusaid dahkat, atná ráddehus dehálažžan mielasáhttit Sámedikki ja eará guovdilis organisašuvnnaid árrat láchkabarggu ja sullasaš bargguid prosessii.

Ráddehus háliida ráddádallat sámiiguin dakkár áššiin mat njuolgga gusket sidjiide. Vuoigatvuoha beassat cealkit oavila dakkár áššiin lea nannejuvvon 1989-mannosaš ILO-konvenšuvnnaš nr. 169 eamiálbmogiid ja čearddalaš álbmogiid hárrái iešmearrideaddji riikkain 6. artihkkalis. Dál leat árahuvvon fásta čeahkkimat ja ráddádallamat sihke politihkalaš ja hálddahaslaš dásis gaskal eiseválddiid ja Sámedikki iešgudetlágan áššiin mat gusket sámiide.

#### *Strategijjat ja doaibmabijut*

Ráddehus háliida ahte ráddehusa ja Sámedikki gaskasaš ovttasbargovuogit buoriduvvošedje, ja ahte álbmorievttalaš geatnegasvuoha ráddádallat sámiiguin čuovvoluvvošii dohkálaččat. Ráddehus átná dehálažžan ahte ráddehus ja Sámediggi ovttasáhttet gávdat vuogas ja ávkálaš ovttasbargovugiid áššiin mat váikkuhit sámi beroštumiid. Danne

leatge Sámediggi ja Giella- ja guovlodepartemeanta álggahan ságastallamiid maid ulbmil lea ovttas gávdnat njuolggadusaid maid vuodul stáhtalaš eiseválddit ja Sámediggi galget ráddádallat dakkár áššiin mat njuolgga gusket sámiide.

Ráddehus lea mearridan ahte áigu ráddádallat Sámedikkiin gávnnahandihtii ráddádallanmále dakkár áššiin, mat leat deahálaččat sámi álbmogii. Álggus áigot Giella- ja guovlodepartemeanta ja Sámediggi bargat hálldahuslaččat ovttas ráhkadit čálalaš vuoddomateriála, mii maŋŋil galgá leat politihkalaš ságastallamiid vuodđun.

Ráddehus ja Sámediggi leat maiddái soahpan geahčadit daid bargovugiid mat doibmet go Sámedikki bušeahtta ráhkaduvvo. Bušeahttabarggu bargovuogit bohciidahttet sierralágan gažaldagaid ja čuolbmačilgehusaid, ja danne dat giedahallojuvvojit sierra prosessan.

Boazodoallolága ođasmahttima ja ođđa mineráallága ráhkadeami oktavuodas háliida ráddehus ráddádallat sihke Sámedikkiin ja Norgga Boazosápmelaččaid Riikaserviin.

Departemeanta áigu ráhkadit bagadusa sámi áššiid meannudeami várás maŋŋágo njuolggadusat leat ráhkaduvvon ráddádallamiid várás Sámedikkiin. Dannego Giella- ja guovlodepartemeanttas lea ovddasvástáduš oktiordnet sámi áššiid, de šaddá dat bagadus leat veahkkinn mielbargiide hálldahusa iešguđet dásis go sii galget dovdát ja meannudit sámiide guoski áššiid. Bagadus oaivada maiddái ráddádallamiid Sámedikkiin.

Vai oktiordnenbargu buorránivččii ja vai lassánivččii dihtomielalašvuohta sámi áššiid hárrái, lea Giella- ja guovlodepartemeanta maŋimus jagiid atnán dehálažžan fállat semináraid ja fágalaš čoahkimiid oktiordnenlávdegotti lahtuide. Departemeanttat čađahit dál oktiordnendoaimmaset iešguđet láhkai. Giella- ja guovlodepartemeanta háliida ovttrasámiid oktiordnenlávdegottiin geahčadit lávdegotti oktiordnendoaimma.

## 2. Arvosmahttit olbmuid eambo geavahit sámegeahtta eanet oktavuodain

### *Dili árvoštallan*

1992 rájes leat sámegeahtta ja dárogeahtta leamaš ovttaárvosaš geahtta, gč. sámelága kap. 3. Sámegeahtta hálldášanguovllus (Gáivuona suohkanis, Guovdageainnu suohkanis, Kárásjoga geahttas, Unjárgga geahttas, Porsáŋgu geahttas ja Deanu geahttas) sámegeahtta ja dárogeahtta leat dáseárvosaš geahtta. Divttasvuona suohkan Nordlánddas lea ohcan beassat sámi hálldášanguovllu suohkanin. Ohcama leat giedahallamin Kultur- ja girkodepartemeanttas.

Sámediggi hálldáša doarjagiid sámi dulkonbálvalusaid ja geahttegeahtta hálldahusdoaimmaid geahttas daid goluid mat geahttas ja fylkageahttas leat dulcoma ja geahttegeahttavuoda geahttas. 2002 rájes lea ráddehus lasihan dán doarjaga oktiibuot 22,2 milj. ruvnnuin. Sámediggi hálldáša 2004 birasiid 42 milj. ru geahttasdoaimmaid, earret eará maŋŋga sámi geahttasdoaimmaid, gč. čilgema kap. 540, poasttas 50.

Ráddehus atná erenoamáš dehálažžan ahte sámegeahtta geahttas galgá oidnot, ja ahte sámegeahtta galgá geavahuvvot almmolaš oktavuodain. Jagi 2004 rájes lea Finnmárku fylkka leamaš geahttegeahtta (dárogeahtta ja sámegeahtta) fylkkanamma. Giella- ja guovlodepartemeanta rabai iežas sámegeahtta interneahhtasiidduid ODINis guovvamánu 6. b. 2003, sámi álbmotbeaivvi. Miessemánu 2004 jotkkii ráddehus iežas barggu ja rabai bajimus ODIN-siidduid sámegeahtta. Dál sáhtta válljet sámegeahtta ODINis seamma bures go ođđadár ge. Geahtta [www.dep.no/krd/samisk](http://www.dep.no/krd/samisk).

Kultur- ja girkodepartemeanta, Oahpahus- ja dutkandepartemeanta ja Giella- ja guovlodepartemeanta juolludedje 2004 čavčča 6 milj. ru ráhkadahttit sámegeahtta korretuvraprogramma elektrovnnalaš teakstagiedahallamiid. Dát teknologija, geahttaoahpa- ja stávenkontrolla, sátneguohkinprogramma ja synonymasátnegirji lea hui mávssolaš veahkkeneavvu sámegeahtta seailuheamis ja ovddideamis, ja dán proševtta boadus galgá boahit buot sámegeahtta dihtorastiide buorin. Sámediggi galgá jodihit dán maŋŋgagagát proševtta, ja juolluda ge 5,3 milj. ru prošektii.

Norga lea ovttas Ruotain ja Suomain dorjon oktasaš sámegeahtta dáhtastandardiserenvuodaga. Bargojoavku mii lea nammaduvvon Sámegeahttas davviriikkaid ámmátolbmoorgána vuollášažžan, galgá daid čuolbmačilgehusaid oktiordnet davviriikkalaš dásis. Lea maiddái áshuvvon davviriikkaid sámi geahttasbálkkašupmi – Gollegeahtta. Bálkkašupmi mii lea 100 000 Norgga ruvnnu, geigejuvvo vuosttas gearddi 2004.

### *Strategiijat ja doaibmajijat*

Fágadepartemeanttain lea iežas surggiin ovddasvástáduš geahttas sámegeahtta dili ovttas Sámedikkiin. Kultur- ja girkodepartemeanttas lea oppalaš ja bajimus ovddasvástáduš hálldášit sámegeahtta go dat hálldáša sámi geahttas geahttas geahttas. Kultur- ja girkodepartemeanttas lea maiddái ovddasvástáduš báikenammalágas, ja dat áigu bargat dan ala ahte sami kultuvra ja historjá ja sámi báikenamat bohtet oidnosii.

Ráddehus atná geahttasgeahttas ovttas sámegeahtta deháleamos ášsesuorgin. Ráddehus háli-

ida ahte sámegeiella ain galgá leat ealli giella, mii maiddá geavahuvvo almmolaš oktavuodain. Ráđdehus vuordá ahte almmolaš ášahusat ovddidit vejolašvuodaid čálalaččat gulahallat sámegillii. Dannego diehtjuohkinteknologiija lea nu dehálaš dán áiggi, ráđdehus vuoruhá fuolahit ahte sámegeiella galgá sáhttit geavahit IT-oktavuodas. Ráđdehusa ulbmil lea ahte buot almmolaš registarat galget sáhttit registreret sámegeiel namaid, báikenamaid ja čujuhusaid riektá, ja ahte dákkár dieđuid lonohallan gaskal departemeanttaid galgá doaimmat. Danne mearridii ráđdehus geassemánus 2003 ahte stáhta etáhtat galget árvoštallat makkár doarjjadárbbut dain leat oáčohit sámegeiella doaimmat iežaset dihtorvuogádagain. Etáhtat berrejit dahkat sámegeiella geavaheami vejolažžan dađistaga go prográmmagálvvut/dihtorvuogádagat odastuvvojit. Sámegeiella erenoamáš čálamearkkaid han mángá dálá dihtorvuogádaga eai hálddaš. Vai almmolaš ášahusaide šattašii álkit geavahišgoahtit sámegeiella, lea Gielda- ja guovlodepartemeanta ášahan Sámegeiella ja IT gelbbolašvuodabása (samIT) – [www.samit.no](http://www.samit.no). Buot almmolaš ášahusat galget oázzut veahki samIT:s dahkat sámegeiella geavaheami vejolažžan.

Gielda- ja guovlodepartemeanta čuoovola dáid ulbmiliid Sámegeiella ja IT gelbbolašvuodabásain samIT:in. Earret eará galgá samIT logahallat daid almmolaš ášahusaide main lea buorre sámegeielat fáladat geavaheaddjiidasaset.

Ráđdehus lea maiddá mearridan ahte buot departemeanttat galget plánet gullelaš lágaid ja láhkaásahusaide jorgaleami ovdal njukčamánu 1. b. 2005 sámelága vuodul. Vai hálldahus šattašii eambbo dihtomielalaš, ja sámegeiella geavaheapmái guoski njulggadusat šattašedje dovdomassii, háliida departemeanta máinnašit sámelága giellanjuolggadusaide geatnegagasvuodaid juolludanreiviin guoskevaš stáhta ášahusaide. Stáhta ášahusat ávžžuhuvvojit maiddá jorgalahttit áššáiguoski láhkaásahusaide ja almmuhemiid sámegillii sámelága vuodul, ja lágidit daid nu ahte dat leat olbmuid olámuttus.

Ovdal jagi 2004 loahpa galgá buot departemeanttain ja Stáhtaministara kantuvrras leat sámegeielat diehtjuohkin ODINA sámegeielat siidduin. Eanaš almmuhuvvo teaksta davvisámegillii, muhto ráđdehus háliida maiddá geavahit julevsámegeiella ja oarjelsámegeiella.

Kultur- ja girkodepartemeanta áigu ovttaš Sámedikkiin árvoštallat mo sámelága giellanjuolggadusat leat doaimman. Seamma árvoštallamis, mii galgá leat gárvvis geasset 2005, galgá sámegeiella geavaheapmi stáhta etáhtain ge árvoštallojuvvot. Árvoštallama bohtosiid vuodul

ferde geahččat leat go odđa doaimmabijut dárbbaslaččat lasihit sámegeiella geavaheami.

3. Juohkit dieđuid sámi dilálašvuodaid birra ja čálmustit sámi kultuvrra eanet dutkamiin ja gaskkustemiin

#### *Dili árvoštallan*

Vaikko vel politihkka dáruiduhttit sámiid dál gullá vássánaigái ja ulbmil lea ahte norgga ja sámi kultuvra galget leat ovttárvosaččat, de leat báhcán muhtun negatiiva guottut sámi kultuvrii vássán áigis. Ollu sámit vásihit ain negatiiva guottuid ja eahpetoleránssa mat čuhcet sin identitehtii.

Iskkadallamis maid Agenda-nammasaš fitnodat lea čadahan Sámedikki, Statskonsult ja Gielda- ja guovlodepartemeanta ovddas, leat earret eará gávnahan ahte čáliheapmi sámi jienastuslohkui čatnasa nannosit sámi identitehtii ja sámi gullelašvuoda ovdáneapmái. Guorahallan duodašta ahte dáruiduhttinpolitihka váikkuhusat cagget sámiid geavaheames daid politihkalaš vuogatvuodaid mat sis leat, gč. St.prp. nr. 1 (2003–2004).

Ráđdehus mearridii juovlamánu 5. b. 2003 ahte sámi álbmotbeaivi galgá guovvamánu 6. b. 2004 rájes leat almmolaš leavgabeaivi. Almmolaš levgen sámi álbmotbeaivvi čálmusta ja fuomášuhtta olbmuid sámiid ja sámiid dilálašvuodaid, erenoamážit stuorraservodagas.

Gielda- ja guovlodepartemeanta lea jagi 2001 rájes juolludan ruđaid Norgga dutkanrádi sámi dutkanprográmmii (2001–2005), gč. prográmmaulbmila ja ánggiruššama lagat čilgejumi kap. 500 poasttas 50 Dutkanprográmmat Norgga dutkanrádi bokte. Maŋŋá prográmmaáigodaga áigu Dutkanrádi árvoštallat prográmma ulbmila ja bohtosiid ovttasrádiid sámepolitihkalaš ja sámeválgalaš birrasiguin, ja joatkkihit dan dálá hámis dahje vejolaččat muddet prográmmaplána.

Suorgeprinsihpa geažil lea moanat departemeanttain ja vuolit etáhtain DjO-áŋgiruššan (Dutkan ja ovddidanbarggu áŋgiruššan) sámi dilálašvuodaid birra. Gielda- ja guovlodepartemeanta lea juolludan Romssa universitehtii ruđaid čadajahit eallineavttuid guorahallama Norggas. Dát iskkadallan lea oassi stuorát álgoálbmogiid eallineavttuid guorahallamis gaskkal 11 árktalaš guovllu. Departemeanta lea maid juolludan ruđa Nordlandsforskningen:i árvoštallan dihtii proseassaid mat gusket luosaid ja dápmohiid biebmanlobiid addimii Mosku Divttasvutnii. Biebmanlobiid ulbmil lea nannet julevsámi servodaga. Sámediggi lea ožžon ruđaid joatkit Sámi statistihkka-nammasaš proseavtta. Proseavtta ulbmil lea háhkat odastuvon ja odđa dieđuid sámi dilálašvuodaid birra ja

geahččalit lágideit kvantitatiiva dieđuid ulbmillaččat. Earret eará dovđán dihtii negatiiva miellaguottuid sámiide ja sámi dilálašvuodaide lea departemeanta álggahan guorahallama mas galgá iskat sámiid vásihan rasismma ja vealaheami.

Dutkanprošeavttat ruhtaduvvojit Giella- ja guovlodepartemeantta bušehta kap. 500, poasttas 21 Erenoamáš dutkan- ja guorahallandoaimmat ja poasttas 50 Norgga dutkanráđdi.

### *Strategijat ja doaibmabijut*

Ráđdehus oaivvilda ahte diehtjuohkin ja dieđut sámiid ja sámi kultuvrra birra váikkuhit daid negatiiva miellaguottuid vuostá mat leat sámiide ja sámi kultuvrii. Danne háliida ráđdehus lasihit dieđuid sámi dilálašvuodaid birra sihke hálddahasas, álbmogis oppalaččat ja erenoamážit oahpahasvuogádagas.

Ráđdehus atná dehálažžan ahte sámi mánáide galgá sihkkarastit oadjebas identitehtavuodu, nu ahte sáme kultuvra ja sámi servodat ain sáhttet ovdánit. Ráđdehus vuoruhá angirusššama mánáid ja nuoraid várás. Sámi ofelaš-prošeavttain háliida ráđdehus eará diehtjuohkin doaimbábijuid lassin bidjat sámi nuoraid juohkit dieđuid dáža nuoraide sámgiela, sámi kultuvrra ja sámi servodateallima birra. Ofelaččat galget earret eará galledit joatkkaskuvllaid miehtá riikka. Golbma ofelačča nammaduvvojedje 2004 Riddu Riddu-festiválas. Nuorat galget doaimmat sámi ofelažžan jagi. Hálddahaslaččat sii gullet Sámi allaskuvlii Guovdageidnui, mas lea ovddasvástádus čadahit prošeavtta geavatláččat. Prošeakta joatkašuvvá 2005, ja ulbmil lea árvvoštallat ortnega golmma jagi geahčen.

Giella- ja guovlodepartemeanta ja Sámediggi barget ovttas miellaguoddo- ja diehtjuohkinkampánjain sámiid ja sámi dilálašvuodaid birra. Dát kampánja loahpahuvo 2005. Kampánja deháleamos ulbmil lea oáččohit olbmuid čálihit iežaset sámi jienastuslohkui ja oččodit eanet nissoniid Sámediggái.

Ráđdehus háliida kártehit dálá dieđuid ja dutkamiid dan birra manne leat negatiiva miellaguottut sámiide ja sápmelašvuhtii, ja mo dáid guottuid galggašii vuosttaldit. Jus orru leamen dárbu, de háliida ráđdehus joatkit DjO-doaimmaid dán suorgis, gč. doaimmaplána rasismma ja vealaheami vuostá mii almmuhuvvui suoidnemánus 2002. GGD háliida 2004 ruhtadit iskkadallama Norgga sámiid gaskkas dakkár rasismma ja vealaheami birra maid sámit ieža leat vásihan. Jurdda lea ahte iskkadallan galgá joatkašuvvat 2005.

Ráđdehus ásahii Álgoálbmotvuogátvuodaid gelbbolašvuodaguovddáza Guovdageidnui 2002

čavčča. Guovddáš rahppojuvvui almmolaččat čakčamánu 1. b. 2003. Guovddáza deháleamos doaimmat leat sámiide ja eará álgoálbmogiide guoski vuogátvuodaid dokumenteren, diehtogaskkusteapmi ja diehtjuohkin, gč. kap. 542, poastta 1. Ráđdehus háliida doarjut guovddáza barggu.

Ráđdehus áigu maiddá váikkuhit ja doarjut barggu mii sáhtta čálmustit sámi kultuvrra ja álgoálbmotkultuvrra riikkaidgaskasaččat.

Ráđdehus áigu ain almmuhit elektrovnnalaš diehtjuohkinreivve sáme politihka birra.

Sámi dutkan galgá háhkat máhtu ja gelbbolašvuoda mii nanne, bisuha ja ovddida sámi servodaga. Lea dehálaš ahte álot lea dakkár dutkan mii lea kvalitehta dáfus buorre ja krihtalaš ja mii guoská sámi servodatdiliide, ja ahte dutkan buvttada diehtovuodu man vuodul eiseválddit sáhttet ovddidit ja hábmet iežaset sáme politihka.

Sámi dutkan galgá buktit ovdan sámi árbevirolaš áddejumi ja terminologijaid sáme guovlluid luonddu ja ekologijja birra, ja dieđuid ealáhusvuogiid, áigahaš álbmotdábiiid ja eará kultuvrralaš dilálašvuodaid birra. Dát dieđut sáhttet leat mearrideaddji eavttut go áigu giela, kultuvrra ja ealáhusheivehemiid bisuhit ja ovddidit. Sámi árbediehtu lea dehálaš máhtolašvuoda ja lassi árbevirolaš akademihkalaš dutkamii, ja dat lea vuodđodiehtu go jurddaša boahteáiggi ovddideami ja oddahutkama. Sámi dutkan berre geavahit sáme giela eambo, erenoamážit go dutká árbevirolaš máhtu, ja go gaskkusta dutkanbohtosiid geavaheaddiide. Berre maiddá dutkat fáttáid mat gusket stuorraservodaga ja sámi servodaga gaskavuodaide, veahkehit sáme giela ovddideami ja geavaheami, maiddá IT- oktavuodas, gozihit sohka bealleperspektiivva ja háhkat eanet dieđuid sámi nissonolbmuid dilálašvuodaid birra servodagas.

Lea dehálaš láchit diliid nu ahte lea vejolaš ásahit sámi dutkanvuodđostruktuorra ja organiseret ulbmillaš primára dieđuid ja vuodđodieđuid sámi dilálašvuodaid birra, ja nu ahte dieđut leat olámuttus ja daid sáhtta ávkin atnit dábalaš servodatplánema ja dutkanulbmiliid oktavuodas.

Departemeantta jahkásaš juolludus Norgga dutkanrádi sámi dutkanprográmmii lea 1,5 milj. ru, ja evttohuvo lasihit juolludusa 2,5 milj. ruvdnui jagi 2005 rájes. Prinsihpalaččat lea Dutkanrádi ovddasvástádus maiddá árvvoštallat dárbbu sámi čuolbmačilgehusaid dutkkahit eará dutkanprográmmaid siskko bealde.

Davviriikkaid sámi áššiide guoski ovttasbarggu olis galget leat ráddádallamat, maid ulbmil lea oáččuhit áigálii lagat davviriikkalaš sámi dutkanovttasbarggu.

#### 4. Buoridit sámi ealáhusaid vejolašvuodaid

##### *Dili árvvoštallan*

Árbevirolaš sámi ealáhusat nu mo boazodoallu, guolásteapmi, duodji jna. bisuhit sámi kultuvrra ja leat dan vuodđun. Ceavzilis ja heivehannávccalaš ealáhusat han leat sámi kultuvrra ja giela ovdáneami dárbbášlaš eaktun. Sámi árbevirolaš ealáhusaid okta dovdomearka lea mánggabealat lotnola-sealáhusaid heiveheamit.

Álgoálbmogin sámiin lea rievttalaš suodjalus stuorat sisabahkemiid vuostá vai sáhttet joatkit árbevirolaš ealáhuseallimeaset. Dát čuovvu das mo ONa olmmošvuoigatvuodálávdegoddi lea dulkon siviila ja politihkalaš vuoigatvuodaid konvenšuvna 27. artihkkala.

##### *Strategiijat ja doaibmabijut*

Ráđđehussii lea dehálaš ahte dilit lámččojit nu ahte sámi ealáhuseallin galgá sáhttit ovdánit. Ráđđehus áigu sihkkarastit sámi ealáhuseallima oppalaš ealáhuspolitihkainis. Dat guoská earret eará kapitálalassáneapmái ja njuolggadusaid álkideapmái. Dábálaš váikkuhangaskaoamit nu mo vearro- ja divatgeahpedeapmi ge ealáskahttet sámi ealáhuseallima. Sámi ealáhuseallima dovdomearka lea ahte unnán kapitála lea fidnemis. Danne leat reantovuolideamit leamaš hui dehálaččat sáme-ovlluin. St.diedáhusas nr. 8 (2003–2004) Finn- márkku ja Davvi-Romssa doaibmabidjoavádaga birra čilge ráđđehus iežas ángiruššama earret eará guovllu ealáhuseallima ovddidit.

Ráđđehus lea guorahallan boazoealáhusa vearro- ja divatnjuolggadusaid ge jus de árvobuvttadeami sáhtášii lassánahttit. Leat addán vearrogeahpádusa buot boazoeaiggádiidda geain lea sisabohtu boazodoalus.

Ráđđehus áigu lámčit diliid nu ahte dagaha dakkár ovdáneami sámi guovlluin mas árbevirolaš gelbbolašvuohta ja odđaaigásaš teknologijia lea ekonomalaš ovdáneami ja bastevaš ássama vuoddu oassin. Ulbmillaš ángiruššan dakkár ealáhuseallima ovddidit man vuodđu lea kultuvra, lagat ovttasdoaibman gaskal ealáhuseallima, DjO-birra-siid ja kultuvrra, galgá čatnat čavgadit dakkár politihkkii man ulbmil lea ceavzilis ovdáneapmi.

Ráđđehus háliida maiddái váldit vuhtii sámi ealáhuseallima, sámi áigahaš álbmotdábiid, árbevieruid ja beroštumiid iežas lámka- ja lámkaásahus-barggustis. Birasgáhttenbarggus ja buot suodjalanbargguin áigu ráđđehus váldit vuhtii sámi luonddu-, kulturmuito- ja kulturbirasárvvuid ja áigahaš álbmotdábiid, gč. St.dieđ. nr. 33 (2001–2002). Dán ovdamearka lea ráđđehusa evttohus rievdadit plánelága (gč. Ot.prp. nr. 47 (2003–2004)), ja váikku-

husaid guorahallaneavttuid. Dát mearkkaša ahte plánat mat váikkuhit sámi luonddu- ja kulturvuođu, galget guorahallojuvvot váikkuhusaid dáfus.

#### 5. Nannet davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš ovttasbarggu álgoálbmogiid birra ja ovttasbarggu gaskal álgoálbmogiid

##### *Dili árvvoštallan*

Ráđđehus lea joatkán ovttasbarggu mii 2000 ása-huvvui gaskal ministariid geaid ovddasvástádus lea sámedipolitihkka, ja Suoma, Ruota ja Norgga sámediggepresideanttaid vai sii jeavddalaččat sáhttet dieđuid lonohallat ja juohkit, ja digaštallat ja meannudit sámi áššiid main lea oktasaš beroštupmi. Ovttasbargu lea eahpeformálalaččat, muhto lahka čadnojuvvon Davviriikkaid Ministarráđđái. Davviriikkalaš sámi áššiid ámmátolbmuid orgána ráhkkanahhtá ja čuovvola áššiid. Sámedikkit leat maiddái ovddastuvvon dán orgánas. Ovddasvástádus gohččut čoahkkimiidda ja daid jodihit lea riikkain vurrolagaid. Suoma, Ruota ja Norgga sámedikkit leat ásahan oktasaš ovttasbargoorgána, Sámi parlamentáralaš ráđi. Ráđis leat 7 áirasa Suoma, Ruota ja Norgga guđege Sámedikkis. Sámedikkit áigot geahččalit ráđđái oáččohit aktiiva rolla riikkaidgaskasaš barggus.

Árktalaš guovlluid boazodoallu lea mángga álgoálbmotservodahkii deháleamos árbevieruid ja kultuvrra eaktudeaddji, ja dat ealáhus, mii eanemusat mearrida sin árbevieruid, kultuvrra ja eallinvuogi joatkima. Buolvvaid čada leat sierranas álgoálbmotjoavkkut háhkan mávssolaš máhtolašvuoda ealáhusdoalus molsašuvvi birra-siin, main dálkkádat lea hirpmus molsašuddi ja eahpeinnostuvvi. Boazodoalus leat ollu iešguđelágan hástalusat sierranas árktalaš riikkain, seammás go leat ollu oktasaš hástalusat sirkumpolára guovlluin.

Norga oassálastá aktiivvalaččat ON-julggastusa šiehtadallamiin álgoálbmogiid vuoigatvuodaid birra. Sámediggi lea ovddastuvvon Norgga šiehtadallansáttagottis.

##### *Strategiijat ja doaibmabijut*

Davviriikkaid ovttasbarggu ulbmilin lea nannet ja ovddidit sámi giela, kultuvrra, ealáhusaid ja ealáhuseallima. Barggojuvvo viidáseappot dakkár gažaldagaiguin go oktiiordnet davviriikkaid sámi oahppoplánaid ja oahpponeavvuid, álggos sáme-gielas ja duojs, ovddidit davviriikkalaš oktasaščovdosa dasa mii guoská sámi čálamearkkaid geavaheapmái dihtorvuogádagain, ángiruššat diehtujuohkima sámiid ja sámi dilálašvuodaid birra ja sámi dutkama. Ministarat ja presideanttat leat ásahan davviriikkalaš sámi giellabálkkašumi Gollegiela bálkkašettiin ja

čalmmustettiin rahčama ja bargama sámegiela ovddidit davviriikkain ja Ruoššas. Giella-bálkkašupmi geigejuvvo juohke nuppi jagi, vuosttaš geardde skábmamánu 2004.

Raportta «Behov og grunnlag for en nordisk samekonvensjon» (davviriikkalaš sámekonvenšuvnna dárbu ja vuodđu) vuodul nammadedje ministarat ja sámediggepresideanttat skábmamánu 2001 áššedovdiid joavkku mii galggai ráhkadit davviriikkalaš sámekonvenšuvnna álgoevttohusa. Áššedovdiid joavkkus leat guokte lahtu juohke riikkas, nuppi lahtu nammada juohke sámediggi. Áššedovdiid joavku loahpaha iežas barggu jagi 2005 loahpageahčen.

Vai ain ovdánivčče boazodoallu, dan kultuvra ja árbevierut, de lea mearrideaddji ahte ealáhus oažžu buriid eallineavttuid ja dakkár avttuid, mat sáhttet leat guhkesáiggi ceavzilis ja eallinnávccalaš ealáhusa vuodđun. Okta bargamušain lea gaskkustit máhtu, mii lea mávssolaš dálá boazodollui. Lea dehálaš ahte boazodoallit ávkašuvvet dutkanbohtosiiguin ja dieđuiguin, mat sáhttet nannet boazodoalu boahhteáiggi ealáhussan.

Ealáhusa bisuheapmi mearrida mángga álgoálbmotjoavkku boahhteáiggi. Buot árktalaš riikkain lea diehtujuohkin dehálaš vai buorranivčče eará servodatberošteaddjiid dieđut ja áddejupmi boazodoalu mihtilmasvuoda birra, ja vai boazodoalu dárbbut vuhtiiváldojuvvošedje earret eará riikkalaš, guovlolaš ja báikkálaš plánaproseassain.

Ráddehus geahččala váikkuhit ahte ONa álgoálbmotvuogatvuodaid julggaštusa ráddádallamiid sáhtta loahpahit ovdalgo Riikkaidgaskasaš álgoálbmotlogijahki nohká 2004. Ulbmil lea ahte julggaštus dagahivččii ahte álgoálbmogiid vuogatvuodat miehtá máilmmi nannejuvvošedje. Ráddehus áigu maiddái doarjut dan barggu maid ONa bissovaš álgoálbmotforum dahká.

Ráddehus čujuha St.dieđ. nr. 33 (2001–2002) ja St.dieđ. nr. 34 (2001–2002) ja deattuha ahte dutkan, giella, eláhusovttasbargu ja IT-čovdosat galget leat dehálaš davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš ovttasbargosuorggit.

### Eará departemeanttaid bušeahttaevttohusat

*Oahpahus- ja dutkandepartemeanttas* lea ovddasvástádus mángga ortnegis mat leat dehálaččat sámi servodagaide. Muhtumat dain ortnegiin leat várrejuvvon sámi ulbmiliidda. Daid juolludusaid gaskkas mat mannet aivve sámi ulbmiliidda, leat juolludusat Sámi allaskuvlii ja sámi joatkaskuvlii, juolludusat buhtadit gielddaid goluid guovttegielat oahppiide vuodđoskuvllas ja juolludusat sierra ovddidandoaibmabijuide sámi oahpahusguovllus. Ollu ruhta biddjojuvvo IT:i ja gáiddosoahpahussii.

Ráddehus lea Kvalitehtaodastusa oassin árvoštalan sámi oahpahusa ja dutkama Sámi allaskuvllas ja eará ášahusain. Ráddehus evttoha doaibmabijuid mat galggašedje nannet sámi oahpahusa ja dutkama, gč. St.dieđ. nr. 34 (2001–2002) ja Innst. S. nr. 12 (2002–2003). Davviriikkaid ministtarráddi lea mearridan ahte buot davviriikkalaš instituhtat galget addojuvvot dan riikii, gos instituhtta lea, ja ahte dain riikkain galgá leat eanet ovddasvástádus ruhtadit instituhtaid. Áigodagas 2005–2007 Davviriikkaid ministtarráddi geahpeda iežas juolludeami Sámi Instituhtii. Dat eaktuda seamma ollu lassáneami Norgga ruhtajuolludeamis instituhtii Ohpahus- ja dutkandepartemeantta bušeahta bokte. Ulbmil lea ahte Sámi Instituhta fágalaš doaibma galgá organiserejuvvot Sámi allaskuvlla ovttadahkan jagi 2005 rájes. Sámi dutkan oažžu doarjaga kap. 285, poasttas 52. Eanaš doarjja boahká «Sámi dutkanprográmmas» (2001–2005). Prográmma dutkan, mii lea sihke humanisttalaš ja servodatdiedalaš dutkan, galgá ovddidit gelbbolašvuodahuksema ja geasuhit eambo dutkiid ja arvosmahttit fágaidrastásaš ovttasbarggu ja ášahusaid gaskasaš ovttasbarggu. Sierra fuolla lea ovddidit sámegiela diedagiellan. Prográmmaáigodaga loahpas lassána gaskkustanángiruššan.

*Dearvvašvuodadepartemeanta* joatká doaibmabijuid mat čatnasit doaibmapláni «Mánggabealatuoha ja ovttárvosašvuoha». Dasa lea várrejuvvon 11 milj. ru 2005, 10,7 milj. ru ektui 2004. Doaibmaplána áigodat lea 2002–2005. Vejolaš joatkin galgá čielgat jagi 2005. Departemeanta joatká plána viiddidit psyhkalaš dearvvašvuodasudjalusa Kárášjogas ja Leavnnjas riikkalaš gelbbolašvuodabásan, mat galget bálvalit sámiid. Departemeanta vuoruha bearašossodaga ja nuoraid fáhkalašsajiid ásaheami. Departemeanta áigu várret 18 milj. ru dása 2005, 13 milj. ru ektui 2004.

*Mánáid- ja bearašdepartemeanta* lasihii juolludeami Sámediggái maid Sámediggi sáhtii geavahit sámi mánáidgárddiide ja diehtujuohkin- ja ovddidanbargui, 8,4 milj. ru rájes 2003 gitta 10,7 milj. ruvdnui 2004. Juolludeapmi lea sullii seammá go 2005, ja lea haddemuddejuvvon .

*Birasgáhtendepartemeanta* joatká juolludeami sámi kulturmuittuid suodjalanbargguide, kap.1429, poasta 50 Ruhtadoarjja sámi kulturmuittuid suodjalanbargguide. Doarjjaortnet galgá sihkkarastit ahte adnojuvvojit bajimuš kulturmuittofágalaš deasttat go bargá sámi kulturmuittuiguin ja kulturbirrasiguin. Ruđat galget eanaš geavahuvvot bajásdoallanja divodanbargguide. Juolludus lea lasihuvvon 1 milj. ruvdnui 2003 rájes. Evttohuvo ahte 2 milj. ru várrejuvvo 2005 ge. Ruđat sirdojuvvojit Sámediggái juolludanreivviin Birasgáht-



tendepartemeanttas. Dan golmma jagi geahččalad- danortnega mas Sámediggi lei ožžon válddi kulturmuitolága vuodul, árvoštalai NIBR 2003. Dát hálddahasortnet jotkojuvvo jagi 2004 lohppii.

Boazodoallošiehtadusas mii gullá *Eanadoallo- departemeantta* ovddasvástádusviidodahkii, leat ekonomalaš doaimmat boazodoalus sullii 95 milj. ru ovddas, earret ruđaid doaibmabijuide radioaktiivavuoda vuostá. Dát vástida boazodoallošiehtadusa 2003–2004 juolludeami. Boazodoallošiehtadusas ja Eanadoallodepartemeanttas juolluduvvo oktiibuot 4 milj. ru Sámi ovddidanfondii. Boazodoallohálddaha bušeahta badjel lea juolluduvvon 37,1 milj. ru hálddaha doaibmagoluid ruhtadeapmái. Muđui lea juolluduvvon 3,2 milj. ru rádjasoahpamušáiddiid (konvenšuvdnaáiddiid) čavddisin doallamii ja 659 000 ru duottarstobuid bajásdoallamii. Evttohuvo maid 11,5 milj. ru nuppástuhtindoaimmaide Sis-Finnmárkkus. Dát lea sullii 3,3 milj. ruvdnoša lassáneapmi. Dán lassáneami duogáš lea boazodoallostivrra mearrádusa čuovvoleapmi čadahit alimus boazologu Oarje-Finnmárkkku boazoguovllus. Ruđaid galgá máksit bonusin sidjiide geat eaktodáhtolaččat doallošiehtadusa vuodul geahpedit boazologu dahje heaittihit boazodoalu, ja 5 ruvdnoša njuovvanlasáhussan juohke njuovvovuvvon kilos daidda njuovahagaide, mat njuvvet daid doaibmabidjoo- hagain bohccuid, main lea šiehtadus stáhtain geahpedit boazologu. Lassin galgá juolludeami geavahit buhtadit goluid guhkiduvvon nuppástuhtinbálkkaide.

*Kultur- ja girkodepartemeantta* bušeahtas evttohuvo ahte juolludeamit sámi kulturdoaibmabijuide čohkkejuvvojit ovttá postii ja sirdojuvvojit Sámediggái. Bušeahttaevttohus lea sullii 32,1 milj. ru. Sámi arkiivva hálddašeapmi lea evttohuvon sirdojuvvo Sámedikkis Riikaarkivárii Sámedikki dáhtu mielde. Dan oktavuodas lea evttohuvon sirdit 0,7 milj. ru stáhta arkiivii. Departemeanta doarju oktiibuot 1,5 milj. ruvnnuin sámi korrek- tivraprogramma ovddidanprošeavtta Sámedikki olis. Dán ulbmilii lea 2005 várrejuvon 0,5 milj. ru. Ođđa Nuortasámi dávvirvuorkái Njávdamii (sámi jahkeduhábáikái) lea evttohuvon juolluduvvot 12 milj. ru. Prošeavtta gollorámma lea 30 milj. ru, ja musea galgá leat gárvvisin 2006. Juolludeapmi

Norgga girku galgá maiddá geavahuvvot sámi gir- koeallimii. Doaibmajuolludeapmi mii juolluduvvo Girkoráddái, galgá earret eará ruhtadit Sámi gir- korádi doaimma. Juolludeapmi girku báhppabáva- lussii galgá maiddá vuhtiiváldit sámeálbmoga gir- kobálvalusa dárbbuid. Dan juolludusas maid Norgga girku oázžu oskooahpahussii, galget ráhkaduvvot oahpahusfálaldagat sámi álbmogii. Juolluduvvo ruhtadoarjja Norgga Biibbalse- skáhppái mii lea jorgalahttimin Boares testame- antta davvisámegillii. Doarjja sámi aviissaide 2005 lea sullii 13 milj.ru.

*Olgoriikadepartemeanta* juolluda kap.116, poasttas 70 Doarjja riikkaidgaskasaš organisašuvn- naide, earret eará «Urfolks deltaking i Arktisk råd mv.» (álgoálbmogiid oassálasitimii Árktalaš rádis jna.). Juolludeami sáhttet Sámiráddi ja olgoriikka álgoálbmotorganisašuvnnat geavahit čoahkki- mastimii Árktalaš rádis. Juolludeapmi lea 2001– 2004 leamaš 400 000 ru jahkái. Evttohuvo doalahit dán dási 2005 ge. Kap. 163, poastta 71 bokte Huma- nitára veahkki ja olmmošvuoigatvuođat, juolludii departemeanta 2003 ja 2004 1,2 milj. ru Álgoálb- motvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáži. Evttohuvo doalahit juolludeami seamma dásis 2005.

*Justiisadepartemeanta* áigu 2005 juolludit ruđaid Sis-Finnmárkkku Riekteveahkkekantuvrii kap. 470, poastta 72 bokte. Doarjja 2004 lea sullii 1,3 milj. ru. Jurdda lea juolludit sullasaš sumi (had- demuddejuvvon) 2005. Departemeanta áigu nu mo mañimus jagiid ge várret vasedin ruđaid politiija- guovlluide main leat gielddat sáme giela hálddašanguovllus. Ruđat galget geavahuvvot gokčat oppalaš lasse barggu goluid maid guovtte- gielatvuohta dagaha politiijaide, ja gokčat gelb- bolašvuođa bajidandoaimmaid goluid. Dutkan- prošeakta «Sámi áigahaš álbmotdábít ja riekteo- ainnut» álggahuvvui 1997. Prošeakta lea juhkkovuvvon guovtti muđui. 1. muttu bohtosat prošeavttas, mii lea geográfalaččat ráddjejuvon Finnmárkkku fylkii, leat almmustuvvan NAČ 2001:34-nammasažžan. Sámi vuoigatvuođalávde- goddi jodiha 2. muttu mii lea dutkanprošeakta «Sámi áigahaš álbmotdábít ja riekteoainnut» guov- lluin Finnmárkkku fylkka lulábealde.

**Kap. 540 Sámediggi (gč. kap. 3540)**

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2003	Salderej. bušeahhta 2004	Evttohus 2005
50	Sámediggi	129 800	133 400	138 750
54	Sámeálbmotfoandda vuoitu	5 072	4 650	4 650
	Oktiibuot kap. 540	134 872	138 050	143 400

**Sámedikki diediheapmi ráđdehussii ja Stuorradiggái**

Sámelága § 1-3 nanne ahte Sámedikki jahkedieđáhus galgá sáddejuvvot gonagassii. Ráđdehus bidjá stuorradiggedieđáhusa ovdan Stuorradiggái jahkásaččat Sámedikki doaimma birra. Das čilgejuvvo sámepolitihkka ge. Dát jahkásaš diedáhus láhčá buori vuodu Stuorradiggái, Sámediggái ja ráđdehussii ráđđádallat sámepolitihka birra. Sámediggi dohkkehii iežas 2003 jahkedieđáhusa miessemánus 2004. Stuorradiggedieđáhus Sámedikki 2003 doaimma birra almmuhuvvo skábmamánus 2004.

Maŋŋágo Riikarevišuvdna 2001 guorahalai Sámedikki dorjjaortnegiid hálldašeami, leat Sámediggi ja Giella- ja guovlodepartemeanta 2003 ráhkadan ođđa njuolggadusaid dasa mo Sámediggi galgá hálldašit doarjjaruđaid, maid Stuorradiggái lea juolludan, gč. St.prp. nr. 1 (2003–2004). Sámediggi dohkkehii ođđa njuolggadusaid skábmamánus 2003. Njuolggadusat, mat čuvvot stáhta ekonomijastivrema doarjjanjuolggadusaid, gustohte ođđajagemánu 1. b. rájes 2004.

**Poasta 50 Sámediggi**

Raporta 2003–2004

*Doaibmagolut*

Sámedikki ásaheami rájes 1989 lea jahkebergguid lohku lassánan 13 jahkeberggus gitta 112 jahkebergui njukčmánánu 1. b. muttus 2004. Dát čuovvu lunddolaččat das go maŋemus jagiid leat departemeanttat sirdán Sámediggái hálldašanovdasvástádusa ollu bargamušain ja doarjjaortnegiin, seammás go diggi ieš ge lea váldán ovdan áššiid mat dan mielas gusket sámi álbmogii.

Sámediggi hálldašii 2004 sullii 230 milj. ru. Sámedikki politihkalaš ja hálldahuslaš doaimma golut ledje oktiibuot sullii 50 milj. ru 2003.

*Dásseárvu*

Nissonolbmot leat unnán ovddastuvvon Sámedikkis loguset ektui servodagas. Dán áigodagas (2001 – 2005) leat dušše 7 áirasa Sámedikki oktiibuot 39 álbmotválljen áirasiin nissonat. Dát lea váttisvuohta dan ulbmila ektui ahte álbmotválljen orgánas berre sohkaelliid ovddasteapmi leat nu mo muđui álbmogis. Sámedikki hálldahusas fas leat eatnašat nissonat. 112 bargis leat 78:s nissonat ja 34:s albmát. Hálldahusa jođiheaddjiin (ossodatdirektevrrain/direktevrrain) leat 5:s nissonat ja 3:s albmát.

Sámediggi lea mearridan geahččalit ásahtit ortnega njeljiin dássenmandáhtain, nu ahte šaddet oktiibuot 43 áirasa Sámedikkis. Dássenmandáhtat várrejuvvojit unnimusat ovddastuvvon sohkaelliid dássážiigo unnimustá 40 % goappáge sohkaelliid lea ovddastuvvon Sámedikkis. Stuorradiggái lea gohččon ráđdehusa árvvoštallat livččii go vejolaš čadahit dákkár dássenmandáhtaortnega. Ráđdehus evttoha rievdadit sámelága § 2-4 dainna ulbmiliin ahte sáhtta ásahtit njeallje dássenmandáhta Sámediggái. Láhkarietvadás doaibmagohtá 2005 rájes. Árvvoštallamisttis ii leat ráđdehus gávnahan duosttázin lága bokte mearridit njuolggadusaid, mat rievdadit sámediggeválgga jietnaaddima váikkuhusa. Ii ovttaga eará álbmotválljen orgána válljemis leat mearriduvvon dakkár eavttut lága bokte. Ráđdehus oaivvilda ahte dain bellodagain, organisašuvnnain ja válgalisttain, mat vulget válgii, ain galgá leat váldoovddasvástádus sihkkarastit dássidit sohkaelliidovddasteami listtaineaset. Vai dásseárvu ovdánivččii vel eanet, de lea ráđdehus evttohan ahte Sámediggi ieš oazžu láhkavuodu mearridit sohkaelliidovddasteattu evttoha dain listtain, mat galget dohkkehuvvot sámediggeválggas. Giella- ja guovlodepartemeantta sámediggeválgga láhkaásahusárvalusas evttohuvu ahte Sámediggi galgá sáhttit gáibidit ahte válgalisttain galget leat unnimustá 40 pst. evttohasain goappáge sohkaelliid. Dál ii leat Sámedikkis dakkár vejolašvuohta. Dattetge lea Sámedikki duohkin geavaha go vejolašvuođa mearridit sohkaelliidovddasteattu

evttuid ja eaktuda go ahte eavttuid galgá čadahit válgalistaid dohkkehettiin.

Sámediggi lea Giella- ja guovlodepartemeanta doarjagiin álggahan ángirusšama dainna ulbmiliin, ahte lasihivččii nissoniid oassálastima sámediggenominašuvnnaid ja -válgga oktavuodas.

Sohkabeliid dásseárvu ja nissonpolitihkalaš gažaldagaid čuovvoleapmi leat guovdilis ulbmilat buot Sámedikki politihkkasurggiin, ja lea mielde Sámedikki plánadokumeanttain. Sámediggi lea vuoruhan loktet dásseárvogelbbolašvuoda sámi servodagas. Oktavuotta ja ovttasbargu sámi nissonorganisašuvnnaiguin ja oktavuoda ásaheapmi Likestillingscenteret:in (dásseárvoguođđážiin) leat maiddá deattuhuvvon.

#### Ealáhusulbmilat

Sámediggi fuomášuhtá ahte guovddášeiseválddit dat vuosttažettiin mearridit sámi guovllu ealáhuse-

allima ovddidanrámmaid. Danne Sámediggi atná dehálažžan ahte Sámediggi árrat jo mielása daidda áššiide, mat gusket politihka ovddideapmái, láhkaaddimii ja sámi guovlluid resursahálddašeapmái.

#### Sámi ovddidanfoanda

Sámi ovddidanfoandda ekonomalaš váikkuhangaskaoamit leat dehálaččat juksamis dan politihkalaš ulbmila ahte galgá leat buotbeallásaš ja máškidis ealáhuseallin. Sámi ovddidanfoandda njuolggadusat rievdaduvvojedje 2003 earret eará danne vai nissoniid oassálastin ja dásseárvu ovdána ealáhuseallimis. Go buohtastahtá 2002:in, de juolluduvvui stuorát oassi ekonomalaš váikkuhangaskaomiin 2003:s nissoniidda ja dakkár bargosajiide, maid nissonat háldivčče. Proseantalassáneapmi lei stuorámus mátkkoštusealáhusas.

Tabella 3.20 Juolludeamit Sámi ovddidanfoanddas ealáhusaid mielde

	(1 000 ru)			
Sámi ovddidanfoanda	2002	Pst.	2003	Pst.
Guolásteapmi	3 304	14,2	3 018	11,9
Eanadoallu	1 949	8,4	1 825	7,2
Duodji – ovddidandoaimmat/ investere- mat	1 699	7,3	849	3,4
Duodjeprográmmat	–	–	1 880	7,4
Lotnolasealáhusat	6 904	29,7	8 752	34,6
Industriija/huksen ja ráhkadus	1 731	7,4	1 332	5,3
Gálvogávppašeapmi	822	3,5	264	1,0
Turisma	1 433	6,2	2 153	8,5
Opmodagat/gávpedoallu	1 231	5,3	940	3,7
Almmolaš, priváhta, sosiála bálvleapmi (oktan kultuvrrain)	4 181	18,0	4 276	16,9
Oktiibuot	23 253	100	25 289	100

Tabella 3.21 Sámi Ovddidanfoandda juolludemiid sohka-beali juohku

	(1 000 ru)			
Sámi ovddidanfoanda	2002	Pst.	2003	Pst.
Nissonolbmot	2 234	31	2 732	46
Almmáiolbmot	5 082	69	3 195	54
Oktiibuot	7 316	100	5 927	100

Sámedikkis lea erenoamáš ovddasvástádus ovddidit duoji (sámi dáiddaduoji ja duoji). Sámediggi lea čadahahtán iskkadeami lea go vejolaš ásahit duodjeealáhusšiehtadusa ja ovda-prošeavtta, mii čielggada dárbbášuvvojit go baga-deaddjivirggit ja bájit ja mo daid galggašii organiseret ja ruhtadit. Duodjeprógrámma čadaheami geažil lea Sámediggi vuohtán ahte duodjeealáhusa doarjun lea lassánan viehka ollu.

Lotnolasealáhusaidda ruhtadoarjagiid ulbmil lea earret eará sihkkarastit daid olbmuid dinestusa, geat ellet lotnolasealáhusain. Sámediggi lea mearridan heaittihit doaimmadoarjaga lotnolasealáhusaide 2005 rájes ja baicce ángiruššat ovddidandoaimmabijuid eanet. Badjelaš 2/3 doarjagis addojuv-

vui albmáide, ja dat lotnolasealáhusat, main lei duodji ja boazodoallu, ožžo eanemus doarjaga.

Sámediggi atná guolásteami vuoruhusa áibbas mearrideaddji eaktun dasa ahte sámi kultuvra, giella ja ealáhusat galget ceavzit ja ovdánit sámi riddo- ja vuotnaguovlluin. 2003 juolludii Sámediggi sullii 3 milj. ru guolásteami doaimmabijuid.

#### Kulturulbmilat

Kulturdoaimmat leat dehálaččat sámi giella, identitehta ja gullevašvuoda ovddideamis. Sámediggái lea dehálaš oktiordnet sámi kulturdoaimmabijuid ja láchit ovttárvosaš fáladagaid ja doaimmaid daid dárbbuid vuodul, mat iešgudet guovlluid joavkkuin leat.

Tabealla 3.22 Juolludeamit kulturulbmiliidda

	(1 000 ru)		
Ulbmilat	2001	2002	2003
Sámi kulturfoanda	9 475	9 000	8 837
Sámi girjelágádusat	1 490	1 520	1 573
Sámi kulturviesut	3 998	4 478	4 833
Sámi kulturorganisašuvnnat	1 072	1 093	1 196
Sámi festiválat	700	1 128	1 360
Sámi valaštallan	500	500	550
Sámi teáhter (Beaivváš Sámi Teáhter)	–	10 700	11 075
Dáiddárstipeanddat	–	1 300	1 300
Oktiibuot	17 235	29 719	30 724

#### Sámi kulturfoanda

Sámi kulturfoandda ulbmil lea ovddidit doaimmabijuid sámi kultuvrra várás ja arvvosmahttit kultur-

doaimmaid sámi álbmoga várás. 2004 várrejuvvo sullii 8 milj. ru fondii.

Tabealla 3.23 Sámi kulturfoandda ruđaid juogadeapmi

	(1 000 ru)		
Ulbmilat	2001	2002	2003
Girjjálašvuohta	2 100	2 000	1 738
Musihkka	1 000	1 000	872
Govvadáidda/duodji	1 000	875	758
Teáhterulbmilat	400	400	347
Sámi mánáide lámčit buriid bajásšaddaneavttuid	2 475	2 475	2 176
Eará doaimbajut <sup>1</sup>	2 500	2 250	2 946
<b>Oktiibuot</b>	<b>9 475</b>	<b>9 000</b>	<b>8 837</b>

<sup>1</sup> Sierranas proševttat, mánggalágan kulturdoalut, festiválat jna. oktan 1 milj. ruvdnosáš investerendoarjagiin Ája sámi guovddáži 2003.

Okta Sámedikki ulbmiliin lea lágideat sámi mánáide ja nuoraide buriid bajásšaddaneavttuid ja ovddidit sin sámi iešdovddu. Váikkuhangaskaomiid geavaheamis Sámediggi lea vuoruhan dán ulbmila go lea juolludan doarjagiid iešgudetlágan mánáid ja nuoraid doaimmaide. 2003 várrii Sámediggi sullii 2,5 milj. ru Sámi kulturfoandda ruđain dákkár doarjagiidda.

#### Sámegiella

2004 čavčča juolluduvvui Kultur- ja girkodepartemeantta, Oahpahuš- ja dutkandepartemeantta ja Giella- ja guovlodepartemeantta bušehtain 6 milj. ru ovddidit sámi korrektuvraprogramma elektrovnnalaš teakstagiedahallama várás. Sámedikkis lea ovddasvástádus korrektuvraprogramma ovddideamis ja dat juolluda maiddá 5,3 milj. ru prošektii, gč. 3. oasseulbmila.

Ráđđehus juolludii 2004 vel 7 milj. ru gielddaid ja fylkkagielddaid guovttagielatvuodabargui. Sámedikki váldoulbmil lea sealluhit, ovddidit ja ealáskahtit sámegiella, ja Sámediggi atná

dehálázžan nannet rahčamuša sámegielain buot giellaguovlluin.

Sámediggi juohká guovttagielatvuodadoarjagiid sámegiella hálddašanguovllu gielddaide ja fylkkagielddaide. Doarjagat galget sihkkarastit, nannet ja ovddidit sámegiella geavaheapmi almmolaš hálldahusas. Lea gielddaid ovddasvástádus ahte ruđat geavahuvvojit daid ulbmiliid vuodul, mat Sámedikkis leat dáinna doarjjaortnegiin. 2003 juolludii Sámediggi oktiibuot sullii 28 milj. ru guovttagielatvuodadoarjjan. 2004 rámmajuolludeapmi lea oktiibuot sullii 33,9 milj. ru.

Sámi giellaguovddážit leat okta dan mángga doaimbajus maid Sámediggi čadaha juksan dihtii ulbmiliiddis. Sámi giellaguovddážit leat erenoamáš deháláčat dain guovlluin, gos sámegiella lea heajumus dilis. 2004 juolludii Sámediggi sullii 3,2 milj. ru guđa giellaguovddáži Porsáŋggus, Gáivuonas, Divttasvuonas, Evenáššis, Unjárggas ja Deanus. Vuodđodoarjja, mii lea 450 000 ru jahkásačat, gokčá deháleamos doaimmama. Giellaguovddážit fertejit ieža ruhtadit eará doaimmaid.

Tabealla 3.24 Guovttagielatvuodadoarjagiid juohkin Sámedikkis áigodagas 2002–2004

	(1 000 ru)			
Namahus	2002	2003	Revid. 2004	+/-
Guovttagielatvuodadoarjagat	25 050	28 050	33 850	5 800
Giellaproševttat hálddašanguovllus	0	1 600	2 000	400
Sámi korrektuvraprogramma elektrovnnalaš teakstagiedahallama várás	0	0	600	600
Giellaproševttat hálddašanguovllu olggobealde	2 450	2 450	2 450	0
Giellaguovddážit	2 000	2 400	3 150	750
<b>Oktiibuot</b>	<b>29 500</b>	<b>34 500</b>	<b>42 050</b>	<b>7 550</b>

### *Sámi válldoorganisašuvnnat ja Sámedikki politihkalaš joavkkut*

Sámi válldoorganisašuvnnat barget aktiivvalaččat oppa sámi servodahkii buorrin, ja báikkálaš servviid bokte dat árjjalaččat ovddidit sámi identitehta, giela ja kultuvrra. 2003 Sámediggi juolludii 2,5 milj. ru doarjjan sámi organisašuvnnaide.

Sámediggi juohká doarjaga Sámedikki politihkalaš joavkkuide iežas njuolggadusaid mielde. 2002 Sámediggi juogadii 1,8 milj. ru Sámedikki politihkalaš joavkkuide.

### Bušeahhtaevttohusat 2005

Giella- ja guovlodepartemeanta evttoha juolludit sullii 143,4 milj. ru jahkái 2005, mii lea 3,9 % lassáneapmi. Juolludusas leat maid 1,5 milj. ru mat galget gokčat sierranas bellodagaid/organisašuvnnaid/listtaid iežas diehtujuohkingoluid go bidjet listtaid sámediggeválgii, ja Sámedikki iežas diehtujuohkingoluid jagi 2005 sámediggeválgga oktavuođas. Siskkoabealde gielddaid árvoštusrámma, gč, kap. 571, poastta 64 Árvoštusdoarjja, lea lassin várrejuvvon 7 milj. ru guovttegielatvuodabarggu nannemi sáme giela hálddašanguovllu sámi gielldain ja fylkkagielldain. Sámediggái adde fápmudus geavahit ruđaid.

Sámediggi oázžu jahkásaččat juolludemii Mánáid- ja bearašdepartemeanttas, Dearvvašvuodadepartemeanttas, Kultur- ja girko-departemeanttas, Birasgáhtendepartemeanttas, Oahpahuš- ja dutkandepartemeanttas, Giella- ja guovlodepartemeanttas, Eanadoallodepartemeanttas ja Olgoriikadepartemeanttas. Dáid departemeanttaid juolludusevttohus jahkái 2005 lea sullii 234 milj. ru mii lea 3 % lassáneapmi.

Stuorradikki bušeahhtamearrádusa várašemiin juogada Sámediggi sierranas departemeanttaid juolludusaid iežas skábmamánu dievasčoahkkimis. Sámediggi juogada ruđaid iežas vuoruheami mielde, muhto daid láidestusaid mielde mat leat Stuorradikki bušeahhtamearrádusas.

### **Poasta 54 Sámeálbmotfoandda vuoitu**

Stuorradiggi mearridii geassemánu 16. b. 2000 juolludit 75 milj. ru «Sámeálbmotfondii» go

giedahalai jagi 2000 odastuvvon nátionálabušeahtha. Foandda ulbmila birra celkkii finánsalávdegotti eanetlohku ahte foandda vuoitu (ruhtalaskan) galgá mannat iešguđetlágan doaibmabijuide, mat nannejit sámi giela ja kultuvrra. Stuorradikki mearrádus máinnaša foandda ceggema oktasaš buhtadassan vahágiid ja vearrivuodaid ovddas, maid dáruiduhttinpolitihkka lea dagahan sámi álbmogii. Foandda vuoitu ii leat oassi Sámedikki rámmajuolludeamis.

Sámediggi giedahalai evttohuvvon foandanjuolggadusaid dievasčoahkkimisttis miessemánu 2002. Sámediggi mearridii váldit vuostá Sámeálbmotfoandda vuosttaš soabatlávkkin gaskal stáhta ja sámiid. Muhto Sámediggi ii áiggo geavahit foandda vuoitu ovdalge stáhta ovttas Sámedikkiin álggaha barggu man áigumuš lea ovddidit odđa ovttasbargovugiid ja doaibmabijuid sámiid várás, ja dainna eavttuin ahte ráđdehus álggaha barggu man ulbmil lea čoavdit daid ášši, geat leat gillán oahppaváilli nuppi máilmmesoadi geažil. Suoidnemánu 2004 ráđdehus bijai ovdan St.died. nr. 44 (2003–2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener (buhtadusortnet soadiáiggi riegeadan mánáid várás ja buhtadusortnegiid romanilaččaid/táhteriid ja boarráset ohppováillat sápmelaččaid ja kvenaid várás), gč. prográmmakategoriija 13.21, 3. oasseulbmila. Dieđáhusas ráđdehus evttoha ahte sápmelaččat ja kvenat, geat eai hálddaš dárogiela ja geat njuolggá masse unnimustá 1,5 jagi skuvlavázzimis 2. máilmmisoadi geažil, berrejit beassat heivehuvvon šállobuhtadusortnegii (unohisvuodabuhtadus-). Viidaseappot ráđdehus evttoha ahte sii, geat ovdal leat ohcan buhtadusaid, eai dárbbas ohcat odđasis. Dan sajis berrejit searvit USKAV ja Foreningen for tapt skolegang (oahppováillagiid searvi) sáhttit duodaštit ohcamiid. Odđa ohccit, geat oaivildit ahte sii ollašuttet eavttuid, sáhttet sáddet ohcamiid njuolggá Billigheterstningsutvalget:i (šállobuhtaduslávdegodđái).

Ráđdehus diktá šállobuhtaduslávdegotti árvoštallat šállobuhtadusaid ja mearridit buhtadusaid sumiid.

**Kap. 3540 Sámediggi (gč. kap. 540)**

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2003	Salderej. bušeahtta 2004	Evttohus 2005
51	Sámeálbmotfoandda vuoiu	5 072	4 650	4 650
	Oktiibuot kap. 3540	5 072	4 650	4 650

**Kap. 541 Doarjja sámi ulbmiliidda**

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2003	Salderej. bušeahtta 2004	Evttohus 2005
70	Doarjja sámi ulbmiliidda	1 300	1 100	1 100
72	Sámi giella, diehtujuohkin j.e.	2 500	2 600	2 680
73	Boazodoalu riikkaidgaskasaš fága- ja gask- kustanguoddáš			750
	Oktiibuot kap. 541	3 800	3 700	4 530

**Poasta 70 Doarjja sámi ulbmiliidda**

Ráđdehus evttoha juolludit 1,1 milj. ru 2005 dán poasttas departemeanta geavahussii. Ulbmilin lea sealluhit ja ovddidit sámi identitehta, kultuvrra ja servodateallima. Doarjjaortnet lea ovdal almmuhuvvon juohke jagi. Departemeanta ii ane dán lunddolažžan go jurddaša poastta sturrodaga. Departemeanta álggaha doaibmabijuid ja čuovvola ja dárkkista doaibmabijuid daid gáibádusaid vuodul, mat leat ekonomiijanjuolggadusain.

**Poasta 72 Sámi giella, diehtujuohkin j.e.**

Ráđdehus evttoha ahte juolluduvvo 2,68 milj. ru jahkái 2005 sámi giela ja diehtujuohkima ángiruššamii. Ulbmil lea láchit diliid nu ahte sámi-giela geavaheapmi lassána almmolaš sajiin, ahte almmolaš diediheapmi sámiide sámegillii lassána ja ahte oppa Norgga álbmot buorebut čuvgejuvvo sámiid birra ja sámi diliid birra. Guovddáš ulbmil lea rahpat vejolašvuoda geavahit sámi čálamearkkaid IT-oktavuodas, omd. almmolaš registariin. Ráđdehusa ulbmil lea ahte buot almmolaš registarat galget sáhttit geavahit sámi čálamearkkaid, ja ahte dieduid lonohallan gaskal registariid galgá doaibmat. Sámegiela ja IT gelbbolašvuodabása ruhtaduvvo dán poastta bokte, gč. 2. oasseulbmila. Ráđdehus ásahe 2003 sámi giellaválljema ODINa interneahhtasiiduin. Bargu jotkojuvvo dán siiddu

dadis ovddidemiin ja buoridemiin. Mii guoská miellaguottuide sámiide ja sámi áššiide, várrii Gielda- ja guovlodepartemeanta 2003 1 milj. ru ovttasbargoprošektii Sámedikkiin, man váldoulbmil lei vuosttalidit negatiiva miellaguottuid sámiide ja sámeáššiide. Okta ulbmiliin lea oáčohit eanebuid čálihit iežaset sámi jienastuslohkui. Nissonat ja nuorat leat deháleamos ulbmiljoavkkut dán prošeavttas, mii loahpahuvo 2005. Prošeakta lea dagahan ahte eanebut leat čálihan iežaset sámi jienastuslohkui.

Gielda- ja guovlodepartemeanta lea 2004 giđa álggahan ovttasbargoprošeavtta Sámi allaskuvllain, man namma lea «Sámi ofelaččat». Prošeavtta referánsajoavkkus leat Sámi allaskuvlla, Sámi Instituhta, Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáža, Sámedikki ja Gielda- ja guovlodepartemeanta ovddasteaddjit. Golbma ofelačča namaduvvojedje 2004 Riddu Riđdu-festivalas. Nuorat galget vuosttažettiin galledit joatkaskuvllaid dain guovlluin, gos sápmelaččat leat unnitlogus. Viidáseappot galget sii galledit daid guovlluid, gos ii leat árbevirolaš sámi ássan, ovdamearkka dihtii Máttá-Norgga guovddáš nuortaguovlluid. Prošeavtta ruhtada Guovllu- ja regionáldepartemeanta. Prošeakta jotkojuvvo 2005.

Ráđdehus áigu joatkit dan sámi giela ja diehtujuohkima ángiruššama, maid ángirušai 2004. Ráđdehus atná dán oktavuodas dehálažžan lagaš ovttasbarggu Sámedikkiin.

### Poasta 73 Boazodoalu riikkaidgaskasaš fága- ja gaskkustanguovddáš

Nannen dihtii boazodoalu riikkaidgaskasaš ovttasbarggu evttoha ráđdehus ásaht sierra riikkaidgaskasaš fága- ja gaskkustanguovddáša Guovdageidnui 2005 vuosttas jahkebealis. Guovddáš galgá váikkuhit dieđuid gaskkusteami ja lonohallama ja

oažžohit áigálii davviguovlluid birrasaš boazodoaloálbmogiid fágalaš ovttasbarggu. Bargu galgá leat ávkin ealáhusdoalliide, almmolaš eiseválddiide, dutkanbirrasiidna ja eará fágabirrasiidna, ja riikkaidgaskasaš organisašuvnnaide ja ovttasbargoorgánaide. Dán poasttas evttohuvo juolludit 750 000 ru. Guovddášii juolluduvvojit maiddái ruđat eará departemeanttaid.

### Kap. 542 Álgoálbmotvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáš (gč. kap. 3542)

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2003	Salderej. bušeahtta 2004	Evttohus 2005
1	Doaibmagolut	3 461	1 950	2 050
	Oktiibuot kap. 542	3 461	1 950	2 050

Álgoálbmotvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáš rahppui almmolaččat čakčamánu 1. b. 2003. Guovddáša ulbmil lea lasihit álgoálbmotvuoigatvuođaide guoski dieđuid ja áddejumi, gč. St.prp. nr. 1 (2003–2004). Sámediggi ovttas Giella- ja guovlodepartemeanttain leat nammadan stivrre earret eará Sámi Instituhta ja Sámi Allaskuvlla evttohasaid vuodul. Olgoriikadepartemeanta veahkeha 1,2 milj. ruvdnosaš ruhtademiin 2005, seamma sumiin go 2004. Guovddášis leat golvma bargi.

Gelbbolašvuođaguovddáš lea geavahan ollu návccaid 2003 ásaht sierra doaimma ja neahttasiidduid ([www.galdu.no](http://www.galdu.no)), ásaht ovttasbarggu eará ása-husaiguin ja organisašuvnnaiguin ovdamearkka dihtii Sámi allaskuvllain, Sámi NissonForumiin ja Senter for etnisk diskriminering;in (čearddalaš vealaheami guovddáš), ja lea geavahan návccaid

diehtujuohkinstrategiija ráhkadeapmái ge. Guovddáš lea lágidan mánga seminára 2003 Finn-márkkulága birra, ja kurssa álgoálmotdieđuid birra Sámi allaskuvllas. Guovddáš lea maid buvttadan guokte čielggadeami: «Sámi eananvuoigatvuođat, norgga lánkaásaheapmi ja hálddašeapmi» ja «Sámit ja našuvnnalaš parlameanttat, politihkalaš váikkuhangeainnut». Guovddáš doaibmá guovtti gillii (sámegillii ja dárogillii), ja buvttada maiddái ollu eangalasgillii. Guovddášis lea erenoamáš ovddasvástáduš háhkat ja juohkit dieđuid álgoálbmotnissoniid vuoigatvuođaid birra. Guovddáša jahkasaš semináras 2004 čalmmustuhtte álgoálbmotnissoniid vuoigatvuođat.

Dán poasttas evttohuvo juolludit 2,05 milj. ru 2005.

### Kap. 3542 Álgoálbmotvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáš (gč. kap. 542)

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2003	Salderej. bušeahtta 2004	Evttohus 2005
01	Álgoálbmotvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáš, sierranas boadut	1 200		
	Oktiibuot kap. 3542	1 200		

2003 rehketdoallu guoská Olgoriikadepartemeantta juolludeapmái, gč. čilgehusa kapihttalas 542.



## Programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk

Utgifter under programkategori 13.50 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
550	Lokal næringsutvikling	9 759			
551	Regional utvikling og nyskaping	1 067 500	1 356 800	2 039 300	50,3
552	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	267 206	286 000	277 300	-3,0
Sum kategori 13.50		1 344 465	1 642 800	2 316 600	41,0

Inntekter under programkategori 13.50 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
5327	Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane o.a.	117 608	90 000	90 000	0,0
Sum kategori 13.50		117 608	90 000	90 000	0,0

### Budsjettforslag for 2005 – prioriteringar

Tiltak og innsats under mange departement er viktige i regional- og distriktspolitikken. Regjeringa legg stor vekt på å samordne denne innsatsen, slik at tiltaka i sum utgjer ein heilskapleg og målretta politikk for regional utvikling. Regional- og distriktspolitikken skal medverke til å sikre busetnad og verdiskaping i alle delar av landet. Dei midlane som er sette av under programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk, er eit supplement til dei ordinære sektorbudsjetta, og skal nyttast til tiltak som har ei særleg regional- og distriktspolitisk grunngeving.

Målet med midlane under programkategori 13.50 er å medverke til regional utvikling ved å utløyse meir av det verdiskapingspotensialet som finst i regionane, og medverke til å skape meir attraktive regionale miljø og stader med gode bu- og leveforhold.

Prioriteringane for 2005 er i samsvar med dei strategiane som blei lagde i kommunal- og regio-

nalministeren si distrikts- og regionalpolitiske utgreiing for Stortinget i 2002, regjeringa sin plan for ein heilskapleg innovasjonspolitikk og St.prp. nr. 51 (2002–2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv. I 2005 vil regjeringa leggje særleg vekt på tiltak som stimulerer innovasjon og nyskaping.

Hovudutfordringane i 2005 blir

- å arbeide med næringsretta utviklingstiltak i område som har fått auka arbeidsgivaravgift, og å følgje opp transportstøtteordninga
- å leggje til rette for ein heilskapleg innovasjonspolitikk og vekstkraftige regionar
- å følgje opp ansvarsreforma og forsøk med differensiert oppgåvefordeling
- å følgje opp område med særlege utfordringar knytte til omstilling

Regjeringa føreslår ei løyving på 2 316,6 mill. kr for 2005. Dette er ein auke på 673,8 mill. kr, dvs. 41 pst., i forhold til Saldert budsjett 2004, og ein auke på 572,3 mill. kr, dvs. 33 pst., i forhold til revidert

budsjett 2004. Regjeringa foreslår i tillegg at departementet kan gi tilsegner om tilskot på ytterlegare 255 mill. kr til næringsretta utviklingstiltak og 300 mill. kr til transportstøtte. Desse tilskota vil fyrst kome til utbetaling i 2006 eller seinare år.

Tidlegare SND, no Innovasjon Noreg, har hatt større tap på den distriktsretta risikolåneordninga i

2002 og i første halvår 2003 enn tidlegare år. Tapa har i hovudsak samanheng med konjunkturane i norsk økonomi. Innovasjon Noreg har i ein gjennomgang av porteføljen avdekt at det er behov for ei tilleggsløyving for at tapsfonda skal spegle risikoen i porteføljen. Regjeringa vil kome tilbake til dette i nysalderinga av budsjettet for 2004.

## Mål og strategiar i regional- og distriktpolitikken

### Boks 3.5 Mål for programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk

#### Overordna resultatmål

1. Medverke til å sikre busetnad og verdiskaping i alle delar av landet

#### Arbeidsmål

- 1.1. Leggje til rette for verdiskaping ved å sikre konkurransedyktige og stabile rammevilkår
- 1.2. Styrkje vekstkrafta ved å satse sterkare på regionar og senter som har vekstpotensial
- 1.3. Styrkje evna til omstilling, innovasjon og nyetablering i alle delar av landet, med vekt på å nå potensielle nyskaparar og entreprenørar
- 1.4. Delegere og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til regionalt og lokalt nivå

Noreg er eit land med store regionale variasjonar og eit rikt mangfald. Gjennom regional- og distriktpolitikken vil regjeringa ta vare på og vidareutvikle dette mangfaldet.

For å sikre den samla verdiskapinga i nasjonen er det viktig å ha verksemd i alle delar av landet. Regjeringa vil stimulere til omstilling, innovasjon og nyskaping for å kunne ta ut ein større del av vekstpotensialet og medverke til at ungdom og kvinner i større grad får etablere eigne verksemdar. Også innvandrarane skal kunne utnytte sitt potensial betre enn i dag.

Siktemålet med den statlege innsatsen er å leggje til rette for at enkeltmenneske, verksemdar og institusjonar kan verke og skape verdiar for seg sjølve og for samfunnet. Regjeringa vil leggje forholda til rette slik at den enkelte har reell fridom til å busetje seg og arbeide der ho eller han ønskjer. For regjeringa er det eit mål å demme opp for ei utvikling der Osloregionen held fram med å vekse mykje raskare enn resten av landet. Målet er å få til ei utvikling i dei neste tjue åra som er meir balansert, og som gir vekst i folketalet i alle landsdelar. Regjeringa vil medverke til å vidareutvikle vekstkraftige regionar i alle delar av landet og ta vare på hovudtrekka i busetnadsmønsteret, slik at det blir mogleg å ta ut det verdiskapingspotensialet som finst. For distrikta vil det vere viktig å trekkje til seg unge i etableringsfasen.

Globaliseringa og auka internasjonal konkurranse gjer at mange næringar og regionar er sårbare for endringar i rammevilkåra. Regjeringa har som mål at dei generelle rammevilkåra skal vere konkurransedyktige og stabile. Rammevilkåra skal syte for at det skjer ei effektiv ressursutnytting i økonomien. Gjennom ei sterkare målretting av verkemidla vil regjeringa kompensere for system- og marknadssvikt og utløyse samfunnsøkonomisk lønnsame prosjekt, og på den måten medverke til at alle delar av landet kan få ei positiv utvikling og likeverdige vilkår når det gjeld deltaking i konkurransen. Hovudansvaret for verdiskapinga i Noreg ligg hos enkeltmennesket, i den enkelte bedrift og i den enkelte region. Lokalsamfunn kan bli stilte overfor store ufordringar på grunn av svikt i næringsgrunnlaget og stor fråflytting. Innbyggjarane i desse lokalsamfunna skal da vere trygge på at fellesskapet stiller opp og medverkar aktivt i ein omstillingsperiode, fram til lokalbefolkninga igjen kan ta hovudansvaret for eiga utvikling. Også på stader med nedgang i folketalet skal det vere trygt og godt å bu. Uavhengig av kvar ein bur, skal den enkelte vere trygg på at han eller ho har tilgang til grunnleggjande offentlege tenester, som utdanning og helse- og omsorgstenester. Regjeringa vil sikre grunnlaget for likeverdige levekår, og da først og fremst gjennom det kommunale inntektsystemet.

Regjeringa legg vekt på at politiske avgjerder skal takast så nær dei avgjerdene vedkjem, som mogleg. Derfor ønskjer regjeringa å delegerer meir mynde nedover i statsforvaltninga og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til kommunesektoren.

Regjeringa vil arbeide etter desse hovudstrategiane i regional- og distriktpolitikken:

- etablere rammevilkår som er så gode at verksemder, kapital og arbeidskraft blir verande i Noreg, og som gjer Noreg attraktivt for utanlandske investeringar
- satse sterkare på regionar og senter som har vekstpotensial. Vi vil styrkje vekstkrafta der ho alt finst, og samtidig sikre grunnlaget for gode levekår i alle delar av landet.
- prioritere verkemiddel som kan medverke til å styrkje evna til innovasjon og nyetablering i alle delar av landet, med vekt på å nå potensielle nyskaparar og entreprenørar
- delegerer og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til regionalt og lokalt nivå

#### Tilstandsvurdering – utviklinga i folketalet, sysselsetjinga og næringsstrukturen

I tilstandsvurderinga har departementet sett på utviklinga i folketal, sysselsetjing og næringsstruktur. Desse faktorane er nært knytte opp mot viktige regionalpolitiske mål, mellom anna målet om busetnadsmønster. Det er ein nær samanheng mellom utviklinga i folketalet og storleiken på sysselsetjinga. Dette heng igjen saman med kvar i landet det er mogleg å ta ut det verdiskapingspotensialet som finst. Vidare er sysselsetjinga ein god indikator for verdiskaping.

Årsakene til endringar i busetnaden og folketalet i ulike delar av landet er mange. Utviklinga i folketalet i eit område er avhengig av talet på kvinner

i fødedyktig alder, av kor stor del av befolkninga som tilhøyrrer ulike aldersgrupper, og av forholdet mellom innflytting og utflytting. Faktorar som påverkar kvar enkeltpersonar og familiar vel å busetje seg, er mellom anna kva høve som finst til å ta utdanning og skaffe seg arbeid, men også ønske om å bu på bestemte stader. Flytteundersøkingar viser at arbeidsløyse aleine sjeldan er ei direkte årsak til at folk flyttar, men tilgang på arbeidsplassar er likevel ein nødvendig føresetnad for busetjing og utvikling i folketalet på lengre sikt. Utviklinga i sysselsetjinga i eit område kan vi også sjå på som eit uttrykk for vekstkrafta i området.

I tilstandsvurderinga legg departementet såleis vekt på å vurdere utviklingstrekk på arbeidsmarknaden ut frå sysselsetjing, arbeidsløyse og næringsstruktur i ulike delar av landet. I tillegg vil det vere fokus på regionar med særlege omstillingsutfordringar. Utviklinga på arbeidsmarknaden dannar eit grunnlag for regional- og distriktpolitisk innsats. Vurderinga er knytt til landsdelar, til sentralitet og til ulike typar av bu- og arbeidsmarknadsregionar

#### Utviklinga i folketalet

Landet sett under eitt har hatt ein vekst i folketalet på i underkant av 6 pst. i den siste tiårsperioden, men veksten er ujamnt fordelt mellom landsdelane, jf. tabell 3.25. Likevel har ikkje sentraliseringa halde fram i same tempo som tidlegare i den siste femårsperioden. Alle landsdelar utanom Nord-Noreg har hatt vekst i den siste tiårsperioden. Den nedgangen vi hadde i den første femårsperioden i Nord-Noreg, stoppa opp i den siste femårsperioden. Skilnadene i den prosentvise veksten mellom landsdelane er derfor blitt mindre. Den største veksten finn vi framleis på Austlandet.

Tabell 3.25 Endring i folketalet i ulike landsdelar

Landsdel	Folketal			Vekst i periodane i prosent		
	1.1.1994	1.1.1999	1.1.2004	1994–1999	1999–2004	1994–2004
Austlandet	2 108 068	2 187 396	2 266 013	3,8	3,6	7,5
Sørlandet	247 725	255 485	263 501	3,1	3,1	6,4
Vestlandet	1 118 032	1 151 127	1 185 699	3,0	3,0	6,1
Midt-Noreg	383 147	387 652	398 239	1,2	2,7	3,9
Nord-Noreg	466 898	462 808	462 895	-0,9	0,0	-0,9
Totalt	4 323 870	4 444 468	4 576 347	2,8	3,0	5,8

Dei fleste fylka har hatt ein auke i folketalet, men både Finnmark og Nordland hadde nedgang i heile tiårsperioden, jf. vedlegg 2. Oslo, Akershus og Rogaland hadde den sterkaste veksten i tiårsperioden. Elles hadde fylka Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag nedgang i den første femårsperioden, medan Sogn og Fjordane hadde ein nedgang i den siste femårsperioden.

Det er ei ujamn fordeling av veksten i folketalet mellom sentrum og periferi, jf. tabell 3.26. Dei mest sentrale kommunane (storbyregionane) har hatt sterk vekst i folketalet i heile tiårsperioden. Veksten er likevel særleg høg i Tromsøregionen og Stavangerregionen, medan han er noko lågare i Trondheimsregionen enn i dei andre storbyregio-

nane. Til samanlikning har kommunane i dei minst sentrale områda samla sett ein nedgang i folketalet i begge femårsperiodane. Nedgangen kom i periferikommunar i alle landsdelar, med unntak av periferikommunar på Sørlandet, som hadde ein vekst i den siste femårsperioden. Nedgangen var likevel mindre i periferien i den siste femårsperioden enn i den første. I kategorien nokså sentrale kommunar (byregionar) har det vore moderat vekst i perioden, medan kommunar som er litt sentrale (tettstadsregionar), hadde svak vekst i tiårsperioden. For by- og tettstadsregionar i Midt-Noreg er ein svak nedgang i den første femårsperioden blitt snudd til ein svak oppgang i den siste femårsperioden.

Tabell 3.26 Endring i folketalet i kommunane etter sentralitet<sup>1</sup>

Sentralitet	Folketal			Vekst i periodane i prosent		
	1.1.1994	1.1.1999	1.1.2004	1994–1999	1999–2004	1994–2004
Minst sentrale	649 880	633 976	622 534	-2,4	-1,8	-4,2
Litt sentrale	335 978	335 108	336 645	-0,3	0,5	0,2
Nokså sentrale	1 096 141	1 120 153	1 147 886	2,2	2,5	4,7
Mest sentrale	2 241 871	2 355 231	2 469 282	5,1	4,8	10,1
Totalt	4 323 870	4 444 468	4 576 347	2,8	3,0	5,8

<sup>1</sup> Dei mest sentrale kommunane er storbyane (senter på nivå 3) eller kommunar innanfor 75 minutt til storbyar (90 minutt til Oslo). Nokså sentrale kommunar er kommunar med senter på nivå 2 eller kommunar innanfor 60 minutt til slike senter. Litt sentrale kommunar er kommunar med senter på nivå 1 eller kommunar innanfor 45 minutt til slike senter. Minst sentrale kommunar er kommunar som ikkje fell inn under nokon av desse kategoriane.

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Ser vi på utviklinga i folketalet i dei ulike bu- og arbeidsmarknadsregionane<sup>1</sup> (BA-regionane) inndelte etter storleik, viser tabell 3.27 at dei største bu- og arbeidsmarknadsregionane har hatt sterkast vekst i begge femårsperiodane. Sett i forhold til tabell 3.26, som viser folketalet etter sentralitet, viser tabell 3.27 at veksten i dei mellomstore regionane er relativt sterk og aukande, særleg i regionane med mellom 50 000 og 100 000 innbyggjarar.


Dei minste bu- og arbeidsmarknadsregionane har hatt ein sterk nedgang i folketalet.

<sup>1</sup> Inndelinga i bu- og arbeidsmarknadsregionar er utført av Dag Juvkam, NIBR, jf. Inndeling i bo- og arbeidsmarkedsregioner, NIBR-rapport 2002:20. Inndelinga er basert på pendlings- og avstandsdata. I inndelinga er 65 mindre kommunar definerte som eigne bu- og arbeidsmarknadsregionar på grunn av lite pendling og stor avstand til nabokommunar. På den andre enden av skalaen finn vi fire regionar som inneheld ti kommunar eller meir. Dette er dei storbyområda som utgjer Oslo-regionen, Stavanger/Sandnes-regionen, Bergensregionen og Trondheimsregionen.

Tabell 3.27 Folketalet i bu- og arbeidsmarknadsregionar, grupperte etter storleik

Storleik	1.1.1994	1.1.1999	1.1.2004	1994–1999	1999–2004	1994–2004	Talet på regionar
Større enn 100 000	2 309 444	2 422 835	2 535 529	4,9	4,7	9,8	9
50 000–100 000	615 100	632 165	651 081	2,8	3,0	5,8	9
20 000–50 000	565 365	570 433	578 106	0,9	1,3	2,3	18
5000–20 000	667 459	659 608	657 764	-1,2	-0,3	-1,5	57
Mindre enn 5000	166 502	159 427	153 867	-4,2	-3,5	-7,6	68
Totalt	4 323 870	4 444 468	4 576 347	2,8	3,0	5,8	161

Kjelder: SSB og Pandagruppen



Figur 3.2 Utvikling i folketallet i perioden 1994–2004 – etter bu- og arbeidsmarknadsregionar

Kartet viser kvar i landet det har vore vekst i folketallet, og kvar det har vore nedgang. Svært mange regionar har hatt nedgang i folketallet, og dette er samstundes regionar som hadde eit lågt folketal i utgangspunktet.


Data frå SSB og Pandagruppen per 1.1.2003 viser at det ikkje er store skilnader mellom landsdelane i talet på kvinner i fødedyktig alder i forhold til totalbefolkninga. Det er flest kvinner i fødedyktig alder i forhold til totalbefolkninga på Austlandet og færrest i Nord-Noreg. Det er derimot ein viss skilnad mellom perifere og sentrale kommunar. Det er relativt sett færre kvinner i fødedyktig alder i periferikommunar enn i sentrale kommunar. Tromsøregionen og Osloregionen ligg på topp når det gjeld talet på kvinner i fødedyktig alder i forhold til totalbefolkninga. Grunnlaget for vekst i folketallet knytt til fødselsraten er derfor størst i sentrale strøk av landet. Det låge talet på kvinner i fødedyktig alder i periferikommunar er ein viktig grunn til at ein har problem med å halde oppe folketallet i desse kommunane.

#### Utviklinga i sysselsetjinga

Det samla talet på sysselsette i Noreg auka med 398 000 i perioden frå 4. kvartal 1993 til 4. kvartal

2003, jf. vedlegg 2. Dette svarer til ein auke på 21,5 pst. Den største veksten kom i den første delen av perioden. Alle landsdelar hadde vekst i sysselsetjinga gjennom heile perioden. Veksten i sysselsetjinga i Nord-Noreg var gjennom heile perioden lågare enn i alle andre landsdelar. Den største veksten i talet på arbeidstakarar finn vi på Sørlandet og Austlandet.

Også endringa i sysselsetjinga har ein sentrum–periferi-dimensjon. Den relative veksten i storbyregionar har vore meir enn tre gonger så stor som veksten i periferiregionar. Den relative veksten har vore sterkare di meir sentral regionen er. Figur 3.3, som gir ei oversikt over sysselsette i dei ulike bu- og arbeidsmarknadsregionane i perioden 4. kv. 1993 – 4. kv. 2003, viser at sentrale regionar som ligg langs kysten og er folkerike, eller som ligg nær slike regionar, har hatt størst vekst i sysselsetjinga. Det ser vi særleg tydeleg rundt storbyane og på det sentrale Austlandet. Den sterkaste veksten i sysselsetjinga har kome rundt Oslofjorden, og da særleg i byregionar. Mindre bu- og arbeidsmarknadsregionar har ikkje hatt like stor vekst. Det finst likevel fleire unntak. Særleg kan nokre små samfunn på Vestlandet vise til stor vekst i sysselsetjinga, men her må vi leggje til at små folketal gir store utslag.



Figur 3.3 Vekst i sysselsetjinga i perioden 1993–2003 i høve til folketalet per 1.1.2004 – etter bu- og arbeidsmarknadsregionar



Mange små innlands- og kystkommunar i Nord-Noreg har hatt ein reduksjon i sysselsetjinga. Det var størst prosentvis nedgang i talet på sysselsette i regionane Røyrvik, Gamvik, Vardø, Loppa, Måsøy, Hasvik, Lek, Berlevåg, Solund, Torsken/Berg, Ibestad, Beiarn og Moskenes. Alle desse regionane hadde ein nedgang i sysselsetjinga i perioden 1993–2003 på meir enn 10 pst. Dette er relativt små regionar i distrikta som i hovudsak inneheld berre éin eller nokre få kommunar. Figur 3.3 viser at mange av dei bu- og arbeidsmarknadsregionane som hadde sterkast nedgang i sysselsetjinga, ligg i Finnmark. I gjennomsnitt var det ein positiv vekst i sysselsetjinga i dei fleste kommunar. Likevel har veksten vore høgare di meir sentral kommunen er. Av dei til saman 161 bu- og arbeidsmarknadsregionane i landet hadde i underkant av 39 regionar ein nedgang i sysselsetjinga i perioden frå 1993 til 2003. Dette er ei forbetring frå perioden 1992–2002, da 50 regionar hadde nedgang i sysselsetjinga.

Vi kan sjå ein hovudtrend i retning av at ein stadig større del av aktiviteten i landet blir dreidd mot byområde i Sør-Noreg med over 75 000 innbyggjarar. Fylka med svak vekst er Finnmark, Nordland, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Telemark og Hedmark. Dessutan har veksten i byar og tettstader vore størst i Sør-Noreg.

Oversikter over arbeidsløyse for desember 2003 (SSB/Arbeids- og administrasjonsdepartementet) viser at det ikkje er store skilnader mellom landsdelane eller mellom storbyområde, byar og mindre sentrale (perifere) kommunar. Arbeidsløysa er minst på Austlandet og størst på Sørlandet. Dei minst og mest sentrale områda har minst arbeidsløyse. Det er særleg byar og tettstader på Sørlandet som er råka av arbeidsløyse, jf vedlegg 2. Lågast arbeidsløyse finn vi i periferien på Austlandet. Det er viktig å understreke at dette ikkje tyder at arbeidsmarknaden her er betre enn i andre område. Det kan også vere eit uttrykk for at folk flyttar når dei er utan arbeid. Dette passar med at folketalet i periferien på Austlandet også har gått ned. Utanom dette var arbeidsløysa altså nokså lik i ulike delar av landet. Arbeidsløysa er minst i Akershus og Oppland og størst i Oslo og Finnmark.

Sogn og Fjordane har kome i ein spesiell situasjon på grunn av rasjonalisering og nedbemanning i store hjørnesteinsbedrifter. Særleg Årdal, Høyanger og Flora kan kvar for seg i dei nærmaste åra miste fleire hundre arbeidsplassar som følgje av reduksjonar i arbeidsstokken i store verksemder.

### Utviklinga i næringsstrukturen

Regjeringa har betra rammevilkåra for næringsverksemd og vil halde fram arbeidet med å redusere skattar og avgifter, samt setje i verk andre tiltak som kan auke vekstevna i økonomien. Låge renter og solid inntektsvekst stimulerer innanlands etterspurnad. Redusert rentedifferanse har gjort sitt til at styrkinga av kronekursen gjennom 2002 langt på veg er reversert. Saman med sterkare vekst i internasjonal økonomi inneber dette at utsiktene for konkurranseutsett sektor er lysare enn for eitt – to år sidan. Talet på nyetableringar og føretak har auka. Samtidig har veksten i arbeidsløysa som starta i årsskiftet 1998/1999, stoppa opp og gått noko ned i 2. kvartal 2004, samanlikna med same kvartal i 2003.

Næringsstrukturen varierer mellom landsdelane og mellom sentrum og periferi, jf. vedlegg 2. Sidan visse delar av næringslivet og arbeidsmarknaden er meir utsette for endringar enn andre, vil utfordringane på arbeidsmarknaden vere ulike i dei ulike delane av landet. I mindre sentrale strøk utgjer primærnæringane ein viktig del av arbeidsmarknaden, særleg i Midt-Noreg, i Nord-Noreg og på Vestlandet. Tal frå SSB og Pandagruppen viser at delar av desse næringane har gått til dels sterkt tilbake i sysselsetjing i dei siste åra. Vestlandet har hatt ein sterk nedgang i sysselsetjinga i primærnæringane i dei siste fem åra (nedgang på 10,4 pst). Også i industri- og bergverksnæringa har sysselsetjinga gått markant tilbake. I Finnmark har nedgangen i denne næringa vore på 25,1 pst., ei næring som er relativt viktig i Finnmark.

Osloregionen skil seg ut ved at forretningsmessig tenesteyting utgjer ein viktig del av arbeidsmarknaden. Dette er ei næring som har vore i sterk vekst, særleg i dei større byane. Utfordringa på mindre stader som er dominerte av næringar som må effektivisere, er å få etablert nye arbeidsplassar i vekstnæringar som også kan trekkje til seg utdanna arbeidskraft.

Offentleg verksemd utgjer ein viktig del av arbeidsmarknaden i Noreg. I Nord-Noreg har 44 pst. av dei sysselsette arbeid i offentlig sektor. I andre landsdelar varierer den delen av dei sysselsette som arbeider i offentlig sektor, mellom 35 og 39 pst. Det er ein tendens til at offentlig sysselsette utgjer ein relativt mindre del av dei sysselsette i perifere område enn i sentrale område.

Utbygginga av Snøhvitfeltet har enno ikkje slått ut i statistikken for oljenæringa i Finnmark. Likevel har både bygg- og anlegg og forretningsmessig tenesteyting hatt ein stor auke.

## Om regional innovasjon og nyskaping

Noreg sin konkurransesituasjon er god på den måten at vi har eit høgt produktivitetsnivå. Dette gjer at vi kan skaffe oss den importen vi etterspør med relativt liten ressursinnsats samanlikna med ein del andre land. Dei siste åra har likevel kostnadsveksten i Noreg vore høgare enn hos handelspartnarane våre, og lønsemda i industrien er svekt. At marknadsdelane for norsk industri har falle dei siste åra, både på heimemarknaden og på eksportmarknaden, reflekterer at kostnadsnivået er blitt høgt.

Når det gjeld innovasjonsinnsatsen i Noreg, er han låg samanlikna med andre vestlege land. Noko av forklaringa ligg i den bransjemessige samansetjinga i Noreg. Vidare spelar bedriftsstrukturen ei viktig rolle. Det er store skilnader mellom dei ulike regionane. Til dømes har Nord-Noreg ein låg innovasjonsrate totalt sett. Om lag halvparten av alle norske verksemder ser ikkje på innovasjon og nyskaping som nødvendig ut frå marknadsmessige forhold. Faktorar som økonomisk risiko, høge innovasjonskostnader og manglande finansiering er dei faktorane ein ser på som dei største hindra for innovasjonsverksemd.

Også investeringar i forskning og utvikling (FoU) er lågare i Noreg enn gjennomsnittet i OECD-området, og Noreg ligg også etter dei andre nordiske landa.

Talet på nyetableringar har vist ein svak auke i dei siste tre åra. Eksisterande næringsstruktur, bedriftstettleik, prosentdelen av små føretak og prosentdelen av sysselsette innanfor same næring er døme på faktorar som er avgjerande for etableringstakten. Det ligg eit visst sentrum-periferimønster i dette.

Lokaliseringa har stor innverknad på kva høve ei bedrift har til vekst og utvikling. Samarbeidet mellom det regionale næringslivet og regionale og nasjonale kunnskapsaktørar varierer. I arbeidet for å oppnå eit betre samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale kunnskapsinstitusjonar og regionalt næringsliv spelar nærleik, tillit og kultur for samarbeid ei viktig rolle.

## Oppsummering

Den utviklinga i folketalet og sysselsetjinga som vi hadde i fjor, held til dels fram også i år. Veksten er framleis ubalansert mellom landsdelane. Likevel har ikkje sentraliseringa halde fram i same tempo som tidlegare i den siste femårsperioden. Tabell 3.27 viser at dei minste bu- og arbeidsmarknadsregionane i hovudsak har hatt ein nedgang eller ein svakare vekst i folketal enn større regionar. Særleg

i Nord-Noreg og i fjellområde finn vi mange område med svak eller negativ vekst i dei siste åra. Også by- og tettstadsregionar i Midt-Noreg opplever nedgang i folketalet. Samtidig opplever storbyområda og regionar som ligg nær storbyane, ein sterk vekst. Dette gjeld i alle landsdelar.

Sysselsetjinga i primær- og industrinæringane har gått ned i dei siste fem åra. I mange av dei mindre bu- og arbeidsmarknadsregionane som opplever svak eller negativ vekst, er primærnæringane, industri og offentleg sektor viktige for arbeidsmarknaden. Både næringslivet og offentleg sektor møter sterke krav til effektivitet. Konkurransesette verksemder innanfor fiskeri, havbruk og tradisjonell eksportindustri har hatt særlege utfordringar i dei siste åra. Det har vist seg vanskeleg å få etablert nye arbeidsplassar i desse regionane som kan vege opp for den reduksjonen som følgjer av effektiviseringa. Dette skaper omstillingsutfordringar i mange delar av landet.

Det er stor geografisk variasjon i kva grad verksemder innoverer og i den samla FoU-aktiviteten til verksemdene. Mellom anna er bransjesamansetjing, bedriftsstruktur og samarbeid mellom ulike regionale aktørar avgjerande for situasjonen i kvar enkelt region. Nye, innovative bedrifter står for ein stadig større del av den samla sysselsetjinga og verdiskapinga. I område der næringsstrukturen er etter måten ein-sidedig og byr på færre høve til utvikling, er etablering av eiga verksemd viktig for å kunne utnytte lokale og personlege ressursar. Nyskaping står såleis fram som sentralt for å sikre omstilling, fleksibilitet og innovasjon i næringslivet.

Tilstandsvurderinga tyder på at det framleis er nødvendig med ein ekstra regionalpolitisk innsats utover den breie regional- og distriktpolitikken. Område som opplever nedgang eller svak vekst i folketal og sysselsetjing, og som har ein utsett arbeidsmarknad, har særleg behov for ein ekstra regionalpolitisk innsats. Innsatsen må tilpassast utfordringane i næringsstrukturen og arbeidsmarknaden i dei ulike områda og støtte opp under regionar og verksemder med vekstkraft, men eit fellestrekk vil vere behovet for å møte utfordringane med aktiv innsats for å få til omstilling og nyskaping.

## Nærmare om strategiane i regional- og distriktpolitikken

Betre rammevilkåra for å få til auka verdiskaping  
Gode rammevilkår for næringslivet er den viktigaste føresetnaden for å få fram lønnsame og konkurransedyktige verksemder som kan medverke til auka verdiskaping. Mykje av den tradisjonelle

eksportindustrien finst utanfor storbyområda. For desse viktige næringane er det avgjerande å unngå for sterk vekst i lønner og andre kostnader, og at kronkursen og rentenivået blir haldne nede. Skjerma næringar og bransjar blir i aukande grad konkurransetsette, og handelen mellom landa aukar. I dag importerer og eksporterer Noreg til dømes straum, noko som for få år sidan ikkje var mogleg. Spesialisering som handelen gir høve til, vil fremme økonomisk vekst og velferd, men også leie til auka behov for omstilling i næringslivet og i regionane. Det må kompensera for effektivisering og utflytting av arbeidsintensive næringar gjennom framvekst av nye, konkurransedyktige bedrifter. Sidan desember 2002 har Noregs Bank sett ned renta med 5 prosentpoeng, og kronkursen har falle i verdi i forhold til euro. Samstundes har skjerpa konkurranse i fleire tenesteytande næringar, mellom anna på fly- og telemarknaden, gitt lågare kostnader for næringslivet. Samla er dette ei betring i rammevilkåra som er med på å styrkje konkurransekrafta i dei konkurransetsette verksemdene. Endringa i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift påverkar rammevilkåra for mange verksemdar. Regjeringa legg vekt på å etablere gode og treffsikre alternativ til ordninga, jf. nærmare omtale nedanfor.

#### Leggje til rette for utvikling av vekstkraftige regionar i alle delar av landet

I alle landsdelar finst det vekstkraftige regionar med sterke kompetanse- og næringsmiljø. Regjeringa vil leggje til rette for vidare utvikling av vekstkraftige regionar der sentra i regionane kan spele ei viktig rolle. I St.meld. nr. 31 (2002–2003) Storbymeldingen understrekar regjeringa den viktige rolla byane har som motor for regional utvikling. Vekstkrafta i byane og byområda skal medverke til å fremme verdiskaping og busetjing i større område og over heile landet. I prinsippmeldinga om regionalpolitikken, som skal leggjast fram våren 2005, blir utviklinga av ein politikk som skal fremme vekstkraftige sentra og regionar i alle delar av landet, eit hovudtema. Hovudstaden har ei særskild rolle som motor for regional og nasjonal utvikling. I den samanhengen har regjeringa sett i gang arbeidet med ei hovudstadsmelding, som vil bli lagd fram i 2006.

Samferdselspolitikken medverkar til å binde kvar enkelt region betre saman, og til å utvide bu- og arbeidsmarknadsregionane. Gjennom utdanning og forskning vil regjeringa styrkje kompetansmiljøa i regionane. Regjeringa legg også vekt på å føre vidare ein offensiv statleg lokaliseringsspolitikk. Lokaliseringsspolitikken skal leggje særleg

vekt på å forsterke dei kompetansmiljøa som alle-reie finst i regionane. Samtidig med at regjeringa legg vekt på å utvikle vekstkraftige regionar, vil ein ha merksemda retta mot småsamfunn med stor avstand til regionale senter og med problematisk næringsstruktur og nedgang i folketalet. I slike område er det spesielt viktig å sikre tilgang på grunnleggjande velferdstenester.

#### Konsentrere den næringsretta innsatsen meir mot innovasjon og nyskaping

Eit høgt kostnadsnivå, aukande globalisering og utflytting av arbeidsintensive arbeidsplassar må det kompensera for gjennom framvekst av nye, konkurransedyktige bedrifter. Å sikre eksisterande og utvikle nye arbeidsplassar krev auka evne til innovasjon og nyskaping i heile landet.

Evna til innovasjon i næringslivet er avhengig av gode samarbeidsprosessar i dei regionale næringsmiljøa og mellom næringslivet og offentlege aktørar. Auka vekt på innovasjon og nyskaping skal byggje opp under vekstkraftige regionar og senter i alle delar av landet.

Dei selektive verkemidla overfor næringslivet skal spissast inn mot idé-, utviklings- og kommersialiseringssfasar i verksemdar, og mot forskning, kompetanseheving og internasjonalisering i norsk næringsliv generelt.

Hausten 2003 la regjeringa fram sin plan for ein heilskapleg innovasjonsspolitikk. Her slår regjeringa fast at Noreg skal vere eit av dei mest nyskapande landa i verda, der bedrifter og menneske med pågangsmot og skaparevne skal ha gode føresetnader for å utvikle lønnsam verksemd. Planen kan reknast som første steg i regjeringa sitt arbeid med å utvikle og setje i verk ein heilskapleg innovasjonsspolitikk. Planen konsentrerer seg om desse områda:

- generelle rammevilkår for næringslivet
- kunnskap og kompetanse
- forskning, utvikling og kommersialisering
- entreprenørskap (oppstarting av ny verksemd)
- fysisk og elektronisk infrastruktur

Utvikling av ein heilskapleg innovasjonsspolitikk er krevjande, og er – også i internasjonal samanheng – eit nybrottsarbeid. Regjeringa vil leggje opp til auka samarbeid mellom offentlege styresmakter og private aktørar i den vidare utforminga av politikken på området. Det er også viktig å samordne fleire politikkområde for å auke innsatsen med sikte på innovasjon og nyskaping.

Som ei konkret oppfølging av planen har regjeringa lansert fleire innovasjonsprosjekt under samlenemninga Innovasjon 2010, og Kommunal- og

regionaldepartementet har fått ansvaret for to prosjekt: «Innovasjonsløft Nord» og «Hovudstaden og regionsentra som innovasjonsmotor» (Storbyprosjektet). Delprosjekta i «Innovasjon 2010» skal medverke til å aktivere offentlege organ på alle nivå i samarbeid med næringslivet og kompetansemiljø.

Målet med Innovasjonsløft Nord er å medverke til å skape ein heilskapleg, treffsikker, tilstrekkeleg og kraftfull innovasjonspolitik i Nord-Noreg. Prosjektet skal avdekkje flaskehalsar, samt finne fram til korleis ein kan få auka innovasjon i landsdelen og bruke disponible midlar meir effektivt i dette arbeidet. På grunnlag av dette skal ein så føreslå konkrete tiltak og pilotprosjekt. Prosjektet skal ta utgangspunkt i og mobilisere regionale føremoner. Kva situasjon bedriftene står i, og kva behov dei har, vil stå sentralt i arbeidet.

Byane og regionsentra er viktige drivkrefter for vekst og framtidig verdiskaping. Storbyprosjektet skal medverke til auka innovasjon i hovudstaden og dei regionale sentra, og dessutan styrkje den rolla hovudstaden og dei regionale sentra har som motor for innovasjon, både regionalt og nasjonalt. Det skal skje gjennom samarbeid mellom næringslivet, kunnskapsorganisasjonar og offentleg verksemd. Med regionale senter meiner vi dei fem regionane som i tillegg til hovudstadsregionen blei definerte som storbyregionar i Storbymeldingen (Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø). Prosjektet skal også sjå på internasjonale erfaringar med innovasjonsarbeid, og på kva faktorar som kjenneteiknar norske regionar med vekst. Ein skal òg identifisere gode pilot- og demonstrasjonsprosjekt.

Kommunal- og regionaldepartementet gjennomførte i 2004 fem regionale innovasjonskonferansar for å gi innovasjonsarbeidet ei god regional forankring og stimulere det regionale samarbeidet. Målet med konferansane var

- å medverke til utveksling av erfaringar mellom fylke og mellom fylke og nasjonale styresmakter
- å medverke til auka samarbeid mellom fylka
- å forankre regjeringa sin innovasjonspolitik
- å få ei drøfting av og innspel til regjeringa sine innovasjonsprosjekt, Innovasjon 2010

Konferansane hadde god oppslutnad og var ein viktig del av dialogen mellom departementet og dei regionale partnerskapane for innovasjon. Representantar frå dei regionale innovasjonspartnerskapane, til dømes fylkeskommunane, verkemiddelapparatet, kunnskapsmiljø, næringsliv og organisasjonar, var til stades.

Regjeringa ønskjer å styrkje kulturen for entreprenørskap. Våren 2004 la regjeringa derfor fram ein strategi for entreprenørskap i utdanninga, «Se mulighetene og gjør noe med dem». Strategien er ein del av regjeringa sin heilskaplege innovasjonspolitik og tek for seg heile utdanninga frå barne- skole til universitet og høgskole, i tillegg til lærarutdanninga. Målet er at stadig fleire elevar og studentar skal få praktisk og teoretisk innsikt i det å omforme eigne idear til målretta aktivitet. Det norske skolesystemet skal bli eit av dei beste i verda når det gjeld entreprenørskap i utdanninga.

Regjeringa legg vekt på å formidle kunnskap om det å etablere eiga bedrift, mellom anna gjennom satsinga på «Ungt Entreprenørskap», og på å synleggjere det lokale næringslivet i skolen.

Kunnskaps- og forskingsparkane skal utviklast vidare, slik at dei kan fungere som «nav» i større regionale verdiskapingsmiljø i samarbeid med verksemd, næringshagar og inkubatorar. Det er sett i gang eit arbeid i regi av Forskringsrådet, Innovasjon Noreg og SIVA for å greie ut om det finske tiltaket Centre of Expertise kan tilpassast norske forhold. Departementet har også gitt midlar til forsøk med eit slikt «ekspertsenter» i Ålesund.

#### Desentralisere verkemiddel til regionalt og lokalt nivå

Regional- og distriktpolitikken tek utgangspunkt i at ulike delar av landet står overfor ulike utfordringar og har ulike rammevilkår. Det krev kunnskap om regionale og lokale forhold når ein skal ta avgjerder om bruk av offentlege verkemiddel, og det er viktig at avgjerdene blir tekne så nær dei dei får verknader for, som råd. Frå og med 2003 blei hovuddelen av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet desentraliserte til regionalt nivå gjennom ansvarsreforma. Som regionale utviklingsaktørar skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Sametinget skal vere representert i dei regionale partnerskapane der dette er formålstenleg.

I samsvar med St.prp. nr. 51 (2002–2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv legg Innovasjon Noreg opp eit nett av distriktskontor som i hovudsak svarer til fylkesstrukturen. Forskringsrådet har no fått lokale representantar i sju fylke. SIVA er i ferd med å teikne partnerskapsavtalar med fylkeskommunane og har som mål å ha fått ein slik avtale med alle fylka innan utgangen av året.

Regjeringa vil vurdere å auke delegeringa til det regionale og lokale nivået innanfor ulike sektorar. Regjeringa har derfor sett i gang fleire forsøk for å prøve ut nye modellar for fordeling av ansvar og mynde, og for å leggje forholda til rette for eit best mogleg tenestetilbod for brukarane.

Oppland fylkeskommune starta 1.1.2004 opp forsøket «Fritt fram». Forsøket omfattar utvalde verkemiddel innanfor arbeidsmarknadstiltak, næringsutvikling, miljø og landbruk. Ein forvaltningsmodell som ser slike verkemiddel i samanheng, gjer at ein kan få eit betre utbytte av innsatsen, ettersom ein tek fatt i dei utfordringane og det potensialet som finst i kvar region. Også Effektutvalet peiker på nytta av å sjå verkemiddel som har innverknad på den regionale utviklinga, i samanheng.

### **Vurdering av fylkeskommunen som utviklingsaktør**

I tråd med St.meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå, og behandlinga av denne meldinga i Stortinget, er det sett i gang ei vurdering av fylkeskommunane si nye rolle som regional utviklingsaktør og partnerskapen sin funksjon i denne samanhengen. Vurderinga vil ligge føre i oktober 2004. Departementet vil også kome tilbake til dette i regionalmeldinga, jf. neste avsnitt.

### **Regionalmelding**

Regjeringa vil våren 2005 leggje fram ei stortingsmelding om regionalpolitikken. Stortingsmeldinga skal klargjere mål, innretning og hovudtypar av verkemiddel. I Sem-erklæringa står det at regjeringa vil styrkje regionalpolitikken for å sikre busetjinga, verdiskapinga og levedyktige lokalsamfunn i heile landet. Meldinga vil ta utgangspunkt i desse måla og i den regional- og distriktpolitiske utgreiinga for Stortinget i 2002. Der blei det lagt vekt på å sikre ei balansert utvikling av busetjinga på landsdelsnivå og ei betre utnytting av potensialet for næringsutvikling og verdiskaping i alle delar av landet. Meldinga vil mellom anna byggje på innspel frå Effektutvalet (NOU 2004:2), Handlingsromutvalet (NOU 2004:15) og Distriktskommisjonen si utgreiing, som kjem i oktober.

I meldinga vil perspektivet om at regionalpolitikken omfattar heile landet, det vil seie både byregionar og periferiområde, bli vidareutvikla. Meldinga skal også innehalde ei vurdering av fylkeskommunane si rolle som regional utviklingsaktør, men vil ikkje ta opp andre regionaliserings spørsmål, som framtida for fylkeskommunane og even-

tuelle nye regionale inndelingar. Det skal behandlast først i neste stortingsperiode, etter nærmare utgreiingar og vurdering av forsøk som no er i gang.

### **Effektutvalet**

Effektutvalet overleverte 29.1.2004 si innstilling «Effekter og effektivitet» (NOU 2004:2). Utvalet sitt mandat var å analysere effektar av statleg innsats for regional utvikling og for å nå distriktpolitiske mål. Utvalet har sett på dei spesielle distriktpolitiske verkemidla, sektorpolitikken, samspelet mellom dei ulike politikkområda og kvar effekten av dei ulike politikkområda gjer seg gjeldande.

### **Handlingsromutvalet**

I samband med omlegginga av den differensierte arbeidsgivaravgifta oppnemnde regjeringa i vår eit utval for å vurdere kva handlingsrom EØS-avtalen gir for bruk av alternative verkemiddel retta mot næringslivet. Utvalet la fram innstillinga si 23. august 2004. Utvalet har kartlagt kva type verkemiddel som er tillatne etter EØS-reglane for statsstøtte, og har også samanfatta kunnskap om bruk av slike verkemiddel i andre EØS-land. Rapporten vil bli send ut til aktørar som han vedkjem, til informasjon og for eventuelle kommentarar.

### **Distriktskommisjonen**

Distriktskommisjonen blei sett ned av regjeringa vinteren 2003. Kommisjonen skal sjå på heilskapen i regional- og distriktpolitikken og leggje fram konkrete forslag til endringar for å styrkje innretninga av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken. Distriktskommisjonen skal mellom anna byggje på det faglege utgreiingsarbeidet til Effektutvalet. Kommisjonen skal om kort tid leggje fram resultatet av arbeidet sitt i form av ein NOU. Rapporten vil bli send ut på høyring.

### **OECD-kartlegging**

Kommunal- og regionaldepartementet har invitert OECD til å stå for ein gjennomgang av norsk regionalpolitikk. Evalueringa er planlagt avslutta innan utgangen av 2007 etter at nytt EØS-regelverk er innført. Tilsvarande studiar er, eller vil bli, gjennomførte i ei rekkje land, mellom andre Finland.

### **SIVA**

I juni 2004 la regjeringa fram ei melding om den framtidige verksemda til SIVA. Regjeringa går i

meldinga inn for at SIVA skal halde fram som eige statsføretak. Formålet med SIVA skal framleis vere å medverke til at regjeringa sine regional- og distriktpolitiske mål blir nådde. Innanfor denne ramma skal SIVA medverke til utvikling av norsk innovasjonsevne og auka verdiskaping over heile landet.

SIVA skal fokusere på si rolle som tilbydar av tilretteleggjande eigarskap og nettverk for innovasjon. Dette er ei oppfølging av St.prp. nr. 51 (2002–2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv.

### Endringar i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift

Frå 1. januar 2004 blei ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift endra etter pålegg frå overvåkingsorganet i EFTA, ESA. Ein fullstendig omtale er gitt i St.prp. nr. 1 (2003–2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. Vi viser også til omtale i St.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Regjeringa meiner at dei auka avgiftsinntektene i samband med endringa av ordninga skal tilbakeførast til dei områda som endringane får verknader for. Det inneber at den fordelene som ligg i den differensierte arbeidsgivaravgifta, er ført vidare så langt det er råd. I sonene 2, 3 og 4 i verke-

området for differensiert arbeidsgivaravgift blir dagens satsar vidareførte innanfor eit fribeløp på 100 000 euro over tre år per føretak (bagatellmessig støtte). For sonene 3 og 4 blir avgifta trappa opp utanfor fribeløpsordninga i ein tre år lang overgangperiode.

Tabell 3.28 Satsar for arbeidsgivaravgifta i sonene 3 og 4 i overgangsperioden

Sone	(tal i prosent)				
	2003	2004	2005	2006	2007
3	6,4	8,3	10,2	12,1	14,1
4	5,1	7,3	9,5	11,7	14,1

Kjelde: Finansdepartementet

Det gjer at om lag 90 pst. av alle føretak får same avgiftslette som i dag. For føretak som likevel får auka arbeidsgivaravgift, er det innført ei ny, nasjonal transportstøtteordning. Dei resterande midlane blir førte tilbake til dei områda som er omfatta av endringane, i form av næringsretta utviklingstiltak. For 2005 føreslår regjeringa kompenserte ordningar som samla sett har ein provenyverknad tilsvarande dei auka avgiftsinntektene som følgjer av omlegginga av arbeidsgivaravgifta.

Tabell 3.29 Overslag over provenyverknaden av kompensierende tiltak ved omlegging av differensiert arbeidsgivaravgift i 2005<sup>1</sup>.

	(i mill. kr)	
	Påløpt	Bokført
Auka proveny ved full sats (14,1 pst.) for arbeidsgivaravgift i heile landet	8 905	8845
Kompenserande tiltak	8 905	8 845
Vidareføring av nullsatsen i tiltakszona (Finnmark og Nord-Troms)	1 585 <sup>3</sup>	1 575 <sup>3</sup>
Vidareføring av den gjeldande ordninga for landbruk og fiskeri	320 <sup>3</sup>	315 <sup>3</sup>
Ein overgangsperiode på tre år i privat sektor i sonene 3 og 4 (full sats blir innført i 2007) <sup>2</sup>	700	750
Bagatellmessig støtte i sonene 2–4	2 410	2 400
Ein overgangsperiode på tre år i kommunal sektor (full sats blir innført i 2007) <sup>2</sup>	830	900
Kompensasjon til offentleg sektor	1 950	1 950
Direkte transportstøtte	300	200
Næringsretta utviklingstiltak i sonene 2–4	810 <sup>4</sup>	755

<sup>1</sup> Provenyet av arbeidsgivaravgifta er oppjustert i tråd med forventa lønnsvekst frå 2004 til 2005.

<sup>2</sup> At den bokførte provenyverknaden av overgangsperioden i privat og offentleg sektor er høgre enn den påløpte, kjem av at siste termin for arbeidsgivaravgift i eitt år (sjette termin) blir innbetalt i januar året etter.

<sup>3</sup> Nullsatsen for arbeidsgivaravgift i Finnmark og Nord-Troms blei halde ved lag i samband med omlegginga frå 1.1.2004. I tillegg blei satsane som gjaldt i 2003, vidareførte for fiskeri- og landsbrukssektoren.

<sup>4</sup> Tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms samt landbruk og fiskeri er ikkje omfatta av omlegginga av differensiert arbeidsgivaravgift. I berekninga av kompensasjonsbeløp knytt til løyving i 2005 og tilsegnfullmakt for 2005 (differansen mellom den påløpte og bokførte verknaden av omlegginga i 2005) er det derfor sett vekk frå differansen mellom påløpt og bokført verknad av vidareføringa av nullsatsen i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms og for landbruk og fiskeri. Avviket mellom påløpt og bokført provenyverknad av desse ordningane skriv seg berre frå lønnsveksten frå 2004 og 2005. Dette avviket er ikkje inkludert i tilsegnfullmakta. Dette inneber ei planleggingsramme på 795 mill. kr for 2005 for næringsretta utviklingstiltak. 540 mill. kr gjeld som løyving, medan 255 mill. kr er gitt som tilsegnfullmakt som først kjem til utbetaling i 2006.

Kjelde: Finansdepartementet

26. april 2004 sende regjeringa ei notifikasjon til ESA om differensiert arbeidsgivaravgift for utvalde sektorar og område som ikkje er i konkurranse med andre aktørar i EØS-området. Notifikasjonen er ei oppfølging av oppmodinga frå Stortinget om å utforme eit forslag til ordning som, så langt råd er, vidarefører differensiert arbeidsgivaravgift for bransjar som ikkje er i konkurranse med bedrifter i andre EØS-land. Ei avgjerd vil truleg ikkje ligge føre før i 2005.

### Revisjon av retningslinjene for regional statsstøtte

EU-kommisjonen har begynt arbeidet med å revidere retningslinjene for regional statsstøtte. Norske styresmakter er inviterte til å delta i utforminga av dei nye retningslinjene, som skal gjelde frå 1. januar 2007. Dette vil kunne føre til ei omleg-

ging av fleire av ordningane i regional- og distriktspolitikken.

Regjeringa har i sitt innspel til nye retningslinjer lagt vekt på at eit framtidig regelverk må vere fleksibelt når det gjeld bruken av dei ulike støtteformene. Det gjeld òg i avgrensinga av det distriktspolitiske verkeområdet. Med dette vonar regjeringa å få til ein meir målretta og effektiv bruk av statsstøtta. Av særleg interesse for Noreg er det at EU-kommisjonen har gitt til kjenne at dei nordiske landa har spesifikke regionalpolitiske utfordringar som krev ei eiga tilnærming. Kommisjonen har mellom anna signalisert at det vil kunne vere mogleg å opne for andre former for driftsstøtte enn transportstøtte i arktiske område med kontinuerleg nedgang i folketallet, så framst slik støtte ikkje er i strid med interessene til fellesskapet. Noreg har, på linje med Sverige og Finland lagt til grunn ein definisjon av det arktiske området som vil kunne omfatte dei fire nordligaste fylka i Noreg.

Regional statsstøtte er også drøfta av mellom anna Handlingsromutvalet.

## Kap. 550 Lokal næringsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Tilskot til utkantkommunar, <i>kan overførast</i>	9 759		
	Sum kap. 550	9 759		

### Post 60 Tilskot til utkantkommunar, kan overførast

Utkantkommuneprosjektet blei avslutta i 2001. 2003 var siste året med utbetalingar over posten.

## Kap. 551 Regional utvikling og nyskaping

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling	1 067 500	977 150	1 012 000
61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		295 000	755 000
64	Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune		84 650	76 800
70	Transportstøtte, <i>kan nyttast under post 61</i>			195 500
	Sum kap. 551	1 067 500	1 356 800	2 039 300

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på post 60 auka med 55 mill. kr til 1 032,15 mill. kr. Løyvinga på post 61 blei sett ned med 3,5 mill. kr til 291,5 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

### Mål

Hovudformålet med midlane under kapitlet er å medverke til og leggje til rette for regional utvikling og nyskaping, tilpassa føresetnadene i regionane. Midlane skal medverke til at regionale mål for utvikling i alle delar av landet kan realiserast, og til særskild næringsretta innsats og transportstøtte til område som fekk auka arbeidsgivaravgift frå og med 2004.

### Post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Posten var ny frå 2003. Omlegginga er nærmare omtalt i St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

### Mål

Posten har som hovudmål å medverke til og leggje til rette for regional utvikling, tilpassa føresetnadene i regionane. Midlane skal medverke til å realisere regionale mål for utvikling, særleg på områda kompetanseheving, omstilling, entreprenørskap,



nyetablering og innovasjon i næringslivet, og skal leggje forholda til rette for dette. Midlane skal medverke til å vidareutvikle regionale fordelar ved å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i regionen. Som regionale utviklingsaktørar skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Sametinget skal vere representert i dei regionale partnerskapane der dette er formålstenleg.

Eit viktig prinsipp i ansvarsreforma er at avgjerder skal takast så nær dei det gjeld, som mogleg. Ein konsekvens av dette er at fylkeskommunane gjennom fylkesplanen sjølve skal fastsetje eigne mål, strategiar og resultatkrav for bruk av midlane. Desse skal vere i samsvar med hovudmålet for posten og vere ein del av handlingsprogrammet i fylkesplanen. Fylkeskommunane må arbeide tett opp mot regionale partnerskapar i utforminga av system for mål- og resultatstyring når det gjeld bruken av midlane.

#### Aktørane si rolle på regionalt nivå

Gjennom ansvarsreforma har fylkeskommunane fått større fridom og auka fleksibilitet når det gjeld å fordele rammer i tråd med eigne strategiar. I mange fylke har det ført til auka engasjement i partnerskapsarbeidet.

I St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet og St.prp. nr. 51 (2003–2004) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv blir det lagt til grunn at det i forvaltninga av bedriftsstøtte skal skiljast klart mellom strategisk og operativt ansvar. Fylkeskommunane har det strategiske ansvaret, som blir ivareteke gjennom fylkesplanen eller fylkesdelplanar med mål, strategiar, program og budsjettering, i tillegg til oppfølgingskriterium og resultatkrav. Fylkesplanane og fylkesdelplanane blir utarbeidde i samarbeid med regionale partnerskapar. Det er lagt opp til at fylkeskommunane skal stå fritt når det gjeld å velje operatør for ordningane sine. Fylkeskommunen skal ikkje sjølv kunne vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel. Samarbeidet og oppgåvefordelinga mellom fylkeskommunane og Innovasjon Noreg vil bli regulert gjennom dei avtalane som blir inngått mellom fylkeskommunane og Innovasjon Noreg. I den grad fylkeskommunane ikkje eller berre i avgrensa grad legg føringar på Innovasjon Noreg sin bruk av tildelte midlar, blir Innovasjon Noreg sine strategiar, satsingsområde osv. lagde til grunn.

Dei ulike aktørane si rolle på regionalt nivå er også omtalt under «Nærmare om strategiane i

regional- og distriktpolitikken» i programkategoriomtalen.

#### Tildelingskriterium

Rammene til fylka er fastsette etter både objektive og skjønsmessige kriterium:

- Objektive kriterium: Folketalet innanfor dei enkelte sonene av det distriktpolitiske verkeområdet, med vektning av sonene etter distriktpolitisk prioritet. Alle fylkeskommunar er garanterte eit minstepeløp. Samla sett vil dette gi ein klar distriktsprofil.
- Skjønsmessige kriterium: Det blir i 2005 spesielt teke omsyn til område med særskilde utfordringar når det gjeld omstilling, til det grenseregionale samarbeidet med EU gjennom Interreg IIIA og til støtte til programverksemda til Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag (LU). Fylka er for 2005 inviterte til dialog om omstillingsutfordringar som kan gi grunnlag for skjønnsfordeling. Departementet vil gjennom skjønnsdelingane for 2005–2006 medverke til at Noreg gjennom fylkeskommunane i størst mogleg grad kan oppfylle forpliktingane knytte til statleg medfinansiering av Interreg IIIA.

#### Avgrensing i bruken av midlar til regional utvikling

Det er gjort greie for avgrensinga i bruken av midlar til regional utvikling i St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet og i regelverk og tilsegnsbrev for posten.

#### Oppfølging og kontroll

Det er gjort nærmare greie for oppfølging og kontroll med bruken av midlane i St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet. Hovudpunktet er at fylkeskommunane sjølve skal utarbeide eit system for mål- og resultatstyring som samsvarer med måla for regional utvikling i fylkesplanen. Utgangspunktet for arbeidet i fylka er fylkesplanane. Budsjettproposisjonen og tildelingsbrev frå departementet inneheld derfor ikkje oppfølgingskriterium som kan etterprøvast. Fylkeskommunane skal årleg oversende departementet ein økonomirapport over bruken av alle midlane. Denne rapporten skal innehalde opplysningar om forbruk av midlar til ulike formål. I tillegg skal fylka levere ein kortfatta rapport som skildrar utfordringane, måla og aktiviteten i fylket. Rapporteringa skal også omfatte den delen av løyvinga som blir forvalta av andre enn fylkeskommunane.

2003 er det første året med rapportering på posten. Med utgangspunkt i rapporteringa frå 2003 og

fylka sitt eige arbeid med mål- og resultatstyring (MRS) blei det arrangert eit seminar med deltakarar frå departementet og fylkeskommunane i juni 2004. I samband med seminaret er det utarbeidd to rapportar, den eine av Statskonsult og den andre av ECON analyse. Rapportane oppsummerer arbeidet med MRS og vurderer årsrapportane for 2003. Når det gjeld årsrapportane frå fylkeskommunane, oppsummerer rapporten frå ECON analyse med at dei er svært varierende med omsyn til både form og innhald. I rapporten tydeleggjer dei fleste fylkeskommunane strategiane dei arbeider ut frå, men dei har i mindre grad vist kva for analysar av utfordringar og utviklingstrekk som ligg til grunn for val av strategiar. Dei fleste fylka gjer greie for disponeringa av ressursar på innsatsområde, men mange har ikkje rapportert om bruken av ressursar der SND har vore operatør. Rapporteringa er ujamn når det gjeld å synleggjere kva forventningar fylkeskommunane har til resultat når det gjeld dei ulike satsingane.

Statskonsult har kartlagt arbeidet med MRS i fylkeskommunane i samband med innføringa av ansvarsreforma. Statskonsult peiker på at det framleis er ein veg å gå før departementet kan venta seg ei heilskapleg rapportering frå fylkeskommunane om alle midlane som er brukte. Det er fleire utfordringar knytte til det å utarbeide eit godt rapporteringssystem. Kommunal- og regionaldepartementet er i jamleg dialog med fylkeskommunane om korleis mål- og resultatstyringa av fylkeskommunane sine midlar kan styrkjast, slik at ein kan sikre kvaliteten på rapporteringa til departementet.

I 2004 blir det gjennomført ei vurdering av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør og partnerskapen sin funksjon i denne samanhengen. Vurderinga er ei oppfølging av St.meld. nr. 19 (2001–2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå. Vurderinga skal ligge føre i oktober, og vil bli omtalt i ei ny regionalmelding våren 2005.

#### *Tilskot utan tilbakebetaling – rundsumtilskot*

Midlane til fylkeskommunane blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Det inneber at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva år tilsegna er gitt. Fylkeskommunane får fullmakt til å fastsetje i kva år tilsegn skal givast, og kor lenge ei tilsegn skal gjelde, til å behandle søknader om forlenging av tilsegner og til å løyve unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

#### **Rapport for 2003**

I 2003 blei det løyvt 1066,5 mill. kr over kap. 551, post 60. I tillegg blei 1 mill. kr omdisponert frå kap. 552, post 72. Midlane over budsjettposten er desentraliserte til fylkeskommunane.

Når det gjeld aktiviteten i 2003, har alle fylka sendt inn ein økonomirapport og ein skriftleg rapport som gir ei oversikt over bruken av tildelte midlar frå posten. Fylka er oppmoda om å vurdere om innsatsen er i tråd med eigne fastsette mål og resultatkrav, og om innsatsen vil føre til måloppnåing på lengre sikt. Alle fylke har rapportert om bruken av dei midlane fylket sjølv har disponert. Somme fylke har også rapportert om dei midlane SND (no Innovasjon Noreg) har forvalta. Rapportane gir ei oversikt over utfordringar og aktivitet i fylka. Ei oppsummering av den skriftlege rapporten frå kvart enkelt fylke følgjer som vedlegg. Fylkeskommunane har i økonomirapportane lagt ulike tolkingar til grunn for rapporteringa, og det kan derfor vere vanskeleg å samanlikne tala mellom fylke og over år.

#### *Oppsummering av fylkeskommunane si rapportering for 2003*

Allereie før ansvarsreforma blei innført, var det store variasjonar i bruken av verkemiddel mellom fylka. Årsaka er mellom anna ulik storleik på løyvingane til fylka og skilnader når det gjeld kva slags verkemiddel det er mogleg å nytte i ulike soner innanfor kvart av fylka. Med innføringa av ansvarsreforma i 2003 er det venta at variasjonane mellom fylka blir større, men tidlegare forpliktningar (fleirårige satsingar) vil gjere at det kjem til å ta nokre år før handlingsrommet regionalt blir nytta fullt ut. Rapportane frå 2003 viser at fylka ikkje har gjort radikale endringar i bruken av midlane frå 2002 til 2003. Verkemiddel for omstilling er prioriterte opp, og kommunale næringsfond er prioriterte på nytt, noko som mellom anna har ført til ei nedprioritering av bedriftsretta verkemiddel gjennom SND. Totalramma gjekk noko ned frå 2002 til 2003. Rapporten frå 2003 viser at bedriftsretta verkemiddel framleis utgjer den største delen av verkemidla til regional utvikling. Frå 2002 til 2003 har det skjedd mindre omprioriteringar mellom verkemiddel både innanfor dei midlane SND forvalta, og innanfor dei midlane fylkeskommunen sjølv forvalta. Etablerarstipend blei prioritert opp i 2003 i høve til 2002, medan forholdet mellom bedriftsutviklingstilskot og investeringstilskot ikkje blei vesentleg endra frå 2002. Størstedelen av dei midlane fylkeskommunen sjølv forvaltar, gjekk i 2003 til fysisk infrastruktur. Enkelttiltak innanfor fysisk

tilrettelegging kan gi store utslag på oversikta over bruken av midlar. Endringane i budsjettstrukturen frå og med 2003 gjer det elles vanskeleg å peike på endringar i prioriteringar mellom 2002 og 2003 når det gjeld tilretteleggjande satsingar. Viktige innsatsområde i fylkeskommunane si prioritering av midlane har i 2003 vore knytte til innovasjon, etablering, kompetanseutvikling og infrastruktur, noko som samsvarer med måla for posten. Mange av fylkeskommunane synleggjer innsatsen overfor kvinner og ungdom i rapporteringa til departementet.

Vanskane med å definere og avgrense omgrepet innovasjon gjenspeglar seg på mange måtar i rapporteringa frå fylkeskommunane. Medan enkelte fylkeskommunar (implisitt) har avgrensa innovasjonsomgrepet relativt strengt og tilsva-

rande rapporterer om ei spissa satsing på området, har andre valt å inkludere eit vidt spekter av satsingsområde innanfor den regionale innovasjonspolitikken. Enkelte satsingsområde ser likevel ut til å vere meir gjennomgåande enn andre. Det gjeld særleg:

- satsing på kompetanse og kompetanseutveksling (samarbeid mellom skole og næringsliv)
- fremming av entreprenørskapskultur (medrekna entreprenørskap i skolen)
- tilrettelegging for det ein noko snevert kan kalle innovasjonsinfrastruktur (næringshagar, inkubatorar, forskingsparkar med meir)
- bransjespesifikke satsingar, særleg retta mot marin sektor, olje- og gassektoren, landbruk og reiseliv

Tabell 3.30 Fylkeskommunane si fordeling av midlar mellom forvaltningsaktørar (i prosent)<sup>1</sup>

	Fylkes- kommune	Inter- reg	Kommunale næringsfond	LU <sup>2</sup>	SND	Totalt (pst.)	Total løyving <sup>3</sup> (mill. kr)	Totalt gitte tilsegner <sup>4</sup> (mill. kr)
Østfold	4	57	3	–	35	100	13,8	13,8
Akershus	38	5	–	–	57	100	5,5	5,5
Oslo	11	–	–	–	89	100	5,5	5,5
Hedmark	31	17	6	–	47	100	71,8	71,8
Oppland	39	–	5	–	56	100	55,4	54,3
Buskerud	35	–	–	–	65	100	17,5	17,5
Vestfold	56	–	–	–	44	100	5,5	5,5
Telemark	42	–	–	–	58	100	43,3	43,3
Aust-Agder	36	–	12	–	52	100	12,1	12,1
Vest-Agder	56	–	–	–	44	100	14,3	14,3
Rogaland	27	–	–	–	73	100	19,6	19,6
Hordaland	51	–	–	–	49	100	66,6	65,4
Sogn og Fjordane	37	–	5	–	57	100	64,7	64,7
Møre og Romsdal	28	–	13	–	59	100	78,1	77,0
Sør-Trøndelag	18	12	6	–	64	100	67,2	64,3
Nord-Trøndelag	24	3	9	6	58	100	86,4	78,0
Nordland	32	2	3	3	60	100	200,1	200,1
Troms	21	1	9	4	65	100	128,1	116,3
Finmark	44	5	12	3	36	100	112,0	112,0
Totalt (pst.)	32	4	6	2	56	100		0
Totalt (mill. kr) <sup>4</sup>	338,2	41,7	63,9	18,7	578,5		1067,5	1041,0 <sup>5</sup>

<sup>1</sup> Prosenttala i tabellen er baserte på gitte tilsegner i 2003 (ikkje på samla løyving). Det er noko uvisse omkring tala.

<sup>2</sup> LU: Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag

<sup>3</sup> Frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane

<sup>4</sup> Frå fylkeskommunen til ulike aktørar og enkelttilsegner gitt frå fylkeskommunane (basert på rapportar frå fylkeskommunane)

<sup>5</sup> Summen av gitte tilsegner er om lag 26,5 mill. kr mindre enn den totale løyvinga. Det kan kome av at somme fylkeskommunar har sett av midlar til større prosjekt. Til dømes har Nord-Trøndelag sett av midlar til å imøtekome søknader om store tilskot til investeringsprosjekt og bedriftsetableringar i enkeltkommunar. Mindreforbruket i Troms kjem av at fleire Interreg-prosjekt ikkje er blitt effektuerte i tilsegner fordi prosjekta ikkje var ferdigbehandla i Sverige, av at det i samband med andre prosjekt ikkje blei avklart samfinansiering med andre finansørar før årsskiftet, og av at igangsetjinga av fleire store program blei for- seinka (m.a. gjeld det prosjekt innanfor reiseliv, petroleumsverksemd og marin verdiskaping).

Tabell 3.30 viser fylkeskommunane si fordeling av midlar mellom ulike verkemiddelaktørar. SND var den største forvaltaren av verkemiddel over budsjettposten med 578 mill. kr. Dette indikerer at fylkeskommunane prioriterer bedriftsretta verke- middel. Løyvinga til SND har likevel gått ned frå om lag 745 mill. kr i 2002, da totalramma var noko høgre. Oversikta viser også at enkelte av fylkes- kommunane har prioritert kommunale nærings- fond, ei ordning som var utan løyving i 2002. Løy- vingane til LU (Landsdelsutvalet) er noko redu- serte. Prioriteringane mellom ulike aktørar og

formål varierer sterkt mellom fylka. Dette er dels eit resultat av storleiken på løyvinga, men har òg samanheng med regionale prioriteringar og kva for støtteordningar som er moglege å nytte i dei ulike regionane. Fylkeskommunane forvalta sjølve om lag 32 pst. av midlane. Nærare opplysningar om bruken av desse midlane er å finne i tabell 3.31 nedanfor. SND sin aktivitet i 2003, programsatsin- gane i Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord- Trøndelag, Kommunale næringsfond og Interreg IIIA blir omtalte samla nedanfor.

Tabell 3.31 Fordeling av fylkeskommunane sin del av midlar frå kap. 551, post 60 på ulike formål (i prosent av midlar forvalta av fylkeskommunane)

	Kompetanse	Omstilling	Tilrettelegging for entreprenørskap og nyetablering	Tilrettelegging for innovasjon og innovasjonssystem	Fysisk tilrettelegging	Anna	Totalt
Østfold	–	–	–	77	–	23	100
Akershus	7	–	55	38	–	–	100
Oslo	38	–	–	62	–	–	100
Hedmark	27	41	11	5	12	4	100
Oppland	6	25	2	1	9	56	100
Buskerud	1	41	–	12	31	15	100
Vestfold	34	–	10	29	–	28	100
Telemark	30	–	2	1	29	38	100
Aust-Agder	5	17	21	7	23	28	100
Vest-Agder	8	10	16	10	40	16	100
Rogaland	16	33	10	7		34	100
Hordaland	5	29	3	–	7	56	100
Sogn og Fjordane	19	13	–	2	4	62	100
Møre og Romsdal	10	15	7	5	50	13	100
Sør-Trøndelag	12	5	6	1	70	6	100
Nord-Trøndelag	4	47	6	2	33	7	100
Nordland	4	14	5	9	48	20	100
Troms	26	5	4	18	41	7	100
Finnmark	–	13	40	1	37	10	100
Totalt	10	18	10	6	30	25	100
Sum totalt (mill. kr)	35,4	61,9	35,3	18,9	102,8	83,9	338,2

Fleire fylkeskommunar har prosjekt som det er vanskeleg å kategorisere under dei oppgitte formåla. Kategorien «anna» inneheld derfor også prosjekt der formålet ligg i skjæringspunktet mellom fleire av kategoriane. Ifølgje rapporteringa om bruken av dei midlane fylkeskommunane sjølve forvaltar, er fysisk tilrettelegging det formålet som blir prioritert høgst. Tiltak innanfor fysisk tilrettelegging har ofte fått større løyvingar enn andre tilretteleggjande tiltak, og dette kan gi store utslag i oversikta. Elles blir tilrettelegging for entreprenørskap og nyetableringar prioritert høgt i fleire fylke.

#### SND (no Innovasjon Noreg)

I 2003 mottok SND til saman 578 mill. kr frå fylkeskommunane. Tilsegnene frå SND fordelte seg på

distriktsretta risikolån med 295 mill. kr (tapsfond 89 mill. kr), distriktsutviklingstilskot med 395 mill. kr (av dette bedriftsutviklingstilskot med 282 mill. kr og investeringstilskot med 113 mill. kr) og etablerarstipend med 103 mill. kr (inkludert nettverkskredittordninga). Samanlikna med 2002 er den delen som gjekk til bedriftsutviklingstilskot, noko redusert i forhold til det som gjekk til investeringstilskot. Dette kjem mellom anna av at programsatsingar no utgjer ein mykje mindre del av distriktsutviklingstilskotet, som følgje av at dette blir kanalisert gjennom budsjettposten «Nasjonale tiltak for regional utvikling». I 2003 blei berre 11,3 mill. kr nytta til program, noko som svarer til 3 pst. av distriktsutviklingstilskotet.

Tabell 3.32 Fordeling av distriktsutviklingstilskot, etablerarstipend og risikolån på fylke


Fylke	Folketal 1.1.2003	Distriktsutviklings- tilskot	Etablerarstipend	Risikolån
Østfold	255 122	995 000	2 715 000	
Akershus	483 283	0	3 169 000	
Oslo	517 401	0	4 178 000	
Hedmark	188 281	24 658 243	4 786 862	5 700 000
Oppland	183 582	16 616 530	8 628 173	4 600 000
Buskerud	241 371	7 715 466	3 265 000	1 000 000
Vestfold	218 171	0	2 740 000	
Telemark	165 855	16 879 000	4 746 000	10 250 000
Aust-Agder	103 195	3 890 000	2 375 000	
Vest-Agder	159 219	1 538 500	4 161 800	820 000
Rogaland	385 020	7 107 025	5 381 000	5 750 000
Hordaland	441 660	11 940 000	12 983 000	8 090 000
Sogn og Fjordane	107 274	23 501 500	4 957 800	23 000 000
Møre og Romsdal	244 309	31 789 080	4 298 194	31 395 170
Sør-Trøndelag	268 188	24 458 500	7 000 000	21 540 000
Nord-Trøndelag	127 610	31 654 500	6 149 000	19 431 000
Nordland	236 950	81 989 221	9 918 000	83 427 450
Troms	152 247	55 332 624	7 499 750	61 967 000
Finnmark	73 514	30 407 319	3 956 000	18 507 000
Svalbard		113 000 <sup>1</sup>		
Uspesifisert		24 407 120 <sup>2</sup>		
Sum		394 992 628	102 907 579	295 477 620

<sup>1</sup> Midlane gikk til ONYX Norway AS til eit prosjekt knytt til avfallsbehandling i arktiske strøk. Tilsegna blei behandla av SND Troms.

<sup>2</sup> Midlane blei nytta til fylkesovergripande prosjekt.

Tabell 3.32 viser fordelinga av distriktsutviklingstilskot, etablerarstipend og distriktsretta risikolån mellom fylka. Tala er til dels avhengige av storleiken på løyvingane til dei enkelte fylka.


Vidare er tala avhengige av i kor stor grad fylkeskommunane har prioritert bedriftsretta verkemiddel gjennom SND i 2003. Av etablerarstipenda har 38 pst. gått til kvinner.



Figur 3.4 Oversikt over bruken av distriktsutviklingstilskot og risikolån fordelt på verkemiddelssonene A, B og C og på soneoverskridande prosjekt i åra 2000–2003

Figur 3.4 viser ei oversikt over risikolån og distriktsutviklingstilskot fordelt på verkemiddelssonene A, B og C og på soneovergripande prosjekt. Figuren viser at det framleis er ein nedgang for den delen av verkemidla som blir nytta i sone A, medan større delar av verkemidla enn i tidlegare år

blir nytta i sone B og C. Trenden med redusert prosentdel til sone A kjem i hovudsak av at investeringane i marin sektor har felle kraftig på grunn av krisa i fiskerisektoren. Prosentdelen som gjekk til soneoverskridande prosjekt, gjekk ned i 2003, etter å ha auka i dei siste åra.




Figur 3.5 Prosent av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot nytta til kompetanseheving i åra 2000–2003

Figur 3.5 viser at den delen som har gått til tiltak for kompetanseheving, har gått noko ned samanlikna med 2002. Nedgangen har samanheng med at det er relativt færre prosjekt innanfor produkt- og prosessutvikling, som er dei investeringsartane som i stor grad verkar inn på kompetansein-

dikatoren. Nedgangen i prosentdelen av distriktsutviklingstilskot til kompetansehevande tiltak må relaterast til at ein del av dei kompetansehevande programløyvingane ikkje er ein del av bedriftsutviklingstilskotet etter ansvarsreforma, men er inkludert i budsjettposten «Nasjonale tiltak for regional

utvikling». Prosentdelen av bedriftsutviklingstilskot som gjekk til kompetansehevande tiltak, varierte sterkt frå fylke til fylke. Hordaland, Telemark og Oppland er dei fylka der prosentdelen som

gjekk til kompetansehevande tiltak var høgst. Dette er i tråd med målsetjingane for fylkeskommunane i desse fylka.



Figur 3.6 Prosentdel av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot (investeringstilskot og bedriftsutviklingstilskot) nytta til innovasjon (nyskaping, omstilling og etableringar) i åra 2000–2003

Figur 3.6 viser at den delen som er nytta til innovasjon, har gått noko opp både for tilskot og for lån. Endringa er ikkje stor, men den delen av verkemidla som går til desse formåla, ligg særst høgt.

Innanfor verkemiddelet distriktsretta risikolån var den delen som gjekk til innovasjon, på 75 pst. i 2003 (2002: 73 pst.). Av desse lånetilsegnene er 46 pst. gitt til nyetableringar, 26 pst. til nyskaping i eksisterande verksemdar og 28 pst. til omstilling.

Innanfor bedriftsutviklingstilskot blei 64 pst. av dei løyvde midlane gitt til innovasjonsprosjekt. Av desse midlane utgjorde løyvingar til nyetableringar (38 pst.) og nyskaping i eksisterande verksemd (53 pst.) størstedelen. Av nyetableringane er det næringsgruppene «forretningsmessig tenesteyting» og «maskinar/utstyr» som er dei største, med høvesvis 22 og 10 pst. av løyvingane.

Mange bedrifter innoverer gjennom fysiske investeringar. Spesielt har dette vore tilfellet innanfor råvarebasert industri. 85 pst. av SND sine løyvingar til investeringstilskot blei gitt til innovative prosjekt i 2003 (97 mill. kr). Til samanlikning blei 84 pst. av løyvingane til investeringstilskot i 2002 gitt til innovasjonsfremmande tiltak. Mellom dei innovasjonsfremmande prosjekta som blei støtta gjennom investeringstilskot, utgjorde nyetableringar 45 pst., nyetablering i eksisterande verksemdar 33 pst. og omstilling 21 pst.

I 2004 blei det presentert ei kundeundersøking av dei verkemidla SND nytta i 2000. Denne etterundersøkinga viser at Kommunal- og regionalde-

partementet sine verkemiddel i stor grad verkar etter føresetnadene. Dei distriktsretta verkemidla verkar utløyysande for bankfinansiering og fremmar kompetanseheving, innovasjon og samarbeid på linje med, eller i sterkare grad enn, andre verkemiddel i SND.

Distriktsretta risikolån har i relativt stor grad medverka til å utløyse bankfinansiering. Verkemiddelet medverka i stor grad til kompetanseheving, innovasjon og samarbeid med andre verksemdar. Distriktsretta risikolån blir skildra som eit viktig verkemiddel for å skape sysselsetjing. Distriktsutviklingstilskot verkar i stor grad positivt på kompetansutviklinga i mottakarverksemdene. Prosjekta verkar positivt på mottakarverksemdene si lønsom og overleving. Etablerarstipendet er eit verkemiddel som skal stimulere til auka etableringsverksemd for å skape fleire varige og lønsame arbeidsplassar. Verkemiddelet blir nytta over heile landet. Undersøkinga viser at etablerarstipend er eit kostnadseffektivt verkemiddel for å skape sysselsetjing. Det blir stilt spørsmål ved om ikkje auka enkeltløyvingar kan gjere verkemiddelet enda meir effektivt.

I samband med etableringa av Innovasjon Noreg (1. januar 2004) blei det i 2004 utarbeidd eit nytt mål- og resultatstyringssystem. I samband med dette skal det utviklast eit opplegg for kundeundersøkingar som også inkluderer programverksemda i selskapet.



### Interreg IIIA

Målet med Interreg-programma er å fremme regional utvikling gjennom sosialt og økonomisk samarbeid over landegrensene. Det er viktig at fylkeskommunane forankrar deltakinga i Interreg i anna internasjonalt regionalt utviklingsarbeid. Noreg deltek i tre grenseregionale program (Interreg IIIA): Nord-programmet, Kvarken-Midtskandinavia-programmet og Noreg-Sverige-programmet. Midlar til norsk finansiering av Interreg IIIA er desentraliserte til dei deltakande fylkeskommunane over kap. 551, post 60, med unntak av Sameetinget si deltaking i IIIA, som blir finansiert over kap. 552, post 72.

Fylkeskommunane fekk i 2003 på grunnlag av skjønnskriterium tildelt i alt 43,1 mill. kr til å dekkje statleg medfinansiering i Interreg IIIA-prosjekt. Rapporteringa viser at det er brukt i alt 41,7 mill. kr, inkludert regionale bidrag frå fylkeskommunane over kap. 551, post 60. Mindreforbruket kjem mellom anna av forseinkingar i avklaring av innkomne saker. Noko av midlane blei derfor overført til 2004.

Det er gjennomgåande svært stor interesse for programma. I samband med deltakinga i Interreg har ein frå norsk side lagt ned mykje arbeid for å bli akseptert som likeverdig partner. Dette har Noreg fått aksept for, mellom anna som følge av at vi går inn med nasjonale midlar i programma. Det har vore gjennomført midtvegsevalueringar for alle tre programma i Interreg IIIA. Evalueringane viser at gjennomføringa av programmet og utvalet av prosjekt fungerer bra. Endringar og forbetringar som blei føreslått i evalueringa, er innarbeidde i programkomplimentet for dei ulike programma. Det er elles for tidleg å seie noko om effekten av programma.

### Kommunale næringsfond

Støtteordninga med overføring frå statsbudsjettet til kommunale næringsfond (kap. 550 post 61) blei avvikla frå og med budsjettåret 2002. I samband med endring av budsjettstrukturen og ansvarsreforma er det opp til kvar enkelt fylkeskommune om ein ønskjer å tildele kommunar midlar til kommunale næringsfond. I 2003 blei det av ramma på kap. 551 post 60 gitt til saman 63,91 mill. kr. til kommunale næringsfond. Til samanlikning blei det i 2001 overført totalt 93,14 mill. kr.

### Landsdelsutvalet

Landsdelsutvalet (LU) er det regionale fellesorganet for fylkeskommunane Finnmark, Troms, Nord-

land og Nord-Trøndelag. Grunnlaget for arbeidet i Landsdelsutvalet er det fireårige programmet «Det Grønne Arktis», der det næringsretta arbeidet er konsentrert om tre programområde: 1) kultur- og naturbasert reiseliv, 2) fiskeri og næringsmiddelproduksjon og 3) industri, energi og kommunikasjon. Totalt disponerte Landsdelsutvalet 18,7 mill. kr. i 2003, mot 24 mill. kr. i 2002.

### Rapport for 1. halvår 2004

Fylka har også rapportert om fordeling av rammene i 2004, jf. tabell 3.33. Tala så langt viser at Innovasjon Noreg er tildelt om lag 542 mill. kr (tilskot, risikolån, etablerarstipend og regional finansiering av program), noko som er ein nedgang frå om lag 578 mill. kr i 2003, da også Oppland var omfatta av tala. Når det gjeld Oppland, er ramma i 2004 overført til kap. 551, post 64 (sjå eigen omtale).

Tabell 3.33 Førebels fordeling av rammer i 2004

	(i mill. kr)	
	Sum 2004	Pst.
Innovasjon Noreg	542,3	52
Fylkeskommunane (tilrettelegging)	225,0	22
Omstilling <sup>1</sup>	139,9	14
Kommunale næringsfond	63,4	6
Interreg IIIA	47,7	5
LU	15,0	1
<b>Totalt<sup>2</sup></b>	<b>1 033,2</b>	<b>100</b>

<sup>1</sup> Inkludert 55 mill. kr i tilleggsløyving til omstilling i Sogn og Fjordane, løyvt i revidert nasjonalbudsjett.

<sup>2</sup> Løyvinga til Oppland er ikkje inkludert, da midlane til Oppland inngår i forsøket «Fritt fram» over kap. 551, post 64.

I samband med behandlinga i Stortinget av revidert nasjonalbudsjett for 2004 blei det løyvt midlar til ein tiltakspakke til Sogn og Fjordane. Det er løyvt til saman 100 mill. kr til ein tiltakspakke til Årdal og Høyanger, der 50 mill. kr er løyvt over revidert nasjonalbudsjett for 2004 og resten blir løyvt i samband med statsbudsjettet for 2005. I tillegg er det løyvt 5 mill. kr som skal brukast til oppstarting av det ekstraordinære omstillingsarbeidet i Høyanger, Årdal og Flora. Det blir lagt til grunn at Innovasjon Noreg og SIVA deltek aktivt i arbeidet med omstillinga i Årdal, Høyanger og Flora.

SND (no Innovasjon Noreg) hadde i 2002/2003 større tap på den distriktsretta risikolåneordninga enn i tidlegare år. Hausten 2003 og vinteren 2004

arbeidde ei arbeidsgruppe nedsett av Nærings- og handelsdepartementet med problemstillingar knytte til korleis ein skulle unngå ein tapsituasjon som den som oppstod i 2002/2003, der tapsfonda ikkje lenger dekte risikoen i porteføljen. Konklusjonen frå arbeidsgruppa blei at risikolån frå 2004 skal vere baserte på dette prinsippet: Kwart engasjement skal gi eit bidrag til eit nasjonalt tapsfond, der bidraget til tapsfondet skal samsvare med risikoen i enkeltengasjementet. Når det oppstår tap, skal det, uavhengig av tidlegare bidrag, trekkjast frå det nasjonale tapsfondet for å dekkje Innovasjon Noreg sitt innlån. For å unngå situasjonar med behov for store etterfyllingar av tapsfonda skal Innovasjon Noreg kvart år vurdere risikoen i restporteføljen opp mot storleiken på tapsfondet i forhold til restporteføljen. Dersom avviket er på –10 prosentpoeng, skal fondet etterfyllast heilt til avviket er på maksimalt 10 prosentpoeng. Når avviket mellom kalkulert risiko og storleiken på tapsfondet er på meir enn –5 prosentpoeng, skal løyvande styresmakter varslast. Dersom avviket er på meir enn +10 prosentpoeng, kan Innovasjon Noreg redusere tapsfondet heilt til avviket er på +10 prosentpoeng. Desse midlane kan så nyttast til nye tilsegner.

#### Budsjettforslag for 2005

For 2005 føreslår regjeringa ei løyving på 1 012 mill. kr over kap. 551, post 60. Løyvinga blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Midlane blir desentraliserte til fylkeskommunane som regionale folkevalde organ. Tiltak som får støtte over posten, må vere i tråd med mål og strategiar i fylkesplanen og handlingsprogrammet i fylkesplanen. Innanfor måla i regional- og distriktpolitikken, måla for løyvinga under dette kapitlet og gjeldande retningslinjer står fylkeskommunane elles svært fritt til å prioritere ulike program og tiltak. Når det gjeld Interreg IIIA, vil fylkeskommunar som har sekretariatsfunksjonar, få stilt midlar til disposisjon slik at dei i størst mogleg grad kan oppfylle forpliktingane til statleg medfinansiering av Interreg IIIA. Slik medfinansiering skal skje i samråd med andre fylkeskommunar som deltek i programmet. Fylkeskommunane skal, i samarbeid med den regionale partnerskapen, fordele midlane på ulike formål og verkemiddelaktørar og fastsette resultatkrav.

Det setjast av 50 mill. kr over budsjettposten til ein tiltakspakke for å møte dei store omstillingsutfordringane særleg i Årdal og Høyanger. Tilleggs-løyvinga er ei oppfølging av budsjettavtalen i samband med revidert budsjett for 2004, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

Når det gjeld Oppland, sjå postomtale på kap. 551, post 64.

#### **Post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, kan overførast, kan nyttast under kap. 551, post 70**

Posten var ny i 2004.

#### Mål

Målet med midlane er å få til ein særskild næringsretta innsats i område som fekk auka arbeidsgivaravgift frå og med 2004. Innsatsen skal medverke til å fremme målet om å sikre busetnad i alle delar av landet, og med utgangspunkt i dei spesielle utfordringane og ressursane som finst i kvar region, ta ut det verdiskapingspotensialet som finst der. Midlane skal gå til tiltak som kan gi varige, positive effektar for næringslivet og regionane.

#### Strategiar

Innretting av den særskilde innsatsen i kvart fylke skal utformast i samarbeid med fylkeskommunane og dei regionale partnerskapane i form av handlingsplanar. Næringslivet skal ha ein sentral plass i dette samarbeidet. Det er lagt til grunn at midlane kan nyttast innanfor ulike sektorar og område, til dømes samferdsel, digital infrastruktur, FoU og nyskaping, kompetanseheving, samarbeid mellom skole og næringsliv, næringsretta program i regi av verkemiddelapparatet, eller andre tiltak som kan gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønnsamt. Midlane kan ikkje nyttast til finansiering av investeringar i, eller til ordinær drift av, fylkeskommunale eller kommunale tenester eller kommunal tenesteproduksjon.

#### Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tiltak i dei områda som får auka arbeidsgivaravgift og ikkje får kompensert dette gjennom andre ordningar. Kostnadsauken i kvart område vil vere utgangspunkt for den geografiske fordelinga av midlane. I tilfelle der ein ikkje blir samd om den geografiske fordelinga av midlane, må departementet ta endeleg avgjerd om det geografiske nedslagsområdet. Det vil òg bli teke omsyn til storleiken på transportstøtta som tilfelle kvart enkelt fylke. Midlane blir tildelte basert på handlingsplanar som er utarbeidde regionalt. Handlingsplanane skal sendast til departementet for godkjenning. Ved behandlinga av handlingsplanane legg departementet særleg vekt på at

næringslivet har spelt ei sentral rolle i dei regionale prosessane. Det er ein føresetnad at næringslivet sluttar seg til forslaga. Departementet ser det derfor som eit mål at det er størst mogleg semje om dei tiltaka som er omtalte i handlingsplanen. Bruken av midlane må også skje innanfor dei rammene som er sette i regelverket om offentleg støtte etter EØS-avtalen. Dersom forslag til tiltak i handlingsplanane står i strid med dette regelverket, utløyer det ei notifikasjonsplikt til ESA. Ein eventuell motstrid mellom tiltak og statsstøttereglane får som konsekvens at midlane ikkje kan utbetalast før det har kome til ei avklaring med ESA. Utbetalingar som er gjorde i strid med statsstøtteregelverket, kan krevjast tilbakebetalte frå mottakaren av støtta.

Forvaltning av midlane kan bli lagt til fylkeskommunar, kommunar, verkemiddelapparatet, Kommunal- og regionaldepartementet, andre departement eller andre aktørar, alt etter kva typar av tiltak som blir prioriterte i kvar region. Ramma kan også nyttast til å finansiere utgreiings- og evalueringsoppgåver som fell inn under formålet med posten.

### Oppfølging og kontroll

Departementet godkjende handlingsplanane for 2004 frå alle fylka i juli. I første halvår 2005 skal dei regionale partnerskapane lage reviderte handlingsplanar for bruken av midlane. Kommunal- og regionaldepartementet føreset at fylkeskommunane koordinerer prosessane og syter for å sende ferdige planar til departementet. Handlingsplanane skal ta utgangspunkt i nasjonale mål for posten og dei handlingsplanane som låg til grunn for tildeling av midlar for 2004. Tildeling av midlar vil først skje når departementet har behandla planane og eventuelt gjennomført ein dialog med partane i fylka om føreslåtte planar og tiltak. Det vil ikkje bli utarbeidd nærmare spesifiserte, nasjonale mål- og resultatkrav for denne budsjettposten utover dei krava som er nemnde i tilsegnsbrevet. Budsjettproposisjonen inneheld derfor ikkje operative og konkrete delmål som kan etterprøvast. Forvaltarar av midlane skal årleg sende ein økonomirapport om faktisk bruk av midlane til departementet. Rapporten skal innehalde oversikt over korleis tildelte midlar fordelar seg på oppsette kategoriar. I tillegg skal forvaltarane gi ein kortfatta rapport om korleis dei gjennomførte og planlagde tiltaka samsvarer med dei fastsette måla i handlingsplanen. Avvik skal rapporterast særskilt. Der det er vanskeleg å seie noko om måloppnåing på kort sikt, skal det gjerast greie for forventta resultat på lengre sikt.

EU er i gang med ein revisjon av statsstøtteregelverket. Nytt regelverk vil gjelde frå 1.1.2007 og kan innebere endringar i forhold til den noverande ordninga. Dette kan også få følgjer for innrettinga av dei næringsretta utviklingsmidlane. Kommunal- og regionaldepartementet legg derfor opp til at den sentrale godkjenningfunksjonen blir liggjande i departementet fram til denne omlegginga er gjennomført og nytt regelverk ligg føre.

### Rapport for 1. halvår 2004

#### Prosess

Det har vore ei brei lokal mobilisering og forankring i utarbeidinga av planane. I alle fylka har det vore lokale prosessar, anten i regi av regionråd eller i regi av andre grupperingar, som har resultert i lokale/regionale planar. I dei fleste fylka er det etablert ei sentral styringsgruppe som har gjennomgått og arbeidd med dei lokale innspelane. Dette er i tråd med dei føringane Kommunal- og regionaldepartementet har gitt. Næringslivet har spelt den sentrale rolla i alle fylke ved at det i dei fleste fylka er NHO som har leidd arbeidet. Næringslivet har i stor grad vore i førarsetet også på lokalt og regionalt plan, mellom anna ved at mange enkeltbedrifter som fekk meirutgifter i samband med auka arbeidsgivaravgift, er blitt trekte inn i arbeidet. Medverknaden frå kommunane varierer noko, men i dei fleste fylka er dei blitt involverte anten direkte eller gjennom representasjon i regionråda. Fylkeskommunen har teke på seg sekretariatsansvaret og koordineringsrolla i alle fylka. I somme fylke har handlingsplanane også vore til politisk behandling i fylkesutvalet. Behandlinga har hatt ein rådgivande karakter.

I dei godkjende handlingsplanane for 2004 er det særleg prioritert tiltak innanfor samferdsel, bedriftsutvikling, digital infrastruktur, kompetanseutvikling og marknadsføring.

#### Fylkesvis fordeling av utviklingsmidlane

Stortinget har gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 2004 sett av 500 mill. kr til næringsretta utviklingstiltak i dei regionane som er omfatta av omlegginga av den differensierte arbeidsgivaravgifta. I samband med revidert statsbudsjett blei ramma oppjustert med ytterlegare 10 mill. kr, slik at det for 2004 totalt er sett av 510 mill. kr på budsjettposten. Av dette er 295 mill. kr sett av som løyving for 2004, medan 215 mill. kr er gitt som tilsegnfullmakt.

Kostnadsauken for kvart fylke blei lagd til grunn for den fylkesvise fordelinga av dei næringsretta utviklingsmidlane. På grunn av prinsippet om

at ingen område skal få tildelt meir i form av kompensasjonstiltak enn dei totalt sett får i kostnadsauke, må det i fordelinga av dei næringsretta utviklingsmidlane takast omsyn til at somme fylke også blir kompenserte gjennom den nasjonale transportstøtteordninga (sjå eigen omtale av ordninga under omtalen av kap. 551, post 70).

Tabell 3.34 Oversikt over korleis kostnadsauken og dei næringsretta utviklingsmidlane fordeler seg på dei ulike fylka

Fylke	(mill. kr)	
	Total kostnadsauke	Næringsretta utviklingstiltak
Hedmark	40,8	26,0
Oppland	37,5	23,0
Buskerud	19,1	15,0
Telemark	28,6	22,0
Aust-Agder	11,2	8,8
Vest-Agder	4,4	3,5
Rogaland	21,3	16,7
Hordaland	55,1	40,0
Sogn og Fjordane	90,9	39,0
Møre og Romsdal	73,8	20,0
Sør-Trøndelag	31,5	10,0
Nord-Trøndelag	26,6	8,0
Nordland	172,1	99,0
Troms	97,1	64,0
Sum	710,0	395,0

Den totale kostnadsauken blei oppjustert til 710 mill. kr i samband med revidert budsjett og er runda av for kvart fylke. Tilsegnsdelen av løyvinga på posten blei auka med 10 mill. kr i samband med revidert budsjett, og desse midlane vil òg bli fordelte til næringsretta utviklingstiltak. I tillegg til dei 395 mill. kr i tabellen ovanfor er det sett av 100 mill. kr til bransjetiltak og 200 mill. kr til transportstøtteordninga, sjå kap. 551, post 70. I tillegg er det sett av 5 mill. kr til administrasjon av transportstøtteordninga og ein følgjestudie av arbeidet med dei næringsretta utviklingstiltaka.

I samband med behandlinga i Stortinget av statsbudsjettet for 2004 blei regjeringa beden om å vurdere om det er mogleg å utforme tiltak som i større grad når bransjar som får lita nytte av dei ulike kompensierende tiltaka. Kommunal- og regio-

naldepartementet har derfor førebels sett av 100 mill. kr av den totale ramma til ein eventuell bransjeretta pott. Både fylka og det nasjonale verkemiddelapparatet er blitt bedne om å kome med innspel om bransjeretta program som det kan vere ønskjeleg å etablere. Omfanget av og innhaldet i eventuelle bransjeretta program vil bli avklart i løpet av hausten. Dersom fylka ikkje har innspel på bransjevise satsingar, vil også dei resterande midlane bli fylkesvis fordelte etter same fordelingsnøkkel som tidlegare er lagd til grunn, jf. tabell 3.34.

#### Følgjestudie

Kommunal- og regionaldepartementet har engasjert ekstern hjelp for å følge arbeidet rundt dei næringsretta utviklingsmidlane. Det blir lagt vekt på at følgjestudien skal medverke til auka læring og erfaringsutveksling og vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å vidareutvikle dei regionale handlingsplanane. Slik sett kan studien fungere som eit korrektiv for det arbeidet som er i gang regionalt. Følgjestudien vil ha eit treårig perspektiv og vare fram til og med 2006.

#### Budsjettforslag for 2005

For 2005 føreslår regjeringa ei løyving på 755 mill. kr over kap. 551, post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. Talet inkluderer midlar til å dekkje tilsegnsmakta frå 2004 på 215 mill. kr, som allereie er disponert i 2004, men som først kjem til utbetaling i 2005. Kommunal- og regionaldepartementet har i tillegg fått ei tilsegnsmakt for 2005 på 255 mill. kr. til formålet, jf. forslag til romartalsvedtak VI om tilsegnsmakt. Departementet kan såleis disponere 795 mill. kr til formålet i 2005.

Midlane vil bli gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Tiltaka vil kunne strekkje seg over fleire år. Budsjettposten må sjåast i samband med den nye nasjonale transportstøtteordninga, kap. 551, post 70.

#### Post 64 Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune

Posten er oppretta i samband med forsøket «Fritt fram» i Oppland, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (2003–2004).

#### Mål

Målet med forsøket er å fornye det regionale utviklingsarbeidet ved

- å betre målrettinga og auke fleksibiliteten i bruken av regionale verkemiddel for å auke regionen sitt bidrag til verdiskaping og velferd
- å styrkje dei folkevalde organa regionalt og lokalt

#### Tildelingskriterium

Fylkestinget prioriterer og fordeler midlane. Grunnlaget for prioriteringane kjem fram gjennom eit regionalt handlingsprogram utarbeidd i ein forpliktande partnerskap mellom kommunane regionsvis, Aetat, landbruks- og miljøavdelingane hos Fylkesmannen og næringslivet. Forpliktande partnerskap, der partane deltek med arbeidsinnsats og økonomiske ressursar, vil gi ei betre lokalt og regional forankring av den samla verksemda i fylket. Målet er at tenesteproduksjon og regionale utviklingstiltak saman skal fungere som ein heilskap og gi enda meir kraft i det regionale arbeidet innanfor dei fagområda som inngår i forsøket.

Når ramma til ulike formål er fastsett, blir ho overført til dei forvaltningsaktørane som skal stå for gjennomføringa. Midlane blir forvalta i tråd

med gjeldande forskrifter og retningslinjer, og det blir rapportert om bruken på vanleg måte. Saman med ramma vil det kunne følgje med regionale føringar, innanfor nasjonale mål, som ei regional tilpassing av verkemiddelbruken. Regionale aktørar må derfor sjå både på nasjonale og på regionale føringar.

#### Tilskot utan tilbakebetaling – rundsumtilskot

Midlane til fylkeskommunen blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Det inneber at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av i kva år tilsegna er gitt.

Fylkeskommunen får fullmakt til å fastsetje i kva år tilsegn skal givast, og kor lenge ei tilsegn skal gjelde, til å behandle søknader om forlenging av tilsegner og til å løyve unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

#### Rapport for 1. halvår 2004

Desse departementa løyver midlar til forsøket:

Tabell 3.35 Samla løyvingar til «Fritt fram» i 2004

Dep.	Kap.	Post	Nemning	(i 1 000 kr)
UFD	281	01	Driftsutgifter	1 500
LD	1149	50	Tilskot til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 000
MD	1426	31	Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde	300
MD	1427	74	Tilskot til friluftslivstiltak	150
MD	1429	72	Vern og sikring av freda og verneverdige bygningar og anlegg	1 800
AAD	1594	70	Ordinære arbeidsmarknadstiltak	2 000
AAD	1594	71	Spesielle arbeidsmarknadstiltak	18 000
NHD	2421	50	Nyskaping, fond	2 000
KRD	551	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling	56 900 <sup>2</sup>
KRD	551	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	1
Sum				83 650

<sup>1</sup> Midlane til Oppland frå kap. 551, post 61 inngår i forsøket, men ikkje i kap. 551, post 64.

<sup>2</sup> Tildelinga til Oppland fylkeskommune er justert i tråd med fullmakt til omdisponering jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (03-04).

Oppland fylkeskommune har fordelt ramma på desse tiltaka/ aktørane: Innovasjon Noreg har fått 18 mill. kr til bedriftsutviklingstiltak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet, 6,3 mill. kr til etablerarstipend, 3,2 mill. kr til landsdekkjande innovasjonstilskot og 1,8 mill. kr til nasjonale program. Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har fått

0,9 mill. kr, Miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen 0,405 mill. kr og Aetat 20 mill. kr. Innanfor feltet læring og kompetanse er Høgskolen i Hedmark tildelt 0,9 mill. kr, Høgskolen i Gjøvik 0,405 mill. kr og Høgskolen i Lillehammer 0,142 mill. kr. Fylkeskommunen har også fordelt 2,25 mill. kr til kommunale næringsfond, medan 6,5 mill. kr er gitt som

partnerskapsmidlar til regionane. Regionar med omstillingsutfordringar er tildelt 4,5 mill. kr. 3,6 mill. kr er nytta til fellesoppgåver innanfor reiseliv og 1,6 mill. kr til sikring av verna og freda bygningar og anlegg, medan Universitetet i Innlandet har fått 1 mill. kr. Fylkeskommunen har sett av 8,4 mill. kr til tilrettelegging for næringsutvikling. Partnerskapsforumet har sett av ca. 10 pst. av ramma til utviklingsmidlar som aktørane har søkt om midlar frå. Dette har ført til at Aetat er blitt tilført 2 mill. kr til tiltak for ungdom som er arbeidsause og ikkje går på vidaregåande skole. Desse ungdommane blir gitt kvalifiseringstiltak og får dermed yrkespraksis i arbeidsmarknadsbedrifter. Dessutan er ramma til Innovasjon Noreg auka med 1,5 mill. kr som skal gå til næringsutvikling i sentrale strøk. I tillegg er det omfordelt midlar til Miljøperspektivet (Pilegrimsleden, nasjonalparksat-

sing og byggjeskikk), til prosjekt vedrørande desentralisert høgskoleutdanning, til kulturlandskap av regional, nasjonal og internasjonal verdi i Oppland og til prosjektet «Kompetanseheving innanfor temaet Folkehelse». Omfordelingane er gjorde ut frå eit ønske om regional tilpassing av verkemidla. Prosjekta som er valde ut, representerer vilje til satsing på spesifiserte område.

#### Budsjettforslag for 2005

For 2005 føreslår regjeringa ei løyving på 76,8 mill. kr over kap. 551, post 64. Løyvinga blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Midlane blir desentraliserte til fylkeskommunen som regionalt folkevalt organ. Bruken av midlane skal skje ut frå ei prioritering i det regionale partnerskapsforumet.

Tabell 3.36 Samla løyvingar til «Fritt fram» i 2005

Dep.	Kap.	Post	Nemning	(i 1 000 kr)
UFD	281	01	Driftsutgifter	1 500
LD	1149	50	Tilskot til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 000
MD	1426	31	Tiltak i naturvern-, kulturlandskap- og friluftsområde	300
MD	1427	74	Tilskot til friluftslivstiltak	150
MD	1429	72	Vern og sikring av freda og verneverdige bygningar og anlegg	1 850
ASD	634	70	Ordinære arbeidsmarknadstiltak	2 000
ASD	634	71	Spesielle arbeidsmarknadstiltak	18 000
NHD	2421	50	Nyskaping, fond	2 000
KRD	551	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling	50 000
KRD	551	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	1
			Sum	76 800

<sup>1</sup> Midlane til Oppland frå kap. 551, post 61 inngår i forsøket, men ikkje i kap. 551, post 64.

#### Post 70 Transportstøtte, kan nyttast under kap. 551, post 61

Posten er ny frå 2005. For nærmare omtale sjå forskrift og utfyllande retningslinjer av 24. juni 2004 på [www.transportstotte.no](http://www.transportstotte.no).

#### Mål

Siktemålet med transportstøtta er å stimulere til økonomisk vekst i næringsvake område ved å redusere dei konkurranseulempene som lange

transportavstandar, vanskelege transportforhold og spreidd busetnad i enkelte distrikt gir.

#### Tildelingskriterium

Utmålinga av støtte vil ta utgangspunkt i ein delvis refusjon av kostnader ved inn- og uttransport av varer der varene skal bli/er blitt tilarbeidde. Føretaka må vere lokaliserte innanfor det geografiske verkeområdet for transportstøtte. Transportkostnadene må reknast ut ut frå den mest økonomiske transportmåten og den kortaste vegen mellom pro-

duksjonsstaden eller tilarbeidingsstaden og vare-mottakaren. Det kan berre givast støtte til transport der transportstrekninga er 350 km eller lengre.

Transportstøtte kan berre givast til føretak innanfor næringane 13 til 37 i Statistisk Sentralbyrå sin Standard for næringsgruppering frå 2002. Transportstøtta skal som hovudregel ikkje overstige den avgiftsauken føretaket får som følgje av omlegginga av arbeidsgivaravgifta.

For føretak i kommunar som tidlegare ikkje hadde redusert arbeidsgivaravgift, vil ein ta utgangspunkt i tilsvarande avgiftsauke som for dei kringliggjande kommunane.

Føretak kan for same rekneskapsår berre ta imot transportstøtte frå éi av dei notifiserte transportstøtteordningane (det vil seie anten den fylkeskommunale eller den nasjonale ordninga).

### Oppfølging og kontroll

Innovasjon Noreg har fått delegert avgjerdsmynde av Kommunal- og regionaldepartementet og står for gjennomføringa av dei administrative og forvaltningsmessige gjeremåla som følgjer av ordninga. Støttebeløpa blir tilviste til utbetaling gjennom Innovasjon Noreg. Dersom det blir oppdaga at det er gitt urettmessig støtte, vil departementet krevje at ulovleg mottoken støtte blir tilbakebetalt.

Innovasjon Noreg rapporterer til Kommunal- og regionaldepartementet innan 1. juni kvart år, eller så snart det lét seg gjere. Av rapportane må det gå fram at ordninga er praktisert innanfor det gjeldande nasjonale og internasjonale rammeverket. Kommunal- og regionaldepartementet rapporterer vidare til ESA.

### Rapport for første halvår 2004

Transportstøtteordninga blei godkjend av ESA 25. februar 2004, og 21. mai fastsette Kommunal- og regionalministeren forskrift og utfyllande retningslinjer, som så blei endra 24. juni i år. Innovasjon Noreg skal forvalte ordninga og har for inneverande år fått 3,5 mill. kr frå kap.551, post 61 til å

dekkje administrasjonskostnader knytte til ordninga. Pengane går til utvikling av søknads-, saksbehandlings-, utbetalings- og kontrollrutinar innanfor dei fullmaktene departementet har gitt gjennom forskrift og utfyllande retningslinjer.

Ordninga gjeld for transportar utførte frå 1. januar 2004, og verkar såleis etterskotsvis. Støtte for transportar utførte i 2004 blir utbetalt i 2005.

På bakgrunn av at ESA ikkje godkjende å inkludere øykommunane Herøy, Hareid, Ulstein og Aukra i Møre og Romsdal, har departementet sett i gang ei transportkostnadsundersøking for å vurdere om det er råd å inkludere andre kommunar i verkeområdet for transportstøtte. Desse kommunane vil bli notifiserte til ESA dersom undersøkinga stadfestar at dei har ekstra transportkostnader og elles oppfyller vilkåra i regelverket for statsstøtte.

### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa føreslår ei løyving på 195,5 mill. kr til transportstøtte, jf. tilsegnfullmakta på budsjettet for 2004. Det som ikkje blir utbetalt til transportstøtte i 2005, blir overført til kap. 551, post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. I tillegg blir det føreslått ei tilsegnfullmakt på 300 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak VI. Etersom ordninga er basert på rettar og det ikkje er utbetalt transportstøtte tidlegare, er det vanskeleg å fastslå kor mykje transportstøtte som vil bli utbetalt i dei komande åra. Tala er baserte på førebels overslag. Slike overslag vil alltid vere usikre, og Kommunal- og regionaldepartementet vil kome tilbake med meir presise tal så snart dei ligg føre. Finansiering av transportstøtte i tidlegare sone 1-kommunar blir dekt innanfor den fylkesvise ramma for næringsretta utviklingstiltak og transportstøtte.

I tillegg blir 4,5 mill. kr føreslått løyvt til administrasjon av ordninga. Midlane er overførte til Nærings- og handelsdepartementet sitt kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 70 Administrasjon, slik at alle administrasjonskostnadene til Innovasjon Noreg blir løyvde på éin post.

**Kap. 552 Nasjonalt samarbeid for regional utvikling**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., <i>kan overført</i>	10 232	8 000	8 000
72	Nasjonale tiltak for regional utvikling, <i>kan overført</i>	251 784	278 000	269 300
90	SIVA – innskuddskapital, <i>kan overført</i>	5 190		
	Sum kap. 552	267 206	286 000	277 300

**Mål**

Målet med løyvinga er å fremme verdiskaping og utvikling i kvar enkelt region gjennom satsingar som best kan gjennomførast nasjonalt. Midlane skal nyttast på område der det er tenleg med nasjonal koordinering, og der det er kostnadseffektivt å tilby nasjonale fellesløysingar. I tillegg kan midlane brukast til å finansiere utgreiingar, forsøk og pilotprosjekt i samband med innsats som kan medverke til regional utvikling. Midlane kan også gå til internasjonalt regionalpolitisk samarbeid og til tiltak som legg til rette for lokal utvikling, så fram til tåka er av verdi også på nasjonalt plan.

Innsatsen skal særleg medverke til auka innovasjon og høgre kompetansenivå i regionane.

Forsking og erfaringar viser at samarbeid og samspel mellom ulike aktørar blir stadig viktigare for å fremme nytenking og innovasjon. Samarbeidet skal primært skje på regionalt nivå, men når det gjeld spesielle utfordringar, kan det vere tenleg med samspel mellom regionale, nasjonale og internasjonale aktørar. Dette vil også gjelde for andre politikkområde og andre aktørar enn dei som tradisjonelt er ansvarlege for næringsutvikling.

Midlane skal medverke til systematisk kunnskapsutvikling, utveksling av erfaringar og læring om regionale utviklingsprosessar. Tiltak retta mot å fremme verdiskaping i regionar skal vere tydeleg innretta mot å styrkje infrastrukturen i næringslivet, skape gode miljø for verdiskaping og auke innovasjonstakten i bedrifter og bedriftsmiljø. Tiltaka skal vere forankra i dei behova næringslivet har, og skal basere seg på samspel mellom private og offentlege aktørar.

**Post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., kan overført****Mål**

Målet med posten er

- å få fram ny kunnskap som grunnlag for nasjonal politikk- og verkemiddelutvikling

- å spreie kunnskap, medverke til kompetanseoppbygging og gjennomføre informasjonstiltak retta mot verkemiddelaktørar og viktige målgrupper

**Tildelingskriterium**

Midlane blir forvalta på sentralt nivå og skal nyttast til prosjekt- og utviklingsarbeid i regi av departementet som byggjer opp under målsetjinga med posten. I tillegg blir noko av midlane brukt til prioriterte informasjonstiltak knytte til regional- og distriktpolitikken.

**Rapport for 2003**

For 2003 blei det løyvt 10 mill. kr på posten. Midlane blei i hovudsak nytta til forsking og analysar for Effektutvalet, til arbeidet med Tiltakssonemeldinga og til utgreiingsarbeid knytt til forhandlingen med ESA om differensiert arbeidsgivaravgift.

Det blei òg løyvt midlar til arbeidet med «Handlingsplan for helhetlig innovasjonspolitik» i regi av Nærings- og handelsdepartementet, og dessutan til nokre OECD-prosjekt på områda innovasjonspolitik og regionale trendar.

Midlane gjekk elles til forsking og analyse i prosjektet «Klyngeperspektivet i regional- og distriktpolitikken», til å spreie kunnskap gjennom tidsskriftet PLAN, til å gi ut Regionalnytt og til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning for samfunnsplanlegging. Noko av midlane gjekk til «partnerskapsseminar» og til utvikling av opplæringsprogrammet «Regional kompetanse» om regionale utviklingsspørsmål for folkevalde og tilsette i fylkeskommunane.

**Rapport for første halvår 2004**

I 2004 blir mykje av ramma nytta til forsking og utgreiingar som ledd i arbeidet med ei ny stortingsmelding om regionalpolitikken i 2005, og som ledd i arbeidet med å greie ut det norske hand-



lingsrommet når det gjeld verkemiddelbruk innanfor ramma av EØS-regelverket (Handlingsromtvalet). Vidare er det gitt midlar til ei undersøking av konkurranseflater i Noreg og EØS. Det er òg sett i gang eit prosjekt som skal få fram kunnskap om kjenneteikn ved «plusskommunar» (kommunar som greier seg betre enn ein kunne vente). Midlar er også nytta til vidare oppfølging av OECD sin MONIT-studie (Monitoring and Implementing Horizontal Innovation Policy) som har som mål å forbetre evna til å koordinere og implementere innovasjonspolitikken i deltakarlanda, og EPRC (European Policies Research Centre i Glasgow) sine nye komparative studiar i 15 land om regionalpolitikk i Europa.

Midlar er også sette av til «regionale innovasjonskonferansar» og til oppfølging av dei prosjekta i «Innovasjon 2010» som departementet har fått ansvaret for. Det vil òg bli gitt bidrag til Hovudstadsmeldinga.

#### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa føreslår å løyve 8 mill. kr over kap. 552, post 21 for 2005.

### **Post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, kan overførast**

#### Mål

Målet med løyvinga er å fremme næringsutvikling og verdiskaping regionalt. Dette skal skje ved å stimulere til omstilling, innovasjon og nyetablering, og ved å medverke til at ungdom og kvinner i større grad får utnytta sine ressursar. Potensielle nyetablerarar og entreprenørar er hovudmålgruppa for innsatsen. Arbeidet vil skje i samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale aktørar. Midlane skal nyttast på område der det er tenleg med nasjonal koordinering, og der det er kostnadseffektivt å tilby nasjonale fellesløysingar. Innsatsen skal mellom anna gjennom utprøving av nye tiltak rettast mot kritiske faktorar i samband med regional verdiskaping. Ein ønskjer å vinne erfaringar og fremme effektiv læring som kan kome nasjonale og regionale aktørar til gode i framtidig verksemd. Det vil bli satsa meir systematisk på innovasjonsarbeidet i regionar og senter med vekstpotensial, som skal fungere som «nav» i større, regionale nærings- og kunnskapsmiljø.

Innsatsen har desse delmåla:

- Ein vil medverke til å auke innovasjonsevna hos grunderar og bedrifter og auke talet på realiserde forretningsidear, nyetableringar og knoppskytingar. Ein vesentleg del av innsatsen vil skje gjennom programsatsingar i regi av

nasjonale verkemiddelaktørar (Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet).

- Ein vil medverke til å skape ein kultur for entreprenørskap for å auke etableringstakta i lokalt og regionalt næringsliv.
- Ein vil medverke til deltaking i internasjonalt regionalpolitisk samarbeid som fremmar utvikling av kunnskap, utveksling av erfaringar, nettverksbygging og samarbeid over grensene med sikte på å løyse felles utfordringar, mellom anna gjennom Interreg.
- Ein vil medverke til å spreie kunnskap om gode nasjonale og internasjonale erfaringar ved å systematisere og formidle informasjon om god praksis, lage utgreingar, setje i verk pilotprogram og gjennomføre program av eksperimentell karakter.

#### Kriterium for tildeling

I hovudsak vil løyvinga gå til programsatsingar og utviklingstiltak i regi av Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (SIVA), Noregs forskingsråd og andre nasjonale og internasjonale aktørar. Andre satsingar vil skje i regi av departementet. Departementet fordeler midlane mellom aktuelle verkemiddelaktørar på bakgrunn av framlagde planar. Departementet vil, på bakgrunn av presentasjonen av programma, prioritere tildeling av midlar ut frå siktemålet med løyvinga og omsynet til ei effektiv og tenleg forvaltning. Dei fleste programma går over fleire år. Kvar enkelt verkemiddelaktør har avgjerdsrett når det gjeld å tildele midlar til enkeltprosjekt, eventuelt via programstyret. Brukarane skal utgjere hovudtyngda i programstyra. Løyvinga kan også nyttast til større nasjonale satsingar for regional utvikling som blir sette i gang av departementet. Det blir lagt vekt på samspel mellom offentlege og private aktørar både på nasjonalt og på regionalt nivå.

Midlane skal primært nyttast innanfor det geografiske området for dei distriktpolitiske verkemidla. Unntak frå dette må grunnvist særskilt og sjåast i samanheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar. Dersom midlar blir nytta utanfor det distriktpolitiske verkeområdet, må det vere sannsynleg at dette vil gi positive regionale effektar. På programnivå kan det bli stilt krav om dokumentasjon av slike effektar. Midlar til Interreg kan nyttast innanfor heile det aktuelle programområdet.

#### Oppfølging og kontroll

Aktørane utarbeider sjølve programschildringar og resultatmål, som blir godkjende av departementet i

tilseignsbrev til aktørane. Alle forvaltarane av tilskot skal rapportere om oppnådde resultat for programma. Departementet vil i den årlege budsjettproposisjonen informere Stortinget om aktivitet, måloppnåing osv. i samband med programma.

Ein del effektar vil ofte kunne målast først fleire år etter at innsatsen eller tiltaket er sett i verk. I tillegg til å gi ei årleg rapportering om aktivitet, skal programma ha fokus på resultat knytte til prosessar, aktivitetar/formål og etablering av nye relasjonar/nettverk også av meir kvalitativ karakter. Effekten må derfor vurderast over tid. Effektane av tiltaka/satsingane vil bli vurderte gjennom periodiske evalueringar, og det vil bli gitt rapportar til Stortinget på ein tenleg måte. Vidare vil tiltak for læring og utveksling av erfaringar vere ein viktig del av oppfølginga.

Departementet gjennomfører i 2004 ein strategisk analyse av næringsretta programsatsingar i regional- og distriktspolitikken som grunnlag for betre å kunne vurdere dei enkelte programma opp mot kvarandre. For løyvingar i 2005 vil departementet leggje vekt på dei resultatata som følgjer av denne analysen. Analysen vil også bli følgd opp i regionalmeldinga som blir lagt fram våren 2005. Også verkemiddelaktørane går nå gjennom sine programporteføljor med sikte på forbetra effektivitet og forenkling sett frå eit brukarperspektiv.

#### Tilskot utan tilbakebetaling – rundsumtilskot

Midlane til Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og SIVA blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Det inneber at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva år tilsegna er gitt. Verkemiddelaktørane får fullmakt til å fastsetje i kva år tilskot til eit prosjekt skal givast, og for kor lang tid eit tilskot skal gjelde. Verkemiddelaktørane skal behandle søknader om forlenging av tilskot og løyve resterande midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga. Midlar som ikkje blir nytta, kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet.

#### Rapport 2003

2003 er første året med rapportering på posten. For 2003 blei det løyvt 282 mill. kr til posten. 1 mill. kr blei overført til kap. 551, post 60. 59,5 mill. kr blei løyvt til prosjekt forvalta av departementet. 221,5 mill. kr av midlane blei løyvt til program forvalta av SND, SIVA og Noregs Forskingsråd. Mange av programma har også fått løyvingar frå andre departement. Nokre av programma er samfinansierte mellom Forskingsrådet, SND og SIVA. ARENA-programmet blir omtalt under omtalen av SND-program. FORNY og Verdiskaping 2010 (VS2010) blir omtalt under Forskingsrådet.

Tabell 3.37 Samla oversikt over satsingsområde og program<sup>1</sup> til verkemiddelaktørane

Målgruppe	Utfordringar	Program/satsingsområde	Geografi	Type støtte	Planlagt avslutta	
Nyetablerarar og grunderar	Fleire nyetableringar og knopp-skytingar/kommersialisering	Entreprenørskap (IN) IN Take-off	Distriktpolitisk verkeområde <sup>2</sup>	Mobilisering og kompetanse	Løpande	
		FRAM Entreprenør (IN)	Distriktpolitisk verkeområde <sup>2</sup>	Prosjektstøtte	2005	
		Inkubatorstipend (IN)	Større byar/tettstader i heile landet	Stipend	Løpande	
		NT-programmet (IN) <sup>3</sup>	Nord-Noreg	Idé og prosjektstøtte	2007	
		FORNY (FR)	Heile landet	Idé og prosjektstøtte	2010	
Etablerte bedrifter	Auka kompetanse og innovasjon Auke etterspørselen etter FoU frå bedrifter	FRAM (IN)	Distriktpolitisk verkeområde <sup>2</sup>	Prosjektstøtte	2005	
		BIT (IN)			Løpande	
		NT-programmet (IN) <sup>3</sup>	Nord-Noreg		2006	
		MOBI (FR)	Heile landet		2009	
		VS 2010 (FR)			2010	
Regionale verdiskapings- og innovasjonssystem mellom bedrifter, kunnskapsinstitusjonar, offentlege aktørar m.v.	Utvikling av næringsmiljø	ARENA (IN)	Heile landet	Nettverksbygging og nasjonal koordinering	2010	
		MOBI (FR)			2009	
		VS 2010 (FR)			2010	
	Institusjonell endring/åttferdsending	MOBI (FR)	Heile landet	Nettverksbygging og nasjonal koordinering	2009	
		VS 2010 (FR)			2010	
	Kunnskapsmessig infrastruktur		Inkubator (SIVA)	Større byar/tettstader i heile landet	Infrastruktur, nettverk	2007
			Industriinkubator (SIVA)	Industriestader	Infrastruktur, nettverk, eigenkapital	2012
			Næringsshagar (SIVA)	Tettstader i distriktpolitisk verkeområde	Infrastruktur, nettverk, eigenkapital	2007
			Kunnskapsparkar (SIVA)	Større byar/tettstader	Infrastruktur, nettverk, eigenkapital	Løpande
			Forskningsparkar (SIVA)			Løpande
Område med omstillingsbehov	Større omstilling av kommunar og regionar	Regional omstilling (IN)	Enkeltkommunar/-regionar	Nasjonal koordinering, kompetanse	Løpande	
Forskingsmiljø	Kunnskapsmessig infrastruktur	KUNI (FR)	Heile landet	Kunnskapsutvikling/-spreiing	2005	
Kvinner og ungdom	Auka deltaking i næringslivet	Kvinner i fokus (IN)	Distriktpolitisk verkeområde <sup>2</sup>	Mobilisering, kompetanse	Løpande	
		Ungdomssatsing (IN)		Prosjektstøtte	Løpande	

<sup>1</sup> Nokre av programma dekkjer fleire målgrupper og geografiske område og er derfor plassert fleire stader i tabellen.

<sup>2</sup> Desse tiltaka har distriktpolitisk verkeområde som geografisk nedslagsområde, men har også aktivitet utanfor verkeområdet.

<sup>3</sup> Programmet er organisert som sjølvstendig eining, men midlane blir kanalisert via Innovasjon Noreg.

IN: Innovasjon Noreg, SIVA: Selskapet for industrivekst SF, FR: Forskningsrådet

*Program forvalta av SND (no Innovasjon Noreg)*

ARENA er eit program som skal medverke til å auke verdiskapinga i regionale næringsmiljø ved å styrkje samspelet mellom næringsaktørar, kunnskapsaktørar og det offentlege. I 2003 blei det løyvt 22,5 mill. kr til programmet over budsjettposten av ei samla ramme på 30,7 mill. kr. Desse midlane har finansiert basisverksemda i regionale prosjekt, leiing av programmet og felles utviklings- og lærings-tiltak i regi av programmet. Ved utgangen av 2003 dreiv ARENA-programmet 19 prosjekt. 6 prosjekt blei sette i gang i 2003. Av konkrete innovasjonsresultat medverka programmet til 27 nye og forbetra produkt, prosessar, tenester eller metodar, og til 13 FoU-resultat.

BIT (Bransjeretta IT) skal medverke til meir effektiv elektronisk forretningsdrift i ulike bransjar og verdikjeder, og medverke til meir effektiv bruk av IT. I 2003 blei det løyvt 10,7 mill. kr til programmet over kapittel 552, post 72. Programmet har ei samla ramme på 32,1 mill. kr. Programmet sine IT-løysingar er spreidde til om lag 2700 bedrifter i om lag 25 bransjar. Rapporteringa fortel at pilotbedriftene i programmet oppnår betre resultat enn gjenomsnittet for dei respektive bransjane.

FRAM er eit program for utvikling av leiing og strategi i små og mellomstore bedrifter. I 2003 blei det løyvt 4 mill. kr til programmet over kapittel 552, post 72. Programmet har ei samla ramme på 25,7 mill. kr. 200 bedrifter deltok i programmet i 2003. 82 prosent av bedriftene ligg innanfor det distriktpolitiske verkeområdet, ein auke på 4 prosent samanlikna med 2002. 72 prosent av dei bedriftene som deltok, betra lønnsmda med minst 5 prosent i forhold til året før dei starta med FRAM. Dette er eit noko svakare resultat enn målsetjinga, som var 75 prosent, og ein nedgang i forhold til 2002, da 88 prosent av deltakarbedriftene nådde målet om minst 5 prosent auka lønnsmd.

NT-programmet (Programmet for nyskaping og teknologispriing i Nord-Noreg) skal medverke til auka nyskaping i eksisterande og nye teknologi-bedrifter i Nord-Noreg. I 2003 blei det løyvt 22 mill. kr til programmet, og det er òg den samla ramma. Ved utgangen av 2003 var 80 prosjekt avslutta. For ein stor del av prosjekta, 43 prosent, er det for tidleg å vurdere resultatet. 35 prosent av dei avslutta prosjekta har medverka til å styrkje konkurransevna eller til bedriftsetablering. I 2003 blei det løyvt midlar til 43 prosjekt. Kommunal- og regionaldepartementet har vedteke å vidareføre NT-programmet for tre nye år, fram til utgangen av 2007. Innovasjon Noreg, fylkeskommunane i Nord-Noreg, NT-programmet og Kommunal- og regionaldepartementet skal før utgangen av 2004 vurdere korleis

arbeidsformene i NT-programmet kan vidareførast dersom Innovasjon Noreg skal overta forvaltninga av programmet.

Kvinner i fokus: Hovudmålet med kvinnesatsinga i SND har vore å auke verdiskapinga gjennom å styrkje kvinner si deltaking i norsk næringsliv. Målet har vore å auke representasjonen av kvinner i styre og leiande stillingar og auke talet på kvinner som etablerer egne bedrifter. I 2003 blei det nytta 7 mill. kr til programmet «Kvinner i fokus». Programmet har ei samla ramme på 10,2 mill. kr. I 2003 deltok nesten 300 kvinner på kompetansekurs i styrearbeid, og 33 mentorpar gjennomførte mentorprogrammet. Til no har 100 kvinnelege bedriftseigarar/leiarar delteke i fyrtårnprogrammet, som er eit leiarutviklingsprogram. Av desse kjem om lag 30 frå det distriktpolitiske verkeområdet.

Entreprenørskap: SND si satsing på entreprenørskap er ein del av ein nasjonal strategi for fornying, vekst og utvikling av arbeidslivet i Noreg. I 2003 blei det løyvt 5,9 mill. kr til satsinga. Satsinga ber preg av utvikling av nye verkemiddel for å fremme entreprenørskap. «Entreprenørskapspilotane» var ei ekstraordinær satsing på entreprenørskap som blei sett i gang i 2002. Satsinga inkluderte fem pilotar og omfatta til saman sju fylke. Pilotane skulle stimulere til fleire nyetableringar og medverke til å styrkje den faglege oppfølginga av entreprenørane.

Inkubatorstipend: I 2003 blei det løyvt 19 mill. kr til inkubatorstipend. Det blei til saman gitt 78 tilsegner. 76 av tilsegnene, eller 93 pst. av den totale løyvinga, blei gitt til bedrifter med færre enn 20 tilsette. 69 tilsegner blei gitt til bedrifter utanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Dette har samanheng med kvar det er etablert inkubatorar.

Om lag halvparten av tilsegnene blei vurderte som kompetansefremmande. 15 pst. av tilsegnene var særleg retta mot kvinner, medan 12 pst. av tilsegnene blei gitt til bedrifter der minst 50 pst. av dei tilsette er kvinner.

*Program og satsingsområde forvalta av Selskapet for industrivekst SF (SIVA):*

Regionalisering og nettverk: Tilskotet skal nyttast til å finansiere dei tiltaka SIVA set i verk som utviklingsaktør. I 2003 gjekk tilskotet på 9 mill. kr mellom anna til arbeidet med regionalisering og utvikling av regionale innovasjonsselskap, og til revitalisering av eldre industribygg/-parker. Ein stor del av innsatsen har vore retta mot å utvikle dei regionale innovasjonsmiljøa gjennom engasjement i mellom anna forskings- og kunnskapsparke, regionale utviklingsselskap og regionale nettverk og

samarbeidsprosjekt, til dømes i Alta, Narvik, Risør, Bodø og Myre.

Program for inkubatorverksemd: Programmet skal medverke til å gi nye, kunnskapsbaserte bedrifter tilbod om fagleg rådgiving, kompetansenettverk og husleige/servicefunksjonar til ein kostnad tilpassa den økonomiske evna til bedriftene. I 2003 blei det løyvt 18 mill. kr til satsinga. SIVA dekkjer om lag 75 pst. av dei samla kostnadene innanfor programmet. Inkubatorane er lokaliserte i forskings- og kunnskapsparkar over heile landet. Av dei 18 vertsmiljøa var berre to lokaliserte i det distriktpolitiske verkeområdet. For å betre dei distriktpolitiske effektane i verkemiddelområdet, starta SIVA opp fire pilotprosjekt – eitt i Oppland, eitt i Rogaland, eitt på Sørlandet og eitt i Møre og Romsdal – for å gjere tenestene som blir gitt i dei sentrale inkubatorane, tilgjengelege også for verksemder i kringliggjande distrikt. Kunnskapsbedrifter i distrikta får dermed tilgang til inkubatortenester og nettverk der dei er. Erfaringane viser at det er grunnlag for å vidareføre arbeidet for å sikre regionale effektar av investeringar utanfor det distriktpolitiske verkeområdet, og SIVA går inn for å vidareutvikle konseptet til å gjelde alle regionar.

Næringshagar: Siktemålet med satsinga er å stimulere til utvikling av nye arbeidsplassar i næringsssvake område innanfor kunnskapsintensive næringar. Det blir gjort ved å tilby infrastruktur og utviklingsmiljø til personar med høg kompetanse.

Det blei løyvt 26 mill. kr til satsinga i 2003. Dette dekkjer i snitt om lag 40 pst. av kostnadene. SIVA gjekk inn med innskotskapital i tre nye næringshagar. I tillegg var SIVA inne i fem forprosjekt. Dei første sju næringshagane blir fasa ut av programmet frå og med 2005. Av dei 34 næringshagane som var etablerte ved utgangen av 2003, var 28 lokaliserte innanfor det geografiske verkeområdet for bedriftsretta verkemiddel. I desse næringshagane var det lokalisert til saman 520 bedrifter med 1207 sysselsette ved utgangen av 2003.

Hartmark Consulting AS har på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet evaluert næringshagesatsinga. Evalueringa viser at næringshagane har ein viktig funksjon for å styrke og vidareutvikle lokalt/regionalt næringsliv. Satsinga har i mindre grad medverka til etablering av nye bedrifter. Dette var eit mål med ordninga da ho blei etablert. Etablering av næringshagar har medverka til å trygge etablerte bedrifter i område med svakt næringsgrunnlag, og ført til auka overlevingsevne for bedriftene både i og i nærleiken av næringshagane. Bedrifter etablert i næringshagane har hatt ein auke i sysselsetjinga. Evalueringa

viser også at dei nasjonale midlane til næringshagesatsinga har medverka til auka lokalt engasjement for næringsutvikling. Dei som er tilsett i verksemder lokalisert i næringshagane, har i stor grad høgare utdanning. Næringshagesatsinga har medverka til å etablere eit attraktivt arbeidsmiljø for høgt utdanna og kvinner i distrikta, og næringshagane har hatt ein tilbakeflyttingseffekt for både kvinner og ungdom. På bakgrunn av evalueringa og i høve til framtidige utfordringar, vil det bli gjort ei grundig vurdering av ei eventuell vidareføring av satsinga i kommande regionalmelding.

#### *Program forvalta av Noregs forskingsråd:*

FORNY (Forskingsbasert Nyskaping) skal medverke til å auke verdiskapinga i heile landet ved å kommersialisere forskingsbaserte forretningsidear med stort marknadspotensial. I 2003 blei det løyvt 15,3 mill. kr til programmet, som har ei totalramme på om lag 73 mill. kr. Delar av programmet er evaluert. Evalueringa viser at aktivitetane under programmet er viktige for å bringe forskingsbaserte idear fram slik at dei kan danne grunnlag for lønnsame bedrifter. FORNY har i perioden 1995–2002 medverka til 179 bedriftsetableringar, fordelt på 15 fylke. Vidare er det gjennomført 332 kommersialiseringar av idear. I dei deltakande bedriftene var det mellom 500 og 700 årsverk i 2002. Talet på sysselsette aukar for kvart år. To av tre kommersialiserte idear representerer heilt nye produkt eller tenester internasjonalt. 9,6 pst. av midlane blei nytta innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. I framtida vil Kommunal- og regionaldepartementet leggje vekt på sterkare krav til geografisk fordeling av midlane, til større regional forankring og til samarbeid med regionale FoU-miljø.

MOBI (Mobilisering av FoU-relatert innovasjon) arbeider konkret med å motivere og rekruttere fleire bedrifter til systematisk FoU-arbeid og innovasjon. I 2003 blei det løyvt 25,6 mill. kr til programmet, som har ei totalramme på om lag 45 mill. kr. Under MOBI inngår Teknologiformidling frå forskingsinstitutt til små og mellomstore bedrifter (TEFT), der 55 prosent av prosjekta ligg innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. TEFT blei evaluert i 2003. På grunnlag av evalueringa blei eit nytt program, kompetansemekling, etablert 1.1.2004.

VS 2010 (Verdiskaping 2010) skal medverke til meir verdiskaping i næringslivet ved å stimulere bedrifter til å arbeide saman med forskarar om organisasjonsutvikling, innovasjon og nyskaping. Samstundes skal programmet styrkje kunnskapsgrunnlaget på fagfeltet gjennom vitskapleg produk-

sjon og publisering. I 2003 blei det løyvt 5,1 mill. kr til programmet, som har ei totalramme på om lag 28 mill. kr. I 2003 er det ni sjølvstendige hovudprosjekt i programmet, med god spreiding over heile landet. Det er etablert meir enn ti stabile bedriftsnettverk, og meir enn 120 bedrifter har delteke i forpliktande utviklingsaktivitetar innanfor programmet.

KUNI (Kunnskapsgrunnlaget for nærings- og innovasjonspolitikken) skal medverke til å styrkje det teoretiske og empiriske kunnskapsgrunnlaget for nærings- og innovasjonspolitik. I 2003 blei det løyvt 3 mill. kr til programmet. Programmet har ei totalramme på 19,7 mill. kr. KUNI er i ferd med å etablere ein langsiktig prosjektportefølje med særleg fokus på forskarutdanning og internasjonalt forskingssamarbeid.

#### *Midlar forvalta av departementet:*

I 2003 blei det løyvt 28 mill. kr til norsk deltaking i Interreg IIIB og IIIC, til ESPON (The European Spatial Planning Observatory Network) og til Sametinget si deltaking i Interreg IIIA. For nærmare omtale av Interreg IIIA, sjå omtale under kapittel 551, post 60. Det har kome mange prosjektsøknader med norske deltakarar, og etterspørselen etter norske Interreg-midlar er svært stor. Dette har mellom anna gjort det nødvendig å redusere den statlege norske medfinansieringa til kvart einskilt prosjekt.

Resultata i midtvegsevalueringane av Interreg IIIB- og IIIC-programma er gjennomgåande gode. Fleire av prosjekta er særst viktige for utviklinga av politikk på område som krev samarbeid over landegrensene. Eit godt døme på dette er prosjektet «Nordleg Maritim Korridor», som tek sikte på å utvikle berekraftig og sikker transport frå Nordvest-Russland til kontinentet. I prosjektet deltek fleire statar, frå Russland i nord til Belgia i sør. Eit anna døme er prosjektet «Maritim tryggleik» (Safety at Sea), der temaet er auka beredskap for all sjøtransport i europeiske farvatn. Ein av deltakarane i prosjektet er European Maritime Safety Agency (EMSA). I Austersjøprosjektet «Connect» er det sett fokus på innovasjon, nyskaping og entreprenørskap.

MERKUR (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikker) blei for 2003 tildelt til saman 7 mill. kr til kompetanseoppbyggjande tiltak i utkantbutikker over heile landet. Siktemålet er å betre lønnsmda i butikkane. Det blei dessutan løyvt 2,5 mill. kr til eit eige tilskot til utvikling for daglegvarebutikker i utkantstrøk. Midlane skal sikre betre lønnsmd for dei mest marginale butikkane, slik at ein kan halde oppe eit viktig tenestetilbod i små

lokalsamfunn. Desse midlane blir forvalta av MERKUR.

I 2003 blei det sett av midlar til eit forprosjekt om «Center of Expertise» i Ålesund og til «Fritt fram»-prosjektet i Oppland. Satsinga på entreprenørskap gjennom foreininga Ungt Entreprenørskap blei følgt opp med ei løyving på 2,5 mill. kr i 2003. Ungt Entreprenørskap er representert i alle fylka og arbeider med å integrere entreprenørskap på alle alderstrinn i utdanninga. Foreininga gir mellom anna ungdom høve til å drive eiga bedrift gjennom konsept som elev-, ungdoms- og studentbedrift. Det blei også løyvt midlar til andre fleirårige prosjekt, til dømes til småsamfunnsatsinga og stadutviklingsprogrammet, og til ulike utgreingar og evalueringar.

Ut frå rapportane for 2003 blei det ikkje gjennomført større endringar i prioriteringa mellom verkemiddelaktørar og program i forhold til 2002.

#### *Rapport for første halvår 2004*

For 2004 er det løyvt 278 mill. kr over denne budsjettposten. Av dette gjekk 116,85 mill. kr til Innovasjon Noreg, 62 mill. kr til SIVA og 35,5 mill. kr til Noregs forskingsråd. 63,65 mill. kr blir forvalta av departementet.

2004 er det første året departementet løyver midlar til satsing på industriinkubatorar. SIVA er operatør for satsinga. Ein industriinkubator skal medverke til utvikling av innovasjonsmiljø og kunnskapsintensiv næringsverksemd i industriområde med behov for omstilling og nyskaping. Industriinkubatoren skal springe ut av ei eksisterande bedrift eller eit eksisterande industrimiljø. I 2004 er målet å etablere 3–5 pilotprosjekt. Den første industriinkubatoren blei opna i Verdal våren 2004, med utspring i Aker Verdal. Det er undertekna avtale med Norsk Hydro om utvikling av ein industriinkubator i Årdal, og med Aker Kværner om ein industriinkubator i Egersund. I samband med omstillingsutfordringane i Sogn og Fjordane har departementet omdisponert 2 mill. kr innanfor posten for å styrkje SIVA sin innsats i Flora.

Det er løyvt 3 mill. kr til eit nytt program for forskingsbasert kompetansemekling i regi av Noregs forskingsråd. Dette programmet skal auke innovasjonsevna i norske verksemdar ved å fremme auka innsats når det gjeld forskning og utvikling i bedrifter med lita erfaring på dette feltet. Vidare skal programmet styrkje forskingsinstitusjonane si rolle som samarbeidspartnarar for næringslivet.

Det er løyvt 785 000 kr til Ålesund Kunnskapspark for å styrkje grunnlaget for eit «Center of Expertise» i Ålesund, med spesiell vekt på den maritime næringsklynga. Senteret skal utvikle det

regionale innovasjonssystemet, med vekt på kompetanseutvikling, knoppskyting av nye bedrifter, kommersialisering av forskingsresultat og etablering av nye bedrifter og næringer. Vidare har SIVA, Forskningsrådet og Innovasjon Noreg saman fått ei tilsegn på opptil 600 000 kr for å utgreie eit nasjonalt konsept for «Center of Expertise». Konseptet skal medverke til å utvikle ein norsk modell basert på vellykka finsk innovasjonspolitik. Tiltaket skal medverke til utvikling av internasjonalt konkurransedyktige bedrifter og næringsmiljø som skal vere «flaggskip» i den nasjonale innovasjonspolitikken. Satsinga skal medverke til auka samhandling mellom bedrifter, kunnskapsinstitusjonar, verkemiddelapparat, finansinstitusjonar og styresmakter.

Midlar frå posten er elles nytta til norsk deltaking i ulike Interreg IIIB- og Interreg IIIC-program, til vidareføring av satsinga på «Ungt Entreprenørskap» og til å dekkje kostnader i samband med nasjonale satsingar og prosjekt som departementet har sett i gang.

#### Budsjettforslag for 2005

For budsjettåret 2005 føreslår regjeringa ei løyving på 269,3 mill. kr over kap. 552, post 72. Løyvinga vil bli nytta til å vidareføre, tilpasse eller setje i verk nye programsatsingar, tiltak og forsøk i regi av departementet eller verkemiddelapparatet. For å støtte opp om ei innovativ næringsutvikling kan lokale/regionale tiltak av spesiell nasjonal interesse (pilotprosjekt og liknande) finansierast over posten. Det blir lagt vekt på å utvikle kunnskapsgrunnlaget innanfor formåla med posten. Det vil også bli sett av midlar til næringsutviklingstiltak på Svalbard.

Gjennom verkemiddelapparatet vil særleg innsatsen retta mot nyskaping og innovasjon bli styrkt. Midlane vil bli prioriterte i samsvar med den årlege utgreinga frå kommunal- og regionalministeren, regjeringa sin plan for ein heilskapleg innovasjonspolitik og føringar gitt i St.prp. nr. 51 (2002–2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv. Dette gjeld ulike forsøk og utviklingsoppgåver av nasjonal interesse, til dømes «Ungt Entreprenørskap», forskingsbasert kompetansemekling, inkubatorar m.v. Innovasjon Noreg skal også forvalte eit skjønnsmessig fastsett beløp i samband med arbeidet med omstillingsområde, og skal fungere som eit nasjonalt kompetansesenter for omstilling.

Norsk deltaking i Interreg IIIB og Interreg IIIC, og Sametinget si deltaking i dei grenseregionale Interreg-programma, blir finansiert over

denne posten. Det vil òg bli sett av midlar til å finansiere utgreingar og evalueringar knytte til Interreg, og til informasjons- og opplysningstiltak.

Det vil bli gitt rom for å følgje opp fleirårige prosjekt som det er løyvt midlar til i tidlegare år. Dette gjeld til dømes småsamfunnssatsinga, Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar (MERKUR), «Centre of Expertise» og Nasjonalt program for stadutvikling.

Departementet har gjennomført ein strategisk analyse av næringsretta programsatsingar i regional- og distriktpolitikken. Analysen vil bli ferdigstilt hausten 2004 og vil kunne få konsekvensar for prioriteringar mellom program og verkemiddelaktørar. Programsatsingane blir i hovudsak rekna som tidsavgrensa satsingar. Enkelte program vurderer ein å regionalisere heilt eller delvis. Også verkemiddelaktørane gjennomgår programporteføljane sine.

Regjeringa føreslår å setje av eit beløp over kap. 552, post 72 slik at Innovasjon Noreg kan vurdere planane om ei aktuell bedriftsetablering i Årdal. Føresetnaden for ei slik støtte er at tiltaket også blir prioritert av den regionale partnerskapen, og at støtta skjer innanfor rammene av regelverket for statsstøtte. Dette kjem i tillegg til den støtta til omstillingsarbeid i Sogn og Fjordane som blei avklart i samband med behandlinga av revidert budsjett for 2004.

### **Kap. 2425 Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane**

#### **Post 74 Dekning av tap på risikolån og garantiar**

Frå og med 2002 blei tapsfond for alle årgangar av distriktsretta risikolån slått saman. Etter dette dekkjer ikkje staten lenger automatisk tap på over 10 prosent av det avsette tapsfondet for enkeltårgangar. Dette gir Innovasjon Noreg eit større ansvar for sjølv å vurdere tapspotensialet i porteføljen.

SND (no Innovasjon Noreg) hadde større tap på den distriktsretta risikolåneordninga i 2002 og i 2003 enn i tidlegare år. Tapa har i hovudsak samanheng med konjunkturane i norsk økonomi. Innovasjon Noreg vurderer tapssituasjonen slik at det er behov for ei tilleggsloøyving for at tapsfondet skal spegle risikoen i porteføljen. Regjeringa vil løyve desse midlane i fire etappar/porsjonar, slik at ein undervegs kan vurdere det reelle behovet opp mot dei estimerte behova for tilleggsloøyvingar. Regjeringa vil kome tilbake til dette i nysalderinga av budsjettet for 2004.

### Oppfølging og kontroll

Som ei følge av dei store tapa på utlån i 2002 og 2003, blei det hausten 2003 sett ned ei arbeidsgruppe for å gå igjennom risikostyringa i Innovasjon Noreg. I rapporten frå gruppa blir det lagt vekt på tettare rapportering frå Innovasjon Noreg når det gjeld om tapsfonda dekkjer risikoen i låneporteføljen. I tillegg blei det bestemt at låneengasjement no skal medverke til tapsfondet i forhold til den vurderte risikoen ved det prosjektet lånet blir gitt til. Utover dette er det ein føresetnad at Innovasjon Noreg styrkjer risikoklassifiseringssystemet i forhold til det som har eksistert for SND sin del. Innovasjon Noreg og Kommunal- og regionaldepartementet meiner at denne omlegginga vil

medverke til ei meir realistisk oppbygging av tapsfond i forhold til risikoen i porteføljen.

For nærmare omtale viser vi til omtale under kap. 551, post 60.

### Rapport for 2003 og første halvår 2004

Det blei for 2003 løyvt 50 mill. kr over kap. 2425, post 74, jf. St.prp. nr. 22 (2003–2004) og Innst. S. nr. 79 (2003–2004). Midlane blei ved ein feil ikkje utbetalte, og blei derfor løyvde på nytt i revidert statsbudsjett for 2004, jf. St.prp. nr. 63 (2003–2004) og Innst. S. nr. 250 (2003–2004). Løyvinga dekkjer tap på lån og garantiar som overstig det opphavlege tapsfondet.

## Kap. 5327 Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
50	Tilbakeføring av tilskot	90 315	70 000	70 000
51	Tilbakeføring av tapsfond	27 293	20 000	20 000
	Sum kap. 5327	117 608	90 000	90 000

### Post 50 Tilbakeføring av tilskot og post 51 Tilbakeføring av tapsfond

Løyvingar til tilskot og tapsfond i det distriktpolitiske verkeområdet blei fram til og med 2002 overførte til eigne fondskonti i Noregs Bank og samtidig utgiftsførte i statsrekneskapen.

Dei midlane som blir førte tilbake til statskassa i 2005, stammar frå tilsegner som blei gitt i 2001, og som ikkje, eller berre delvis, er blitt utbetalte. Tidlegare erfaringar viser at det er vanskeleg å

vurdere kor mykje som vil bli tilbakeført, og at det vil variere frå år til år. Det blir føreslått å løyve 70 mill. kr på post 50 Tilbakeføring av tilskot og 20 mill. kr på post 51 Tilbakeføring av tapsfond.

Frå og med 2003 er budsjettstrukturen lagd om. Rammene over 13.50 blir ikkje lenger løyvde over ein 50-post med fondsordning, men over ein 60-post og ein 70-post som tilskot utan avrekning/tilbakebetaling. Dette vil føre til at postane for tilbakeføring av tilskot og tapsfond i åra framover vil bli reduserte og etter kvart falle bort.

Tabell 3.38 Oversikt over fondsbeholdningar per 31.12.2002 og 31.12.2003

(i mill. kr)

Fondsnummer	Nemning	31.12.2002	31.12.2003
64.05.07	Fond for regional utvikling (f.o.m. 2001)	133,8	21,5
64.05.08	Fond for SND og fylkeskommunane (f.o.m. 2001)	38,4	3,7
64.05.09	Fond for regional næringsutvikling i fylke og kommunar (f.o.m. 2001)	625,1	325,7



## Programkategori 13.70 Overføringer gjennom inntekts-systemet til kommunar og fylkeskommunar

Utgifter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
571	Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)	39 212 380	32 928 000	34 979 969	6,2
572	Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)	14 220 800	11 751 800	11 674 357	-0,7
574	Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg		378 146		-100,0
	Sum kategori 13.70	53 433 180	45 057 946	46 654 326	3,5

Inntekter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3571	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)	65 536	28 000	4 000	-85,7
3572	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572)	7 100			
	Sum kategori 13.70	72 636	28 000	4 000	-85,7

### Regjeringa sin politikk overfor kommunesektoren

Regjeringa vil føre ein politikk som styrkjer lokal-demokratiet og aukar den kommunale handlefri-dommen. Siktemålet med denne politikken er at

- innbyggjarane skal oppleve at dei har nærleik til og høve til å påverke avgjerder som blir tekne i lokalsamfunnet. Tillit, ansvar og handlefridom skal gjere det meningsfullt å drive lokalpolitikk
- innbyggjarane skal oppleve å få tilbod om tenester av god kvalitet og med godt tilgjenge – tilpassa individuelle og lokale behov – uavhengig av kvar dei bur
- organiseringa av tenesteproduksjonen skal sikre best moglege tenester til lågast mogleg

kostnad, uavhengig av kommunegrenser og grenser mellom ulike forvaltningsnivå.

Regjeringa vil gi kommunesektoren betre rammevilkår, auke handlingsrommet og redusere statleg detaljstyring av sektoren. Statleg rammestyring gir gode føresetnader for å nå nasjonale mål, som best moglege tenester til lågast mogleg kostnad, likeverdige fordeling av tenestetilbod i ulike delar av landet og nasjonaløkonomisk styring av kommunesektoren. Samtidig dannar statleg rammestyring eit viktig grunnlag for at innbyggjarane gjennom det lokale folkestyret skal oppleve at dei har nærleik til og høve til å påverke avgjerdene.

**Boks 3.6 Mål for regjeringa sin politikk overfor kommunesektoren**

Overordna resultatmål	Arbeidsmål
1. Ei tenleg oppgåvefordeling og kommune- og fylkesinndeling	1.1. Utvikling av ein meir tenleg kommunestruktur 1.2. Gjennomgå juridiske rammevilkår for interkommunalt samarbeid 1.3. Leggje til rette for ein offentleg debatt om framtida for fylkeskommunen 1.4. Setje i gang forskingsbasert evaluering av fylkeskommunane 1.5. Gjennomføre og evaluere forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering og einskapsfylke
2. Ei demokratisk og effektiv lokalforvaltning	2.1. Modernisering av kommunesektoren ved å betre rammevilkåra og stimulere til lokalt utviklingsarbeid 2.2. Gjennomgå delar av kommunelova 2.3. Ta ansvar for sekretariatet og følgje opp utgreiingar frå Lokaldemokratikommisjonen 2.4. Følgje opp utgreiinga frå Eigedomsforvaltningsutvalet
3. Statleg rammestyling som gir rom for lokalpolitisk skjønn	3.1. Samordning av statlege tiltak som vedrører kommunesektoren 3.2. Vidareutvikle konsultasjonsordninga og arbeide vidare med bilaterale avtalar på enkeltområde 3.3. Skape godt samsvar mellom oppgåvene og inntektene i kommunesektoren 3.4. Forenkle statleg regelverk 3.5. Følgje opp utgreiinga frå Tilsynsutvalet
4. Ei rettferdig ressursfordeling	4.1. Tilbakeføre selskapsskatt / leggje om inntektsutjamninga 4.2. Ta ansvar for sekretariatet og følgje opp utgreiinga frå Inntektssystemutvalet 4.3. Vurdere uttrekk knytt til ordninga med momskompensasjon
5. Ei rettferdig og rasjonell gjennomføring av val	5.1. Leggje til rette for at avvikinga av val i kommunane og fylkeskommunane skjer i samsvar med regelverket 5.2. Auke kunnskapen hos veljarane om hovudtrekka i vallovgivinga

Kommunesektoren har hovudansvaret for dei viktigaste velferdstenestene. Desse tenestene blir finansierte gjennom skatteinntekter, rammetilskot over budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, øyremerkte tilskot over budsjetta til andre departement og brukarbetaling.

Regjeringa meiner at rammefinansiering gjennom skatteinntekter og rammetilskot bør vere hovudprinsippet for finansiering av kommunesektoren. Gjennom rammefinansiering legg regjeringa

til rette for prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet. Skatteinntekter og rammetilskot utgjer i 2005 til saman om lag 69 pst. av inntektene til kommunesektoren. Desse inntektene er frie inntekter, det vil seie inntekter som kommunane og fylkeskommunane kan disponere fritt utan andre bindingar frå staten si side enn det som følgjer av lover og forskrifter.

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2005 er nærmare omtalt i kapittel 2.

Overføringane over programkategori 13.70 (rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar) må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren. Rammetilskota utgjer i alt om lag 46,6 mrd. kr i budsjettforslaget for 2005, mot 44,7 mrd. kr i Saldert budsjett 2004.

### **Inntektssystemet**

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statlege rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. Det overordna siktemålet med inntektssystemet er å sikre utjamning av dei økonomiske føresetnadene for å kunne gi eit likeverdig kommunalt og fylkeskommunalt tenestetilbod over heile landet. Ulik standard i det kommunale tenestetilbodet kan dels kome av skilnader i økonomiske ressursar, dels av skilnader i utgiftsbehov. Gjennom inntektsutjamninga i inntektssystemet blir skilnadene i skatteinntekter delvis utjamna, og gjennom utgiftsutjamninga får kommunar og fylkeskommunar full kompensasjon for ufrivillige kostnader i tenesteproduksjonen.

Utgiftsutjamninga blir rekna ut på grunnlag av ein kostnadsnøkkel som inneheld 19 ulike kriterium for kommunane og 14 ulike kriterium for fylkeskommunane. Kostnadsnøkkelen for utgiftsutjamninga er basert på at utjamninga skal omfatte ufrivillige forhold som har dokumentert innverknad på utgiftene til kommunane og fylkeskommunane. Med ufrivillige forhold er det her meint forhold som den enkelte kommune og fylkeskommune ikkje kan påverke, til dømes alderssamansetjinga i befolkninga. Utgiftsutjamninga omfattar helse- og sosialsektoren, grunnskolesektoren, administrasjon, miljø og landbruk for kommunane, og vidaregåande opplæring, samferdselssektoren og tannhelsetenesta for fylkeskommunane. Ein felles kostnadsnøkkel for kommunane og ein felles kostnadsnøkkel for fylkeskommunane er bygd opp ved at ein vektar kostnadsnøklane på dei enkelte sektorane og områda.

Rammetilskotet blir utbetalt gjennom ti årlege terminbeløp. Det inntektsutjamnande tilskotet skal fordelast over sju av dei ti terminbeløpa. Rammetilskotet skal førast i kommunale rekneskapar og budsjett på funksjon 840.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga og inntektsutjamninga, blir basert på folketalet per 1. januar i budsjettåret. I Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2004–2005) frå Kommunal- og regionaldepartementet («Grønt hefte») blir det presentert berre eit førebels innbyggjartilskot med utgiftsutjamning for kvar enkelt fylkeskommune og kommune. Årsaka til

dette er at folketalet per 1.1.2005 ikkje er kjent når proposisjonen blir lagd fram. Endeleg innbyggjartilskot med utgiftsutjamning til kvar enkelt kommune og fylkeskommune vil bli publisert i ein revidert Beregningsteknisk dokumentasjon i juni månad 2005.

Regjeringa sette i 2003 ned eit nytt inntektssystemutval. Utvalet er gitt eit breitt mandat, og er bede om å gå igjennom fordelingsmekanismane i inntektssystemet, både inntekts- og utgiftsutjamninga, på eit fagleg grunnlag. Utvalet er bede om å levere innstillinga si innan 1. juli 2005. Eventuelle endringar som måtte følgje av arbeidet i utvalet, kan derfor tidlegast setjast i verk frå 1.1.2007.

### **Endringar i inntekts- og finansieringssystemet**

#### *Selskapsskatt og omlegging til symmetrisk inntektsutjamning*

I samband med Stortinget si behandling av kommuneproposisjonen for 2005 blei det vedteke å tilføre kommunane ein del av selskapsskatten frå 2005. I «Innstilling fra kommunalkomiteen om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2005» (Innst. S. nr. 255 (2003–2004)) ber stortingsfleirtalet regjeringa om å få utgreidd fleire forslag til modellar for tilbakeføring av ein del av selskapsskatten. Departementet har i stortingsmeldinga om tilbakeføring av ein del av selskapsskatten til kommunane og omlegging av inntektsutjamninga, greidd ut fleire alternative modellar. Stortingsmeldinga er lagd fram saman med statsbudsjettet 6. oktober. Departementet tilrår i denne meldinga at den modellen som blei føreslått i kommuneproposisjonen, blir innført frå og med 2005. Frå regjeringa si side er siktemålet med omlegginga å styrkje incentivet til å drive næringsutvikling i kommunane.

Ei tilbakeføring av ein del av selskapsskatten skal ikkje kome i tillegg til andre inntekter. Dei samla personskatteinntektene til kommunane blir derfor reduserte med eit beløp tilsvarande kommunane sin del av selskapsskatten. Kommunane sine inntekter frå naturressursskatten blir ikkje reduserte.

Frå skatteåret 2005 vil selskapsskatten bli tilført eit felleskommunalt skattefond. Kommunane vil for første gong få tilført selskapsskatt frå skattefondet i 2007, basert på skatteåret 2005. Stortinget vil fastsetje skattesatsen til det felleskommunale skattefondet for etterskotspliktige skattytarar i samband med behandlinga av St.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Som ei mellombels løysing vil selskapsskatten i 2005 og 2006 bli tilført over kapittel 571, post 69, jf. omtale under post 69. Selskapsskatten som blir til-

ført kommunane i 2005, er basert på skatteåret 2002.

Fordi arbeidsplassar i bedrifter med skattbart overskot ikkje er jamt fordelte mellom kommunane, vil ulikskapane i inntektsfordelinga mellom kommunane i utgangspunktet auke når ein del av selskapskatten blir tilbakeført. For å dempe fordelingsverknadene og samtidig styrkje incentiverknadene av reforma, blir inntektsutjamninga mellom kommunar lagd om til ei symmetrisk ordning frå 2005, jf. omtale av inntektsutjamninga.

Som følgje av omlegginga av inntektsutjamninga vil skattesterke kommunar oppleve ein vesentlig auke av trekket i inntektsutjamninga. For at desse kommunane ved slutten av rekneskapsåret ikkje skal ha gjeld på innbyggjartilskotet, legg departementet opp til å halde tilbake utbetalinga av selskapskatten for ein del kommunar til slutten av rekneskapsåret, jf. omtale under post 69.

### Om dei enkelte tilskota som blir fordelte gjennom inntektssystemet

Det samla rammetilskotet til kommunane for 2005 blir løyvt over fem ulike postar under kap. 571 i statsbudsjettet:

- post 60 Innbyggjartilskot
- post 62 Nord-Noreg-tilskot
- post 63 Regionaltilskot
- post 64 Skjønntilskot
- post 69 Kommunal selskapskatt

Det samla rammetilskotet til fylkeskommunane for 2005 blir løyvt over fire ulike postar under kap. 572 i statsbudsjettet:

- post 60 Innbyggjartilskot
- post 62 Nord-Noreg-tilskot
- post 64 Skjønntilskot
- post 65 Tilskot til barnevern / hovudstadtilskot

### Post 60 Innbyggjartilskot

Det blir løyvt eit innbyggjartilskot til kommunane og eit tilsvarande til fylkeskommunane. Storleiken på innbyggjartilskotet blir fastsett ut frå differansen mellom dei samla rammeoverføringane og summen av postane 62–69. Det inntektsutjamnande tilskotet er sidan innføringa av løpande inntektsutjamning i 2000 blitt ført i post 60, saman med utgiftsutjamninga. Sidan 2002 har også inndelingstilskotet gått inn under innbyggjartilskotet til kommunane.

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet rekna ut som eit likt beløp i kroner per innbyggjar til alle

kommunar og fylkeskommunar. Deretter blir tilskotet justert for kvar enkelt kommune og fylkeskommune etter desse faktorane:

1. omfordeling gjennom utgiftsutjamninga basert på kostnadsnøkkelen for kommunane og kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane
2. omfordeling gjennom korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skolar
3. omfordeling av skatteinntekter gjennom inntektsutjamninga
4. omfordeling gjennom overgangsordninga for regelendingar, oppgåveendingar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.
5. omfordeling gjennom innlemming av øyremerkte tilskot o.a. som ikkje er omfatta av overgangsordninga
6. omfordeling på grunn av inndelingstilskotet
7. forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering

I utgiftsutjamninga i inntektssystemet for kommunesektoren er det ei eiga korreksjonsordning basert på talet på elevar i statlege og private skolar (punkt 2). Ordninga tek omsyn til at talet på elevar i private og statlege skolar varierer mellom kommunane og mellom fylkeskommunane. Korreksjonsordninga fungerer slik at (fylkes)kommunar som har relativt mange elevar i private og statlege skolar, får eit trekk gjennom utgiftsutjamninga gjennom satsar som blir fastsette årleg. Motsett får (fylkes)kommunar som har relativt få elevar i statlege og private skolar, eit tillegg. Satsane var uendra i perioden 1994–2002, men blei auka med mellom 4 000 kr og 7 000 kr i 2003 og i 2004. I statsbudsjettet for 2005 føreslår regjeringa ein ytterlegare auke av satsane på mellom 4 000 og 10 300 kr. Trekksatsane ligg framleis under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis. Trekksatsane bør liggje under gjennomsnittskostnaden, ettersom marginalkostnaden knytt til éin ny elev oftast vil vere lågare enn gjennomsnittskostnaden. For nærmare omtale viser vi til Beregningsteknisk dokumentasjon.

Det er sett i verk forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering i fleire kommunar og fylkeskommunar for perioden 2004–2007. Fleire av forsøka inneber ei omdisponering mellom budsjettpostar. Dei av forsøka som har budsjettmessige konsekvensar, er forsøk med kulturminneforvaltning i Bergen, Stavanger og Kristiansand kommunar, forsøk med vidaregåande opplæring i Båtsfjord kommune og forsøk med kvalifiseringstiltak i regi av Aetat i Oslo kommune. Dei budsjettmessige konsekvensane av forsøka for 2004 blei nærmare omtalte i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (2003–2004) Forsøk med oppgåvedifferensiering mv. Desse omdisponeringane blir førte vidare for 2005. Frå og med 2005

kan det vere aktuelt med ei utviding av målgruppa for forsøket med kvalifiseringstiltak i regi av Aetat i Oslo kommune, slik at forsøket også omfattar personar innanfor målgruppa for introduksjonslova. For nærmare omtale av alle forsøka med oppgåvedifferensiering i porteføljen til Kommunal- og regionaldepartementet viser vi til nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet, [www.dep.no/krd/norsk/kommune/opp-gave](http://www.dep.no/krd/norsk/kommune/opp-gave). For forsøk med alternativ forvaltningsorganisering av transportsystemet i byområde på Samferdselsdepartementet sitt område viser vi til St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2003–2004) Forsøk innenfor samferdselsområdet.

#### Kostnadsnøkkelen for kommunane

Kostnadsnøkkelen for kommunane blir endra frå og med 2005. Endringa er knytt til auka timetal i grunnskolen og til delvis innlemming av tilskotet til vertskommunar.

I saldert budsjett for 2004 blei det vedteke ein auke i rammetilskotet til kommunane på 185 mill. kr knytt til auka timetal i grunnskolen for skoleåret 2004–2005. Heilårsverknaden av vedtaket er 440 mill. kr. Delkostnadsnøkkelen for grunnskole blir gitt auka vekt i forhold til heilårsverknaden av vedtaket. Kommunar med eit høgt utgiftsbehov knytt til grunnskolen får dermed relativt sett ein større del av dei totale rammeoverføringane enn kommunar med eit lågt utgiftsbehov knytt til grunnskolen.

Regjeringa legg i 2005 opp til ei delvis innlemming av tilskotet til vertskommunar, jf. omtale i kapittel 2 i denne proposisjonen. Innlemminga gjer at kriteriet for psykisk utviklingshemma blir vekta opp slik at psykisk utviklingshemma som tidligare berre har utløyst tilskot gjennom vertskommunetilskotet, frå 2005 også utløyser tilskot gjennom kriteriet for psykisk utviklingshemma i inntektssystemet. For ein nærmare omtale av endringane i kostnadsnøkkelen viser vi til kapittel 8 og vedlegg 1 i kommuneproposisjonen for 2005 (St.prp. nr. 64 (2003–2004)).

Tabell 3.39 viser kostnadsnøkkelen for kommunane i 2005.

Tabell 3.39 Kostnadsnøkkel for kommunane

Kriterium	Vekt
Basistillegg	0,025
Innbyggjarar 0–5 år	0,023
Innbyggjarar 6–15 år	0,307
Innbyggjarar 16–66 år	0,121
Innbyggjarar 67–79 år	0,085
Innbyggjarar 80–89 år	0,133
Innbyggjarar 90 år og over	0,049
Skilde og separerte 16–59 år	0,038
Arbeidslause 16–59 år	0,011
Døyingstal	0,025
Ikkje-gifte 67 år og over	0,025
Innvandrarar	0,005
Utrekna reisetid	0,015
Reiseavstand innanfor sone	0,010
Reiseavstand til nærmaste nabo-krins	0,011
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,066
Psykisk utviklingshemma under 16 år	0,004
Urbanitetskriterium	0,042
Landbrukskriterium	0,005
Sum	1,000

Det er ikkje gjort endringar i kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane frå 2004 til 2005, jf. St.prp. nr. 64 (2003–2004). Tabell 3.40 viser kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane i 2005.

Tabell 3.40 Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 0–15 år	0,064
Innbyggjarar 16–18 år	0,526
Innbyggjarar 19–34 år	0,027
Innbyggjarar 35–66 år	0,035
Innbyggjarar 67–74 år	0,008
Innbyggjarar 75 år og over	0,009
Rutenett til sjøs	0,032
Innbyggjarar spreitt busette	0,022
Areal	0,007
Storbyfaktor	0,016
Befolkning på øyar	0,009
Vedlikehaldskostnader (veg)	0,064
Reinvesteringskostnader (veg)	0,032
Søkjarar til yrkesfag	0,149
Sum	1,000

### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga skal jamne ut skilnader i skatteinntekter mellom dei ulike kommunane og skilnader i skatteinntekter mellom dei ulike fylkeskommunane. I 2000 blei det innført løpande inntektsutjamning. Det inneber at det inntektsutjamnande tilskotet til kvar enkelt (fylkes)kommune blir rekna ut sju gonger i året, når tala for skatteinngangen ligg føre. Utrekninga av inntektsutjamninga er dokumentert på Kommunal- og regionaldepartementet sine internettsider for løpande inntektsutjamning: <http://www.dep.no/krd/norsk/kommune/kommuneokonomi/liu>.

Frå 2005 vil kommunane sine inntekter frå selskapsskatten, kapittel 571, post 69 Kommunal selskapsskatt, inngå i inntektsutjamninga. Samtidig med tilbakeføringa av selskapsskatten til kommunane blir inntektsutjamninga for kommunane lagd om til ei symmetrisk utjamning, jf. omtale i kapittel 2 i denne proposisjonen. Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet får i 2005 trekt 55 prosent av differansen mellom eigen skatt og landsgjennomsnittet, medan kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet får kompensert 55 prosent av differansen mellom eiga skatteinntekt og landsgjennomsnittet. For å skjerme kommunar med låge skatteinntekter vil kommunar med skatteinntekter under 90 prosent av landsgjennomsnittet få ein tilleggskompensasjon på 35

prosent av differansen mellom eiga skatteinntekt og 90 prosent av landsgjennomsnittet. For ein nærare omtale av omlegginga til symmetrisk inntektsutjamning og tilbakeføringa av ein del av selskapsskatten til kommunane viser vi til kapittel 7 i kommuneproposisjonen for 2005. Vi viser også til stortingsmeldinga om tilbakeføring av ein del av selskapsskatten til kommunane og omlegging av inntektsutjamninga, som er lagd fram saman med statsbudsjettet 6. oktober.

For fylkeskommunane blir det ikkje lagt opp til endringar i inntektsutjamninga. Inntektsutjamninga for fylkeskommunane vil i 2005 vere basert på at fylkeskommunar med skatteinntekter på under 120 prosent av landsgjennomsnittet får kompensert 90 prosent av differansen mellom eigen skatt og referansenivået på 120 prosent. Det finst inga trekkordning for fylkeskommunar med høge skatteinntekter.

### Inndelingstilskotet

Inndelingstilskotet er ein del av post 60 til kommunane. Inndelingstilskot blir gitt til kommunar som slår seg saman. Tilskotet skal sikre at kommunar som slår seg saman, ikkje får reduserte statlege overføringar som følgje av kommunesamanslåinga. Inndelingstilskotet består av det basistilskotet som gjekk til kommunane før samanslåinga, i tillegg til eventuelle regionaltilskot som kommunane tok imot før samanslåinga. Tilskotet blir frose reelt på det nivået det har det året kommunane gjennomfører samanslåinga. Kommunar som slår seg saman, vil ta imot fullt inndelingstilskot i ti år. Tilskotet blir deretter trappa gradvis ned over fem år. I 2005 tek Re kommune og Bodø kommune imot inndelingstilskot.

### Post 62 Nord-Noreg-tilskot

Inntektssystemet skal mellom anna støtte opp under regionalpolitiske målsetjingar om å medverke til å sikre busetnad og levedyktige lokalsamfunn i alle delar av landet. Som eit ledd i regional- og distriktspolitikken ønskjer regjeringa at kommunar og fylkeskommunar i Nord-Noreg skal sikrast høve til å gi eit betre tenestetilbod enn kommunar og fylkeskommunar elles i landet. Kommunar og fylkeskommunar i Nord-Noreg får derfor eit eige tilskot. Tilskotet skal også medverke til at vi får ei høg kommunal sysselsetjing i eit område med eit konjunkturavhengig næringsliv. Tilskotet blir utbetalt som ein lik sats per innbyggjar for alle kommunane innanfor kvart fylke, og som ein sats for kvar fylkeskommune. Departementet tilrår at

satsane for Nord-Noreg-tilskotet for 2005 blir oppjusterte i takt med prisstiginga.

Tabell 3.41 Nord-Noreg-tilskot til kommunar og fylkeskommunar

	Kr per innbyggjar
Kommunar:	
Nordland	1 314
Troms	2 520
Finnmark	6 159
Fylkeskommunar:	
Nordland	825
Troms	940
Finnmark	1 285

### Post 63 Regionaltilskot

Regionaltilskotet er på same måten som Nord-Noreg-tilskotet grunngitt ut frå regionalpolitiske

omsyn. Regionaltilskotet blir i 2005, som i 2004, gitt til kommunar som har mindre enn 3200 innbyggjarar, og som har skatteinntekter under 110 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar tek imot fullt tilskot, medan kommunar med mellom 3000 og 3200 innbyggjarar tek imot eit redusert tilskot.

Storleiken på regionaltilskotet blir gradert etter det geografiske verkeområdet for distriktpolitiske verkemiddel (A–D). For kommunar i prioriteringsområde A gjeld den høgste satsen. Kommunar utanfor det distriktpolitiske verkeområde får regionaltilskot etter same sats som kommunar som ligg innanfor dei distriktpolitiske verkeområda B, C og D. Regionaltilskotet blir gitt som ein sats per kommune.

Kommunar med mellom 3000 og 3049 innbyggjarar får 80 prosent av full sats, kommunar med mellom 3050 og 3099 innbyggjarar får 60 prosent av full sats, kommunar med mellom 3100 og 3149 innbyggjarar får 40 prosent av full sats, og kommunar med mellom 3150 og 3199 innbyggjarar får 20 prosent av full sats.

Departementet tilrår at satsane blir haldne nominelt uendra frå 2004 til 2005.

Tabell 3.42 Gradering av regionaltilskot etter prioriteringsområde for distriktpolitiske verkemiddel

Område	Beløp per kommune (i 1 000 kr)
Prioriteringsområde A	8 070
Prioriteringsområda B, C og D	3 348
Utanfor distriktpolitisk verkeområde	3 348

### Post 64 Skjønstilskot

Kommunal- og regionaldepartementet fordeler årleg ein del av rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar etter skjønn. Fordelinga etter skjønn må sjåast i samanheng med fordelinga etter objektive kriterium i den faste delen av inntektssystemet. Det samla skjønstilskotet for kommunane og fylkeskommunane for 2005 er sett til 4 018,5 mill. kr.

Skjønstilskotet består av ordinært skjønstilskot og ekstraordinært skjønstilskot. Det ekstraordinære skjønstilskotet er ein kompensasjon til kommunar og fylkeskommunar som tapte på omlegginga av inntektssystemet i 1997, og som ikkje får dette tapet kompensert gjennom regionaltilskotet. I perioden 2002–2006 blir det ekstraordinære skjønnet avvikla med 1/5 kvart år.

### Kommunane

Den samla skjønnsramma for kommunane er for 2005 på vel 2 772 mill. kr. Av dette er den ordinære skjønnsramma på 2 475 mill. kr, medan den ekstraordinære skjønnsramma er på 298 mill. kr. Ved fastsetjing av den ordinære skjønnsramma er det teke utgangspunkt i ei nominell vidareføring av ramma for 2004. I tillegg er mellom anna desse aukingane lagde inn:

- Kommunane blei for 2004 kompenserte gjennom det ordinære skjønnet for meirutgifter knytte til opptrappinga av satsane for arbeidsgivaravgift. For 2005 blir satsane for arbeidsgivaravgifta trappa opp enda meir. For at omlegginga ikkje skal føre til eit vesentleg dårlegare tenestetilbod, vil kommunane bli kompenserte for meirutgiftene gjennom ein auke av skjønstilskotet på om lag 348 mill. kr i 2005 i forhold til 2004.

- Dei endringane som er gjorde i inntektssystemet i perioden 2002–2004, blir trappa ytterlegare opp i 2005. Kommunar som taper vesentleg på endringane, og som har skatteinntekter på under 110 prosent av landsgjennomsnittet, vil i 2005 få kompensert tap utover 280 kroner per innbyggjar. Dette fører til ein auke av skjønnstilskotet på 48 mill. kr.

Innanfor skjønnsramma til kommunane er det sett av 7 mill. kr til styrking av tospråklegheitsarbeidet i samiske kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet for samiske språk. Sametinget får fullmakt til å disponere midlane.

Innanfor den ordinære skjønnsramma ligg det tilskot til utviklings- og utgreiingsprosjekt. For 2005 er 47 mill. kr løyvt til slike prosjekt. Dette er ei nominell vidareføring av nivået frå 2004.

### Fylkeskommunane

Den samla skjønnsramma for fylkeskommunane er for 2005 på vel 1 246 mill. kr. Av dette er den ordinære skjønnsramma på 1 178 mill. kr, medan den ekstraordinære skjønnsramma er på 69 mill. kr. Den ordinære skjønnsramma er i utgangspunktet vidareført på same nominelle nivå som i 2004. Fylkeskommunane blei for 2004 kompenserte gjennom det ordinære skjønnnet for meirutgifter knytte til opptrappinga av satsane for arbeidsgivaravgift.

For 2005 blir satsane for arbeidsgivaravgifta ytterlegare trappa opp. For at omlegginga ikkje skal føre til eit vesentleg dårlegare tenestetilbod, vil fylkeskommunane bli kompenserte for meirutgiftene gjennom ein auke av skjønnstilskotet på om lag 61 mill. kr i 2005 i forhold til tilskotet i 2004. Sjukehusreforma, endringar i inntektssystemet som blei påbegynt i 2002, og endringar i oppgåver innanfor barnevernet, familievernnet og rusomsorga frå 2004, fører samla sett til ei vesentleg omfordeling av inntekter mellom fylkeskommunane. Fylkeskommunar som samla sett taper mykje på desse endringane, vil i 2005 få kompensert tap utover 280 kroner per innbyggjar. Dette fører til ein auke i skjønnstilskotet på 11 mill. kr.

I tråd med Stortinget si behandling av kommuneproposisjonen for 2005 vil Sør-Trøndelag fylkeskommune i alt få 55 mill. kr i ekstra skjønnsmidlar, fordelt med 25 mill. kr i 2004 og 30 mill. kr i 2005. De auka skjønnsmidlane inneber ei endeleg avslutning av sjukehusoppgjæret i forhold til Sør-Trøndelag fylkeskommune. De auka skjønnsmidlane må sjås i lys av den avtala som blei inngått mellom staten og Sør-Trøndelag i samband med utbygginga av Regionsjukehuset i Trondheim (RIT) 2000. Avtala innebar at auka skjønnsmidlar skulle sikre at Sør-Trøndelag skulle ha eit tenestetilbod på nivå med andre fylkeskommunar.

Tabell 3.43 viser fordelinga av samla skjønnstilskot i 2005.

Tabell 3.43 Skjønnstilskot

	(i mill. kr)		
	Ordinært skjønnstilskot	Ekstraordinært skjønnstilskot	Sum
Kommunar	2 474,6	297,7	2 772,3
Fylkeskommunar	1 177,6	68,6	1 246,2

### Post 65 Tilskot til barnevern / hovudstadstilskot

I 1999 blei det innført eit eige hovudstadstilskot i inntektssystemet. Hovudstadstilskotet til Oslo kommune var mellom anna grunnlagt med at Oslo hadde eit høgt utgiftsbehov knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Frå og med 2004 blei det innført eit eige kriterium i kostnadsnøkkelen for kommunane som fangar opp variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Hovudstadstilskotet til Oslo kommune blei derfor avvikla som eigen post på statsbudsjettet frå og med 2004. Tilskotet blir avvikla gradvis gjennom overgangsordninga i inntektssystemet.

Frå og med 2004 overtok staten det ansvaret fylkeskommunane tidlegare hadde for barnevernet. Oslo sitt ansvar for barnevernet blei likevel vidareført, jf. omtale i kapittel 12 i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002–2003)). Den delen av dei frie inntektene til fylkeskommunen som kan tilskrivas barnevern, blei lagde inn i hovudstadstilskotet til Oslo fylkeskommune.

I 2004 tek Oslo fylkeskommune imot vel 427 mill. kr i hovudstadstilskot. Om lag 80 prosent av midlane er knytt til Oslo sitt ansvar for barnevern, medan om lag 20 prosent er knytt til at Oslo har spesielle oppgåver som hovudstad.

Departementet foreslår at storleiken på tilskotet til Oslo fylkeskommune for 2005 blir oppjustert i takt med prisstiging. Oslo vil da ta imot om lag



441 mill. kr i tilskot til barnevern / hovudstadtilskot i 2005.

### **Post 68 Forsøk med rammefinansiering av øymerkte tilskot**

Forsøk med rammefinansiering av øymerkte tilskot tok til frå budsjettåret 2000 og blei avvikla etter budsjettåret 2003. Frå 1. januar 2004 får forsøkskommunane dei tilskota som har gått til forsøket, utbetalte som ordinære øymerkte tilskot.

Eit viktig siktemål med forsøket var å sjå om innlemming av øymerkte tilskot i rammetilskotet til kommunane hadde nokon effekt på det lokale demokratiet, på målrettinga av tenester og på effektiviteten i tenesteproduksjonen.

Desse kommunane var med i forsøket: Stavanger, Nettet, Flakstad, Norrdal, Namdalseid, Søgne, Randaberg, Orkdal, Alta, Nord-Aurdal, Hurdal, Etne, Meldal, Nordreisa, Nore og Uvdal, Råde, Frogn, Nord-Odal, Tønsberg og Lillehammer.

Evalueringa av forsøket blir gjennomført av Telemarksforsking og blir finansiert av Kommunal og regionaldepartementet. Data frå desse samanlikningskommunane blir brukte i evalueringa av forsøket: Trondheim, Smøla, Moskenes, Luster, Mosvik, Lillesand, Klepp, Skaun, Hammerfest, Trysil, Trøgstad, Ølen, Vågå, Lyngen, Hjørtal, Sande, Ås, Eidskog, Borre og Hamar. Evalueringa skal vere slutført 1. januar 2005.

### **Post 69 Kommunal selskapsskatt**

Selskapsskatten som blir tilført kommunane i 2005, er basert på selskapsskatten for skatteåret 2002. Selskapsskatten som blir tilbakeført til kommunane, er basert på ein skattøyre på 4,25 prosent innanfor ein samla skattøyre for alminneleg inntekt på 28 prosent. I 2005 blir det overført om lag 5,5 mrd. kr over kap. 571, post 69. Når det gjeld fordelinga mellom kommunane av selskapsskatten for 2005, viser vi til kommuneproposisjonen for 2005 (St.prp. nr. 64 (2003–2004)), vedlegg 11, kolonne 1.

Fordi selskapsskatten som ei mellombels ordning i 2005 og 2006 blir løyvt kommunane over statsbudsjettet, er selskapsskatten teknisk sett ein del av det samla rammetilskotet til kommunane i desse åra.

Som følgje av omlegginga av inntektsutjamninga vil kommunar med høge skatteinntekter få eit større trekk gjennom inntektsutjamninga enn tidlegare. For at desse kommunane ved slutten av rekneskapsåret ikkje skal ha gjeld på innbyggjartilskotet, vil departementet halde tilbake utbetalinga av delar av eller heile selskapsskatten. I slutten av rekneskapsåret vil det bli gjennomført ei avrekning av selskapsskatten i forhold til innbyggjartilskotet. Departementet vil på bakgrunn av prognosar for samla skatt og rammetilskot vurdere kva kommunar som ikkje skal få utbetalt selskapsskatt før avrekninga er gjennomført.

**Kap. 571 Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
21	Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet	3 505	6 700	6 894
60	Innbyggjartilskot	33 183 723	28 506 225	25 005 892
62	Nord-Noreg-tilskot	1 077 719	1 112 156	1 147 015
63	Regionaltilskot	582 838	552 511	561 526
64	Skjønnstilskot, <i>kan nyttast under kap. 572, post 64</i>	3 169 700	2 750 408	2 772 285
65	Hovudstadstilskot	152 609		
67	Storbytilskot	70 000		
68	Forsøk med rammefinansiering av øremerkte tilskot	967 766		
69	Kommunal selskapsskatt, <i>kan nyttast under post 60</i>			5 486 357
90	Forskot på rammetilskot	4 520		
	Sum kap. 571	39 212 380	32 928 000	34 979 969

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 571, post 60 auka med 142,8 mill. kr til 28 649,025 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Postane 60–68**

For omtale av postane 60–68 viser vi til omtalen av programkategorien ovanfor.

**Post 21 Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet**

I 2002 blei det oppretta ein eigen post knytt til kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet. For 2005 føreslår departementet ei løyving på om lag 6,9 mill. kr over denne posten, ein auke på 0,2 mill. kr i forhold til i 2004. Inntektssystemutvalet og kjøp av data og ulike tenester knytte til drift av inntektssystemet blir finansiert over post 21.

Midlar frå post 21 vil også bli brukte til å initiere forskning og innhenting av kunnskap innanfor

heile det kommunaløkonomiske området. Gjennom Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) blir det rapportert om hovudtrekk i økonomi og tenesteyting i kommunesektoren. TBU vil i 2005, som i 2004, bli finansiert over post 21.

**Post 90 Forskot på rammetilskot til kommunar**

I forslag til romartalsvedtak V blir det bede om samtykke frå Stortinget til å utbetale opptil 150 mill. kr i 2005 som forskot på rammetilskot til kommunar for 2006.

**Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
90	Tilbakeføring av forskot	65 536	28 000	4 000
	Sum kap. 3571	65 536	28 000	4 000

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 3571, post 90 redusert med 23,5 mill. kr til 4,5 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Post 90 Tilbakeføring av forskot**

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2003–2004) fekk Kommunal- og regionaldepartementet fullmakt til å gi opptil 150 mill. kr i forskot på rammetilskot for

2005 til kommunar i statsbudsjettet for 2004. Departementet reknar med at det i 2004 vil bli utbetalt om lag 4 mill. kr i forskot på rammetilskot. Utbetalte forskot vil bli tilbakebetalte i 2005.

**Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Innbyggjartilskot	12 563 342	9 697 405	9 554 112
62	Nord-Noreg-tilskot	406 524	419 545	433 117
64	Skjønnstilskot, <i>kan nyttast under kap. 571, post 64</i>	1 181 300	1 207 592	1 246 198
65	Tilskot til barnevern/ hovudstadstilskot	69 634	427 258	440 930
	Sum kap. 572	14 220 800	11 751 800	11 674 357

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 572, post 60 auka med 37,546 mill. kr til 9 734,951 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Postane 60–65**

For omtale av postane 60–65 viser vi til omtalen av programkategorien.

**Post 90 Forskot på rammetilskot til fylkeskommunar**

I forslag til romartalsvedtak V blir Stortinget bede om å samtykkje i at det kan utbetalast opptil 50 mill. kr i 2005 som forskot på rammetilskot til fylkeskommunar for 2006.

**Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
90	Tilbakeføring av forskot	7 100		
	Sum kap. 3572	7 100		

**Post 90 Tilbakeføring av forskot**

Ved behandlinga i Stortinget av St.prp. nr. 1 (2003 2004) fekk Kommunal og regionaldepartementet fullmakt til å gi opptil 50 mill. kr i forskot på ram-

metilskot for 2005 til fylkeskommunar i statsbudsjettet for 2004. Fram til oktober i 2004 er det ikkje utbetalt forskot på rammetilskot for 2005.

**Samla vekst i rammeoverføringar til kommunesektoren**

Tabell 3.44 Tilskot gjennom inntektssystemet for 2004 og 2005.

(i 1 000 kr/pst.)

	Overslag for rekneskap for 2004	Korrigert 2004	Forslag 2005	Faktisk vekst 04 – 05	Korrigert vekst 04 – 05
Innbyggjartilskot	28 649 025	28 045 776	25 005 892	-12,7	-10,8
Nord-Noreg-tilskot	1 112 156	1 112 156	1 147 015	3,1	3,1
Regionaltilskot	552 511	552 511	561 526	1,6	1,6
Skjønnstilskot	2 750 408	3 097 924	2 772 285	0,8	-10,5
Kommunal selskapsskatt			5 486 357		
Sum kommunar, ekskl. selskapsskatt	33 064 100	32 808 367	29 486 718	-10,8	-10,1
Sum kommunar, inkl. selskapsskatt	33 064 100	32 808 367	34 973 075	5,8	6,6
Innbyggjartilskot	9 734 951	9 610 871	9 554 112	-1,9	-0,6
Nord-Noreg-tilskot	419 545	419 545	433 117	3,2	3,2
Skjønnstilskot	1 207 592	1 268 951	1 246 198	3,2	-1,8
Tilskot til barnevern / hovudstadstilskot	427 258	427 258	440 930	3,2	3,2
Sum fylkeskommunar	11 789 346	11 726 625	11 674 357	-1,0	-0,4
Sum kommunesektoren, ekskl. selskapsskatt	44 853 446	44 534 992	41 161 075	-8,2	-7,6
Sum kommunesektoren, inkl. selskapsskatt	44 853 446	44 534 992	46 647 432	4,0	4,7

Tabell 3.44 viser tilskot gjennom inntektssystemet i 2004 før og etter korreksjonar for endringar i oppgåver og reglar, og før og etter innlemmingar av øyremerkte tilskot. Tala i tabellen er i nominelle kroner. Tabellen viser også forslaget frå regjeringa til løyving for 2005 fordelt på dei ulike postane i

rammetilskotet. Kolonne 2 viser overslag over tildeling for 2004 til kommunar og fylkeskommunar. Kolonne 3 viser den same tildelinga korrigert for endringar i oppgåver o.a. Siktemålet med å korrigere for endringar i oppgåver er å gjere det mogleg å samanlikne storleiken på tala for dei to åra. Dei

endringane i oppgåver som det er korrigerert for, er nærmare omtalte nedanfor. Kolonne 4 viser forslaget frå regjeringa til løyving for 2005.

Som ledd i omlegginga av inntektssystemet har Stortinget lagt til grunn at den delen skattane utgjer av dei samla inntektene til kommunesektoren, skal auke til 50 pst. innan 2006. I 2004 er skattedelen utrekna til 48 pst. Departementet legg opp til å auke denne prosentdelen til 50 pst. allereie i 2005. Målsetjinga om at ein større del av dei totale inntektene til kommunesektoren skal kome frå skatt, fører isolert sett til ein reduksjon i rammetilskotet til kommunesektoren.

**Endringar i oppgåvefordeling mellom ulike forvaltningsnivå, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.**

I budsjettet for 2005 vil det, som i tidlegare år, bli gjort ei rad korrigeringar i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, regelendringar, innlemmingar av øyremerkte tilskot o.a. Nokre av endringane vil bli omfatta av overgangsordninga i inntektssystemet, medan andre vil bli lagde rett inn i eller trekte rett ut av rammetilskotet etter kostnadsnøkkelen. For nærmare omtale av korleis beløp vil bli lagde inn eller trekte ut, viser vi til Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2004–2005) frå Kommunal- og regionaldepartementet («Grønt hefte»).

#### *Korreksjonar i rammetilskotet til kommunane*

Rammetilskotet til kommunane vil for 2005 bli korrigerert for ni endringar. Dei endringane rammetilskotet vil bli korrigerert for i 2005, er oppgitt i 2004-kroner:

1. Det øyremerkte tilskotet til vertskommunar (kap. 761, post 61) blir delvis innlemma i inntektssystemet i 2005. Rammetilskotet aukar som følgje av dette med 520,6 mill. kr. Den delen av tilskotet som er knytt til redusert tal på brukarar, er 84,4 mill. kr, medan vel 436 mill. kr er knytt til oppvekting av kriteriet for psykisk utviklingshemma i inntektssystemet.
2. Som følgje av at talet på elevar i private og statlege skolar aukar, blir rammetilskotet til kommunane redusert med 50,2 mill. kr.
3. Da ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift blei lagd om frå 2004, blei kommunane kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet. Som følgje av opptrapping av satsane for arbeidsgivaravgifta i 2005 vil kommunane få ytterlegare 347,5 mill. kr. i meirutgifter i 2005.

Rammetilskotet til kommunane vil bli auka i 2005 slik at meirutgiftene blir dekte.

4. Oppgåvene med kontroll og revisjon av skatteoppkrevjingsfunksjonen blei overført frå kommunane til staten frå 1. juli 2004. Heilårseffekten av endringa er 29 mill. kr. Rammetilskotet til kommunane blei i 2004 redusert med 14,5 mill. kr, og i 2005 blir rammetilskotet redusert med ytterlegare 14,5 mill. kr.
5. I 2004 blei rammetilskotet auka med 185 mill. kr som følgje av auka timetal i grunnskolen frå hausten 2004. Tiltaket har 5/12 effekt i 2004. Heilårseffekten er 440 mill. kr. I 2005 vil derfor ytterlegare 255 mill. kr bli lagt inn i rammetilskotet.
6. Frå hausten 2005 blir det ein ytterlegare auke i timetalet i grunnskolen. Tiltaket har 5/12 effekt i 2005. Som følgje av endringa aukar rammetilskotet med 130,3 mill. kr.
7. Ei ny finansieringsordning for krisesentra tek til å gjelde frå 2005. Som følgje av den nye finansieringsordninga blir rammetilskotet til kommunane redusert med 28,8 mill. kr i 2005.
8. Frå 2004 er det innført ei generell ordning med momskompensasjon til kommunane og fylkeskommunane. Den nye generelle ordninga vil gjelde med full årseffekt, samtidig som det blir utbetalt kompensasjon for nyinnkjøp etter den gamle, avgrensa ordninga (kompensasjonskrav som gjeld 2003) på snautt 1,6 mrd. kr. Det blir derfor gjort eit eingongstrekk på 1 580,1 mill. kr. frå rammetilskotet i 2005, tilsvarande omfanget av den gamle kompensasjonsordninga.
9. På grunn av fritak for el-avgift for offentleg sektor blei rammetilskotet til kommunane redusert med 336 mill. kr i statsbudsjettet for 2004. Fordi offentleg sektor igjen skal betale el-avgift, blei rammetilskotet til kommunane i revidert nasjonalbudsjett for 2004 auka med 164 mill. kr (1/2 årseffekt). Rammetilskotet aukar som følgje av endringa med ytterlegare 164 mill. kr i 2005 (1/2 årseffekt).

#### *Korreksjonar i rammetilskotet til fylkeskommunane*

Rammetilskotet til fylkeskommunane vil i 2004 bli korrigerert for desse ti endringane (tala er oppgitt i 2004-kroner):

1. Som følgje av at talet på elevar i statlege og private skolar aukar, blir rammetilskotet til fylkeskommunane redusert med 24,7 mill. kr.
2. Da ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift blei lagd om frå 2004, blei fylkeskommunane kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet. Som følgje av at satsane for arbeidsgivaravgifta blir trappa opp i 2005, vil

- fylkeskommunane få ytterlegare 61,4 mill. kr i meirutgifter i 2005. Rammetilskotet til fylkeskommunane vil bli auka i 2005 slik at meirutgiftene blir dekte.
3. Frå og med 1. august 2004 blei ansvaret for kollektivtransporten mellom Notodden og Porsgrunn overført frå staten til Telemark fylkeskommune. Rammetilskotet til fylkeskommunen auka som følge av dette med 5 mill. kr i 2004, og vil auke med ytterlegare 5,8 mill. kr. i 2005.
  4. Stortinget vedtok auka tilskot til gjeldssletting i samband med spesialisthelsetenestereforma. Når fylkeskommunane slettar gjeld, blir behovet for inntekter til å dekkje kapitalkostnader tilsvarende redusert. Rammetilskotet blei derfor redusert med 2,5 mill. kr. i 2004 (1/2 årseffekt), og det vil bli redusert med ytterlegare 2,5 mill. kr i 2005 (1/2 årseffekt).
  5. Stortinget vedtok auka tilskot til gjeldssletting i samband med endringane i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg. Når fylkeskommunane slettar gjeld, blir behovet for inntekter til å dekkje kapitalkostnader redusert tilsvarende. Rammetilskotet blei derfor redusert med 1,65 mill. kr i 2004 (1/2 årseffekt), og det vil bli ytterlegare redusert med 1,65 mill. kr i 2005 (1/2 årseffekt).
  6. Frå 2004 er det innført ei generell ordning med momskompensasjon til kommunane og fylkeskommunane. Den nye generelle ordninga vil gjelde med full årseffekt, samtidig som det blir utbetalt kompensasjon for nyinnkjøp etter den gamle, avgrensa ordninga (kompensasjonskrav som gjeld 2003) på vel 141 mill. kr. Det blir derfor gjort eit eingongstrekk på 141,3 mill. kr. frå rammetilskotet i 2005, tilsvarende omfanget av den gamle kompensasjonsordninga.
  7. På grunn av fritak for el-avgift for offentleg sektor blei rammetilskotet til fylkeskommunane redusert med 84 mill. kr i statsbudsjettet for 2004. Fordi offentleg sektor igjen skal betale el-avgift, blei rammetilskotet til fylkeskommunane i revidert nasjonalbudsjett for 2004 auka med 42 mill. kr (1/2 årseffekt). Som følge av endringa vil rammetilskotet bli auka med ytterlegare 42 mill. kr i 2005 (1/2 årseffekt).
  8. Departementet vil hausten 2004 fremme forslag om tilleggsløyving på 2004-budsjettet på 5,355 mill. kr knytt til tilskot til gjeldssletting i samband med at staten ved regionalt helseføretak overtek ansvaret for Nordagutu Opptrenings-senter frå Telemark fylkeskommune. Som følge av gjeldsslettinga blir kapitalkostnadene til fylkeskommunen redusert med 0,321 mill. kr i 2005. Rammetilskotet blir i 2005 redusert tilsvarende reduksjonen i kapitalkostnadene.
  9. Som følge av semje mellom departementet og Aust-Agder fylkeskommune om at fylkeskommunen skal betale tilbake 3,153 mill. kr i for mykje utbetalt tilskot til gjeldssletting, aukar kapitalkostnadene for fylkeskommunen med 0,189 mill. kr. Rammetilskotet aukar i 2005 tilsvarende auken i kapitalkostnadene.
  10. I samband med sjukehusreforma blei Hedmark fylkeskommune ikkje trekt i driftsmidlar da institusjonen Lille Kjonerud blei overført til statleg helseføretak. Departementet vil i haust fremme forslag om eit trekk i rammetilskotet til fylkeskommunen på 7,455 mill. kr på 2004-budsjettet. Rammetilskotet blir redusert med tilsvarende beløp i 2005.

### **Kap. 573 Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta**

I 2002 blei det gitt eit eingongstilskot til fylkeskommunane på 18,2 mrd. kr for å setje dei i stand til å slette lånegjeld knytt til spesialisthelsetenesta. Tilskotet var knytt til lånegjeld på eigedommar der det var oppnådd semje om overføring frå fylkeskommunane til staten. For eigedommar der det ikkje blei oppnådd semje om overføring, blei det oppretta ei særskild tvistenemnd.

Resultatet av behandlinga i nemnda førte til ein auke i tilskot til sletting av gjeld med 82 mill. kr. Stortinget vedtok ei slik løyving ved behandlinga av St.prp. nr. 63 (2003–2004), jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

Seinare i haust vil departementet leggje fram forslag om tilskot til sletting av gjeld for Telemark fylkeskommune knytt til at staten har overteke ansvaret for Nordagutu Opptrenings-senter. Forslag vil bli lagt fram i proposisjonen om endringar i løyvingane for 2004 seinare i haust.

## Kap. 574 Økonomisk oppgjør ved endringer i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Tilskot til sletting av gjeld		180 250	
61	Tilskot til feriepengar		116 531	
62	Tilskot til pensjonsutgifter		81 365	
	Sum kap. 574		378 146	

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 574, post 60 auka med 100,446 mill. kr til 280,696 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

Ansvaret for det fylkeskommunale barne- og familievernet og dei spesialiserte helsetenestene og sosialtenestene blei overført til staten i 2004. Løyvingane i saldert budsjett 2004 på i alt 378 mill. kr var eingongsløyvingar i samband med det økonomiske oppgjeret mellom staten og fylkeskommunane. Ved behandlinga av St.prp. nr. 63 (2003–

2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2004, blei det gitt ei tilleggsløyving til sletting av fylkeskommunal gjeld. Departementet legg til grunn at det økonomiske oppgjeret mellom staten og fylkeskommunane i samband med denne ansvarsoverføringa er avslutta.

## Programkategori 13.80 Bustad og bumiljø

Utgifter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
580	Bustønad	2 350 410	2 109 000	2 093 600	-0,7
581	Bustad- og bumiljøtiltak	742 426	823 600	722 500	-12,3
582	Skoleanlegg	264 554	240 500	248 000	3,1
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)	4 707	4 700	4 900	4,3
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar	2 693 435	3 397 400	2 722 800	-19,9
2412	Den norske stats husbank (jf. kap. 5312 og 5615)	11 141 286	13 809 000	13 409 000	-2,9
	Sum kategori 13.80	17 196 818	20 384 200	19 200 800	-5,8

Inntekter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)	281	200	240	20,0
5312	Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)	12 700 347	8 904 350	9 453 700	6,2
5615	Renter frå Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)	6 146 963	5 042 000	4 437 000	-12,0
	Sum kategori 13.80	18 847 591	13 946 550	13 890 940	-0,4

Programkategori 13.80 gjeld regjeringa sin bustadpolitikk. Ei heilskapleg framstilling av bustadpolitikken til regjeringa blir gitt i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Dei bustadpolitiske måla søkjer ein å nå gjennom bruk av økonomiske og juridiske verkemiddel, og gjennom rettleiing og informasjon. Dei økonomiske verkemidla blir i all hovudsak forvalta av Den norske stats husbank. Nokre av måla blir også ivaretekne av bygningssektoren og er omtalte under programkategori 13.90 Bygningssaker. Mellom anna forval-

tar Statens bygningstekniske etat det bygningstekniske regelverket og godkjenningsordninga for ansvarlege i byggjeprosessen.

Under kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak forvaltar Kommunal- og regionaldepartementet post 60 Handlingsprogram for Oslo indre aust, post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling og ny post 22 Program for reduserte byggjekostnader. Husbanken forvaltar alle andre budsjettpostar som blir omtalte i programkategorien, med unntak av kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus.



## Budsjettforslag for 2005 – prioriteringar

### Prioriteringar i 2005

Regjeringa har lagt dei måla og strategiane som er gitt i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken, som også Stortinget slutta seg til, til grunn for hovudprioriteringane i 2005.

Regjeringa har som visjon at alle skal kunne bu godt og trygt. Flest mogleg skal vere mest mogleg sjølvhjelpete på bustadmarknaden og kunne leve av eiga inntekt.

Dei sentrale hovudmåla og strategiane er:

- å leggje til rette for ein godt fungerande bustadmarknad
- å skaffe husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden
- å auke talet på miljøvennlege og universelt utforma husvære og buområde

Verkemidla i bustadpolitikken vil bli tilpassa desse hovudmåla og strategiane. Lån, tilskot og bustønad frå Husbanken vil bli ytterlegare målretta mot prioriterte målgrupper og bustadformål. Det vil bli satsa meir på bruk av informasjon, rådgiving, kunnskapsformidling og kompetanseoppbygging for å auke kunnskapen blant og samspelet mellom aktørane på bustadmarknaden. Regjeringa føreslår å slå saman kap. 581, post 71 Tilskot til bustadkvalitet og kap. 581, post 78 Kompetansetilskot og auke løyvinga til formålet.

Husbanken skal vidareutviklast som eit kompetansesenter som skal hjelpe aktørane på bustadmarknaden og i byggeverksemda. Det vil bli lagt auka vekt på å gi tilskot til prosjekt der formålet er å få fram ny og formidle eksisterande kunnskap som er relevant for kommunar, entreprenørar, organisasjonar og privatpersonar. Husbanken skal ha eit særleg ansvar for å hjelpe kommunane i arbeidet med startlån og i det bustadsosiale arbeidet.

Husbanken skal framleis vere ein bank for folk flest. Regjeringa føreslår derfor ei låneramme på 13,5 mrd. kr. Oppførings- og utbettringslån frå Husbanken blir samla i eit nytt grunnlån. Det nye lånet skal målrettast mot personar som etablerer seg i eige husvære for første gong, mot ordinære husvære der det blir teke omsyn til miljø og tilgjenge, og mot bustadbygging i delar av landet der det er vanskeleg å få lån til å byggje bustader. Lånet skal kunne nyttast til finansiering av nye husvære, utbettring av husvære, ombygging av bygningar til husvære og kjøp av brukte utleigehusvære.

Regjeringa ønskjer at Husbanken skal vere eit supplement til andre delar av kredittmarknaden. Husbanken skal gi lån til formål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ønskjelege, men der det kan vere vanskeleg å få finansiering på den private kredittmarknaden. Husbanken sin del av marknaden for utlån med pant i husvære har gått ned frå om lag 27 pst. i 1992 til i underkant av 10 pst. i 2003.


Tabell 3.45 Utlån frå Husbanken med pant i husvære i prosent av den totale utlånsmassen med pant i husvære i 1992, 2000 og 2003

År	Prosentdel
1992	27,0 pst.
2000	12,6 pst.
2003	9,8 pst.

Kjelder: Noregs Banks finansstatistikk og Husbanken

Regjeringa sin hovudstrategi for å nå visjonen om at alle skal kunne bu godt og trygt, er å leggje til rette for ein velfungerande bustadmarknad. Rentenivået er den økonomiske faktoren som påverkar bustadmarknaden mest. Regjeringa sin politikk har medverka til ei sterk senking av renta i dei siste åra, og dette har ført til at bukostnadene for folk flest er blitt reduserte. Samstundes er det blitt lettare for ungdom og folk med låge inntekter å etablere seg på bustadmarknaden. Regjeringa vil derfor føre vidare ein ansvarleg økonomisk politikk som sikrar stabile og låge renter. Ein slik politikk sikrar ei stabil utvikling på bustadmarknaden, set folk i stand til å kjøpe og behalde sitt eige husvære og sikrar stabile forhold for byggenæringa. Rentenivået på marknaden vil også sikre at Husbanken kan halde eit lågt rentenivå og dermed halde ved lag strukturen i låna som verkemiddel for å oppnå hovudmåla i bustadpolitikken.

Regjeringa ønskjer auka merksemd omkring utviklinga i byggekostnader, og føreslår at det blir løyvt midlar til eit femårig samarbeidsprogram mellom private aktørar og styresmaktene. Målet med programmet er å betre prosessane i byggeverksemda og leggje forholda til rette slik at byggekostnadene kan reduserast og kvaliteten i byggeverksemda betrast. Hovudfokus skal vere på bygging av husvære.



Figur 3.7 Utvikling av byggjekostnader per kvm for einebustader i perioden 1988–2002, eksklusiv tomtpris og utan standardheving for bustaden

Kjelder: ECON og HolteProsjekt

Bygningslovutvalet kjem med endeleg innstilling med hovudfokus på forenkling og brukarvenlegheit sommaren 2005. Med utgangspunkt i denne og tidlegare utgreiingar frå utvalet vil regjeringa utarbeide eit meir tenleg regelverk.

For å kunne følgje utviklinga i husleiger over tid, og for å få betre oversyn over tilhøva på leigemarknaden, vil regjeringa sette i gang arbeidet med å etablere ein husleigeindeks. Indeksen skal vere ferdig utvikla og i drift frå 2006.

Det er eit sentralt mål for regjeringa å skaffe husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden og hjelpe dei slik at dei kan bli buande i husværa. Ei av dei viktigaste oppgåvene for Husbanken er såleis å finansiere høvelege husvære for bustadlause, flyktningar og andre vanskelegstilte husstandar.

Regjeringa ønskjer meir merksemd omkring bustadløyse når «Prosjekt bostedsløse» blir avslutta i 2004. Den nasjonale strategien «På vei til egen bolig», som skal førebyggje og hindre at menneske blir bustadlause, blir sett i verk frå 2005. Tabell 3.46 viser hovud- og resultatmåla for denne strategien. Satsinga er utvida frå «Prosjekt Bostedsløse». Satsinga skal omfatte alle kommunar og leggje meir vekt på førebygging. Dette inneber at aktørar innan helse- og justisområdet vil bli trekte meir inn i arbeidet. Husbanken skal ha ei koordinerande rolle i gjennomføringa av strategien og hjelpe kommunane med å utforme lokalt tilpassa strategiar. Førebyggjande tiltak for å hindre at folk blir bustadlause, og tiltak for å skaffe butilbod av god kvalitet til dei som er bustadlause, står sentralt. Husbanken skal målrette sin innsats og sine verkemiddel med sikte på å løyse oppgåva. Hovudmålsetjinga er at kommunar og andre aktørar skal jobbe godt og effektivt med bustadlause, og at det skal leggjast opp til eit system der dei ulike aktørane kan lære av kvarandre.

Tabell 3.46 Hovud- og resultatmål fram til 2007 i den nasjonale strategien «På vei til egen bolig»

Hovudmål	Resultatmål
Motverke at folk blir bustadlause	Talet på krav om utkastingar skal reduserast med 50 pst. og talet på utkastingar med 30 pst. Ingen skal måtte tilbringe tid i mellombels butilbod i samband med lauslating frå fengsel. Ingen skal måtte tilbringe tid i mellombels butilbod etter utskrivning frå institusjon.
Medverke til god kvalitet ved døgnovernatting	Ingen skal få tilbod om døgnovernatting utan kvalitetskontroll.
Medverke til at bustadlause raskt får tilbod om varig husvære	Ingen skal opphalde seg lenger enn tre månader i mellombels butilbod.

Bustønad er det viktigaste økonomiske verkemiddelet for å sikre husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ordninga er eit svært målretta og effektivt verkemiddel i bustadpolitikken. Regjeringa har styrkt ordninga fleire gonger i perioden 2002–2004, med til saman 352 mill. kr, og føreslår forbetringar også i 2005. Som eit ledd i

oppfølginga av tiltaksplanen mot fattigdom føreslår regjeringa mellom anna at kravet om at husværet må vere på over 40 kvm for at bebuaren skal kunne få bustønad, blir fjerna for barnefamiljar. For alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst., og for dei som bur i kommunalt disponerte utleigehusvære,

gjeld ikkje kravet. Fjerning av arealkravet for barnefamiljar medverka såleis til å likestille desse gruppene i bustønsordninga.

I tråd med forslag i St.meld. nr. 23 (2003–2004) føreslår regjeringa at det blir overført mildar frå kap. 581, post 75 Tilskot til etablering, utbetring og utleigehusvære til kap. 580, post 70 Bustønad. Midlane skal nyttast til å heve dekningsprosenten frå 70 til 80 pst. i kommunalt tildelte utleigehusvære for å kompensere for at bustadtilskot til formålet blir redusert. Samstundes blir tilskot til utleigehusvære redusert frå i gjennomsnitt 30 pst. av kostnadene til 20 pst. Regjeringa ser det slik at dette er ein meir målretta og treffsikker bruk av midlane. Subsidiene følgjer no i større grad leigetakaren og ikkje husværet. Låg husleige motiverer i liten grad bebuaren til å flytte vidare og kome seg inn på den ordinære bustadmarknaden. Behovsprøvinga knytt til bustønad er også mykje meir differensiert og meir treffsikker enn behovsprøvinga i samband med bustadtilskot til utleigehusvære.

For regjeringa er det viktig at flyktningar blir busette i kommunane så raskt som råd. Rask busetjing gjer det lettare for flyktningane å bli integrerte i det norske samfunnet. Regjeringa vil derfor prioritere lån og tilskot til husvære for denne gruppa. Omlegginga av subsidieringa av utleigehusvære vil gjere det lettare for flyktningar å gjere karriere på bustadmarknaden.

Regjeringa vil som ein tredje strategi for å nå visjonen om at alle skal kunne bu godt og trygt, arbeide for at det skal blir fleire miljøvennlige og universelt utforma husvære og buområde. Regjeringa vil mellom anna utvikle indikatorar for å måle

utviklinga i miljøbelastninga frå bustad- og bygningssektoren. Universell utforming vil vere eitt kriterium for tildeling av det nye grunnlånet i Husbanken.

#### *Regjeringa sine tiltak på bustadmarknaden*

Regjeringa har styrkt bustønsorden og gjennomført ei rad forbetringar, mellom anna

- heva buutgiftstaket i dei største byane
- prisjustert sjablonen for lys og varme
- fjerna finansieringskravet for barnefamiljar i sjølvåtte husvære og fjerna arealkravet for folk som bur i kommunalt disponerte husvære, noko som gjer at fleire barnefamiljar med svak økonomi får bustønad
- utvida ordninga slik at deltakarar i introduksjonsprogram for nyleg komne flyktningar kan søkje om bustønad frå hausten 2004
- innført månadleg utbetaling av bustønsorden for å styrkje likviditeten blant mottakarane

Styrkinga av bustønsorden er eit ledd i regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom. Bustønsorden blei styrkt med 352 mill. kr i perioden 2002–2004.

Regjeringa har også styrkt bustadtilskotet. Styrkinga har samanheng med regjeringa sin innsats mot bustadløyse, busetjinga av flyktningar og arbeidet med å sikre husstandar med permanent låg inntekt eit høveleg husvære.

I tabell 3.47 er det gitt ei samla oversikt over dei bustadpolitiske tiltaka som regjeringa har gjennomført under Tiltaksplan mot fattigdom.

Tabell 3.47 Oversikt over regjeringa sine bustadtiltak i Tiltaksplan mot fattigdom t.o.m. 2004

År	Tiltak	Kostnad i budsjettåret
2003	Finansieringskravet i bustønsorden er fjerna for barnefamiljar	77 mill. kr
	Sjablonen for lys og varme er justert	20 mill. kr
2004	Arealkravet er fjerna for barnefamiljar m.fl. som bur i bustader disponera av kommunar	47 mill. kr
	Buutgiftstaket er ytterlegare heva i dei største byane	25 mill. kr
	Tilskotet til etablering, utbetring og utleigebustader er styrkt	Løyving: 32 mill. kr Tilsegningsramme: 42,7 mill. kr

I 2003 innførte regjeringa startlån for å gjere det lettare for folk med svak økonomi å etablere seg i eige husvære. Ordninga blir forvalta av kommunane og stimulerer til samarbeid med private bankar. Regjeringa har også forlengd nedbetalings-

tida for lån frå Husbanken til utleigehusvære frå 30 til 50 år. Dette reduserer husleiga i utleigehusvære som får slikt lån.

Regjeringa har innført føresegnar om forbod mot diskriminering i alle bustadlovene med verk-

nad frå 1. januar 2004. Føresegnene set forbod mot diskriminering på grunnlag av tru, hudfarge, språkkunnskapar, nasjonalt eller etnisk opphav og homofil legning, leveform eller orientering.

Regjeringa har utvida verkeområdet for Husleigetvistutvalet til også å omfatte Akershus. Prøveperioden er forlengd fram til 2005.

## Mål og utfordringar

### Status på bustadmarknaden

Igangsetjinga av nye husvære i 2003 passerte til slutt det relativt høge nivået i 2002. Ei vesentleg årsak til dette er at fleire større leigheitsprosjekt blei sette i gang i 2003, etter ein lengre periode der aktørane var avventande til marknadsbiletet. Det blei totalt sett i gang bygging av snautt 23 200 nye husvære i 2003. Dette er om lag 200 husvære eller ca. 1 pst. fleire enn året før. Tendensen til auka bustadbygging heldt fram i første del av 2004. Auken fram til no i 2004 har særleg kome i dei mest folkerike fylka – Oslo, Akershus og Hordaland.

Tabell 3.48 Talet på igangsette husvære per år i perioden 1998–2003

År	Igangsette husvære
2003	23 200
2002	23 000
2001	25 300
2000	23 550
1999	20 400
1998	19 600

Gjennomsnittssarealet for igangsette husvære har halde fram med å gå noko ned i dei siste åra, og den prosentvise nedgangen i arealet for husvære med oppføringslån frå Husbanken er noko større enn for husvære samla sett. Regjeringa ønskjer at finansiering av nye husvære gjennom Husbanken skal vere eit supplement til bustadlån frå det private kredittvesenet. Ein konsekvens av dette er at Husbanken no gir lån til færre einbustader – den hustypen som har det høgste buarealet. I 2003 utgjorde einbustadene 10 pst. av husværa som fekk oppføringslån frå Husbanken. Opplegget for utmåling av oppføringslån blei også endra, slik at dei minste husværa blei premierte.

### Ein velfungerande bustadmarknad

Den viktigaste strategien for å nå målet om at flest mogleg skal kunne bu godt og trygt, er å leggje til rette for ein velfungerande bustadmarknad.

Frå 1. juli 2003 blei det innført ein tidsfrist på 12 veker for kommunen si behandling av byggjesaker og private reguleringsplanforslag. Frå same tid er kommunen òg gitt ein frist på 6 veker til å førebu klager til fylkesmannen i byggjesaker. Frå 1. juli 2004 må kommunen betale tilbake heile eller delar av behandlingsgebyret dersom reguleringsplanen eller byggjesaka ikkje blir behandla innan fristen.

Eit bygningslovutval blei sett ned våren 2002 og arbeider med ein total revisjon av bygningsdelen av plan- og bygningslova. Utvalet kom med si første delutgreiing i oktober 2003. Utgreiinga inneheldt mellom anna forslag til lovregulering av utbyggingsavtalar. Regjeringa vil leggje fram ein Odelstingsproposisjon om lovregulering av utbyggingsavtalar hausten 2004. Den siste delinnstillinga frå bygningslovutvalet vil kome i juni 2005. Denne delinnstillinga vil innehalde forslag til andre endringar i bygningsdelen av lova.

I St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken er det varsla auka politisk merksemd omkring byggjekostnader. Ei arbeidsgruppe fekk i fjor i oppdrag å vurdere behovet for eit formalisert samarbeid mellom byggjenæringa og styresmaktene. Arbeidsgruppa la fram si innstilling i februar 2004 og tilrådde innsatsområde og tiltak for det vidare arbeidet med å bremse veksten i byggjekostnadene og auke produktiviteten i byggjenæringa. Etter tilråding frå arbeidsgruppa blir det etablert eit femårig program i eit samarbeid mellom private aktørar og styresmaktene. Programmet skal vere etablert frå 1. januar 2005 og skal ha både forbrukarar og næringa som målgrupper.

Husbanken skal framleis vere ein bank for breie lag av bustadetablerande, og skal framleis sikre bustadbygging i distrikta. Samstundes er det storbyane som har dei største utfordringane.

### Vanskelegstilte på bustadmarknaden

Bustadmeldinga framhever som hovudmål og strategi at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal skaffast husvære. Vanskelegstilte og bustadlause får derfor stor merksemd i meldinga. Frå 1997 til 2004 har talet bustadlause gått ned frå 6200 til 5200, men det er framleis store utfordringar. Regjeringa føreslår ein ny ambisiøs strategi for å motverke at folk blir ståande utan ein stad å bu. Målet er å redusere talet på bustadlause ved å redusere talet på utkastingar, sikre husvære til dei som blir lauslatne frå fengsel eller skrivne ut frå institusjon, og redu-

sere bruken av dårlege, mellombels butilbod. Kommunikasjon, kunnskapsutvikling, lån og tilskot skal føre til ein god bustadpolitikk.

#### *Miljøvennlege og universell utforma husvære og buområde*

Regjeringa har som eit av sine hovudmål å auke talet på miljøvennlege og universell utforma husvære og buområde. Det er behov for fleire husvære som er tilgjengelege for folk med nedsett funksjonsevne. Vidare gjer bustad- og byggjesektoren bruk av store landareal og står for 40 pst. av energi- og materialbruken i samfunnet og 40 pst. av avfallet. Særleg med tanke på dette legg regjeringa vekt på miljøvennleg bustadbygging i åra framover.

#### *Kjønnspektivet i bustadpolitikken*

Det finst liten kunnskap om likestillingsaspekt i bustadsektoren. Det er derfor viktig å få betre kunnskap om i kva grad kjønn spelar ei rolle på bustadområdet. Kjønnspektivet skal i større grad kome med i forskings- og utgreiingsoppdrag på feltet frå Kommunal- og regionaldepartementet og Husbanken.

#### Mål

Måla for bustad- og byggjesektoren heng nært saman, og blir derfor presenterte samla, særleg på område som dreier seg om miljø og kvalitet. Boks 3.7 gir ei oversikt over dei overordna resultatmåla og arbeidsmåla, og innhaldet blir meir detaljert presentert under omtalen av kvar post.

**Boks 3.7 Mål for programkategori 13.80 Bustad og bumiljø og 13.90 Bygningssaker**

Overordna resultatmål	Arbeidsmål
1. Ein godt fungerande bustadmarknad og ein effektiv byggjeprosess	<p>Følgje opp bygningsregelverket jamleg for å sjå om det er mogleg å auke effektiviteten</p> <p>Sende innstillinga frå bygningslovutvalet på høyring</p> <p>Etablering av Byggjekostnadsprogrammet i samarbeid med byggjenæringa</p> <p>Setje Regelverk om utbyggingsavtalar i kraft</p> <p>Stimulere til auka bruk av elektronisk byggjesaksbehandling (ByggSøk) i kommunane</p> <p>Stimulere kommunane til å føre betre tilsyn i byggjesaker</p> <p>Medverke til at aktørane i byggjeverksemda har god fagkompetanse</p> <p>Sikre innsyn i og oversikt over utviklinga i husleiger ved å etablere ein husleigeindeks</p> <p>Sikre god finansiering av husvære også i distrikta</p>
2. Husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden	<p>Støtte kommunane i arbeidet med å få personar med svak økonomi etablerte i eige husvære</p> <p>Leggje til rette for at flyktningar med opphaldsløyve skal kunne etablere seg i husvære, og leggje til rette for at dei kan få ein god karriere på bustadmarknaden</p> <p>Førebyggje og redusere problemet med bustadløyse</p> <p>Leggje til rette for at det finst eit godt tilbod av husvære tilpassa personar med nedsett funksjonsevne, dvs. følgje prinsippet om universell utforming</p>
3. Sikre helse- og miljøvennlege husvære og bygningar	<p>Arbeide for auka arealeffektivitet og for at det blir teke meir omsyn til biologisk mangfald i bustad- og byggjesektoren</p> <p>Arbeide for redusert energibruk i bygningsmassen</p> <p>Medverke til at bruken av helse- og miljøfarlege stoff i husvære og bygningar blir kartlagd betre og redusert</p> <p>Medverke til at avfallsmengda i byggjeverksemda blir redusert. Det skal stimulerast til gjenbruk og ombruk av byggjemateriale.</p> <p>Stimulere til satsing på god kvalitet og god byggjeskikk</p> <p>Stimulere til miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald av husvære og bygningar</p>
4. Fleire universelt utforma husvære og bygningar	<p>Universelt utforma nybygg og uteområde; utbetring/ombygging</p> <p>Medverke til auka kompetanse om universell utforming blant aktørane i bustad- og byggjesektoren</p> <p>Stimulere kommunane til å stille krav om tilgjenge der dei har styringsmakt og høve til det</p> <p>Medverke til å gjere aktørane på marknaden medvitne, slik at dei etterspør tilgjengelege husvære og bygningar</p>

Husbanken og verkemidla gjennom Husbanken vil framleis vere den viktigaste reiskapen for regjeringa når det gjeld å nå dei bustadpolitiske måla. Regjeringa vil arbeide med å målrette dei

verkemidla Husbanken rår over, og ønskjer at Husbanken i større grad skal støtte aktørane på bustadmarknaden for at dei oppsette måla skal kunne nåast.

## Kap. 2412 Den norske stats husbank (jf. kap. 5312 og 5615)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	269 045	271 000	283 000
45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	5 184	5 000	5 000
72	Rentestøtte	37 834	29 000	23 000
90	Lån til Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	10 829 223	13 504 000	13 098 000
	Sum kap. 2412	11 141 286	13 809 000	13 409 000

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 2412, post 72 sett ned med 1 mill. kr til 28 mill. kr. Løyvinga på post 90 blei sett ned med 101 mill. kr til 13 403 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

Husbanken er det viktigaste verktøyet regjeringa har for å nå dei bustadpolitiske måla. Husbanken skal gjennomføre den statlege bustad- og bygningspolitikken målretta og effektivt, og fremme bygging av husvære med nøktern standard og god kvalitet. Omsynet til god økologisk og økonomisk ressursbruk, god kvalitet, universell utforming og god byggjeskikk skal sikrast ved at ein påverkar nybygging, og gjennom fornying av eksisterande bustadhus.

Husbanken gir lån og tilskot til bustadbygging, bustadfornyning, bustadetablering, omsorgsbustader, barnehagar o.a. Delar av låne- og tilskotsordningane, som startlån, personretta utbetingslån og bustadtilskot, er behovsprøvde og skal gjere det lettare å etablere seg for unge og vanskelegstilte. Desse verkemidla, saman med bustønad, skal medverke til at husstandar med låge inntekter skal kunne skaffe seg eit godt og nøkternt husvære til ein akseptabel kostnad. Husvære for bustadlause, innvandrarar/flyktingar, funksjonshemma og andre vanskelegstilte er høgst prioritert.

Husbanken forvaltar den statlege bustønsordninga og har tilskotsordningar som skal stimulere til bygging av omsorgsbustader for personar med psykiske lidningar.

Husbanken har verkemiddel som skal betre kvaliteten på husvære og bumiljø i eksisterande

buområde, særleg i byar og tettbygde strøk. Husbanken har i tillegg ansvar for det statlege byggjeskikkarbeidet. Husbanken skal gjere kommunane, byggebransjen og andre meir medvitne om god byggjeskikk og auke kompetansen på området. Det skal mellom anna gjerast gjennom undervisningsopplegg, kursverksemd, fagdagar, formidling av informasjon og arkitektkonkurransar.

I 2002 blei det etablert ei rentekompensasjonsordning for å stimulere kommunane til ei ekstra satsing for å ruste opp skoleanlegg. Husbanken administrerer utbetalingane til kommunane. Frå 1. januar 2004 tok Husbanken over ansvaret for forvaltninga av tilskotet til studentbustader frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Husbanken skal vere eit kompetansesenter for bustadpolitikk. Denne oppgåva inneber eit ansvar for utvikling og spreiding av kunnskap. Husbanken gir støtte til forskning og utgreiingar og medverkar til å formidle forskingsresultat og ny kunnskap gjennom ei rad forum og informasjonskanalar. Husbanken har store nettverk og god kontakt med aktørane innanfor bustadsektoren, forskingsinstitusjonar, bransjeorganisasjonar, bustadsamvirke, interesseorganisasjonar og offentlege institusjonar.

## Resultatrapport for 2002–2003

Tabell 3.49 Verksemda i Husbanken i perioden 2000–2003 og i 1. halvår 2004

Ordning	2000	2001	2002	2003	1. halvår 2004
<i>Lån:</i>					
Oppføringslån, talet på ordinære husvære med tilsegn	9 989	11 307	10 379	9 839	4 566
Oppføringslån, gjennomsnittleg storleik i kvm	104	94	89	83	72
Alle igangsette husvære, gjennomsnittleg storleik i kvm <sup>1</sup>	124	118	115	109	–
Omsorgsbustader/sjukesheimsplassar, bueiningar med tilsegn	313	93	57	75	8
Oppføringslån, talet på husvære med tilsegn om lånetillegg	8 162	8 332	8 160	8 225	3 332
Startlån <sup>2</sup>				6 464	1 299
Etableringslån, talet på saker med tilsegn	8 157	11 324	9 731	–	–
Kjøpslån, talet på husvære med tilsegn	2 165	4 207	2 901	–	–
Utbetringslån, talet på husvære med tilsegn	15 014	10 651	8 369	12 858	2 965
<i>Tilskot:</i>					
Omsorgsbustader/sjukesheimsplassar, bueiningar med tilsegn	6 235	7 437	11 602	4 235	69
Tilskot til bustadkvalitet, talet på prosjekt med tilsegn <sup>3</sup>	524	868	652	210	28
Tilskot til etablering, utbetring og utleigehusvære, talet på husvære med tilsegn	2 289	2 595	2 470	2 841	780
Av dette tilskot til utleigehusvære	901	1 045	1 302	1 100	486
Tilskot til tilpassing av husvære, talet på saker med tilsegn frå kommunane <sup>4</sup>	5 362	5 157	4 521	3 645	–
Bustønad, talet på husstandar som får stønad <sup>5</sup>	99 924	102 896	101 691	108 531	106 430

<sup>1</sup> Talet for 1. halvår 2004 ligg ikkje føre.

<sup>2</sup> Startlån blei innført i 2003. Ordninga erstattar etableringslån og kjøpslån.

<sup>3</sup> Denne aktiviteten er endra frå tilskot til fysiske tiltak til støtte til områdeutvikling og planlegging.

<sup>4</sup> Blir rapportert éin gong i året.

<sup>5</sup> Husstandar som fekk stønad i 1. termin i perioden 2000–2004. Gjeld ikkje klagebehandling, etterbetaling og overgangsordninga.

Regjeringa reknar med at det totalt blir sett i gang bygging av om lag 23 000 nye husvære i 2004. I 2003 blei det sett i gang bygging av 23 200 husvære. I perioden frå januar til mai i år er det registrert 10 306 igangsette husvære. Det er ein auke på 1800 samanlikna med same periode i fjor. I 2003 hadde Husbanken ei låneramme på 14,5 mrd. kr, og Husbanken sin del av den totale bustadbygginga var dette året på snautt 50 pst. Dette er ein nedgang frå året før på om lag 10 prosentpoeng. I stor grad skriv dette seg frå ein nedgang i talet på omsorgsbustader etter at handlingsplanen for

eldreomsorga no er fullført. Husbanken gav oppstartingstilskot til om lag 1460 nye omsorgsbustader og godkjende vel 9800 ordinære husvære for oppføringslån i 2003. Husvære med berre oppføringslån utgjorde 45 pst. av dei igangsette husværa eksklusive omsorgsbustader, mot drygt 50 pst. året før. Nedgangen heng mellom anna saman med at Husbanken gav lån til færre einebustader. Dessutan var renta i dei private bankane til dels lågare enn i Husbanken etter at rentenivået hadde gått ned kontinuerleg sidan våren 2003. Dette heng saman med at den flytande renta i Husbanken blir



endra tre månader på etterskot i forhold til rentemarknaden elles. Låge renter medverkar til ei stabil utvikling på bustadmarknaden, noko som er i tråd med regjeringa sin økonomisk politikk elles.

Frå 1.1.2003 blei kjøpslån og etableringslån erstatta med startlån. Kommunane tok i 2003 opp 3,7 mrd. kr i startlån. Dette er 1,1 mrd. kr meir enn dei tok opp i etableringslån året før. Om lag 6500 husstandar fekk startlån gjennom kommunane. Om lag to tredelar var einslege forsyttarar og einslege med ei husstandsinntekt på under kr 300 000. Talet på husstandar som fekk startlån i 2003, var lågare enn talet på husstandar som fekk etableringslån året før. Rentenedgangen i 2003 har her spelt ei rolle. På ein marknad med fallande rente vil startlån frå kommunane, som har eit rentenivå knytt til Husbanken sitt rentenivå, på kort sikt vere mindre gunstig enn lån med marknadsrente. Dette gjeld både den flytande og den faste renta i Husbanken.

Det var ein markant auke i innvilga utbetningslån i 2003 i høve til 2002. I 2002 prioriterte Husbanken i mindre grad å gi generelle utbetningslån. I 2003 blei 12 858 husvære godkjende for utbetningslån, og det var 54 pst. fleire enn i 2002. Den auka aktiviteten har så langt ikkje halde fram i 2004. Det blei søkt om lån til 4326 barnehageplassar i 2003. Det blei nytta 597 mill. kr til dette formålet i 2003, mot 447 mill. kr i 2002.

Regjeringa fører vidare satsinga for å hjelpe vanskelegstilte. Ei av dei viktigaste bustadpolitiske oppgåvene for Husbanken er såleis å finansiere høvelege husvære til bustadlause, flyktningar og andre vanskelegstilte husstandar. Sentralt i denne samanhengen står bruken av bustadtilskot. Det blei i 2003 totalt løyvt bustadtilskot for 670 mill. kr, og det blei til saman gitt bustadtilskot til etablering i 2841 husvære. Dette er 15 pst. fleire enn året før, jf. tabellen som viser verksemda i Husbanken. Det blei gitt tilskot til om lag 1750 husvære som husstanden eig sjølv, og det er ein auke på om lag 50 pst. i høve til 2002. Dette er i tråd med regjeringa si bustadpolitiske linje, som legg vekt på at bustadtilskotet skal gjere det lettare for vanskelegstilte å eige sitt eige husvære.

Talet på tilskot auka både til bustadlause og til funksjonshemma. I 2003 blei det gitt tilskot til 235 husvære for bustadlause, noko som er drygt 10 pst. fleire enn i 2002. Husbanken gav tilskot til i alt 1100 utleigehusvære, som er 15 pst. færre enn i 2002. Nedgangen i 2003 heng saman med ei ekstraløyving på 75 mill. kr øyremærkt for husvære til flyktningar i 2002. Ekstraløyvinga førte til at det var meir tilskotsmidlar disponibelt til kjøp/bygging av denne kategorien husvære i 2002 samanlikna med 2003.

Det er stadig eit problem at mange flyktningar blir buande i statlege mottak også etter at dei har fått opphaldsløyve. Kommunane melder at å skaffe husvære er ein av dei største flaskehalsane i busetjingsarbeidet. Finansiering av husvære for flyktningar har derfor vore prioritert av Husbanken i 2003 og vil bli det også i 2004. Verkemiddel som bustønad og startlån er òg heilt sentrale ordningar for å medverke til at flyktningar blir busette i kommunane til ein lågast mogleg kostnad for kommunane.

Bustønaden er etter regjeringa sitt syn eit svært målretta og effektivt verkemiddel i bustadpolitikken. Bustønaden blir stadig forbetra, og dette er eit ledd i regjeringa si oppfølging av tiltaksplanen mot fattigdom. Regjeringa har styrkt bustønaden med 352 mill. kr i perioden 2002–2004. Totalt utgjorde bustønaden i 2003 over 2,3 mrd. kr, inklusive eingongsutbetalingar på 265 mill. kr for å dekkje auka straumprisar. I 2004 blei grensene for godkjende buutgifter heva med kr 10 000 i Oslo og med kr 5000 i dei andre store byane. Dette gir dei med dei høgste buutgiftene og lågaste inntektene meir i bustønad. Frå 2004 er arealkravet på 40 kvm fjerna for barnefamiliar o.fl. i kommunalt formidla husvære. Tiltaket gjer det lettare for kommunane å finne rimelege husvære til desse familiane, og barnefamiliar o.fl. som bur i små husvære, vil no ikkje falle utanfor ordninga. For å gjere det enklare både for kommunane og for husstandane, blir det i 2004 innført månadlege utbetalingar av bustønaden. Det er òg innført plikt til å varsle om inntektsauke på meir enn 10 000 kr. Frå 1. september 2004 blei ordninga utvida til også å gjelde innvandrarak som får introduksjonsstøtte. Bustønaden skal medverke til at innvandrarak blir raskare busette og dermed raskare etablerte i lokalmiljøet.

Handlingsplanen for eldreomsorga (jf. St.meld. nr. 50 (1996–97)) blei som alt nemnt, avslutta i 2003. Husbanken har godkjent i underkant av 38 600 sjukeheimsplassar og omsorgsbustader knytte til handlingsplanen. Opptappingsplanen for psykisk helse (jf. St.prp. nr. 63 (1997–98)) blir avslutta i 2004. Målalet på 3400 omsorgsbustader blir truleg nådd.

Gjennom «Prosjekt Bostedsløse» samarbeider Husbanken med dei største byane, fleire frivillige organisasjonar, Arbeids- og sosialdepartementet og Sosial- og helsedirektoratet om å finne fram til metodar og modellar for å motverke og førebyggje bustadløyse. Prosjektet skal avsluttast i 2004. Frå 1997 til 2004 har talet på bustadlause gått ned frå 6200 til 5200, men det er framleis store utfordringar. Arbeidet med busetting av denne gruppa blir derfor ført vidare gjennom den nasjonale strategien «På vei til egen bolig», som det blei gjort greie


for i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikk. Husbanken registrerer at det er skapt ei auka forståing i kommunane for dette problemet, og at mange kommunar no set inn nokså store ressursar i arbeidet.

Husbanken skal stå til teneste for kommunane når det gjeld kompetanse, rådgiving og økonomiske verkemiddel som set kommunane i stand til å utøve denne rolla på best mogleg måte. Husbanken sine regionkontor er sentrale i denne sammenheng. Husbanken har over tid styrkt regionkontora gjennom desentralisering av oppgåver, overføring av nasjonalt fagansvar for utvalde område og kompetanseutvikling, slik at dei kan yte best mogleg service overfor kommunane.

### Rentenivået i Husbanken

Året 2003 blei prega av ein kontinuerleg og kraftig rentenedgang. Noregs Bank sette ned foliorenta i

alt sju gonger, med til saman 4,25 prosentpoeng, og foliorenta hadde ved siste årsskifte kome ned i 2,25 pst. Dette har kome huseigarar, og ikkje minst førstegongsetablerarar, til gode. Marknadsrenta på bustadlån, målt etter gjennomsnittet i eit utval av privatbankane, har sidan 2. kvartal 2003 lege lågare enn den flytande renta i Husbanken. I 2. kvartal 2004 er Husbankrenta lågare enn renta i private finansinstitusjonar. Dette heng saman med måten den flytande husbankrenta blir fastsett på; endringar i den flytande renta i Husbanken skjer tre månader på etterskot i forhold til rentemarknaden elles. Ein liten majoritet av kundane i Husbanken vel likevel framleis å nytte tilbodet om fast rente. Figuren under viser utviklinga i bustadrentene i perioden frå og med 1998 til og med 2. kvartal 2004.



Figur 3.8 Flytande og fast rente i Husbanken samanlikna med renter i privatbankar

### Låneramme for Husbanken i 2005

Regjeringa føreslår ei låneramme på 13,5 mrd. kr i 2005. 0,5 mrd. kr av låneramma vil bli øyremerkt til lån til etablering av sjukeheimplassar, eldrebustader og rehabiliteringsplassar i sørlege land.

Oppførings- og utbetningslån frå Husbanken skal samlast i eit grunnlån, sjå St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Det nye grunnlånet skal målrettast mot personar som etablerer seg i eige husvære for første gong, mot ordinære husvære der det blir teke omsyn til miljø og tilgjenge, og mot bustadbygging i delar av landet der det er vanskeleg å få lån til å byggje husvære. Lånet kan nyttast til finansiering av nye husvære, til utbetring av husvære, til ombygging av bygningar til husvære og til kjøp av brukte utleigehusvære.

Husbanken skal supplere andre delar av kredittmarknaden og gi lån til formål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ønskjelege, og skal i større grad rette låna inn mot måla i bustadmeldinga. Regjeringa vil i denne samanhengen føre vidare satsinga på startlån til unge og van-


skelegstilte, slik at dei skal kunne etablere seg i eige husvære.

Lånefinansiering av nye barnehageplassar vil ha høg prioritet også i 2005.

Husbanken sine statistiksider på internett gir detaljert informasjon om bruken av lånemidlane heilt tilbake til 1997, sjå [www.husbanken.no/statistikk](http://www.husbanken.no/statistikk).

Kommunal- og regionaldepartementet er i ferd med å gå igjennom oppfølgingskriteria og rapporteringa for låneramma. Rapporteringa til Stortinget om låna blir endra i St.prp. nr. 1 for 2006.

Figuren som viser hovudtal for lån, framstiller grafisk nokre av oppfølgingskriteria for lån som ikkje lenger er tekne med i tabellen over resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat. Kategorien «nye og kjøpte husvære» inneheld også talet på oppføringslån, som er vist heilt øvst, og talet på kjøps- og etableringslån/startlån. Kategorien «husvære for funksjonshemma» omfattar husvære med oppføringslån som har spesielle tilleggskvalitetar for funksjonshemma, i tillegg til omsorgsbustader med livsløpsstandard med oppføringstilskot.



Figur 3.9 Hovudtal for lån gitt i perioden 2000 – 1. halvår 2004

- 1 Talet på nye husvære med innvilga oppføringslån i Husbanken (lånetilsegn eller prosjektgodkjenning)
- 2 Talet på barnehageplassar med innvilga lån i Husbanken
- 3 Talet på husvære med innvilga utbetningslån
- 4 Talet på husvære med innvilga lån til nybygging eller kjøp
- 5 Talet på husvære med spesielle tilleggskvalitetar for funksjonshemma
- 6 Talet på husvære med innvilga utbetningslån lån slik at ulike (vanskelegstilte) brukargrupper kan bli buande der

Tabell 3.50 Nokre resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat i samband med lån

Resultatmål	Oppfølgingskriterium	2001	2002	2003	1. halvår 2004
<i>Stimulere til at nye husvære som blir bygde, har spesielle, ønske tilleggsqualitetar<sup>1</sup></i>	Prosentdel husvære med gode uteareal	26 pst.	39 pst.	44 pst.	51 pst.
	Prosentdel husvære premierte for helse, miljø og tryggleik	58 pst.	61 pst.	66 pst.	81 pst.
	Prosentdel husvære med livsløpsstandard	39 pst.	39 pst.	37 pst.	47 pst.
	Prosentdel husvære med heis i låghus	10 pst.	13 pst.	13 pst.	21 pst.
<i>Stimulere til god og nøktern utbetring av husvære</i>	Husvære med innvilga utbetningslån totalt	10 651	8 369	12 858	2 965
	Husvære med innvilga lån til fornying i tett busetnad	8 438	6 820	9 238	2 245
	Husvære med innvilga lån til utbetring til ENØK-formål	698	377	1 912	717
	Husvære med kulturhistorisk og antikvarisk verdi	124	12	170	3
<i>Medverke til at prioriterte målgrupper på bustadmarknaden kan få dekt behovet for gode og høvelege husvære</i>	Talet på husvære med innvilga lån til nybygging eller kjøp for utvalde (vanskelegstilte) brukargrupper <sup>2</sup>				
	– Funksjonshemma	325	243	394	115
	– Flyktningar	228	309	276	76
	– Bustadlause	–	103	77	131
	– Ungdom/studentar	3 561	2 503	3 799	1 443
	Talet på husvære med innvilga lån slik at ulike brukargrupper kan bli buande der <sup>3</sup>	1 391	1 160	1 538	547
	– Funksjonshemma	162	123	64	28
	– Økonomisk vanskelegstilte	349	380	349	62
	– Eldre	880	657	1 125	457

<sup>1</sup> Prosentdelane er rekna av talet på husvære som fekk oppføringslån. Prosentdelane vil kunne bli talde dobbelt, ettersom eitt og same husvære kan få fleire lånetillegg.

<sup>2</sup> Husvære med oppføringslån og kjøpslån/startlån

<sup>3</sup> Omfattar personretta utbetningslån.

### Post 1 Driftsutgifter og post 45 Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast

Husbanken kjem i 2004 til å utføre ca. 354 årsverk, fordelt på 223 kvinner og 145 menn. Husbanken har regionkontor i Hammerfest, Bodø, Trondheim, Bergen, Arendal og Oslo. Dei sentrale planleggings-, koordinerings- og støttefunksjonane er lokaliserte saman med regionkontoret i Oslo. Hovudstyret har vedteke å flytte hovudkontoret i Husbanken til Drammen i 2005, sjå òg Ot.prp. nr. 39 (2003–2004).

Husbanken held fram med regionaliseringa ved å delegere oppgåver til regionkontora og gjennom kompetanseutvikling som set kontora i stand til å møte lokale utfordringar på best mogleg måte. Regionkontora har fullt ansvar i sin region når det gjeld ordningar/verkemiddel som er kunderetta. Samstundes har kontora fått nasjonalt fagansvar for bustadpolitiske oppgåver. Til dømes fekk regionkontor Arendal nasjonalt fagansvar for bustadkvalitetsarbeidet med byggjeskikk medio 2004. Dette er gjort for å utnytte kompetanse og ressursar best mogleg. Ei hovudutfordring framover er å

synleggjere arbeidet med nasjonalt fagansvar og på ein god måte dele kompetansen med dei andre regionkontora i Husbanken.

Husbanken skal vere kompetansesenter og påverke og rettleie kommunane i arbeidet med startlån og i bustadsosialt arbeid. Kompetanseutvikling vil derfor vere eit satsingsområde i åra framover. Husbanken har mellom anna eit eige kompetanseprogram. Det er under planlegging eit mastergradsprogram med bustadpolitiske emne. Det er oppretta eit «Ekstranett» på Internett for å få til ei god informasjonsutveksling mellom Husbanken og kommunane.

Forvaltningsarbeidet skal effektiviserast enda meir. Forvaltningskontoret skal overta forvaltninga av låneporteføljen frå alle regionkontora i løpet av 2004 og 2005. Husbanken har ansvaret for å utbetale bustønaden, og er i ferd med å modernisere og utvikle IT-systemet knytt til bustønaden. Utvikling av elektronisk søknadsbehandling, internett-tenester og andre IKT-tilbod er ein del av programmet «Open Husbank» og skal førast vidare.

Regjeringa føreslår ei løyving på 283 mill. kr til driftsbudsjettet for Husbanken for 2005. Dette er ein auke på 12 mill. kr samanlikna med Saldert budsjett 2004.

Regjeringa føreslår ei løyving på 5 mill. kr til kap. 2412, post 45.

## **Post 70 Tilskot til Husbankens risikofond**

### **Rapport for 2003 og 2004**

Mislegghald av lån viste ein liten prosentvis nedgang i 2003 i forhold til 2002. Ved utgangen av året utgjorde dei mislegghaldne låna 1,7 mrd. kr eller 1,65 pst. av dei samla utlåna frå Husbanken. I første halvår 2004 gjekk beløpet ned til om lag 1,4 mrd. kr, noko som svarer til 1,46 pst. av utlåna. Det har vore ein nedgang i talet på krav om tvangssal på snautt 20 pst., samstundes som talet på gjennomførte tvangssal auka med om lag 20 pst. samanlikna med 2002. Normalt tek det mellom seks månader og eitt år frå eit krav om tvangssal blir reist, og til salet blir gjennomført. Mange av dei tvangssala som blei gjennomførte i 2003, blei det såleis sett fram krav om i 2002. I første halvår 2004 gjekk talet på krav om tvangssal ned med bortimot 30 pst., samstundes som talet på gjennomførte tvangssal berre gjekk ned med om lag 5 pst. Saman med tala for 2002 og 2003 tyder dette på at fleire av dei krava om tvangssal som blir sette fram, resulterer i at tvangssal blir gjennomført.

Ved utgangen av 2003 hadde Husbanken bokført eit samla bruttotap på 26,7 mill. kr, mot 15,4 mill. kr året før. Tapa er fordelte med 17,6 mill. kr på personlege låntakarar og 9,1 mill. kr på ikkje-

personlege låntakarar. Rekneskapstal for 2003 viser at tapa var relativt størst på behovsprøvde lån til kjøp av brukt husvære (kjøpslån). Tilbakeføringer av tap som følgje av innbetalingar eller inngåtte avtalar utgjorde 6,8 mill. kr i 2003. Nettotapet for Husbanken utgjorde dermed 19,9 mill. kr, mot 11,5 mill. kr året før.

Husbankens risikofond var på i overkant av 126 mill. kr ved inngangen til 2004. Dette beløpet inkluderer driftsoverskotet frå det tidlegare SIFBO, som er knytt til sal av eigedommar som låg under selskapet. Ved utgangen av 1. halvår 2004 var det i alt bokført 23,1 mill. kr i brutto tap på utlån. Tilbakeføringer på tidlegare tap utgjorde 1,9 mill. kr. Dermed er risikofondet blitt redusert med om lag 21 mill. kr og utgjorde 106,5 mill. kr ved utgangen av 1. halvår. Husbanken reknar med at tapa vil auke noko i 2004 og 2005 som følgje av ei endra samansetjing av utlånsporteføljen. Det er òg registrert fleire tilfelle av tap på utleigehusvære etter tvangssal. Dei samla brutto tapa i 2004 kan kome opp 50 mill. kr, fordelt med 25 mill. kr på personlege låntakarar og 25 mill. kr på lån til stiftelsar o.a. 1. halvår 2004 bokførte Husbanken eit tap på 10 mill. kr på lån til stiftelsar o.a.

Det er rekna med eit bruttotap på om lag 50 mill. kr i 2005. Nettotapet vil bli på om lag 41 mill. kr, som følgje av ei viss tilbakeføring av tidlegare tapsføringer. Legg ein dette og estimatet for 2004 til grunn, vil Husbankens risikofond ved utgangen av 2005 vere på om lag 47 mill. kr. Risikofondet har ikkje fått løyvingar sidan 1998. Tapa har auka noko i dei siste åra, og dersom trenden held fram, kan det bli nødvendig å tilføre fondet nye midlar i åra som kjem.

## **Post 72 Rentestøtte**

Posten omfattar lån til utleigeformål som er gitt med 10 års rente- og avdragsfritak i perioden 1987–1994, og eldre særvilkårslån som har ein rentesats på eitt prosentpoeng under gjeldande rente. Ei renteendring vil slå ut i endra rentestøtte når det gjeld dei rentefrie utleigehusværa. Forseinkingsrenter kjem til fråtrekk i rentestøtta.

I 2003 utgjorde rentestøtta 37,8 mill. kr. Per 1. halvår 2004 var det postert 16 mill. kr på posten. Regjeringa føreslår å løyve 23 mill. kr til rentestøtte for 2005.

## **Post 90 Lån til Husbanken, overslagsløyving**

Posten viser brutto finansieringsbehov for Husbanken i samband med utlånsverksemda, det vil seie utbetalingar av nye lån og rentestøtte. Utbetalingane av nye lån for 2003 kom på 10 829 mill. kr.

Dette var ein nedgang på om lag 2 100 mill. kr frå 2002. Nedgangen kom på grunn av eit større fråfall i utbetaling av tilsegner enn tidlegare. Låntakarane har i større grad enn tidlegare valt ei anna finansiering enn i Husbanken.

I første halvår 2004 blei det utbetalt om lag 5 983 mill. kr.

Regjeringa føreslår ei låneramme på 13 500 mill. kr i 2005. 500 mill. kr av låneramma er øyremerkt oppfølginga av vedtaket i Stortinget om å gi lån til omsorgsbustader, sjukeheimar og rehabiliteringsplassar i sørlege land.

## Kap. 5312 Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Gebyr o.a.	31 193	31 350	28 700
11	Tilfeldige inntekter	17 204		
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	40		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 682		
17	Refusjon lærlingar	79		
18	Refusjon av sjukepengar	4 277		
90	Avdrag	12 645 872	8 873 000	9 425 000
	Sum kap. 5312	12 700 347	8 904 350	9 453 700

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 5312, post 90 sett ned med 209 mill. kr til 8 664 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

### Post 1 Gebyr o.a.

Takstarbeidet er avvikla frå og med 2004. Til erstatning for takstarbeidet er det sett i verk ei ordning med stikkprøvekontrollar. Til å dekkje kostnader i samband med dette arbeidet og til etablering av låneforhold er det innført eit etableringsgebyr for alle nye lån på kr 600 frå og med 2004. Når det gjeld forvaltningsgebyret for terminvarsla, er det innført eit gebyr per betalingstermin på kr 30. Dette vil bringe gebyrpraksisen meir i samsvar med det som gjeld i kredittvesenet elles.

Det blir foreslått ei løyving på 28,7 mill. kr for 2005.

### Post 11 Tilfeldige inntekter

På denne posten blir tilfeldige inntekter, som forseinkingsrenter, tilbakebetalte tilskot og andre tilfeldige inntekter, inntektsførte.

### Post 90 Avdrag

Posten omfattar mottekne avdrag, tap og rentestøtte, noko som følgjer av prinsippet om bruttobudsjettering.

Posten blir budsjettert med 9 425 mill. kr i 2005. Ein reknar med at ordinære innbetalingar blir på 4 352 mill. kr, at det blir bruttotap på 50 mill. kr, og at rentestøtta blir på 23 mill. kr. Dei ekstraordinære innbetalingane er sette til 5 000 mill. kr.

**Kap. 5615 Renter frå Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
80	Renter	6 146 963	5 042 000	4 437 000
	Sum kap. 5615	6 146 963	5 042 000	4 437 000

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 5615, post 80 sett ned med 463 mill. kr til 4 579 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Post 80 Renter**

Posten omfattar mottokne renter frå kundane og rentestøtte. Posten blir budsjettert med 4 437 mill. kr for 2005.

**Kap. 580 Bustønad**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
70	Bustønad, <i>overslagsløyving</i>	2 086 740	2 109 000	2 093 600
71	Tilskot til å dekke utgifter knytte til auka strømprisar	263 670		
	Sum kap. 580	2 350 410	2 109 000	2 093 600

**Post 70 Bustønad, overslagsløyving**

Bustønadsordninga er det viktigaste økonomiske verkemiddelet for å sikre husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Regjeringa har styrkt ordninga fleire gonger. Buutgiftstaket i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Drammen, Tromsø og Fredrikstad er auka, sjablonen for lys og varme er prisjustert, kravet om at husværet må ha finansiering i Husbanken eller SND når det gjeld barnefamiliar som bur i sjølvåtte husvære, er teke bort, og arealkravet for barnefamiliar o.fl. i kommunalt disponerte husvære er fjerna. Det er innført månadlege utbetalingar av bustønad for å betre likviditeten blant mottakarane, og frå september 2004 vil deltakarane i introduksjonsprogrammet for nyleg komne innvandrarak kunne søkje om bustønad.

**Mål**

Bustønaden skal medverke til at alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar, barnefamiliar og andre hus-

standar med svak økonomi skal kunne skaffe seg eit høveleg og nøkternt eigar- eller leigehusvære og ha høve til å bli buande der. Vidare skal bustønaden jamne ut skilnader i levekår mellom ulike pensjonistgrupper som følgje av ulike buutgifter. Ytterlegare forbetringar i ordninga i 2005 skal medverke til at måla for bustønaden blir nådde.

**Tildeling**

Regelverket for bustønadsordninga er innretta slik at husstandane med dei lågaste inntektene og høgste buutgiftene får mest i stønad. For å få bustønad blir det stilt krav både til husværet og til husstanden. Forholdet mellom dei samla inntektene til husstanden og buutgiftene avgjer om det blir gitt bustønad, og eventuelt kor stort beløp som blir tildelt.

Frå 2004 blir bustønaden utbetalt etterskotsvis kvar månad. Det er lagt opp til ei overgangsordning for å lette likviditeten til mottakarane, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004).

### *Avgrensingar som gjeld husstanden*

For at ein skal kunne få bustønad, må det i husstanden anten vere barn under 18 år, personar over 65 år eller personar som har motteke trygd eller pensjon gjennom folketrygda. I tillegg vil husstandar som tek imot visse trygder som er nærmare spesifiserte i regelverket, og langvarig sosialhjelp, ha rett til bustønad. Frå 1. september 2004 vil også mottakarane av introduksjonsstønad kunne søkje om bustønad.

### *Avgrensingar når det gjeld husværet*

For alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst. blir det ikkje stilt krav til husværet. For alle andre grupper må husværet ha kjøkken, bad og opphaldsrom. Det blir også stilt krav om at husværet må vere på minst 40 kvm. Kravet er oppheva for barnefamiljar i kommunale utleigehusvære. Det blir også godteke mindre areal for bukollektiv, men ein får ikkje bustønad til hyblar, rom på hospits o.l. Kravet sikrar at også husstandar med låge inntekter skal kunne bu i eit godt og nøkternt husvære. I tillegg må husværet ha lån frå Husbanken eller SND (tidlegare Landbruksbanken). For husvære i burettslag eller for husvære der kommunen eller ein kommunal stiftelse står som utleigar, blir det ikkje stilt krav til finansieringa. For målgruppa barnefamiljar o.fl. som bur i eit leigd eller ått husvære, og for omsorgsbustader som har fått oppstartingsstilskot frå Husbanken, blir det ikkje stilt krav med omsyn til finansieringskjelda for husværet. I tillegg blir dei som er leigetakarar i husvære som tidlegare var omfatta av husleigereguleringslova kap. II, omfatta av bustønadsordninga.

### *Utrekning av bustønad*

Det blir godkjent buutgifter opp til eit øvre nivå (buutgiftstaket). Bustønaden utgjer 70 pst. av skilnaden mellom godkjende buutgifter og det som blir rekna som ei rimeleg buutgift (eigendel innanfor buutgiftstaket) for husstanden. Utgifter som blir tekne med ved utrekninga av bustønaden, er husleige, renter og avdrag på bustadlån, driftsutgifter (forsikring og utvendig vedlikehald), festeavgift, eigedomsskatt og kommunale avgifter. Som ei særordning har alders-, uføre og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst. sidan 1997 fått dekt utgifter til lys og varme etter ein fastsett sjablon som varierer etter talet på husstandsmedlemmer og klimasone.

Kommunal- og regionaldepartementet vedtek satsane i regelverket for tildeling av bustønad.

### *Oppfølging og kontroll*

Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2003–2004) boks 3.6 Oversikt over resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 580 post 70 Bustønad. Kommunal- og regionaldepartementet er i ferd med å gå igjennom oppfølgingskriteria og rapporteringa for bustønaden, og rapporteringa til Stortinget blir endra i St.prp. nr. 1 for 2006.

### *Rapport for 2003–2004*

Eldre-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon pluss 30 pst. fekk justert sjablonen for lys og varme med 10 pst. frå 2003. Det blei gitt ei ekstra utbetaling som kompensasjon for auka straumutgifter til alle dei som fekk bustønad i 3. termin 2002. Beløpet var på kr 2500 per husstand. Som eit ekstraordinært tiltak fekk alle husstandar lagt til grunn sjablonen for lys og varme ved utrekning av buutgiftene for 1. termin 2003. Gruppa barnefamiljar o.fl. fekk i tillegg auka buutgiftstaka med kr 30 000 i 1. og 2. termin 2003.

Buutgiftstaka blei heva enda meir og differensierte i 2004. Det er no fire hovudgrupper av buutgiftstak: 1) Oslo, 2) Bergen, Trondheim og Stavanger, 3) Kristiansand, Drammen, Tromsø og Fredrikstad, 4) resten av landet.

Det blei totalt utbetalt 2 060 mill. kr i bustønad i 2003 i tillegg til ekstraløyvingar. Fordelt på mottakargrupper tok gruppa eldre og uføre imot om lag 1352 mill. kr, medan barnefamiljar o.fl. tok imot om lag 708 mill. kr. I 1. termin 2004 var det 106 430 husstandar som fekk tildelt bustønad. Stønadmottakarane i 1. termin 2004 hadde ei gjennomsnittleg årsinntekt på om lag kr 101 500 før skatt. Gjennomsnittet av godkjende buutgifter på årsbasis var på om lag kr 54 100. Den gjennomsnittlege buutgiftsbelastninga for mottakarar av bustønad var såleis på om lag 53 pst. av inntekta. Bustønaden har medverka til at dei gjennomsnittlege buutgiftene for mottakarane er blitt reduserte til 35 pst. av inntekta.

I 1. termin 2004 var det om lag 9000 nye søkjarar som ikkje hadde motteke bustønad i 3. termin 2003. Om lag 11 300 husstandar som fekk bustønad i 3. termin 2003, fall ut av ordninga i første termin 2004, jf. tabellen som viser avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003 og 2004. Dei fleste som får avslag, fell ut av ordninga fordi inntekta er for høg i forhold til buutgiftene.



Tabell 3.51 Avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003 og 1. termin 2004

	1. termin 2003	1. termin 2004
Forholdet mellom buutgifter og inntekt	5 896	9 347
Bustadkravet ikkje oppfylt	611	836
Ingen husstandsmedlemmer med rett til stønad	610	700
Husstanden ikkje registrert i folkeregisteret per situasjonsdato	197	225
Andre årsaker	160	215
Avslag totalt	7 474	11 323

Tabell 3.52 gir ei oversikt over prosentdelen husstandar i bustønadsordninga som har høgere totale buutgifter enn den øvre grensa for det som

blir godkjent og lagt til grunn av buutgifter ved utrekning av bustønaden.

Tabell 3.52 Del av bustønadmottakarane som har totale buutgifter høgere enn godkjende buutgifter

År	Husstandstypar			Prosentdel i forhold til alle mottakarar av bustønad
	Prosentdel i gruppa pensjonistar med inntekt < MP + 30 pst.	Prosentdel i gruppa barnefamiljar o.fl.	Prosentdel i gruppa andre husstandar	
2002	13 pst.	43 pst.	30 pst.	20 pst.
2003	17 pst.	51 pst.	35 pst.	26 pst.
2004	17 pst.	51 pst.	34 pst.	26 pst.

Husbanken har på grunnlag av Rapport 20/2002 frå SSB, «Økonomi og levekår for ulike grupper trygdemottakere, 2001», og ein rapport frå Husbanken, «Bostøtte – Fremskrivninger og strategier for innfasing av allmen ordning, 2003», rekna ut

prosentdelen som får bustønad for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga. Tala som viser bustønadmottakarar i prosent av befolkningsgruppa, er usikre overslag.

Tabell 3.53 Overslag over bustønadmottakarar i prosent av befolkningsgruppa for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga

Befolkningsgruppe	Alle	Med låg inntekt	Mottakarar av bustønad	Prosent
Alderspensionistar:				
Par	173 900	13 800		
Einslege	298 600	265 200		
Sum	472 200	279 000	45 050	16 pst.
Uføre- og etterlatnepensionistar:				
Par	179 700	7 200		
Einslege	154 400	83 300		
Sum	334 100	90 500	34 650	38 pst.
Einslege forsyttarar og barnefamiljar, sum	564 000	141 000	21 500	15 pst.

Det er ein svært låg prosentdel av alderspensjonistane som tek imot bustønad, om vi ser det i forhold til talet på alderspensjonistar som har låg inntekt. Men svært mange av desse har låge buutgifter, og somme får ikkje bustønad fordi dei ikkje oppfyller dei krava som er sette til husværet.

Mottakarane av bustønad er ei låginntektsgruppe med relativt høge buutgifter, og effekten av ordninga er i samsvar med formålet. Gjennom bustønaden får målgruppa for ordninga større økonomiske ressursar til å betale buutgiftene enn det

eigne inntekter skulle tilseie. På den måten får dei ein betre sjanse til å skaffe seg eller bli buande i eit høveleg og nøkternt husvære. Verknaden av dette er at mottakarane kan bu betre enn dei elles ville kunna gjort. For husstandar som opplever ein nedgang i inntektene eller ein auke i buutgiftene, vil bustønaden fungere som eit tryggingssnett.

Husstandar med kvinnelege mottakarar utgjorde 75 pst. av husstandane som fekk bustønad i 1. termin 2004, medan husstandar med mannelege mottakarar utgjorde 25 pst.

Tabell 3.54 Hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2002–2004<sup>1</sup>

	2002	2003	2004
Talet på husstandar totalt som fekk bustønad	101 691	108 531	106 430
– Av dette uføre under 65 år utan barn	29 179	31 064	31 259
– Av dette uføre under 65 år med barn	3 373	3 590	3 414
– Av dette eldre over 65 år	46 166	46 995	45 049
– Av dette andre pensjonistar	1 343	1 402	1 376
– Av dette einslege forsyttarar	14 481	16 722	15 911
– Av dette barnefamiliar	4 465	5 480	5 602
– Av dette andre med krav på stønad	2 684	3 278	3 819
Gjennomsnittleg husstandsinnkomst per måned	7 895	8 209	8 463
Gjennomsnittleg buutgift per måned over buutgiftstaket	4 105	4 539	4 510
Gjennomsnittleg bustønad per måned	1 373	1 604	1 503
Totale buutgifter i prosent av inntekta før tildeling av bustønad	52	55	53
Totale buutgifter i prosent av inntekta etter tildeling av bustønad	35	36	35
Utbetalt i 1. termin totalt (mill. kr)	559	675	651

<sup>1</sup> Omfattar ikkje klagebehandling, etterbetaling og overgangsordning

Tabellen med hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2002–2004 viser at vi finn den største relative endringa frå 2002 til 2003 blant einslege forsyttarar og barnefamiliar. Denne endringa kjem i hovudsak av ei oppmjuking av regelverket for denne gruppa: avvikling av finansieringskravet for eigarhusvære og avvikling av 40 kvm-avgrensinga for kommunale husvære i dei fire største byane. I tillegg var desse gruppene mellom dei som fekk lagt til grunn sjablonen for lys og varme ved utrekning av bustønaden i 1. og 2. termin 2003.

#### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa ønskjer å følgje opp St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Regjeringa ønskjer også å styrkje bustønadsordninga som ein

del av tiltaksplanen for å motverke fattigdom, og å målrette ordninga i enda større grad for betre å nå dei som treng det. Sidan bustønadsordninga blei etablert i 1973, er ordninga gradvis blitt utvida for å innlemme fleire grupper med låg inntekt i ordninga.

Regjeringa føreslår å fjerne arealkravet for barnefamiliar. Arealkravet seier at husværet som hovudregel skal vere på over 40 kvm. For alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst. gjeld korkje areal- eller funksjonskravet. Krava gjeld heller ikkje for barnefamiliar o.fl som bur i kommunalt disponerte utleigehusvære. I bustadmeldinga blir det lagt opp til at arealkravet etter kvart skal fjernast for alle typar av husvære. Ved å fjerne arealkravet vil husstandar med låg inntekt som bur i husvære som er under 40 kvm, kunne få bustønad. Tiltaket er kostnadsrekna til om lag 40 mill. kr i 2005. Heilårsverk-

naden for budsjettåret 2006 vil liggje på om lag 60 mill. kr.

I samband med behandlinga i Stortinget av St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken blei det varsla at regjeringa vil leggje om den statlege subsidieringa av utleigehusvære ved at bustadsubsidiar blir gitt som bustønad (konsumstøtte) i staden for som bustadtilskot (investeringstøtte), jf. omtale under kap. 581, post 75 Bustadtilskot. Regjeringa føreslo i meldinga å overføre 100 mill. kr frå kap. 581, post 75 Bustadtilskot til kap. 580, post 70 Bustønad. Midlane skal nyttast til å heve dekningsprosenten frå 70 til 80 pst. i kommunalt tildelte utleigehusvære for å kompensere for bortfall av bustadtilskot til formålet. Siktemålet er å målrette subsidiane til leigarane i og utleigarane av sosiale utleigehusvære. Dette vil medverke til å redusere husleiga, og subsidiane blir målretta til dei mest vanskelegstilte. I 2005 vil budsjettverknaden vere om lag 67 mill. kr.

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2003–2004) blei det vedteke at bustønadsordninga skal utvidast til også å gjelde for mottakarar av introduksjonsstøtte for nyleg komne innvandrarakar (jf. omtale av introduksjonsstøtte under programkategori 13.20 Innvandring, post 60 Integreringstilskot), uavhengig av korleis husstanden er saman-

sett. Tiltaket vil gjere det lettare for kommunane å busetje flyktningar. Mottakarar av introduksjonsstøtte kan søkje om bustønad frå 1. september 2004, og dei som får søknaden imøtekomen, vil få den første månadlege utbetalinga i januar 2005. Tiltaket har ein kostnad på om lag 21 mill. kr i 2005 og 42 mill. kr i 2006.

I dag blir likningsinntekt frå to år tilbake lagt til grunn ved søknad om bustønad. Regjeringa føreslår å bruke likningsinntekta frå fjoråret ved utrekning av bustønad for 2. og 3. termin. Siktemålet er å ha meir oppdaterte inntektsdata som speglar nosituasjonen betre for kvar husstand. Dette tiltaket vil redusere utbetalinga av bustønad med 35 mill. kr i 2005 og 70 mill. kr i seinare år samanlikna med 2004.

I 2004 kom det til færre søkjarar enn ein forventet, noko som også vil ha effekt i 2005 og gjere at regjeringa kan halde ved lag ambisjonane knytte til bustønaden.

Satsane i regelverket vil bli justerte i tråd med utviklinga i buutgifter og inntektene for mottakarar av bustønad. Parametrar som kan endrast, er rimeleg buutgift, buutgiftstak, dekningsprosent og inntektsgrenser.

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa ei samla løyving på 2 093,6 mill. kr.

## Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
21	Kunnskapsutvikling og -formidling		3 700	3 800
22	Program for reduserte byggjekostnader, <i>kan overførast</i>			16 000
60	Handlingsprogram for Oslo indre aust	50 000	40 000	40 000
71	Tilskot til bustadkvalitet, <i>kan overførast</i>	51 271	41 900	15 000
73	Tilskot til opplysning, informasjon o.a.	2 200		
75	Tilskot til etablering, utbedring og utleigehusvære, <i>kan overførast</i>	599 179	702 000	591 000
78	Kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	30 369	36 000	56 700
79	Tilskot til radonforebyggjande tiltak i bustadhus, <i>kan overførast</i>	9 407		
	Sum kap. 581	742 426	823 600	722 500

Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 581, post 75 sett ned med 36,5 mill. kr til 665,5 mill. kr. Løyvinga på post 78 blei sett ned med 5 mill. kr til 31 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

For omtale av budsjetteringssystemet for kap. 581, post 71 og post 75, og kap. 586, post 60 sjå

boks 3.6 i St.prp. nr. 1 (2001–2002) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

## Post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling

Posten var ny i 2004.

### Mål

Midlane vil bli nytta i departementet til forskning, utgreiingar og spreieing av kunnskap som er vesentleg for å utvikle bustad- og bygningspolitikken vidare, og for å auke kunnskapen blant dei sentrale aktørane i sektoren.

### Rapport for 2004

I 1. halvår 2004 blei det gitt tilsegn om støtte til fire prosjekt over post 21. Prosjekta omfattar «Prosjekt Bostedsløse», spørsmål i levekårsundersøkinga 2004 frå SSB (om forholdet til miljøvennleg og universelt utforma husvære, utsette grupper og buforhold i storbyane) og delutgreiinga frå Bygningslovutvalet.

### Budsjett for 2005

Det blir føreslått ei løyving på 3,8 mill. kr i 2005. Det vil bli lagt vekt på oppfølging av St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken når det gjeld utgreiingar i samband med vidare utvikling som blir omtalt i meldinga. Utgreiinga frå Bygningslovutvalet og oppfølging av departementet sin miljøhandlingsplan, både når det gjeld informasjon om planen og utgreiingar i samband med gjennomføring av planen, vil også vere prioriterte oppgåver. Vidare skal innhenting av kunnskap, utarbeiding av utgreiingar og spreieing av informasjon i samband med samarbeid med BAE-næringa om byggjekostnader prioriterast.

## Post 22 Program for reduserte byggjekostnader, kan overførast

Posten er ny i 2005.

### Mål

Å redusere byggjekostnadene og auke produktiviteten i byggjebnæringssektoren er viktig for å få bustadmarknaden til å fungere godt. Målet med løyvinga er gjennom tiltak for å betre prosessane i byggjeverksemnda å leggje forholda til rette for å redusere byggjekostnadene og betre kvaliteten i byggjeverksemnda, noko som ikkje minst kjem private kundar til gode. Hovudfokus skal vere på bygging av husvære. Målgruppa er aktørane i verdikjeda i byggjeverksemnda, men resultatata frå programmet skal også vere til nytte for forbrukarane, slik at ein sikrar både forbrukarperspektivet og næringsperspektivet.

Arbeidet med å redusere byggjekostnadene skal organiserast som eit program som går over ein femårsperiode. Programmet skal etablerast som eit samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Det vil bli sett ned eit programstyre med representantar frå mellom anna byggjenæringa og det offentlege.

### Tildelingskriterium

Programmet skal vere etablert frå 1. januar 2005 og vare i fem år. Endeleg utforming av programmet skal skje i dialog med næringa. Private aktørar skal stå for minst halvparten av finansieringa. I hovudsak skal programmet gi støtte til prosjekt der kompetanse blir overført og brukt for å nå målet om reduserte byggjekostnader og betra kvalitet i byggjeverksemnda. Aktivitetar knytte til programmet kan vere

- å spreie informasjon og kunnskap
- å gi tilskot til enkeltprosjekt – byggjeprosjekt og forskning
- å gi tilskot til utvikling av nye løysingar
- å arrangere møteplassar – seminar, konferansar og andre aktivitetar
- å utvikle mål og indikatorar – utvikle «barometer» som bransjen kan målast i forhold til

### Kontroll og oppfølging

Jamleg oppfølging vil skje gjennom rapportering frå programstyret. Det kjem til å bli rapportert om oppnådde resultat for programmet. Det vil bli faste halvårlege orienteringsmøte mellom programstyret og departementet. Departementet vurderer å overlata tilskotsforvaltninga til eit privat organ innanfor BAE-næringa. Departementet skal føre kontroll med og sikre at tilskotet blir forvalta på ein forsvarleg måte, mellom anna at det blir utarbeidd gode rapporteringsrutinar. I den årlege budsjettproposisjonen vil departementet informere Stortinget om aktivitetar, måloppnåing osv. i samband med programmet.

Ein del effektar vil kunne målast først fleire år etter at innsatsen eller tiltaket er sett i verk. I tillegg til å gi ei årleg rapportering om aktivitet og resultat skal programmet ha fokus på resultat knytte til prosessar og aktivitetar/formål av meir kvalitativ karakter. Effektane må derfor også vurderast over tid. Effektane av programmet vil bli vurdert undervegs og ved slutten av programperioden, og det vil bli gitt rapport til Stortinget på ein tenleg måte.

### Budsjettforslag for 2005

Det blir føreslått ei løyving på 16 mill. kr. Løyvinga vil gå til oppstarting og drift av programmet. Det blir lagt vekt på informasjonsretta og holdningsendrande tiltak overfor både byggjenæringa og forbrukarane. Det skal også setjast i gang prøveprosjekt og utgreiingar.

### Post 60 Handlingsprogram for Oslo indre aust

Regjeringa samarbeider med Oslo kommune om Handlingsprogram for Oslo indre aust (med tiltak i bydelane Grünerløkka, Sagene og Gamle Oslo). Handlingsprogrammet byggjer på ei samarbeidsplattform frå 1997 og skal vare til og med 2006. Plattformen trekkjer opp ein brei strategi når det gjeld tiltak mot dårlege levekår (forbetring av oppvekstvilkår, skole og språkopplæring, tiltak mot sosiale problem og arbeidsløyse, forbetring av bymiljøet og buforholda). Dei tre bydelane har hatt, og har framleis, mange innbyggjarar med dårlege levekår, slik det mellom anna kjem til uttrykk i målingar med SSB sin levekårsindeks. Ulikskap i levekår i storbyane (og forholda i Oslo indre aust spesielt) er drøfta i St.meld. nr. 14 (2002–2003) Storbymeldingen. Programmet har hatt ei årleg ramme på om lag 100 mill. kr, frå 2004 på om lag 80 mill. kr. Departementet har løyvt halvparten som tilskot til Oslo kommune. Det er frå 2003 formulert nye hovudmål og utarbeidd nye rutinar for rekneskaps- og resultatrapportering, og det er laga

ein plan for langsiktig evaluering. Det er også utvikla eit system for informasjon om handlingsprogrammet på Internett som supplerer den ordinære resultatrapporteringa (sjå <http://www.oslo.kommune.no/indreoslo/>). Handlingsplanen har no desse hovudmåla:

- Oppvekstforholda i Oslo indre aust skal betrast.
- Butilhøva i Oslo indre aust skal betrast.
- Risikofaktorar for sjukdom skal reduserast og tilbodet til busette med psykiske problem og problem med rusbruk styrkjast.
- Tilbodet til personar som er i ein særleg vanskeleg situasjon på arbeidsmarknaden, skal betrast.
- Felles byrom, fellesareal og bymiljøet skal rustast opp og gjerast tryggare, og miljøvennleg transport og lokal aktivitet skal stimulerast.

Programmet går no inn i dei siste åra av satsingsperioden. Det er vedteke å vidareføre hovudprioriteringane, sikre god avvikling av prosjekt og leggje auka vekt på investeringar.

### Rapport for 2003–2004

Prosjektkatalogen for handlingsprogrammet viser at det var aktivitet i 197 prosjekt i 2003.

Prosjektkatalogen ligg på internettsidene til Oslo kommune (sjå [www.oslo.kommune.no/indreoslo/](http://www.oslo.kommune.no/indreoslo/)) og gir døme på aktivitetar i 2003.

Tabell 3.55 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for Handlingsprogram for Oslo indre aust

Resultatmål	Resultat 2003	
	Talet på prosjekt	Mill. kr
<i>Overordna målsetjing: Betre levekåra i bydelane Sagene, Grünerløkka og Gamle Oslo (kriterium for oppfølging av måla er talet på prosjekt som har fått tilskot)</i>		
– Mål 1: Å betre oppvekstforholda i Oslo indre aust	142 <sup>1</sup>	48,6
– Mål 2: Å betre buforholda i Oslo indre aust	7	7,8
– Mål 3: Å redusere risikofaktorar for sjukdom og styrkje tilbodet til innbyggjarar med psykiske problem og problem med rusbruk	10	5,6
– Mål 4: Å betre tilbodet til personar med ein særleg vanskeleg situasjon på arbeidsmarknaden	7	9,7
– Mål 5: Å ruste opp og gjere tryggare felles byrom, fellesareal og bymiljøet, og stimulere til miljøvennleg transport og lokal aktivitet	31	22,4
Administrasjon og forskning		0,9
Koordinering og informasjon		0,7
Sum	197	94,9

<sup>1</sup> Inkluderer alle prosjekt i skolen

## Budsjettforslag for 2005

Regjeringa føreslår å føre vidare samarbeidet og prinsippa for handlingsprogrammet i 2005 med ei løyving på 40 mill. kr.

**Post 71 Tilskot til bustadkvalitet, kan overførast**

## Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å nå målet om gode husvære og eit godt bumiljø. Ordninga skal stimulere til god utforming av omgивnadene og god byggjeskikk, gode butilhøve og levekår, berekraftig ressursbruk og tilgjenge for alle i bygningar og bumiljø.

## Tildelingskriterium

For omtale av tildelingskriterium sjå St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

## Kontroll og oppfølging

Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2002–2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

## Rapport for 2003–2004

Tilsegnsramma for 2003 var på 60 mill. kr. Ramma blei nytta til desse satsingsområda:

- områdeutvikling
- tilstandsvurdering
- konkurransar, forsøk og pilotprosjekt
- godt tilgjenge i ny og eksisterande bygningsmasse

I 2003 blei 210 prosjekt godkjende for tilskot. Omlegginga frå 2003 har ført til endringar i bruken av tilskotet, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2003–2004). Frå behandling av innkomne tilskotsprosjekt er det ei markant dreining mot samarbeidsprosjekt der kommunar er viktige medspelarar. Eit døme på dette er tilskot til områdeutvikling, som var ei prøveordning i 2002. Det blei da gitt tilskot til 36 prosjekt, medan det i 2003 blei gitt tilskot til heile 115 prosjekt. Det har òg vore ein sterk auke i talet på initiativ til konkurransar og pilotprosjekt.

I tabellen nedanfor er tilsegner og tilskot grupperte etter dei nye resultatmåla:

Tabell 3.56 Resultatmål og resultat for tilskot til bustadkvalitet

Resultatmål	Talet på prosjekt 2003 <sup>1</sup>	Talet på prosjekt 1. halvår 2004 <sup>1</sup>
Gode buforhold og levekår (fokus på byfornyning og bumiljøtiltak)	95	12
Tilgjenge for alle i bygningar og bumiljø (universell utforming)	24	3
Berekraftig ressursbruk (fokus på miljø/energi (inkl. HMS), byøkologi og biologisk mangfald)	61	10
God stadutforming og god byggjeskikk	30	3
Sum	210	28
<i>Etter tiltakstype</i>		
Områdeutvikling	115	10
Konkurransar og pilotprosjekt	36	8
Seminar og rettleiingstiltak	15	3
Fysiske tiltak (i hovudsak tilskot til heis og helse/miljø/tryggleik (HMS))	44	7
Sum	210	28

<sup>1</sup> Enkelte prosjekt kan innehalde fleire formål.

Som døme på ulike tiltak som har fått støtte, kan vi nemne:

*Områdeutvikling, planar og prosessar.* Grorudalen i Oslo – m.a. bustad- og senterutvikling ved

T-banestasjonar, som Grorud senter; prosjekt knytte til Urban sjøfront i Stavanger, med vekt på uterom; Elvehavn Brygge i Trondheim – buområde som høver for barn i by; større bustad-/byut-

viklingsprosjekt etablert i samarbeid med Tromsø kommune for mellom anna bustadlause og vanskelegstilte og med vekt på tilgjenge og lågenergi; eit økologisk bustadfelt i Arendal; energivennleg bustadområde i Kristiansand

*Konkurransar:* Nordisk konkurranse om «Kunnskapsbyen Lillestrøm»; «European», som er ein europeisk konkurranse om husvære på tomter i Oslo, Stavanger og Tromsø; idékonkurranse om kommunedelplan for Store Lungegårdsvann i Bergen; byutvikling og kulturhus ved hamnefronten i Hammerfest; konkurransen «Landkjenne» om stadutvikling der Hurtigruta legg til i Rørvik, Stokmarknes, Skjervøy og Hammerfest

*Seminar og rettleiing:* Bumiljøkurs i Nord-Noreg i samarbeid med Det norske hageselskap;

etablering av Trondheim byformsenter; planretteleiar i samarbeid med Det norske hageselskap og regionkontoret i Hammerfest; rettleiar i byggjeskikk for bustadfelt i Kvitsøy kommune

*Fysiske tiltak:* 7 prosjekt knytte til heis/tilgjenge og 37 prosjekt knytte til miljø/energi (HMS). Tilskot blei i hovudsak gitt til prosjekt i Oslo, Bergen og Trondheim.

*Tilskot til tilstandsvurdering:* Det blei i 2003 gitt tilskot til 184 prosjekt som gjaldt tilstandsvurdering, ein auke på 26 pst. frå 2002. Nærmare ¾ av alle prosjekta var lokaliserte i Oslo eller Akershus. Når det gjeld hustype, gjekk om lag 75 pst. til blokker.

Tabell 3.57 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat i samband med tilstandsvurdering

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002	2003	1. halvår 2004
Stimulere til god tilstandsvurdering av bustadbygg og bumiljø:			
Talet på prosjekt som fekk tilskot til tilstandsvurdering	146	184	81
Talet på husvære som er omfatta av tilskot gitt til tilstandsvurdering	13 398	16 732	6 758

### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa gjer framlegg om å avvikle ordninga og overføre midlane til kap. 581, post 78 Kompetansetilskot som ei oppfølging av vedtak i Stortinget i samband med behandlinga av St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Formåla med tilskotsordninga blir førte vidare under kap. 581, post 78 Kompetansetilskot. Dette skal medverke til å auke den bustadpolitiske effekten av midlane. Regjeringa føreslår ei løyving på 15 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på 5,1 mill. kr til å dekkje forpliktingar frå tidlegare år.

### Post 73 Tilskot til opplysning, informasjon o.a.

#### Mål og rapport for 2003

Formålet med ordninga var å auke kunnskapen om dei ulike verkemidla som finst i bustad- og byggjesektoren, gi betre innsikt i bustad- og bygningspolitiske problemstillingar og medverke til å gi aktørane i sektoren eit betre grunnlag for å ta avgjerder.

Posten blei avvikla i 2004, og nokre av formåla med tilskotsordninga blir førte vidare under kap. 581 post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling. I 2003 blei heile løyvinga på posten nytta til Bygg-

Søk-prosjektet, som gjekk over i driftsfasen 1. juli 2003.

### Post 75 Tilskot til etablering, utbetring og utleigehusvære, kan overførast

#### Mål

Tilskot til etablering, utbetring og utleigehusvære skal medverke til at grupper med svak økonomi skal kunne disponere nøkterne og tenlege husvære.

#### Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til enkeltpersonar for etablering i eige husvære, til utbetring av husvære og til utleigehusvære. Tilskot til etablering og utbetring (personretta tilskot) blir formidla av kommunane og gitt etter streng behovsprøving, der det er den samla situasjonen og økonomien til husstanden som blir lagt til grunn. Tilskot til utleigehusvære (bustadretta tilskot) blir tildelt av Husbanken til kommunar, stiftelsar og liknande som etablerer utleigehusvære for den same målgruppa. Husbanken gir også tilskot til prosjektering av husvære for husstandar med spesielle behov når det gjeld husværet, særleg funksjonshemma og eldre.

### Kontroll og oppfølging

Vedtak i kommunane om tilskot eller avslag på søknader om tilskot til etablering skal rapporterast jamleg og elektronisk til Husbanken. Når det gjeld tilskot til utbetring, skal det rapporterast éin gong i året.

### Rapport for 2003

I 2003 var tilsegnsramma for tilskota på 670 mill. kr. Av dette blei 332 mill. kr fordelt til kommunane for vidare tildeling. Av overføringane til kommunane gjaldt 254 mill. kr tilskot til etable-

ring og 78 mill. kr tilskot til utbetring av husvære. Husbanken beheldt 338 mill. kr sjølv til utleigehusvære og til tilskot til prosjektering.

Personretta tilskot til etablering blei gitt til 1741 husstandar, dvs. 49 pst. fleire enn i 2002 (jf. tabellen om resultat for personretta tilskot til etablering). Auken kjem av at det blei gitt fleire tilskot frå kommunane, i alt 1716 tilskot i 2003 mot 960 tilskot i 2002. Den samla ramma til kommunane auka med 29 mill. kr frå 2002 til 2003. Det var særleg gruppene flyktningar, sosialt vanskelegstilte og funksjonshemma som fekk fleire tilsegner i 2003. Talet på tilsegner til desse gruppene auka med mellom 69 og 71 pst.

Tabell 3.58 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for personretta tilskot til etablering, kap. 581, post 75<sup>1</sup>

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002	2003
<i>Medverke til at vanskelegstilte utan økonomiske midlar skal kunne etablere seg i eige husvære</i>		
Talet på innvilga tilskot til etablering, fordelt etter brukargrupper:		
Totalt	1 168	1 741
Ungdom	225	275
Flyktningar	35	59
Sosialt vanskelegstilte	650	1 102
Psykisk utviklingshemma	14	7
Personar med psykiske lidningar	80	37
Funksjonshemma	147	252
Bustadlause	13	8
Eldre	4	1

<sup>1</sup> Tal for 1. halvår 2004 er ikkje tekne med. Årsaka er at kommunane får tilskotsmidlar for vidare tildeling eit godt stykke ut i 1. halvår. Mesteparten av aktiviteten går derfor føre seg i 2. halvår. Tala for 1. halvår gir dermed ikkje noko grunnlag for å lage prognose for heile året.

Bustadretta tilskot blei i 2003 gitt til 16 pst. færre utleigehusvære enn i året før (jf. tabellen som viser resultat for bustadretta tilskot), i tråd med at den samla ramma til slike tilskot blei redusert med 91 mill. kr frå 2002 til 2003. Nedgangen har samanheng med tilleggsløyvinga på 75 mill. kr i 2002 som var øymerkt til flyktningar. Det har

også vore praktisert ei strengare prioritering av prosjekt som har fått tilskot, og det er blitt halde att midlar til prioriterte grupper som flyktningar, bustadlause og funksjonshemma. Talet på tilsegner til bustadlause auka med 19 pst. frå 2002 til 2003.



Tabell 3.59 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for bustadretta tilskot, kap. 581, post 75

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002	2003	1. halvår 2004
<i>Auke talet på utleigehusvære med lågt utgiftsnivå</i>			
Talet på utleigehusvære som er omfatta av innvilga tilskot, fordelt etter brukargruppe:			
Totalt	1 302	1100	486
Ungdom	35	22	6
Flyktingar	530	382	414
Sosialt vanskelegstilte	453	391	53
Psykisk utviklingshemma	28	31	50
Personar med psykiske lidningar	16	20	35
Funksjonshemma	39	19	14
Eldre	3	0	0
Bustadlause	198	235	187

Personretta tilskot til utbetring av husvære skal medverke til at eldre og funksjonshemma kan få eit husvære som er tilpassa rørslevanskar og andre funksjonshemmingar. Kommunane fekk tildelt 17,5 mill. kr mindre til dette formålet frå Husbanken i 2003 enn året før. Totalt gav kommunane tilskot til godt og vel 3600 husstandar i 2003, mot vel 4500 husstandar i 2002. Gjennomsnittleg tilskotsbeløp, som i 2003 utgjorde kr 19 200, var noko høgre enn året før (kr 18 250). Kommunane har i nokon grad prioritert funksjonshemma og andre vanskelegstilte framfor gruppa eldre.

404 husstandar fekk tilskot frå Husbanken til prosjektering i 2003, og det er 10 pst. fleire enn i 2002. Dei aller fleste tilskota blei gitt i samband med utbetring av husvære.

Kommunane kan setje av midlar frå dei personretta tilskotsmidlane dei får tildelt, til å dekkje tap på etableringslån gitt etter 1996 og tap på startlån. Rapportane så langt viser at det blei sett av drygt 49 mill. kr til dette i 2003. Fonda utgjorde i overkant av 274 mill. kr ved utgangen av året. Dei bokførte tapa var på 5,9 mill. kr i 2003, mot 6,8 mill. kr i 2002. Kommunar som har opparbeidd seg store fond, blir oppfordra av Husbanken til å nytte ein del av fondet til tildeling av bustadtilskot.

For 2004 er tilsegnssramma for bustadtilskot på 712,7 mill. kr. Av dette har Husbanken sett av 370,5 mill. kr til kommunal vidaretildeling, medan Husbanken beheld 342,2 mill. kr. Generelt skal Husbanken prioritere tiltak for bustadlause og flyktingar innanfor denne ordninga i 2004.

#### Budsjettforslag for 2005

Det blir føreslått ei tilsegnssramme på 566 mill. kr. for 2005. Til dekning av tilsegner som er gitt i 2003 og 2004, og tilsegner som blir gitt i 2005, blir det føreslått ei løyving på 591 mill. kr. I tillegg blir det føreslått ei tilsegnssfullmakt på 174,2 mill. kr.

Ved behandlinga av St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken, slutta Stortinget seg til forslaget frå regjeringa om å leggje om den statlege subsidieringa av utleigehusvære ved at subsidiar blir gitt som bustønad (konsumstøtte) i staden for som bustadtilskot (investeringsstøtte), jf. Innst. S. nr. 229 (2003–2004). Etter regjeringa si vurdering er dette ein meir målretta og treffsikker bruk av midlane. Løyvinga på kap. 580, post 70 Bustønad er styrkt for å auke dekningsprosenten for bustønden for kommunalt disponerte utleigehusvære frå 70 til 80 pst. Budsjettforslaget er det første steget i oppfølginga av bustadmeldinga og inneber ein reduksjon i bustadtilskotet i forhold til 2004. Når ein tek omsyn til midlane som er føreslått overført til bustønaden jf. kap. 580.70, så er løyvinga i 2005 ei vidareføring av nivået på løyvinga i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Omlegginga av bustadtilskotet er eitt av fleire tiltak for å skaffe fleire husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Innanfor tilsegnssramma vil bustadprosjekt for bustadlause, flyktingar og andre særleg vanskelegstilte bli prioriterte. Også utleigehusvære med tilknytte tenester som blir etablerte som oppfølging av bustadsosiale handlingsplanar i kommunane, vil bli prioriterte.

Etter omlegginga blir den primære oppgåva for bustadtilskotet å auke tilbodet av utleigehusvære,

ikkje å sikre leigarane låg husleige. Gjennomsnittstilskotet til utleigehusvære vil bli redusert til 20 pst. av det husværet kostar, mot om lag 30 pst. i 2004 og tidlegare år.

Vidare føreslår regjeringa på bakgrunn av dei høge kommunale tapsavsetjingane og låge tap at ordninga med å avsette bustadtilskot til tapsfond ikkje blir nytta i 2005, slik at midlane blir brukte fullt ut som tilskot. Dei kommunane som har svært låge tapsfond, skal framleis kunne setje av midlar til tap.

Bustadtilskotet er i dei siste åra i aukande grad blitt brukt til å busetje flyktningar. Regjeringa vil sjå nærmare på rollefordelinga mellom bustadtilskotet og integreringstilskotet som kommunane får for å busetje flyktningar. Integreringstilskotet er føreslått auka på bakgrunn av kartlegginga til Beregningsutvalet, slik at den gjennomsnittlege tilskotsatsen blir på om lag kr 425 000 over integreringstilskotsperioden, jf. omtale under kap. 521, post 60 Integreringstilskot. Bustønsordninga er utvida til også å gjelde for mottakarar av introduksjonsstøtte for nyleg komne innvandrarakar, som kan søkje om bustønad frå 1. september 2004. Tiltaket vil gjere det lettare for kommunane å busetje flyktningar.

#### Oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget til regjeringa Vedtak nr. 460 (2003–2004) Endring av retningslinjene for det individretta bustadtilskotet

Ved behandlinga av St. meld. nr. 23 (2003–2004)  
Om boligpolitikken gjorde Stortinget 14. juni 2004 dette vedtaket, jf. Innst. S. nr. 229 (2003–2004):

*«Stortinget ber Regjeringen endre retningslinjene for det individrettede boligtilskuddet slik at tilskuddet ikke lenger skal avskrives, men innfris ved overdragelse til ny eier.»*

Vedtaket har som føresetnad at tilskota blir registrerte som rente- og avdragsfrie lån med pant i husværet. Lånet skal innfriast ved eigarskifte og tilbakebetalast til kommunen. På denne måten vil Stortinget unngå at bustadtilskota medverkar til formuesvekst for andre enn tilskotsmottakaren medan han/ho bur i bustaden.

I dag blir bustadtilskot til etablering avskrive jamt med 10 pst. per år over 10 år. Dersom husværet blir overdrege, disponert av andre personar/husstandar eller brukt til andre formål enn det som ligg i vilkåra for tilskotet, blir tilskotet kravd tilbakebetalt med fråtrekk for dei åra tilskotsmottakaren har budd i bustaden, eller det blir gjort om til

rente- og avdragspliktig lån. Det same gjeld dersom tilskotsmottakaren døyr, med mindre ektefelle, sambuar eller registrert partner held fram å bu i bustaden.

#### *Bustadpolitiske konsekvensar av vedtaket*

Det no gjeldande regelverket inneber at avskrive tilskot, saman med ei eventuell verdistigning, kan brukast som eigenkapital ved kjøp av nytt husvære. På denne måten kan også vanskelegstilte bli sjølvhjelpete og skaffe seg eit anna husvære, til dømes ved familieauke. Departementet meiner at vedtaket vil gjere dette vanskelegare.

Ved kjøp av nytt husvære er differansen mellom salsprisen for det gamle husværet og kjøpsprisen for det nye viktig, for det er denne differansen som skal finansierast. Vedtaket inneber at tilskotet må plussast på prisdifferansen dersom tilskotet skal betalast tilbake. Lånebehovet blir større og buutgiftene ved flytting tilsvarande høgere. Sjølv om føresetnadene for vedtaket opnar for at enkelte kan få nytt tilskot ved kjøp av nytt husvære, vil eit krav om at tilskotet skal betalast tilbake kunne bli eit hinder for flytting.

Når prisane på bustadmarknaden aukar, nyt tilskotsmottakarane godt av verdiauken på husværet sitt, men verdiauken blir også avspegla i prisen på det nye husværet. Det er dermed ikkje ein gevinst som kan brukast til anna enn buformål, med mindre ein går ned i bustandard eller flyttar til eit utleigehusvære. Ved prisnedgang inneber det at mottakaren sjølv må betale den delen av tilskotkravet som ikkje blir dekt av salsprisen. Dette vil særleg vere aktuelt i utkantstrøk.

Vedtaket vil altså kunne redusere sjansen for dei vanskelegstilte til å gjere ein bustadkarriere og dermed til å bli sjølvhjelpete på bustadmarknaden. Alternativet er å auke andre offentlege ytingar, som bustønad, sosialhjelp eller trygd, for at den tidlegare tilskotsmottakaren skal kunne betale buutgiftene i det nye husværet.

Tilskot til tilpassing blir i dag normalt ikkje kravd tilbake. Vedtaket opnar for at også dette tilskotet, som har ei høgste utmåling på kr 20 000, skal tilbakebetalast ved sal. Spesialtilpassing av husvære for funksjonshemma kostar i mange tilfelle meir enn tilskotet. Dette er kostnader som ikkje nødvendigvis aukar verdien av husværet for andre, og som dermed ikkje fører til verdiauke på husværet. I ein del tilfelle der kjøparen ikkje sjølv er funksjonshemma, vil ei slik tilpassing kunne redusere verdien på husværet for den nye eigaren. Funksjonshemma vil derfor bli særleg hardt ramma av vedtaket.

### *Administrative konsekvensar av vedtaket*

Vedtaket vil føre til auka administrative kostnader i kommunane. Innvilga tilskot må følgjast opp over ein lengre periode og må krevjast inn ved eit eventuelt sal. Dei som sel og framleis har eit behov for tilskot ved innflytting i nytt husvære, må også vurderast på nytt. For å nå måla for vedtaket må kommunane medverke og etablere eit større saksbehandlingsapparat med høgre administrative kostnader. Kommunane vil vere meir villige til det dersom dei får tilgang til auka tilskotsmidlar (lån) som følgje av fleire og større tilbakebetalingar. Samstundes vil vedtaket kunne redusere sjansane for tilskotsmottakarar for å flytte til eit nytt husvære. Dersom færre flyttar, vil kommunane få reduserte tilbakebetalingar av tilskotsmidlar (lån). Saman med auka administrative kostnader vil dette kunne redusere den kommunale viljen til å følgje opp vedtaket.

Vedtaket inneber vidare at det personretta bustadtilskotet blir eit rente- og avdragsfritt lån. Det vil seie at det må innførast rentestøtte i statsbudsjettet, og at dei administrative kostnadene i staten vil auke.

### *Tilråding*

Departementet meiner at den ordninga vi har i dag er tilfredsstillande, og at det er lite å tene på å endre reglane. Dette har mellom anna samanheng med at tilskot blir gitt etter streng behovsprøving til husstandar som ein reknar med har varige problem. Dei avskrivingsreglane som gjeld i dag, gjer at også vanskelegstilte kan ha ein bustadkarriere, samtidig som dei sikrar at ordninga ikkje blir utnytta til spekulasjon for å oppnå raske gevinstar. Dei fleste av husstandane som får etableringstilskot, består av unge menneske, og det er liten fare for at tilskotet blir til ein tilfeldig gevinst for arvingar. Den no gjeldande ordninga reduserer også uvisse med tanke på framtidige investeringar i husvære blant dei husstandane som får tilskot. Når tilskotet har vore disponert i samsvar med vilkåra i 10 år, sluttar den offentlege kontrollen, og deretter kjem det ikkje på offentlege administrative kostnader.

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa at retningslinjene og reglane for bustadtilskotet ikkje blir endra.

Dersom Stortinget likevel vil gjere endringar i ordninga, vil regjeringa subsidiært føreslå å auke avskrivingsperioden til 15 år og opne for at heile tilskotet blir tilbakebetalt ved dødsfall (arv) i avskri-

vingsperioden, men at desse endringane ikkje skal omfatte tilskot til tilpassing for funksjonshemma.

## **Post 78 Kompetansetilskot, kan overførast**

### **Mål**

Kompetansetilskotet skal medverke til at måla om gode husvære, god byggjeskikk og gode bumiljø blir nådde. Tilskotet skal stimulere til utvikling av kommunal bustadpolitikk og lokale bustadsosiale handlingsplanar. Tilskotet skal medverke til gjennomføringa av den nasjonale strategien for å forebygge og hindre at menneske blir bustadlause. Strategien blei fremma i bustadmeldinga og er eit viktig ledd i arbeidet med skaffe husvære til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal medverke til at det blir spreidd kunnskap om universell utforming, stimulere til at det blir teke miljøsyn i bustad- og byggjesektoren, og stimulere til samarbeid mellom ulike sektorar og nivå med sikte på å jamne ut skilnader i levekår. Tilskotet skal også medverke til å auke kunnskapen om kva eit godt bumiljø, god bukvalitet og god byggjeskikk inneber.

### **Tildelingskriterium**

Tilskotet skal gå til tiltak som gir auka kompetanse, større kunnskap og eit betre plangrunnlag for arbeidet med bustadspørsmål, spesielt retta mot det ansvaret kommunane har for vanskelegstilte grupper. Tiltak for å utvikle kommunale strategiar og lokale handlingsplanar for etablering av husvære blir prioriterte. Tilskot til utvikling av god byggjeskikk og til utviklingsarbeid med sikte på universell utforming og ein miljøvennleg bustad- og byggjesektor er også høgt prioriterte. I dette arbeidet bør det satsast på samarbeid med kommunane og andre aktørar, på heilskapleg områdeutvikling og på tilskot til pilotprosjekt og konkurranisar. Vidare skal det stimulerast til utvikling og spreining av kompetanse og kunnskap om forhold på bustad- og byggjemarknaden. Tilskotet skal i tillegg gå til å støtte organisasjonar som arbeider for å sikre funksjonshemma gode butilhøve.

### **Kontroll og oppfølging**

Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2002–2003).

### **Resultatrapport for 2003–2004**

Stor etterspørsel gjer det nødvendig å utarbeide kriterium for prioritering ved tildeling av tilskot.

Tabell 3.60 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for kap. 581, post 78

Resultatmål og oppfølgingskriterium	(i 1000 kr)			
	2003		1. halvår 2004	
	Prosjekt	Beløp	Prosjekt	Beløp
<i>Medverke til å utvikle kommunale strategiar og lokale handlingsplanar for etablering av husvære</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	57	14 279	25	5 625
<i>Medverke til å utvikle kunnskap/kompetanse knytt til bustad- og bumiljøspørsmål</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	36	8 593	28	5 475
<i>Medverke til spreing av informasjon og formidling av kunnskap og kompetanse</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	56	13 121	18	4 302
<b>Totalt</b>	<b>149</b>	<b>35 993</b>	<b>71</b>	<b>15 402</b>
<i>Søkjartype:</i>				
Kommunar	56	11 309	30	6 595
Bustadsamvirket	4	662	1	115
Forskningsinstitusjonar	25	7 953	10	2 255
Universitet og høgsular	5	847	3	130
Organisasjonar	20	7 629	13	4 810
Andre	39	7 593	14	1 497

I 2003 gav Husbanken totalt 36 mill. kr i tilskot til 149 ulike prosjekt, mot 31 mill. kr til 137 prosjekt i 2002. Det blei i 2003 gitt tilskot til 57 prosjekt (67 prosjekt i 2002) innanfor innsatsområdet «kommunal bustadpolitikk og bustadplanlegging». Å få utvikla bustadsosiale handlingsplanar er framleis eit prioritert innsatsområde. I alt hadde 200 kommunar påbegynt arbeidet med bustadsosiale handlingsplanar per 31.12.2003. Av desse hadde 127 kommunar ferdig utarbeidde planar.

I 2003 blei det gitt tilskot til 36 prosjekt (34 prosjekt i 2002) innanfor innsatsområdet «utvikling av kunnskap og kompetanse knytt til bustad- og bumiljøspørsmål». Husbanken har vore med på å støtte ei rad prosjekt som rettar søkjelyset på utviklingsarbeid for å skape ein miljøvennleg bustad- og byggjesektor, på utvikling av kunnskap om god bukvalitet og byggjeskikk, og på utvikling av kunnskap om god tilkomst for alle. Dette gjeld mellom anna prosjekt som har som formål å utvikle fleire miljø- og energieffektive husvære i byane, og prosjekt der ein prøver ut metodar og verktøy for å oppnå større brukarmedverknad i samband med utvikling og drift av økologiske buområde.

I 2003 blei det gitt tilskot til 56 prosjekt (36 prosjekt i 2002) innanfor innsatsområdet «informa-

sjons- og formidlingsarbeid». Organisasjonane til dei funksjonshemma har på lik linje med det som har vore tilfellet i tidlegare år, fått tilskot til informasjon og rådgiving om bustadspørsmål. Av større prosjekt som fekk tilsegn, kan ein elles nemne at SINTEF har fått støtte til «The 4th International Conference on Cold Climate». Konferansen sette søkjelyset på helse, innemiljøkvalitet og berekraftig bruk av energi i bygningar. Oslo kommune har fått støtte til «International Federation for Housing and Planning» i Oslo i 2004. Kongressen er lagd opp som ein brei tverrfagleg møteplass med søkjelys på urbanisering og dei utfordringane byane står overfor lokalt og globalt.

«Prosjekt Bostedsløse» (2001–2004) er eit samarbeid mellom Sosialdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet og er administrativt knytt til Husbanken. Prosjektet skal utvikle buløysingar og tenester for bustadlause, og dessutan utvikle strategiar for å førebyggje og motverke bustadløyse.

Det nasjonale prosjektet blei starta i 2001 med kommuneprojekt i dei fem største byane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Kristiansand. Tromsø, Drammen og organisasjonane Kirkens Bymisjon, Kirkens Sosialtjeneste og Frelsesar-

meen kom med i prosjektet i 2002. 30 ulike butiltak er sette i gang byane. I tillegg utviklar kommunane lokale strategiar mot bustadløyse.

Frå Sosialdepartementet blei det for 2003 løyvt 10,5 mill. kr over kap. 621, post 63 Tilskudd til rusmiddeltiltak (før kap. 614, post 63) til utvikling av modellar og metodar i kommunane. Kostnadene til lokal og nasjonal prosjektleiing blir dekte av Husbanken over denne posten. I tillegg blir dei finansieringsordningane Husbanken har for etablering av butilbod, nytta. Arbeidet med å systematisere erfaringane i dei deltakande kommunane blei intensivert i 2003.

I St.meld. nr. 6 (2002–2003) Tiltaksplan mot fattigdom blei det sett fokus på oppfølgingstenester i husvære. I 2003 blei det løyvt 19 mill. kr til formålet. Midlane blei fordelte til vidare styrking av oppfølgingstiltak. Oslo kommune fekk også tildelt 5 mill. kr til oppfølging av tiltak i handlingsplanen «Alternativer til de åpne rusmiljøene i Oslo sentrum» og til eit prosjekt i regi av namsmannen i Oslo for å førebyggje utkastingar. I tillegg fekk nabokommunane til Oslo tilskot til oppfølgingstenester for bustadlause. Desse midlane blir administrerte av Sosial- og helsedirektoratet.

I 2004 er desse tiltaka følgde opp, og i tillegg er alle kommunar med meir enn 20 000 innbyggjarar inviterte til å søkje om midlar til oppfølgingstenester i husvære for tidlegare bustadlause.

### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa føreslår at formåla med tilskot under kap. 581, post 71 Tilskot til bustadkvalitet blir videreførte under kap. 581, post 78. Nemning på den samanslåtte posten blir «Kompetansetilskot». Tilskot skal som før særleg givast til prosjekt der formålet er å få fram ny og formidle eksisterande kunnskap som er relevant for aktørane på bustad- og byggemarknaden.

Det blir lagt vekt på tiltak for å heve kompetansen om bustadkvalitet. Dette gjeld særleg miljøvennlege husvære, der det vil vere viktig å formidle erfaringar og vise til gode døme. Kommunikasjon og kunnskap er også sentrale verkemiddel for å oppnå universell utforming, til dømes bør ein sikre at universell utforming kjem inn som ein del av utdanninga for sentrale faggrupper.

Tilskotet vil vere sentralt for å få gjennomført den nasjonale strategien «På vei til egen bolig», som tek sikte på å førebyggje og hindre at men-

neske blir bustadlause, ein strategi som blei fremma i St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken. Målet er å redusere talet på bustadlause ved å redusere talet på utkastingar, sikre husvære til dei som blir lauslatne frå fengsel eller skrivne ut frå institusjon, og redusere bruken av dårlege, mel-lombels butilbod. Førebyggjande tiltak for å hindre at folk blir bustadlause, og tiltak for å skaffe butilbod av god kvalitet til dei som er bustadlause, står sentralt. Frå Arbeids- og sosialdepartementet blir det også føreslått ein auke på 10 mill. kr i løyvinga til oppfølgingstenester i husvære for bustadlause/rusmiddelmissbrukarar.

Det blir føreslått ei løyving på 56,7 mill. kr i 2005.

### Post 79 Tilskot til radonførebyggjande tiltak i bustadhus, kan overførast

#### Mål

Tilskotet skal stimulere til tiltak for å redusere radonnivået i eksisterande husvære, jf. oppfølginga av Nasjonal kreftplan.

#### Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til bygningstekniske tiltak når det er påvist ein radonkonsentrasjon i innelufta i husværet høgre enn 200 Bq/m<sup>3</sup>. Tilskotet kan givast til enkeltpersonar, burettslag, selskap, stiftelsar og liknande, jf. St.prp. nr. 161 (1997–1998), Nasjonal kreftplan og Innst. S. nr. 226 (1997–1998).

#### Rapport for 2003

Interessa for ordninga auka kraftig i 2003 etter ein kampanje gjennomført av Husbanken og Statens Strålevern våren 2003. Talet på prosjekt det var søkt om tilskot til, blei meir enn firedobla samanlikna med 2002. Posten blei styrkt med 3 mill. kr i desember 2003 for å møte noko av den auka etter-spørselen. Det blei gitt tilskot på til saman snautt 11 mill. kr til 381 husvære i 2003. I tillegg var det løyvt 2,5 mill. kr til Statens strålevern for å måle radonnivået i om lag 10 000 husvære i 50 kommunar. Husbanken endra retningslinjene for tilskotsordninga frå midten av 2002. Tiltaksgrensa blei sett ned til det halve og tilskotsutmålinga auka til 75 pst., og det øvre tilskotsbeløpet blei heva til det doble (kr 40 000), noko som medverka til ein auka pågang etter tilskot.

Tabell 3.61 Resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 581, post 79

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002	2003	1. halvår 2004
<i>Stimulere til reduksjon av radonnivået i eksisterende bustadhus</i>			
Talet på husvære med innvilga tilskot til reduksjon av radonnivået	243	381	111

*Sluttrapport for ordninga*

I samband med oppfølginga av Nasjonal kreftplan blei det vedteke at arbeidet for å redusere radonnivået i bustadhus skulle trappast opp. Tilskotsordninga blei etablert 1999 og held fram til 2004. Utmålingsprosenten for tilskotet og det øvre tilskotsbeløpet blei endra nokre gonger i denne perioden. I det første året var interessa for ordninga nokså låg. Statens strålevern, Statens bygningstekniske etat og Husbanken samarbeidde for å gjere ordninga og radonfaren betre kjend og å byggje opp kompetanse om radon i kommunar og byggenæringa. Det blei gjennomført radonkartleggingar og informasjonskampanjar. I perioden 2000–2001 blei det gjennomført kartlegging av radon i

114 kommunar. Kartlegginga resulterte mellom anna i geografiske oversikter og tilrådingar om oppfølging i spesielt utsette område. Det blei også arrangert ei rad kurs rundt om i landet om tiltak mot radon i nye og eksisterande bustadhus. Kursa var retta mot byggebransjen og mot saksbehandlarar og teknisk personale i kommunane. I alt blei det brukt 6,5 mill. kr på informasjonstiltak og kurs i perioden 2000–2003. Etter dette steig talet på søknader om tilskot, og i 2003 blei summen av midlar det blei søkt om, høgere enn det som var løyvt. For å få størst mogleg helseeffekt blei ekstraløyvinga på 3 mill. kr i 2003 berre brukt til utbetring av husvære med radonverdiar over 1000 Bq/m<sup>3</sup>.

Tabell 3.62 Utviklinga i talet på tilsegner gitt til bygningstekniske tiltak i eksisterande husvære 1999–2004

År	Talet på husvære som fekk tilsegn	Tilsegner totalt	(i 1 000 kr)
			Gjennomsnittleg tilsegnsbetrag per husvære
1999	48	436,5	9,1
2000	195	1 525,5	7,8
2001	141	1 476,0	10,5
2002	243	4 298,6	17,7
2003/2004	492	13 900,2	28,3
Sum	1 119	21 653,8	19,3

Tabell 3.63 Radonkonsentrasjon i husvære med tilsegn om tilskot før utbetring

År	200–499	500–999	1000–1999	2000–2999	3000–3999	Over 4000
	Bq/m <sup>3</sup>	Bq/m <sup>3</sup>	Bq/m <sup>3</sup>	Bq/m <sup>3</sup>	Bq/m <sup>3</sup>	Bq/m <sup>3</sup>
1999	3	31	12	2		
2000	10	29	94	2	56	4
2001	20	51	50	3	4	13
2002	30	155	27	24	2	5
2003/2004	166	149	117	27	16	17
Sum	229	415	300	58	78	39

Statens Strålevern og Husbanken er i gang med ei evaluering av tiltak mot radon i private hus-

være gjennomførte i perioden 1999–2003. Evalueringa vil liggje føre hausten 2004.

Kreftplanen blei avslutta i 2003, og i 2004 blir dei siste gitte tilsegnene utbetalte. Det blir derfor ikkje føreslått løyving over denne posten i 2005.

Ein gjer framlegg om å avvikle budsjettposten frå 2005.

## Kap. 582 Skoleanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Rentekompensasjon, <i>kan overførast</i>	264 554	240 500	248 000
	Sum kap. 582	264 554	240 500	248 000

Endring som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 582, post 60 sett ned med 58,5 mill. kr til 182 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

### Post 60 Rentekompensasjon, kan overførast

#### Mål

Av omsyn til elevane og dei tilsette er regjeringa oppteken av å sikre god kvalitet på skolebygningane. Rentekompensasjonen skal stimulere kommunane til å byggje nye skoleanlegg og til å rehabilitere, ruste opp og utvikle dei eksisterande skoleanlegga der det trengst. Målet med ordninga er å sikre at alle elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får gode læringstilhøve. Kommunane har vist stor interesse for ordninga etter at ho blei sett i verk i 2002.


#### Tildelingskriterium

For omtale av tildelingskriterium sjå St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

#### Rapport for 2003–2004

Den samla investeringsramma for 2003 var på 3 mrd. kr, med ei løyving på 231 mill. kr. I 2003 blei 347 prosjekt godkjende, og heile løyvinga blei brukt opp.

Den samla investeringsramma til skoleanlegg for 2004 er på 3 mrd. kr, med ei løyving på 182 mill. kr. For 2004 dekkjer staten renter på ei akkumulert investeringsramme for 2002, 2003 og 2004 på til saman 8 mrd. kr. Utbetalinga av rentekompensasjon for 2004 skjer i desember 2004.



Figur 3.10 Bruk av investeringsramma til skoleanlegg i perioden 2002–2004 i høve til heile ramma

I 1. halvår 2004 er det godkjent løyving til prosjekt innanfor ei ramme på om lag 2,2 mrd. kr av investeringsramma på 3 mrd. kr. Alt peiker i retning av at investeringsramma for 2004 blir brukt fullt ut. Frå oppstartinga av ordninga i 2002 og fram til 1. halvår 2004 har i alt 356 kommunar/fylkeskommunar sendt inn søknader. Totalt har Husbanken registrert 1043 prosjekt innanfor det ytre taket for ordninga på 15 mrd. kr. Talet omfattar både prosjekt som er realiserte, og planar som ligg eit par år fram i tid. Kommunane har ulike praksis når det gjeld innsending av søknader; somme søker før oppstarting av arbeid, medan andre ventar til prosjekta er fullførte. Talet representerer derfor aktivitet fordelt over noko tid. Breiband inngår i 310 dei registrerte prosjekta. Frå januar 2003 begynte ein å registrere dei prosjekta der behova til funksjonshemma blir tilgodesedde. Fram til 1. halvår 2004 er det rapportert at dette gjeld i 388 av prosjekta.

**Budsjettforslag for 2005**

Regjeringa føreslår ei løyving på 248 mill. kr. Løyvinga dekkjer heilårseffekten av investeringsrammene frå 2002, 2003 og 2004 på i alt 8 mrd. kr.

Regjeringa føreslår at det ikkje blir gitt noka investeringsramme for 2005, ettersom over halvparten av dei vedtekne 15 mrd. kr er fasa inn i løpet av dei tre første åra ordninga har eksistert. Kommunane skal kunne ta opp lån over ein periode på 8 år.

**Kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	4 707	4 700	4 900
	Sum kap. 585	4 707	4 700	4 900

**Post 1 Driftsutgifter**

Husleigetvistutvalet blei oppretta 1. mars 2001 for ein prøveperiode på tre år. Utvalet var meint å vere eit alternativ til å nytte domstolane, og kunne avgjere alle typar av tvistar om leige av husvære i Oslo. Heimel for oppretting av prøveordninga med husleigetvistutval er gitt i husleigelova av 26. mars 1999 § 12-5. Departementet har i forskrift av 28. september 2000 gitt nærmare reglar om verkeområde og saksbehandling med vidare.

Frå 1. april 2003 blei verkeområdet til Husleigetvistutvalet utvida til også å gjelde Akershus fylke. I 2003 fekk utvalet løyvt ekstra midlar for å marknadsføre tilbodet overfor leigetakarar og utleigarar, og både i 1. og i 2. halvår 2003 blei det gjennomført marknadsføringskampanjar i Oslo og Akershus. I 2003 blei det vedteke å forlengje prøveperioden for utvalet fram til 31.12.2005.

I 2001 behandla utvalet til saman 53 saker, i 2002 91 saker og i 2003 139 saker. I 2003 blei 79

saker avslutta med forlik, 50 blei avgjorde, og 10 saker blei avviste eller trekte tilbake. Gjennomsnittleg tid for saksbehandling var 7 veker for saker med forlik og 14 veker for saker som blei avgjorde.

I dei 6 første månadene av 2004 har det kome inn 68 saker. Per 1. juni 2004 er 26 saker avslutta med forlik, og 13 saker er avgjorde.

Ordninga er evaluert av eit eksternt organ, som konkluderer med at utvalet har fungert som eit godt alternativ til domstolar og forliksråd. Partane er nøgde med resultatet, og saksbehandlingstida er monaleg kortare enn i forliksråd og tingrett. Framleis er talet på saker som kjem inn, lågt. Regjeringa vil kome tilbake med ei vurdering av om ordninga skal gjerast permanent eller avviklast.

**Budsjettforslag for 2005**

Det blir føreslått ei løyving på 4,9 mill. kr for 2005.

**Kap. 3585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Gebyr	187	200	240
18	Refusjon av sjukepengar	94		
	Sum kap. 3585	281	200	240

**Post 1 Gebyr**

Det blir kravd to gonger rettsgebyret for behandling av ei sak for utvalet, for tida kr 1480. Ein føre-

slår å budsjettere med gebyrinntekter på kr 240 000 i 2005. Det svarer til om lag 150 saker.



**Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
60	Oppstartingsstilskot, <i>kan overførast</i>	1 513 895	2 114 000	1 313 800
63	Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 179 540	1 283 400	1 409 000
	Sum kap. 586	2 693 435	3 397 400	2 722 800

Endring som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 63 (2003–2004) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2004, blei løyvinga på kap. 586, post 60 sett ned med 41,4 mill. kr til 2 072,6 mill. kr. Løyvinga på post 63 blei sett ned med 151 mill. kr til 1 132,4 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

**Mål**

Tilskota skal stimulere kommunane til å auke tilbodet av sjukeheims plassar og husvære lagde til rette for heildøgns pleie og omsorg (omsorgsbustader). Tilskota skal setje kommunane i stand til å byggje, kjøpe eller utbetre sjukeheimar og omsorgsbustader ut frå lokale behov til dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming, funksjonssveking eller sjukdom.

**Post 60 Oppstartingsstilskot, kan overførast****Tildelingskriterium**

For omtale av tildelingskriterium sjå St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet, s. 203.

**Rapport for 2003–2004**

Handlingsplanen for eldreomsorga blei avslutta i 2003. Det totale måtalet for handlingsplanen for eldreomsorga var 38 400 omsorgsbustader og sjukeheims plassar. For eit oversyn over utviklinga av måltala, sjå St.prp. nr. 1 (2003–2004). Fram til årskiftet 2003/2004 var om lag 38 600 bueiningar blitt godkjende for tilskot, og om lag to tredelar av desse var ferdigbygde. For å få utbetalt tilskot må omsorgsbustadene og sjukeheims plassane vere ferdigbygde innan utgangen av 2005. Regjeringa har opna for at kommunar som av byggetekniske årsaker har problem med å gjennomføre prosjekt innan fristen, kan få dispensasjon til ut 2007. Også kommunar som slit med dårleg kommuneøkonomi, kan få dispensasjon dersom dei er oppførte i Register om betinget godkjenning og kontroll (ROBEK).

Tabell 3.64 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for oppstartingsstilskotet

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002	2003	1. halvår 2004
<i>Stimulere til nybygging og utbetring av omsorgsbustader og sjukeheims plassar med god kvalitet</i>			
Talet på nye omsorgsbustader og sjukeheims plassar som fekk tilsegn	10 065	2 807	41
Talet på utbetra omsorgsbustader og sjukeheims plassar som fekk tilsegn <sup>1)</sup>	1 537	1 428	20
Prosentdelen nye sjukeheims plassar med tilsegn som oppfyller den storleiken på privatarealet som Husbanken tilrår <sup>2)</sup>	96,5 pst.	99,8 pst.	–
Prosentdelen utbetra sjukeheims plassar med tilsegn som oppfyller den storleiken på privatarealet som Husbanken tilrår <sup>1) 2)</sup>	87,1 pst.	85,8 pst.	–

<sup>1)</sup> Kjøpte omsorgsbustader og sjukeheims plassar er medrekna.

<sup>2)</sup> 1. halvår 2004 blei det i all hovudsak gitt tilsegner til omsorgsbustader.

I 2004 kan Husbanken gi tilskot til 913 omsorgsbustader under opptrappingsplanen for psykisk helse, 13 fleire enn i 2003. Med desse tilsegnene vil målalet i planen på 3400 einingar vere nådd.

Oppstartingsstilskotet skulle i 2003 gå til nybygging eller utbetring av 3900 omsorgsbustader og sjukeheimplassar med godkjend kvalitet. 900 omsorgsbustader skulle vere knytte til handlingsplanen for psykisk helse. I 2003 blei det gitt tilskot til i alt 4235 omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Av desse var 3335 bueiningar knytte til eldreplanen, og 900 husvære blei godkjende innanfor opptrappingsplanen for psykisk helse. Målet i eldreplanen blei dermed nådd med klar margin, medan målalet i opptrappingsplanen for psykisk helse blei nådd akkurat.

I 2003 var tilskotssatsen kr 188 000 for omsorgsbustader og kr 403 000 for sjukeheimplassar. Innanfor opptrappingsplanen for psykisk helse er satsen for omsorgsbustader prisjustert til kr 194 600 i 2004. Taket for kostnader som kommunane får dekt over post 60 og post 63, er auka tilsvarende frå kr 753 000 til kr 759 600 per omsorgsbustad.

#### Budsjettforslag for 2005

Handlingsplan for eldreomsorga blei avslutta i 2003, og det står berre att å utbetale gitte tilsegner. Dei siste tilsegnene under opptrappingsplanen for psykisk helse blir gitt i 2004, og det står da berre att å utbetale gitte tilsegner i 2005.

Regjeringa føreslår ei løyving på 1 313,8 mill. kr, som dekkjer tilsegner gitt i 2001, 2002, 2003 og

2004. Av løyvinga er 150,8 mill. kr knytt til psykiatriplanen og 1 163 mill. kr til eldreplanen. I tillegg føreslår regjeringa ei tilsegnfullmakt på 158,2 mill. kr.

#### **Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag**

##### Tildelingskriterium

Tilskotsordninga omfattar alle sjukeheimplassar og omsorgsbustader der det er gitt tilsegn om oppstartingsstilskot etter 1. januar 1997, og skal sjablonmessig dekkje utgifter til renter og avdrag som kjem på frå og med 1. januar 1998. Alle som har fått oppstartingsstilskot, får også tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag på lån. Maksimalt grunnlag for utrekning av kompensasjonstilskotet utgjer kr 455 000 per sjukeheimplass og kr 565 000 per omsorgsbustad.

##### Rapport for 2003–2004

I 2003 blei det utbetalt 1180 mill. kr i kompensasjonstilskot. Ved utgangen av året var snautt 27 500 bueiningar inne i ordninga. Dei fordeler seg på 17 000 omsorgsbustader og 10 500 sjukeheimplassar.

Løyvinga for 2004 på post 63 var på 1 283,4 mill. kr.

##### Budsjettforslag for 2005

Regjeringa føreslår ei løyving på 1 409 mill. kr. Av løyvinga går 93,5 mill. kr til opptrappingsplanen for psykisk helse og 1 315,5 mill. kr til eldreplanen.

## Programkategori 13.90 Bygningssaker

Utgifter under programkategori 13.90 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)	36 268	37 000	38 050	2,8
	Sum kategori 13.90	36 268	37 000	38 050	2,8

Inntekter under programkategori 13.90 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005	Pst. endr. 04/05
3587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)	14 610	13 200	13 600	3,0
	Sum kategori 13.90	14 610	13 200	13 600	3,0

Programkategori 13.90 gjeld dei postane i budsjettet som har med Statens bygningstekniske etat å gjere. Bygningssektoren er også med på å oppfylle nokre av dei bustadpolitiske måla som blir nærmare omtalte under programkategori 13.80. Dei bustadpolitiske og dei bygningsspolitiske måla heng nært saman, og det blir gitt ei samla framstilling av målstrukturen under programkategori 13.80 Bustader og bustadmiljø.

### Prioriteringar i 2005

Viktige arbeidsoppgåver innanfor området bygningsspolitikk vil i 2005 vere

- å følgje opp det femårige samarbeidsprogrammet mellom Kommunal- og regionaldepartementet og byggjenæringa om byggjekostnader og effektivitet i byggjebnæringa, jf. omtalen under programkategori 13.80, kap. 581, post 22 Program for reduserte byggjekostnader
- å følgje opp St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken og miljøhandlingsplanen for bustad- og byggjesektoren for mellom anna å auke talet på miljøvennlege og universelt utforma husvære og bygningar

- å drive, vidareutvikle og implementere Bygg-Søk, systemet for elektronisk behandling av plan- og byggjesaker
- å følgje opp tilrådingar frå Bygningslovutvalet, som legg fram si siste delinnstilling sommaren 2005
- å arbeide vidare med regelverk og rettleiing om utbyggingsavtalar
- å medverke til utvikling og effektiv implementering av internasjonalt regelverk, mellom anna EU-direktivet om energi

### Status

Den eksisterande bygningssmassen her i landet var ved utgangen av 2003 på om lag 3,6 mill. bygningar med totalt 325 mill. kvm (bruttoareal). Av dette var i overkant av 210 mill. kvm bustadbygg og 115 mill. kvm yrkesbygg. Det blei i 2003 starta bygging av i overkant av 6,7 mill. kvm bruksareal, fordelt på 3 mill. kvm bustadbygg og 3,7 mill. kvm andre bygg (offentleg/næring/fritidsbygg). Volumet på nybygginga er omtrent uendra frå året før. Den årlege tilveksten av nybygd areal i Noreg er på om lag 2 pst. av den totale bygningssmassen.

Ein reknar med at det totalt blir sett i gang om lag 23 000 nye bustadbygg i 2004. Tala for januar til mai 2004 viser ein auke for igangsette bustadbygg samanlikna med same periode i 2003, og ein noko mindre auke for nærings-/fritidsbygg, medan det var ein nedgang i investeringane til offentlege nybygg. Det totalte bruksarealet som er sett i gang (alle bygg) ligg 14,5 pst. høgre i perioden januar til mai 2004 enn i same periode året før.

Regjeringa har som hovudmål å leggje til rette for ein godt fungerande bustadmarknad. Regjeringa har i denne samanhengen gjort førebuingar for å få etablert eit samarbeidsprogram med byggenæringa. Målet er å halde kostnadene nede i bustadbygginga, noko som på sikt vil gi ei lågare prisutvikling for husvære.

Saksbehandlingstida for byggjesaker i kommunane går ned også i 2004, slik tendensen har vore i dei to åra før. Det statlege prosjektet for utvikling av eit internettbasert system for elektronisk byggesaksbehandling (ByggSøk) blei i samsvar med planen sett i drift i juli 2003, og ein versjon for elektronisk planbehandling blei sett i drift i mai 2004. Frå 1. juli 2004 må kommunane betale tilbake gebyr dersom dei overskrid fristane for saksbe-

handling i byggjesaker. Desse tiltaka skal medverke til enklare og raskare saksbehandling.

Regjeringa arbeider med eit lovutkast om utbyggingsavtalar som skal leggjast fram for Stortinget. Bygningslovutvalet og Planlovutvalet har utforma forslag om lovreguleringar på området. Regjeringa har som mål å skape fastare, meir langsiktige og betre rammevilkår for byggjeverksemnda.

Bygningslovutvalet skal stå for ein større gjennomgang av bygningslovgivinga med sikte på å forenkle reglane. Utvalet har eit breitt mandat, og ei målsetjing er at effektive prosessar skal gi grunnlag for lågare kostnader og motivere til oppstarting av nye tiltak. Utvalet skal slutføre arbeidet i juni 2005.

Bustad- og byggjesektoren veg tungt i miljøsamheng og må medverke til eit meir berekraftig samfunn. Kunnskapen om miljøvennleg bygging og drift av bustadbygg og andre bygg er aukande, men det blir framleis ikkje lagt stor nok vekt på miljøvennleg val og bruk av ressursar. Det er for dårleg tilkomst til mange bygningar, og det blir ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til god byggjeskikk. Byggjefeil er framleis eit stort problem.

## Kap. 587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
01	Driftsutgifter	36 268	37 000	38 050
	Sum kap. 587	36 268	37 000	38 050

### Post 1 Driftsutgifter

Statens bygningstekniske etat er Kommunal- og regionaldepartementet sin utøvande faginstans på det bygningstekniske området. Etaten står til teneste for departementet med faglege råd og utgreiingar. Statens bygningstekniske etat (BE) skal ha god kunnskap om korleis regelverket fungerer innanfor sitt fagområde, og vere eit bindeledd til relevante fagstyresmakter. BE skal ha god kjennskap til byggjeverksemnda, og har eit særskilt ansvar for ordninga med sentral godkjenning av føretak med ansvarsrett og for utvikling av og tilrettelegging for elektronisk byggesaksbehandling.

### Rapport for 2003–2004

*Bygningar og anlegg skal ta omsyn til helse, miljø og tryggleik, ha god tilkomst og ei estetisk utforming*

Gjennom informasjonstiltak har etaten halde fram med å arbeide for å påverke byggenæringa i retning av fleksibel og fornuftig bruk av funksjonelle reglar i forskriftene, slik at bransjen kan levere trygge og gode byggverk med god kvalitet.

Omsynet til miljøet, slik det er gjort greie for i departementet sin miljøhandlingsplan, er følgd opp gjennom prosjekt for framtidige endringar i byggreglane og i rettleiingar. Statens bygningstekniske etat og Husbanken samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet om å revidere miljøhandlingsplanen for bustad- og byggjesektoren. Eit viktig mål med revisjonen er å utvikle konkrete resultat- og arbeidsmål og indikatorar. For å

få utnytta resultatata frå Økobyggprosjektet er det sett i gang eit samarbeid med byggjenæringa.

Energidirektivet inngår i EØS-avtalen og skal vere teke inn i regelverket innan 2006. Ifølgje direktivet skal det setjast nasjonale mål for bruk av energi i nye bygg. Forslag til ny føresegn er utarbeidd og klar for høyring. Det er nødvendig å delta i utarbeidinga av nye standardar, og dei nye standardane skal vere klare samtidig med føresegnene.

Etaten legg mykje arbeid i å rettleie om universell utforming. Det er mellom anna laga ei temarettelegg saman med Husbanken. Rettleiinga gir tilvisingar for korleis ein kan utforme bygningar og uteområde for å gi alle dei same høva til deltaking, og for korleis ein kan få til ei god tilrettelegging. Det er lagt til rette for eit stort opplegg for etter- og vidareutdanning av tilsette i kommunane og byggjenæringa.

Rettleiingar for reglane som gjeld tryggleik, mellom anna mot brann, samanbrot og heimeulykker, er utvikla vidare, og det er blitt informert om dei. Verkelege hendingar blir undersøkte for å sikre at reglane er gode nok, og at praktiseringa av dei er god nok.

Etaten har ført tilsyn med at reglane for dokumentasjon av byggevarer blir følgde. Ei informasjonsgruppe med deltaking frå heile næringa er starta opp. Produsentar er kontakta for å få fram rett dokumentasjon, og det er gitt tvangsmulkt og pålegg om å stoppe sal i enkelte tilfelle. Det er ført tilsyn med at tekniske kontrollorgan ter seg rett.

Standardiseringa har fått ressursar som skal føre til ei rett utvikling av dei standardane vi treng, og at dei blir tilpassa norske reglar. I visse høve er også eiga deltaking i komitear nødvendig for å sikre desse måla.

#### *God kompetanse hos aktørane i byggje- og anleggsverksemd*

I 2004 godkjende Statens bygningstekniske etat ca. 1500 føretak, og det totale talet på godkjente føretak held seg stabilt på noko over 12 000. Saksbehandlingstida for nye godkjenningar er i snitt tre til fem dagar. Målet om å auke oppfølginga av dei godkjende føretaka er nådd.

Tabell 3.65 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for den sentrale godkjenninga av føretak under Statens bygningstekniske etat

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2003	2004
<i>Sentral godkjenning</i>		
Nye godkjenningar	1740	1100
Fornyingar	3650	4000
Talet på oppfølgingar	1600	1750

Heile regelverket og informasjon om regelverket er tilgjengeleg på Internett, saman med kontinuerleg oppdaterte data om sentralt godkjende føretak. Blankettar, elektronisk byggjesaksbehandling (ByggSøk) og regelverk for byggjesaker er også tilgjengelege på Internett. Internettssidene til Statens bygningstekniske etat hadde om lag 10 000 ulike brukarar per veke i 2003. Verksemda på informasjonsområdet er ført vidare med fleire meldingar, temarettelegg, eige tidsskrift, undervisning og ein årleg konferanse for kommunane.

Etaten har hatt ei viktig rolle når det gjeld å legge til rette for programmet for lågare byggjekostnader og auka effektivitet i byggjenæringa. Omsynet til kostnader som ulike reglar påfører byggjeverksemda, er innarbeidd i dei rutinane etaten følgjer, og har elles vore gjenstand for ei særskild utgreiing.

#### *God og effektiv byggjesaksprosess*

Statens bygningstekniske etat held fram arbeidet med implementering av forskrifta om saksbehandling og kontroll, og vil ha merksemda spesielt retta mot tidsfrist, effektivitet og redusert vekst i byggjekostnadene. Gjennom informasjon om metodar og kursverksemd har etaten hjelpt kommunane med å kome i gang med eit effektivt tilsyn i byggjesaker. Fleire kommunar enn tidlegare driv no tilsyn. Etaten har gitt ut ei temarettelegg som vil hjelpe føretaka til å få betre styring med byggjeprosjekt. Etaten si brukarundersøking kring praktiseringa av reglane, retta mot bedrifter og kommunar, viser at dei aller fleste kommunane held tidsfristane og behandlar byggjesaker på ein smidig og enkel måte, slik lovendinga av 2003 legg opp til.

Tabell 3.66 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for informasjonsarbeidet under Statens bygningstekniske etat

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2003	2004
<i>Informasjon og rettleiing</i>		
Utgitte rettleiingar (rettleiingar til føresegnene og temarettleiingar)	5	6
Førebudde rettleiingar (rettleiingar til føresegnene og temarettleiingar)	4	3
Talet på utgivingar av bladet BE-nytt	4	4
Talet på pressemeldingar	9	8
BE interaktiv på nett (svar på stilte spørsmål)	126	290
BE på nett (tal på enkeltfiler lasta ned (treff))	22,7 mill.	24,5 mill.
Førelesingar (talet på tilhøyrarar)	4500	4320

Ei vesentleg oppgåve for etaten er å leggje til rette for elektronisk søknads- og byggjesaksbehandling gjennom prosjektet ByggSøk. Prosjektet har brei deltaking frå staten, kommunane og byggenæringa. Planane for framdrift og budsjett er følgde. ByggSøk har no 8000 brukarar. 10 pst. av byggjesøknadene går gjennom ByggSøk, og 10 kommunar tek imot søknadene elektronisk. Det er nødvendig med eit nært samspel mellom planprosess og byggjesaksprosess, og ein pilotversjon av plandelen av ByggSøk blei opna for bruk i juni 2004.

Tabell 3.67 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for ByggSøk under Statens bygnings-tekniske etat

Resultatmål /Oppfølgingskriterium	2003	2004
<i>ByggSøk</i>		
Tal på brukarar	750	8000
Tal på kommunar som deltek	250	250
Tal på kommunar som tek imot søknader elektronisk	2	10

#### *God og effektiv tilrettelegging av tomter*

Rettleiing om utnytting av tomter har vore ei av etaten sine oppgåver. Saman med Miljøverndepartementet er det utarbeidd ei ny rettleiing om grad av utnytting som vil gjere at ein i større grad kan fastslå på førehand korleis tomteutnyttinga blir vurdert i plan- og byggjesaker.

#### Resultatmål 2005

*Bygningar og anlegg skal ta omsyn til helse, miljø og tryggleik, ha god tilkomst og ei estetisk utforming*

Statens bygningstekniske etat skal

- gi informasjon og rettleiing om kvalitet og tryggleik i bygg og støtte opp om regjeringa si satsing på universell utforming. Programmet for etter- og vidareutdanning, til dømes oppfølging av arbeidet med rettleiinga for universell utforming, skal gjennomførast.
- føre tilsyn med at reglane om dokumentasjon av eigenskapane til byggjeverarar og -produkt blir etterlevde
- engasjere seg i nasjonalt og internasjonalt standardiseringsarbeid og sjå til at internasjonale reglar blir innarbeidd i norsk regelverk. Det skal utarbeidast grunnlag for standardar, godkjenningar og harmoniserte tekniske krav etter dei felles europeiske reglane på byggområdet, med spesiell vekt på nordisk koordinering.
- etter innspel frå høyringsrunde klargjere nye forskrifter om energibruk i byggverk med sikte på vedtak med verknad frå 2006. Samstundes går utviklinga av standardar vidare, og det blir lagt særleg vekt på informasjon og rettleiing om dei nye reglane.
- utvikle kompetansen på fagfeltet miljø gjennom internasjonalt samarbeid og samarbeid med sentrale aktørar i privat og offentleg sektor, mellom anna gjennom bruk av resultatane frå Økobyggprogrammet. Satsinga på miljø skal gi betre styring med påverknaden på miljøet frå byggverk, i samsvar med departementet sin nye miljøhandlingsplan.

*God kompetanse hos aktørane i byggje- og anleggsverksemd*

Etaten skal

- føre vidare ordninga med sentral godkjenning av føretak med ansvar for oppgåver i byggjeverksemda. Det er særleg lagt vekt på oppfølging av dei godkjende føretaka, der målet er å føre tilsyn med 15 pst. av dei. Slik oppfølging skal føre til betre rutinar og metodar i føretaka, noko som sikrar betre styring i prosjekta og betre bygg, samtidig som ein sikrar at reglane blir etterlevde.
- syte for god og enkel tilgang til informasjon om regelverket, som grunnlag for fleksibel og fornuftig bruk av funksjonelle reglar i forskriftene
- gi informasjon og rettleiing til produsentane om reglane om dokumentasjon av eigenskapar for byggjeverer og -produkt. Siktemålet er å hjelpe næringa til å styrkje konkurranseevna.
- vere ein aktiv deltakar i programmet for lågare byggjekostnader og betre effektivitet i byggjearinga, i hovudsak ved å hente inn og gi informasjon, ved å gi støtte til styret for programmet og ved å delta i enkelte prosjekt. Omsynet til regelverk knytte til plan- og bygningslova skal ha særleg vekt.

*God og effektiv byggjesaksprosess*

Etaten skal

- halde god kontakt med kommunane og bransjen og medverke til at regelverket blir følgt og at saksbehandlinga har god kvalitet. Etaten vil mellom anna vere særleg oppteken av korleis

lokal godkjenning og kommunalt tilsyn blir praktisert, og av korleis det tekniske regelverket og reglane for saksbehandling kan forbe-  
trast.

- ha oversyn over korleis kommunane praktiserer reglane og kor lang tid dei bruker på saksbehandling, og ha oversyn over kva verknader regelverket har både for bransjen og kommunane, med særleg fokus på effektivitet og byggjekostnader. Årleg brukarundersøking og system for å synleggjere saksbehandlingstida på Internett er tiltak som gir god innsikt i forholda.
- syte for drift, oppdatering og vidareutvikling av elektronisk søknads- og byggjesaksbehandling tilpassa Internett. ByggSøk for planbehandling skal først vidare frå eit utviklingsprosjekt til eit system i drift. Målsetjinga for året er at 20 pst. av byggjesakene skal gå gjennom ByggSøk, at 50 kommunar skal kunne ta imot elektronisk byggjesøknad, og at dei 10 største kommunane skal kunne ta i mot plansaker elektronisk.

*God og effektiv tilrettelegging av tomter*

- Etaten skal syte for informasjon og implementering av ny rettleiar om utnyttingsgrad til bransjen og til kommunar/fylkesmenn.

**Budsjettforslag for 2005**

Det blir føreslått ei løyving på 38,05 mill. kr, der 13,6 mill. kr er knytt til drift av ordninga med sentral godkjenning. Ordninga med sentral godkjenning skal vere sjølvfinansierande, jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning av føretak.

**Kap. 3587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2003	Saldert budsjett 2004	Forslag 2005
04	Gebyr, sentral godkjenning føretak	13 115	13 200	13 600
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	785		
18	Refusjon av sjukepengar	710		
	Sum kap. 3587	14 610	13 200	13 600

**Post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak**

Gebyra dekkjer alle utgiftene til drift av ordninga. Ei eventuell meir- eller mindreinntekt skal det kompenseras for gjennom tiltak på utgiftssida, slik at utgifter og inntekter i samband med ordninga balanserer best mogleg, jf. omtale under kap. 587, post 1 Driftsutgifter.

**Budsjettforslag for 2005**

I 2004 er det budsjettert med 13,6 mill. kr i inntekter frå gebyr. Alle desse inntektene kjem frå ordninga med sentral godkjenning av føretak. Dette svarer til det totale kostnadsnivået for ordninga.



Kommunal- og regionaldepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2005 blir dei summene førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 500–587, 2412 og 2427	kr	74 520 626 000
b. Sum inntekter under kap. 3500–3587, 5312, 5316, 5327 og 5615–5616	kr	14 658 980 000

---

**Forslag  
til vedtak om løyving for budsjetterminen 2005,  
kapitla 500–587, 2412, 2427, 3500–3587, 5312, 5316, 5327 og  
5615–5616**

I  
Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon o.a.			
500	Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)		
	01 Driftsutgifter	173 700 000	
	21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, <i>kan overførast</i>	10 500 000	
	45 Større kjøp av utstyr og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	5 500 000	
	50 Forskingsprogram via Noregs forskingsråd	19 500 000	209 200 000
502	Valutgifter		
	01 Driftsutgifter	31 700 000	31 700 000
	Sum Administrasjon o.a.		240 900 000
Innvandring			
520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)		
	01 Driftsutgifter	423 700 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak	1 138 770 000	
	22 Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing	34 000 000	1 596 470 000
521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 3521)		
	60 Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	2 768 300 000	
	61 Norskopplæring for vaksne innvandrara	1 275 000 000	
	62 Kommunale tiltak for innvandrara	53 500 000	
	70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	3 000 000	
	71 Kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i>	39 900 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	72	Tilbakevending for flyktninger, <i>kan overføres</i>	8 850 000	
	73	Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd	27 700 000	
	74	Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.	1 650 000	
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overføres</i>	12 950 000	4 190 850 000
522		Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)		
	01	Driftsutgifter	7 150 000	7 150 000
523		Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 3523)		
	01	Driftsutgifter	4 600 000	4 600 000
524		Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)		
	01	Driftsutgifter	88 900 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling	9 950 000	98 850 000
		Sum Innvandring		5 897 920 000
Nasjonale minoritetar				
526		Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3526)		
	70	Tilskot til nasjonale minoritetar	3 000 000	
	71	Avkastning av Romanifolkets fond	1 850 000	4 850 000
		Sum Nasjonale minoritetar		4 850 000
Samiske formål				
540		Sametinget (jf. kap. 3540)		
	50	Sametinget	138 750 000	
	54	Avkastning av Samefolkets fond	4 650 000	143 400 000
541		Tilskot til samiske formål		
	70	Tilskot til samiske formål	1 100 000	
	72	Samisk språk, informasjon o.a.	2 680 000	
	73	Reindriftas internasjonale fag- og formidlingssenter	750 000	4 530 000
542		Kompetansesenter for rettane til urfolk (jf. kap. 3542)		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	01	Driftsutgifter	2 050 000	2 050 000
		Sum Samiske formål		149 980 000
Regional- og distriktpolitikk				
551		Regional utvikling og nyskaping		
	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling	1 012 000 000	
	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	755 000 000	
	64	Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune	76 800 000	
	70	Transportstøtte, <i>kan nyttast under post 61</i>	195 500 000	2 039 300 000
552		Nasjonalt samarbeid for regional utvikling		
	21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., <i>kan overførast</i>	8 000 000	
	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling, <i>kan overførast</i>	269 300 000	277 300 000
		Sum Regional- og distriktpolitikk		2 316 600 000
Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar				
571		Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)		
	21	Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet	6 894 000	
	60	Innbyggjartilskot	25 005 892 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	1 147 015 000	
	63	Regionaltilskot	561 526 000	
	64	Skjønnstilskot, <i>kan nyttast under kap. 572, post 64</i>	2 772 285 000	
	69	Kommunal selskapsskatt, <i>kan nyttast under post 60</i>	5 486 357 000	34 979 969 000
572		Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)		
	60	Innbyggjartilskot	9 554 112 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	433 117 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
64	Skjønnstilskot, <i>kan nyttast under kap. 571, post 64</i>	1 246 198 000	
65	Tilskot til barnevern/ hovudstads-tilskot	440 930 000	11 674 357 000
	Sum Overføringer gjennom inntekts-systemet til kommunar og fylkes-kommunar		46 654 326 000
Bustader og bumiljø			
580	Bustønad		
70	Bustønad, <i>overslagsløyving</i>	2 093 600 000	2 093 600 000
581	Bustad- og bumiljøtiltak		
21	Kunnskapsutvikling og -formidling	3 800 000	
22	Program for reduserte byggjekostnader, <i>kan overførast</i>	16 000 000	
60	Handlingsprogram for Oslo indre aust	40 000 000	
71	Tilskot til bustadkvalitet, <i>kan overførast</i>	15 000 000	
75	Tilskot til etablering, utbedring og utleigehusvære, <i>kan overførast</i>	591 000 000	
78	Kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	56 700 000	722 500 000
582	Skoleanlegg		
60	Rentekompensasjon, <i>kan overførast</i>	248 000 000	248 000 000
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)		
01	Driftsutgifter	4 900 000	4 900 000
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar		
60	Oppstartingsstilskot, <i>kan overførast</i>	1 313 800 000	
63	Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 409 000 000	2 722 800 000
	Sum Bustader og bumiljø		5 791 800 000
Bygningssaker			
587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)		
01	Driftsutgifter	38 050 000	38 050 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Sum Bygningssaker		38 050 000
Statsbankane			
2412	Den norske stats husbank (jf. kap. 5312 og 5615)		
	01 Driftsutgifter	283 000 000	
	45 Større kjøp av utstyr og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	5 000 000	
	72 Rentestøtte	23 000 000	
	90 Lån til Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	13 098 000 000	13 409 000 000
2427	Kommunalbanken AS		
	90 Aksjekapital	17 200 000	17 200 000
	Sum Statsbankane		13 426 200 000
	Sum departementets utgifter		74 520 626 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Kommunal- og regionaldepartementet			
3520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)		
	02 Gebyr nødvisum	93 000	
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	546 570 000	546 663 000
3521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere (jf. kap. 521)		
	01 Tilbakevending for flyktningar	8 841 000	
	02 Norskopplæring for vaksne innvan- drere	17 850 000	
	03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	12 691 000	
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	40 195 000	79 577 000
3526	Nasjonale minoritetar (jf. kap. 526)		
	71 Avkastning av Romanifolkets fond	1 850 000	1 850 000
3540	Sametinget (jf. kap. 540)		
	51 Avkastning av Samefolkets fond	4 650 000	4 650 000
3571	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	90	Tilbakeføring av forskot	4 000 000	4 000 000
3585		Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)		
	01	Gebyr	240 000	240 000
3587		Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)		
	04	Gebyr, sentral godkjenning foretak	13 600 000	13 600 000
		Sum Kommunal- og regionaldepartementet		650 580 000
Ymse inntekter				
5312		Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)		
	01	Gebyr o.a.	28 700 000	
	90	Avdrag	9 425 000 000	9 453 700 000
5316		Kommunalbanken AS		
	70	Garantiprovisjon	10 500 000	10 500 000
5327		Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunane o.a.		
	50	Tilbakeføring av tilskot	70 000 000	
	51	Tilbakeføring av tapsfond	20 000 000	90 000 000
		Sum Ymse inntekter		9 554 200 000
Renter og utbytte o.a.				
5615		Renter frå Den norske stats husbank (jf. kap. 2412)		
	80	Renter	4 437 000 000	4 437 000 000
5616		Aksjeutbytte i Kommunalbanken AS		
	81	Aksjeutbytte	17 200 000	17 200 000
		Sum Renter og utbytte o.a.		4 454 200 000
Sum departementets inntekter				14 658 980 000

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*II  
Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 500 post 01	kap. 3500 post 01
kap. 522 post 01	kap. 3522 post 01
kap. 585 post 01	kap. 3585 post 01
kap. 587 post 01	kap. 3587 post 04
kap. 2412 post 01	kap. 5312 post 01

III  
Omdisponeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet i samband med forsøk med oppgåvedifferensiering i kommunane Bergen, Båtsfjord, Kristiansand, Stavanger og Oslo får høve til å omdisponere mellom løyvinga under kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 60 Innbyggjartilskot og løyvinga under:

1. kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 60 Innbyggjartilskot.
2. kap. 630 Aetat, post 01 Driftsutgifter.
3. kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak.

IV  
Omdisponeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet i samband med forsøk med oppgåvedifferensiering i Oppland fylkeskommune får høve til å omdisponere mellom løyvinga under kap. 551 Regional utvikling og nyskaping, post 64 Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune og løyvinga under:

1. kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høyskolar, post 01 Driftsutgifter.
2. kap. 551 Regional utvikling og nyskaping, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling.

3. kap. 551 Regional utvikling og nyskaping, post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift.
4. kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket, post 50 Tilskot til Landbrukets Utviklingsfond (LUF).
5. kap. 1426 Statens naturoppsyn, post 31 Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde.
6. kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning, post 74 Tilskot til friluftslivstiltak.
7. kap. 1429 Riksantikvaren, post 72 Vern og sikring av freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø.
8. kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak.
9. kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak.
10. kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 50 Innovasjon-prosjekt, fond.

V  
Forskot på rammetilskot

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 kan utgiftsføre utan løyving:

1. opptil 150 mill. kroner på kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 90 Forskot på rammetilskot i statsbudsjettet for 2005 som forskot på rammetilskot for 2006 til kommunar.
2. opptil 50 mill. kroner på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 90 Forskot på rammetilskot i statsbudsjettet for 2005 som forskot på rammetilskot for 2006 til fylkeskommunar.



*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*VI  
Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 kan gi tilsegner om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje kjem over:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
551		Regional utvikling og nyskaping	
	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	255 mill. kroner
	70	Transportstøtte	300 mill. kroner
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	71	Tilskot til bustadkvalitet	5,1 mill. kroner
	75	Tilskot til etablering, utbetring og utleigehusvære	174,2 mill. kroner
586		Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar	
	60	Oppstartingsstilskot	158,2 mill. kroner

## VII

Fullmakt om mellombels innkvartering av asylsøkjarar og flyktningar

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2005 kan gjere avtalar om mellombels innkvartering av asylsøkjarar og flyktningar som varer utover 2005. Dersom behovet for mottaksplassar for asylsøkjarar og flyktningar blir større enn ein reknar med i budsjettet for 2005, samtykkjer Stortinget i at Kommunal- og regionaldepartementet kan auke talet på plassar i statlege mottak innanfor gjeldande rammer for etablering og drift av det statlege mottaksapparatet, sjølv om det fører til eit meirbehov for løyvingar under kap. 520 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak.

*Andre fullmakter*

## VIII

Garantiprovisjon frå Kommunalbanken AS

Stortinget samtykkjer i at Kommunalbanken AS i 2005 betaler ein provisjon på statsgarantien på 0,1 prosent av lån som banken har teke opp før 1. november 1999.

## Vedlegg 1

# Omtale av tiltak innanfor den breie distriktpolitikken

## 1 Innleiing

Vedlegget har som siktemål å følgje over tid statleg innsats og statlege tiltak som er viktige med tanke på å nå regional- og distriktpolitiske mål. Utvalet av tiltak og ordningar er gjort ut frå skjønn, basert på ei kartlegging av relevante statlege tiltak.

Vedlegget gir ei oversikt over tiltak som i hovudsak er knytte til det distriktpolitiske området for økonomiske verkemiddel. Vedlegget gir også ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld i Finnmark og Nord-Troms.

Ei rad former for statleg innsats som dekkjer heile landet, er også viktige for å nå dei regional- og distriktpolitiske måla. Det gjeld til dømes vegtiltak, høgre utdanning, FoU, arbeidsmarknadstiltak og overføringar til kommunane. Denne typen ordningar er likevel ikkje tekne med i oversikta, ettersom det er problematisk å skilje ut regional- og distriktpolitiske delar frå heilskapen.

Dei økonomiske distriktpolitiske ordningane under programområde 13.50 Regional- og distriktpolitikk i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet er heller ikkje tekne med i vedlegget. Desse ordningane er presenterte i hovudteksten i denne proposisjonen.

Dei tiltaka som er med i oversikta, er delte i to kategoriar:

- Kategori A: Tiltak og ordningar som har distriktpolitiske omsyn som grunngeving, eller som favoriserer distriktsområde utover kompensasjon for å oppnå like tilbod.

- Kategori B: Tiltak og ordningar som skal utjamne og kompensere for å oppnå like resultat mellom grupper og område, eller som er lokaliserte til distriktsområde på grunn av gitte forhold og er særleg viktige for næringsutvikling, sysselsetjing, lokal økonomi eller busetnad. Under kategori B er berre tiltak med løyvingar på over 10 mill. kr tekne med.

## 2 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark

Tabell 1.1 viser ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld for Nord-Troms og Finnmark. Dei viktigaste ordningane i oversikta er innanfor skatte- og avgiftspolitikken. To andre store ordningar er lette i nedbetaling av studielån og tillegg i barnetrygda. Den mest omfattande ordninga i Nord-Troms og Finnmark er fritaket for arbeidsgivaravgift, men dette kjem inn under den samla summen for differensiert arbeidsgivaravgift i tabell 1.2.

I tillegg er det etablert særordningar for Nord-Noreg på fleire politikkområde. Dette kjem i tillegg til dei ordningane som er presenterte i tabell 1.1 (sjå tabell 1.3). Innanfor fleire sektorar er dessutan Nord-Noreg gitt spesiell prioritet ved disponeringa av ordinære verkemiddel. Landsdelen er også prioritert ved bruken av dei distriktpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet.

Tabell 1.1 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark

		(i 1 000 kr)					
Politikkområde	Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
Økonomisk politikk	Lågare skatt på vanleg inntekt	FIN	A	inntektstap	285 000	320 000	325 000
	Særskilt frådrag i vanleg inntekt	FIN	A	inntektstap	230 000	230 000	250 000
	Inga el-avgift på forbruk i Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	160 000	200 000	200 000
	Lågare toppskatt for Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	45 000	45 000	18 000
	Frådrag i positiv næringsinntekt for skiferdrivarar i Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	3 000	3 000	3 000
Næringspolitikk	Reindriftsforvaltning – omstillingstiltak i Indre Finnmark	LD	B	1147/71	1 919	8 222	11 502
Utdanning og forskning	Ettergiving av lån til utdanning	UFD	A	2410/73	71 221	71 000	84 000
Oppvekst og omsorg	Særskilt tillegg til barne-trygda	BFD	A	0845/70	85 000	88 000	87 000
	Lønnstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms	BFD	A	856/60	1 500	1 500	1 549
Levekår, miljøvern og offentlege tenester	Retts hjelpskontor i Indre Finnmark	JD	A	470/72	1 254	1 245	1 245
	Distribusjonstilskot til aviser i Finnmark	KKD	A	335/77	1 560	1 560	1 560

### 3 Økonomisk politikk

Omlegginga i ordninga med differensiert arbeids-givaravgift frå og med 2004 fører til at omfanget av ordninga blir vesentleg redusert. Samtidig er det lagt opp til full kompensasjon gjennom andre ordningar. Nedanfor presenterer vi ei tabelloversikt over omlegginga og forslag til kompenserande tiltak. Innhaldet i omlegginga og dei kompenserande

tiltaka blei presenterte i si fulle breidd i St.prp. nr. 1 (2003–2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak og i St.prp. nr. 1 (2003–2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet. Omlegginga er også omtalt under programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk tidlegare i denne budsjettproposisjonen.

Tabell 1.2 Differensiert arbeidsgivaravgift og kompenserande tiltak ved omlegginga i 2005<sup>1</sup>

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	(i 1 000 kr)		
				Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
Økt proveny ved full sats (14,1 pst.) for arbeidsgivaravgift i heile landet	FIN	A	inntektstap	8 420 000	–	–
Behalde differensiert arbeidsgivar- avgift i tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms	FIN	A		–	1 520 000	1 585 000
Behalde differensiert arbeidsgivar- avgift for landbruk og fiskeri	FIN	A		–	300 000	320 000
Overgangsperiode over tre år i privat sektor i sone 3 og 4 (full sats blir inn- ført i 2007)	FIN	A		–	1 000 000	700 000
Bagatellmessig støtte i sone 2–4 (ekskl. landbruk og fiskeri)	FIN	A		–	2 330 000	2 410 000
Overgangsperiode over tre år i offentleg sektor (full sats blir innført i 2007)	FIN	A		–	1 250 000	830 000
Kompensasjon til offentleg sektor	KRD	A		–	1 440 000	1 950 000
Næringsretta tiltak i regionane – kompensasjon for arbeidsgivaravgift	KRD	A		–	510 000	810 000 <sup>2</sup>
Transportstøtte	KRD	A			200 000	300 000

<sup>1</sup> Tabellen viser inntektsnivå og utgifter som ein reknar med blir opparbeidde i 2005. Delar av inntektstapa og utgiftene vil først bli bokførte i statsrekneskapen for 2005, jf st. prp. nr. 1 (2003–2004) Skatte- avgifts- og tollvedtak.

<sup>2</sup> Tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms samt landbruk og fiskeri er ikkje omfatta av omlegginga av differensiert arbeidsgiveravgift. I berekninga av kompensasjonsbeløp knytt til løyving i 2005 og tilsegnfullmakt for 2005 (differansen mellom den påløpte og bokførte verknaden av omlegginga i 2005) er det derfor sett vekk frå differansen mellom påløpt og bokført verknad av vidareføringa av nullsatsen i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms og for landbruk og fiskeri. Avviket mellom påløpt og bokført provenyverknad av desse ordningane skriv seg berre frå lønsveksten frå 2004 og 2005. Dette avviket er ikkje inkludert i tilsegnfullmakta.

Tabell 1.3 viser fordelten av fritak for meirverdiavgift på straum og av Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet i kommuneøkonomien. Regional-

tilskotet gjeld berre for kommunar med færre enn 3000 innbyggjarar.

Tabell 1.3 Fritak for meirverdiavgift på straum i Nord-Noreg, Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
0-sats for meirverdiavgift ved forbruk av elektrisk kraft og energi frå andre fornybare energikjelder i Nord-Noreg	FIN	A	inntektstap	760 000	630 000	650 000
Rammetilskot til kommunane – regionaltilskotet	KRD	A	571/63	582 838	552 511	561 526
Rammetilskot til kommunane/fylkeskommunane i Nord-Noreg	KRD	A	571/62, 572/62	1 077 719 406 524	1 112 156 419 545	1 147 015 433 117
Rammetilskot til kommunane/fylkeskommunane – skjønnstilskot	KRD	B	571/64, 572/64	3 169 700 1 181 300	2 750 408 1 207 592	2 772 285 1 246 198

#### 4 Næringspolitikk

Størstedelen av tabell 1.4 viser ei rad tilskotsordningar til landbruket. I tillegg er støtte til skipsbygging teken med, ettersom fleire store skipsverft er lokaliserte i distrikta. Også viktige tiltak retta mot fiskerinæringa er tekne med.

Landbruk er tradisjonelt ei av de viktigaste næringane i distrikta. Storleiken på tilskota til land-

bruket blir det forhandla om i dei årlege jordbruksoppgjera. Ein del tilskot innanfor landbruket har ei distriktpolitisk grunngiving, til dømes pristilskot for mjølk og distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær, veksthusgrønsaker og poteter. Desse tilskota går derfor inn under kategori A.

Tabell 1.4 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
Pristilskot mjølk	LD	A	1150/73	477 349	454 200	459 900
Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær, veksthusgrønsaker og poteter	LD	A	1150/73	61 736	50 000	51 000
Pristilskot kjøt	LD	A	1150/73	726 333	611 000	618 600
Distriktstilskot egg	LD	A	1150/73	4 362	4 500	5 400
Driftstilskot mjølkeproduksjon	LD	B	1150/74	1 248 483	1 201 000	1 053 100
Tilskot til husdyr	LD	B	1150/74	2 235 564	2 286 025	2 121 665
Tilskot til norsk ull	LD	B	1150/73	172 910	163 200	158 100
Tilskot til avløyning for ferie og fritid	LD	B	1150/78	1 008 495	1 054 819	1 049 819
Tilskot til areal og kulturlandskap	LD	B	1150/74	3 010 348	3 033 059	3 032 819
Frakttilskot	LD	B	1150/73	220 615	228 300	216 300
Reindrifftsavtalen	LD	B	1151	98 041	95 000	95 000
Frådrag i positiv næringsinntekt for reindrift	FIN	B	inntekts- tap	6 000	6 000	6 000
Miljøtiltak	LD	B	1150/50	169 400	135 200	143 300

Tabell 1.4 Næringspolitikk

							(i 1 000 kr)
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005	
Tilskot til inseminering (veterinærreiser) + avlsorganisasjonar	LD	B	1150/77	81 122	81 860	81 860	
Tilskot til pelsdyrfôrlag	LD	B	1150/77	27 300	27 200	23 200	
Andre arealbaserte tilskotsordningar	LD	B	1150/74	218 160	218 901	173 901	
Tilskot til regionale miljøprogram	LD	B	1150/74	–	–	56 100	
Bygdeutvikling	LD	B	1150/50	303 400	286 000	326 000	
Rentestøtte (ny f.o.m. 2003)	LD	B	1150/50	166 100	140 313	92 225	
Tilskot til skogsbilvegar	LD	B	1150/50	50 840	–	–	
Tilskot til skogbruksplanlegging	LD	B	1150/50	40 400	35 100	25 000	
Tilskot til skogsbilvegar	LD	B	1149/50	50 840	–	–	
Tilskot til skogkultur	LD	B	1149/50	13 871	–	–	
Tilskot til taubane, hest o.a.	LD	B	1149/50	6 950	–	–	
Tilskot til organisert virkesomsetning	LD	B	1149/50	3 500	2 000	2 000	
Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket	LD	B	1149/50	135 950	135 950	95 000	
Føringstilskot	FID	A	1040/70	42 198	25 000	3	
Overføring til fond for støtte ved skipskontraktar	NHD	B	0939/50	-300	-350 <sup>1</sup>	0	
Overføring til fond for ei avgrensa ordning for støtte ved skipskontraktar	NHD	B	0939/51	300	0	0	
Distriktsretta ordning	NHD	A	2420/56	–	0	0	
Lån til distriktsretta ordning	NHD	A	2420/96	31 000 <sup>2</sup>	0	0	
Tapsfond, såkornkapitalfond	NHD	B	2421/51	–	100 000	–	
Lån til såkornkapitalfond	NHD	B	2421/91	–	400 000	–	
Tilskot til fiskerihamneanlegg	FID	B	1062/60	21 086	27 400	28 300	
Fiskerihamneanlegg	FID	B	1062/30	128 054	98 430	80 521	
Strukturtiltak i fiskeflåten	FID	B	1040/70	10 542	–	–	
Tilskot til strukturtiltak for kapasitetstilpassing i fiskeflåten	FID	B	1040/71	0	70 000	0	
Tilskot til strukturtiltak for kapasitetstilpassing i fiskeflåten	FID	B	1050/76	–	–	70 000	
Lineegnesentralar	FID	B	1040/70	11 274	0	0	

Tabell 1.4 Næringspolitikk

							(i 1 000 kr)
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005	
Garantilott	FID	B	1040/70	12 350	11 000	–	
Garantilott	FID		1050/75			3	
Nyskaping, omstilling og tilpassing av kapasiteten i fiskerinæringa	FID	B	2415/72	4 150	0	0	
Tilskot til næringsutvikling i marin sektor	FID	B	2415/74	10 111	0	–	
Marint innovasjonsprogram	FID	B	2415/75	1 109	10 000	10 000	

1 Av disse ble 50 mill. kr dratt inn i forbindelse med nysalderingen og 300 mill. kr i forbindelse med RNB.

2 Det ble for 2003 bevilget 900 mill. kroner på posten, samt 175 mill. kroner over post 56. 31. mill. kroner er utlånsmassen for løpende lån under den distriktsrettete låneordningen. Distriktsrettet såkornordning er per 1. september 2004 ikke operativ.

3 Fiskeriavtalen seiast opp frå 1. januar 2005. Føringsstilskot vidareførast innafør løyvinga på kap. 1050 post 75 – Tilskot til nærings-tiltak i fiskeria, men beløpet er førebels ikkje fastsett.

## 5 Infrastruktur

Tabell 1.5 omfattar fleire tiltak som skal medverke til å redusere ekstrakostnader som følgjer av ulemper knytte til avstand. To døme er «godtgjersle for innanlandske flyruter – kjøp av flyrutetenester» og «kjøp av posttenester som er bedriftsøkonomisk ulønnsame». «Tilskot til utjamning av overførings-tariff» skal redusere overføringstariffen for sluttbrukarar som er knytte til distribusjonsnett i område av landet med høge overføringskostnader. Dette medverkar til å redusere ulempene knytte til avstand for dei som bur i distrikta. «Kompensasjon

for auka arbeidsgivaravgift» skal nyttast til vegtiltak som skal medverke til å redusere transportkostnadene for næringslivet i dei områda som fekk auka arbeidsgivaravgift frå og med 2000.

Tabell 1.5 inneheld ikkje oversikt over midlar til vegutbygging eller rassikringstiltak. Dette er tiltak som blir rekna som svært viktige for distrikta, men ei oversikt er berre interessant i eit distriktspolitisk perspektiv dersom midlane er fordelte på fylke og regionar.

Tabell 1.5 Infrastruktur

							(i 1 000 kr)
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005	
Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	SD	A	1320/33	68 741	45 300	46 100	
Kjøp av innanlandske flyruter	SD	B	1310/70	399 603	420 500	444 000	
Kjøp av posttenester som er bedriftsøkonomisk ulønnsame	SD	B	1370/70	305 000	316 000	326 000	
Legging av fast dekke på riksvegar	SD	B	1320/32	134 800	0	0	
Tilskot til utjamning av overføringstariff	OED	B	1820/73	10 000	40 000	20 000	
HØYKOM <sup>1</sup>	NHD	B	914/50	51 500	66 500	–	
HØYKOM <sup>1</sup>	MOD	B	1508/50	–	–	69 000	

<sup>1</sup> Frå og med hausten 2004 blir IT-politikk overført til Moderniseringsdepartementet sitt ansvarsområde. Av dei totale midlane på 66,5 mill. kr til HØYKOM for 2004 gjekk 30 mill. kr til HØYKOM distrikt. Kor mykje som skal gå til HØYKOM distrikt av dei samla midlane til HØYKOM for 2005, er enno ikkje fastlagt.

## 6 Helse, oppvekst og omsorg

Viktige tiltak under denne overskrifta er tilskot som skal medverke til å betre stabiliteten og rekrutteringa til allmennlegetenesta og andre helse-tenester i distrikta. I tillegg blir det gitt eigne til-

skot til apotek i utkantkommunar for å sikre tilgang på medisinar.

Det overordna helsepolitiske målet er at helse-tenestetilbodet skal vere likeverdig uavhengig av bustad, alder, kjønn og sosial status. Dette blir sikra gjennom midlar til sjukehusa og gjennom kommuneøkonomisystemet.

Tabell 1.6 Helse, oppvekst og omsorg

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	(i 1000 kr)		
				Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
Tilskot til apotek	HD	B	0751/70	12 500	14 900	19 000
Utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta og i allmennlegetenesta <sup>1</sup>	HD	B	0724/21	26 850	23 400	23 855
Av dette allmennlegetenesta	HD	B	0724/21	16 100	12 650	14 050
Av dette tannhelsetenesta <sup>2</sup>	HD	B	0724/21	10 750	10 750	9 805
Fraktrefusjonsordning for lækjemiddel <sup>3</sup>	HD	B	0751/70	45 600	23 340	23320

<sup>1</sup> Midlane til utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta og allmennlegetenesta blei frå budsjettet for 2003 samla på kap./post 700/21. Frå 2004 er midlane samla på 724/21. Rekneskap for 2002 refererer til gammal kap./post 701/20 og 705/60, medan tala for 2003 gjeld kap./post 705/21.

<sup>2</sup> Midlar til utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta blei i 2002 gitt over kap./post 701/21.

<sup>3</sup> Midlane til fraktrefusjonsordninga for lækjemiddel blei redusert i 2003 i samband med innføringa av botnfrådrag for apoteka.

## 7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern

Ordningane som er viste i tabell 1.7, er i hovudsak knytte til kulturtilbodet i distrikta og i landsdelar utanfor det sentrale Austlandet, men gjeld òg offentlege tenester som arbeidsmarknadstiltak, ungdomstiltak og miljøverntiltak. «Tilskot til sys-

selsetjing av sjøfolk» skal medverke til å halde oppe talet på norske sjøfolk på norske skip og gå til utdanning for sjømannsstanden. Tilskotet medverkar spesielt til å halde oppe sysselsetjinga i kystdistrikta.

Generelle landsdekkjande ordningar, som arbeidsmarknadstiltak, er ikkje tekne med i denne oversikta.



Tabell 1.7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2003	Budsjett 2004	Forslag 2005
Styrking av oppvekstmiljøet	BFD	A/B	0857/72	2 600	2 600	<sup>1</sup>
Ungdomssatsing i distrikta	BFD	A	0857/72	5 168	5 165	5 342
Landsdelsmusikarar i Nord-Noreg	KKD	A	323/74	13 116	13 556	13 841
Vestnorsk filmsenter	KKD	A	334/71	3 400	3 500	3 500
Nordnorsk filmsenter	KKD	A	334/72	5 783	5 916	5 916
Tilskotsordning for museum <sup>2</sup>	KKD	B	328/60	146 946	–	–
Det nasjonale museumsnettverket <sup>2</sup>	KKD	B	328/70	–	397 587	417 550
Lokale og regionale kulturbygg	KKD	B	320/60	8 000	–	– <sup>3</sup>
Rikskonsertane	KKD	B	323/01	104 568	105 513	111 396
Musikk- og scenekunstformål – region- og landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar	KKD	B	323/71, 323/72, 324/71	316 924	330 671	345 351
Biletkunst- og museumsformål – knutepunktinstitusjonar	KKD	B	332/72, 328/72	43 053	31 765	32 516
Regional filmsatsing	KKD	B	334/73	–	–	7 500
Erstatningstiltak og førebyggjande tiltak mot rovvilt	MD	B	1427/ 72,73	98 831	116 474	109 006
Tilskot til kalking og lokale fiskeformål	MD	B	1427/70	97 234	86 200	80 200

<sup>1</sup> Løyvinga blir ikkje bestemt før budsjettet er vedteke i Stortinget.

<sup>2</sup> Tilskotsordning for museum er frå 2004 overført til ein 70-post, frå 328/60 til 328/70.

<sup>3</sup> Tilskotsordninga er avvikla, jf. omtale i St.prp. nr. 66 (2002–2003) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren (kommuneproposisjonen).

**Vedlegg 2****Utvikling i busetnad, sysselsetjing og næringsstruktur  
1994–2004****Del I – Folketal**

Tabell 2.1 Folketal etter fylke

Fylke	Folketal			Prosentvis endring i folketalet		
	1.1.1994	1.1.1999	1.1.2004	1994–1999	1999–2004	1994–2004
Østfold	238 712	246 018	256 668	3,1	4,3	7,5
Akershus	429 595	460 564	488 618	7,2	6,1	13,7
Oslo	476 836	502 006	520 776	5,3	3,7	9,2
Hedmark	187 396	186 321	188 326	-0,6	1,1	0,5
Oppland	183 351	182 239	183 690	-0,6	0,8	0,2
Buskerud	227 102	235 018	242 331	3,5	3,1	6,7
Vestfold	201 925	210 707	219 480	4,3	4,2	8,7
Telemark	163 151	164 523	166 124	0,8	1,0	1,8
Aust-Agder	99 135	101 487	103 374	2,4	1,9	4,3
Vest-Agder	148 590	153 998	160 127	3,6	4,0	7,8
Rogaland	354 069	372 361	388 848	5,2	4,4	9,8
Hordaland	416 692	428 580	445 059	2,9	3,8	6,8
Sogn og Fjordane	107 563	107 648	107 222	0,1	-0,4	-0,3
Møre og Romsdal	239 708	242 538	244 570	1,2	0,8	2,0
Sør-Trøndelag	255 449	260 855	270 266	2,1	3,6	5,8
Nord-Trøndelag	127 698	126 797	127 973	-0,7	0,9	0,2
Nordland	240 694	238 547	237 057	-0,9	-0,6	-1,5
Troms	149 745	150 200	152 628	0,3	1,6	1,9
Finnmark	76 459	74 061	73 210	-3,1	-1,1	-4,2
Heile Noreg	4 323 870	4 444 468	4 576 347	2,8	3,0	5,8

Kjelder: PANDA og SSB

Utrekningar: KRD

Tabell 2.2 Folketal etter NIBR16

Region	Folketal			Prosentvis endring i folketalet		
	1.1.1994	1.1.1999	1.1.2004	1994–1999	1999–2004	1994–2004
Osloregionen	1 245 072	1 313 618	1 374 872	5,5	4,7	10,4
Kristiansandregionen	146 983	153 946	161 157	4,7	4,7	9,6
Stavangerregionen	241 559	256 726	270 755	6,3	5,5	12,1
Bergensregionen	314 618	326 557	343 272	3,8	5,1	9,1
Trondheimsregionen	236 424	243 801	254 923	3,1	4,6	7,8
Tromsøregionen	57 215	60 583	64 303	5,9	6,1	12,4
Sum storbyregionar	2 241 871	2 355 231	2 469 282	5,1	4,8	10,1
By/tettstad Austlandet	730 788	744 940	763 914	1,9	2,5	4,5
By/tettstad Sørlandet	81 589	82 420	83 096	1,0	0,8	1,8
By/tettstad Vestlandet	340 920	349 787	357 185	2,6	2,1	4,8
By/tettstad Midt-Noreg	68 512	67 213	67 301	-1,9	0,1	-1,8
By/tettstad Nord-Noreg	210 310	210 901	213 035	0,3	1,0	1,3
Sum byar og tettstader	1 432 119	1 455 261	1 484 531	1,6	2,0	3,7
Periferi Austlandet	132 208	128 838	127 227	-2,5	-1,3	-3,8
Periferi Sørlandet	19 153	19 119	19 248	-0,2	0,7	0,5
Periferi Vestlandet	220 935	218 057	214 487	-1,3	-1,6	-2,9
Periferi Midt-Noreg	78 211	76 638	76 015	-2,0	-0,8	-2,8
Periferi Nord-Noreg	199 373	191 324	185 557	-4,0	-3,0	-6,9
Sum periferi	649 880	633 976	622 534	-2,4	-1,8	-4,2
Heile Noreg	4 323 870	4 444 468	4 576 347	2,8	3,0	5,8

Kjelder: PANDA og SSB

Utrekningar: KRD

## Del II – Sysselsetjing

Tabell 2.3 Sysselsetjing etter landsdel

Landsdel	Talet på sysselsette			Prosentvis endring i sysselsetjing		
	4. kv. 93	4. kv. 98	4. kv. 03	1993-1998	1998-2003	1993-2003
Austlandet	928 039	1 060 691	1 149 580	14,3	8,4	23,9
Sørlandet	92 398	106 466	116 140	15,2	9,1	25,7
Vestlandet	474 315	528 185	570 280	11,4	8,0	20,2
Midt-Noreg	159 591	174 874	191 362	9,6	9,4	19,9
Nord-Noreg	192 163	202 173	216 733	5,2	7,2	12,8
Totalt	1 846 506	2 072 389	2 244 095	12,2	8,3	21,5

Kjelder: PANDA og SSB

Utrekningar: KRD

Tabell 2.4 Sysselsetjing etter sentralitet

Sentralitet	Talet på sysselsette			Prosentvis endring i sysselsetjing		
	4. kv. 93	4. kv. 98	4. kv. 03	1993-1998	1998-2003	1993-2003
Minst sentrale	252 899	259 778	274 980	2,7	5,9	8,7
Litt sentrale	135 825	142 158	150 606	4,7	5,9	10,9
Nokså sentrale	436 816	484 891	521 492	11,0	7,5	19,4
Mest sentrale	1 020 966	1 185 562	1 297 017	16,1	9,4	27,0
<b>Totalt</b>	<b>1 846 506</b>	<b>2 072 389</b>	<b>2 244 095</b>	<b>12,2</b>	<b>8,3</b>	<b>21,5</b>

Kjelder: PANDA og SSB  
 Utrekningar: KRD

Tabell 2.5 Sysselsetjing etter fylke

Fylke	Talet på sysselsette			Prosentvis endring i sysselsetjing		
	4. kv. 93	4. kv. 98	4. kv. 03	1993-1998	1998-2003	1993-2003
Østfold	89 019	100 324	108 375	12,7	8,0	21,7
Akershus	156 950	188 888	213 283	20,3	12,9	35,9
Oslo	305 944	362 304	388 262	18,4	7,2	26,9
Hedmark	71 842	75 073	80 974	4,5	7,9	12,7
Oppland	73 307	77 420	83 486	5,6	7,8	13,9
Buskerud	91 734	101 445	109 293	10,6	7,7	19,1
Vestfold	75 746	86 173	94 009	13,8	9,1	24,1
Telemark	63 497	69 064	71 898	8,8	4,1	13,2
Aust-Agder	35 049	40 363	42 592	15,2	5,5	21,5
Vest-Agder	57 349	66 103	73 548	15,3	11,3	28,2
Rogaland	155 092	177 495	189 313	14,4	6,7	22,1
Hordaland	174 535	194 811	214 380	11,6	10,0	22,8
Sogn og Fjordane	47 358	48 823	52 515	3,1	7,6	10,9
Møre og Romsdal	97 330	107 056	114 072	10,0	6,6	17,2
Sør-Trøndelag	109 055	122 452	135 856	12,3	10,9	24,6
Nord-Trøndelag	50 536	52 422	55 506	3,7	5,9	9,8
Nordland	95 609	101 337	107 814	6,0	6,4	12,8
Troms	63 731	68 550	75 429	7,6	10,0	18,4
Finnmark	32 823	32 286	33 490	-1,6	3,7	2,0
<b>Totalt</b>	<b>1 846 506</b>	<b>2 072 389</b>	<b>2 244 095</b>	<b>12,2</b>	<b>8,3</b>	<b>21,5</b>

Kjelder: PANDA og SSB  
 Utrekningar: KRD

Tabell 2.6 Sysselsetjing etter NIBR16

NIBR16	Talet på sysselsette			Prosentvis endring i sysselsetjing		
	4. kv. 1993	4. kv. 1998	4. kv. 2003	1993–1998	1998–2003	1993–2003
Osloregionen	589 419	692 004	753 024	17,4	8,8	27,8
Kristiansandregionen	55 586	64 387	72 167	15,8	12,1	29,8
Stavangerregionen	110 651	128 238	136 206	15,9	6,2	23,1
Bergensregionen	135 106	152 399	169 613	12,8	11,3	25,5
Trondheimsregionen	102 223	116 267	129 376	13,7	11,3	26,6
Tromsøregionen	27 981	32 267	36 631	15,3	13,5	30,9
Sum storbyregionar	1 020 966	1 185 562	1 297 017	16,1	9,4	27,0
By/tettstad Austlandet	285 722	314 255	338 601	10,0	7,7	18,5
By/tettstad Sørlandet	29 394	33 956	35 671	15,5	5,1	21,4
By/tettstad Vestlandet	141 328	156 502	167 441	10,7	7,0	18,5
By/tettstad Midt-Noreg	27 412	27 726	28 401	1,1	2,4	3,6
By/tettstad Nord-Noreg	88 785	94 610	101 984	6,6	7,8	14,9
Sum byar og tettstader	572 641	627 049	672 098	9,5	7,2	17,4
Periferi Austlandet	52 898	54 432	57 955	2,9	6,5	9,6
Periferi Sørlandet	7 418	8 123	8 302	9,5	2,2	11,9
Periferi Vestlandet	87 230	91 046	97 020	4,4	6,6	11,2
Periferi Midt-Noreg	29 956	30 881	33 585	3,1	8,8	12,1
Periferi Nord-Noreg	75 397	75 296	78 118	-0,1	3,7	3,6
Sum periferi	252 899	259 778	274 980	2,7	5,9	8,7
Totalt	1 846 506	2 072 389	2 244 095	12,2	8,3	21,5

Kjelder: PANDA og SSB

Utrekningar: KRD

**Del III – Sysselsetjing etter næring**

Tabell 2.7 Sysselsetjing etter næring

Næring	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	26 900	3 160	27 329	12 020	14 870	84 279
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	1 323	13	14 447	1 149	180	17 112
Industri og bergverksdrift	133 491	18 853	93 456	21 302	18 901	286 003
Kraft- og vassforsyning	6 170	1 035	4 798	1 699	2 335	16 037
Byggje- og anleggsverksemd	79 037	9 143	39 925	13 828	15 286	157 219
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	229 574	21 008	94 278	32 841	35 355	413 056
Transport og kommunikasjon	84 817	7 803	39 630	12 215	17 467	161 932
Finans og forretningsmessig tenesteyting	177 126	11 145	57 610	21 397	16 527	283 805
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	418 431	43 780	197 331	73 118	95 575	828 235
Ikkje oppgitt	1 869	197	875	297	481	3 719
<b>Alle næringar</b>	<b>1 158 738</b>	<b>116 137</b>	<b>569 679</b>	<b>189 866</b>	<b>216 977</b>	<b>2 251 397</b>

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.8 Ulike næringar sin del av sysselsetjinga i prosent etter landsdel, tal per 4. kvartal 2002

Næring	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	2,3	2,7	4,8	6,3	6,9	3,7
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	0,1	0,0	2,5	0,6	0,1	0,8
Industri og bergverksdrift	11,5	16,2	16,4	11,2	8,7	12,7
Kraft- og vassforsyning	0,5	0,9	0,8	0,9	1,1	0,7
Byggje- og anleggsverksemd	6,8	7,9	7,0	7,3	7,0	7,0
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	19,8	18,1	16,5	17,3	16,3	18,3
Transport og kommunikasjon	7,3	6,7	7,0	6,4	8,1	7,2
Finans og forretningsmessig tenesteyting	15,3	9,6	10,1	11,3	7,6	12,6
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	36,1	37,7	34,6	38,5	44,0	36,8
Ikkje oppgitt	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
<b>Alle næringar</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.9 Sysselsetjing etter landsdel og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002

Næring	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	-4,0	-6,3	-10,4	-2,4	-4,9	-6,2
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	-51,1	1200,0	21,0	52,8	25,9	10,1
Industri og bergverksdrift	-7,3	-4,6	-1,4	-4,0	-11,4	-5,3
Kraft- og vassforsyning	-27,9	-16,7	0,7	-11,7	-5,0	-15,4
Byggje- og anleggsverksemd	16,4	22,4	13,3	16,4	7,0	14,9
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	7,1	9,6	9,7	13,0	6,3	8,2
Transport og kommunikasjon	13,7	5,1	6,7	0,6	1,2	9,0
Finans og forretningsmessig tenesteyting	30,9	38,1	30,3	36,6	25,0	31,1
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	18,9	19,4	17,6	10,0	15,6	17,4
Ikkje oppgitt	-57,3	-25,9	-58,1	-49,1	-14,1	-52,8
Alle næringar	12,3	12,3	10,7	9,8	8,0	11,3

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.10 Sysselsetjing etter sentralitet og næring, tal per 4. kvartal 2004

Næring	Minst sentrale	Litt sentrale	Nokså sentrale	Mest sentrale	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	33 534	10 458	17 083	23 204	84 279
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	16	46	1 425	15 625	17 112
Industri og bergverksdrift	40 317	22 883	86 561	136 242	286 003
Kraft- og vassforsyning	3 937	1 831	3 836	6 433	16 037
Byggje- og anleggsverksemd	21 436	11 515	41 076	83 192	157 219
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	39 995	24 633	94 847	253 581	413 056
Transport og kommunikasjon	17 914	9 296	35 565	99 157	161 932
Finans og forretningsmessig tenesteyting	13 611	9 578	48 313	212 303	283 805
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	103 783	59 663	196 799	467 990	828 235
Ikkje oppgitt	431	246	819	2 223	3 719
Alle næringar	274 974	150 149	526 324	1 299 950	2 251 397

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.11 Ulike næringer sin del av sysselsetjinga i prosent etter sentralitet, tal per 4. kvartal 2002

Næring	Minst sentrale	Litt sentrale	Nokså sentrale	Mest sentrale	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	12,2	7,0	3,2	1,8	3,7
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	0,0	0,0	0,3	1,2	0,8
Industri og bergverksdrift	14,7	15,2	16,4	10,5	12,7
Kraft- og vassforsyning	1,4	1,2	0,7	0,5	0,7
Byggje- og anleggsverksemd	7,8	7,7	7,8	6,4	7,0
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	14,5	16,4	18,0	19,5	18,3
Transport og kommunikasjon	6,5	6,2	6,8	7,6	7,2
Finans og forretningsmessig tenesteyting	4,9	6,4	9,2	16,3	12,6
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	37,7	39,7	37,4	36,0	36,8
Ikkje oppgitt	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
Alle næringar	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.12 Sysselsetjing etter sentralitet og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002

Næring	Minst sentrale	Litt sentrale	Nokså sentrale	Mest sentrale	Heile Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	-7,1	-3,1	-6,7	-5,8	-6,2
Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	-	-62,0	-38,3	19,2	10,1
Industri og bergverksdrift	-5,4	-13,4	-5,0	-4,0	-5,3
Kraft- og vassforsyning	-6,6	-7,2	-21,5	-18,3	-15,4
Byggje- og anleggsverksemd	15,2	10,8	17,1	14,4	14,9
Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	8,8	5,8	10,2	7,6	8,2
Transport og kommunikasjon	-1,8	-0,1	7,7	12,7	9,0
Finans og forretningsmessig tenesteyting	21,3	27,5	30,3	32,1	31,1
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	14,2	16,0	17,7	18,2	17,4
Ikkje oppgitt	-55,8	-44,5	-31,3	-57,8	-52,8
Alle næringar	5,9	6,0	10,5	13,5	11,3

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD



Tabell 2.13 Sysselsetjing etter NIBR16 og næring, tal per 4. kvartal 2004

NIBR 16	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Byggje- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteying	Offentleg forvaltning og anna tenesteying	Ikkje oppgitt	Alle næringar
Osloregionen	8 464	1 129	69 680	2 664	45 438	156 949	61 750	142 548	269 205	1 401	759 228
Kristiansand-regionen	1 426	10	11 212	572	5 798	13 252	5 164	7 780	26 695	122	72 031
Stavanger-regionen	5 924	9 907	20 947	790	8 626	23 366	7 838	16 325	42 641	222	136 586
Bergens-regionen	2 468	3 432	19 917	1 300	12 011	29 686	12 791	23 440	62 229	247	167 521
Trondheims-regionen	3 812	1 147	12 533	844	8 896	23 636	8 703	18 159	50 287	195	128 212
Tromsø-regionen	1 110		1 953	263	2 423	6 692	2 911	4 051	16 933	36	36 372
By/tettstad											
Austlandet	11 806	193	58 323	2 536	27 675	61 384	20 094	31 225	128 242	363	341 841
By/tettstad											
Sørlandet	960	1	5 944	253	2 716	6 671	2 164	3 011	13 935	61	35 716
By/tettstad											
Vestlandet	7 726	1 097	32 621	1 210	12 244	28 784	12 320	12 864	59 511	269	168 646
By/tettstad											
Midt-Noreg	3 019	1	3 627	413	2 351	4 531	1 397	1 849	11 015	69	28 272
By/tettstad											
Nord-Noreg	4 030	179	8 929	1 255	7 605	18 110	8 886	8 942	43 759	303	101 998
Periferi											
Austlandet	6 630	1	5 488	970	5 924	11 241	2 973	3 353	20 984	105	57 669
Periferi											
Sørlandet	774	2	1 697	210	629	1 085	475	354	3 150	14	8 390
Periferi											
Vestlandet	11 211	11	19 971	1 498	7 044	12 442	6 681	4 981	32 950	137	96 926
Periferi Midt-											
Noreg	5 189	1	5 142	442	2 581	4 674	2 115	1 389	11 816	33	33 382
Periferi											
Nord-Noreg	9 730	1	8 019	817	5 258	10 553	5 670	3 534	34 883	142	78 607
Heile Noreg	84 279	17 112	286 003	16 037	157 219	413 056	161 932	283 805	828 235	3 719	2 251 397

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.14 Ulike næringer sin del av sysselsetjinga i prosent etter NIBR16, tal per 4. kvartal 2002

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Bygging- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteyting	Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	Ikkje oppgitt	Alle næringar
Osloregionen	1,1	0,1	9,2	0,4	6,0	20,7	8,1	18,8	35,5	0,2	100,0
Kristiansand-regionen	2,0	0,0	15,6	0,8	8,0	18,4	7,2	10,8	37,1	0,2	100,0
Stavangerregionen	4,3	7,3	15,3	0,6	6,3	17,1	5,7	12,0	31,2	0,2	100,0
Bergensregionen	1,5	2,0	11,9	0,8	7,2	17,7	7,6	14,0	37,1	0,1	100,0
Trondheims-regionen	3,0	0,9	9,8	0,7	6,9	18,4	6,8	14,2	39,2	0,2	100,0
Tromsøregionen	3,1	0,0	5,4	0,7	6,7	18,4	8,0	11,1	46,6	0,1	100,0
By/tettstad											
Austlandet	3,5	0,1	17,1	0,7	8,1	18,0	5,9	9,1	37,5	0,1	100,0
By/tettstad											
Sørlandet	2,7	0,0	16,6	0,7	7,6	18,7	6,1	8,4	39,0	0,2	100,0
By/tettstad											
Vestlandet	4,6	0,7	19,3	0,7	7,3	17,1	7,3	7,6	35,3	0,2	100,0
By/tettstad											
Midt-Noreg	10,7	0,0	12,8	1,5	8,3	16,0	4,9	6,5	39,0	0,2	100,0
By/tettstad											
Nord-Noreg	4,0	0,2	8,8	1,2	7,5	17,8	8,7	8,8	42,9	0,3	100,0
Periferi Austlandet	11,5	0,0	9,5	1,7	10,3	19,5	5,2	5,8	36,4	0,2	100,0
Periferi Sørlandet	9,2	0,0	20,2	2,5	7,5	12,9	5,7	4,2	37,5	0,2	100,0
Periferi Vestlandet	11,6	0,0	20,6	1,5	7,3	12,8	6,9	5,1	34,0	0,1	100,0
Periferi											
Midt-Noreg	15,5	0,0	15,4	1,3	7,7	14,0	6,3	4,2	35,4	0,1	100,0
Periferi											
Nord-Noreg	12,4	0,0	10,2	1,0	6,7	13,4	7,2	4,5	44,4	0,2	100,0
Totalt	3,7	0,8	12,7	0,7	7,0	18,3	7,2	12,6	36,8	0,2	100,0

Kjelder: SSB og PANDA  
 Utrekningar: KRD

Tabell 2.15 Sysselsetjing etter NIBR16 og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Bygging- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteyting	Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	Ikkje oppgitt	Totalt
Osloregionen	-4,2	-17,6	-8,6	-34,3	11,6	6,1	17,6	31,2	20,0	-58,1	13,7
Kristiansandregionen	-14,4	-	2,7	-4,8	26,9	9,7	7,1	39,6	23,4	-21,3	16,2
Stavangerregionen	-9,2	18,4	8,1	9,4	15,7	3,7	2,6	14,2	21,7	-56,0	11,5
Bergensregionen	2,6	30,9	-1,7	7,4	17,7	12,7	8,8	47,1	11,8	-71,1	13,7
Trondheimsregionen	-3,8	52,5	-3,2	-17,9	18,0	15,1	2,9	39,6	9,7	-45,7	12,0
Tromsøregionen	-10,7	-	-10,4	0,8	7,1	8,6	2,3	24,5	26,6	-28,0	15,0
By/tettstad											
Austlandet	-0,4	-85,6	-5,5	-27,0	23,6	9,5	6,1	30,3	17,5	-49,4	10,4
By/tettstad Sørlandet	-7,9	0,0	-13,2	-30,7	15,2	9,4	5,7	33,5	13,2	-34,4	6,9
By/tettstad Vestlandet	-16,5	15,7	-5,1	-7,9	9,0	10,5	10,3	32,4	21,9	-35,3	10,0
By/tettstad											
Midt-Noreg	4,1	-	-18,1	2,0	4,3	3,7	-9,9	17,9	9,0	-33,7	2,1
By/tettstad											
Nord-Noreg	-0,5	25,2	-12,4	-3,5	5,2	7,8	2,9	26,1	14,7	-1,0	8,6
Periferi Austlandet	-9,4	-	-9,8	-6,0	22,7	9,7	-6,4	22,0	14,7	-67,0	6,7
Periferi Sørlandet	16,6	-	-14,9	-24,2	15,2	8,3	-14,7	46,9	16,2	-22,2	4,7
Periferi Vestlandet	-8,9	-	-3,9	-1,3	10,9	12,7	1,2	16,6	16,7	-56,5	6,0
Periferi Midt-Noreg	-4,8	-	7,1	-10,2	23,3	12,1	-0,6	28,0	12,5	-72,7	8,2
Periferi Nord-Noreg	-6,0	-	-10,5	-8,9	9,7	2,3	-2,0	23,1	12,0	-30,4	4,4
Totalt	-6,2	10,1	-5,3	-15,4	14,9	8,2	9,0	31,1	17,4	-52,8	11,3

Kjelder: SSB og PANDA  
Utrekningar: KRD

Tabell 2.16 Sysselsetjing etter fylke og næring, tal per 4. kvartal 2004

Fylke	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Bygginge- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteyting	Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	Ikkje oppgitt	Totalt
Østfold	3 104	2	20 528	528	9 935	20 045	6 487	10 064	39 288	126	110 107
Akershus	3 277	703	16 687	529	12 604	50 966	22 274	32 498	74 100	327	213 965
Oslo	705	423	27 440	1 370	20 639	76 164	31 217	96 757	138 302	850	393 867
Hedmark	5 781	3	11 480	587	6 142	13 507	4 234	6 563	32 490	106	80 893
Oppland	6 545	4	11 230	860	6 822	15 018	4 327	5 673	32 138	124	82 741
Buskerud	3 115	3	17 741	784	9 363	22 159	6 020	10 050	39 460	177	108 872
Vestfold	2 459	8	15 377	578	7 516	18 922	6 094	9 604	34 710	84	95 352
Telemark	1 914	177	13 008	934	6 016	12 793	4 164	5 917	27 943	75	72 941
Aust-Agder	1 204	8	6 894	293	3 117	7 712	2 859	4 183	16 375	68	42 713
Vest-Agder	1 956	5	11 959	742	6 026	13 296	4 944	6 962	27 405	129	73 424
Rogaland	8 849	10 848	31 510	1 315	12 510	32 171	11 477	20 124	60 558	297	189 659
Hordaland	5 793	3 440	28 735	1 892	15 168	36 200	15 926	25 979	78 453	310	211 896
Sogn og Fjordane	5 097	42	9 136	713	4 199	7 541	3 524	3 288	18 963	73	52 576
Møre og Romsdal	7 590	117	24 075	878	8 048	18 366	8 703	8 219	39 357	195	115 548
Sør-Trøndelag	6 046	829	14 068	1 041	9 961	24 287	8 857	18 147	51 287	215	134 738
Nord-Trøndelag	5 974	320	7 234	658	3 867	8 554	3 358	3 250	21 831	82	55 128
Nordland	7 905	1	11 030	1 330	7 762	17 132	9 437	8 222	45 218	275	108 312
Troms	4 309	179	5 101	612	5 074	12 918	5 642	6 434	34 647	71	74 987
Finnmark	2 656		2 770	393	2 450	5 305	2 388	1 871	15 710	135	33 678
<b>Totalt</b>	<b>84 279</b>	<b>17 112</b>	<b>286 003</b>	<b>16 037</b>	<b>157 219</b>	<b>413 056</b>	<b>161 932</b>	<b>283 805</b>	<b>828 235</b>	<b>3 719</b>	<b>2 251 397</b>

Kjelder: SSB og PANDA

Utrekningar: KRD

Tabell 2.17 Ulike næringer sin del av sysselsetjinga i prosent etter NIBR16, tal per 4. kvartal 2002

Fylke	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Bygge- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteyting	Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	Ikkje oppgitt	Alle næringar
Østfold	2,8	0,0	18,6	0,5	9,0	18,2	5,9	9,1	35,7	0,1	100,0
Akershus	1,5	0,3	7,8	0,2	5,9	23,8	10,4	15,2	34,6	0,2	100,0
Oslo	0,2	0,1	7,0	0,3	5,2	19,3	7,9	24,6	35,1	0,2	100,0
Hedmark	7,1	0,0	14,2	0,7	7,6	16,7	5,2	8,1	40,2	0,1	100,0
Oppland	7,9	0,0	13,6	1,0	8,2	18,2	5,2	6,9	38,8	0,1	100,0
Buskerud	2,9	0,0	16,3	0,7	8,6	20,4	5,5	9,2	36,2	0,2	100,0
Vestfold	2,6	0,0	16,1	0,6	7,9	19,8	6,4	10,1	36,4	0,1	100,0
Telemark	2,6	0,2	17,8	1,3	8,2	17,5	5,7	8,1	38,3	0,1	100,0
Aust-Agder	2,8	0,0	16,1	0,7	7,3	18,1	6,7	9,8	38,3	0,2	100,0
Vest-Agder	2,7	0,0	16,3	1,0	8,2	18,1	6,7	9,5	37,3	0,2	100,0
Rogaland	4,7	5,7	16,6	0,7	6,6	17,0	6,1	10,6	31,9	0,2	100,0
Hordaland	2,7	1,6	13,6	0,9	7,2	17,1	7,5	12,3	37,0	0,1	100,0
Sogn og Fjordane	9,7	0,1	17,4	1,4	8,0	14,3	6,7	6,3	36,1	0,1	100,0
Møre og Romsdal	6,6	0,1	20,8	0,8	7,0	15,9	7,5	7,1	34,1	0,2	100,0
Sør-Trøndelag	4,5	0,6	10,4	0,8	7,4	18,0	6,6	13,5	38,1	0,2	100,0
Nord-Trøndelag	10,8	0,6	13,1	1,2	7,0	15,5	6,1	5,9	39,6	0,1	100,0
Nordland	7,3	0,0	10,2	1,2	7,2	15,8	8,7	7,6	41,7	0,3	100,0
Troms	5,7	0,2	6,8	0,8	6,8	17,2	7,5	8,6	46,2	0,1	100,0
Finnmark	7,9	0,0	8,2	1,2	7,3	15,8	7,1	5,6	46,6	0,4	100,0
Heile Noreg	3,7	0,8	12,7	0,7	7,0	18,3	7,2	12,6	36,8	0,2	100,0

Kjelder: SSB og PANDA  
 Utrekningar: KRD

Tabell 2.18 Sysselsetjing etter fylke og næring, prosentvis vekst frå 4. kvartal 1997 til 4. kvartal 2002

Fylke	Jordbruk, skogbruk og fiske	Råolje og naturgass, utvinning og rørtransport	Industri og bergverksdrift	Kraft- og vassforsyning	Byggje- og anleggsverksemd	Varehandel, hotell- og restaurantverksemd	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tenesteyting	Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	Ikkje oppgitt	Alle næringar
Østfold	-0,4	-	-7,1	-48,4	27,1	9,6	13,6	48,0	20,1	-54,5	12,5
Akershus	-1,3	-36,4	-8,3	-68,1	10,6	13,1	43,2	22,5	21,8	-70,8	15,8
Oslo	-17,1	63,3	-9,8	27,9	11,0	0,7	7,7	36,6	18,5	-53,0	14,1
Hedmark	-0,9	-	-7,5	-24,7	11,5	6,2	-0,4	28,1	15,4	-45,9	7,9
Oppland	-8,0	300,0	-4,6	-6,1	17,1	9,4	-4,8	17,3	16,3	-40,4	8,0
Buskerud	-7,1	-25,0	-8,7	-30,4	27,9	9,1	0,2	10,8	19,4	-30,6	8,9
Vestfold	1,7	700,0	-9,0	-10,5	20,8	14,0	7,9	35,5	20,9	-67,2	12,9
Telemark	-4,8	-86,8	2,1	-30,2	14,9	7,2	5,8	17,4	16,6	-71,3	7,6
Aust-Agder	-8,4	700,0	-6,9	-36,6	15,3	11,3	-1,5	42,5	11,4	-47,7	8,2
Vest-Agder	-5,0	-	-3,2	-5,0	26,4	8,6	9,3	35,6	24,8	-5,1	14,8
Rogaland	-10,7	19,8	4,9	10,5	12,7	4,8	5,4	17,7	21,5	-55,4	11,3
Hordaland	-3,0	28,7	-5,1	2,1	15,8	12,8	6,8	45,1	13,0	-67,3	12,0
Sogn og Fjordane	-10,8	-40,0	-7,9	2,4	11,3	11,5	4,0	24,2	18,6	-62,0	7,0
Møre og Romsdal	-14,7	-14,0	-2,0	-14,3	10,6	11,8	9,1	25,3	21,1	-31,6	9,4
Sør-Trøndelag	-1,8	35,2	-0,4	-17,1	20,3	15,1	2,0	38,4	9,2	-47,0	11,6
Nord-Trøndelag	-2,9	130,2	-10,2	-1,6	7,3	7,3	-2,8	27,4	12,0	-53,9	5,5
Nordland	-4,0	0,0	-8,5	-4,8	8,1	7,9	0,0	24,0	14,4	3,0	7,7
Troms	-11,3	26,1	-8,5	0,0	1,7	6,6	3,1	26,0	19,7	-55,6	10,3
Finnmark	4,2	-	-25,1	-12,5	15,8	0,7	1,4	25,8	10,5	1,5	4,4
Heile Noreg	-6,2	10,1	-5,3	-15,4	14,9	8,2	9,0	31,1	17,4	-52,8	11,3

Kjelder: SSB og PANDA  
 Utrekningar: KRD

**Del IV – Arbeidsløyse**

Tabell 2.19 Arbeidsløyse etter landsdel

Landsdel	Arbeidsløyse – desember 2003		
	Arbeidsstyrke 2003	Arbeidslause	Prosent
Austlandet	1 196 359	44 786	3,7
Sørlandet	130 239	5 963	4,6
Vestlandet	614 173	23 546	3,8
Midt-Noreg	203 258	7 775	3,8
Nord-Noreg	234 412	9 408	4,0
Heile Noreg	2 378 441	91 478	3,8

Kjelde: ASD

Utrekningar: KRD

Tabell 2.20 Arbeidsløyse etter sentralitet

Sentralitet	Arbeidsløyse – desember 2003		
	Arbeidsstyrke 2003	Arbeidslause	Prosent
Minst sentrale	310 313	10 751	3,5
Litt sentrale	168 755	7 000	4,1
Nokså sentrale	581 676	23 037	4,0
Mest sentrale	1 317 697	50 690	3,8
Heile Noreg	2 378 441	91 478	3,8

Kjelde: ASD

Utrekningar: KRD

Tabell 2.21 Arbeidsløyse etter NIBR16

Region	Arbeidsløyse – desember 2003		
	Arbeidsstyrke 2003	Arbeidslause	Prosent
Osloregionen	747 805	28 457	3,8
Kristiansandregionen	79 543	3 409	4,3
Stavangerregionen	142 957	5 573	3,9
Bergensregionen	179 778	7 051	3,9
Trondheimsregionen	132 852	5 148	3,9
Tromsøregionen	34 762	1 052	3,0
Sum storbyregionar	1 317 697	50 690	3,8
By/tettstad Austlandet	384 308	14 754	3,8
By/tettstad Sørlandet	41 342	2 109	5,1
By/tettstad Vestlandet	182 848	7 656	4,2
By/tettstad Midt-Noreg	33 258	1 384	4,2
By/tettstad Nord-Noreg	108 675	4 134	3,8
Sum byar og tettstader	750 431	30 037	4,0
Periferi Austlandet	64 246	1 575	2,5
Periferi Sørlandet	9 354	445	4,8
Periferi Vestlandet	108 590	3 266	3,0
Periferi Midt-Noreg	37 148	1 243	3,3
Periferi Nord-Noreg	90 975	4 222	4,6
Sum periferi	310 313	10 751	3,5
Heile Noreg	2 378 441	91 478	3,8

Kjelde: ASD

Utrekningar: KRD



Tabell 2.22 Arbeidsløyse etter fylke

Fylke	Arbeidsløyse – desember 2003		
	Arbeidsstyrke 2003	Arbeidslause	Prosent
Østfold	130 042	5 248	4,0
Akershus	264 680	7 460	2,8
Oslo	290 413	14 642	5,0
Hedmark	93 594	2 898	3,1
Oppland	93 521	2 491	2,7
Buskerud	129 111	4 066	3,1
Vestfold	111 966	4 350	3,9
Telemark	83 032	3 631	4,4
Aust-Agder	51 616	2 539	4,9
Vest-Agder	78 623	3 424	4,4
Rogaland	202 854	7 959	3,9
Hordaland	231 583	9 008	3,9
Sogn og Fjordane	55 180	1 632	3,0
Møre og Romsdal	124 556	4 947	4,0
Sør-Trøndelag	139 794	5 374	3,8
Nord-Trøndelag	63 464	2 401	3,8
Nordland	117 461	4 760	4,1
Troms	78 965	2 685	3,4
Finnmark	37 986	1 963	5,2
Heile Noreg	2 378 441	91 478	3,8

Kjelde: ASD

Utrekningar: KRD

### Vedlegg 3

## Rapportar frå fylkeskommunane for 2003 om bruken av midlar frå kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Fylkeskommunane skal årleg oversende Kommunal- og regionaldepartementet ein kortfatta rapport som skildrar utfordringane, måla og aktiviteten i fylket. Rapporteringa skal også omfatte den delen av løyvinga som blir forvalta av andre enn fylkeskommunane. 2003 er det første året med rapportering på kap. 551, post 60. Dei fleste rapportane frå fylkeskommunane opererer med ei tredeling: 1) rammer, 2) utfordringar/mål og 3) resultat/prosjektskildring.

### **Finnmark**

Finnmark hadde ei ramme på 111 960 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Finnmark fylkeskommune understrekar i sin rapport at fleire delar av næringslivet i fylket står overfor svært store utfordringar. Det gjeld mellom anna fiskeindustrien, havbruksnæringa, reindrifta, jordbruket og reiselivsnæringa. Det har vore, og vil framleis vere, ein viktig strategi å sikre ringverknader av utbygginga av Snøhvit og leggje til rette for utnytting av vekstpotensialet i samband med olje- og gassutvinning i Barentshavet.

For å møte dei store utfordringane i fiskeri og havbruk har Finnmark etablert eit investeringsfond på 52 mill. kr for marin sektor, der ein del av midlane er tekne frå kap. 551, post 60. Fondet blir administrert av Innovasjon Noreg si avdeling i fylket.

Vardø, Hasvik og Kautokeino kommunar har omstillingsstatus. Ei programstatusvurdering viser at utviklings- og nyskappingsarbeidet i Vardø og Hasvik er positivt. Det vil bli gjennomført ein liknande gjennomgang av statusen for Kautokeino i 2004.

Måloppnåinga og framdrifta innanfor ein del større satsingsprosjekt er i tråd med dei måla som er lagde til grunn i fylkesplanen og det regionale utviklingsprogrammet. Finnmark fylke peiker særleg på dei positive resultatane av innsatsen som har vore retta inn mot reiselivsnæringa.

### **Troms**

Troms hadde ei ramme på 128 050 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Troms fylkeskommune sitt regionale utviklingsprogram for 2003 var bygd opp kring tre innsatsområde: kompetanse, fysisk infrastruktur og senter/distrikt. Døme på tiltak på kompetanseområdet er prosjekt som tek sikte på å auke realfagkompetansen i fylket, nettverksutvikling og internasjonalisering. Om lag halvparten av ressursane var knytte til infrastruktur. På infrastrukturensida har fylkeskommunen støtta prosjekt mellom anna innanfor vassforsyning, stadsutvikling og hamneutbygging. Innanfor området senter/distrikt har tiltak retta mot ungdom og kvinner og tiltak for merkevarebygging og bedriftsutvikling vore prioriterte. Støtte til dei enkelte prosjekta er i stor grad i samsvar med strategiane i det regionale utviklingsprogrammet for fylket.

### **Nordland**

Nordland hadde ei ramme på 200 070 800 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

I rapporten blir det vist til fylkesplanen for Nordland 1999–2003 og dei strategiane som ut frå denne planen gjekk inn i Regionalt utviklingsprogram 2003. Arbeidet var konsentrert om desse hovudområda:

- å leggje til rette for auka kunnskap, innovasjon og entreprenørskap i næringslivet i fylket
- å arbeide for betre rammevilkår for næringslivet i fylket
- å medverke til berekraftig arealbruk, der forholdet mellom bruk og vern blir avvege
- å leggje til rette for auka samarbeid og nettverksbygging mellom offentlege og private samfunnsaktørar

I 2003 var eit utkast til ny fylkesplan for Nordland (2004–2007) ute på høyring, og innsatsen knytt til regional utvikling blei etter kvart kopla mot hovudtema i denne planen. Hovudtema er å få til felles

innsats for ei felles framtid, å skape sterke bu-, arbeidsmarknads- og serviceregionar og å ta i bruk det potensialet som finst langs kysten.

Fylkesrapporten peiker på at det krevst ein sterk felles innsats for å skape vekstkraftige regionar. Store delar av næringslivet i Nordland utnyttar naturressursar som råvarer. Også innanfor desse næringane er kunnskap og kompetanse nøkkelfaktorar for å halde ved like og vidareutvikle næringane på ein lønnsam måte. Dei viktigaste elementa i ein infrastruktur som kan støtte opp om dette, er no på plass, mellom anna gjennom oppbygging av forskings- og kunnskapsparkear, næringshagar og inkubatorar. Ulike nettverk og samarbeidsforum knytte til FoU-miljøa, og koplinga mellom desse nettverka og næringslivet, er også på plass. Dei viktigaste utfordringane framover er å få desse strukturane til å fungere på ein slik måte at det kjem næringslivet til gode.

Gjennom arbeidet med å ta i bruk potensialet langs kysten er det blitt avdekt ein del nye problemstillingar knytte til rammevilkåra for næringslivet. Næringsaktørar med nedslagsfelt i fleire kommunar møter ulike rammevilkår i ulike kommunar. Prosjektet KOM OPP vil gi ny erfaring om korleis samordninga kommunane imellom kan betrast, og kan gi næringslivet auka konkurransekraft.

Kommunane Ballangen, Herøy, Alstadhaug, Leirfjord og Dønna fekk midlar til omstilling.

### Nord-Trøndelag

Nord-Trøndelag hadde ei ramme på 86 380 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Grunnlaget for bruk av dei regionalpolitiske verkemidla i Nord-Trøndelag er ein brei prosess i partnerskapen mellom regionale aktørar, kommunar og næringsorganisasjonar. Fylkestinget løyver vesentlege utviklingsmidlar over eige budsjett i tillegg til midlane over kap. 551, post 60.

Nord-Trøndelag konsentrerer verkemiddelbruken om tre hovudområde for å nå den overordna målsetjinga i fylkesplanen, «Nord-Trøndelag skal framstå som attraktiv for næring og bosetting»:

- kompetanseutvikling og nyskaping
- internasjonalisering og regionalt samarbeid
- tilrettelegging og bulyst

I 2003 hadde regionalt utviklingsprogram «Ungdom og kultur som utviklingsfaktor» som gjennomgåande perspektiv. Den delen av midlane som gjekk til SND, viser ifølgje rapporten god måloppnåing når det gjeld dei krava som blei fastsette i tilsegnsbrevet til SND. Når det gjeld internasjonalisering, er det svært god måloppnåing gjennom eit

treårig prosjekt, Eksportsatsing Trøndelag, som blei sett i gang i 2001. Evalueringa av satsinga er svært positiv, men viser at ein periode på tre år er for kort tid. Prosjektet er derfor vidareført i 2004.

Innanfor hovudområdet «tilrettelegging og bulyst» er det i hovudsak den omfattande satsinga på nyskappings- og omstillingskommunar som får følgjer for verkemiddelbruken. Her er det retta særskild merksemd mot kommunane Steinkjer, Verdal og Lierne, der det blir gjennomført eigne program knytte til omstilling og utvikling.

### Sør-Trøndelag

Sør-Trøndelag hadde ei ramme på 67 240 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Utfordringane i Sør-Trøndelag er særleg knytte til område i distrikta som opplever gradvis fråflytting og ein reduksjon i talet på arbeidsplassar. Dei siste par åra har vore prega av omstillingsbehov både i innlands- og kystregionen i Sør-Trøndelag.

I 2003 blei det utarbeidd eit eige utviklingsprogram for innlandsregionen i fylket. Denne delen av fylket har den mest negative utviklinga i folketalet og ein einsidig næringsstruktur, med sterkt innslag av jordbruk. Nokre av kystkommunane har også opplevd tap av arbeidsplassar som følgje av endringar i rammevilkåra for eksportbasert industri (verftsindustrien, oppdrettsnæringa og fiskerirelatert verksemd). Rapporten fortel at desse utfordringane blir møtte gjennom dei satsingane som er lyfta fram i handlingsplanen for 2002–2003.

Sør-Trøndelag har i rapporten kommentert aktivitet på satsingsområda barn og unge, arbeidsliv, kompetanse og næringsutvikling, regional utvikling og regionalt samarbeid og fysisk infrastruktur. For 2003 hadde partnerskapen lagt som føring for SND at dei skulle prioritere område prega av omstilling og støtte til Interreg III A, B og C. Desse føringane har SND følgd opp. Sør-Trøndelag fylkeskommune vurderer det slik at innsatsen i 2003 i stor grad medverka til å realisere målet med dei regionale utviklingsmidlane: «Midlane skal gjennom ulike samarbeidstiltak medverke til regional vekst og utvikling med utgangspunkt i eit heilskapleg samfunnsperspektiv.»

### Møre og Romsdal

Møre og Romsdal hadde ei ramme på 78 110 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Møre og Romsdal viser til Strategisk næringsplan 2001–2004 og desse fire strategiske innsatsområda: 1) kompetanse, 2) innovasjon, nyskaping og nettverk, 3) konkurransekraft på ein inter-

nasjonal marknad og 4) robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Det har vore aktivitet innanfor alle innsatsområda. Innovasjon Møre var eit samarbeidsprosjekt mellom Noregs forskingsråd, fylkeskommunen og SND, der SND hadde prosjektansvaret. Målet med prosjektet var fleire og betre innovasjonar i dei marine og maritime næringsklyngene. Innovasjon Møre hadde høg aktivitet i 2003, som var siste året av prosjektet. Arbeidet vil no bli integrert i den ordinære verksemda til Innovasjon Noreg. Eit anna større prosjekt er arbeidet med entreprenørskap og nyskaping. Høgskolen i Ålesund tilbyr no valfag i entreprenørskap, og det er stor aktivitet i ungdomsbedrifter på vidaregåande skolar i fylket. Fylkeskommunen arbeider også aktivt med å vidareutvikle kunnskapsparkane og næringshagane, og etablerte i 2003 ein næringshage i Tingvoll. Prosjektet «Ormen til Møre» har arbeidd med problemstillingar knytte til ilandføring av gass i fylket. For å hjelpe regionale bedrifter med å få oppdrag under utbygginga av Ormen Lange blei Leverandørnett Ormen Lange etablert i 2003. I tillegg blei Møre og Romsdal Petroleumsråd og Møre og Romsdal Gassforum etablert.

Smøla kommune er midtvegs i sitt omstillingsprogram. Ein har fokus på ringverknader av vindkraftutbygginga, foredling og reiseliv.

### Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane hadde ei ramme på 64 700 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Sogn og Fjordane har organisert arbeidet rundt eigne program. I programstrukturen blir næringsprogramma supplerte med program på områda miljø, kultur, livskvalitet og infrastruktur. Formålet med fylkesplanprogramma har vore å få til ein meir effektiv politikk og ei forpliktande kopling mellom fylkesplanen og bruken av verkemiddel. Den regionale partnerskapen er kopla aktivt inn i programarbeidet.

Dei regionale utviklingsmidlane for 2003 har i all hovudsak vore disponerte innanfor desse tema: «Næring og læring» og «Infrastruktur». Innanfor «Næring og læring» har fylket satsa på å leggje til rette for kompetanseheving, nyskaping, omstilling og innovasjon i næringslivet. I tillegg har satsinga på entreprenørskap i grunnopplæringa hatt høg prioritet. På infrastrukturensida har fylket løyvt midlar til prosjekt knytte til IKT, vassforsyning og tettstadsutvikling. I tillegg er det løyvt midlar til temaområda «Eit godt liv, bu og leve» (folkehelse og helsesamarbeid) og «Berekraftig utvikling – RA21» (kulturminne-, areal- og naturressursforvaltning).

Fylket har også sett av ressursar til kommunale næringsfond og regionvise utviklingsprogram.

Ein stor del av sysselsetjinga i Sogn og Fjordane er i primærnæringane, noko som gjer fylket sårbart. Sysselsetjinga i fylket er fallande, og verdiskapinga er låg sett med bedriftsøkonomiske auge. Dei tradisjonelle næringane går attende, og dei store verksemdene innanfor verfts- og aluminiumsindustrien gjennomfører dramatiske kutt i arbeidsstokken. Kommunane Høyanger, Årdal og Flora står overfor særleg store utfordringar i åra som kjem, og regionalt partnerskap gjekk i 2003 inn for at kommunane skulle få omstillingsstatus.

### Hordaland

Hordaland hadde ei ramme på 65 640 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Måla for arbeidet med regional utvikling i fylket er nedfelte i regionalt utviklingsprogram for 2003, som igjen viser til Fylkesplanen for Hordaland (2001–2004) og til Strategisk Næringsplan for Hordaland (2002–2003). Det overordna målet for næringsutvikling i fylket er at Hordaland skal vere ein nyskapande og konkurransedyktig region, der private verksemdar og offentlege styresmakter spelar på lag for å fremme meir konkurransedyktige verksemdar og for å betre rammevilkåra og infrastrukturen.

For arbeidet i 2003 var det peikt ut ni programområde som skulle ha prioritet: 1) entreprenørskap, 2) innovasjon/kopling mellom kompetanseinstitusjonar og næringsliv, 3) næringsvennleg offentleg sektor, 4) marin sektor/havbruksprogram, 5) reiseliv, 6) nyskaping basert på petroleumssektoren, 7) internasjonalisering, 8) regional landbrukspolitik og 9) påverke statleg politikk.

Innanfor desse programområda viser fylket til delmål og aktivitet og har vurdert resultatane. Rapporten viser at det har vore høg aktivitet. Til dømes er det på innsatsområdet innovasjon utvikla eit studietilbod på feltet «sjømat og produktutvikling» på universitetsnivå. Etter avslutta prosjektperiode har 35 studentar teke eksamen, og det er blitt oppretta ei full professorstilling.

Odda kommune var i 2003 inne i det siste året av i alt seks år i omstillingsprosjektet. Resultatet frå heile omstillingsperioden viser at det er registrert om lag 265 nye arbeidsplassar rekna i årsverk, mot eit måltal på 200. Stord kommune er også omstillingskommune.

### Rogaland

Rogaland hadde ei ramme på 19 620 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

I rapporten omtaler fylket enkeltprosjekt og peiker på at dei er forankra i regionalt utviklingsprogram for 2003. Viktige innsatsområde i 2003 var retta mot utvikling av næringslivet og mot kompetanseutvikling. Døme på tiltak er iverksetjing av kurs i styrearbeid, nyskaping og innovasjon, marknadsføring og etablerarnettverk. Tiltaka er retta mot både enkeltpersonar, verksemdar og kommunar. Fylket hadde i 2003 også særskilt fokus på profilering av regionen og turisme.

Fylkeskommunen si innovasjonssatsing har vore konsentrert om prosjekt retta mot reiseliv/turisme og landbruk/skogbruk. Vidare har fylket satsa på prosjekt knytte til kompetanseheving, etableraropplæring og entreprenørskap i skolen. Sokndal gjennomfører eit omstillingsprogram som følgje av nedbemanninga ved Titania AS i 1990-åra. Omstillingsperioden blir avslutta i 2004.

### Vest-Agder

Vest-Agder hadde ei ramme på 14 250 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Ein stor del av sysselsetjinga i Vest-Agder er i eksportretta vareproduksjon, som er sårbar for internasjonal konkurranse og konjunkturar. Fylket har ein stor del av nyetableringane her i landet, samanlikna med andre fylke. Bruken av Skatte-Funn-ordninga er høg, og det same gjeld graden av innovasjon i næringslivet i fylket. Årlege undersøkingar viser også at verdiskapinga blant nyetablerarar er stigande.

Midlane for 2003 hadde ein utløysingsfaktor på vel fem gonger budsjettet, det vil seie om lag 84 mill. kr. Rapporten omtaler konkrete prosjekt innanfor dei ulike satsingsområda, mellom anna støtte til Agder gassforum.

I 2003 medverka Vest-Agder fylkeskommune til å etablere selskap som driv med produksjon og distribusjon av energi basert på biomasse og naturgass. Ved utgangen av 2003 var det 141 tilsette i næringshagar og veksthus, mot 119 i 2002. I 2003 var det også ein stor auke i talet på unge som deltok i ungdomsbedrifter i fylket. I rapporten peiker fylkeskommunen på arbeidet med å leggje til rette for utbygging av breiband i fylket, og på arbeidet med å utvikle offentleg og privat service i distrikta. Fylkeskommunen vurderer det slik at dei gjennomførte prosjekta og tiltaka har følgd opp strategi-ane på ein god måte, og fylket meiner at satsingane er fornuftige med tanke på å innfri mål som er sette for verdiskaping og vekst, både på kortare og lengre sikt.

### Aust-Agder

Aust-Agder hadde ei ramme på 12 130 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Fylket viser til måla i Fylkesplan (2000–2003), som var: «Levande lokalsamfunn/distriktsutvikling», «Livskraftig næringsliv», «By- og tettstadsutvikling» og «Berekraftig utvikling». I regionalt utviklingsprogram for 2003 blei desse innsatsområda konkretiserte:

- omstilling i regionar/regionale tiltak
- etableraropplæring og rettleiing
- bedriftsretta støtte til enkeltverksemdar og etablerarstipend
- næringsutvikling gjennom regionale/kommunale næringsfond
- internasjonalt samarbeid
- utkantsatsing/småsamfunn
- vidareføring av reiselivssatsinga
- investering i infrastruktur i distriktskommunane

Innovasjon har vore eit grunnleggjande mål for fylket sin innsats innanfor regionalutvikling og fornying av næringslivet. Bedriftene i Aust-Agder er rangerte på tredjeplass i ein statistikk over innovasjonsgrad utarbeidd av Noregs forskingsråd. Evje og Hornes har fått omstillingsstatus som følgje av nedbygginga av forsvaret i regionen. Arendal, Grimstad og Risør har omstillingsstatus som følgje av konkursar og nedbemanningar i større selskap. Aust-Agder fylkeskommune, Aetat, SND og kommunane Arendal og Grimstad har delteke i omstillingsarbeidet «Ny giv». Resultatet av arbeidet er så langt opplyftande. Av dei 300 som blei ståande utan arbeid da Ericsson nedbemanna, har om lag 200 fått nytt arbeid i regionen. Fleire nye selskap er i etableringsfasen, og fire-fem av dei blir vurderte å ha eit stort utviklingspotensial. Ei stor utfordring i arbeidet er mangelen på risikovillig kapital.

### Telemark

Telemark hadde ei ramme på 43 290 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Rapporten tek utgangspunkt i handlingsprogrammet for 2003, som byggjer på utfordringar, mål og strategiar i fylkesplanen (2002–2005). Hovudutfordringa er å auke folketalet, utvikle næringslivet og skape arbeidsplassar i alle delar av fylket ved å arbeide for å betre infrastrukturen internt i fylket og mot nabofylka, auke kompetansen og bruken av kompetanseinstitusjonane, utvikle eksisterande og nye næringar og styrkje tiltrekkingskrafta gjennom satsing på kultur og identitet. I handlingsprogrammet har den regionale partner-

skapen for 2003 prioritert nokre tiltak innanfor kvart satsingsområde. Nokre av dei viktigaste tiltaka er:

- Infrastruktur – miljøvennleg areal- og transportutvikling: Her peiker fylkeskommunen m.a. på at det trengst meir organisert og betre koordinert innsats når det gjeld vegar, jernbanetunnel Porsgrunn-Larvik og ilandføring av naturgass i Grenland.
- Kompetanse: Her blir det drive eit samarbeidsprosjekt for utdanningsrettlegg for unge og vaksne med sikte på å minke fråfallet i vidaregåande opplæring og stimulere til målretta vaksenopplæring, eit omfattande program for entreprenørskap for å få fleire til å starte eiga verksemd i eit fylke der arbeidstakarkulturen har vore dominerande, og partnerskap med Høgskolen i Telemark for å gjere høgskolen til ein meir aktiv reiskap i regional utvikling.
- Næringsutvikling/den gode bustaden: Innanfor programmet har m.a. SND sett i gang prosjekt for omstilling og nyskaping, spesielt knytte til bruk av naturgass og innovasjon i Grenland. Elles har ein prioritert reiselivtiltak i samsvar med fylket sin reiselivsstrategi og stadutvikling for å auke bulysta og fylket si tiltrekkingskraft som reiselivsmål.
- Kultur og identitet: Fylkeskommunen peiker m.a. på tiltak knytte til Telemarkskanalen, som er tusenårsstad for Telemark, og på profilering av Ibsen i samband med den nasjonale markeringa i 2006.

Fylkeskommunen meiner at det var god aktivitet og innsats frå mange samarbeidspartnarar på alle dei prioriterte områda i 2003.

### Vestfold

Vestfold hadde ei ramme på 5 500 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Fylkesplan 2000–2003 har som overordna mål å auke verdiskapinga og syte for eit variert tilbod av arbeidsplassar. Dette skal ein oppnå gjennom desse tre hovudmåla og innsatsområda:

1. Bedriftsretta offentleg tenesteyting  
Mål: Styrkje og vidareutvikle den bedriftsretta offentlege tenesteytinga
2. Samarbeidsarenaer og kommunikasjonsutvikling  
Mål: Vidareutvikle samarbeidsarenaer som betrar næringslivet si konkurranseevne
3. Nyskaping og innovasjon  
Mål: Auke sjansane for levedyktige nyetableringar og styrkje innovasjonsevna i bedriftene

Strategisk næringsplan for Vestfold 2001–2004 har som visjon at Vestfold i 2020 skal bli oppfatta som ein attraktiv nyskappingsregion i Europa. For å kunne realisere visjonen og måla er desse hovudstrategiane prioriterte: næringsvennleg offentleg sektor, samarbeid mellom skole og næringsliv, effektive transportløysingar og urbane kvalitetar – den gode bustad.

Vestfold fylkeskommune meiner at innsatsen i 2003 er i tråd med eigne fastsette mål og resultatkrav når ein har vurdert ei utvald gruppe tilsegner i ettertid. Alle tilsegner er gitt ut frå ei oppfatning om at dei på ein god måte er med på å realisere visjonen om Vestfold som ein nyskappingsregion.

### Buskerud

Buskerud hadde ei ramme på 17 510 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Rapporten viser til desse måla i Fylkesplan for Buskerud 2001–2004:

- støtte til Austlandssamarbeidet sin strategi for å støtte utviklinga av sterke senter som ei avlastning av Oslo-kjernen og gi grunnlag for ei meir balansert utvikling på Austlandet
- konsentrert satsing på bysamfunna Drammen, Kongsberg og Hønefoss som likeverdige regionale senter
- forsterka satsing i den øvre delen av fylket knytt til reiseliv og kultur, med støtte til ein liberal arealpolitikk som støttar vidare hyttebygging
- auka fokus på kompetanseutvikling, forskning og utviklingsarbeid for å vidareutvikle Buskerud som ein innovativ, omstillingsdyktig og attraktiv region

Av konkrete prosjekt viser fylket til handlingsprogrammet for vassforsyning, utvikling av reiselivet og tiltak for bruk av fornybar energi. Buskerud fylkeskommune oppsummerer med at effektar og måloppnåing er i tråd med dei rammene som ligg i fylkesplanen.

### Oppland

Oppland hadde ei ramme på 55 430 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Oppland har utarbeidd ei rad regionale partnerskapsavtalar som skal medverke til at regionane i fylket tek på seg ei viktig rolle i arbeidet med regional utvikling. Dette er ein del av satsinga «Fritt fram», som er omtalt under kap. 551, post 64.

Tiltak og prosjekt i Oppland byggjer på visjonen i fylkesplanen for perioden 2000–2003: «Gode levekår, høyt kompetansenivå i befolkningen, og

miljøkvaliteter i arbeid og fritid gjør Oppland til en attraktiv boregion. I år 2010 har Opplandssamfunnet utviklet en kultur for nyskaping, og Oppland er kjent som fylket hvor det er lov å satse.» På bakgrunn av denne visjonen inneholdt regionalt utviklingsprogram 2003 satsingsområda omstilling og utvikling i næringslivet, kompetanseutvikling i Oppland og trivsel og framtidstru i Oppland. Fylket har låg arbeidsløyse, og det er stor optimisme i næringslivet. Den største utfordringa i 2003 var å utvikle ein sterk kultur for nyskaping.

Det stod sentralt i dette arbeidet å vidareutvikle industri- og lettmetallmiljøet på Raufoss og Toten, nettverket av småskala-matprodusentar, kulturbasert næringsutvikling, nasjonalparkane i Nord-Gudbrandsdalen, reiselivsnæringa og treprogramma, og å byggje opp gode og støttande utviklingsmiljø for næringslivet.

Det er for få nye bedrifter, og det skjer for lite forskning og innovasjon i Oppland. Mange små bedrifter, råvareorientering og det at ein stor del av ungdommen flyttar ut, gjer næringslivet i Oppland sårbart. Oppland har også utfordringar knytte til lågt formelt kompetansenivå (prosent av innbyggjarane med høgre utdanning), sjølv om prosentdelen av ungdom som tek høgre utdanning, ligg over landsgjennomsnittet. Innlandsuniversitetet, samarbeid mellom næringsliv og skole, breiband, kvinnesatsing og entreprenørskap er døme på å styrkje næringsmiljøa og verksemdene.

### Hedmark

Hedmark hadde ei ramme på 71 820 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Bruken av verkemidla under kap. 551, post 60 er tett kopla til fylkesplanen og mål og strategiar i det regionale utviklingsprogrammet for 2003. Hedmark hadde desse satsingsområda for bruken av midlane i 2003: leggje til rette for entreprenørskap og nyetableringar, innovasjon og innovasjonssystem (mellom anna utvikling av institusjonar som kunnskapsparkar og næringshagar), FoU og kompetanseheving, fysisk infrastruktur og stadsutvikling, internasjonalt arbeid og gjennomføring av omstillingsprogram.

I rapporten er det gitt ein kort omtale av statusen og ei forklaring på situasjonen. Prosjekta er kommenterte i forhold til måloppnåing. Innanfor satsingsområdet innovasjon og innovasjonssystem var målet å medverke til utvikling av innovasjonssystem, representert mellom anna ved næringshagar, kunnskapsparkar, tretorg, inkubatorar, høgskolar, FoU o.a. Eit meir overordna mål var å medverke til å utvikle lønnsame, innovative og

omstillingsdyktige verksemdar. Ved utgangen av 2003 var det i næringshagane etablert totalt 48 bedrifter med totalt 155 tilsette. I dei tre inkubatorane i fylket var det ved utgangen av 2003 etablert totalt 10 verksemdar med 27 tilsette.

### Oslo

Oslo hadde ei ramme på 5 500 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Oslo og Akershus samarbeidde om eit felles regionalt utviklingsprogram for 2003 som la føringar på bruken av midlane i begge fylka. Utviklingsprogrammet blir her omtalt under Oslo.

Hovudstadsområdet er eit nasjonalt tyngdepunkt for forskning og kunnskapsbasert næringsliv. Utfordringa er å realisere dette potensialet slik at regionen får auka konkurransekraft som eit senter for internasjonale kunnskapsbedrifter. Målet er å betre den internasjonale konkurransekrafta til hovudstadsregionen gjennom auka nyskaping og innovasjon. Strategiane er å få etablert nye kunnskapsbedrifter med utspring i FoU-miljøa i regionen og leggje eit grunnlag for betre føresetnader for vekst gjennom tilrettelegging for næringsutvikling, finansieringsordningar og fagleg støtte gjennom forskingsparkar og inkubatorar.

Hovudstadsregionen har ein svak posisjon som region for internasjonale investeringar. Det heng saman med at regionen manglar internasjonalt profilerte kunnskapsbedrifter. Det er eit mål å styrkje hovudstadsområdet sin posisjon som internasjonal region i forhold til andre europeiske storbyregionar.

I 2003 gjekk størstedelen av midlane frå kap. 551, post 60 til rettleiing og støtte til nyetablerarar, mellom anna gjennom etablerarstipend. I tillegg til satsing på nyetablerarar blei det brukt ressursar på tiltak innanfor kompetanseformidling og nyskaping og til internasjonal profilering av Osloregionen. Oslo kommune delfinansierer internasjonal marknadsføring av Osloregionen i regi av Oslo Teknopol. Som ledd i dette prosjektet har Osloregionen vore presentert på fleire internasjonale messer, konferansar og seminar, og som resultat av marknadsføringa har kommunen allereie merka ein pågang av internasjonale kontaktar.

Oslo kommune meiner at tiltaka blei gjennomførte i samsvar med dei måla som blei sette i regionalt utviklingsprogram for 2003.

### Akershus

Akershus hadde ei ramme på 5 500 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Midlane over kap. 551 er disponerte med utgangspunkt i desse tema i Akershus fylkesplan 2004–2007:

- utdanning og næringsliv
- nyskaping
- hovudstadsområdet som internasjonal region

Oslo og Akershus samarbeidde om eit felles regionalt utviklingsprogram for 2003 som la føringar for bruken av midlane i begge fylka. Utviklingsprogrammet er omtalt under Oslo.

Hovudutfordringa når det gjeld utdanning og næringsliv, er å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse for arbeidslivet i Akershus. Arbeidsmarknaden i regionen er svært stram, og jamvel med ein viss auke i arbeidsløysa vil det vere stor mangel på arbeidskraft i ein del bransjar. Særleg er situasjonen vanskeleg for ein del av dei tradisjonelle yrkesfaga og teknologifaga. Målet er at den delen av innbyggjarane som tek yrkesfagleg og teknologisk utdanning, skal bli større. Dei viktigaste strategiane er å styrkje yrkesretteiinga for barn og unge, utvikle og synleggjere dei tilboda om teknologisk utdanning som finst i regionen, og medverke til realisering av intensjonane med kompetansereforma gjennom eit tett samarbeid mellom vidaregåande opplæring, høgskolar og arbeidslivet.

Rapporten gir ei oversikt over den faktiske disponeringa av ressursane fordelt på dei tre tema som er omtalte innleiingsvis. Hovuddelen av mid-

lane gjekk til nyskaping, i form av etablerarstipend og drift av etablerarsenter i regionen.

### Østfold

Østfold hadde ei ramme på 13 800 000 kr over kap. 551, post 60 i 2003.

Østfold har utfordringar knytte til lågt formelt utdanningsnivå (prosent av innbyggjarane med høgre utdanning), og vil i dei nærmaste åra derfor satse på Kompetanseoffensiv 2015. Det er ei langsiktig programsatsing med hovudfokus på nyskaping og innovasjon.

Østfold ligg også under landsgjennomsnittet når det gjeld helsetilstanden til innbyggjarane, og fylket vil møte denne utfordringa gjennom Folkehelseprogrammet, som er delvis finansiert ved hjelp av utviklingsmidlane.

I 2003 gjekk midlane i all hovudsak til bedriftsretta satsingar i regi av Interreg og SND. Resten av midlane gjekk til kommunale næringsfond, kommunal vassforsyning og inkubatorstøtte. Østfold fylkeskommune vurderer innsatsen gjennom Interreg og SND som vellykka. I Interreg-programmet blei det i 2003 i hovudsak satsa på næringsutvikling, miljø og helse og fellesprosjekt.

I rapporten viser fylket til gode erfaringar med programsatsingar gjennom Østfold Industriooffensiv, Østfold Byoffensiv og Interreg. Østfold vil også i framtida satse på program som arbeidsform.



## Vedlegg 4

# Miljøprofilen i budsjettforslaget

## Innleiing

Budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet dekkjer fleire politikkområde, men det er i hovudsak for sektoren bustader, bumiljø og bygningssaker det er aktuelt å rapportere om miljøprofilen. Rapportering for denne sektoren følgjer nedanfor, saman med ein kort omtale av miljøsatsinga på området samiske formål.

## Programkategori 13.80 Bustader og bumiljø og 13.90 Bygningssaker

### Miljøutfordringane

Miljøkonsekvensane av verksemda i bustad- og byggjesektoren er store, og på fleire område aukande. Måla for miljøvernpolitikken stiller derfor sektoren overfor store utfordringar. I St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken blir det peikt på at satsingsområda som blei identifiserte i den første miljøhandlingsplanen, framleis er aktuelle.

Satsingsområda er:

1. Ein må betre arealeffektiviteten og ta større omsyn til det biologiske mangfaldet.
2. Energibruken i bygningsmassen må reduserast.
3. Bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemda må kartleggjast betre og reduserast.
4. Avfallsmengdene i samband med byggjeverksemd må reduserast. Gjenbruk og ombruk av byggjemateriale må aukast.
5. Det bør satsast på god kvalitet og god byggjeskikk.
6. Det bør leggjast til rette for og gjennomførast miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar.

Betre arealeffektivitet er viktig, både for å redusere energibruken, ressursbruken og avfallsmengdene og for å sikre det biologiske mangfaldet. Nye utbyggingsområde bør etablerast med god arealutnytting, helst innanfor byggjesona langs kollektivaksar. Nybygg må bli meir arealeffektive, og den eksisterande bygningsmassen må utnyttast betre.

Bustad- og byggjesektoren står for 40 pst. av den totale energibruken her i landet. Elektrisitet er den viktigaste energikjelda og står for om lag 79 pst. av den samla energibruken i husstandane. Det er eit stort potensial for å redusere bruken av elektrisitet og redusere utsleppet av klimagassar.

Mange materiale og produkt som blir nytta i byggjeverksemda, inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Det går mellom anna fram av OBS-lista (lista over stoff som miljøstyresmaktene ønskjer utfasa) til Statens forureiningstilsyn (SFT). Produktregisteret viser at det i byggjesektoren blir nytta ca. 2400 ulike kjemiske produkt med farlege eigenskapar.

Avfall frå byggjeverksemda utgjer ca. 40 pst. av alt avfall til deponi. Det er behov for auka fokus på avfallsreduksjon, dvs. å hindre at avfall oppstår. Kvalitet i byggjeverksemda, særleg for å unngå at fuktskadar fører til forsert øydelegging av byggjeverar og konstruksjonar, er i seg sjølv viktig for å redusere avfallsmengdene. Byggjeregelverket bør i tillegg utviklast vidare og gi sterkare incentiv til å velje arealeffektive løysingar og byggjeverar med lang levetid.

I tida framover vil Husbanken, i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund (KS), ha særleg fokus på byggjeskikkarbeidet i kommunane. Byutviklinga er i dag prega av stor grad av fortetting, transformasjon og estetiske kontrastar (konfliktar mellom nytt og gammalt). Måla for byggjeskikkarbeidet i regi av Husbanken er endra holdningar i positiv lei, auka kunnskap og auka skolering.

Husbanken og Statens bygningstekniske etat (BE) er etatar som ligg under Kommunal- og regionaldepartementet. Dei administrerar økonomiske og juridiske verkemiddel som kan påverke miljøtilstanden i sektoren på ein positiv måte. Kommunal- og regionaldepartementet og etatane har eit nært samarbeid med andre offentlege instansar og med sentrale, private aktørar for å stimulere til at det blir teke miljøomsyn i bustad- og byggjesektoren.

I St.meld. nr. 23 (2003–2004) Om boligpolitikken (bustadmeldinga) føreslår regjeringa at omsynet til miljø i bustadsektoren blir gjort tydeleg som eit nytt bustadpolitisk hovudmål. Målet er å auke talet på miljøvennlege husvære og bumiljø.

BE samarbeider nært med departementet om å utvikle det tekniske bygningsregelverket og er aktivt med i internasjonalt utviklingsarbeid. BE har også eit godt samarbeid med aktørane i byggje- og anleggsnæringa. Målet i miljøhandlingsplanen om i større grad å integrere miljøomsyn i dei sentrale verkemidla for bustad- og byggjesektoren harmoniserer godt med utviklinga i internasjonale krav og avtalar retta mot sektoren.

Kommunal- og regionaldepartementet arbeider i 2004 med ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggjesektoren. I planen er det formulert resultatmål og tiltak som skal gjennomførast for å møte dei utfordringane som er omtalte ovanfor. Planen gir grunnlag for betre og meir konkret rapportering.

Vi viser til omtale av ordningane under programkategori 13.80 og 13.90 med tilskot til bustadkvalitet på kap. 581, post 71 og med kompetansetilskot på kap. 581, post 78. Begge desse postane har aktivt medverka til å fremme miljøomsyn i sektoren.

### Satsing i budsjetta for 2004 og 2005

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over den samla miljøvernpolitiske satsinga i budsjetta for 2004 og 2005 på områda bustader, bumiljø og bygningssaker.

Tabell 4.1 Oversikt over den samla miljøvernpolitiske satsinga i budsjettet på områda bustader, bumiljø og bygningssaker

Kap./post	(mill. kr)						
	A		B		Sum		
	2004	2005	2004	2005	2004	2005	
581/71	Tilskot til bustadkvalitet	7	3	16	5	23	8
581/75	Tilskot til utbetring av husvære	8	6,5	20	17	28	23,5
581/78	Forskning og utgreiing	8	12,5	8	12,5	16	25
587	Natur- og miljøvennleg bygging	2	2	4,5	4,5	6,5	6,5
Sum		25	24	48,5	39	73,5	63

A = Utgifter som fullt ut blir nytta til miljøforbetringar.

B = Utgifter der miljøomsynet er avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført.

Reduksjonen i løyvingane til miljøtiltak frå 2004 til 2005 kjem av endringar i dei totale løyvingane på dei aktuelle postane i budsjettet, og kan derfor ikkje isolert sett tolkast som ei nedprioritering av den miljøvernpolitiske innsatsen.

### Satsingsområde 1: Betre arealeffektiviteten og ta større omsyn til det biologisk mangfaldet

Satsingsområdet omfattar aktivitetar og tiltak som i hovudsak er knytte til det miljøvernpolitiske hovudmålet om biologisk mangfald og dels knytte til målet som dreier seg om avfall og friluftsliv.

### Aktivitetar og tiltak

Dei underliggjande etatane, Statens bygningstekniske etat (BE) og Husbanken, driv rettleiing om god planlegging av byggjeprosjekt og utvikling av nye bustadområde der arealeffektivitet og biomangfald er viktige tema. Ein har valt å leggje om Husbanken sin bruk av verkemiddel, med større innsats i tidleg planfase, for betre å kunne medverke til dette. Husbanken gir også støtte til konkrete prosjekt, jf. omtale nedanfor.

Tabell 4.2 Indikatorar – Husbanken

	2001	2002	2003
Prosentdel HB-finansierte nye husvære med lånetillegg til gode uteområde	26 pst.	39 pst.	44 pst.
Prosentdel HB-finansierte husvære med lånetillegg til terreng med vegetasjon	20 pst.	32 pst.	37 pst.
Prosentdel HB-finansierte husvære med lånetillegg for trafikktryggleik	31 pst.	39 pst.	47 pst.

Husbanken har gitt tilskot til pilotprosjekt i eit nettverk for byomforming som Miljøverndepartementet har teke initiativet til, og som Kommunal- og regionaldepartementet, Husbanken og ein del byar også er med i.

Husbanken samarbeider med Norsk Form og Oslo kommune for å vurdere løysingar som kan medverke til gode husvære tilpassa ulike brukargrupper og levemåtar i tettbygde bystrøk.

Husbanken har i aukande grad nytta konkurransar for å fremme god kvalitet, mellom anna berekraft og arealeffektivitet, i planlegging av nye bustadområde.

Husbanken har støtta prosjektet «Den grønne fagtjeneste», som Det norske hageselskap er ansvarleg for.

Husbanken har støtta utviklinga av ein rettleiar i plantebruk for Nord-Noreg for å stimulere til økologisk mangfald.

I Trondheim kommune har Husbanken støtta eit prosjekt for utvikling av Persaune militærleir til eit nytt bustadområde med ca. 450 husvære i nybygg og 150 i den eksisterande bygningsmassen.

Husbanken støttar eit samarbeidsprosjekt i Oslo kommune der ein skal utvikle eit system for bygging på små restareal i Oslo. Prosjektet omfattar også utarbeiding av eit miljøoppfølgingsprogram for pilotprosjekta.

### Satsingsområde 2: Redusere energibruken i bygningsmassen

Satsingsområdet omfattar i hovudsak aktivitetar og tiltak knytte til det miljøvernpolitiske hovudmålet om klimaendringar.

#### Aktivitetar og tiltak

Eit nytt EU-direktiv om energi skal implementerast i norsk lovverk innan januar 2006. Direktivet inneber mellom anna nye og strengare energikrav til

bygningar og krav om energisertifikat som viser energibruken i nye og eksisterande bygningar. Både Husbanken og BE følgjer opp direktivet, i samarbeid med mellom andre Enova, NVE, Noregs byggforskningsinstitutt og SINTEF. BE har eit særleg ansvar for å følgje opp energikrav i Teknisk forskrift.

BE har delteke i referansegruppa for eit prosjekt der ein ser nærmare på korleis bygningar med glasfasadar kan utformast slik at omsynet til energieffektivitet og til termisk komfort er tilfredstillande imøtekome. Dei vitenskaplege resultatane vil danne grunnlag for ein enkel rettleiar for arkitektar og prosjekterande.

Frå 2005 skal mellom anna miljø takast inn som eit av søkjargrunnlaga for det nye grunnlånet frå Husbanken. Dette er i samsvar med forslag i bustadmeldinga, som blei behandla i Stortinget i juni 2004.

Husbanken er med i prosjektet IEA SHC (Sustainable Solar Housing). Her deltek ca. 15 land, og Husbanken har prosjektleiinga for den norske deltakinga gjennom prosjektet «Kostnadseffektive lågenergihusvære». Husbanken har som mål å auke talet på ferdigstilte husvære med halvert energibehov og samarbeider på langsiktig basis med Enova, BE, SINTEF, NBI og viktige bransjeaktørar for å nå målet.

Husbanken har teke initiativ til eit delprosjekt om energimerkeordning for husvære under det internasjonale prosjektet IEA Task 28 Sustainable Solar Housing. Prosjektet er eit viktig bidrag til arbeidet med energisertifikat for husvære, som Enova etter oppdrag frå OED no har laga ei skisse til.

Husbanken planlegg å delta i det internasjonale Econo-prosjektet. Det har som hovudmål å etablere eit internasjonalt planleggings-, marknadsførings- og produksjonsnettverk som fremmar berekraftige bygningar i vêrharde strøk, både trehus og andre konstruksjonar.

Tabell 4.3 Indikatorar – Husbanken

	2001	2002	2003
Prosentdel av husvære med utbetningslån frå Husbanken som fekk lån til enøk-tiltak (isolasjon, betre vindauge o.a.)	6,5 pst.	4,5 pst.	14,8 pst.

### Satsingsområde 3: Kartleggje og redusere bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemnda

Satsingsområdet omfattar i hovudsak aktivitetar og tiltak knytte til det miljøvernpolitiske hovudmålet som dreier seg om helse- og miljøfarlege kjemikal.

#### Aktivitetar og tiltak

Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere korleis vi kan medverke til at kunnskapen frå Øko-Bbygg-programmet blir spreidd. Resultata frå dei ulike utgreiingsprosjekta gir viktige innspel til utvikling av Teknisk byggjeforskrift og av det arbeidet Husbanken driv på miljøområdet.

BE byggjer opp ei tilsynsordning for byggjeverer som mellom anna vil omfatte fast installerte oljetankar. Ordninga vil medverke til at oljetankar blir utforma slik at ein ikkje får lekkasje av olje til miljøet/grunnen.

BE har i 2004 utarbeidd ein temarettleiar om byggjeverer, med vekt på korleis miljø- og branneigenskapar kan dokumenterast. Rettleiaren gir informasjon om etablerte merkeordningar for helse- og miljøfarlege kjemiske produkt, ordningar for miljøvaredeklarasjonar og OBS-lista (lista over stoff som miljøstyremaktene ønskjer utfasa) til Statens forureiningstilsyn (SFT). BE deltek i arbeid med å forenkle miljøvaredeklarasjonane for å gjere dei enklare og greiare å bruke.

BE samarbeider med SFT for å sikre at det på ein forsvarleg måte blir teke omsyn til brannrisikoen ved utfasinga av bruken av bromerte flammehemmarar.

BE deltek i ei arbeidsgruppe under EU-kommisjonen med ansvar for regulerte stoff i byggjeverer. Byggjevaredirektivet føreskriv bruk av byggjeverer som ikkje gir uakseptabelt høge emisjonar og lekkasjar av skadelege stoff.

BE deltek i internasjonalt standardiseringsarbeid på miljøområdet, i arbeidsgrupper knytte til nye EU-direktiv og innanfor satsinga «Sustainable Construction». BE deltek også i internasjonalt standardiseringsarbeid for eldstader.

Med støtte frå BE er det gjennomført ei evaluering av opplæringsprogrammet «Hus og Helse» frå 1992–94. BE skal oppdatere det undervisningsmateriellet om innemiljø og helse som blei produsert i tilknytning til opplæringsprogrammet.

BE deltek i ei styresmaktgruppe innanfor EU som skal finne fram til eit felles europeisk godkjenningssystem for byggjeverer i kontakt med drikkevatt (CPDW). Arbeidet er basert på Byggjevaredirektivet og Drikkevattndirektivet.

BE og Husbanken har i samarbeid drive aktivt informasjonsarbeid overfor kommunar, innbyggjarar og andre aktuelle aktørar om konsekvensane av for høge radonkonsentrasjonar i inneluft. Det er ei viktig oppgåve å syte for at nødvendig kunnskap blir spreidd og teken i bruk av aktørane.

BE gav i 2003 ut ein temarettleiar som drøftar tiltak for å hindre algevekst og spreiring av legionellabakterien.

BE og Husbanken støttar eit prosjekt der målet er å etablere eit internettbasert og brukarvennleg dataverktøy som gir arkitektar, rådgivarar, entreprenørar og utbyggjarar hjelp til å velje miljøvennlege materiale. Prosjektet er eit samarbeid mellom Noregs byggforskingsinstitutt, rådgivingsfirmaet Hambra AS og Norske Arkitekters landsforbund ved NABU.

Husbanken kan vise til ei positiv utvikling også i 2003 når det gjeld prosentdelen nye husvære med lånetillegg for HMS-tiltak. HMS er ei samlenemning for fleire typar av miljøtiltak, som mellom anna omfattar energibruk, val av materiale, avfallsproduksjon og klimatiltak.

Tabell 4.4 Indikatorar – Husbanken

	2001	2002	2003
Prosentdel HB-finansierte nye husvære med lånetillegg for HMS-tiltak (helse, miljø og tryggleik)	58 pst.	61 pst.	66 pst.

Husbanken har gitt tilskot til utvikling av eit prosjekt i det byøkologiske forsøksområdet på Svartlamoen i Trondheim. Husbanken har hatt fokus på sunne materiale, energibruk, dynamiske buformer og brukarmedverknad i planleggings- og byggjeprosessen. Prosjektet er blitt til gjennom eit tett samarbeid mellom bebuarane, arkitektane og kommunen.

Husbanken er med i arbeidet for å førebu ein stor internasjonal konferanse om berekraftig byggeverksemd, «SB05» (Sustainable Building 2005), som skal haldast i Tokyo.

Kommunal- og regionaldepartementet deltek i ei internasjonal styresmaktsgruppe, «Green Building Policy network», saman med representantar frå ei rad land. Målet med samarbeidet er å utvikle ein nettbasert database med informasjon om verkemiddel som dei ulike landa har vedteke å ta i bruk for å stimulere til utvikling av ein meir miljøvennleg bustad- og byggjesektor.

#### **Satsingsområde 4: Redusere avfallsmengdene i samband med byggeverksemd og auke gjenbruk og ombruk av byggjemateriale**

Satsingsområdet omfattar i hovudsak aktivitetar og tiltak knytte til det miljøvernpolitiske hovudmålet om avfall og gjenvinning.

##### *Aktivitetar og tiltak*

I 2003 blei det i forureiningslova opna for at kommunane kunne vedta eigne forskrifter om krav til avfallsplanar i byggesaker. I overkant av 30 kommunar, mellom dei storbyane og Akershus-kommunane, har fram til no innført lokale forskrifter om opplysingar om avfall i byggesaker. Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere om kravet om avfallsplanar på sikt bør takast inn som ein del av byggeregelverket.

Hjellnes Cowi har på oppdrag frå BE utarbeidd ein rapport som viser korleis utdjuing av dei gjeldande tekniske krava kan medverke til betre ressursutnytting, med hovudvekt på potensialet for avfallsreduksjon.

Byggavfall med bromerte flammehemmarar skal handterast som farleg avfall. Det bør vurderast å stille krav om merking av byggeprodukt med bromerte flammehemmarar som framleis er i bruk. Slik merking kan takast inn i Teknisk byggeforskrift.

Husbanken har støtta eit prosjekt om bygge- og rivingsavfall ved Noregs byggforskningsinstitutt (NBI). NBI skal greie ut korleis nye konstruksjonsløysingar og byggesystem kan føre til ein reduksjon av avfallsmengda i bygge- og driftsfa-

sen, og korleis auka ombruk og gjenvinning ved riving kan redusere dei samla avfallsmengdene som går til deponi.

Husbanken har vore med på å finansiere oppføring av eit gjenbrukshus i Trondheim kommune, bygd med vekt på gjenbruk av bygningsmateriale. Dei økonomiske, tekniske og miljømessige forholda knytte til gjenbrukshuset er samanlikna med tilsvarande forhold i eit tradisjonelt bygd hus (sjå: <http://www.gjenbrukshus.no/files/faktaark-9-3-03-ebok.pdf>).

#### **Satsingsområde 5: Satse på god kvalitet og god byggeskikk**

Satsingsområdet omfattar i hovudsak aktivitetar og tiltak knytte til det miljøvernpolitiske hovudmålet knytt til kulturminne og kulturmiljø, men har også samanheng med måla om å redusere avfallsmengda og sikre biomangfald.

##### *Aktivitetar og tiltak*

Statens byggeskikkpris og Opplæringsprogrammet, med tiltak som Byggesaksskolen og regionale kurs, har vore nokre av dei viktigaste tiltaka i det byggeskikkarbeidet Husbanken har drive i 2003.

Husbanken sitt opplæringsprogram om byggeskikk omfattar ulike regionale og sentrale opplæringsstiltak retta mot kommunar og byggebransjen. I tillegg kjem utvikling av læremateriell til bruk både i eksterne og interne opplæringsstiltak (les meir på [www.hig.no](http://www.hig.no) eller [www.husbanken.no/byggeskikk](http://www.husbanken.no/byggeskikk)).

Husbanken har i 2004 gjennomført ein ei veker båttur langs Sørlandskysten for å dokumentere byggeskikken i byane. Målet med prosjektet er mellom anna å profilere den særskilde byggeskikken i kystbyane.

Husbanken har det administrative ansvaret for Statens byggeskikkpris, som er ein heiderspris for byggeverk og bygde omgivnader som gjennom utføring, materialbruk, utforming og samspel med stad og miljø kan medverke til å heve, fornye og utvikle den allmenne byggeskikken. Prisen blir delt ut årleg og er på kr 300 000.

Husbanken var i 2003 involvert i og gav støtte til utviklinga av fleire konkurransar, mellom anna

- ein nordisk konkurranse om «Kunnskapsbyen Lillestrøm»
- «European», ein europeisk bustadkonkurranse med tomter i Oslo, Stavanger og Tromsø
- konkurransen «Landkjenne», stadutvikling der Hurtigruta legg til i Rørvik, Stokmarknes, Skjervøy og Hammerfest

- ein open internasjonal arkitektkonkurranse for Arktisk KulturSenter og Findus-området i Hammerfest

Husbanken har gitt støtte til eit utviklingsprosjekt for Biri Sag og Mølle i Gjøvik kommune.

Husbanken har gitt støtte til Steinkjer kommune sitt stadutviklingsprosjekt «Attraktive Steinkjer», der ei av oppgåvene er å synleggjere dei kvalitetane som ligg i gjenreisingsbyen og arkitekturen fram mot byjubileet i 2007.

Husbanken har gitt støtte til eit prosjekt om barn i by knytt til det siste byggjetrinnet i transformasjonsområdet på Nedre Elvehavn i sentrum av Trondheim.

Husbanken har gitt råd og har hjelpt til med å utvikle ein byggjeskikkettleiar for Alta kommune (sjå [www.alta.no](http://www.alta.no)).

I samarbeid med Miljøverndepartementet har BE starta opp arbeid med ein temaretttleiar kalla «Grad av utnytting». Eit av måla med rettleiaren er å avklare forhold som har verknad for den estetiske kvaliteten til eit byggverk, og å finne ut korleis kvalitetsmåla blir dokumenterte i byggjesaker.

Riksantikvaren og BE samarbeider om ein temaretttleiar om bevaring av eksisterande bygningar. BE vil arbeide for at byggjeregelverket på ein betre måte blir tilpassa rehabiliteringstiltak.

Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet vil sjå nærmare på om kulturminne i aukande grad kan framstå som ressurser i utviklinga av gode lokalsamfunn.

### **Satsingsområde 6: Leggje til rette for og gjennomføre miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald**

Satsingsområdet omfattar aktivitetar og tiltak knytte til fleire av dei miljøvernpolitiske hovudmåla.

#### *Aktivitetar og tiltak*

BE deltek i ei nasjonal nettverksgruppe for eit nordisk prosjekt om livssyklus-kostnader (LCC). Meir utbreidd bruk av dette verktøyet i prosjekteringsfasen vil vere med på å auke merksemda omkring driftskostnadene i byggjesektoren. BE vil sjå nærmare på om LCC-tankegangen kan integrerast i byggjeregelverket.

BE deltek i Standard Noreg si nemnd kalla «Levetid for bygningar», der det blir arbeidd med standardar som vil framheve faktorar som påverkar levetida til bygningar. Estimert levetid vil vere ei sentral opplysning ved miljødeklarering av byg-

gjevarear, og kan føre til at det blir valt meir miljørette byggjevarear.

Husbanken støttar prosjektet OIKOS NOMOS. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom NBI, Selvaagbygg, OBOS og Siemens/ORAS. Hovudmålet for prosjektet er å utvikle energi- og miljøeffektive husvære, som høver for bygging i stor skala i byar. Prosjektet skal integrere sosiale, energi- og miljømessige og økonomiske aspekt i ei berekraftig utvikling. Eit mål er å finne svar på korleis det er mogleg å bygge berekraftige husvære utan at bukostnadene aukar.

Husbanken gir støtte til eit kartleggingsprosjekt om eksisterande kunnskap og ambisjonsnivå knytt til berekraftige bu- og bygningsmiljø. Sjå NABU (Norske arkitekter for bærekraftig utvikling) sin database «ECO ark» under [www.arkitektur.no](http://www.arkitektur.no).

Husbanken har støtta eit prosjekt om byøkologisk planleggingsverktøy. Verktøyet skal vere eit hjelpemiddel både for bransjen og for kommunane i utarbeidinga av miljøoppfølgingsprogram og miljørekneskap.

Husbanken gjennomførte i 2003 seks verkstader/kurs og ti fagdagar/seminar/konferansar med tema som hadde med miljø og energi å gjere.

### **Programkategori 13.40 Samiske formål**

Kommunal- og regionaldepartementet har eit samordningsansvar for samepolitikken og politikken overfor nasjonale minoritetar. Departementet har få eigne verkemiddel på desse områda. Prinsippet om sektoransvar for departementa gjeld også her, slik at fagdepartementa har ansvaret for å følgje opp samepolitikken og politikken overfor nasjonale minoritetar innanfor sine sektorar, også når det gjeld miljøspørsmål. Sametinget står sentralt i miljøarbeidet på det samepolitiske området og ønskjer å delta på mest mogleg like vilkår med dei sentrale styresmaktene når det gjeld å oppnå ei meir miljøvennleg og berekraftig utvikling.

Miljøpolitikk og samiske interesser og rettar er knytte til samiske utmarksnæringar som reindrift, laksefiske, kyst- og fjordfiske osv. I tillegg er det samiske perspektivet svært viktig når det gjeld å bevare kulturlandskap og kulturminne.

I arbeidet med verneregime er det ei utfordring å integrere samiske interesser og rettar. Kulturlandskapet er i mange tilfelle blitt forma av den tradisjonelle måten samane har nytta naturen på. Ved utarbeiding av nye verneregime er det derfor viktig at denne tradisjonelle bruken blir teken vare på og ført vidare. Sametinget meiner at den samiske deltakinga i verneplanprosessane ikkje har vore

god, og at det i fleire av verneforslaga ikkje er teke nok omsyn til samisk kultur og næringsverksemd. Sametinget har bede om større mynde og betre høve til å påverke verneplanprosessar, og ønskjer at dette kjem inn i lovverket. I utviklinga av verne-regime legg regjeringa vekt på å ha ein god dialog med Sametinget og reindriftnæringa for å sikre at det blir teke omsyn til samiske rettar og interesser, mellom anna i forhold til artikkel 8j i konvensjonen om biologisk mangfald.

Sametinget deltek i det internasjonale arbeidet med konvensjonen om biologisk mangfald, med spesiell vekt på artikkel 8j, som omhandlar tradisjonell kunnskap blant urfolk. Sametinget deltok mellom anna på arbeidsgruppa sitt møte i Montreal i desember 2003. Eit tema var retningslinjer for konsekvensanalysar av tiltak som påverkar urfolk sine landområde og heilage stader, i tillegg til miljømessige, sosiale og kulturelle forhold. Eit anna tema var system for bevaring av tradisjonell kunnskap.

Sametinget har eit samla og heilskapleg ansvar for samiske kulturminne i heile det samiske bruks- og busetjingsområdet i seks fylke. Miljø- og kulturminneavdelinga i Sametinget behandla i underkant av 1845 enkeltsaker i forhold til kulturminnelova og plan- og bygningslova i 2003. Sametinget er også representert i kulturlandskapsgrupper, arealplanforum og miljøforum i dei enkelte fylka. Sametinget mottok i 2004 ei løyving på 2 mill. kr til samiske kulturminneverntiltak.

Sametinget arbeider med fleire planar knytte til samiske kulturminne. Forvaltningsplan for Skoltebyen kulturmiljø blei vedteken i 2003. Planen skal følgjast opp av det nyetablerte Østsamisk museum. Forvaltningsplanen for Mortensnes kulturminneområde i Nesseby kommune vil bli behandla i 2004. Planen inneheld forslag om korleis området best mogleg kan skjøttast og forvaltast i framtida. Varjjet Sámi Musea vil ha ei sentral rolle i den prak-

tiske oppfølginga av planen. Rapporten «Vern og forvaltning av samiske byggverk» blei også sluttbehandla i 2003. Her blir det peikt på store utfordringar når det gjeld å oppnå eit aktivt samisk bygningsvern. Det er gjennomført eit forprosjekt for ein skjøtselsplan for hellemåleria i Ruksebakti i 2003, der det er lagt vekt på dialog med og deltaking frå lokalbefolkninga. I 2003 blei det dokumentert urgraver og offergraver i Geisvik i Narvik kommune, og nokre i Vassdalen. Talet på uregistrerte graver i Geisvik er det største utanom Finnmark.

### **«GRØN STAT» – Innføring av miljøleing i statlege verksemdar**

---

#### *Kartlegging av miljøpåverknad – målsetjingar*

Kommunal- og regionaldepartementet har gjennomført ei kartlegging av vesentlege miljøaspekt ved drifta av departementet, og har sett opp mål og tiltak/handlingsplanar som bør gjennomførast som ledd i prosjektet «Grøn stat», i Kommunal- og regionaldepartementet kalla «Grønt KRD». Det viktigaste miljømålet for «Grønt KRD» er at departementet skal drivast på ein mest mogleg miljøvennleg måte, av miljømedvitne medarbeidarar. Eit grønt Kommunal- og regionaldepartement inneber mellom anna å stille miljøkrav ved innkjøp, at tenestereiser skjer mest mogleg miljøvennleg, og at avfallsmengda blir redusert.

Dei fleste av verksemdene knytte til departementet har starta opp arbeidet med å innføre miljøleing. Mellom anna har Utlendingsnemnda innført eit heilskapleg internkontrollsystem der miljøleing og Grøn stat er teke med. Vidare er det i tildelingsbrev til verksemdene for 2004 innarbeidd eit pålegg om å innføre miljøleing i verksemda.

**Vedlegg 5****Orientering om likestilling i verksemdene**

Likestillingslova § 1a inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i verksemda. Det skal også gjerast greie for tiltak som er sette i verk eller er planlagde i verksemda for å fremme likestilling. Orienteringa skal innarbeidast i St.prp. nr. 1. Presentasjonen skil seg noko frå verksemd til verksemd, sidan departementet har late det vere opp til verksemdene sjølve å vurdere kva forhold dei ser det som tenleg å presentere.

**Kommunal- og regionaldepartementet**

Departementet har inkludert kjønnspektivet i styringsinformasjonen. Det har vore eit særleg mål å få fleire kvinnelege leiarar. Det er no fleire kvinner enn menn i alle stillingsgrupper, bortsett frå i toppleiargruppa. Departementet arbeider for å rekruttere fleire kvinner til toppleiarstillingar. Departementet er oppteke av å nå målet om at den statlege arbeidsstyrken i størst mogleg grad skal avspegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Tabell 5.1 Tilsette fordelt på kjønn

	Totalt	Kvinner	Kvinner i prosent	Menn	Menn i prosent
Alle tilsette	300	180	60 %	120	40 %
Toppleiarar (departementsråd, ekspedisjonssjefar)	7	1	14 %	6	86 %
Mellomleiarar (alle andre leiarar)	45	24	53 %	21	47 %
Alternativ karriereveg (rådgivarar, prosjektleiarar, utgreiingsleiarar)	156	91	58 %	65	42 %
Saksbehandlarar (førstekonsulent og seniorkonsulent)	50	27	54 %	23	46 %
Kontor (sekretær og konsulent)	42	37	88 %	5	12 %
Rekruttert	35	19	54 %	16	46 %
Slutta	21	12	57 %	9	43 %
Timar overtidsarbeid per tilsett i gjennomsnitt	39	35	47 %	39	53 %
Redusert arbeidstid	43	40	93 %	3	7 %
Fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon	35	28	80 %	7	20 %
Sjukefråvereprosent	7,5 %		8,6 %		6 %
Gjennomsnittleg lønnstrinn	50	48		53	

60 pst. av dei tilsette i departementet er kvinner. Det er flest kvinner i alle stillingsgrupper utanom toppleiarar. Berre éi avdeling har eit fleirtal av menn. Kvinnene er også i fleirtal i alle aldersgrupper, bortsett frå i gruppa over 60 år. Størst er kvinnefleirtalet i aldersgruppa 30–39 år.

For å sjå om departementet medverkar til å oppfylle målet om å sikre mangfaldet i forvaltninga og syter for at personar som tilhøyrer minoritetar, får dei same sjansane som andre jobbsøkjjarar, har departementet gjennomført ei kartlegging av bakgrunnen til dei tilsette. Kartlegginga gjennomført i august 2004 viser at 12,4 pst. av de tilsette har inn-



vandrarbakgrunn. I kartlegginga blei det nytta ein vid definisjon av omgrepet innvandrarbakgrunn, slik at personar med éin eller to utanlandsfødde foreldre og personar fødde i utlandet og adopterte til Noreg er talde med.

Av dei tilsette i departementet tener menn i gjennomsnitt noko meir enn kvinner. Ein av grunnane til dette er kvinnedominansen i stillingsgruppa kontor, som er den gruppa som har lågast lønn. Ein annan grunn er at i gruppa alternativ karriereveg har menn i snitt tre lønnstrinn meir enn kvinner. Det kjem mellom anna av at gruppa

omfattar nokre tidlegare toppleiarar, som alle er menn.

Talet på tilsette med redusert arbeidstid auka i 2003 i forhold til tidlegare år. Det er flest kvinner som har redusert arbeidstid.

Sjukefråveret i departementet låg i 2003 på 7,5 pst. Det er ein auke på 0,9 prosentpoeng frå 2002. Kvinner har høgst sjukefråvere, men sjukefråveret for menn er aukande. Eigenmelde sjukefråvere utgjorde i 2003 1,6 pst., medan sjukmeldingar utgjorde 5,9 pst.

## Utlendingsdirektoratet

Tabell 5.2 Tilsette fordelt på nivå og kjønn

	Totalt	Kvinner	Menn
Toppleiarar	8	3	5
Mellomleiarar	34	20	14
Regionsleiarar	12	4	8
Saksbehandlarar og kontortilsette	666	453	213
Sum	720	480	240

Ettersom 2/3 av dei tilsette er kvinner, har ein ikkje sett i gang spesielle likestillingstiltak, utover

å følgje med på kor mange kvinner og menn det er i leiargruppene.

Tabell 5.3 Lønn

Per 1. oktober 2003	Totalt	Kvinner	Menn
Gjennomsnittleg månadslønn	25 876	25 427	26 761
Differanse mellom kvinner og menn		- 1 334	1 334
Differansen i prosent i forhold til månadslønna til det andre kjønn		-5,0 %	5,2 %

Av overtidsarbeidet i 2003 blei 62 pst. utført av kvinner og 38 pst. utført av menn. Det totale sjukefråveret var i 2003 på 8,1 pst. Kvinner hadde eit sjukefråveret på 9,6 pst., medan menn hadde eit sjukefråveret på 4,8 pst. Per 30.6.2004 hadde 32 tilsette permisjon med lønn, alle kvinner. 36 tilsette hadde permisjon utan lønn, og av desse var 22 pst. menn og 78 pst. kvinner.

## Senter mot etnisk diskriminering (SMED)

Tabell 5.4 Tilsette fordelt på nivå og kjønn

	Totalt	Kvinner	Menn
Dagleg leiar	1	1	
Mellomleiarar	2	2	
Stab/saksbehandlarar	6	5	1
Engasjement/deltid	5	3	2
Sum	14	11	3

SMED har eit integrert kjønnsperspektiv i analysar og dokumentasjon. Ettersom SMED i heile si driftstid har hatt ein skeiv kjønnsbalanse til fordel

for kvinner, har dei ved rekruttering medvite kalla inn nokre menn til intervju.

Dei høgst lønte i organisasjonen er kvinner, og gjennomsnittslønna for dei tre mennene er lågare enn gjennomsnittslønna for kvinnene. Det er likevel vanskeleg å samanlikne lønna til dei tilsette, ettersom det er ein liten organisasjon og ingen av mennene eller kvinnene har utdanning og ansienitet som kan jamførast.

SMED har ein del kompetanseutviklingstiltak som er retta mot heile staben. Når det gjeld langvarige kurs, er det mogleg at juristar/kvinner kjem heldigare ut enn samfunnsvitarar/menn, utan at det er ei intendert forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn eller fagbakgrunn. Éin mann har teke ut omsorgspermisjon og brukt tidskontoordninga. Éin tilsett har nedsett arbeidstid på grunn av omsorgsansvar.

På grunn av få tilsette i organisasjonen vil rapportering om sjukefråvere fordelt på kjønn gjere individua synlege, og SMED vel derfor å ikkje rapportere om denne variabelen.

## Utlendingsnemnda – UNE

Tabell 5.5 Tilsette fordelt på nivå og kjønn

	Totalt	Kvinner	Menn
Toppleiarar	4	2	2
Mellomleiarar	9	6	3
Nemndleiarar	16	8	8
Alle leiarstillingar	29	16	13
Saksbehandlarar	106	71	35
Kontortilsette	21	19	2
Sum	156	106	50

Totalt er det 68 pst. kvinner og 32 pst. menn tilsette i UNE. I 2003 blei det tilsett ni nye medarbeidarar, og av dei var sju kvinner. Av dei 156 tilsette arbeider 12 kvinner og éin mann deltid.

Gjennomsnittleg lønnstrinn er 54 for kvinnelege og 51 for manlege saksbehandlarar. Blant mellomleiarane ligg kvinner i gjennomsnitt på lønnstrinn 62 og menn på lønnstrinn 63.

Av overtidsarbeidet i 2003 blei 56 pst. utført av kvinner og 44 pst. utført av menn. Det totale sjukefråveret var i 2003 på 5,79 pst. For kvinner utgjer sjukefråveret 6,84 pst. og for menn 3,71 pst.

Av permisjonsdagar med lønn, bortsett frå fødsels- og omsorgspermisjonar, er 63 pst. tekne ut av kvinner og 37 pst. av menn. Når det gjeld permisjonar utan lønn, er 99 pst. av permisjonsdagane tekne ut av kvinner og 1 pst. tekne ut av menn.

Tabell 5.6 Kompetanseutvikling

	Menneskerettskurs (obligatorisk)	Innføring i prosjektarbeid	Personleg effektiviseringsprogram	Tilpassingsavtalen	Spesialfag ved UiO
Totalt	61	18	12	19	4
Kvinner	44	12	11	12	2
Menn	17	6	1	7	2

## Kommunalbanken

Av totalt 33 tilsette var det 17 kvinner ved utgangen av 2003. Fire kvinner og éin mann har redusert arbeidstid.

Styret består av sju personar, og av desse er tre kvinner. Styreleiaren er kvinne. Toppleinga i banken består av tre menn, medan det i mellomleiar-sjiktet er fem kvinner og tre menn.

Kommunalbanken legg gjennom lønnspolitikken sin vinn på å leggje forholda til rette for at lønnsbiletet skal vere uavhengig av om ei stilling blir fylt av ein mann eller ei kvinne. I 2003 låg gjennomsnittslønna for dei kvinnelege mellomleiarane 4,2 pst. under gjennomsnittslønna for mellomleiarar totalt, eller 11,2 pst. under gjennomsnittslønna for manlege mellomleiarar.

Banken har eit eige leikerom tilgjengeleg for barn av tilsette.

### Kompetansesenter for rettane til urfolk

Senteret har tre tilsette. Dagleg leiar er mann, dei andre er kvinner.

### Statens bygningstekniske etat

Sidan 1997 har etaten i personalpolitikken sin lagt særleg vinn på å auke prosentdelen kvinnelege medarbeidarar. Medan berre 30 pst. av dei tilsette var kvinner i 1997, er no 58 pst. av medarbeidarane kvinner. Arbeidsmengda og talet på tilsette i etaten har auka i denne tida, jf. tabellen om utviklinga i kjønnsfordelinga. Leiarsamansetjinga i etaten er framleis noko skeiv, men dette vil leiinga ha fokus på ved komande nyttilsetjingar.

Etaten har i alt 38 tilsette, og av dei er 22 kvinner og 16 menn. Fire av kvinnene arbeider deltid.

Tabell 5.7 Utvikling av kjønnsfordelinga i Statens bygningstekniske etat (1997–2003)

År	Kvinner	Menn	Totalt
1997	8 (32 pst.)	17 (68 pst.)	25
1998	13 (41 pst.)	19 (59 pst.)	32
1999	17 (50 pst.)	17 (50 pst.)	34
2000	16 (52 pst.)	15 (48 pst.)	31
2001	19 (51 pst.)	18 (49 pst.)	37
2002	18 (50 pst.)	18 (50 pst.)	36
2003	22 (58 pst.)	16 (42 pst.)	38

Samla sett er gjennomsnittslønna i etaten noko lågare for kvinner enn for menn. Det har mellom anna samanheng med leiarsamansetjinga og med

at det er ei overvekt av kvinner i stillingar på konsulent- og sekretærnivå.

### Husbanken

1. halvår 2004 hadde Husbanken ei bemanning på 354 årsverk, fordelt på 213 kvinner og 141 menn. Ansvaret for likestilling er plassert hos kvar enkelt leiar, og føresegna om kjønnskvoltering er gjort kjønnsnøytral.

Det er god balanse mellom kjønna i styre og på leiarnivå. Det er om lag 40 pst. kvinner blant styrerepresentantar og styreleiarar. Blant leiarane er fordelinga 50/50 mellom kvinner og menn, og denne fordelinga gjeld også i toppleiarsjiktet.

Gjennomsnittslønna for kvinner og menn er omtrent lik på leiar- og seniorrådgivarnivå, medan ho framleis er noko høgare for menn enn for kvinner i konsultentsjiktet og på nivået under. 35 kvinner og 10 menn arbeider deltid, dvs. at 16 pst. av kvinnene og 7 pst. av mennene arbeider deltid.

### Administrasjonen i Sametinget

Av i alt 112 tilsette i administrasjonen i Sametinget er 78 kvinner og 34 menn. I den administrative leiinga (avdelingsdirektør/direktør) er det fem kvinner og tre menn. Prosentvis er det stor skilnad mellom avdelingane når det gjeld talet på kvinner og menn. Språkavdelinga, opplæringsavdelinga og bibliotek- og informasjonsavdelinga er kvinnedominerte, med 79–100 pst. kvinner. Kultur- og næringsavdelinga og miljø- og kulturvern avdelinga har ei jamn fordeling, medan det i plan- og administrasjonsavdelinga er 36 pst. kvinner. Det har vore ei utjamning av lønnsnivået mellom kvinner og menn i perioden 2000–2003.

